

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 19.11.2013  
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærmere innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

**NB!!**

Tilråding, tabellar og andre endringar i F-sak 190/13: Budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017 var ikkje klart ved utsending av saklista.  
Dokumenta blir ettersendt på epost.

Fosnavåg, 12.11.2013

Arnulf Goksøy  
ordførar

**SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 186/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 187/13	Protokoll frå førre møte
PS 188/13	Delegasjonssaker
PS 189/13	Referatsaker
PS 190/13	Budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017. Andre handsaming.
PS 191/13	Detaljereguleringsplan - Planfri kryssing FV 654 I "Koppen" - Offentleg ettersyn
PS 192/13	Reguleringsendring for gnr. 34, bnr. 22 m.fl (Sjøsida Eigedom AS)
PS 193/13	Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn. Klage på kommunestyret sitt vedtak.
PS 194/13	Detaljereguleringsplan for Kvalsund - Slutthandsaming
PS 195/13	Grunnavtalar nytt bustadfelt Moltustranda.
PS 196/13	Søknad om pantefråfall. Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger sokn.
PS 197/13	Endra delegasjonsfullmakt frå kommunestyret til rådmann
PS 198/13	Revisjon av retningslinene for utmåling av kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar
PS 199/13	Strategi for å rekruttere pedagogiske leiarar med godkjent utdanning i kommunale og private barnehagar i Herøy
PS 200/13	Mellombels auke av tal barnehageplassar i Myrsnipa barnehage
PS 201/13	Gebyrregulativ 2014 - Avlaupsgebyr.
PS 202/13	Avfallsgebyr 2014
PS 203/13	Fastsettig av avgiftssatsar for brøyting av private vegar for 2014.
PS 204/13	Feie og tilsynsgebyr 2014
PS 205/13	Gebyrregulativ for slamtøming 2014.
PS 206/13	Herøy kulturskule, satsar for elevbetaling frå 01.08.2014
PS 207/13	Saksframlegg SFO-satsar
PS 208/13	Framtidig lokalisering av Herøy folkebibliotek
PS 209/13	Vedk. bygging av 3. byggesteg av Heid Turløype

Delegasjonssaker frå avdelingane

- DS 46/13 Kjøp av gnr. 80/30 av Tømrer Prosjekt AS  
DS 47/13 Sal av tomt 56/108 - Trolldalen  
DS 48/13 Melding om ny stedfortredar - Fosnavåg brygge  
DS 49/13 Søknad om skifte av skjenkestyrar og stedfortredar - Hotel Neptun

Referatsaker

- RS 42/13 Kontrollrapport 2013 - Kontroll av tilskotsforvaltninga på landbruksområdet - Søre Sunnmøre landbrukskontor  
RS 43/13 Fylkesmannens kommunebesøk 2013-2015  
RS 44/13 SSR - Sakspapir til møte i representantskapet 7. november 2013 kl. 11.30

PS 186/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 187/13 Protokoll frå førre møte

PS 188/13 Delegasjonssaker

PS 189/13 Referatsaker



Økonomiavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/1028
		Arkiv:	124

Utvaksnsnr	Utvål	Møtedato
190/13	Formannskapet	19.11.2013

### BUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2014-2017. ANDRE HANDSAMING.

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:  
Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

#### Arbeidsmiljø

- utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

#### Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelge ressursar
- Legge vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre god sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova.

#### Lokalsamfunn

- Legge til rette for bustadbygging
- Satse på kultur og oppleveling
- Omdømbebygging

#### Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond

- Ta ut synergiar gjennom samarbeid
- 2. Netto rammer til dei ulike avdelingane blir slik i 2014 (ein må kome tilbake til ei oversikt over brutto inntekter og brutto utgifter per avdeling når detaljposteringane er ferdige):

Områdenavn	Netto bevilling
Politisk leiing	
Administrativ leiing	
Servicetorget	
Fellessekretariatet	
Økonomiavdelinga	
Personal- og organisasjonsavd.	
IKT	
Diverse Overføringar	
Barnehageavdelinga	
Skuleavdelinga	
Avd for barn, familie og helse	
Pleie- og omsrgsavdelinga	
Bu- og habiliteringsavdelinga	
NAV (Sosial og flyktning)	
Kulturavdelinga	
Utviklingsavdelinga	
Aleggs- og driftsavdelinga	
Eigedomsavdelinga	
Samhandlingsreforma	

## **SUM**

Skatt, finans, ramme

- 3. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2014.
- 4. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert Om ikkje anna vert bestemt særskilt.
- 5. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
  - a) Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2014.  
Kr 2.360,- for heil plass + matpengar.
  - b) «Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert husleige vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsane for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.».

c) Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.

d) Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:

(Pr. 1.5.12 er 1 G kr. 82.122,-

Inntil 2 G – kr 170,- per mnd

2-3 G – kr 960,- per mnd

3-4 G – kr 1.220,- per mnd

4-5 G – kr 1.500,- per mnd

Over 5 G – kr 1.850,- per mnd

Timepris (til og med 4 timer per mnd) – kr 240,- per time

e) Leige tryggleiksalarmer kr 250,- per månad (uendra).

f) Korttidsopphold institusjon kr 133,- pr døgn (uendra – maksimaltsats vedtatt av staten). Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

g) Dagplass ved institusjon kr 70,- pr dag (uendra – maksimaltsats vedtatt av staten). Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

h) Sal av middag ved institusjonane kr 70,- pr middag

i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 75,- pr middag

j) Andre avgifter, betalingssatsar etc vert auka med 3,0 %

k) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming, leigesatsar Herøy kulturhus og Herøyhallen, elevavgift kulturskulen, prisar i skulefritidsordninga (SFO), vert fastsett for 2013 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.

l) Festeavgift vert sett til kr. 125,- pr. år pr. grav. (opp kr 5,- per år)

6. *Herøy kommunestyre har lagt til grunn eit forventa utbytte frå Tussa Kraft AS på minimum kr 5.200,- pr aksje og ber rådmannen gjere selskapet merksam på dette.*

7. Budsjettet for 2014 fører til slike nye stillingsheimlar:

- 60% stillingsheimel.
- 100% stilling

8. Avdelingane får ansvaret for å dekke løpende drift innafor eige ansvarsområde/budsjett i hht. vedteke økonomireglement.

9. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanelegg.

10. Budjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.

12. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 60.....,- for 2014. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.

13. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2014. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

14. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
15. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2014 og økonomiplanen for perioden 2014-2017 På grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Særutskrift:

## Vedlegg:

- Budsjettkommentarar frå avdelingane
- Hovudoversikt drift per dato
- Oversikt foreslårte nye driftstiltak
- Foreslårte investeringstiltak / økonomiplan

## Innleiing:

I statsbudsjettet (Prop. 1 S) blir det formidla forventningar om at kommunesektoren skal levere tenester av høg kvalitet, tilpassa innbyggjarane og lokalmiljøets behov. Regjeringa legg opp til ein reel vekst i kommunesektorens samlande inntekter på 7,7 milliard kroner i 2014. Dette svarar til ein realvekst på 2 prosent.

Tildelinga til Herøy kommune vil heller ikkje for 2014 vere nok til å vidareføre normaldrifta i kommunen. Vi erkjenner at dette var for høgt også for 2013, då kommunen fikk svikt i skatteinngangen. Dette statsbudsjettet seier indirekte det som tydeleg gjekk fram av det føregåande, at ein forventar at kommunen skal fortsette med effektivisering og rasjonalisering. Rådmannen ser heller ikkje at åra framover vil gje positive utslag på rammeoverføringane. Stortingets utredningsavdeling gir signal om at det fortsatt er milliardar å hente ut frå drifta i kommunal sektor, noko som gir føringar for korleis ein bør prognostisere framtida.

Sett i eit makroøkonomisk perspektiv er det riktig å stramme inn på kommunal sektor i gode tider. Herøy kommune nærmar seg no ei smertegrense for kor mykje ein kan effektivisere og rasjonalisere innanfor dagens driftsstruktur. Dei føringane som har kome frå staten dei seinare åra, og den årlege reduksjonen av rammeoverføringane, er ei mild form for tvang til endring. Dette utfordrar den samla sosiale infrastrukturen i Herøy kommune.

Herøy kommune får ein faktisk vekst i dei frie inntektene på 3,5%. Totalt 21 av kommunane i Møre og Romsdal får ein større vekst enn Herøy og snittet på fylkesplan er 4,0% og på landsplan er veksten på 4,1%. 2014 er for øvrig fjerde året på rad at Herøy har lågare eller lik vekst samanlikna med fylket generelt, og det er også fjerde året på rad at kommunane i Møre og Romsdal har svakare vekst enn landsgjennomsnittet.

Staten skaper unrealistiske forventningar til det kommunale tenestetilbodet ved at det i statsbudsjettet vert gjeve uttrykk for at det er ein reell vekst i dei frie inntektene. Gjennom fleire år har staten overført stadig fleire oppgåver til kommunane utan at utgiftene fullt ut vært kompensert. Forventa auke i rammeoverføringar dei siste åra er mindre enn utviklinga i den største utgiftsposten i kommunal sektor – utgifter til lønn og pensjon. Forventa auke i pensjonsutgifter for 2014 er på **12%**, noko som illustrerer tydeleg distansen i utvikling mellom inntekter og utgifter (i høve til opprinnelag budsjett 2013 er faktisk auken på 21,1%). Herøy kommune har i tillegg til dette ei ekstra ulempe framfor mange andre kommunar ved at ein i dei fleste planprosessar kjem i konflikt med kulturminnelova. Arkeologiske utgravingar legg eit ekstra kostnadsnivå både på kommunal drift, og på private aktørar. Denne ulempa blir ikkje tilgodesett i tildelte midlar, og gjer at Herøy kommune har større økonomiske utfordringar i samfunnsutviklinga.

Rådmannen synest at budsjettprosessen i kommunen er krevjande, då den statlege skrustikka har igjen stramma til for 2014. Dette til tross for at statsbudsjettet legg vekt på ein sunn og sterk kommuneøkonomi som grunnlag for eit god velferdstilbod. Barnehagane skal få to hovudopptak i året,

og det er lagt føringar for at foreldrebetalinga skal gå ned. Staten skal styrke spesialisthelsetenesta, slik at fleire pasientar får behandling. Dette vil føre til ein enda høgare frekvens på utskrivingsklare pasientar som kommunane må ta imot.

Herøy kommune må tenke meir langsiktig i den økonomiske planlegginga, særskilt med tanke på framtidige investeringar i realkapital. Den kommunale bygningsmassen har eit svært omfattande etterslep på vedlikehald, og evna til å fornye eigedomane ved nybygg krev langsiktig planlegging for å skape nødvendig handlingsrom. Innanfor ei periode på seks år er det behov for eit nytt skulebygg, nytt barnehagebygg, ny brannstasjon og driftssentral, og nytt omsorgs/helsebygg. Dette er store investeringar som krev omfattande ressursar gjennom lånefinansiering. Dette vil leggje ytterlager press på den årlege kommuneøkonomien. Det er viktig at desse investeringane er med på å hente ut gevinstar gjennom måten vi organiserer oss på.

Den økonomiske styringa må innan få år nærme seg ein communal drift der det er rom for økonomisk planlegging med 3% overskot, eksklusive RDA midlar. Dette er viktig for å kunne møte framtidig auka finanskostnadene for auka investering i realkapital. Akkurat denne ambisjonen viser seg vanskeleg når dei årlige endringane i rammeoverføringane ikkje gjev rom for å vidareføre etablert drift. Ambisjonen om overskot er alt henta ut av staten ved å halde tilbake rammeoverføringa til kommunen. Truleg vil Herøy kommune kome i ein situasjon der ein må revurdere den etablerte infrastrukturen og harmonisere denne meir med statleg tankegods og økonomiske føringar.

Trenden i samfunnet er at innbyggjarane og brukarane har ein auka «kravsmentalitet» i høve kommunale tilbod. Sjølv om lovteksten ikkje legg føringar for korleis lovpålagte tenester skal leverast, fylgjer det gjerne med subjektive krav frå innbyggjarar og brukarar. Det er ein auke i krava på korleis Herøy kommune skal leve sine tenester. Dette står i kontrast til dei økonomiske ressursane som er stilt til rådighet for å leve «god nok» kvalitet i alt vi gjer. Det vil være eit konstant krav om nytenking og nyskaping i korleis vi er organisert og korleis vi leverer tenester – både politisk og administrativt.

Herøy kommune er igjen underfinansiert samanlikna med den kostnadsstrukturen vi har i dag.

Budsjett- og økonomiplanen skal etter innstilling frå formannskapet leggjast ut til offentleg ettersyn i 14 dagar. Bakgrunnen for dette er at innbyggjarane skal kunne gjere seg kjent med innhaldet i planen, politikarane sine fleirtals- og mindretalsframlegg og kunne kome med innspel til slutthandsaminga i kommunestyret.

## 2. ØKONOMIPLAN

### 2.1 Demografi

#### Utvikling av folketalet

Den 01.01. 2013 var folketalet i kommunen på 8847 personar. Det er ein oppgang på 120 i forhold til 2012.

#### Framskriving av folketalet

SSB presenterte 20.06. 2012 nye befolkningsframskrivingar. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst. Dersom ein legg til grunn låg nasjonal vekst (LLML), vil folketalet gå tilbake frå 8847 personar i 2013 til 8616 personar i 2040.

Låg nasjonal vekst viser at det vil bli fødd færre born kvart år. Ein vil få færre born både i barne- og ungdomsskulealder. Vidaregåande skule vil også få færre søkjarar.

Legg ein til grunn middels nasjonal vekst (MMMM), vil folketalet auke jamt frå 8847 i 2013 til 9911 personar i 2040.

#### Aukande antall gamle innbyggjarar

Alder/årstal	2013	2020	2030	2040
80 +	464	471	660	885

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskriving av folketal viser ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040.

Stabil ungdomsgruppe.

Alder/årstal	2013	2020	2030	2040
0-5 år	647	694	687	637
6-15 år	1140	1160	1258	1197
Sum	1787	1854	1945	1834

Kjelde: SSB, alt MMMM

Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande 20 åra.

## 2.2 Herøy kommune sin strategi

Kommunestyret vedtok følgjande strategi i K-sak 179/10 den 16. desember 2010:.

“1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:

Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

### Arbeidsmiljø

- Utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- Utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

### Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelege ressursar
- Legge vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova

### Lokalsamfunn

- Legge til rette for bustadbygging
- Satse på kultur og oppleveling
- Omdømbebygging

## Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond
- Ta ut synergiar gjennom samarbeid"

Summen av handlingane til både politikarane og tilsette er det som formar omdømet.

Forventingsstyring vil seie å vere tydeleg på kva tenester og til kva kvalitet eller standard Herøy kommune kan levere ut frå dei ressursane kommunen faktisk har.

Staten har gjennom inntektssystemet fastsett kriterier for utgiftsnivået for Herøy kommune. Tenester som er organisert dyrare enn inntektsoverføringane frå staten kompenserer, må vi dekkje sjølve. Det skjer i praksis ved at standarden eller tilbodet på andre tenesteområde vert lågare. Høgare utgiftsnivå er knytt til strukturell organisering og er vanskeleg å gjere noko med på kort sikt.

I prinsippet har dei "frie inntektene" til Herøy kommune vore samansett av utbyttet frå Tussa, finansavkastning og momskompensasjon av investeringane i drifta. Ein kan seie at det er desse midlane Herøy kommune har til å drive politikk på, jfr frivillige oppgåver som kultur, næring, samfunnsutvikling og til utviding av tenestetilbodet.

Det er viktig å stabilisere økonomien ved streng prioritering og på sikt gjere drifta uavhengig av dei svingande inntektene, slik at desse midlane heller kan gå til å byggje opp reserver eller til sparing til større investeringar.

Det er svært vanskeleg å ha ein vekststrategi for kommunen samtidig med innstramming i tenestetilbodet. Oppleving av meistring vert uttrykt som indikator for å trivast og kunne gjere ein god jobb. Føresetnaden for at ein arbeidstakar opplever å mestre situasjonen, er at han/ho har den kompetansen som er nødvendig, og at han/ho har tilstrekkeleg tid til å gjere jobben.

Det er viktig for kommunen sitt omdøme at kommunestyret finn den rette balansen mellom desse faktorane. Vert drifta pressa med for tronge rammer, oppstår lett ein negativ spiral med press på tid/stress, auka sjukefråver og rekrutteringsvanskår.

Det statlege inntektssystemet gjev ikkje rom for lokalsamfunnssatsing. Dette må kommunen skaffe seg gjennom andre inntektskjelder eller frigjering av ressursar.

Det bør satsast på investeringar i økonomiplanperioden som frigjer ressursar til drift og/el. auka inntekter. Det bør satsast på samarbeid med partnarar som kan gje positive synergiar, t.d andre kommunar, næringslivet og frivillige lag/organisasjonar.

Dei kommunale tenestetilboda som barnehage, skule, sjukeheimslass mv tek folk for gitt i alle kommunar. Ein greier ikkje å marknadsføre desse tenestene som unike sjølv om kvaliteten er god. Derimot vil effekten vere fråstøytande dersom tilbodet vert oppfatta som dårlig. Det er ein samanheng mellom tilgang på oppleving, sosiale møteplassar mv. og attraktivitet. Det vil difor vere viktig å medverke til realisering av hotellet i Fosnavåg, utvikling av kulturanlegg i Fosnavåg, tiltak i kulturhuset og utbygging av badeland.

I dei siste åra har det vore ei stor satsing på utbygging av sjukeheimslassar, omsorgsbustader og skuleutbygging. Dette er utbyggingar på over 200 millionar kroner. Kommunestyret har ved handsaming av gjeldande økonomiplan lagt opp til ein periode med kultursatsing og mindre investeringstiltak innanfor omsorgstenestene og skule. Auken blant dei eldste i kommunen kjem i perioden 2023 – 2040, og dei større utbyggingane av tilbod til denne gruppa vil måtte gjerast om 10 år. Kommunestyret har også lagt til grunn at den neste store skuleutbygginga kjem ca – år 2020. Tilstandsvurdering av Borga vil vere avgjere om mellombelse løysingar er tilfredsstillande for ein så lang periode.

Deltaking i utbygging av badeland og konsert-/kinosal vil vere tunge lyft for kommunen samtidig. Det er lagt til grunn at kommunen går inn med 35 mill i badelandet og netto 8 mill til realisering av kino-/konsertsal. Dersom det er nødvendig med auka kapital for å realisere desse prosjekta, så bør det søkjast løyst ved å bruke av RDA-midlane. Dette må avklarast gjennom gode prosessar med fylkeskommunen, Herøy Næringsforum og kommunen.

Særleg sentrale utfordringar i økonomiplanperioden:

- Følgje opp strategien på kultursatsing samtidig som ein held tilfredsstillande standard på primærtenestene og den kommunale bygningsmassen
- Følgje opp energimålet i klimaplanen og ta ut potensialet for reduserte energikostnader gjennom energistyring og ENØK
- Utvikle og omstille helse- og omsorgstenestene for å følgje opp samhandlingsreforma
- Integrering og mangfald
- Samordne prioriteringar av utbygging av byggjefelt og infrastruktur
- Gjere seg uavhengig av svingande inntekter i drifta og byggje opp buffer
- Sikre god kvalitet og tilførsel av vatn i heile kommunen

## 2.3 Det økonomiske handlingsrommet i økonomiplanperioden

Det er nivået på kommunen sine inntekter som avgjer kva utgifter kommunen kan ha. I tillegg må ein ta omsyn til netto finanskostnadene. Når ein har fastsett desse postane ser ein kva ein kan fordele ut som driftsmidlar til avdelingane, kor mykje vi må saldere utgiftssida med for å balansere utgifter og inntekter, og kor mykje vi må saldere for eventuelt finne rom for nye tiltak i budsjett og økonomiplan.

Herøy kommune har eit negativt handlingsrom i økonomiplanperioden. Slik stoda ser ut til å bli i 2013 er det ein stor auke i skattinntektene og rammetilskotet som er med på å "berge" balansen i budsjettet. Årets budsjett er ikkje så realistisk som 2012 budsjettet. Grunnen til dette er at ein av økonomiske grunnar har tilrådd lavare rammer på nokre avdelingar enn det avdelingane sjølv meiner er nødvendige for å kunne halde fram med dagens drift. Likevel meiner rådmannen at budsjettet for 2013 skal gi eit godt grunnlag for økonomistyring også i det komande året. Likevel er driftsnivået i kommunen for høgt. Ein har tidlegare signalisert driftsreduksjonar, men ein har ikkje greidd ut korleis desse skal gjennomførast. Slik rådmannen ser det må driftsnivået ned opp mot 20,0 mill kroner i den komande økonomiplanperioden for at vi skal klare å skape balanse og handlingsrom ut frå dagens driftsnivå, og gjere oss mindre avhengig av kortsiktige og svingande inntekter.

Det må frigjerast driftsmidlar til å møte utfordringane i samhandlingsreform, i barnehagereforma, i eldreomsorga og til auka kvalitet i skulen. Dersom kommunen ikkje lykkast med å skaffe nye/fleire innbyggjarar og kompetanse til næringslivet/lokalsamfunnet, vil vi få lågare skatteinntekter.

Budsjetta er meir og meir blitt som eit lotteri. Gjennom statens endringar i rekneskapsprinsipp og innføring av stadig nye satsingsområder og reformer blir det for mange ukjende faktorar som det er vanskeleg å ta tilstrekkeleg omsyn til i budsjetteringsarbeidet. Ein kan kort nemne barnehagereforma, samhandlingsreforma, momskompensasjonen og pensjonsforskriftene. I tillegg verkar det som om regjeringa har saker dei brenn for som absolutt skal inn i budsjettet utan at det er uttrykt behov for dette i kommunane (døme frå årets budsjett er Kulturskulen inn i grunnskulen/SFO).

Vi kan også ta med at alle postar der det økonomiske aspektet er usikkert må kommunane stadig bere meir av risikoen. Eit godt døme her er det øyremerka tilskotet til ressurskrevjande brukarar.

I komande økonomiplanperiode må kommunen framleis jobbe vidare med ei endring i drifta og vurdere nøye eventuelle nye investeringar og driftstiltak. Det vil ha alvorlege konsekvensar om kommunestyret ikkje ser drifta og utviklinga i eit heilheitleg og langsiktig perspektiv. Feilprioriteringar

vil binde opp økonomien i lang tid og forsterke ei negativ utvikling i kommunen sitt handlingsrom. Det vil også framtinge raskare behov for å innføre egedomsskatt for kommunen.

Fleire kommunar innfører egedomsskatt for å sikre gode tenester til innbyggjarane og prioritere samfunnsutvikling. I 2001 hadde 25 % av kommunane egedomsskatt. No har dette auka til nær 35 %. For Herøy kommune vil evt innføring av egedomsskatt gjeve oss meirinntketer i storleiken 12 – 40 mill kroner (opp trapping over 4 år – frå 2 promille i startåret til maks 7 promille etter 4 år). Ein har imidertid sett vekk frå dette inntektpotensialet i det framlagde budsjettet for 2013 og økonomiplanen 2013-2016 i tråd med det som kommunestyret har uttalt.

### 2.3.1 Skatt/rammetilskott

Herøy kommune har i mange år hatt ei fin utvikling i sine skatteinntekter. Faktisk har auke vore større enn i dei fleste av våre nabokommunar. I 2013 derimot opplever kommunen ein stagnasjon i skatteinntektene, kanskje også ein reduksjon i desse inntektene sett i høve til 2012.

Vi har lenge våre optimistiske når det gjeld å beregne skatteinntektene. Det var vi også hausten 2012 sjølv om vi då budsjetterte med ein vekst lik forventningane i statsbudsjettet. Skatteveksten på landsbasis har vore på om lag 6,6% på landsbasis. I Herøy har vi som sagt ikkje hatt vekst.

I revidert nasjonalbudsjett såg regjeringa føre seg ein vekst i skatteinntektene for 2014 på 1,42%. I statsbudsjettet er forventningane auka til 3,4%. Skatteøret (kommunen sin del av dei samla skatteinntektene) vert uendra. For Herøy kommune sin del vert skatteinntektene for 2013 (av oss) berekna til i 243,0 mill kr.

Vårt utgangspunkt er at vi i 2014 vil få ein vekst som er litt høgare enn landsgjennomsnittet. Grunnen til dette er at Herøy kommune ikkje har hatt skattevekst i 2013. Vi har tatt utgangspunkt i ein vekst på 4,0%.

Vi kan illustrere endringar i skatt/ramme i ein sik tabell.

Skattevekst	Skatt	Rammetilskott	Sum
Uendra 2013-2014	243,0	209,2	452,2
3,4% vekst i 2014	251,2	204,3	455,6
4,0% vekst i 2014	252,6	203,4	456,0
5,0% vekst i 2014	255,1	201,9	457,0
Statsbudsjettet	265,9	195,5	461,4

(Vårt forslag med skråstilt skrift).

Med ei skatteinntekt på 252,6 mill kr vil rammetilskotet utgjere om lag 203,4 mill kr slik at samla frie inntekter utgjer 456,0 mill kr (statsbudsjettet opererer med samla inntekt på 461,4 mill kr). I 2013 vil samla skatt og rammetilskott utgjere om lag 435,0 mill kr. Det betyr ein auke frå 2013 til 2014 på om lag 22,0 mill kr eller 5,05% (veksten i høve opprinneleg budsjett 2013 er på om lag 18,6 mill kr eller om lag 4,25%).

Dette er ein litt større auke enn frå 2012 til 2013.

### 2.3.2 Aksjeutbytte Tussa AS

Vi har i dag 513 aksjar i Tussa AS. I 2011 budsjetterte vi med eit aksjeutbytte på kr 15.000,- per aksje. Resultatet vart eit utbytte på kr 17.700,-. I 2012 budsjetterte vi med kr 17.700,- per aksje men fekk kr 8.500,-. I 2013 budsjetterte vi med kr 13.000,- per aksje men fekk berre kr 2.100,-.

No har KLP kome inn som ein finansiell investor med forventningar om avkastning. I utgangspunktet er det grunn til å tru at dei forventar ei avkastning høgare enn 3. mnd NIBOR (1,68% per 24. oktober) noko som skulle tilseie minst mellom 2 og 3%. Basert på kjøpspris (kr 675.000,- per aksje) utgjer det eit utbytte per aksje på mellom kr 13.500,- og kr 20.250,- per aksje per år. For Herøy kommune vil det samla utgjere mellom 6,9 og 10,4 mill kr.

Likevel. Dei store usikkerheitene rundt utbyttestørleiken per aksje gjer at rådmannen ikkje ynskjer å budsjetttere med slike inntekter i åra som kjem. I tillegg har Tussa AS i sine rapportar gitt uttrykk for at lønsemada i kraftbransjen ikkje vil betre seg storleg dei neste åra og at kommunene ikkje kan rekne med så store utbetalingar av utbytte som ein har sett dei siste åra.

Eit anna punkt ein skal vurdere i økonomiplansamanheng er at eigedomsskatt i Ørsta og etter kvart kanskje også i Volda kommune vil gjere at selskapet sine utgifter vil auke og at resultatet såleis kan bli ytterlegare svekka i åra som kjem.

Vi veit at Volda kommune har budsjettert med eit aksjeutbytte på i overkant av kr 5.000,- per aksje. Blir ytbyttet på kr 5.100,- i 2014 representerer det ei inntekt på i overkant av 2,6 mill kr. I første omgang legg ein som nemnt over ikkje inn budsjettert utbytte frå Tussa AS i 2014.

### 2.3.3 Momskompensasjon

Inntektsføring av momskompensasjon på investeringar i drifta, har medverka til at vi har ei drift som er høgare enn dei løpende framtidige inntektene.

Momskompensasjonsordninga på investeringar vart lagt om frå 2010. I dag vert 60% av momskompensasjon på investeringar ført som ei inntekt i investeringsrekneskapen og 40% som inntekt i driftsrekneskapen. For 2013 skal 80% av momskompensasjonen førast som inntekt i investeringsrekneskapen og 20% i driftsrekneskapen. Frå rekneskapsåret 2014 skal all momskompensasjon som følge av investeringar førast i investeringsrekneskapen.

Staten har gjort det godt på dette området. På 1990 talet då ordninga vart innført vart det finansiert ved trekk i rammetilskotet. Den vedtekne omlegginga gjer at kommunane får mykje lavare driftsinntekter enn før omlegginga medan ein sparer litt i reduserte rentekostnadane (avdragskostnadane blir dei same om ein nyttar minsteavdragsprinsippet som grunnlag for budsjetteringa). Det rette var at kommunane fekk styrka rammetilskotet tilsvarende det opprinnelege trekket korrigert for løns- og prisvekst. Dette har staten imidlertid sett mellom fingrane med og såleis spart seg minimum 2,5 mrd kroner per år på landsbasis utan at alt for mange kommunar har reagert på dette.

For Herøy kommune sitt vedkomande betyr dette at kommunen sine driftsinntekter i 2014 vil bli redusert med 2,75 mill kr i høve til 2013 (14,2 mill i høve til 2008 som var året før nedtrappinga starta). Alt dette har vi finansiert ved driftsreduksjonar/effektivisering.

### 2.3.4 Finans

På inntektssida har vi tradisjonelt ført renteinntekter frå fondskapital (aksjar og obligasjonar) samt rente på ordinære bankinnskot i bank.

Ubunde kapitalfond er i ferd med å bli brukt opp. I tillegg har premieavviket på pensjon nådd store høgder (mellan 30 og 40 mill kr ved utgangen av 2013 ?). Alt dette gjer at Herøy kommune sin likviditet vil bli meir pressa framover og alternativet kan bli å selje ut ein del av kommunen si aksje- og obligasjonsportefølje (totalt om lag 80,0 mill kr Samla finansinntekter har vi budsjettert til om lag 5,1 mill kr. Dette er ein auke på 0,15 mill kr sett i høve til opprinnelige budsjett 2013. Dette gjeld finansavkastning gjennom aktiv forvaltning og renter på bankinnskot.

Rentesituasjonen er usikker og uoversiktleg. Rentene svingar mykje frå dag til dag og det er

vanskeleg å spå kva som vil skje framover. Dersom Noregs Bank aukar styringsrenta vil det sjølv sagt bety høgare finansutgifter for Herøy kommune (men også lavare pensjonskostnadene). Vi trur at rentene blir lave framover og at dei vil variere forholdsvis lite dei neste 2-3 åra. Vi kan få eit problem ved at lån og kreditt ikkje blir så tilgjengeleg som det det har vore hittil.

I budsjettframlegget for 2014 har ein lagt til grunn ei flytande rente på 3,0% i alle dei låneinstitusjonane der vi har slike lån. Mange av kommunen sine lån er knytt opp med fast rente. Ein har prøvd å ta omsyn til den fastrenta desse låna vil ha for 2014.

For 2014 legg ein opp til rentekostnadene på i alt 17,26 mill kr. I tillegg til dette kjem rentebelastning for nye lån opptatt i 2014, samt renter på startlån/vidareutlån (1,5 mill kr). Dette er om lag faktisk ein reduksjon på 2,1 mill kr sett i høve til budsjettet for 2013.

Det ligg føre eit regelverk knytt til minsteinnbetaling av avdrag. Ein legg opp til avdragsinnbetalingar i 2014 tilsvarande 19,6 mill kr. I tillegg til dette kjem avdrag på vidareutlån/startlån som vert ført i investeringsrekneskapen (her inntektsfører ein også innbetalingar av avdrag frå lånekundane).

xxx

## 3. BUDSJETT

### 3.1 Statsbudsjettet

#### Kommuneopplegget 2014 – Prop 1 S.

Regjeringa si hovudprioritering innanfor Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjettområde er:

- Arbeid med lokal og regional utvikling
- Kommuneøkonomien og det kommunale velferdstilbudet
- Forebygging og bekjempelse av boligsosiale problemer

I statsbudsjettet er det opplyst at veksten i dei samla inntektene i kommunesektoren er på vel 7,7 mrd kr. Ein stor del av denne auken blir gitt som frie midlar (5,2 mrd kr). Dette utgjer om lag 1,7% realvekst rekna frå berekna inntektsnivå i 2013. Veksttala for dei frie inntektene er slik kommuneøkonomiproposisjonen varsle i vår. Veksten i dei øyremerka midlane veks med nær 1,5 mrd kr meir enn antyda i proposisjonen men desse midlane skal nyttast til definerte oppgåver.

Følgande utgiftsvekst må dekkast av dei auka frie inntektene:

• Folketalsvekst og aldersendring	2.500,0 mill kr
• Pensjonskostnadene	1.400,0 mill kr
• Helsestasjon- og skulehelseteneste	180,0 mill kr
• Etterutdanning, deltids brannpersonell	27,0 mill kr
• Toppfinansieringsordninga	215,0 mill kr

Som ein då ser av tala er det meste av auken i frie inntekter allereie spist opp og det før ein tek omsyn til varsle løns- og prisvekst på nær 3,0%.

#### Nye/endra/avvikla tiltak («øyremerka» midlar/satsingar):

• Vidareføring maks pris foreldrebetaling barnehage	246,0 mill kr
• Opptrapping av tilskott ikkje-kommunale barnehagar	170,0 mill kr
• Opptrapping mot to barnehageopptak	241,0 mill kr
• Valfag 9 og 10 trinn	164,0 mill kr

• Kulturskuletilbok 1 time i skule/SFO	106,0 mill kr
• Auka communal eigendel i statlege barnevernsinstitusjonar	160,0 mill kr
• Tilsyn med barn i fosterheimar	15,0 mill kr
• Utbygging tilbod om øyeblikkeleg hjelp	- 86,0 mill kr
• Skjønsmidlar til psyk.sosial oppfølging (avvikling)	- 52,0 mill kr
• Verjemålsreforma	- 66,0 mill kr
• <u>Nye plassar i statlege eller private skular</u>	- 80,0 mill kr
<u>Sum</u>	<u>821,0 mill kr</u>

#### Øyremerka tilskot (1,2 mrd kr):

• Toppfinansieringsordninga	624,0 mill kr
• Auka lærartettheit (heilårsverknad)	200,0 mill kr
• Investeringstilskott 2000 heildøgns omsorgsplassar	100,0 mill kr
• Tilskott til augeblikkeleg hjelp-tilbod	140,0 mill kr
• Transport/samferdsle (bl.a. lønsordning for samferdslesekt.)	200,0 mill kr

Maksimalsatsen pr månad for heiltidspllass i barnehage vert auka med kr 30,- til kr 2.360,-.

Innslagspunktet for tilskotet til ressurskrevjande brukarar vert kr 1.010.000,- (opp kr 35.000,-) og kommunane får kompensert 77,5 (før 80%). Desse endringane får verknad frå 2013 og gjer at Herøy kommune sine meirkostnadene aukar med mellom 0,6 og 0,8 mill kr per år.

#### Investeringstilskot og rentekompensasjon:

- Investeringstilskot til sjukeheimspllassar og omsorgsbustader til 2.000 nye einingar med 100,0 mill kr

## **3.2 Anslag på vekst for Herøy kommune**

#### Anslått konsekvens av statsbudsjettet på Herøy kommune:

Dei frie inntektene er ikkje frie. Det er gitt ein del føringar som er gitt i samband med løyingane. Vi kan sette dette opp slik:

Anslag på vekst i høve eigne berekningar samanlikna

Med budsjett 2013	kr 18.600.000,-
Lønsvekst 2,8 % av lønn faste stillingar	kr 5.100.000,-
Prisvekst 1,8 %. Berekningsgrunnlag 65,0 mill kr	kr 1.170.000,-
Vekst i pensjonskostnadene og arb.gj.avg.	kr 8.500.000,-
Bortfall av mva komp. Inv. I driftsrekneskapen	kr 2.750.000,-
Valfag i ungdomsskulen	kr 200.000,-
Kulturskulen i grunnskulen/SFO	kr 250.000,-
Opptrapping tilskott priv barnehagar frå 94 til 96%	
+ uendra pris + 2 barnehageopptak per år	kr 1.000.000,-
Helsestasjon- og skulehelseteneste	kr 320.000,-

Basert på tabellen ovanfor er Herøy kommune sine utgifter knytt til punkta ovanfor om lag 0,7 mill kr høgare enn anslaget i vekst på 18,6 mill kr. Dette føreset ein vert dekka inn gjennom effektivisering og omlegging av tenester.

Basert på tala ovanfor betyr det at Herøy kommune ikkje vil ha ein vekst i sine disponible midlar i 2014, slik det også var tilfelle i 2013, 2012 osb.

I tillegg til dette veit ein at kostnadane veks innan sektorar som barnevern, sosial/flyktning, pleie- og omsorg og bu- og habilitering. Det gjer at det vert vanskeleg å legge fram ein budsjett i balanse sjølv etter ein del kutt.

### **3.2 Veksten frå 2013-2014 i framskrive budsjett**

Med dei føresetnadane ein har ved fastsetjing av frie inntekter, netto finansutgifter, pensjonsavvik m.m. har Herøy kommune om lag 447,3 mill kr til fordeling på avdelingane for 2014 samt til dekning av rente- og avdragskostnadar knytt til nye investeringsbudsjett. Dette er 20,8 mill kr meir enn i opprinnelig budsjett 2013.

Lønskostnadane (lønnsutgifter minus sjukelønsrefusjonar) har dei siste åra auke meir enn det regjeringa har sett føre seg i statsbudsjettet og i revidert nasjonalbudsjett. I tillegg aukar også pensjonspremien til KLP meir enn lønsveksten, slik at lønsutgiftene stadig tek ein større del av dei kommunale budsjettet. I budsjett 2014 har vi lagt til grunn ein lønsvekst på om lag 2,8% på alle faste lønskostnadar, medan veksten i pensjonskostnadane i høve til opprinnelig budsjett for 2013 utgjer over 21,0%.

Område/avdeling	Avdelingane sine Konsekvensjust. budsjettforslag for 2014	Opprinnelige budsjett 2013	Differanse i kroner	Differanse i prosent
Politisk leiing	3.970.000	4.350.000	- 380.000	- 8,73
Administrativ leiing	3.380.000	3.275.000	105.000	3,20
Servicetorget	2.625.000	2.775.000	- 150.000	- 5,41
Fellessekretariatet	2.175.000	2.300.000	- 125.000	- 5,43
Økonomiavdeling	6.220.000	5.975.000	245.000	4,10
Personal- og org. avd.	8.350.000	8.400.000	- 50.000	- 0,59
IKT	4.550.000	4.225.000	325.000	7,69
Div overføringer	8.800.000	8.600.000	200.000	2,32
Barnehageavdelinga	58.675.000	56.850.000	1.825.000	3,21
Skuleavdelinga	110.200.000	106.450.000	3.750.000	3,52
Barn, familie og helse	35.270.000	32.390.000	2.880.000	8,89
Pleie- og omsorgsavd.	102.820.000	95.000.000	7.820.000	8,23

Bu- og habiliteringsavd. Sosial og flyktning (NAV)	37.090.000 9.520.000	34.700.000 9.100.000	2.390.000 420.000	6,88 4,61
Kulturavdelinga	7.875.000	7.300.000	575.000	7,87
Utviklingsavdelinga	6.435.000	5.600.000	835.000	14,91
Anleggs- og driftsavd.	16.250.000	15.110.000	1.140.000	7,54
Eigedomsavdelinga	16.080.000	15.900.000	180.000	1,13
Samhandlingsreforma	12.400.000	12.400.000	0	0,00
Skatt, finans, ramme, Pensjonsavvik, avskriv.	(447.280.000)	(430.700.000)	- 16.580.000	3,84
<b>Sum</b>	<b>5.400.000</b>	<b>-</b>	<b>5.550.000</b>	

(Ein gjer merksam på at dette er ei førebels oversikt og det vil kome endringar etter kvart. Dette vil bl.a. gjelde salderingar, inntektstauker, samt kva tiltak formannskapet ynskjer å ha med vidare i budsjettprosessen.)

Differansen mellom avdelingane sine budsjettforslag og tildelt ramma skuldast bl.a.:

#### Politisk leiing

Ikkje kostnadar knytt til val i 2014 og det er redusert i politisk disp. post.

#### Økonomiavdelinga

Auken kjem av auka løns og pensjonskostnadar. I tillegg har ein redusert kostnadar knytt til overformynderiet i og med at staten overtok ansvaret 01.07.2013. men det står igjen ein del arbeid knytt til arkiv og arkivbehandling.

#### Personal- og organisasjonsavdelinga

Ein del interne endringar. Bl.a. har kostnadane med lærlingar blitt redusert (mindre tal på lærlingar), samt at avdelinga har tatt over meir av kostnadane knytt til hovudtillitsvalde.

#### Diverse overføringer

Auken på kr 200.000,- skuldast bl.a. overføringer til Kyrkjeleg fellesråd, Søre Sunnmøre kommunerevisjon og Søre Sunnmøre Landbrukskontor med fleire.

#### Barnehageavdelinga

Veksten er i hovudsak knytt til lønn- og sosiale kostnadar.

#### Skuleavdelinga

Veksten i lønn og sosiale kostnadar er 2,2 mill kr. Noko av dette skuldast innføringa av nye valfagstimar i ungdommskulen som har blitt prioritert i statsbudsjettet dei siste åra. I tillegg veks kostnadane knytt til kjøp av varer og tenester med 1,0 mill kr. Mykje av denne auken skuldast vest i utbetalingane til skular i andre kommuner pluss utbetalingar til private skular.

#### Helseavdelinga

Retta opp «feilbudsjettering» når det gjeld Herøy legesenter (0,8 mill kr). Elles gjeld veksten også her lønn og pensjon.

#### Pleie- og omsorgsavdelinga

Auken skuldast auke i fast løn, pensjonsgjevande tillegg, pensjon og arbeidsgjevaravgift. Totalt utgjer dette om lag 6,1 mill kr.

#### Bu- og habiliteringsavdelinga

Veksten i budsjettet skuldast i hovudsak lønns- og sosiale kostnadar (0,9 mill kr) og betaling til private (BPA – 2,8 mill kr).

#### Sosial og flyktning (NAV)

Differansen mellom budsjett 2013 og budsjett 2014 skuldast i all hovudsak vekst i dei sosiale kostnadane samt at ein har budsjettert med ei auka på 0,5 mill kr i sosialhjelpsutbetalingane. Noko av dette er henta inn gjennom mottak av fleire flyktingar og der i gjennom auka statlege tilskott.

#### **Kulturavdelinga**

Utanom løn og sosiale kostnadene har avdeling no overteke ansvaret for MOT arbeidet i kommunen og berre det utgjer meirutgifter på i overkant av 0,3 mill kroner per år.

#### **Utviklingsavdelinga**

Lønn og sosiale kostnadene har ein budsjettert auke frå 2013 til 2014 på nær 0,7 mill kr.

#### **Anleggs- og driftsavdelinga**

Grunnlaget for veksten her er at reglane som gjeld pensjonskostnadene på små stillingsprosentar no er endra. Det gir eit stort utslag innan brannvernet med mange små faste stillingar og berre her er kostnadsveksten på i overkant av 0,5 mill kr. Brannkapittelet er vel eit av dei områda det utgiftsveksten er størst frå opprinnleig budsjett 2013 til budsjett 2014 med nær 18,0%.

#### **Eigedomsavdelinga**

Avdelinga opererer med ein auke i driftsinntektene som er mest like høg som veksten innan løn- og pensjon.

### **3.3 Føresetnader for 2014 budsjettet**

Statsbudsjettet legg opp til ein vekst i dei frie inntektene på om lag 18,6 mill kr for Herøy kommune.

#### **Skatt/ramme**

Statsbudsjettet legg opp til at det kommunale skatteøret vert uendra i høve til 2013. Det vil seie at det framleis vil ligge på 11,6. Det gjer at all vekst i skatteinntektene blir basert på lønsveksten komande år.

#### **Løns- og prisvekst**

I budsjettet for 2013 har avdelingane lagt til grunn lønsnivået per august 2013, samt at det skal vere korrigert for lokale tillegg gitt hausten 2013. I tillegg har avdelingane fått auka sine lønsbudsjett tilsvarende 2,8% p.a. av faste løner. Når det gjeld KLP har ein førebels budsjett med ein kostnad på 20,5 og 21,3 (sjukepleiarar), men det kan vere at også dette vert for lite (i tillegg kjem 2% frå arbeidstakarane), for SPK har ein budsjett med ein kostnad på 12,5% og arbeidsgejvaravgifta er budsjettet med 14,1%.

Dei reelle kostnadane til KLP er nok opp mot 23-25% av samla lønn + arbeidstakars del på 2%. Likviditetsmessig vert dette ei stor utfordring, Rekneskapsmessig skal meir kostnaden på totalt om lag 15,0 mill kr førast som premieavvik og utgiftsførast i rekneskapen dei neste 10 åra.

I Statsbudsjettet har ein rekna med ein auke i Konsumprisindeksen på i overkant av 2,0% for 2014. Avdelingane har ikkje fått kompensert for dette, men på einskilde postar der det har vore lite samsvar mellom budsjetterte kostnadene og reelle kostnadene har det blitt gjort ei lita justering.

#### **Renter og avdrag**

Som nemnt tidlegare i saka er rentenivået i endring. Vi har tatt fast rente på ein god del av låna. For dei låna vi har igjen med flytande rente har vi budsjettert med 3,0%. Avdraga har vi forsøkt budsjettert etter minsteavdragsprinsippet. Her kan ein ha bomma litt med omsyn til faktorar som tilgong/avgong av eigedelar i balansen og unytta lånemidlar ved årsskiftet.

\*\*\*

### **3.5 Målsetting økonomi**

## Overordna mål

- Netto driftsresultat skal samla sett vere 3 % av driftsinntektene.
- Alle drifts- og investeringstiltak skal som hovudregel ha positiv kost/nytte

Finansielle nøkkeltal	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Brutto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,4	2,5	1,9	2,0
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,7	2,9	1,7	2,7
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	213,2	195,9	201,1	189,5
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	32,0	21,5	22,0	19,8
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	47.616	43.657	46.618	46.504
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	54.669	44.303	44.994	36.213

## **3.6 Mål og tiltak på teneste, organisasjon og lokalsamfunn**

### **3.6.1 Teneste:**

#### Overordna mål

- Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk
- Kvalitetsdokumentasjon og avviksregistrering/-oppfølging skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem.
- Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatomålingar skal vere over landssnittet og elles betrast i samsvar med tiltak
- Omgjorde vedtak ved klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum

#### **Barnehage**

##### Lovverket

Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare borna sine behov for omsorg og leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagane skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Årsplanane skal fortelje foreldra kva barn vil få av læring og oppleving i den enkelte barnehage og korleis barnehagen gir eit innhald i samsvar med lova. Barnehagane er også forplikta av anna lovverk.

Kommunen har 4 kommunale og 5 private barnehagar. Tal årsverk i barnehageavdelinga er 30,53 årsverk, av dette utgjer barnehageadministrasjonen 0,8 årsverk.

Prioritering	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet

		<b>gruppe</b>		
Netto dr.utg. pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	108 627	111 258	115 689	115 459

<b>Dekningsgrad</b>	<b>Herøy 2012</b>	<b>Gj.snitt kommun e- gruppe</b>	<b>Møre og Romsdal</b>	<b>Gj.snitt landet</b>
Andel born 1-5 år med barnehageplass	93,3	91,2	92,5	90,1

<b>Produktivitet</b>	<b>Herøy 2012</b>	<b>Gj.snitt kommune- gruppe</b>	<b>Møre og Romsdal</b>	<b>Gj.snitt landet</b>
Brutto dr.utg. pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	152 213	157 022	153 019	157 276

#### Mål:

- Sikre eit barnehagetilbod i samsvar med lovverket
- Høg brukartilfredsheit (5,3 eller høgare ved brukarundersøkingar)
- Auke nærveret av tilsette
- Godt arbeidsmiljø
- God kompetanse blant dei tilsette
- Godkjende bygg etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar
- Gode og trygge uteleikeplassar

#### Utfordringar

- Sikre barnehagetilbodet i samsvar med lovverket
- Behalde og rekruttere pedagogar
- Høgt sjukefråver
- Fysisk miljø
- Oppretthalde eit godt arbeidsmiljø

#### Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar:

- 

#### **Skule**

Skuleavdelinga omfattar grunnskulen, kulturskulen, pedagogisk psykologisk tenestekontor og vaksenopplæringa.

#### Lovverket

Opplæringslova med forskrifter utgjer det viktigaste styringsverktøyet for arbeidet til skuleavdelinga.

Dette lovverket vert stadig endra, slik at krava og ansvaret til kommunen som skuleigar aukar. Siste åra har ein sett ei auka grad av detaljstyring. Kunnskapsløftet legg nasjonale føringar for innhaldet i undervisninga (læreplanar), samt fastset kompetanseomål for elevar på ulike årstrinn.

Tilpassa opplæring er eit nasjonalt og kommunalt satsingsområde, nedfelt i Opplæringslova og i Kunnskapsløftet. Alle elevar skal ha like høve til å utvikle evner og anlegg både individuelt og i fellesskap med andre.

Kvalitet	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	40,5		40,3	40,0
Overgang til vidaregåande skule	99,2	98,0	98,1	97,8
Gj. gruppestørleik 8. til 10. årstrinn	13,7	13,8	13,0	13,7

Prioritering	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Netto dr.utg. pr. elev i grunnskulen	95 398	95 129	99 058	97 427

Dekningsgrad	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Andel elevar i grunnskulen som får spes.und.	7,0	9,1	9,3	8,5

Produktivitet	Herøy 2011	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Brutto dr.utg. pr. elev i grunnskulen	98 912	95 693	96 640	95 654
Gj. gruppestørleik, 8.-10- klasse	15,7	15,1	14,2	14,7

## Mål

- Skulane skal ha tilstrekkeleg ressursar i form av kompetanse og økonomi til å gi tilpassa opplæring i tråd med regelverket.
- Styrke undervisninga i klasseromet
- Ytterlegare fokus på fag og på kvaliteten i skulen. I nasjonale testar av kunnskapane til elevane, skal kommunen ha betre resultat enn landsgjennomsnittet i norsk, engelsk og matematikk.
- Kommunen skal ha betre resultat enn landsgjennomsnittet på foreldreundersøkingar og elevundersøkingar.

## Utfordringar

Skuleavdelinga møter i aukande grad utfordringar relatert til elevar som ikkje kan gjere seg nytte av ordinær undervisning, og som dermed treng tilpassa opplæring åleine eller i mindre grupper. Årsaka kan vere relatert til lærevanskar, minoritetsspråkleg bakgrunn, samt utfordringar i heim og lokalsamfunn som på ulike måtar må handterast av skulen. Samstundes aukar forventningane frå føresette om tiltak og tenester, samty medvit om kva rettar som finst i det offentlege systemet.

Stadig fleire elevar møter elles på skulen med manglande erfaring med grensesetjing, konsentrasjonsvanskar og med ei sosial åtferd som ikkje kan aksepterast i eit skulefellesskap.

## **Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar:**

## **Kultur**

### Lovverket

Lov om folkebibliotek krev at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek med fagutdanna bibliotekleiar. Forskrifta til opplæringslova seier at skulen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek.

Kulturlova uttrykker offentlege styresmakter sitt ansvar for kulturverksemdu, synleggjere og understreke den viktige rolla kulturen har for samfunnet, gje kulturfeltet tyngde og status, sikre eit mangfald av kulturaktivitetar over heile landet, sikre at alle har tilgang til eit profesjonelt kunst og kulturtild.

Kulturavdelinga har 8,6 årsverk fordelt på 14 personar.

Kvalitet	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	2,2	4,4	3,1	4,2
Utlån alle medier frå folkebibliotek per innbyggjar	3,5	4,5	3,9	4,9
Tilvekst alle medier i folkebibliotek per 1000 innbyggjarar	220	232	281	247
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner	2 013	1 507	1 673	1 875

### Mål:

- Brukarane er tilfredse med tenestene
- Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen

## Utfordringar

- Kulturhuset har store utfordringar i høve drifta.
- Fritidsklubben for ungdom registrerer dalande interesse og aktivitet. Har ei utfordring i å snu denne trenden. Det bør evt vurderast om det er unytta potensial i samarbeid med ungdomsaktiviteten i kyrkjekjellaren.

## **Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar**

## Barn, familie og helse

Avdelinga er delt i fem seksjonar: Barnevern, Førebygging, Legeteneste, Psykisk helsearbeid og Rehabilitering.

### Lovverket

Avdelinga har eit samansett ansvarsområde, og det er såleis lovverk både innanfor barnevern og helse som er styrande for dei oppgåvane avdelinga har.

Helseavdelinga har 37,7 årsverk inklusive driftsavtalar.

Prioritering	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Netto dr.utg. pr innbyggjar kommunehelsetenesta	2 455	1 851	2 146	2 044
Netto dr.utg. pr innb. 0-17 år, barneverntenesta	5 882	6 440	6 239	6 858

Dekningsgrad	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Legeårsverk pr 10.000 innbyggjarar	13,0	9,0	10,5	9,9
Fysioterapiårsverk pr 10.000 innbyggjarar	8,3	8,4	8,4	8,8
Andel born med barnevernstiltak 0-17 år	4,8	..	..	4,8

Nasjonale kvalitetsindikatorar	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Landsgj.sr
Andel nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst	60	89	89	79
Legetimar pr veka pr pasient i sjukeheim	0,30	0,42	0,38	0,43
Fysioterapitarimar pr veka pr pasient i sjukeheim	0,24	0,37	0,25	0,36

Nasjonale kvalitetsindikatorar barnevern

Kvalitet	Innført internkontroll	System for brukarundersøk- ing i barnevern	Andel undersøkingar med behandlingstid over 3 mnd, %	Stillingar med fagutdanning per 1000 born 0-17 år
Herøy	Ja	Ja	28,1	2,9
Gj.snitt kommunegr			..	3,2
Møre og Romsdal			..	3,2
Landet			22,4	3,6

## Mål

- Tenestene skal ha tilfredsstillende dekningsgrad
- Kommunen skal yte tenester i samsvar med lovverket
- Brukarane skal vere tilfredse med dei kommunale tenestene.
- Tidleg oppdaging og innsats i høve utsette barn og unge.

## Utfordringar

- Utvikling og vidare gjennomføring av samhandlingsreforma i kommunen.
- Samflytting og etablering av felles kultur i avdelinga.
- Større og endra krav til tenestene

## Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar:

### Pleie og omsorg

#### Lovverket

I 2012 vart det sett i verk fleire nye lover. Dette er lover og forskrifter som set stadig nye krav i forhold til tenestene avdelinga yter.

Avdelinga har ca 142 årsverk.

Kvalitet	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Legetimar per veke per pasient i sjukeheim	0,30	0,42	0,38	0,43
Fysioterapitimar per veke per pasient i sjukeheim	0,24	0,37	0,25	0,36
Andel plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjon	100	96,1	93,9	93,5
Andel plassar i brukartilpassa einerom med eige bad/wc	70,9	83,8	81,1	77,5
Andel årsverk i brukarretta tenester m/fagutdanning	82	76	75	74
Andel årsverk i brukarretta tenester m/fagutdanning frå vidaregåande skule	43	42	42	41
Andel årsverk i brukarretta tenester m/fagutdanning frå høgskule/universitet	40	34	32	33
Andel legemeldt sjukefråver av totalt kommunale årsverk i brukarretta teneste	11,5	9,0	8,5	9,0

Prioritering	Herøy	Gj.snitt	Møre og	Gj.snitt
--------------	-------	----------	---------	----------

	<b>2012</b>	<b>kommune- gruppe</b>	<b>Romsdal</b>	<b>landet</b>
Netto dr.utg. pr innb, pleie og omsorg	14 246	13 741	16 951	14.99

<b>Dekningsgrad</b>	<b>Herøy 2012</b>	<b>Gj.snitt kommune- gruppe</b>	<b>Møre og Romsdal I</b>	<b>Gj.snitt landet</b>
Andel plassar i einerom i institusjonar	100,0	96,1	93,9	93,5
Andel +80 år som bur på institusjon	17,9	11,5	15,2	14,1
Andel mottakarar av heimetenester over 67 år	..	..	..	..

<b>Produktivitet</b>	<b>Herøy 2012</b>	<b>Gj.snitt kommune- gruppe</b>	<b>Møre og Romsdal</b>	<b>Gj.snitt landet</b>
Brutto dr.utg. pr mottakar heimetenester	160 578	227 494	223 439	211 093
Brutto dr.utg., institusjon, pr plass	821 840	994 973	857 010	940 796

#### **Mål:**

- Sikre at alle som har behov for pleie- og omsorgstenester vert gitt tryggleik for nødvendig og individuelt tilpassa tenester
- Medverke til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, og ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre
- Sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som ivaretok kontinuiteten i tenesta
- Sikre at tenestetilboden så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.

#### **Utfordringar**

- Herøy omsorgssenter dekkjer ikkje behova og krava til moderne sjukeheimsdrift.
- Rekruttering og kompetanse
- Redusert standard på tenester innan praktisk bistand i heimen.

#### **Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar:**

#### **Bu- og habiliteringsavdelinga**

##### Lovverket

- Helse og omsorgstenestelova
- Opplæringslova
- Pasient og brukarrettslova

- Helsepersonellova

Gjennom avdeling skal kommunen sikre at menneske med utviklingshemming vert gitt nødvendige og individuelt tilpassa tenester. Det skal tilretteleggast for at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre. Tenestetilbodet skal vere samordna og fleksibelt slik at det ivaretak kontinuiteten i tenesta og sikrar at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.

Avdelinga har 58,84 årsverk.

### Mål

Avdelinga skal byggje opp eit samordna tenestetilbod med fagleg kompetanse retta inn mot målgruppa. Det skal vere «ei dør» som opnar opp for dei nødvendige tenestene med tanke på å gjere tenestene meir oversiktlege for innbyggjarane i kommunen.

Kommunen skal gje tilbod etter gjeldande regelverk og fastsett standard.

### Utfordringar

- Rekruttere kvalifisert personale
- Kompetanseutvikling
- Nye brukarar med nye utfordringar
- Dårleg kvalitet på dagtilboda
- Bustader

### **Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar:**

#### **Sosialtenesta og flyktning (NAV).**

##### Lovverket

Sosialtenesta skal fremje økonomisk og sosial tryggleik, betre levevilkåra for vanskelegstilte, hjelpe til med auka likeverd og likestilling og førebygge sosiale problem. Sosialtenesta skal vidare bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og ha eit aktivt og meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre.

Etter Introduksjonslova har flyktningar som har vore busette mindre enn 2 år i landet, og som er mellom 18 og 55 år og som har behov for grunnleggande opplæring, rett og plikt til introduksjonsprogram.

Økonomisk sosialhjelp skal vere hjelp til sjølvhjelp og vere av mellombels karakter.

Prioritering	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Netto dr.utg. til sosialtenesta pr innb. 20-66 år	2 139	2 440	2 156	3 013

Dekningsgrad	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
--------------	---------------	--------------------------------	--------------------	--------------------

Andel mottakarar av sosialhjelp 20-66 år	3,0	..	..	3,7
--	-----	----	----	-----

Kvalitet	Andel med stønad 6 mndr eller meir av alle stønadstilfelle 2009	Gjennom-snittleg stønadslengde	Andel sosialhjelps-mottakarar som har fått oppnemnt koordinator for individuell plan	Andel sosialhjelps-mottakarar som har fått utarbeidd individuell plan
Herøy	24,8	3,6	4,2	..
Gj.snitt kommunegr.	..		..	..
Møre og Romsdal			..	..
Landet	34,4		3,7	3,8

**Mål:**

- Tenestene skal ha tilfredsstillende dekningsgrad
- Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket
- Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene

Dekningsgrad:

- Kommunen skal legge dei statlege satsar til grunn ved utmåling av økonomisk sosialhjelp. Gjennomsnittleg utbetalingsperiode pr stønadsmottakar skal vere under 4,0 månader.
- 65 % av flyktningane som har avslutta introduksjonsprogram skal ha fått seg arbeid.
- Gjennomsnittleg stønadslengde på nivå under kommunegruppe i Kostra

Utfordringar

- Sikre tilfredsstillande tilbod, kvalitet på tenestene og arbeidsmiljøet under trongare økonomiske rammer
- Statlege rammevilkår og oppfølging for at NAV-modellen vil lykkast. Usikker om verknad på arbeidsmiljøet, tenestene og kommuneøkonomien dersom staten kuttar inn på arbeidsressursane i NAV
- Tilgang på bustader til flyktningar og personar som ikkje har fast bustad
- Ta ut effekten av samordninga av felles verkemiddel ved fleire i arbeid, på tiltak og redusert sosialhjelp

**Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar:**

**Anlegg og drift**

## Lovverket

Avdelinga må forhalde seg til ei rekke forskjellige lovverk og forskrifter innafor dei ulike tenestene.

Avdelinga skal sikre avgifts- og gebyrpålagde tenester til rett pris, og dekke innbyggjarane/brukarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innanfor følgjande tenester: veg, baner, friområde og leikeplassar, avlaup, renovasjon, feiling, hamn, førebygging av brann og ulukker, brann og ulukkesberedskap.

I Brannvernet er det ca 3 årsverk, Anleggs- og driftsavdelinga har 7,8 årsverk i administrasjon og 5,0 årverk i uteseksjonen.

Kvalitet	Herøy 2012	Gj.snitt kommune -gruppe	Møre og Romsdal I	Gj.snitt landet
Antal kloakkstoppar i avlaupsleidningar, overløp og kummar per kilometer leidningsnett	0,024	..	0,031	0,054
Utrekna gjennomsnittsalder for spillvatn med kjend alder	42	..	32	30
Andel kommunale vegar og gater utan fast dekke. Prosent.	..	25,9	22,7	32,3
Andel parkeringsplassar skilta for funksjonshemma pr 10000 innbyggjarar	47	13	21	14

Produktivitet	Herøy 2012	Gj.snitt kommune -gruppe	Møre og Romsdal I	Gj.snitt landet
Årsgebyr for avløpsteneste	3 612	3 438	2 535	3 433
Årsgebyr for avfallsteneste	3 078	2 481	2 590	2 439
Brutto dr.utg. pr. km komm. veg og gate	94 366	106 964	102 927	124 772

Dekningsgrad	Herøy 2012	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Sykkel-, gangvegar pr 10000 innbyggjarane	104	56	94	84

### Mål:

- Tilfredsstillande dekning for gang- og sykkelvegar er det når det er gang- og sykkelvegar langs alle skulevegar, inklusive forsvarleg kryssing.
- Tilfredsstillande vegstandard (asfaltering m.m.) er det først når det er fast dekke på alle kommunale vegar, når det er eit vedlikehaldsnivå som gjer at vegane kan driftast på ein forsvarleg måte og ein unngår skade på transportmiddel på grunn av vegstandarden
- Tilfredsstillande standard for avlaupsnettet er det når alle utslepp har godkjend form for rensing
- Tilfredsstillande standard for veg- og gatelys er det når det er veglys langs alle vegen med

gang- og sykkelveg.

#### Utfordringar

- Halde seg innafor budsjett på driftssida
- Ambisjonane til kommunen både på drifts- og prosjektsida
- Etterslep på sakshandsaminga
- Oppfølging av lover- og forskrifter
- Manglende lokale forskrifter innan ulike felt. Brann, veg, parkering m.m.
- Uføresette utgifter m.a. på veg- og avlaupsida pga snø, frost, store nedbørsmengder gjer at andre tenester må reduserast.

#### **Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar som bl.a.:**

#### **Eigedom**

Eigedomsavdelinga har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av den kommunale bygningsmasse. Bygningsmassen utgjer ca 54 000 m<sup>2</sup> bruttoareal (BTA) fordelt på formålsbygg og utleigebustader.

#### Lovverket

Avdelinga må forhalde seg til ei rekke forskjellige lovverk og forskrifter innafor dei ulike tenestene.

Avdelinga har ca 33,97 årsverk fordelt på 53 tilsette.

Dekningsgrad	Herøy 2011	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Kommunale bustader pr 1000 innbyggjarar	16	17	21	20
Andel kommunalt disponerte bustader som er tilrettelagde for rullestolbrukarar	55	56	57	48

Reinhaldet vert utført etter gjeldande reinhaldsplan. Det er gjennomført brukarundersøking innanfor reinhaldsområdet.

Mål:

- Kommunen sine eigedomar skal forvaltast og vedlikehaldast på ein slik måte at dei ikkje forfall og verdiane vert reduserte.
- Kommunen skal medverke til å skaffe bustader til personar som ikkje sjølv kan ivareta interessene på bustadmarknaden.
- Det skal til ei kvar tid vere ledige bustadtomter i alle bygdelag.
- Det skal til ei kvar tid vere høvlege ledige kommunale næringsareal.
- Redusert sakshandsamingstid

- Effektivisere planlegging og gjennomføring av tiltak
- Forbetre førebyggande tilsyn og internkontroll med kommunale bygg

#### Utfordringar

- Teknisk drift: Internkontroll og bygningsdrift.
- Reinhald: Kompetanse og organisering
- Vedlikehaldsetterslep.

#### **Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar**

#### **Utviklingsavdelinga**

Utviklingsavdelinga har arbeids- og ansvarsområde innanfor planlegging, næringsutvikling, byggesaksbehandling og kartverk

#### Lovverket

Avdelinga må forhalde seg til ei rekke forskjellige lovverk og forskrifter innafor dei ulike tenestene.

Plan- og bygningslova skal legge til rette for samordning av statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar og om utbygging. Gjennom planlegging og ved særskilte krav til det enkelte byggetiltaket skal det leggast til rette for at arealbruk og utbygging vert til gagn for den enkelte og samfunnet. Ved planlegging skal det leggast til rette for å sikre born gode oppvekstvilkår.

Avdelinga har 9 årsverk.

Kvalitet	Herøy 2010	Gj.snitt kommune -gruppe	Møre og Romsdal I	Gj.snitt landet
Andel dispensasjonssøkn for nybygg i 100 m beltet langs saltvatn i prosent	100	92	89	86
Alder for kommuneplanen sin arealdel	8	3	8	6
Alder for kommuneplanen sin samfunnsdel	8	4	6	6

Produktivitet	Herøy 2011	Gj.snitt kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Saksbehandlingstid reguleringsaker	664			
Saksbehandlingstid kartforretning	84	66	56	66

#### Mål

- Saksbehandlingstid for byggesaker skal vere kortare enn landsgjennomsnittet.
- Saksbehandlingstid for reguleringsplanar skal vere kortare enn landsgjennomsnittet.
- Saksbehandlingstid for kartforretningar skal vere kortare enn landsgjennomsnittet.
- Resultata frå brukarundersøkingar skal vere betre enn landsgjennomsnittet.

### Utfordringar

- Tilpasse dimensjoneringa av planleggjarstaben til kva som er realistisk nivå for planlegging i høve kommunen sin eigen kapasitet til å byggje ut/realisere planane og private utbyggjarar si framdrift for realisering av private planar.

### **Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar**

#### **3.6.2 Organisasjon**

##### **Overordna mål**

- Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjeverpolitikken sine mål.
- Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92 %.
- Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år

Prioritering	Herøy 2011	Gj.snitt kommune -gruppe	Møre og Romsda I	Gj.snitt landet
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr pr innbyggar	3 581	3 440	4 050	4 109

Arbeidet med arbeidsgjeverpolitikken må ha langsiktig perspektiv der ein ser samanhengen mellom trivsel og motivasjon hos arbeidstakarane med gode og effektive tenester. Det er nødvendig å halde fram med utvikling av systemet med leiardialog der krav, attendemelding og tilrettelegging er sett i system. Eit kommunestyre og administrativ leiing som forpliktar seg på verdiane i arbeidsgjeverpolitikken og stiller krav om det same hos dei tilsette, er ein føresetnad for ein gjennomgåande felles kultur.

#### **Stab/støtteavdelingane**

Stab/støtteavdelingane omfattar fellessekretariatet, IKT, personalavdelinga, servicetorget og økonomiavdelinga.

### Utfordringar

- Balanse mellom oppgåver og tilgjengelege ressursar/tid
- Kapasitet til å følgje opp utviklinga og forventningane innanfor IKT.
- Kapasitet til å følgje opp krav og forventningar innanfor personalområdet.

### Overordna mål

- Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøke, bu og arbeide i.
- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.

### Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar

#### **3.6.3 Lokalsamfunn**

Satsingsområde:

Satsingsområda for lokalsamfunnsutviklinga går fram av samfunnssdelen av kommuneplanen.

### Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar bl.a.:

\*\*\*


#### **3.7 Usikre faktorar**

I talgrunnlaget har ein lagt til grunn stabile føresetnader m.o.t. avkastning på kapital, utbytte og at endringar i sentrale rammeføresetnader er forutsigbare.

Usikre faktorar vil m.a. vere:

- Overføring av tilskot til private barnehagar
- Pensjonspremien og pensjonsavviket/amortiseringa av pensjonsavviket
- Rentenivå
- Avdragskostnadane
- Lønsoppgjeret
- Resultatet i rekneskapen for 2013.
- Skjørare balansesituasjon

### 3.7 Årshjulet



Fosnavåg, 12.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Geir Egil Olsen  
Avd.leiar


Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

# Budsjett- og økonomiplannotater frå avdelingane



# Assisterande rådmann





## NOTAT

Til: Rådmann/økonomileiar

Frå: Assisterande rådmann

Saksnr  
2013/1130

Arkivkode  
150

Dato  
15.10.2013

### BUDSJETTKOMMENTARAR 2014. LEIING/STAB/STØTTE.

#### Kommentarane omfattar:

10 Folkevalde

12 Administrativ leiing, inklusive

Rådmann/assisterande rådmann

Søre Sunnmøre innkjøpssamarbeid

Bulystprosjektet

Folkehelsekoordinator

Likestilte kommunar

14 Fellessekretariatet

17 IKT

#### Drift 2014

Det framlagde budsjettet byggjer på 2013- budsjettet, justert på grunnlag av rekneskap 2012 og rekneskap 2013 så langt i år.

#### Nye tiltak

Fellessekretariatet ber om 20 % stilling kostnadsrekna til 106.798 kr.

IKT- utvalet meiner at IKT- avdelinga er underbemanna og ber om 1,0 stilling kostnadsrekna til 600.736 kr.

Med helsing

Olaus-Jon Kopperstad



# Servicetorget





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Servicetorget

Saksnr  
2013/1130

Arkivkode  
150

Dato  
25.09.2013

## BUDSJETTKOMMENTARAR 2014 - SERVICETORGET

### Driftsbudsjettet:

Lønsmidlar for ei 50% stilling er flytta over til avdeling for barn, familie og helse i samband med flytting av barnevernet til det nye helseenteret.

Det er oppretta eige ansvar for utgifter knytt til skjenkesaker.

Elles er det gjort små justeringar innan for eige budsjett.

### Nye tiltak:

#### 50% stilling som servicevert

I samband med overføring av barnevern til avdeling for barn, familie og helse mister ST frå 01.01.2014 lønsmidlar for 50% stilling. Delar av stillingsressursen har gått til arbeid i barnevernet og deler til felles tenester ST utfører for alle avd.

Etter nyttår sit ST att med 4.5 stillingsheimlar. Dette gjer at ST har store utfordringar i å få dagane til å gå opp med tilfredsstillande bemanning (minimum 3 personar).

Utfordringa er knytt til:

- ferieavvikling
- fråvær ved sjukdom
- deltaking på kurs og møter
- tid til planlegging og utvikling
- tid til leiing
- utøving av service overfor publikum

Dei siste åra har ST fått ein del nye oppgåver som krev mykje tid. Ein har også vore aktiv med i skippertak for å rydde i gamle saker. Med redusert bemanning ser ein det vanskeleg å kunne utføre alle oppgåvene som ligg til Servicetorget i dag og noko må tilbakeførast til avdelingane.

Arbeidsoppgåvene som ST har i dag er publikumsretta. Dette meiner eg vil verte eit steg tilbake i forhold til service, effektivitet og omdømet til kommunen. I utgangspunktet hadde det vore eit ønskje om ei 100% stilling slik at vi kunne løfte

blikket og utvikle oss vidare til det beste for heile kommuneorganisasjonen. Med tanke på trange øk. tider ber eg derfor om tilsvarande stillingheimel som vi mista slik at ST kan driftast og halde fram som tidlegare.

### Nye kontormøbler

ST har vore i drift i 10 år. Møblane som vart plassert i ST ved oppstart var gamle møbler som ein samla inn frå ulike avdelingar. Elles vart sponplater mala av dei tilsette.

Møblane er slitt og det er behov for nytt. Skal ein skifte er det viktig at alt vert skifta samla med tanke på utsjånad i lokalet. Enkelte stoler er skifta etterkvart, men fleire står for tur.


Med kr. 120 000 meiner vi at det skal vere mulig å skifte det meste så lenge ein kan stå fritt til å velje leverandør og legge seg på rimelege løysingar.

Med helsing

Wenche Moltu

# Økonomiavdelinga





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Økonomiavdelinga

Saksnr  
2013/1130

Arkivkode  
150

Dato  
26.09.2013

## BUDSJETTKOMMENTARAR 2014 - ØKONOMIAVDELINGA

### Om avdelinga

Økonomiavdelinga er oppdelt i 3 ansvarsområder. Rekneskap/budsjett med om lag 5,6 årsverk, Skatt og innfordring med 1,6 årsverk og Innkjøp med 1,0 årsverk.

### Drift 2014

I framlagde budsjett legg ein opp til same driftsnivå som tidlegare år. Overformynderiet vart frå hausten 2013 overført til Fylkesmannsebetet og vi har trekt utt det meste av kostnadane her. I tillegg har ein budsjettert med inntekter for føring av rekneskapane til Herøy kyrkjelege fellesråd og dei to legekontora i kommunen.

### Nye Tiltak

Økonomiavdelinga toki 2013 i bruk Arena Budsjettverktøy som ei prøveordning. Ein ynskjer å halde fram med dette også framover og dei årlege kostnadane til dette er om lag kr 75.000,- + mva.

Sjølv om Herøy kommune er i eit fellesskap med kommunane hareid, Ulstein, Sande og Vanylven når det gjeld kjøp og drifting av Agresso som løns- og rekneskapsprogram har ein no byrja å sjå litt på andre alternativ. Vi har kjøyrt Agresso sidan 01.01.2009 og ein ser at kompleksiteten i programmet og kostnadane ein har med å halde løns- og økonomifunksjonen i funksjon er høge. Målet på sikt er å fu verdert om det er grunnlag for å gå ut på nytt anbod når det gjeld dette. For å kunne drifte Agresso på ein tilfredsstillande måte er ein avhengig av konsulenthjelp. Denne er dyr (kr 1.400,- per time + mva) og vi ynskjer å ha ein post på kr 30.000,- per år for å dekke slike kostnadar.

Med helsing

Geir Egil Olsen



# Personal- og organisasjonsavdelinga





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Personal- og organisasjonsavdelinga

Saksnr  
2013/1130

Arkivkode  
150

Dato  
23.09.2013

## BUDSJETT - OG ØKONOMIPLANKOMMENTAR FRÅ PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

### Avdelinga og tenestene

Personal- og organisasjonsavdelinga har stab- og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Den har ansvar for lønnsutbetaling og innkrevjing av refusjon sjukepengar. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråværssoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å styrke og samordne kontakta mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

Avdelinga har 5,3 årsverk fordelt på 6 personar, derav 2 deltidstilsette. Av årsverka er 0,24 vakant. Den vakante stillinga er budsjettert med jf. Rundskriv budsjett og økonomiplan.

### Lov – og avtaleverk

Personal- og organisasjonsavdelinga jobbar primært etter Arbeidsmiljølova med tilhøyrande føreskrifter, samt Hovudtariffavtalen og Hovudavtalen med tilhøyrande særavtalar. I tillegg kjem Forvaltningsloven, Offentlighetsloven, Likestillingsloven, Diskrimineringsloven, Diskriminering og tilgjengelighetsloven m.m.

### Utfordringar og mål

Utfordringar: Personalsaker og HMS arbeid. Få bedre utnytting av Agresso som lønn- og personalverktøy.

Mål: Ha ein oppdatert organisasjonen i lov- og avtaleverk på lønns – og personalområdet. Herøy kommune skal vere ein arbeidsplass der tilsette trivast og ikkje opplever å bli handsama vilkårleg.

### **Nye tiltak drift og investering**

Hev senk kontorpultar og kontorstolar kr. 35.000.- i 2014. Eingongsinvestering. I samband med ny tilsett manglar vi ein kontorpllass og såleis kontorutstyr til eit kontor. I tillegg har vi behov for utskifting av 3 stasjonære kontorpultar til 3 hev senk pultar.

Tidsregistrering kr. 20.000.- per år i økonomiplanperioden.

I samband med innføring av elektronisk tidsregistrering for betre oppfølging av fleksitidsreglementet, har vi avtalt kjøp av tidsregistreringssystemet fra Tidsbanken. Avtalen vart gjort inneverande år i samråd med rådmannen og vil visast i komande budsjettendringssak hausten 2013.

### **Forslag til salderingar**

Bortfall av vakant stilling på personal- og organisasjonsavdelinga.

Innsparingspotensial kr. 156.000.-

For 2014 vil ikkje dette ha driftsmessige konsekvensar. Det er usikkerheit kring konsekvensane etter dette. Mellom anna vil utfordringar i økonomien og organisasjonen elles som t.d. eventuell ned bemanning har mykje å seie for kapasiteten på avdelinga til det jamne arbeidet. Andre faktorar vil også spele inn, som t.d. effekt av utnytting IKT verktøy.

Birgitte Sævik Pedersen


Kopi:

Assisteande rådmann

Rådmann

# Skuleavdelinga





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Skuleavdelinga

Offl. § 14

Saksnr  
2013/1130

Arkivkode  
150

Dato  
22.10.2013

## BUDSJETTKOMMENTAR, VERSJON 2

### SKULEAVDELINGA

#### 1. OM AVDELINGA

Skuleavdelinga omfattar 5 barneskular, 1 ungdomsskule og 1 kombinert skule 1-10, alle med unntak av ungdomsskulen, også med skulefritidsordning. I tillegg driv avdelinga Herøy kulturskule, Internasjonal skule og pedagogisk-psykologisk tenestekontor. Skuleavdelinga har også tilsetjing av pedagogisk personell ved kystleirskulen.

Skuleavdelinga har desse stillingane, i årsverk: 130 lærarar og leiarar, 27 assistenter i skule og SFO og 2,97 stillingar for merkantile medarbeidrarar.

Totalt er 154 pedagogar, 45 assistenter og 4 kontormedarbeidrarar tilsett i skuleavdelinga, i heil- og deltid.

Talet på tilsette er relativt stabil, men årleg justert opp eller ned etter elevtal i skule og SFO, samt særlege behov som tilseier rettar etter opplæringslova.

#### 2. TENESTER

Grunnskulen: Gir fagleg og sosial kompetanse i tråd med opplæringslova, kunnskapsløftet og læreplanane.

Herøy kulturskule: Underviser i musikalske og kunstneriske uttrykk, som instrument, song, dans, drama, teikning, m.m. Tilrettelegging av tilbod i tråd med behov og påmelding.

Internasjonal skule: Gir opplæring i norsk og samfunnssfag for vaksne med minoritetsspråkleg bakgrunn. Tenestene er gratis for flyktningar og innvandrarar gift med nordmenn, andre må betale for tenestene.

PPT: Sakkunnig organ med vurdering og tilråding om tiltak og ressursar for elevar som ikkje kan gjere seg nytte av ordinær undervisning. Er elles rådgivarar for skule- og barnehagetilsette og foreldre når det gjeld å legge til rette for elevar med særlege behov.

### 3. LOVVERKET

Opplæringslova med forskrifter utgjer det viktigaste styringsverktøyet for arbeidet til skuleavdelinga. Dette lovverket vert stadig endra, slik at krava og ansvaret til kommunen som skuleeigar aukar. Siste åra har ein sett ei auka grad av detaljstyring. Kunnskapsløftet legg nasjonale føringar for innhaldet i undervisninga (læreplanar), samt fastset kompetanse mål for elevar på ulike årstrinn. Tilpassa opplæring er eit nasjonalt og kommunalt satsingsområde, nedfelt i Opplæringslova og i Kunnskapsløftet. Alle elevar skal ha like høve til å utvikle evner og anlegg både individuelt og i fellesskap med andre. I tillegg til Opplæringslova, kjem dei generelle lovverka som styrer kommunen si verksemd.

I samband med statsbudsjettet for 2013 vart den såkalla « kulturskuletimen» lansert, med verknad frå 1.august'13. Tiltaket inneber ein gratis kulturskuletime i skule eller SFO for elevar på 1.-4.årstrinn. Tilboden vert nedfelt i opplæringslova hausten 2013, og får heilårsverknad for 2014.

### 4. UTFORDRINGAR

Skuleavdelinga møter i aukande grad utfordringar relatert til elevar som ikkje kan gjere seg nytte av ordinær undervisning, og som dermed treng tilpassa opplæring åleine eller i mindre grupper. Årsaka kan vere relatert til lærevanskars, minoritetsspråkleg bakgrunn, samt utfordringar i heim og lokalsamfunn som på ulike måtar må handterast i skulen. Samstundes aukar forventningane frå føresette om tiltak og tenester, samt medvit om kva rettar som finst i det offentlege systemet.

Stadig fleire elevar møter elles på skulen med manglande erfaring med grensesetjing, med konsentrasjonsvanskars og med ei sosial åtferd som ikkje kan aksepterast i eit skulefellesskap.

Skuleleiar ser at rektorar og lærarar treng handlingsrom og fleksibilitet til å handtere ulike utfordringar, for å kunne skape eit godt læringsmiljø for alle elevar, med høve til meistring og læring.

Nasjonal statistikk som Utdanningsdirektoratet utarbeider i høve ressursar i skulen, viser at Herøy ligg lavt jfr. samanliknbare kommunar, fylke og land. Vi nyttar færre undervisningstimar pr.elev, og vi har forholdsvis store elevgrupper pr.lærar. Dette vart synleggjort i ei eiga F-sak hausten 2012.

Driftsrammene har hatt kun 2% årleg auke over fleire år. Samtidig har lærebøker og materiell hatt større prisvekst, samtidig som slitasje medfører behov for utskifting. Inventar har ikkje hatt fokus på fleire år, ein har prioritert kun nye skulebøker i tida etter Kunnskapsløftet kom i 2006. Skulane har så skifta ut ein stol no og ein pult då, alt etter kva dei har greidd å finne plass til innanfor den årlege ramma. Situasjonen har medført ein aukande slitasje, som ein no har behov for å ta eit grep og gjere noko med.

Fleire av skulebygga viser aukane slitasje, og treng meir vedlikehald enn det som har vore til no. Fleire av skulebygga er ikkje godkjende etter Forskrift om miljøretta helsevern. Bygga er også lite fleksible og ikkje tilpassa dei varierte undervisningsmetodar ein i dag gjerne vil nytte.

I den grad skulane har leikeapparat på uteområda sine, held ikkje desse etter dei krava som tilsynsmyndigkeit legg til grunn. Dette gjeld både såkalla eigenproduserte apparat og dei som er innkjøpte frå eksterne leverandørar. Å rive bort det som eksisterer medfører gjerne

eit tomrom på fleire år før ein kan investere i nye aktivitetsapparat. Tilsyn våren 2013 resulterte i få «reine» rapportar utan avvik.

## 5. MÅL

### Økonomi

#### Mål

- Skuleavdelinga skal vidareføre tenestene på dagens nivå, med fokus på kvalitet.
- Grunnskulen skal ha ei økonomisk ramme som gjer det muleg å sikre læringsfor alle, også dei med behov for særleg tilrettelagd opplæring, og dei som treng ekstra utfordringar.
- Sikre at drifta så langt råd er i tråd med budsjett.

#### Tiltak:

- Skuleavdelinga må sikre ressursar til å drive både ei god ordinær undervisning og ei meir tilrettelagd for elevar med særlege behov og utfordringar.
- Vurdere nøyne behovet for vikar ved korttidsfråvær.
- Så langt råd nytte eksterne vikarar for å unngå bruk av overtid
- Endringar i budsjettføresetnadene skal medføre nødvendige budsjettendringar.

### Organisasjon

#### Mål

- Skuleavdelinga skal ikkje ha sjukefråvær relatert til arbeidsmiljøet.
- Førebygging av sjukefråvær og tett oppfølging av sjukmelde i tråd med IA-rutinene
- Skulane skal ha effektive styringsprogram og verktøy for administrasjon
- Engasjerte og kvalifiserte lærarar og leiarar, som er fleksible og kreative til å finne nye og effektive løysingar til beste for elevane si lærings-

#### Tiltak

- Fokusere på leiarutvikling og rektor si rolle og sitt ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø.
- Drive aktiv og målretta kompetanseutvikling, i tråd med kartlagde behov og prioriteringar.
- Målretta og fokuserte satsingsområde for den enkelte skule.
- Tett oppfølging av skulane gjennom undersøkingar og dialogmøte.
- Bygge samhald og utvikling internt i avdeionga, gjennom å dele god praksis og støtte kvarandre.

### Tenester

#### Mål

- Skulane skal ha tilstrekkeleg ressursar i form av kompetanse og økonomi til å gi tilpassa opplæring i tråd med lovverket.
- Styrke undervisninga i klasserommet
- Ytterlegare fokus på fag og på kvaliteten i skulen. I nasjonale testar av kunnskapane til elevane, skal kommunen ha betre resultat enn fylkes- og landsgjennomsnittet i norsk, engelsk og matematikk.
- Kommunen skal ha betre resultat enn fylkes- og landsgjennomsnittet på foreldreundersøkingar og elevundersøkingar

### Tiltak

- Gjennomføring av satsingane «Vurdering for læring» og «Meir læring for fleire»
- Sikre god og rett kompetanse i den pedagogisk-psykologiske tenesta
- Styrke det tverrfaglege arbeidet
- Vidareutvikle samarbeidet mellom heim og skule, gjennom KFU, FAU og ikkje minst gjennom den direkte kontakten mellom heim, kontaktlærar og elev. Elevar og foreldre i Herøy-skulen skal oppleve å bli respektert, lytta til og tatt på alvor.

## 6. PRIORITERTE ØKONOMISKE TILTAK

### 6.1. Opplæring og læringsmiljø

Skuleavdelinga må prioritere ei opplæring i tråd med opplæringslov, forskrifter og læreplanar. Lovverket gir sterke rettar til elevar med særlege behov, ei gruppe som aukar jfr punkta ovanfor. Vi har ei konstant uro for at aukande ressursar på dette området, skal medføre eit redusert tilbod for andre elevar, så lenge ramma er konstant eller vert redusert. Det er behov for å auke løyvinga til undervisning, for å få fleire pedagogar inn i læringsarbeidet. Innanfor same punktet, ser ein behov for utskifting og oppdatering av ein del materiell og utstyr. Skuleavdelinga har bedt om følgjande tiltak for å styrke opplæring og læringsmiljø:

- Generell rammeoverføring, med ein ekstra sum pr.elev. Totalt kr. 300.000.
- Ekstra tiltak for ein elev med særlege behov, kr.350.000
- Utskifting av utslite inventar, kr.300.000, som investeringstiltak.

### 6.2. Stortingsmelding om satsing på ungdomstrinnet

Det vart frå 1.august 2012 innført valfag for 8.årstrinn på ungdomsskulen. Frå 1.aug 2013 vert det innført valfag også for 9.årstrinn, og frå 1.aug 2014 for 10.klasse.

Vi forventar statlege løyvingar til tiltaka, gjennom rammene til kommunen.

Meldinga inneholder også andre tiltak som skal gjennomførast, m.a. skulebasert kompetanseutvikling for alle ungdomsskular. Herøy vert med på dette frå 1.august 2014, sammen med resten av kommunane på søre Sunnmøre.

Skuleavdelinga ber om følgjande tiltak:

- Valfag i ungdomsskulen, lovfesta timetalsauke, halvårseffekt 2014, kr.195.000

Oversikt over forslag til nye driftstiltak, for detaljar sjå tekst og tal i Arena budsjett.

- Valfag i ungdomsskule, ligg allereie i økonomiplanen, men tala er justerte.
- Generell rammeauke, ligg allereie i økonomiplanen
- Kulturskule i skule/SFO-tida, ligg allereie i økonomiplanen
- Ekstra utgifter til elev, nytt tiltak jfr. kjent behov

Oversikt over investeringstiltak, for detaljar frå rapport frå Arena budsjett.

- Utskifting av inventar i skulen, nytt tiltak

22.oktober 2013

Skuleleiaren

Vedlegg: Info frå F-sak 2012/1978  
Oversikt over stillingar

**Vedlegg 1: Saksopplysningar frå sak 2012/1978, som info til F-skapet.**

Utdanningsdirektoret utarbeider kvart år ulike rapportar om situasjonen i skulen. Politikarane er tidlegare kjend med rapportane som gjeld Nasjonale prøver, Elevundersøkinga og Avgangskarakterar.

Dei utarbeider også rapportar som ressurssituasjonen basert på den årlege GSI-rapporteringa, der ein går inn på nøkkelfaktorar og samanliknar utvikling over år, samt mot kommunegruppe, fylke og nasjonalt.

Tal for førre skuleår er nettopp publisert, og til dels gjengitt i media. Herøy kommune kom ikkje spesielt godt ut på dei områda som vart nemnde.

Tabell som viser utviklinga i Herøy frå 2007 – 2012:

Indikatorar og nøkkeltall	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12
Elevtal	1145	1147	1170	1143	1127
Årsverk undervisningspersonale	107,8	109,0	106,9	102,2	98,9
Talet på elevar pr.årsverk til undervisning	11,8	11,9	12,3	12,7	13,0
Lærartettleik 1.-7.årstrinn	12,2	12,4	12,8	13,4	13,5
Lærartettleik 8.-10.årstrinn	12,9	14,0	14,5	14,6	15,7
Lærartettleik i ordinær undervisning	14,0	14,7	15,8	15,8	17,1
Undervisningstimar pr.elev	61	60	58	56	55
Andel årstimar gitt av godkjent undervisningspersonell	98,4	97,3	98,8	100,0	99,9

Tabell som viser samanlikning:

Indikatorar og nøkkeltall	Herøy	Kommune-gruppe	M/R	Land
Talet på elevar pr.årsverk til undervisning	13,0	12,5	11,8	12,3
Lærartettleik 1.-7.årstrinn	13,5	13,1	12,3	13,0
Lærartettleik 8.-10.årstrinn	15,7	14,9	14,1	14,5
Lærartettleik i ordinær undervisning	17,1	17,3	16,0	17,0
Undervisningstimar pr.elev	55	57	60	58
Andel årstimar gitt av godkjent undervisningspersonell	99,9	97,2	97,6	96,6

For meir informasjon viser eg til [www.udir.no/skoleporten](http://www.udir.no/skoleporten)  
Informasjonen ligg under «Ressursar».

Rådmannen finn det rett å informere om ressurssituasjonen i skulen, sett i høve til fastsetjing av

økonomiske rammer for 2013.

Her er i hovudsak 4 faktorar ein må vere obs på:

Talet på elevar pr.årsverk til undervisning

Lærartettleik 1.-7.trinn

Lærartettleik 8.-10.trinn

Lærartimar til undervisning

Alle målingane viser at Herøy har hatt ei negativ utvikling, med reduserte ressursar.

Den faktoren som viser dette mest tydeleg, er den som gjeld undervisningstimar pr.elev. Skuleåret 2007/08 hadde kvar elev 61 lærartimar til undervisning, men er no heilt nede på 55.

Til samanlikning ligg kommunegruppe på 57, fylket på 60 og nasjonalt på 58 timer.

Går ein djupare inn i materialet og ser på nabokommunane, ser ein at Herøy er den kommunen med absolutt færrast undervisningstimar pr.elev og flest elevar pr.lærar.

Når ein i tillegg veit at Herøy på somme årstrinn har scora noko lavt på skalaen på nasjonale prøver, og også på faktorane som måler læring/læringsmiljø i elevundersøkinga, kan ein ane ein samanheng som kan gi grunn til uro - sett i lys av varsel om ytterlegare rammekutt.

Forklaringa til auken i lærartettleik på 1.-7.årstrinn, dvs. talet på elevar pr.lærar, ligg nok til ei viss grad i struktureringa som vart gjennomført i 2009. Men ein ser at talet aukar også for andre år enn dette.

Auken ein ser på talet elevar pr.lærar på 8.-10.årstrinn, har ikkje anna forklaring enn strammare rammer.

Rammene til skuleavdelinga har nok ikkje bevisst vorte redusert siste åra, men stadig nye oppgåver og utfordringar har kome til, utan at rammene har vorte auka tilsvarende. I tillegg har kostnader auka på alle område; materiell og utstyr, skuleskyss, straum, og ikkje minst lønnsnivået for undervisningspersonellet. Situasjonen har dermed blitt ein stadig strammare undervisningssituasjon, med mindre tid til den enkelte elev.

Dyktige rektorar og lærarar gjer sitt beste for å finne gode og fleksible løysingar på organisering, slik at ein skal få mest muleg ut av knappe ressursar.

Elles vil det bli lagt fram ein rapport i januar, som viser fleire nøkkeltal for skulen, slik det har vore gjort tidlegare.

Den positive faktoren i ressursoversikta er kompetansen i undervisningspersonalet. Alle tilsette lærarar i Herøyskulen har godkjend utdanning, ein situasjon vi har hatt siste 3 åra, inkl. inneverande skuleår.

**Vedlegg 2:**  
**STILLINGAR SKULEÅRET 2013-14**

pr.12.sept'13

**MERKANTILT PERSONELL**

<b>Avdeling</b>	<b>Personar</b>	<b>Stillingspros</b>
PPT	1	50
YHU	1	82
Bergsøy	1	65
Einedalen	1	50
Stokksund	1	50
	297	<b>2,97 stillingar</b>

**PEDAGOGISK PERSONELL (LÆRARAR OG LEIING)**

<b>Avdeling</b>	<b>Personar</b>	<b>Stillingspros</b>
PPT	5	455
Kulturskulen	18	865
Int. skule	4	340
Bergsøy	29	2540
YHU	27	2630
Einedalen	19	1640
Nerlandsøy	8	749
Stokksund	22	1842
Leikanger	7	626
Leirskulen	1	40
Moltu	6	560
Ufordelt grunnskule*	7	575
	153	<b>12862</b>
		<b>131</b>

0,75 stilling ref frå fylket  
varierer jfr. elevsøknader

\* skulekontoret (2,8), bibliotek (0,5) spes.ped barnehage (1,0) HTV utd.forb (0,45), ass. B.h.(ca.1,0)

<b>ASSISTENTAR SKULE / SFO</b>	<b>Prosent skule</b>	<b>Prosent SFO</b>	<b>Samla</b>
Bergsøy	15	392	468
Einedalen	10	268	309
Leikanger	5	158	130
Moltu	3	118	39
Nerlandsøy	2	44	46
Stokksund	5	179	100
YHU	5	285	0
	45	<b>1444</b>	<b>1092</b>
			<b>2536</b>

Deling av personell mellom Bergsøy og YHU.  
Prosent skule inkl. leksehjelp 1.-4.

**25,3 årsverk, fordelt på skule og sfo**  
**45 personar**

Prosent Bergsøy inkl. ferie-SFO

**KOMMENTAR ANG. FASTE/MELLOMBELSE STILLINGAR**

**Lærarar:** Knapt 10% av "arbeidande stillingar" er til eikvar tid tidsavgrensa til skuleåret. Desse er inne for same antal ute i ulike permisjonar. Talet angitt i oversikta, er derfor å rekne som faste.

**Assistentar:** Alle tilsette har ein fast prosent i stillinga si. Behovet for assistent, både i skule og SFO, i skule etter talet på timer til spesialpedagogisk hjelpe, i SFO etter innmeld elevtal. Varierer ganske mykje år for år. Ein har derfor ein viss stillingsdel fast, og justerer opp etter behov og avtale.

# Barnehageavdelinga





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Barnehageavdelinga

Saksnr  
2013/1130

Arkivkode  
150

Dato  
11.10.2013

---

### BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANKOMMENTARAR 2014. BARNEHAGEAVDELINGA

#### BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANKOMMENTARAR 2014

##### Barnehageavdelinga

Herøy har 4 kommunale barnehagar og 5 ikkje kommunale barnehagar. I tillegg til å drive dei kommunale barnehagane, har kommunen tilsynsansvar og ansvar for driftstilskot til dei ikkje kommunale barnehagane.

##### Lovverket

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetene.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskarkrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskap og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Samarbeidsutvalet skal kvart år fastsette ein årsplan for barnehagen som er i samsvar med lov og lokal/sentral rammeplan.

Tal årsverk i barnehageavdelinga er pr. d.d: **30,53**. Dette talet inkluderer barnehageleiar, grunnbemannning og ekstrabemannning i barnehagane. ( for barn som treng ekstra hjelp og støtte). Tilskot til ekstra bemanning for barn med særskilte behov i ikkje kommunale barnehagar kjem i tillegg. Ekstrabemannning i barnehagane varierar frå år til år.

	2013	2012	2011	2010
Tal årsverk	<b>30,53</b>	29,90	28,40	27,13
Adm årsverk (funksjon 1200)	<b>0,80</b>	0,80	0,80	0,80
Fagressurs teneste	<b>29,73</b>	29,10	27,60	26,33

### Utfordringar

- Sikre eit barnehagetilbod i samsvar med lovverket
- Behalde og rekruttere pedagogar
- Høgt sjukefråver
- Fysisk miljø
- Oppretthalde eit godt arbeidsmiljø

### Mål

- Eit barnehagetilbod i samsvar med lovverket
- Pedagogettleik i samsvar med lovverket
- Høg brukartilfredsheit (5,3 eller høgare ved brukarundersøkingar)
- Auke nærveret av tilsette
- Godt arbeidsmiljø
- God kompetanse blant dei tilsette
- Godkjende bygg etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar
- Gode og trygge uteleikeplassar

### Prioriterte økonomiske tiltak

- Tala i budsjettforslaget er i samsvar med gjeldande løn pr. d.d inkludert ei 100% fagarbeidarstilling ved Leikanger barnehage og 100% pedagogisk leiar stilling ved Myrsnipa barnehage (vedtatt i K-styresak 55/2013) pga av auke tal plassar ved desse to barnehagane.
- Sum tilskot til ikkje kommunale barnehagar vart for 2013 lagt inn med kr. 39 455 000. Dette er meir enn 3000 000 mindre enn kva resultatet vart for utbetaling av kommunalt tilskot i 2012. Tilskotet blir ikkje mindre i 2014, då prosentandelen av kommunale kostnader private barnehagar har rett til er auka frå 92 til 96% gjeldande frå august 2013. Det blir difor lagt inn nytt tiltak med auka sats for tilskot til private barnehagar pålydande 3 300 000. Utbetaling til andre kommuner er budsjettert med kr. 2000 000,- Ein må også budsjetttere for kostnader for tapte inntekt p.g.a syskjenmoderasjon i private barnehagar på ca. kr. 500 000. Lov og forskrift om likeverdig behandling seier at private barnehagar har rett til å få dekt tapte inntekter p.g.a syskjenmoderasjon av det offentlege. Det er budsjettet for kommunale barnehagar 2014 og driftkostnader til vedlikehald/reinhald i barnehagane 2014 som eigedomsavdelinga lagar budsjett for, pluss kapitalskostnader (investeringeskostnader) og 4% påplussa administrasjonskostnader som til slutt avgjer satsen for kommunalt driftstilskot pr.

barnehageplass i ikkje kommunale barnehagar. Når budsjettforslaget blir lagt ut offentleg, må det kome fram kva som satsen ikkje kommunale barnehagar vil få pr. plass over og under 3 år..

- Det kan bli endringar for kva grunnlag som skal gjelde for kva tilskot dei ikkje kommunale barnehagane skal ha. Det har kome eit høyringsnotat frå Utdanningsdirektoratet som foreslår at det er rekneskapen for to år attende som skal vere grunnlaget for storleiken tilskot dei ikkje kommunale barnehagane skal ha for komande budsjettår (ligg forslag om at dette skal gjelde allereie frå januar 2014). Blir dette gjennomført, vil det bety ytterlegare kostnader for Herøy kommune (ein vil då ikkje få fordelen av auka opningstid før frå 2015)
- Barnehagane auka opningstida si frå janar 2013. Dette gjer drifta meir kostnadseffektiv og fører til litt lavare sats når det gjeld kommunalt tilskot til private barnehagar. (avhengig av kor mange 4 dagars plassar den enkelte barnehage har). Auka opningstid utan å auke bemanninga, gjer barnehagane meir sårbare. Personalaet må vere lengre tid åleine med barna morgen og ettermiddag. Administrasjonen har ikkje fått melding om at det er uforsvarleg at ordninga held fram. Ein barnehage melder at dei no ser på om dei kan organisere annsleis då dei slit med å ha nok personale om morgonen og på ettermiddagen. Barnehageavdelinga vel inntil vidare å halde fram med auka opningstid, og ser på det som vår måte å redusere budsjettet. (sjå kommentaren over, denne innsparinga kan ein kome til å misse i 2014)
- **Foreldrebetaling.**  
Foreldrebetaling er lagt inn med lovpålagt makspris, kr. 2330,- per heil plass. Her kan satsen bli auka med kr. 30,- pr heildagsplass. Det vil utgjere kr. 39 000,- i budsjettåret.  
Syskjenmoderasjonen er sett til 30% for andre barn og 50% for tredje barn.
- Elles er budsjettala identiske med tala i budsjett for 2013

- Ingen forslag til nye driftstiltak ute i barnehagane. Barnehagane hadde trengt å få auke sitt svært nøkterne materiellbudsjett (som er mykje lavare enn eks andre kommuner har), men det er viktigare å få behalde det ein har og sleppe gjere innsparingstiltak som feriestengt barnehage m.m som kvar gong viser seg å skape store problem for foreldra.

#### **Investeringstiltak:**

Ny barnehage i indre vert lagt inn av Anlegg og drift/Eigedom.

- **Forslag til saldering**  
Lenger opningstid i barnehagane vart gjennomført utan bemanningsauke inneverande år. Og her er det umuleg å «knipe» meir. Dette gjorde at satsen til private barnehagar i 2013 vart lavare og slik bidrog til innsparing.
- **Konsekvens:** Personalaet må vere lenge åleine med barnegruppa om morgonen og ettermiddagen. Tre av barnehagane har greidd å leve forsvarleg med dette tiltaket. Ein barnehage strevar med å få kabalen til å gå opp, og prøver no sjå nye måtar å organisere dette på. Inntil vidare vel barnehageavdelinga å halde fram med auka opningstid.
- Bruke ostehøvelprinsippet og redusere vikarutgifter og små driftspostar med kr. 50.000

**Konsekvens:** Større slitasje på personalet med den faren det gir for auka sjukefråver

**Legge ned tenester:**

Ikkje pengar å "spare", då innbyggjarane har rett til barnehageplass og kommunen må betale for barn som har plass i privat barnehage.

Legg ein f. eks ned Moltu barnehage vil ein kunne spare drifts- og lønskostnader på ca. 2 600 000. Om desse barna får plass i privat barnehage i Herøy eller Ulsteinvik, vil det koste tilnærma det same eller meir. Herøy vil og mest sansynleg då ikkje ha full barnehagedekning og vil slik bryte barnehagelova. Eit nyleg eksempel frå Hareid viser at Fylkesmannen/Staten ikkje godtek at kommunen prioriterer slik. Ein vil i ein slik situasjon med ikkje å ha nok barnehageplassar til dei som har rett til plass, få pålegg om å skaffe nok plassar.

**Feriestengde barnehagar:** Kr. 100 000,-

**Konsekvens:**

Dette vil sette foreldre og barn i ein svært vanskeleg situasjon. Det vil gå spesielt ut over dei som er i ein sårbar situasjon uten nettverk rundt seg. Kommunale barnehagar vil med eit slikt tiltak bli svært lite attraktive.

**Inntektsauke:**

Maksprisen i opphaldsbetalinga, hindrar ein i å gjere større auke her. Har fått signal om ei auke i maksprisen på kr. 30,- pr plass. Vil gi ca kr. 39 000,- i auka inntekt.

Personalet: Pålegge personalet (undersøkje om dette er lovleg) å ta 4 veker samanhengande ferie om sommaren. Då vil meir ferie kunne avviklast utan bruk av vikar enn om personalet tek ut ferie når barnegruppene er fulle. Dette må i såfall drøftast med organisasjonane. Mindre sårbart for barn og foreldre.

Innsparing: kr. 100 000,- (likevel usikkert om det blir denne innsparinga, då det kan utløyse behov for vikar i sommarmånadane)

|

Barnehageavdelinga vil gjere slik prioritering:

Tiltak:

1. Auke budsjettposten 13700, tilskot til private barnehagar med kr. 3 300 000,- (alt avhengig av om forslaget frå Utdanningsdirektoratet om å bruke rekneskapen to år tilbake i tid justert for prisstigning istadenfor budsjett 2014 kan denne summen bli høgare).

Saldering/inntektsauke:

1. Auke foreldrebetaling: kr. 39 000,-
2. Ostehøvelprinsippet....skjære litt jamt over: 50 000,-
3. Pålegge personalet 4 veker samanhengande ferie, spare inntil kr. 100 000 (kan bli mindre om det blir behov for ferievikarar om sommaren)
4. Feriestengde barnehagar, 100 000,- (veldig uheldig, set foreldre/barn i ein svært vanskeleg situasjon)
5. Legge ned eks Moltu barnehage. Netto innsparing: kr. 2 600 000,-  
Kan resultere i 0 kr spart. Kommunen må betale for desse barna i private barnehagar i Herøy eller Ulstein. Kommunen er pålagt å ha barnehageplass til alle barn med rett til plass. Kommunen vil etter ei slik nedlegging sansynlegvis ikkje ha full barnehagedekning.

Det har og kome signal om to barnehageopptak i året. Dette krev yttrelegare nok barnehagekapasitet for at kommunen ikkje skal bryte lova.

Med helsing

Laila Kvalsund Solhaug



# Avdeling for barn, familie og helse





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Avdeling for Barn, Familie og Helse

Saksnr  
2013/1130

Arkivkode  
150

Dato  
25.09.2013

---

## BUDSJETTKOMMENTARER 2014- BARN- FAMILIE OG HELSEAVDELINGA

Barn- familie og helseavdelinga skal fremje innbyggjarane si velferd ved mellom anna å fokusere på folkehelse og trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold. Avdelinga skal også søkje å førebyggje og behandle sjukdom, skade og lyte. Barnevern skal særleg sikre at barn som treng det får den nødvendige hjelp og omsorg i rett tid

Avdelinga er delt i fem seksjonar: Barnevern, Førebygging, Legeteneste, Psykisk helsearbeid og Rehabilitering.

### Lovverk

Avdelinga har eit samansett ansvarsområde og det er såleis lovverk både innan barnevern og helse som er styrande for dei oppgåvane avdelinga har.

I saker etter barnevern loven er det klare fristar for behandlinga, alle undersøkingar i barnevernet skal etter at meldinga er gjennomgått, oppstartast snarast og avsluttast innan 3 månader(i særlege tilfelle 6 månader). Ingen barn skal etter vedtak er fatta, vente meir enn 6 veker på tiltak frå kommunen-

Barn-, familie og helseavdelinga har 37,7 årsverk inklusive driftsavtalar.

### Utfordringar:

Utviklinga og vidare gjennomføring av samhandlingsreforma i kommunen. Det er foreslegen at også psykisk helsevern skal verte omfatta av ordninga med ferdigbehandla pasientar i 2014 og det vil verte ei stor utfordring dersom det vert tilfelle, både når det gjeld behandling for den einskilde og bustad.

Innføring av nytt naudnett og felles legevaknummer for heile landet vil verte ei økonomisk utfordring for kommunen som ein vanskelig kan unngå. Utgiftene er anslått til kr. 150.000.

Behov for vikarar i legeheimler har synt seg å føre med seg store utgifter. Det er og forventa at det vil måtte nyttast vikarar i 2014 og ein må forvente ein netto kostnad for kommunen.

Det vil og verte fremja ein eiga sak i samband med behov for oppretting av ytterlegare legeheimlar. Det er per i dag ikkje ledige plasser på nokon av fastlegelistene og det er og behov for å styrke den offentlege legetenesta, til dømes på helsestasjon. Oppretting av legeheimlane vil i seg sjølv ikkje medføre ei økt kostnad.

I den drifta vi har innan barnevern og helsestasjon har vi lagt inn ei vidareføring av statlege tilskot frå Fylkesmannen og Helsedirektoratet. Det vil verte ei stor utfordring dersom desse prosjekta ikkje verte vidareført slik som antyda i tilsegna. Det er og lagt inn ei vidareføring av statleg tilskot til communal psykolog slik som er varsle.

Reelle utgifter til Nattlegevakt og leigeavtaler ved Herøy legesenter har synt at ei innsparing på kr. 450.000 ikkje har vore mogleg. Det er derfor teke inn i budsjettet igjen.

Tenestene til barnevern er lovpålagde og utforutsigbare. Det er ei stor utfordring å klare å halde seg innan dei økonomiske rammer som ein har fått tildelt. Det er ikkje lagt inn rom for nye plasseringar i fosterheim eller etterverntiltak. Barnevernet arbeidar for tida med fleire alvorlege saker som fort kan føre til auka utgifter for kommunen. Kjem det til nye plasseringar eller anna uforutsigbare kostnadar, kjem vi tilbake til det.

Tiltaket tverrfagleg team er eit svært godt førebyggjande tiltak. Det er ynskjeleg å vidareutvikle dette tiltaket i skulane og barnehagane.

Samflytting og etablering av ein felles kultur i avdelinga vil fortsatt vere ei utfordring.

Prioriteringar:

I dei skisserte tiltaka i Arena er det både set opp nye tiltak og lagt inn for å få ein samla reduksjon på 5 % av netto driftsbudsjett i 2013. Eg vil først sjå på tiltaka for å nå ein reduksjon på 5 %.

Reduksjonar:

Prioritet 1 for å behandle:

Alle tiltak som går rett på drifta av tenestene i avdelinga. Det vil i første rekke si å behalde vikarar i delstillingar. Dette er godt kvalifiserte vikarar som er inne i konkrete stillingsprosentar i barnevern, helsestasjon og fysioterapi på sjukeheim.

Prioritet 2

Når det gjeld dei øvrige forslaga til kutt innan avdelinga finn eg det vanskeleg å prioritere mellom dei- Eg vel derfor å sette dei samla opp som prioritet 2.

Nye tiltak:

Prioritet 1.

Når det gjeld dei nye tiltaka er det vanskeleg å prioritere nokon av dei lågare enn prioritet 1 då dette er tiltak som allereie har virkning på utgiftene til avdelinga eller det er tiltak som kommunen ikkje kan velje bort.

Naudnett/legevakt- det er under gjennomføring landsdekkande naudnett som for konsekvensar for vaktberedskapen i for helsetenesta. Dette er utgifter kommunen ikkje kan velje vekk.

Tilsvarande er det med utgiftene til NPE (Norsk pasientforsikring) – dette er utgifter til premiebetaling og ikkje konkrete utgifter kor kommunen har pådratt seg eit ansvar.

Utgiftene til nattlegevaka vart ikkje kalkulert tilstrekkeleg med i førre års budsjett. Tilskotet til satsing på helsestasjon og skulehelseteneste har kome konkret til uttrykk i det framlagte statsbudsjettet og er såleis satt opp som eit nytt tiltak.

Med helsing

Inger Marie Tofthagen



# Pleie- og omsorgsavdelinga



## BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANKOMMENTARAR FOR PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

### OM AVDELINGA

Pleie- og omsorgsavdelinga er ei av dei største tenesteytande resultateiningane med knapt 142 årsverk. Deltidsandelen er stor, så det går mykje tid til personaladministrasjon. Avdelinga er bygt opp med ein administrasjon med overordna ansvar for plan- og kvalitetsarbeid, økonomi, sakshandsaming, enkeltvedtak og koordinering av pasientflyt med meir. Der er ei kjøkken- og driftsavdeling og sju underavdelingar som driv institusjons- og heimetenester. Avdelinga er langt framme på mange område, men står overfor store utfordringar når det gjeld aukande pasientgruppe, rekruttering av kvalifisert personell og nye ansvarsområde som følgje av samhandlingsreforma.

	2013	2014
Talet på årsverk	141,73	141,73
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 120	1,0	1,0
Fagressurs teneste	140,73	140,73

Fordeling av stillingsprosent:

- 100 % 32 personar
- deltid over 50 % 132 personar
- deltid under 50 % 59 personar

### TENESTER

Avdelinga har eit spesielt ansvar for institusjons- og heimetenester. For å løyse oppgåvene har eit tett samarbeid med dei andre avdelingane med tilstøytande ansvarsområde.

Heimetenenestene er organisert i tre distrikt, derav to er knytt opp mot ei sjukeheimsavdeling. Tenestene vert gitt i eigen privat heim, og i omsorgsbustadar. Dette gjeld heimesjukepleie, praktisk bistand, støttekontakt for personar over 65 år, brukarstyrt personleg assistent, tryggleiksalarm og matombringning.

Herøy og Myrvåg omsorgssenter gir tilbod om avlastningstiltak for heimebuande i form av dagplass, avlastnings- og/eller korttidsopphald i sjukeheim. Vi har eige dagsenter for personar med demens, og eit demens- og psykiatriteam i tilknytning til dette. Vidare korttidsopphald for kartlegging av omsorgstilbod, rehabilitering og anna behandling. Langtidsopphald er ei teneste for dei som treng tilbodet over lengre tid eller permanent. Nytt av året er etablering av eit døgntilbod for øyeblikkelig hjelpe ved Myrvåg omsorgssenter, der legane kan legge direkte inn i sjukeheim. Pasienten må skrivast ut eller over i anna tenestetilbod i løpet av 3-4 dagar. Kommunen sine ordinære sjukeheimspllassar er med dette redusert frå 103 til 101, og brukarbetalinga redusert tilsvarende. Dette er eit gratistilbod, og ein må ta høgde for auke i behandlingsutgifter til desse pasientane.

### LOVVERK

- LOV 2011-06-24 nr 30: Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova)
- LOV 2011-06-24 nr 29: Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)
- LOV-1999-07-02-63 Lov om pasient- og brukerrettigheter

- LOV-1999-07-02-64 Lov om helsepersonell

## UTFORDRINGAR

Det er eit nasjonalt utviklingstrekk at personar over 67 år vert fordobra dei neste 40 åra, og at vi får store helsekilnadar. I motsetning til nabokommunane våre er Herøy kommune blant dei som får den største utfordringa i vårt fylke. Det er vidare eit nasjonalt trekk at pleie- og omsorgstenestene har redusert standard på tenester innan praktisk bistand i heimen, og slik har det også vore i Herøy. Ein har tatt frå dei med små behov for å dekke opp utgifter til dei med store behov. Det nye mantra er førebygging, der ein no skal inn tidleg og gi hjelpe til sjølvhjelpe. I ein slik overgang vil ein trenge ekstra finansiering! Ein må starte med dei nye som kjem til, og kan ikkje finansiere dette ved å ta frå dei som har tenester i dag. Det er ikkje tatt høgde for dette i årets budsjettframlegg, men det vil verte tema etter at helse- og omsorgsplanen er vedteken. Ein vil i det komande året måtte legge ein plan for prioritering av nye tiltak.

Siste åra har det vore ein jamn auke i antal pasientar, og det lokale utfordringsbildet vert stadig meir samansett. Gjennom samhandlingsreforma er dette ei styrt politisk utvikling. Vi må bygge kompetanse både i form av opplæring og rekruttering av nye fagfolk. Teknisk kompetanse vert stadig meir etterspurt og vi må prioritere meir tid til dette.

Det er ei utfordring at Herøy omsorgssenter ikkje dekkjer behova og krava til moderne sjukeheimsdrift. Vi ser med aukande bekymring på at andre tiltak vert prioriterte framfor sjukeheimsutbygging, og meiner det no er viktig å kome i gang med planlegging av nybygg. Kommunen har eit stort renoveringsbehov som må dekkjast før ein kan starte på kapasitetesaukan. Sjukeheimsutbygging må sjåast i ein heilskap med bygging av nye omsorgsbustadar. Den slarken vi fekk etter siste utbygging er borte og fleire får no avslag på omsorgsbustad fordi vi ikkje har ledig bustad

## MÅL

Pleie- og omsorgsavdelinga si hovudmålsetting:

- *Sikre at alle som har behov for pleie- og omsorgstenester vert gitt tryggleik for nødvendig og individuelt tilpassa tenester*
- *Medverke til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, og ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre*
- *Sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som ivaretar kontinuiteten i tenesta*
- *Sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.*

Avdelinga har i tillegg fleire delmål under fokusområda økonomi, organisasjon, teneste og lokalsamfunn. Når det gjeld økonomi er utfordringa å ha ei ramme som er i samsvar med dagens drift. Avdelinga har sterkt fokus på målstyring, god budsjettdisiplin, utvikling av fagleg skjønn og omgrepet nødvendige tenester.

Rekruttering av fagkompetanse vert den store bøygen i nær framtid, og avdelinga vil arbeide med ein eigen plan for dette som ein delplan under helse- og omsorgsplanen.

Innanfor tenesteområdet vil nytenking verte sentralt. Ein må finne nye arbeidsmåtar og bygge nye haldningar både i brukar- og personalgruppa. Velferdsteknologi, ny arbeidsfordeling og nye yrkesgrupper er viktige stikkord. Kontakta med lokalsamfunnet er viktigare enn nokon gong med tanke på etablering av felles folkehelseplattform. Arbeidet med dette vil skje i regi av helse- og omsorgsplanen.

## NYE TILTAK

- 50 % stilling for driftsteknikar for å ivareta driftstekniske arbeidsoppgåver knytt til PDA i heimetenestene, tryggleiksalarm, pasientsignalanlegg, kontroll og vedlikehald av medisinsk utstyr, elektriske senger og hjelpemiddel generelt
- Tilsaman 150 % stilling for sjukepleiar til intern fordeling i heimetenestene. Kreftsjukepleiar har lenge vore eit etterlengta tiltak, og det må vurderast om ein kan nytte noko av midlane til dette
- Elektronisk medisinsk oppslagsverk med kursdatabase der ein ved gjennomført kurs kan få kursbevis. Det er store krav til oppdatert kunnskap og avdelinga må over på elektronisk oppslagsverk. Det vert stadig fleire elektroniske kurs og dette er god kost/nytte.
- Auka utgifter og tapte inntekter som følgje av opning av døgntilbod for øyeblikkelig hjelp er lagt inn som eit nytt tiltak. Dette vert ein sum som er basert på gjetning, då tilboden er i startfasen. Grunnfinansieringa til dette ligg alt inne i budsjettet då avdeling A er vidareført med 19 pasientar, og ikkje 17.
- Tiltaket med utstyr til sjukeheimane på kr 200 000 er vidareført frå økonomiplan 2013-2016

### Kommentar til budsjettet:

Budsjettframlegget frå pleie- og omsorg frå 2013 var på kr. 97 650 000. Endeleg ramme for 2013 vart sett til 95 000 000. I den ligg eit innsparingskrav på to kronebeløp; 950 000 og 1 700 000. Levert budsjettframlegg for 2014 er på kr 97 534 702. Veksten i forhold til tildelt ramme for 2013 ligg i at salderinga ikkje er vidareført i budsjettframlegget. Dette er eit konsekvensjustert budsjett basert på dei faktiske lønsutgiftene som er knytt til det antal fast tilsette avdelinga har. I tråd med gjeldande praksis for avdelingar med døgndrift er det vidareført lønsutgifter på 2,5 % vikar av 10100 til innleige for korttidsfråvær. Det er som før ikkje lagt inn midlar til vikar for langtidsfråvær, eller til å dekke utgiftene for dei mange seniorane som har ekstra friveker. Meirforbruk på ekstravakt og overtid er ikkje tatt inn i budsjettframlegget. Alt dette er reelle utgifter som må med i betraktinga når ein skal vurdere totalramme.

Utgiftene mellom dei ulike funksjonane og artane har store årlege svingingar ut frå den pasientgruppa vi har. Vi legg difor stort arbeid i intern ompostering frå minkande behov til aukande behov. Driftspostane er marginale, men er på grunn av innsparingskrav ikkje foreslått auka utover den interne omposteringa som er gjort. Reduserte utgifter til reiseutgifter, kjøp frå andre, husleige, støttekontakt mfl. har

vorte ført over som ein auke på medisin, medisinske forbruksvarer, utstyr, matvarer, omsorgsløn, ekstrahjelp og litt på overtid.

Generelt har avdelinga for lite ekstravakt- og overtidsmidlar. 2013 forbruket er langt over det som budsjettet. Vi har også postane noko ved intern omposting. Auken utover dette er ikke tatt i inn i budsjettframlegget for 2014. Når ein skal vurdere avdelinga si ramme er det viktig å vere klar over at faktisk forbruk for 2013 ikke er vidareført.

## FORSLAG TIL SALDERING

Samhandlingsreforma inneber også oppgåver til pleie- og omsorg. Avdelinga driv kostnadseffektivt, og utfører lovpålagde tenester. Vi har for lite tilsette i forhold til vedtak på tenester. Vi treng meir ressursar for å utføre desse oppgåvene, og eg kan då ikke fremje tiltak om saldering i vidareføring av noverande drift. Det må gjerast vesentlege strukturelle grep om avdelinga skal kunne spare pengar, og dette er avhengig av nyinvestering. Mange kommunar har avheimla sjukeheimspllassar for å spare pengar. For å kunne gjere det må vi ha nye omsorgsbustadar med heildøgn bemanning. Det vil altså vere betalingsordningar og bruk av bygg og evt ny teknologi som vil ha innteningspotensiale.

Ragnhild Velsvik Berge  
25.09.13

Målkrav saldering, i prioritert rekkefølge

Salderingskrav PO	Kr 4 750 000,00	Verknad
1. Auke anslag for vederlag langtidsopphold	277 000,00	1.1.14
2. Auka leige for tryggleiksalarm	66 000,00	1.1.14
3. Auke pris på middag Hos	111 000,00	1.1.14
4. Auke pris på middag Mos	46 000,00	1.1.14
5. Vakant kreftsjukepleiar NB: berre for 2014	143 509,00	1.1.14
6. Flytte ti pasientar frå gul til grøn, saldering lønsmidlar	2 044 239,00	1.6.14
7. Saldering lønsmidlar faste stillingar	2 069 204,00	1.6.14

NYE TILTAK i prioritert rekkefølge

1. Må: 150 % stilling for sjukepleiar til intern fordeling for å dekke opp tildelte vedtak i heimetenestene. Kreftsjukepleiar har lenge vore eit etterlengta tiltak, og det må vurderast om ein kan knytte noko av midlane til den 25 % stillinga avdelinga har frå før
2. Må: 50 % stilling for driftsteknikar for å ivareta driftstekniske arbeidsoppgåver knytt til PDA i heimetenestene, tryggleiksalarm, pasientsignalanlegg, kontroll og vedlikehald av medisinsk utstyr, elektriske senger og hjelpemiddel generelt
3. Må: Utstyr til sjukeheimane kr 200 000 (vidareført frå økonomiplan 2013-2016). Utskifting av pasientsenger og anna nødvendig utstyr
4. Bør: NEL: Norsk elektronisk legemiddelhandbok. Kunnskap er ferskvare og eit elektronisk oppslagsverk vil stette dei store krava til oppdatert kunnskap. Dette er det same oppslagsverket som vert brukt av legane. I prisen ligg også ein kursdatabase der ein ved gjennomført kurs får kursbevis. Dette kan nyttast som ein del av internkontrollen til lovpålagde kurs. Tiltaket er lagt inn på pleie- og omsorg, men utgiftene skal delast med bu- og habiliteringsavdelinga
5. Bør: VEILEDEREN er eit elektronisk oppslagsverk som samlar informasjon frå alle relevante regelverk, lovsamlingar, forskrifter, juridisk praksis, tolking o.l. innanfor teneste- og personalforvaltning for pleie- og omsorg og bu- og habilitering. Oppslagsverket er kvalitetssikra av juristar og vert kontinuerlig oppdatert. Der er ein kraftig søkemotor, samt svarteneste tilgjengelig på telefon eller e-post. E-læringskurs for alle tilsette samt årleg brukarkonferanse/kurs er inkludert i prisen. Dette er eit verktøy som vil hjelpe oss til å ivareta oppfølging av regelverk innanfor HMS/arbeidstid og tenestetildeling. Er også relevant i forhold til krav som vert stilte i normen, t.d. teiepliktreglane. Tiltaket er lagt inn på pleie- og omsorg, men utgiftene skal delast med bu- og habiliteringsavdelinga.



# Bu- og habiliteringsavdelinga





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga  
Frå: Bu- og habiliteringsavdelinga

Offl. § 13 j fvl § 13

Saksnr 2013/1130	Arkivkode 150	Dato 22.10.2013
---------------------	------------------	--------------------

---

### BUDSJETTKOMMENTARER 2014 BU OG HABILITERINGSAVDELINGA

Gjennom Bu- og habiliteringsavdelinga skal kommunen sikre at menneske med utviklingshemming vert gitt nødvendige og individuelt tilpassa tenester. Det skal leggast til rette for at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre. Tenestetilbodet skal vere samordna og fleksibel slik at kontinuiteten i tenesta vert ivaretaken. Tenestetilbodet skal så langt som råd vere utforma i samarbeid med brukaren.

Det er ei målsetting for kommunen at avdelinga skal bygge opp eit samordna tenestetilbod med fagleg kompetanse retta inn mot målgruppa. Det skal vere «ei dør» som opnar opp for dei nødvendige tenestene; med tanke på å gjere tenestene meir oversiktleg for innbyggjarane i kommunen.

Avdelinga har totalt 58,844 årsverk per 01.10.13.

**Tenestene:**

- Kommunen skal gje tilbod etter gjeldande regelverk og fastsett standard.
- Standard for praktisk bistand: heimehjelp/miljøarbeid er fastsett i tenesteerklæring som er vedteken av kommunestyret
- Standard for institusjonsomsorg/avlasting er fastsett i tenesteerklæring som er vedteken av kommunestyret.
- Standard for transportdekking i støttekontaktenesta er vedteken av kommunestyret.

For å løyse oppgåvene vert det ytt følgjande deltenester:

- omsorgsbustad
- praktisk bistand og opplæring
- avlastningstiltak
- borgarstyrt personleg assistent (BPA)
- støttekontakt
- omsorgsløn
- vaksenopplæring
- dagtilbod/kommunal sysselsetting

**Lovverk:**

- Helse- og omsorgstenestelova
- Opplæringslova
- Pasient og brukarrettigheitslova
- Helsepersonellova

**Utfordringar:**

- Rekruttere kvalifisert personale
- Sjukefråvær og overtid
- Kompetanseutvikling
- Nye brukarar med andre utfordringar enn det vi har hatt før
- Dårleg kvalitet, for lite plass og manglante høve for tilrettelegging på dagtilboda.
- Planlegging og bygging av nye bustader

**Mål i årsrapport:**

Byggje opp eit samordna tenestetilbod retta inn mot målgruppa:

Avdelinga vil vere avhengig av ei samordning av dagtilboda for å betre kvaliteten på tenestetilbodet ytterligare.

**Tenestene har tilfredstillande dekningsgrad:**

Per i dag har vi omsorgsbustader som dekker behovet, venter på byggjestart for 4 nye bu-einingar tilpassa brukarar med store behov. I åra framover vil det kome brukarar innan autismespekteket som gir utfordringar i høve bustad og arbeid. Vi har pr. dags dato kapasitet i avlastningsinstitusjonen.

**Kommunen yter tenester i samsvar med loverket:**

Bu- og habiliteringsavdelinga skal som hovudregel få medhald i saker som vert overprøvd av fylkesmannen.

### Brukarane er tilfreds med dei kommunale tenestene:

Bu- og habiliteringsavdelinga har gjennomført kartlegging av brukarrepresentantar på vegne av tenestemottakarane hausten 2008 og våren 2011. Begge kartleggingane viser eit snitt under landssnittet. Det er aktuelt med ny brukarkartlegging i 2014 med fokus på korleis brukarane sjølv opplever kvaliteten på levert teneste.

### Prioriterte økonomiske tiltak/kommentarar

#### Forklaring budsjett

Budsjettet er vidareført etter 2013 driftsnivå. Det er budsjettert med registrert løn per 12.08.13. Det er rekna med 1,23 % feriepengetillegg. Ferievikaposten er budsjettert realistisk med 5 veker ferie, overtid og ekstrahjelp er i hovudsak vidareført frå 2013. Pensjon 16,5 % og arbeidsgjevaravgift 14,1 %

Kortidsfråvær er berekna med 3 % fråvær på bustadsida og 2,5 % på dagtilbodsida.

Tilleggsløn er rekna etter gjeldande turnusar og kven som eig stillingane. Driftspostar er i hovudsak ført vidare som i 2013.

Tidligare reservert bevillingar/avsetningar pålagt avdelinga er korrigert i null.

Foreløpig foreslått ramme utan dei nye driftstiltaka for 2014 er på 35 235 795,-

### Planlegging av nye driftstiltak

Tiltak er lagt inn i prioritert rekkefylgje

#### Auke i ressursar på lovpålagde tenester:

1. Bu- og habiliteringsavdelinga har ein auke i lovpålagde tenester i miljøarbeid etter helse og omsorgstenestelova. Denne auken inneberer ein auke i bruk av ressursar på 0,866 årsverk og ein kostnad på **353 767,-**. Dette er nye brukarar som bu og habiliteringsavdelinga har fått overført frå barnevernet si omsorg. Denne auken vil vere permanent og må difor leggast fram til politisk vurdering, som ei eiga sak om oppretting av heimlar i etterkant.
1. Bu- og habiliteringsavdelinga har ein auke i lovpålagde tenester i (borgarstyrt personleg assistent)BPA- ordning etter helse og omsorgstenestelova. Denne auken inneber ein auke i bruks av ressursar på 0,64 årsverk og ein kostnad på **460 761,-**. Dette er ein brukar som har behov for oppfølging på dagtid etter at vedkommande var ferdig i vidaregåande skule. Denne auken vil vere permanent og må difor leggast fram til politisk vurdering, som ei eiga sak om oppretting av heimlar i etterkant.
2. Nedjustering av inntekt på ressurskrevjande brukarar om den nye regjeringa opprettheld korrigert kostnadsnøkkelen på ressurskrevjande brukarar som var lagt til grunn i statsbudsjettet av 14.oktober. Ekstra kostnad for kommunen vil vere **600.000,-**

### Nødvendige behov:

#### **3. Styrking av Koordinerande Eining.**

Bu- og habiliteringsavdelinga fekk i 2010 ansvar for koordinerande eining i Herøy kommune. I dette ansvaret ligg overordna ansvar for arbeid med individuell plan og for oppnemning, opplæring og veiledning av koordinatorar etter §§ 7-1 og 7-2 i helse og omsorgstenestelova.

Dette arbeidet krev mykje tid utan at ressursar er satt av til dette arbeidet. Det er behov for ressursar tilsvarende 50% stilling, for å gjere dette arbeidet tilfredstillande etter lov. Det er behov for ei 50% stilling som vil utgjere ca 300.000,- inkl. sosiale utgifter i nye lønsmidlar.

#### **4. Nedkorrigering av forventa inntekt:**

Ein ser at inntektene på dagtilbodet går nedover i 2013. Har igjen berre ein arbeidsleiar som er snekkar mot 3 stk. som dei var før. Dette viser igjen på inntektssida. Ein har utvida dag tilbodet med to nye arbeidsoppgåver som gjev fleire av brukarane meiningsfylte oppgåver i kvardagen. Det gir ei viss inntening.

Inntening i 2014 vil verte sett ned til 299 800 kr. Må vurdere inntektene på nytt når ein får samlokalisert dagtilbodet i nytt bygg.

### Ønska tiltak:

#### **5. Sampro:**

Det er behov for å ha eit nettbasert dataverktøy i høve individuell plan. Herøy kommune er ein av dei få på Sunnmøre som ikkje har eit slikt verktøy. Dette vil lette arbeidet til den som er koordinator og ein får heilheitleg oversikt. I sjusterne- kommunane er det Sampro som er brukt. Pristilbod som er innhenta: eingongspris på ca. 30.000,- for oppstart/opplæring + Årspris er 5 kr. Pr. innbyggjar, dvs. 43.750,- kr.pr.år. For 2014 totalt: **73.750,-**

### **Planlegging av nye investeringstiltak**

#### **1. Bygging av fire nye bustader for unge funksjonshemma:**

Bygging av fire omsorgsbustader til funksjonshemma, på området til Bergsøy barnehage er ikkje på begynt. Pengar til bygging vart løyvd av kommunestyret i 2009, 2010, 2011 og 2012. Området er regulert. Beliggenheit har vore diskutert med dei aktuelle foreldra, og dei er svært positive til den sentralt beliggande plasseringa. Prosjektet er fullfinansiert i k-sak

#### **1. Bygging av dagsenter i tilknyting til fire nye omsorgsbustader for funksjonshemma:**

Det er eit presserande behov for eit nytt bygg, der vi kan legge til rette for eit breiare dagtilbod til personar med utviklingshemming. Politisk komité 1 i førre kommunestyreperiode framheva behovet for eit samla og breiare dagtilbod til denne målgruppa, som den viktigaste prioriteringa i Herøy kommune. Bu- og habiliteringsleiar er samd i denne prioriteringa. Det er ikkje mogleg å tilrettelegge betre eller effektivisere meir på dagtilbodsida utan eit slikt grep. Ein vil då samlokalisere vaksenopplæring avd. Eggesbønes, Herøy aktivitet og treningscenteret og miljøarbeid, i nytt bygg i tilknyting til Herøy produksjon. Det vil vere behov for ein del nye funksjonar som vi ikkje har i dag.

Dagtilboden per i dag er fragmentert og spredt, og klarar heller ikkje å famne nødvendige behov. Vi treng fleire tilbod både til ressurrssvake og ressurssterke

menneske med utviklingshemming som fell utanfor ordinert arbeid og tiltak i regi av NAV. Vi har fleire brukarar som kan bidra til ressursskaping i Herøy kommune, der vi ikkje hentar ut denne kapasiteten. Dette er ein ressurs vi kan nytte i bedrifts messig samanheng.

I økonomiplanen 2013-2016 er det på investeringstiltak satt av kroner 2 500 000 til dette føremålet.

#### **Saldering, strategisk budsjett:**

Salderingstiltaka er lagt inn i prioritert kategori/rekkefylgje

##### **1. Auka inntekter:**

Lite å hente på inntektssida. På ressurskrevjande brukarar har vi klart å hente inn stadig meir frå staten med god sakshandsaming og kunnskap om dette. Budsjettet for 2014 var auka med ei inntekt på 1,2 million frå 2013 med gjeldande kostnadsnøkkelen. Måndag 14.okt i nytt statsbudsjett vart kostnadsnøkkelen endra med tilbakeverkande kraft. Om denne vert opprettheldt av ny regjering, vil vi måtte redusere den innlagte auken på inntektssida med 600.000,-. Vi har difor to ulike scenario per d.d

Vert det ei evt. omgjering av denne korreksjonen og nivå opprettheldt som i dag, som meldt av regjeringspartia i media 15.oktober, vil vi med bakgrunn i erfaringar frå tidlegare år med meirinntekter, kunne auke inntekta noko. Bu- og habiliteringsleiar sitt optimistiske forslag er ei ytterligare innsparing på **150.000,-**

Konsekvens: Dette er i alle høve ei usikker budsjettering, då endring i statlege føringar ikkje er satt i verk før ny regjering har påverka budsjettet. I tillegg vil endringar i brukargruppa alltid få konsekvens for inntening her.

##### **2. Omstilling/samanslåing av einingar:**

###### **Innsparing på straumutgifter på fellesareal butilbod og dagtilbod:**

Vi legg til grunn at vi kan spare **30.000,-** på straumutgifter fordelt på avdelinga med bakgrunn i rekneskapen for 2013. Alle andre driftsposter er enten marginale eller underbudsjettet frå før.

Konsekvens: Straumpris er ikkje noko vi kan styre. Vi har kontinuerleg fokus på Enøk.

###### **Innsparing på materialinnkjøp Herøy produksjon:**

Vi legg til grunn at vi kan spare **20.000,-** på materialinnkjøp med bakgrunn i 2013 rekneskapen.

Konsekvens: Strammare rammer for investeringar i høve material/innkjøp av utstyr.

###### **Innsparing på leasingutgifter på Herøy produksjon:**

Vi legg til grunn at vi kan spare **20.000,-** på leasing av maskiner med bakgrunn i rekneskapen for 2013.

Konsekvens: Strammare rammer for leasing av maskiner og utvikling av tenestetilbodet.

#### Butilboda: Rammeinnsparing

Alle stillingar i turnus er oppretta med bakgrunn i enkeltvedtak som er satt i verk. Dette er gjort etter kva kommunen har vurdert som nødvendige tenester etter lovverket. Ein reduksjon her kan ikkje gjerast med bakgrunn i kommunen sin økonomi, men i endring av behov hos den enkelte. Avdelinga har hatt utskifting i brukargruppa og møtt nye behov. Mykje av dette har vi kunne møtt med dei ressursane vi har fått oppretta allereie, men noko kjem ut over dette, spesifisert i nye tiltak drift.

Det vi kan prøve å spare på her er vikarutgifter ved kortidssjukdom. Ei stor innsparing har vist seg å vere vanskeleg, då bemanning følgjer vedtaka til den enkelte brukar. Bu- og habiliteringsleiar er likevel positiv til at vi kan prøve på ei generell innsparing her på 200.000,- fordelt på avdelingane etter tal på tilsette.

Konsekvens: Dette er ei usikker innsparing, då erfaringar visar at dette er vanskeleg å gjennomføre i praksis.

#### Dagtilboda: Rammeinnsparing

På dagtilbodsida har vi skore ned drifta over fleire år. På Herøy produksjon vart det i 2008 redusert frå 3,0 årsverk til 2,5 årsverk. Vi reduserte på Vaksenopplæringa i 2010 frå 2,5 årsverk til 2,0 årsverk. På aktivitetssenteret har vi 2,0 årsverk, men vi har hatt 0,8 stilling vakant i 2013. Bu- og habiliteringsleiar har ikkje funne det tilrådeleg å kutte i denne stillinga, då stadig nye behov har ført til at ressursar frå denne vakansen har vore nytta i periodar. Vi ser også no at presset på koordinerande eining som ligg til bu- og habiliteringsavdelinga og ikkje har fått ekstra ressursar til dette arbeidet, treng meir ressursar. Vi har difor nytta litt av denne stillinga til å klare den jobben.

Bu- og habiliteringsleiar finn det fortsatt ikkje tilrådeleg å kutte i vakansen, men vi kan legge inn ei generell rammeinnsparing på Aktivitetssenteret for 2014 på 150.000,-. Tiltaket kan ikkje videreførast i økonomiplanperioden utan vidare. Målet for 2014 er då å berre nytte dei prosentane av stillinga som vi treng for å møte dei nye behova.

Konsekvens: Auka behov på tenester kan føre til at vi ikkje klarar å spare inn heile beløpet.

### **3. Reduksjon i kvalitet og omfang på teneste/leggje ned tenester:**

#### Reduksjon av 10% stilling på Vaksenopplæringa:

Det er mogleg å redusere 10% stilling på Vaksenopplæringa med bakgrunn i gjeldande enkeltvedtak. Vi legg til grunn at ei stilling på 100% kostar 600.000 inkl. sosiale utgifter. Endringsoppseiing/ oppseiingsprosess vil ta tid (5 mnd) slik at ei mogleg innsparing vert ca 35.000,- på 7 mnd.

Konsekvens: Behov endrar seg over tid. Nye søknader og vedtak kan endre behovet slik at ressursen må takast igjen.

#### Reduksjon av 30% stilling på Nestunet:

På grunn av endra brukargruppe og gjeldande enkeltvedtak kan vi redusere 30% som miljøarbeidar på Nestunet. Ressursen må takast frå dei brukarane som ikkje er definert som ressurskrevjande brukarar. Vi legg til grunn at ei stilling på 100% kostar 500.000,-. På grunn av vakansar vil denne med verknad frå januar gje ei innsparing på 150.000,-

Konsekvens: Nye brukarar med nye behov er på vei inn på Nestunet. Behova er ikkje ferdig kartlagt, slik at enkeltvedtaka kan ende opp med å overstige dei personellrammene vi har til rådevelde før innsparingsa.

Evt. redusering av leiarkapasitet:

Bu- og habiliteringsavdelinga har 4 leiarar ute i feltet.

2 leiarar med til saman 2.0 årsverk administrerer relativt store personellgrupper/område og kan/bør ikkje leie meir personell enn dette.

2 leiarar med til saman 1,5 årsverk har ansvar for mindre personellgrupper/område. Ei samordning av leiaransvar her kan vurderast, med reduksjon på 50% stilling i 2014. Det er vanskeleg å talfeste ei evt. innsparing her. Endringsoppseiing/ oppseiingsprosess vil ta tid (5 mnd). Om ein pårekner at ei 50% stilling kostar 350.000 inkl sosiale utgifter vil ei innsparing på 7 mnd vere **200.000,-**

Eit stort men her, er at avdelinga har ei ny bueining, tiltenkt med høg personellkabal, under oppføring. Denne vil mogleg vere klar primo 2015. Denne eininga vil heilt klart krevje ytterligare administrasjon/fagoppfølging ifht i dag og aukar behovet for leiing i avdelinga. Mogleg er det meir hensiktsmessig å vurdere leiarkabalen/kapasiteten i bu-hab når denne bueininga skal i drift.

Konsekvens: Å kutte på leiarressurs er ofte eit kortsiktig tiltak som forplantar seg negativt på lang sikt i høve oppfølging av personell. Visar seg i auka overtid og sjukefråver. Skulle reduksjonen føre til ei endringsoppseiing i staden for oppseiing, vil vedkommande ha rett til å behalde leiarløna si i ny stilling. Innsparinga for 2014 vert då marginal, då løna vil vere høgare enn løn for 3-åring høgskule. Innsparinga vil auke igjen på lang sikt når forsprangen i løn vert oppeten ved lønsforhandlingar. Behovet for administrasjon og leiing vil også auke innan kort tid, slik at det vert meir arbeid enn innsparingsresultat å gjere noko per d.d.

Redusere på kompetanseheving/fagdagar:

Bu- og habiliteringsavdelinga har fagdagar for tilsette i turnus. Ved å redusere på 2 fagdagar i løpet av året vil vi kunne spare **120.000,-**

Konsekvens: Fagdagane har stor betydning for kompetanseheving av personell for denne brukargruppa. Kommunen har over år hatt utfordringar med å rekruttere kompetent personell til dette arbeidet. Kompetanse er avgjerande for kvaliteten på det arbeidet som vert gjort. Reduksjon på kompetansehevingstiltaka er realistisk men ikkje ønskeleg. Reduksjon i fagdagsressurs kan/vil føre til oppseiing av tilsette tilsvarande reduksjon i fagdagsressurs i turnus.

**4. Reduksjon i kvalitet og omfang på teneste/leggje ned tenester:**

Seie opp avtalen med Grøn omsorg (Inn på tunet): Brukarar må få andre arbeidstiltak gjennom NAV. Innsparing **700.000,-** for eit heilt kalenderår. Avtalen med Grøn omsorg har 3 mnd oppseiingstid så innsparing her heng saman med kor fort vi får sagt opp avtalen. Avtalen bind opp fast ca 550.000,- og vi har budsjettert 150.000 for å møte fleksible utgifter ved behov, for kjøp av ekstra dagar her.

Konsekvens: Dette vil gå ut over tilbodet til brukarar som har ønska seg spesifikt til hit. Vi veit også av erfaring at det kan vere vanskeleg for NAV å finne arbeidstilbod til brukarar med funksjonshemmning/utviklingshemming. Dersom brukarane ikkje kan få anna arbeidstilbod som dei kan tenke seg sjølv, kan resultatet av kutt her kan føre til behov for auka bistand i form av enkeltvedtak. Dette kan bli dyrare på lang sikt. Ein må pårekne at ei slik innsparing vil føre til motstand frå brukarrepresentantane.

Ta vekk all tilbod om køyring i støttekontaktenesta:

Tilboden er ikkje lovpålagt kommunen. **Innsparing 70.000,-**

Konsekvens: Tilboden går til dei i Herøy kommune som treng hjelp til å vere ute i det sosiale liv. Å spare på små utgifter på den eine sida kan føre til behov for bistand som kostar meir i den andre enden. Saka har vore oppe til politisk debatt tidligare og politikarane ville då oppretthalde eit tilbod.

Bu- og habiliteringsleiar legg etter pålegg frå rådmannen fram ei total kuttliste på 1.845.000 (5,3%) Av desse er 150.000,- på ekstrainntektsressurskrevjande brukarar særskilt uklare. Nokre av tiltaka vil kunne ha større innsparingseffekt ved heilårsverknad i 2015.

Renathe Rossi-Kaldhol  
Bu- og habiliteringsleiar

# NAV (sosial og flyktning)





## // NOTAT

Til: Geir Egil Olsen //  
Fra: Berit Lyngstad //  
Dato: 19.09.1

## Budsjettkommentar

### BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANKOMMENTARAR

#### 1. Om NAV Herøy

NAV Herøy har 6,8 statlege årsverk og 10,7 kommunale årsverk. Dei kommunale tenestene som er lagt til NAV-kontoret er sosialtenesta, bustadsosial teneste og flyktningtenesta. Felles for desse er at dei alle har som formål å bidra til at folk blir sjølvhjelpe sosialt og økonomisk, i forhold til arbeid og aktivitet, og i forhold til eiga bustad.

#### 2. Tenester i NAV Herøy

Under Lov om sosiale tenester i NAV har vi vedtaksmynne etter:

§ 17: informasjon, råd og rettleiing, herunder økonomisk rådgjeving

§ 18: Stønad til livsopphald og § 19: Stønad i særlege tilfeller

§ 27: Midlertidig bustad ved akutt bustadløyse

§ 28: Individuell plan

§ 29: Kvalifiseringsprogram

Under lov om kommunale helse- og omsorgtenester har vi vedtaksmynne etter:

§ 3-2 6 b: personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt

- *bustadsosial teneste* som bidrar til å fremskaffe bustader, yte praktisk bistand ved busetting av, og opplæring til dei som ikkje kan å bu sjølvstendig

- *oppso��ande miljøarbeid* med samtalar, råd og rettleiing for dei som ikkje har eit ordinært tenestebehov, som f.eks ungdommar og personar med utfordringar knytt til rus og psykiatri

- *oppfølging av arbeidsgjevarar og brukarar* der det er oppretta arbeidspraksis

- *oppfølging av arbeidsgjevarar og flyktningar* der det er oppretta språkpraksis

- ordinære vedtak om *støttekontakt* til dei som har behov for det

---

#### NAV HERØY // ARBEIDS OG VELFERDSESTATEN

Postadresse: Herøysenteret // 6092 FOSNAVÅG

Besøksadresse: Herøysenteret // 6092 FOSNAVÅG  
Tel: 55553333 // Faks: 74 73 36 91

[www.nav.no](http://www.nav.no) // [nav.kontaktsenter@nav.no](mailto:nav.kontaktsenter@nav.no)

#### Etter kapittel 10: Tvangstiltak overfor rusmisbrukarar

§ 10-1: plikt til å vurdere bruk av tvang etter melding frå pårørande til rusavhengige

§ 10-2: Tilbakehold i institusjon utan eiga samtykke

§ 10-3: Tilbakehald av gravide rusmiddelavhengige ut

#### 6. NAV Herøy planlegg ingen nye tiltak i 2012.

Vi vil gjere små justeringar i budsjettet knytt til:

- partnerskapsavtalens punkt om utgiftsdekning av kontorutgifter
- bruk av bundne fond

NAV Herøy har saman med Herøy vidaregåande skule starta eit prosjekt med miljøterapeutar i skulen. Det er avsett ressursar tilsvarende 50 % stilling, kor skulen dekkjer halvparten. Det kan bli aktuelt å søkje prosjektmidlar i 2014 for å utvide prosjektet, då ein etter kort tid ser ein klar positiv effekt av dette førebyggande arbeidet.

I samband med oppfølging i kommunale bustadar og busetting av flyktningar vil ein heile tida bruke ressursane der det er størst behov.

#### 7. Forslag til salderingar

NAV Herøy har få postar med tiltak, og størstedelen av budsjettet går til løn, ordinær drift og lovpålagte tenester som økonomisk sosialhjelp, støttekontakt, og kjøp av tenester frå andre kommunar (f.eks Krisesenteret og plassar på Ulshav i Ulsteinvik)

Sida det er kompetansemidlar på bundne fond, er det foreslått å saldere budsjetterte kompetansemidlar tilsvarende 70 000. Dette er budsjettert på hhv sosialtenesta og flyktningtenesta. Sosialtenesta får mesteparten av kursa sine kostnadsfritt gjennom Fylkesmannen. Flyktningtenesta derimot, må ofte reise til Trondheim og Oslo får å delta på arrangement gjennom Imdi. Midlane på bundne fond kan ikkje kompensere heilt for dette.

I eit yrke kor ein kvar dag møte menneske med store livsproblem er ekstern rettleiing både naudsynt for den enkelte og viktig for arbeidsgjevar. Utfordringa er når kompetansemidlane på bundne fond er oppbrukte og ein skal bake inn at midlar til naudsynt kompetanseheving.

# Kulturavdelinga





HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2013/1130
		Arkiv:	150

### BUDSJETTKOMMENTARAR KULTURAVDELINGA 2014

#### 1 og 2. AVDELINGA OG TENESTENE EIN YTER:

Kulturavdelinga skal leggje til rette for at innbyggjarane skal ha høve til sjølve å ta del i aktivitet innan ulike kulturområde.

Vidare skal innbyggjarane ha høve til å syne fram/utøve kulturaktivitetar til inspirasjon for seg sjølve og andre, få jamleg møte med kultur og utøvarar på eit høgt nivå innan ulike kulturområde og få høve til å verte kjende med si eiga lokalhistorie og nærmiljøet sitt.

Avdelinga skal vere i kontakt med lag og organisasjonar for utvikling av aktivitet og utbygging av anlegg for kultur og idrett.

Kulturavdelinga har fylgjande seksjonar: Kulturkontoret med ungdomsarbeid, Frivilligsentralen, Kulturhuset og Herøyhallen samt Folkebiblioteket.

I tillegg leier avdelinga utviklinga av kulturområdet i forbindelse med etableringa av Fosnavåg konserthus og kino.

#### 3. LOVVERK SOM LIGG TIL AVDELINGA:

Plan- og bygningslova, Kulturlova og Folkebiblioteklova.

I tillegg kjem internasjonale konvensjonar som gjeld kulturfeltet.

#### 4. UTFORDRINGAR MED OMSYN TIL DRIFT OG TENESTER, KNYTT TIL ØKONOMI:

Dei einskilde avdelingane er, med utgangspunkt i netto driftsbudsjett utan endringar for 2013, bedt om å redusere utgiftene med minst 5 %.

##### Kulturkontoret

For å kunne møte forventningar om reduksjon i drifta, foreslår Kulturkontoret å kutte i opplæring og reiser for tilsette, samt tilskotsordningar til lag og organisasjonar.

Konsekvensen av dette kan bli dårligare utviklingsmulegheiter og færre lokale reiser for ansatte i Kulturavdelinga, samt at frivillige lag og organisasjonar får færre midlar til utøving av sin aktivitet.

##### Muséer

Sunnmøre Museum har henvendt seg til kommunen med framlegg om ei årleg auke i overføringa tilsvarande prisveksten. Herøy Gard utøver avtalefesta arbeid på vegne av Herøy kommune, og anbefalinga er at dette framlegget blir møtt med ei auke i overføringane.

### Kino

Sidan 2000 har familien Aasmo drifta kinoen i Herøy basert på ein avtale der driftarane leiger kinoutstyr med Herøy kommune. Samarbeidsavtalen gjeld for eit år av gongen og gjeldande avtale går ut 31.12.2013.

Hausten 2014 vert det opna nytt konserthus og kino i Fosnavåg. Det ligg føre ein samarbeidsavtale mellom Fosnavåg konserthus AS og Herøy kommune der Herøy kommune har ansvaret for å drifte konserthus og kino. For å følgje overgangen til ny kinodrift i Fosnavåg konserthus og kino er det anbefalt at kommunen tek over drifta frå 1. januar 2014. Det vil truleg bli vanskeleg for private og forsvare drift for eit halvt år der ein del av tida likevel må nyttast til sjølve omlegginga. Løysinga inneber eit netto overskot dersom ein ser eksisterande og ny drift i heilheit.

### Den Kulturelle Spaserstokken

For å kunne søkje tilskot frå Den Kulturelle Spaserstokken må det leggast inn ein eigenandel i kommunens budsjett. Så langt har dette vore gjort med eksisterande personressursar i dei ulike administrasjonane. Dette gjev ikkje maksimalt utbyte av ordninga, og det er ynskjeleg med eit årleg kommunalt tilskot / beløp slik at ein kan arrangere fleire og meir profesjonelle konsertar / opplevingar for deltakarane.

### Frivilligsentralen

Sentralen driftast med tilskot frå staten og kommunen, og desse dekkjer som utgangspunkt kun faste driftskostnader. Mulegheitene er difor små med omsyn til utvikling av aktivitetar for frivillige og deltakrar innafor budsjettet. Sentralen har eit økt inntektpotensiale knytt til eksterne tilskotsordningar som kan brukast til aktivitet.

### Fritidsklubb/Ungdomstiltak og Arrangement for ungdom

Ungdomsarbeidet driftast med tilskot frå kommunen og eksterne bidragsytarar. Dei siste åra har søkernas arbeidet til eksterne bidragsytarar gitt gode resultat og ein har med dette redusert belastninga av det kommunale budsjettet med omsyn til aktivitetsmidlar.

### MOT

Driftsbudsjett utan løn overførast frå Skuleavdelinga til Kulturavdelinga.

### Kulturhus og idrettshall

Kulturhuset har stor utnyttingsgrad om ein ser på aktivitet pr. time. Førespurnader tyder på at fleire ynskjer å nytte huset og at det er behov for ein driftsgjennomgang og tilrettelegging for at flest muleg av dei som ynskjer det skal få hove til å bruke huset. For Kulturavdelinga vil konsekvens av gjennomgangen gjere seg gjeldande i budsjett 2015.

### Bibliotek

Grunna manglande inntektsmulegheiter i Folkebiblioteket sitt arbeid, foreslår ein å kutte i fleire postar for å nå budsjettet, samt auke nokre få. Konsekvens av kutt er at Folkebiblioteket reduserer si mulegheit til å levere forventa tenester.

## **5. MÅL 2014:**

Overordna: Å legge til rette for godt kulturarbeid for alle målgrupper i heile kommunen.

### Generelt

Styrke samhandlinga med frivillige lag, organisasjonar og interesseforeiningar.

Vurdere utviklingsgrep for å bidra til eit breiare kulturtilbod i kommunen, med særleg fokus på barn og unge.

Bidra til å oppretthalde gode etablerte aktivitetar.

Sette i verk aktivitetar der det føreligg eksterne økonomiske tilskot.

### Frivilligsentralen

Styrke samhandlinga med frivillige lag, organisasjonar og interesseforeiningar.

Styrke økonomien med mål om fleire aktivitetar for sårbare målgrupper.

### Fritidsklubb/Ungdomstiltak og Arrangement for ungdom

Styrke ungdomsarbeidet gjennom fortsatt sterkt fokus på utvikling av møteplassar for målgruppa.

Fortsatt satsing på MOT.

### Kulturhus og idrettshall

Kulturhuset og Herøyhallen er prioriterte arbeidsområder med mål å gjere eigedomen og drifta best mogeleg. Dette for at huset skal stå fram som attraktivt for alle brukargrupper som naturleg har sin plass på huset. I samråd med politikarar og Eigedomsavdelinga har ein styrka det felles arbeidet med mål å finne kva form huset og områda ikring skal ha i framtida, samt vurdere ressursbehov, driftsform og inntektsmogelegeheter.

### Bibliotek

I samråd med politikarar og aktuelle samarbeidspartnarar, definere og utvikle innhald og fysisk utforming av framtidas Folkebiblioteket i Herøy.

### Fosnavåg konserthus

#### - Kino og kiosk

I samråd med politikarar og aktuelle samarbeidspartnarar, definere og utvikle drift og fysisk utforming av kino og kiosk i det nye konserthuset.

#### - Konserthuset

I samråd med politikarar og aktuelle samarbeidspartnarar, definere og utvikle drift og fysisk utforming av det nye konserthuset.

Planlegge offisiell opning og kulturopplevelingar for 2014.

## 6. NYE TILTAK:

### Driftstiltak:

Tiltaka er sett i prioritert rekkefølge der nr. 1 er det tiltaket som er viktigast å gjennomføre, nr.2 er nest viktigast osv.

#### 1) 4051 – Bibliotek (lovfesta)

Auke konto 11301/370 opp kr. 1 500 til kr. 5 000, telefoni, årsak: tilpassing erfaringstal 2013

Auke konto 11600/370 opp kr. 1 000 til kr. 4 000, reiseutgifter, årsak: tilpassing erfaringstal 2013

Auke konto 11900/370 opp kr. 10 000 til kr. 298 000, husleige, årsak: auke i husleige

Auke konto 11951/370 opp kr. 2 000 til kr. 52 000, lisenser, årsak: tilpassing erfaringstal 2013

Auke konto 12000/386 opp kr. 2 000 til kr. 19 000, avgifter, årsak: tilpassing erfaringstal 2013

#### 2) 4061 – Konserthus (avtalefesta)

Nytt driftstiltak: Drift av Fosnavåg konserthus

Inntekter	Kostnader	Netto
-925 917	2 128 260	1 202 343

#### 3) 4062 – Kino og kiosk (avtalefesta)

Nytt driftstiltak: Drift av Kino og kiosk i Fosnavåg konserthus (i regi av Herøy kommune).

Inntekter	Kostnader	Netto
-1 544 435	1 307 502	-236 933

**4) 4012 – Muséer**

Auke konto 14700/375 opp kr. 7 000 til kr. 257 000, bakgrunn i søknad, årsak: tilpassing til prisvekst

**5) 4013 – Kino**

Nytt driftstiltak: Drift av Kino og kiosk på Herøy kulturhus (i regi av Herøy kommune).

Inntekter	Utgifter	Netto
-950 115	1 005 632	55 517

**6) 4015 - Tilskot til Den Kulturelle Spaserstokken**

Nytt driftstiltak: Kommunal eigenandel kr. 50 000.

**7) 4021 – Frivilligsentral**

Auke konto 11150/234 opp kr. 7 875 til kr. 15 875, aktivitetstilskot, årsak: tilpassing erfaringstal 2013

Investeringar:

Tiltaka er sett i prioritert rekkefølge der nr. 1 er den investeringa som er viktigast å gjennomføre, nr.2 er nest viktigast osv.

**1) 4062 – Kino og kiosk (Avtalefesta)**

Ny investering: Bygging av kiosk ifm kino (konserthuset)

Lån	Kostnader	Netto
-600 000	600 000	0

**2) 4011 – Kulturkontoret**

Ny investering: Heid turløype, 3 byggetrinn

Lån	Kostnader	Netto
-100 000	100 000	0

**3) 4011 – Kulturkontoret**

Ny investering: Merking av turstiar i Herøyfjella

Lån	Kostnader	Netto
-100 000	100 000	0

**7. FORSLAG TIL SALDERING, INKLUDERT KONSEKVENSAR:**

Forslag til salderingstiltak som ein bør unngå å gjennomføre dersom ein kan velje er sett i prioritert rekkefølge.

**4011 – Rammeredusjon Kulturkontoret:**

Redusjon konto 11500/385 ned kr. 10 000 til kr. 4 000, konsekvens: færre opplæringstiltak tilsette

Redusjon konto 11600/385 ned kr. 8 000 til kr. 12 000, konsekvens: færre reiser tilsette

Redusjon konto 12000/385 ned kr. 10 000 til kr. 20 000, konsekvens: tilpassing til realkost

**1) Redusjon konto 14700/385 ned kr. 52 000 til kr. 148 000, konsekvens: redusert tilskot til lag og organisasjoner.**

**4013 - Kino:**

Redusjon konto 10100/373 ned kr. 225 000 til kr. 0, konsekvens: endra drift -> sjå nytt driftstiltak

**4021 - Rammereduksjon Frivilligsentralen:**

Reduksjon konto 10300/234 ned kr. 6 000 til kr. 14 000, konsekvens: færre vikartimar hvis behov  
Reduksjon konto 11301/234 ned kr. 2 000 til kr. 3 000, konsekvens: mindre telefonbruk  
Reduksjon konto 11400/234 ned kr. 8 000 til kr. 2 000, konsekvens: mindre annonsering og foldere  
Reduksjon konto 11951/234 ned kr. 2 000 til kr. 6 000, konsekvens: mindre radio (Gramo)  
Reduksjon konto 12000/234 ned kr. 5 000 til kr. 5 000, konsekvens: driftstilpassing 2013  
Reduksjon konto 12300/234 ned kr. 5 000 til kr. 3 000, konsekvens: ikkje forventa oppussingsbehov

**4032 - Rammereduksjon Arr. for ungdom:**

- 2) Reduksjon konto 11208/231 ned kr. 4 000 til kr. 73 000, konsekvens: mindre aktivitetsmidlar til ungdomsarbeid.

**4041 - Rammereduksjon Kulturhus og idrettshall:**

4) Reduksjon konto 10300/386 ned kr. 10 000 til kr. 60 000, konsekvens: mindre fleksibilitet i drifta  
Reduksjon konto 11000/386 ned kr. 2 000 til kr. 8 000, konsekvens: driftstilpassing 2013  
Reduksjon konto 11001/386 ned kr. 3 000 til kr. 27 000, konsekvens: driftstilpassing 2013  
Reduksjon konto 11500/386 ned kr. 5 000 til kr. 10 000, konsekvens: færre opplæringstiltak tilsette  
Reduksjon konto 11501/386 ned kr. 4 000 til kr. 4 000, konsekvens: færre reiser tilsette

**4051 - Rammereduksjon Folkebibliotek:**

Reduksjon konto 11400/370 ned kr. 2 000 til kr. 5 000, konsekvens: færre annonser  
Reduksjon konto 11500/370 ned kr. 5 000 til kr. 5 000, konsekvens: færre opplæringstiltak tilsette  
3) Reduksjon konto 12002/370 ned kr. 5 000 til kr. 215 000, konsekvens: færre innkjøp utlånsmateriell  
Reduksjon konto 12700/370 ned kr. 2 000 til kr. 0, konsekvens: ikkje kjøp av konsulenttenester  
Reduksjon konto 14700-370 ned kr. 10 000 til kr. 0, konsekvens: (konto ikkje i bruk)

Med helsing

Eileen Gjerde  
Kulturleiar

*Kopi:*

*Erlend Krumsvik  
Rådmann*



# Utviklingsavdelinga





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr  
2013/1130

Arkivkode  
150

Dato  
18.10.2013

## BUDSJETTKOMMENTARER UTVIKLINGSAVDELINGA 2014

### ***1 og 2. Avdelinga og tenestene ein yter:***

Utviklingsavdelinga sitt ansvarsområde er planlegging, næringsutvikling, byggesaksbehandling og kartverk/oppmåling. Avdelinga har for tida 9 stillingar inklusiv Utviklingsleiar. På plansida har avdelinga ansvaret for all planlegging i medhald av plan- og bygningslova og avdelinga yter bistand til andre avdelingar ved utarbeiding av sektorovergripande planar. Øvrig saksbehandling som avdelinga har ansvaret for dispensasjonar, delesaker, alle former for byggesaker, oppmåling og utarbeiding av matrikkelbrev for alle nye eigedomar og all utvikling og ajourhald av det kommunale kartverket.

### ***3. Lovverket som ligg til avdelinga:***

Plan- og bygningslova, matrikkellova, grannelova, naturvernlova, kulturminnelova, friluftslova, lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, vassressurslova, oppdrettslova, fiskejukdomslova, forurensingslova, jordlov, skogbrukslova, viltlova og konsesjonslov, veglova.

### ***4. Utfordringar med omsyn til drift og tenester, knytt til økonomi:***

**Plan-** Fagområdet har hatt og har eit svært stort trykk inn mot mengde private arealplanar som vert fremja. Økonomiske midlar til å realisere alle "forventa" planoppgåver er begrensa. Budsjetterte planmidler i 2013 og 2014 er bundne opp i avtalar inngått i 2013. Det vil såleis ikkje vere rom for å starte nye kommunale planoppgåver utan at rammene for planlegging vert auka. Det vil og vere naudsynt å budsjettere med midlar til arkeologiske registreringar vidare framover.

**Økonomi** – For lite budsjetterte planmidler for å imøtekome forventa framdrift på planoppgåver.

**Byggesak** – Saksmengde knytt til byggesaker er "normal", men ein må rekne med at etter kvart som fleire arealplaner vert vedtekne at mengde byggesaker vil auke.

Byggesaksarkivet er på det nærmeste sprengt med omsyn til arkiveringsplass. Frå 1 /1-14 vil ein gå over til full elektronisk sakshandsaming på byggesak. I eit sikkerhetsperspektiv og i eit effektiviseringsperspektiv rår ein til at byggesaksarkivet vert scanna og digitalisert for å full utbytte av elektronisk sakshandsaming. Byggesaksarkivet bør vidare vurderast å gjerast tilgjengeleg for innsyn på visse vilkår.

**Økonomi** – Digitalisering av byggesaksarkivet vil klart ha ein positiv kost/nytte effekt både internt og eksternt.

**Oppmåling**- Fagområdet har god kontroll på saksfeltet knytt til å gi gode tenester til oppmåling og etablering av eigedomar. Med omsyn til GIS tenesta som avdelinga yter både for interne brukarar og publikum gjennom nett-tenester vil det vere naudsynt med ei sterke satsing her framover. Eit samarbeid interkommunalt vil vere naudsynt for å gi gode tilbod.

**Økonomi** – Ei auke på investeringer av nettbaserete karttenester vil vere naudsynt.

#### **5.Mål:**

**Plan** – Halde oppe høg effektivitet på den kommunale planlegginga. For å nå målet om høg effektivitet vil det vere naudsynt at budsjettmidler til konsulenttenester og arkeologitenester vert videreført i budsjettet og auka framover.

**Byggesak** – Det viktigaste målet for byggesak er å handsame byggesaker raskt og effektivt i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer. Tiltak for å effektivisere handsaming vil vere viktig for å nå denne målsetjinga. Etablering av eit fullelektronisk system for saksbehandling vil bidra til ein meir effektiv saksproduksjon i organisasjonen. Scanning av byggesaksarkivet vil gi ein gevinst utover avdelinga sitt virkeområde både internt og eksternt.

**Oppmåling** – Å yte raske og gode tenester i tråd med gjeldande regelverk til publikum med omsyn til etablering av nye grunneigedomar er det viktigaste målet for avdelinga. Det er vidare eit klart mål at karttenester til publikum 24/7 skal vere oppe å gå gjennom eit interkommunalt samarbeid. Det vil derfor vere naudsynt å investere i nye innsynsverkty og publikumsretta karttenester gjennom interkommunalt samarbeid.

#### **6.Nye tiltak:**

##### **Drift:**

Auke konto 11301/120 opp kr 8 000.- til kroner 14 000.-, for lite budsjettet telefonutgifter

Auke konto 12700/301 opp kr 75 000.- til kroner 400 000.-, kjøp av tenester/planarbeid

Auke konto 11000/301 opp kr 8 000.- til kroner 13 000.-, for lite budsjettet kontormatriell

Auke konto 11151/301 opp kr 3 000.- til kroner 5 100.-, for lite budsjettet servering

Auke konto 11400/301 opp kr 20 000.- til kroner 70 000.-, for lite budsjettet annonsering

Auke konto 11000/303 opp kr 2 000.- til kroner 8 500.-, for lite budsjettet kontormatriell

Auke konto 11500/303 opp kr 12 000.- til kroner 22 000.-, for lite budsjettet kursutgifter

Auke konto 11600/303 opp kr 5 500.- til kroner 9 000.-, for lite budsjettet reiseutgifter

Auke konto 11951/303 opp kr 75 000.- til kroner 175 000.-, for lite budsjettet lisensutgifter

Auke konto 11952/303 opp kr 50 000.- til kroner 180 000.-, for lite budsjettet andre avgifter

Totalt auke i tiltak : kr 250 500.-

**Investering:**

Scanning av byggesaksarkiv – kr 1 000 000 (2)  
Nettbasert karttenester – kr 500 000 (1)  
Kystmareano – kr 436 560 (1)  
Frøystadttoppen – kr 15 000 000.- (forskottering)  
Skarabakken – kr 10 000 000.- (forskottering)

(Prioritering i parentes)

**7. Forslag til saldering, inkludert konsekvensar:**

Ein føreslår å auke gebyr på byggesak og oppmåling for å finansiere den generelle auka på driftsutgiftene.

Byggesak – opp kr 100 000.- konto 16201/302  
Oppmåling – opp kr 150 500.- konto 16201/303

8. Evt

Arkeologi - må vidareførast i økonomiplanen med minimum kr 200 000.- pr år. Helst litt meir.

Med helsing

Jarl Martin Møller

Kopi:  
Erlend Krumsvik



# Anleggs- og driftsavdelinga





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr  
2013/1130

Arkivkode  
150

Dato  
25.09.2013

## BUDSJETTKOMMENTARER 2014 - ANLEGGSS- OG DRIFTSAVDELINGA/BRANNVERNET

### Om avdelinga:

Netto brannvernbudsjett (utanom feiing som er sjølvfinansierande) er 6,98 mill. kroner, medan netto Anleggs- og driftsbudsjett er 8,13 mill. kroner i 2013. I Brannvernet er det totalt omlag 3 stillingsheimlar. Anleggss- og driftsavdelinga har 7,8 stillingsheimlar i administrasjonen og 5 stillingsheimlar i uteseksjonen. Avdelinga har ansvaret for viktige samfunnsoppgåver som alle er avhengige av både i ein normalsituasjon og i ulykkes-/beredskapssamanheng. Sjå oversikt over tenestene nedanfor.

### Tenestene avdelinga yter:

Ansvar	Ansvar namn	Funksjon	Funksjon namn
5111	Administrasjon	120	Omfattar administrasjon og utgjer om lag 0,2 stillingsheimel som vert belasta drifta.
5112	Prosjektleiing BYGG	190	Planlegging og prosjektleiing av alle kommunale nybygg og større rehabiliteringsprosjekt. Omfattar 3 stillingsheimlar der alle kostnader vert belasta ulike prosjekt og belastar ikkje driftsbudsjettet i nemneverdig grad. 1 prosjektleiar er utleigd til Sunnmørssbadet.
5113	Prosjektleiing Anlegg/Infrastr.	190	Planlegging og prosjektleiing av alle kommunale anleggs-/ infrastrukturprosjekt. Omfattar 1 stillingsheimel der alle kostnader vert belasta ulike prosjekt og belastar ikkje driftsbudsjettet i nemneverdig grad..
5121	Veg- og gatelys	332	Omfattar drift- og vedlikehald av alle offentlege veg- og gatelys i kommunen(ca.2700 stk.). 0,2 stillingsheimel går med til administrasjon. All drift og

			vedlikehald vert kjøpt av Tussa.
5122	Vegvedlikehald	190	Lønsutgifter til utesyrken som vert internfordelt på vegvedlikehald og andre tenester.
		332	Drift og vedlikehald av kommunale vregar.
5123	Hamner	330	Drift og vedlikehald av alle offentleg kaier i kommunen.
5124	Maskin/ utstyrspark	190	Kostnader med avdelinga sine maskiner og utstyr som vert fordelt skjønsmessig på drifts- og vedlikehaldstenestene til avdelinga.
5125	Idrett	380	Omfattar drift- og vedlikehald av stadion og idrettsplassar, tilskot til ulike idrettslag til drift av baner m.m.
5126	Sentrum og grøntanlegg	335	Drift og vedlikehald av opparbeidde kommunale sentrumsområde.
5131	Avløp	350	Avløpsreinsing: Drift og vedlikehald av kommunale silanlegg og slamavskiljarar. Sjølvfinansierande.
		353	Avløpsnett(inkl. pumpestasjonar): Drift og vedlikehald av kommunalt avlaupsnett. Rehabilitering av avlaupsnett som må kostast over drifta. Sjølvfinansierande.
5132	Tøming av private slamavskiljarar	354	Tenesta vert administrert/utført av SSR etter avtale med kommunen. Sjølvfinansierande.
5061	Brannvern	338	Førebygging av brannar og andre ulykker: Omfattar m.a. lovpålagde tilsyn med bygg og anlegg som ved brann el. ulykke kan medføre tap av menneskeliv eller tap av store verdiar og ha store samfunnsmessige konsekvensar. Opplysnings- og opplæringsverksemd til skular, barnehagar, pleie- og omsorg, innbyggjarar generelt samt bedrifter.
		339	Beredskap mot brannar og andre ulykker: Beresksapsstyrke på 30 deltidstilsette mannskap + avdelingsleiar beredskap(100%).
5062	Feiing	338	Feiing og tilsyn med piper og eldstadar. Vert utført i samsvar med samarbeidsavtale med Ulstein kommune.

#### Lovverk:

Avdelinga må forhalde seg til ei rekke forskjellige lovverk og forskrifter innafor dei ulike tenestene. Grunna ressursmangel(midlar og personell) har ein dessverre pr. i dag ikkje moglegheit til å følgje opp alle plikter som følgjer av alle lovverk og forskrifter. Innan nokre område ligg ein rimeleg godt an, medan ein innan andre område har ein god del manglar.

M.a. er brannvern og avlaup tenester der det er manglar i forhold til gjeldande lovverk/plikter kommunen har. Meir konkret:

- Brannordninga(dimensjonering)/ressursar til tilsyn §13 bygg/opplæring  
brannmannskap/oppfølging feieordninga/førebyggande arbeid
- Avlaupsoppfølging ulovlege utslepp/registrering av nedgravde  
oljetankar/kommunale reinseanlegg og slamavskiljarar

#### **Utfordningar:**

- Halde seg innafor budsjett på driftssida. Har vore spesielt utfordrande på  
brannvernkapittelet med til dels store overskridinger på løn dei siste åra pga.  
underbudsjetting
- Ambisjonane til kommunen/politisk både på drifts- og prosjektsida ikkje tilpassa  
ressursane til avdelinga
- Ressursmangel (økonomi og personell)
- Etterslep på sakshandsaminga
- Oppfølging av lover- og forskrifter
- Manglande lokale forskrifter innan ulike felt som brann, veg, parkering m.m.
- Uføresette utgifter m.a. på veg- og avlaupssida pga. snø, frost og store  
nedbørsmengder. Gjer at andre tenester på driftssida må skjerast ned for ikkje å få  
for store overskridinger.

#### **Mål – tiltak og verkemiddel for å nå måla:**

Forbetring av tenestene og fokus på utfordringane avdelinga har innafor avgrensa  
rammer/ressursar står sentralt. Tiltak og verkemiddel for å nå måla er m.a.:

- Fokus på effektivisering
- Samarbeid med andre avdelingar
- Effektiv ressursutnytting
- Gode rutinar

#### **Prioriterte økonomiske tiltak :**

- Kostnadseffektiv gjennomføring av drift og prosjekt
- Sikre avdelinga inntekter i den grad det er rom for det
- Gode innkjøpsrutinar

#### **Forslag til nye tiltak(drift):**

- Lønsmidlar til 1 ny stilling som anleggsprosjektleiar
- Midlar til reasfaltering(situasjonen er mange plassar kritisk). Årleg øyremerka beløp  
bør vere minimum 500.000 kroner i heile økonomiplanperioden.
- Overføring av midlar frå Feiing(viss tenesta går med overskot) til Førebyggande  
brannvern 5061/338.

Det vert i tillegg vist til eiga liste over forslag til nye drifts- og investeringstiltak.

#### **Forslag til saldering/konsekvensar:**


Ved evt. saldering vil det med dei rimeleg små budsjettpostane avdelinga har vere like greitt at samla nettoramme vert sett ned. Mange av tenestene har gjennom fleire år gått på "sparebluss" og er på eit lågmål for i det heile tatt å få tenestene til å gå rundt.

Med helsing

Jon Rune Våge

# Eigedomsavdelinga





## NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Egedomsavdelinga

Saksnr  
2013/1130

Arkivkode  
150

Dato  
24.09.2013

## EIGEDOMSAVDELINGA - BUDSJETTKOMMENTAR 2014

### 1 INNLEIING

Egedomsavdelinga har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eiedom (bygg og grunneigdom). Avdelinga har 53 tilsette i totalt 33,97 årsverk og har i 2013 eit netto driftsbudsjett på kr. 15 900 000,-.

### 2 TENESTENE

Egedomsavdelinga er ei støtteavdeling til dei tenesteytande avdelingane. I tillegg ligg det ei rekke oppgåver til avdelinga som grunneigar.

Kjerneoppgåvene vert definert slik:

#### Forvaltning

Kjøp og sal av eiedommar, herunder også tomtefeste, øreignings- og innløysingskrav, innleige og utleige av bygningar og lokale, utarbeidning av forsikringsavtaler og oppfølging av forsikringssaker, økonomisk planlegging og styring, personaladministrasjon m.m.

#### Drift

Alle oppgåver og rutinar som er naudsynne for at bygningar og tekniske installasjoner skal fungere som planlagt. Dette omfattar mellom anna betjening av tekniske installasjoner, forsyning av vatn, energi, reinhald og

renovasjon, oppfølging av bygningsmessige feil- og manglar samt operativt ansvar for byggeteknisk internkontroll.

### Vedlikehald

Oppgåver knytta til det å oppretthalde bygninga og tekniske installasjonar på eit fastsatt kvalitetsnivå. Utskiftingar av bygningsdelar med kortare levetid enn resten av bygninga definerast som vedlikehald. Løpande vedlikehald er ikkje-planlagt arbeid grunna uføresett skade/mangel. Førebyggande vedlikehald er arbeid som utførast pga. forventa slitasje i den hensikt å motverke forfall.

## **3 LOVVERKET**

Eigedomsavdelinga sitt ansvarsområde er underlagt ei lang rekke lov- og forskriftsreguleringar, dei viktigaste fyl av oversikta nedanfor:

TEMA	TILSYN	LOVGRUNNLAG
Fysisk og psykisk arbeidsmiljø for barn og ungdom i skulen	Utdanningsdirektoratet Fylkesmannen Skulemyndighetene	Opplæringslova
Fysisk og psykisk miljø for alle brukere av bygg. Krav til inneklima, støyforhold, hygiene, lysforhold, luftkvalitet, legionella.	Helsestilsynet Fylkesmannen Den kommunale helsemyndigkeit	Folkehelselova Forskrift om miljøretta helsevern Forskrift om målretta helsevern i barnehager og skular
Fysisk og psykisk arbeidsmiljø for alle tilsette i kommunal verksemd. Helse, miljø og sikkerheit for alle leverandørar som kommunen engasjerer	Arbeidstilsynet	Arbeidsmiljølova Internkontrollforskrifta Byggherreforskrifta
Helsefarlege stoff - asbest, pcb, kjemikale mm. Sikkerheit på leikeplassa	Statens forurensningstilsyn	Forurensningsloven Sikkerhetisforskrift for leikeplassutstyr
Brann- og el-sikkerheit Brannsikkerheit	Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap Det kommunale brannvesen	Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr Lov om brann og eksplosjonsvern
Regnskap, forvaltning og rapportering Formuesbevaring Bygningsteknikk	Fylkesmannen Kommunerevisor Statens byggetekniske etat Bygningsmyndighetene i kommunen	Kommunelova Forskrift om årsbudsjett Forskrift om årsrekneskap og årsberetning Bygningslova Teknisk forskrift

## 4 UTFORDRINGAR

### **Forvaltning**

Sakshandsamingsansvaret for forvaltningsoppgåver ligg til egedomsleiar som også er leiar for avdelinga. Arbeidet er tidkrevjande og vanskeleg å kombinere med leiarfunksjonar. Særleg oppgåver knytt til eigedomstransaksjonar vert difor gjennomført med bistand frå assisterande rådmann. Egedomsleiar meiner mange av oppgåvene burde vore lagt til eigen sakhandsamar i avdelinga, men slik stillingsheimel finnast ikkje.

### **Drift**

#### Teknisk drift

Til driftsavdelinga ligg det eit tungt ansvar for lovpålagd internkontroll. Avdelinga har difor utarbeida ein driftsplan som innebær regelmessig tilsyn med bygningsmassen, men i praksis makter ein ikkje å gjennomføre denne grunna uføresette hendingar som må følgast opp samt innmeldte avvik frå brukarar og eksterne tilsyn. Ei samla vaktmeisterteneste på 5,4 årsverk fordelt på nærmare 60 000 m<sup>2</sup> bygningsmasse vert vurdert som for lav. Det er alvorleg at driftsorganisasjonen ikkje er sterkt nok rusta på personalsida til at internkontroll og bygningsdrift skal kunne utførast på ein forsvarleg måte.

#### Reinhald

Egedomsavdelinga har ansvaret for reinhaldet på 31 bygg / stadar. Dette er ei blanding av store bygg og små bygg. Små einingar er dyrare i drift enn større einingar, og vanskelegare å skaffe vikar til. Mange av byggja er svært tungvinte, med fleire etasjar utan heis. Dette medfører at det er vanskeleg å utføre effektivt reinhald.

Vi har 25 stillingar fordelt på 41 faste reinhaldarar, så det er mange som går i små stillingar. Det er vanskeleg å kombinere stillingane, da ein på mange av byggja utfører reinhaldet på ettermiddag.

Reinhaldarane er frå 9 forskjellige nasjonalitetar. Dette medfører ein del utfordringar med dei som ikkje har gode nok norsk kunnskapar og det medfører ein del missforståingar. Målsettinga er at alle tilsette skal kommunisere godt på norsk.

I Herøy kommune har vi tre reinhaldarar som har teke fagbrev. Det hadde vore ønskjeleg med langt fleire reinhaldarar med fagbrev.

Vi har bra med utstyr, men ein del av utstyret er gammalt og må fornyast etter

kvart som det vert øydelagt. Berre eit fåtal av reinhaldarane har tilgang på data på jobb. Dette gjer det vanskelegare å nå ut med god informasjon då vi må nytte telefon eller brev. Desse tilsette mister også ein del informasjon som vert sendt ut til alle i organisasjonen. Meir og meir av faginformasjonen ligg også på data. For reinhaldarane sin del må vi fortsatt lage til perm til oppbevaring på reinhaldsromma. Det hadde såleis lettet informasjonsarbeidet vesentleg dersom alle fekk tilgang til datamaskin på jobb.

### Vedlikehald og investering

Kommunestyret har i K-sak 162/12 vedteke ei overodna målsetjing om førebyggande og planlagt vedlikehald av bygningsmassen. Dei årlege budsjettforhandlingane gir verken tilstrekkeleg forutsigbarheit eller tilstrekkeleg avsetning av budsjettmidlar til å nå målsetjinga, verken på planleggings- eller gjennomføringsnivå. Vedlikehaldsetterslepet er også så stort at ein fortsatt må akseptere at tiltak blir gjennomført etter akuttpriinsippet.

## 5 NYE TILTAK OG INVESTERINGAR

Eigedomsavdelinga har lagt inn følgjande drift- og investeringstiltak i Areana. Ei nærmare beskriving av dei enskilde tiltaka framgår av tiltakslista der.

### Overføring av driftstiltak fra 2013 til 2014 – 2017

Ingen spesifikke driftstiltak bes overført.

### Nye driftstiltak 2014 – 2017

Tiltak	2014	2015	2016	2017
Redusert reinhald kveld	-60 000,-	-60 000,-	-60 000,-	-60 000,-
Redusert reinhald helg	-180 000,-	-180 000,-	-180 000,-	-180 000,-
Redusert reinhald fråværsla 1	-50 000,-	-50 000,-	-50 000,-	-50 000,-
Stenging av toalett i Goksøyra	-130 000,-	-130 000,-	-130 000,-	-130 000,-
Sal av Eggesbøvegen 20	- 40 000,-	- 40 000,-	- 40 000,-	- 40 000,-
Sal av Eggesbøvegen 53 A	- 40 000,-	- 40 000,-	- 40 000,-	- 40 000,-
Sal av Tollåsbakken 1	- 40 000,-	- 40 000,-	- 40 000,-	- 40 000,-
<b>Sum</b>	<b>- 420 000,-</b>	<b>- 420 000,-</b>	<b>- 420 000,-</b>	<b>- 420 000,-</b>

### Overføring av investeringstiltak fra 2013 til 2014-2017

Tiltak	2014	2015	2016	2017
Ventilasjon – YHU	3 800 000,-			

Ventilasjon - Moltu skule	1 800 000,-			
Rehabilitering av Kulturhuset	1 800 000,-			
<b>Sum</b>	<b>5 200 000,-</b>	<b>3 000 000,-</b>	<b>1 000 000,-</b>	<b>1 000 000,-</b>

### Nye investeringstiltak 2014-2017 / vidareføring av dagens økonomiplan

Tiltak	2014	2015	2016	2017
ENØK-tiltak	1 000 000,-	1 000 000,-	1 000 000,-	1 000 000,-
Innkjøp av nye leikeapparat	1 000 000,-	1 000 000,-	1 000 000,-	1 000 000,-
Planleggingsmidlar - Ny barneskule på Bergsøy	350 000,-			
Planleggingsmidlar - Herøy kulturhus	250 000,-			
Planleggingsmidlar - Herøy rådhus	250 000,			
Fristadbygget – ombygging til garasje for brannbil	500 000,-			
Myrvåg omsorgssenter – ombygging av tak	3 000 000,-			
Frøystad skule - riving	500 000,-			
Sunnmørsbadet Fosnavåg AS – uteområde Herøy kulturhus	25 000 000,-			
<b>Sum</b>	<b>31 350 000,-</b>	<b>2 000 000,-</b>	<b>2 000 000,-</b>	<b>2 000 000,-</b>

## 6 FORSLAG TIL SALDERINGAR

Eigedomsavdelinga har i førebels driftsbudsjett for 2014 meldt inn eit netto budsjettbehov på kr. 16 230 000,-. Rådmannen har bedt Eigedomsavdelinga om å synleggjere korleis ei innsparing på 5 % i høve opphavleg 2013-budsjett kan gjennomførast.

Netto driftsbudsjett for 2013 var på kr. 15 900 000. Ein reduksjon på 5 % gir oss eit netto driftsbudsjett på kr. 15 105 000. Faktisk reduksjonsbehov i høve opphavleg 2014-budsjett vert såleis på kr. 1 105 000.

Tabellane nedanfor syner forslag til innsparingstiltak i prioritert rekkefølge:

PRI.	KONTO	2014	Endring	Ny 2014
1	Innvendig solskjerming	250 000,-	- 100 000,-	150 000,-
2	Kompetanseheving	220 000,-	- 100 000,-	120 000,-
3	Reinhard Myrvåg helsestasjon	80 000,-	- 80 000,-	0,-
4	Vedlikehald bustadar	500 000,	- 250 000,	250 000,-
5	Vedlikehald formålsbygg	2 500 000,-	- 500 000,-	2 000 000,-
<b>SUM</b>		<b>3 550 000,-</b>	<b>1 030 000,-</b>	<b>2 520 000,-</b>

### Vedlikehald av bustadar

Eigedomsavdelinga har i budsjett 2014 skilt ut inntekter og utgifter knytt til utleigebustadar i eit eige ansvarsnummer 6023. Frå ansvarsnummer 6031 – planlagt vedlikehald – har avdelinga overført kr. 500 000,- til ansvar 6023 for løpende vedlikehald av utleigebustadar ved leidgetakarskifte. Dette for betre kostnadskontroll med utleigebustadane.

Innsparingsforslaget ovanfor inneber at avsetninga til løpende vedlikehald av bustadar vert redusert med 50 %. Risikoen er imidlertid at kostnadane til naudsynt vedlikehald likevel kjem og må belastast budsjettposten for løpende drift – ansvar 6022. Denne posten er i budsjett 2013 på kr. 1 mill. og pr. rapporteringsdato overskreden.


### Vedlikehald av formålsbygg

Ansvar 6031 gjeld planlagt vedlikehald av formålsbygg. Med eit nettobudsjett på kr. 16 230 000, har avdelinga lagt til grunn eit budsjett på kr. 2 500 000,- til planlagt vedlikehald. Med ein reduksjon på 20 % for å nå innsparingskravet fra Rådmann, er denne potten redusert til kr. 2 000 000,- Dette gir ca. kr. 45 pr. m<sup>2</sup> brutto formålsbygg til planlagt vedlikehald, langt under anbefalt nivå på mellom 130 og 170 kr. pr. m<sup>2</sup>.

## 9 EVENTUELTT


Innsparingar i avdelinga bør tilfalle avdeling sjølv til styrking av budsjettpostane for løpende drift og planlagt vedlikehald. Nytilsettingar på Rådhuset er ikkje tilrådeleg for nokon av avdelingane då Rådhuset ikkje har kontorplassar tilgjengeleg.

Med helsing

  
Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

# Kyrkjeleg Fellesråd





# HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja

Lisjebøvegen 1

6091 Fosnavåg

Økonomileiar  
Herøy kommune

her

DATO:17.10.13

ARKIV:112

REF.:

## HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD DRIFTSBUDSJETT 2014 ØKONOMIPLAN 2014-2017 ADMINISTRATIV FRAMSKRIVING B, datert 13.10.13

Det vert vist til mail frå Rådmannen datert 14.10.13 med melding om å utarbeide ny administrativ framskriving der løyvinga frå Herøy kommune er redusert med 5% i høve til overføringa for 2013.

### Driftsbudsjett 2014

Det vert vist til kyrkjeverja si saksutgreiing datert 09.10.13 for fyldig gjennomgang av saka. Når kyrkjeverja skulle i gang med å lage budsjett der overføringa frå Herøy kommune skulle reduserast med 5%, eller om lag 288 000 kroner er ein i realiteten tilbake til ei overføring som er 100 000 kroner lågare enn for budsjettåret 2012 (kr. 5 580 000).

I denne saksutgreiinga har kyrkjeverja ned justert heile driftsbudsjettet attende til 2013 tal, og ein vil her berre gå inn på dei områda der ein har funne rom for å gjere endringar i tråd med «innsparingskravet» eller oppjusteringar som kjem av kjende kostander bygt på inngådde avtaler.

I Rådmannen sitt Rundskriv var det lagt opp til at tiltak for å redusere netto ramme skulle prioriterast slik:

1. Auka inntekter
2. Omstilling/samanslåing av einingar
3. Reduksjon i kvalitet og omfang av tenester
4. Leggje ned tenester

### Ad 1 Auka inntekter

Som det vart skrive i saksutgreiinga til sak 31/13 hentar Herøy kyrkjelege fellesråd si hovudinntekt frå Herøy kommune i form av overføring til drift og investering (kr. 5 750 000 i 2013). Ein reduksjon i denne ramen på 5% utgjer kr. 285 000 i desse overføringane, ein oppfattar det likevel slik at kr. 100 000 av denne ramma er «øyremerka» ungdomsarbeidar i Herøy sokn.

Festeavgift og husleige er dei andre store inntektskjelder som fellesrådet har. Desse avgiftene vart regulerte i samband med budsjettet 2013, og kyrkjeverja rår ikkje til at desse vert regulert igjen.

Ei anna inntekt som fellesrådet har er stell av graver, både for privatpersonar og legat. Det kostar no 850 kroner å få stelt ei grav gjennom eit år. Denne prisen har lege fast i mange år, og kyrkjeverja vil no rå til at det i endeleg budsjettvedtak vert fatta vedtak om at denne vert auka til min. kr. 1000 pr. år. Gravplassarbeidarane utfører ein del oppgåver for privatpersonar knytt til oppretting og bolting av gravminner. Eit slikt arbeid har til no vorte fakturert med 500 kroner. Det viser seg at det beløpet ikkje held dersom ein skal rekne sjølvkost, og kyrkjeverja vil regulere denne kostanden opp til sjølvkost (etter gjeldande regelverk).

Det vert kravd kr. 50 i faktureringsgebyr for alle fakturaer som vert utsendt frå fellesrådet.

Herøy kyrkjelege fellesråd får refundert 320 000 kroner i lønsutgifter frå Herøy sokn. Dette er ei svært stor auke i høve til 2013, og dette talet heng saman med lønsutgiftene til dei som har ansvar for barne- og ungdomsarbeid i Herøy sokn i same periode. I budsjettet 2014 vert difor kravet om innsparingar noko mindre pga. denne auken.

#### Ad 2 Omstilling/samanslåing av einingar

Herøy kyrkjelege fellesråd er ei felles eining. Det er alltid eit vakent blikk på rasjonalisering og økonomisering, men det er for tida ingen store prosjekt på gang.

#### Ad 3 Reduksjon i kvalitet og omfang på definerte tenester

#### Ad 4 legge ned tenester

Arbeidet som skjer i kyrkjelydane i Herøy er avhengig av mykje frivillig arbeid og gåver. Ein reduksjon i dette «spleiselaget» har mange negative konsekvensar og få økonomiske innsparingar. Mest alt arbeid som ikkje er lovpålagt vert finansiert av innsamla midlar.

Administrativ framskriving B har med redusert overføring frå Herøy kommune, elles er utgangspunktet budsjettala frå 2013. Der det er gjort endringar er det merka med raudt i det vedlagde budsjettet datert 13.10.13. Ein må då merke seg at det er 2013 tala som er vidareført og då utan auke!

Her følgjer ei oversikt over endringar:

- Samla sett har ein justert ned utgiftene til løn, pensjon og arbeidsgjevaravgift med kr. 40 000.
- Utgiftene til godtgjersle å folkevalde er halde på 2014 nivå (auke kr. 20 000).
- Utgiftene til annonsar og kurs på postane 31400 og 31500 er reduserte med kr. 65 000 pga. av at ein ikkje ventar så store annonseutgifter til stillingsannonser og kursing av ny tilsette komande år.
- Tilsvarande er konto for reiseutgifter til kurs redusert med kr. 10 000.
- Post 31950 Avgifter, gebyr og lisens (ma. Kommunale avgifter) er redusert med 20 000 kroner.
- På post 32300 har ein gjort ein stor reduksjon på vedlikehald bygg, som er redusert med kr. 100 000 i høve til 2013 nivå.
- På post 32301 grønt vedlikehald har ein derimot ikkje funne rom til reduksjon men auka denne i tråd med kostnadene 2013/avtale om stell 2014.
- Utgiftene til rekneskapsføring i Herøy kommune er prisa til kr. 150 000, så denne posten er også auka i høve til 2013 budsjettet.
- Renteutgiftene er stipulert til kr. 22 000 (DNB), som er ein reduksjon i høve til 2013 tala.
- Overføring frå Herøy sokn er auka i tråd med venta auke i lønsutgifter

Samla sett så er tala ovanfor kyrkjeverja sitt innspel i den administrative framskrivinga av budsjettet for 2014.

Herøy kyrkjelege fellesråd hadde møte 16.10.13, og dei kom med slike merknader til kyrkjeverja si administrative framskriving:

1. Herøy kyrkjelege fellesråd peikar på at det er ein svært dramatisk økonomisk situasjon dersom ein skal attende til ein storleik i overføring frå Herøy kommune som er om lag kr. 120 000 kroner mindre enn 2012 nivå.
2. Dette vil i så fall føre til at ein ikkje kan ta omsyn til auke i lønsutgiftene, noko som er svært beklageleg sidan det er hovudoppgjer våren 2014.
3. I tillegg vil dette ikkje gje rom til utviding av stilling for kyrkjetenar i Herøy kyrkje og organist i Indre Herøy kyrkje, noko som er svært naudsynt!
4. Dersom fellesrådet skal klare å gjennomføre slik innsparing må ein redusere utgiftene til vedlikehald av dei 3 kyrkjene og dei 8 klokkehusa til eit minimum. I budsjettet er det no sett av kr. 50 000 til dette vedlikehalde, noko som vert kritisk for den store bygningsmassen som har eit stort behov for vedlikehald.
5. Dei resterande innsparingane er gjort fleire stader i budsjettet, noko som vil føre til redusert aktivitet på fleire områder.
6. I tillegg til innsparingane på budsjettet er det ein større auke i overføringa frå Herøy sokneråd knytt til refusjon av lønsutgifter til barne- og ungdomsarbeid i soknet.

På denne bakgrunn bed ein om at den økonomiske ramma frå Herøy kommune til Herøy kyrkjelege fellesråd vert auka i tråd med kyrkjeverja si administrative framskriving datert 25.09.13, sum kr. 6 845 200


Fosnavåg, 17.10.13

  
Marit Sævik Leinebø  
Kyrkjeverje

## BUDSJETT 2014, adm framskriving B

Konto	Konto(T)	Forbr 08.10.13	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2014 B
1 30100 Fastlønn		kr 2 035 689	kr 2 970 000	kr 2 970 000	kr 2 960 000
2 30108 Pensjonsgjenvante tillegg		kr 24 377	kr 30 000	kr 30 000	kr 30 000
3 30200 Vikarer		kr 93 829	kr 69 000	kr 69 000	kr 69 000
4 30209 variable tillegg vikarer		kr 78 153	kr 59 000	kr 65 000	kr 59 000
5 30300 Ekstrahjelp		kr 32 241	kr 29 000	kr 30 000	kr 29 000
30500 Anna løn		kr 9 470	-	kr -	kr -
30800 Godtjørdsle folkevalde		kr -	kr 40 000	kr 60 000	kr 60 000
30802 Tapt arbeidsgodtgjersle		kr 2 284	-	kr -	kr -
6 30900 Pensjonsinnskot		kr 331 948	kr 520 000	kr 500 000	kr 500 000
7 30902 Kollektiv ulykke- og gruppelivforsikring		kr 16 781	kr 11 000	kr 16 000	kr 11 000
8 30990 Arbeidsgjeveravgift		kr 293 465	kr 395 000	kr 395 000	kr 386 700
<b>Sum lønn</b>		<b>kr 2 918 237</b>	<b>kr 4 123 000</b>	<b>kr 4 135 000</b>	<b>kr 4 104 700</b>
9 31000 Kontormateriell		kr 732	kr 60 200	kr 60 200	kr 30 000
10 31002 Abonnement aviser og fagliteratur		kr 1 080	kr 4 000	kr 4 000	kr 4 000
11 31100 Aktivitetsrelatert forbruksmateriell/ utstyr/ tenester		kr 46 987	kr 40 000	kr 40 000	kr 40 000
12 31151 Servering møter, kurs, representasjon		kr 6 225	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000
13 31200 Anna forbruksmateriell		kr 78 386	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000
31201 Arbeidskle		kr 17 404	kr 3 000	kr 3 000	kr 3 000
14 31202 Velferdstiltak		kr 6 509	kr 6 000	kr 6 000	kr 6 000
31208 Diverse utgifter		kr 10 268	kr -	kr -	kr -
15 31300 Post, banktenester, telefon		kr 17 574	kr 35 000	kr 35 000	kr 35 000
16 31301 Telefon		kr 16 652	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000
17 31400 Annonsar, reklame, informasjon og representasjon		kr 66 693	kr 60 000	kr 60 000	kr 10 000
18 31500 Opplæring kurs (ikkje oppgåvepliktig)		kr 1 579	kr 25 000	kr 25 000	kr 10 000
31550 Reiseutgifter, opplæring		kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000
19 31600 Reiseutgifter, oppgåvepliktig		kr 38 751	kr 80 000	kr 80 000	kr 80 000
31700 Reiseutgifter, drift av egne transportmidde		kr 3 499	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000
31701 Årsavgift		kr 9 000	kr 9 000	kr 9 000	kr 9 000
31703 Reiseutgifter		kr 870	kr 20 000	kr 20 000	kr 10 000
20 31800 Energi		kr 239 856	kr 350 000	kr 380 000	kr 350 000
21 31850 Forsikringar, vakttenester		kr 75 992	kr 90 000	kr 105 000	kr 90 000

Konto	Konto(T)	Forbr 21.08.13	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2014 B
31900	Avgifter, gebyr, lisens		kr 3 000	kr 3 000	kr 3 000
22	31950 Avgifter, gebyr og lisensar	kr 55 627	kr 100 000	kr 100 000	kr 80 000
23	31951 Lisenser/ serviceavgifter	kr 58 285	kr 25 000	kr 60 000	kr 25 000
	<b>Sum andre driftsutgifter</b>	<b>kr 742 969</b>	<b>kr 965 200</b>	<b>kr 1 045 200</b>	<b>kr 840 000</b>
24	32000 Kjøp og finansiell leasing av driftsmiddel	kr 31 981	kr 160 000	kr 50 000	kr 160 000
25	32100 Kjøp, leige og leasing av transportmiddel	kr 62 236	-	kr 110 000	kr -
26	32200 Leige av driftsmiddel	kr 13 972	-	kr -	kr -
27	32300 Vedlikehald, byggjetenester og nybygg	kr 52 736	kr 150 000	kr 150 000	kr 50 000
28	32301 Vedlikehald grøntanlegg	kr 257 954	kr 240 000	kr 280 000	kr 280 000
32400	Serviceavtaler og reperasjoner	kr 20 719	kr 65 000	kr 65 000	kr 65 000
29	32500 Materiale til vedlikehald, påkosting og nybygg	kr 15 141	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000
30	32650 Vakthald og vektarreneste, alarm-system	kr 28 759	kr 35 000	kr 35 000	kr 35 000
31	32700 Andre tenester (som inngår i egenproduksjon), tidlegare	kr 7 906	kr 90 000	kr 240 000	kr 150 000
32	34290 Meirverdialavgift som gir rett til momskompensasjon	kr 296 898	kr 300 000	kr 300 000	kr 300 000
34702	Øre avrunding	kr 3	kr -	kr -	kr -
35000	Renteutgifter	kr 4 608	kr 36 000	kr 25 000	kr 22 000
35100	Avdrag		kr 400 000	kr 400 000	kr 400 000
34	<b>Utgifter Leasing/finans/vedlikehald</b>	<b>kr 792 913</b>	<b>kr 1 486 000</b>	<b>kr 1 665 000</b>	<b>kr 1 472 000</b>
	<b>Sum utgifter</b>	<b>kr 4 454 119</b>	<b>kr 6 574 200</b>	<b>kr 6 845 200</b>	<b>kr 6 416 700</b>
36200	sal av varer og tenester	kr -45 000	kr -45 000	kr -45 000	kr -45 000
36201	Gebyrinntekter	kr -7 000	kr -7 000	kr -7 000	kr -7 000
36300	Husleigeinntekter	kr -35 000	kr -35 000	kr -35 000	kr -35 000
36400	Festeavgift	kr -217 200	kr -217 200	kr -217 200	kr -217 200
37100	Refusjon sjukeløn	kr -128 999	kr -	kr -	kr -
35	37280 Kompenasjon moms påløpt i investeringsrekneskapen	kr -159 857	kr -	kr -	kr -
38	37290 Kompenasjon moms påløpt i driftssrekneskapen	kr -239 033	kr -300 000	kr -300 000	kr -300 000
37500	Refusjon frå sokneråd	kr -301	kr -190 000	kr -320 000	kr -320 000
38300	Tilskott frå kommunna	kr -5 750 000	kr -5 891 000	kr -5 462 500	kr -30 000
39000	Renteinntekter	kr -30 000	kr -30 000	kr -30 000	kr -30 000
	<b>SUM inntekter</b>	<b>kr -6 574 200</b>	<b>kr -6 845 200</b>	<b>kr -6 416 700</b>	<b>kr -</b>
<b>Σ</b>		<b>kr 1 350 532</b>	<b>kr -</b>	<b>kr -</b>	<b>kr -</b>



# HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja  
Lisjebøvegen 1  
6091 Fosnavåg

F.R. SAK:31/13  
ARKIV:112  
SAK HANDS.:MSL

## Herøy kyrkjelege fellesråd driftsbudsjett 2014 Økonomiplan 2014-2017 1. handsaming

Vedlagt fylgjer kyrkjeverja si administrative framskriving av Herøy kyrkjelege fellesråd sitt driftsbudsjett for 2014 og Herøy kyrkjelege fellesråd sin økonomiplan for perioden 2014-2017.

Arbeidet med drifts- og investeringsbudsjett for komande år startar opp tidleg om hausten, og neste års budsjett er første år i økonomiplanperioden for dei komande 4 åra. Rådmannen utarbeider rundskriv der føringane for m.a. fellesrådet sitt budsjettarbeid er lagt, i dette rundskrivet ligg også premissane for økonomiplanen (vedlegg 2). Etter at kyrkjeverja har motteke dette rundskrivet vert det utarbeidd ei administrativ framskriving av budsjett og økonomiplan, noko som er ei skjematiske oppstilling av eksisterande drift, vedtekne nye tiltak og tiltak som var på fellesrådet «si ønskeliste» under budsjettarbeidet hausten 2012.

Ei anna viktig sak som påverkar fellesrådet sitt budsjett og økonomiplan er statsbudsjettet 2014, statsbudsjettet er enno ikkje lagt fram og det knyter seg stor spaning m.a. til økonomiske midlar for vidareføring av trusopplæringsreforma «Størst av alt».

### Auka inntekter

Herøy kyrkjelege fellesråd hentar si hovudinntekt frå Herøy kommune i form av overføring til drift og investering (kr. 5 750 000 i 2013). Auke eller reduksjon i denne inntekta vert altså avgjort av kommunestyret, men 100 000 av denne ramma er «øyremerka» ungdomsarbeidar i Herøy sokn.

Festeavgift og husleige er dei andre store inntektskjeldene som fellesrådet har. Desse avgiftene vart regulerte i samband med budsjettet 2013, og kyrkjeverja rår ikkje til at desse vart regulert igjen.

Ei anna inntekt som fellesrådet har er stell av graver, både for privatpersonar og legat. Det kostar no 850 kroner å få stelt ei grav gjennom eit år. Denne prisen har lege fast i mange år, og kyrkjeverja vil no rå til at det i endeleg budsjettvedtak vert fatta vedtak om at denne vert auka til min. kr. 1000 pr. år.

Gravplassarbeidarane utfører ein del oppgåver for privatpersonar knytt til opprettning og bolting av gravminner. Eit slikt arbeid har til no vorte fakturert med 500 kroner. Det viser seg at det beløpet ikkje held dersom ein skal rekne sjølvkost, og kyrkjeverja vil regulere denne kostanden opp til sjølvkost (etter gjeldande regelverk).

Det vert kravd kr. 50 i faktureringsgebyr for alle fakturaer som vert utsendt frå fellesrådet.

### Rammer/bruttobudsjettering

Kyrkjeverja i Herøy

sak 1 handsaming

Postadresse:

Kyrkjekontoret i Herøy

6091 Fosnavåg

E-post: [kyrkjekontoret@heroy-kyrkje.no](mailto:kyrkjekontoret@heroy-kyrkje.no)

Teléfono:

70 08 02 60

Telefaks:

70 08 02 60

Fellesrådet sitt budsjett skal vere på bruttonivå, for vår del vil det bety at det skal vere lik momskompensasjon både på utgifts- og inntektssida.

### Område

I rådmannen sitt Rundskriv er ein oppmoda til å sjå på om det kan gjerast omstillingar som kan gje økonomisk vinst. Slike moglegheiter ligg både innafor det administrative feltet og på dei praktiske områda. Fellesrådt har dei siste åra på stadig fleire felt vorte ein del av Herøy kommune sine innkjøpsavtaler for å få ned kostnadene på innkjøp og ein har eit stadig vakent blikk på om oppgåver kan løysast meir rasjonelt. Ein har pr. dd. ikkje omstillingsprosjekt på gang.

### Kvalitet og omfang på definerte tenester

Tenestene som vert levert av fellesrådet er først og fremst det som skjer i kyrkjene og ute på gravplassane. Frå tid til anna vert ein kjent med at fellesråd ser seg nøydd til å redusere tal gudstenester fordi ein må spare inn (personell og energi) eller at ein går ned på servicenivået på gravplassane med dårlegare vedlikehald av grøntanlegg og bygningar. I Herøy meiner eg at vi i dag leverer tenester av god kvalitet innafor desse felta. Kvaliteten på desse tenestene er sjølv sagt avhengig av at det vert løyvd midlar til løn og utstyr, men dei er ikkje minst avhengig av at dei som skal utføre jobben trivast i arbeidet sitt og får gjort ein god jobb.

Når det gjeld barne- og ungdomsarbeid så vert det i dag finansiert av sokneråda, kommunen/fellesrådet. Sokneråda/kyrkjeforeiningar samlar inn mykje midlar i tillegg til at Herøy kommune også løyver midlar til ungdomsarbeidar. Kyrkjelydspedagog har i dag ansvaret for undervisinga til konfirmantane (108 stk. i 2013), det meste av undervisinga skjer i grupper på om lag 20 stk. i tillegg til at ein har engasjert frivillige til å ha interesse baserte grupper med færre konfirmantar i kvar gruppe. Det seier seg sjølv at innfor talet på 108 konfirmantar vil det vere fleire ungdomar som har behov for tilrettelagt undervisning, noko som vi i dag dessverre ikkje har høve å tilby. I skuleverket har ein lenge jobba med tilpassa undervisning, noko som altså er naudsint også i kyrkja men som vi ikkje har. Dette trass i at Kyrkjelova klart definerer fellesrådet/kommunen sitt ansvar til å løyve midlar til konfirmantundervising.

Fellesrådet har også visse økonomiske plikter for kyrkjemusikalsk arbeid (jf. Kyrkjelova). Alle konsertar og anna slikt som vert arrangert i kyrkjene våre er anten sjølvfinansierande eller finansiert ved hjelp av midlar fra sokneråda.


Sidan kyrkja driv ei verksemder der ein er svært avhengig av dei menneskelege ressursane og at ein stor del av dette arbeidet vert gjort i ein god kombinasjon av dyktige tilsette og dyktige frivillige samt midlar frå fellesrådet og innsamla midlar vil det vere svært lite å hente på reduksjon i desse tenestene.

### **Avslutting**

Budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017 vert lagt fram utan tilråding. Ein bed fellesrådet arbeide med det administrative utkastet før endeleg vedtak.

Fosnavåg, 09.10.13

  
Marit Sævik Leinebo  
Kyrkjevejerje



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD  
Kyrkjeverja  
Lisjebøvegen 1  
6091 Fosnavåg

Økonomileiar  
Herøy kommune

her

DATO:25.09.13

ARKIV:112

REF.:

## HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD DRIFTSBUDSJETT 2014 ØKONOMIPLAN 2014-2017 ADMINISTRATIV FRAMSKRIVING

Etter Lov om Den norske kyrkje § 15 har kommunen visse økonomiske plikter til å løyve midlar slik at fellesråda kan drifta, vedlikehalde og utvikle kyrkjekontor, kyrkjer og gravplassar. Etter same paragraf er det kyrkjeleg fellesråd som vedtek sitt eige budsjett, medan det er kommunestyret som gjennom budsjettvedtak som i hovudtrekk løyver midlar til fellesrådet.

### **Driftsbudsjett 2014**

I rådmannen sitt rundskriv vert det lagt opp til at den faste løpende drifta skal verte videreført på dagens nivå. Alle kjende utgifter og inntekter skal videreførast medan mellombelse tiltak skal beskrivast som nye tiltak. I dette ligg det at fellesrådet sitt budsjett er framskrive på bakgrunn av kjent lønsnivå (pr. sept 2014) samt at kostnadane frå 2013 er videreført.

Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon har enno ikkje utarbeidd sitt rundskriv til fellesråda og ein veit soleis ikkje noko om spesielle utfordringar som dei vil drøfte.

Framlegg til statsbudsjett er heller ikkje kjent, og dette skaper særleg 2 store utfordringar for Herøy kyrkjelege fellesråd i 2013:

Statlege midlar til dåps-/trusopplæring gjennom reforma "Størst av alt" samt statlege midlar til diakon.

### **Nye tiltak**

Herøy tilhøyrar eit av få prosti i heile Møre bispedøme som framleis ikkje har fått midlar til gjennomføring av reforma "Størst av alt", og ein ser med spaning fram til om ein får tildelt slike midlar for 2014. Som kjent vart kristendomfaget teke ut av skulen for fleire år sidan og intensjonen var då at kyrkja sjølv skulle stå for denne opplæringa. Utan tilføring av midlar har det ikkje vore mogleg å fylle intensjonane i reforma, på den måten har det vorte eit tomrom i påvente av midlar til å utvikle kyrkja sitt arbeid med trusopplæring.

Dei siste åra har det heller ikkje vorte tildelt nye statlege midlar til diakon, og det er framleis uvisst om det kjem slike midlar i år – og om Herøy i så fall får del i desse midlane. På bakgrunn av at ein enno

ikkje kjenner statsbudsjettet vert desse tiltaka teke inn som nye tiltak i fellesrådet sitt budsjettframlegg.

For sokna Indre Herøy og Leikong er det ein stillingsheimel på 40 % som kantor. Denne stillingsstorleiken er absolutt ikkje i samsvar med arbeidsoppgåvene. I tillegg har det vist seg at det er svært vanskeleg å rekruttere nytt personell til ei så lita stilling, ein har pr. d.d. vakanse i denne stillinga. For å få rekruttert til denne stillinga vil det vere naudsynt å utvide stillingsstorleiken til minst 80 %, og dette er teke inn som nye tiltak.

#### Vidareføring av tiltak

Gjennom mange år har det opparbeidd seg eit etterslep på vedlikehald av kyrkjer og gravplassar i Herøy. For budsjettåret 2013 vart utgifter til vedlikehald auka til kr. 150 000, og dette beløpet er vidareført i 2014

Hausten 2014 skal ein ta i bruk eit stort nytt areal i Herøy kyrkje, kjellaren. Dette vert eit nytt stort og flott areal som primært skal brukast av ungdomen, men ein tek også sikte på at ein skal få betre lokale til Open barnehage og andre aktivitetar som finnast i huset. Dette arealet er no under arbeid og det har vore lagt ned stor dugnadsinnsats, flott arbeid av snikkarlinja på Herøy vidaregåande og arbeid av inn leigde arbeidsfolk. Når ein tek i bruk eit nytt stort areal med nye funksjonar vil det naturleg nok føre til auka driftsutgifter både til reinhald, vaktmeister, forsikring, energi m.m. Utgiftene til dette er teke inn i budsjettet.

Den siste saka som er vidareført i budsjettet er vedlikehald av kyrkjeparken ved Herøy kyrkje samt auka standard på grøntvedlikehald på gravplassane. For å gje parken og grøntarealet på gravplassane det vedlikehaldest dei treng vil det vere med naudsynt å styrke vedlikehalds-Budsjettet med kr. 40 000 i høve til 2013 budsjettet.

#### **Økonomiplan 2014-2017**

Herøy kommunestyre gjorde vedtak om at i alt kr. 5 200 000 skulle settast av til investeringar i 2013, av dette var kr. 2 200 000 overføringer frå tidlegare år medan kr. 3 000 000 løyvt til rehabilitering Indre Herøy kyrkje i eiga sak. Vidare vart det sett av kr 1 500 000 pr år dei neste åra i økonomiplanperioden.

Av dei prioriterte tiltaka i økonomiplanen har ein kome i gang med planarbeidet for rehabilitering Indre Herøy kyrkje, utvidinga ved Moltu gravplass og grunnkjøp/planarbeid på Kvalsund gravplass. Ein har likevel ikkje kome så langt i arbeidet at ein har nytta dei avsette midlane, og det er difor naudsynt å vidareføre ubrukte midlar. Det er altså planlagt store investeringar dei neste åra med utviding på Moltu og Kvalsund samstundes med rehabilitering av indre Herøy kyrkje.

Det administrative framlegget til økonomiplan/investeringsbudsjett 2014 er ei samling av naudsynte saker der dei fleste er kjende gjennom tidlegare handsamingar i fellesråd/kommunestyre.

- Utviding Moltu Gravplass, ferdigstilling 2014
- Renovering Indre Herøy kyrkje, ferdigstilling 2015 (ordning med statleg rentekompensasjon)
- Utviding Kvalsund gravplass, oppstart 2013 ferdigstilling 2014
- Utviding Leikanger kyrkjegard, planstart 2015
- Branntryggingstiltak

Eit større utbetringsarbeid som må planleggast og startast opp for alle bygningane som fellesrådet forvaltar

I tillegg har ein teke inn dei nye driftstiltaka med diakon og organist.

Kyrkjeverja si administrative framskriving av fellesrådet sitt budsjett vert med dette oversendt administrasjonen i Herøy kommune for vidare arbeid.

Herøy kyrkjelege fellesråd skal i sitt møte 16.10.13 handsame budsjettet 2014 for 1. gong

Fosnavåg, 25.09.13

  
Marit Sævik Leinebø  
Kyrkjeverje

## BUDSJETT 2014, adm framskriving

Konto	Konto(I)	Budsjett 2012	Forbr 21.08.13	Budsjett 2013	Budsjett 2014
1 30100	Fastlønn	kr 1 694 186	kr 2 970 000	kr 2 970 000	
2 30108	Pensionsgjenvante tillegg	kr 19 316	kr 30 000	kr 30 000	
3 30200	Vikarar	kr 88 573	kr 69 000	kr 69 000	
4 30209	variable tillegg vikarar	kr 62 268	kr 59 000	kr 65 000	
5 30300	Ekstrahjelp	kr 21 776	kr 29 000	kr 30 000	
30500	Anna løn	kr 2 800	kr -	kr -	
30800	Godtgjeldsle folkevalde	kr 40 000	kr 60 000	kr 60 000	
30802	Tapt arbeidsgodtgjersle	kr 2 285	kr -	kr -	
6 30900	Pensionsinnskot	kr 281 283	kr 520 000	kr 500 000	
7 30902	Kollektiv ulykke- og gruppelivforsikring	kr 15 956	kr 11 000	kr 16 000	
8 30990	Arbeidsgjeveravgift	kr 250 852	kr 395 000	kr 395 000	
	<b>Sum lønn</b>	<b>kr 2 439 295</b>	<b>kr 4 123 000</b>	<b>kr 4 135 000</b>	
9 31000	Kontormateriell	kr 732	kr 60 200	kr 60 200	
10 31002	Abonnement aviser og faglitteratur	kr 1 080	kr 4 000	kr 4 000	
11 31100	Aktivitetsrelatert forbruksmateriell/ utstyr/ tenester	kr 40 637	kr 40 000	kr 40 000	
12 31151	Servering møter, kurs, representasjon	kr 6 033	kr 15 000	kr 15 000	
13 31200	Anna forbruksmateriell	kr 78 163	kr 10 000	kr 10 000	
31201	Arbeidskle		kr 3 000	kr 3 000	
14 31202	Velferdstiltak	kr 6 509	kr 6 000	kr 6 000	
31208	Diverse utgifter	kr 10 268	kr -	kr -	
15 31300	Post, banktenester, telefon	kr 15 115	kr 35 000	kr 35 000	
16 31301	Telefoni	kr 15 120	kr 15 000	kr 15 000	
17 31400	Annonsar, reklame, informasjon og representasjon	kr 66 614	kr 60 000	kr 60 000	
18 31500	Opplæring kurs (ikkje oppgåvepliktig)	kr 950	kr 25 000	kr 25 000	
31550	Reiseutgifter, opplæring		kr 10 000	kr 10 000	
19 31600	Reiseutgifter, oppgåvepliktige	kr 29 987	kr 80 000	kr 80 000	
31700	Reiseutgifter, drift av egne transportmidde	kr 1 794	kr 5 000	kr 5 000	
31701	Årsavgift		kr 9 000	kr 9 000	
31703	Reiseutgifter	kr 730	kr 20 000	kr 20 000	
20 31800	Energi	kr 206 769	kr 350 000	kr 380 000	
21 31850	Forsikringar, vakttenester	kr 75 992	kr 90 000	kr 105 000	

Konto	Konto(T)	Budsjett 2012	Forbr 21.08.13	Budsjett 2013	Budsjett 2014
31900	Avgifter, gebyr, lisens			kr 3 000	kr 3 000
22 31950	Avgifter, gebyr og lisensar	kr 52 677	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000
23 31951	Lisenser/ serviceavgifter	kr 58 285	kr 25 000	kr 60 000	kr 60 000
	<b>Sum andre driftsutgifter</b>	<b>kr 667 455</b>	<b>kr 965 200</b>	<b>kr 1 045 200</b>	
24 32000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmiddel	kr 31 981	kr 160 000	kr 50 000	
25 32100	Kjøp, leige og leasing av transportmiddel	kr 56 592	kr -	kr 110 000	
Den planlagde undergangen er lokalisert i «Koppen» langs FV654 mellom Frøystad og Røyra. Dette er skuleveg for born som er busett i Røyra og som går på Einedalen skule. Undergangen er vurdert til å vere viktig trafikktryggingstiltak med omsyn til å legge til rette for ein sikker skuleveg til/frå bustadområda i Røyra mot Einedalen skule.

Hovudutfordringa for denne type reguleringsplanar er å få innpassa undergangen på ein slik måte at det kjennest naturleg for folk flest å nytte den i sitt bevegelsesmønster.

Det vil seie at undergangen skal ha som mål å vere det naturlege valet ved kryssing av vegbana, og ikkje bli oppfatta som ein «omveg» av mjuke trafikantar. Ein undergang må difor vere skilta, fysisk kanalisert og opplyst slik at den kan nyttast trygt, raskt og effektivt som kryssingspunkt heile året. Utgangspunktet når ein skal planlegge for gang- og sykkeltrafikk er at dei ferdande ikkje skal oppleve større stigningar enn parallelle bilvegar. Der det er vanskar med å innfri dette bør høgdeskilnaden vere så små som mogleg og over så korte strekningar som mogleg.

I planarbeidet er det teke utgangspunkt i løysingar for planfri kryssing på «Frøystadtopenn», Statens Vegvesen si handbok 017 og 233, samt teikningar av undergangen i Trolldalen.

Undergangen skal ha ei innvendig høgde på 3,2 m og breidde på 4 meter. Stigningsforholda på gangvegareal skal prosjekterast og byggast i høve gjeldande vognormalar. Desse krava er illustrert i tabellen under:

#### C.3.6.2 Geometrikrav

Minste vertikalkurveradius for en gang- og sykkelveg (og sykkelveg med fortau) bør være 50 m.

Minste radius for horisontalkurven bør være 40 m.

Maksimal stigning er avhengig av stigningens lengde. Krav til stigning bør tilfredsstilles i henhold til tabell C.33.

Tabell C.33: Maksimal stigning for gang- og sykkelveg/sykkelveg med fortau

Stigningens lengde i [m]	Stigning
< 35	10,0 %
< 100	7,0 %
< 200	5,0 %
> 200	3,5 %


Fri høyde i underanger bør være minst 3 m. Sykkelveg gjennom en undergang bør ha samme tverrprofil som resten av sykkelvegen, men avstanden mellom veggene bør være minst 4 m.

Dette inneberer at nivået på eksisterande gangvegareal må senkast i terrenget, slik at desse vert tilpassa krava til stigning til/frå botnen av undergangen. Det er undersøkt at det er avsett tilstrekkeleg med areal for å oppnå desse krava i seinare prosjektering / utarbeiding av byggetekningar. Ein må også i prosjektering og byggefase finne løysingar for oppsamling av overflatevatn.

#### Prinsippskisse (profil):

PRINSIPPSKISSE UNDERGANG "KOPPEN"

FYLKESVEG 654



PLANFRI KRYSSING "KOPPEN" FV 654

#### Planlagd arealbruk

Forutan om undergang, gang- og sykkelveg er det regulert inn køyrevegar, annan veggrunn (tekniske anlegg og grøntareal). For området V1, Fylkesveg 654, er det regulert inn vegareal med tilhøyrande gangfunksjonar og under bakken (vertikalinivå 1) er det regulert gang/sykkelveg (undergang).

Reguleringsplanen er inndelt regulert i to nivå med 2 plankart for å vise planlagd arealbruk over og under bakkenivå.

## Føresegner

Formåla på plankartet er utdjupa av reguleringsføreseggnene. Saman skal desse dokumenta vere juridisk bindande for arealbruken ved kommunestyret si godkjenning av reguleringsplanen.


## Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er gjennomført ei enkel risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planarbeidet. Denne sjekklista følgjer som vedlegg til planomtalen. Dette planlagde tiltaket er ikkje i konflikt med nokre av momenta på denne sjekklista.

## 4. KONSEKVENSAR AV PLANFRAMLEGGET

### Støy

Planforslaget tilfører ikkje området nokon nye støyande element enn kva som er situasjon for området i dag. Statens vegvesen har fått utarbeida eit støyvarselskart for fylkesvegane i Herøy kommune. Dette er gjort med grunnlag i miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012).



Utsnitt av støyvarslingskart (Statens Vegvesen Region Midt)

## **Landskap**

Den planlagde undergangen vil vere eit tiltak som i hovudsak går under bakkenivå. Ei senking av gangvegar (tilførsel) til undergangen og oppføring av rekkverk/murar vil endre vegareala sin karakter. Det er lagt vekt på at det kan nyttast murar for å minske inngrepa i terrenget på staden. Så langt ein kan sjå vil ikkje tiltaket medføre vesentleg terrenginngrep av ein negativ karakter.

## **Landbruk**

Tiltaket omfattar areal som er avsett til vegformål og vil ikkje ha vesentlege konsekvensar for landbruket i området. Ein har i planarbeidet forsøkt å ta omsyn til landbruksinteressene i området ved å innskrenke plangrensa.

## **Trafikktryggleik**

Ein vonar tiltaket kan føre til ei vesentleg betring av trafikktryggleiken i området, med vekt på skulelevane sin ferdselsveg. Dette er også eit av måla med planarbeidet. Tiltaket vil ha vesentleg positive verknader for trafikktryggleiken.

## **Naturmangfold**

Ingen. Ikkje kjende interesser registrert i naturbasen.

## **Barn- og unge**

Tiltaket vil vere ein del av born- og unge sin skuleve. Det er lagt vekt på føresegner som skal sikre at undergangen må utformast slik at den blir det naturlege valet som kryssingspunkt for skulelevar og mjuke trafikantar i dette området.

## **Estetikk og miljø**

Positivet. Estetisk skal tiltaket skal tilpassast terrenget på staden. Bruk av murar og tilplanting av skrånningar med stadeigen vegetasjon. For miljøet vil løysinga stimulere til alternativ transport gjennom å betre forholda for dei mjuke trafikantane.

## **Kulturminne**

Ingen. Ikkje registrerte eller kjende funn av automatisk freda kulturminner i dette området.

## **Grunneigarar og naboar**

Planforslaget legg beslag på areal til annan veggrunn – grøntareal (AVG), dette gjeld mindre areal som er tenkt å tilhøyre sideanlegget i dagens vegformål (her; grøfter, skjeringar og fyllingar).

## 5. MEDVERKNAD OG INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Innkomne synspunkt og merknader til planarbeidet er handsama i vedlegg C –«Handsaming av innspel».

Vidare har ein innarbeidd innspel frå medverknadsmøte av 19.09.2013 i planforslaget. Det er mellom anna teke omsyn til følgjande:

- **Trappeløysing / tursti mot «Koppefjellet»:** I føresegne er det teke omsyn til at det skal kunne etablerast ei kopling mellom undergangen og o\_V2 (avkørsle frå fylkesvegen – gamle riksvegen mot «Koppefjellet») dette for å sikre ei løysing for turgårar og friluftsinteressene til/frå «Koppefjellet». Denne koplinga kan opparbeidast innanfor området AVG3 og kan vere ein kombinasjon av tursti/trappeløysing. Denne løysinga er valt av omsyn til dei lokale forholda på staden og at forholdet til eksisterande terregngforhold i området ikkje gjer det mogleg å få til ein gangveg i denne retninga med akseptable stigningsforhold.
- **Tursti til/frå gnr 21 bnr 25 og o\_V2:** Det er i dag opparbeidd sti for deler av arealet i dette området i dag. For å sikre eigedomen ein tilkomst til o\_V2 og undergangen, blir det teke inn i føresegne at det kan etablerast ein enkel tursti innanfor området AVG2.
- **Overflatevatn i området:** Det er i føresegne teke med eit punkt om at det på generelt må takast omsyn til drenering og bortleiing av overflatevatn ved prosjektering og bygging av undergang i «Koppen». Hovudpunkt for drenering må i all hovudsak sikrast og vatn må leiaast bort på ein kontrollert måte.

## 6. VEDLEGG

- A - Sjekkliste – ROS
- B - Innspel til planarbeidet
- C - Handsaming av innspel
- D – Referat frå medverknadsmøte

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Emne	Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?	X	
	b Er det fare for flodbølgjer som følge av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d Er området utsett for flaum/flaumskred?	X	
	e Er det registrert radon i grunnen?	X	
	f Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	g Er området sårbart for ekstremvær/stormflo?	X	
	h Anna (spesifiser)?	X	
Omgivnad	a Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	X	
	b Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggende område?	X	
	d Anna(spesifiser)?	X	
Verksemdsrisiko	a Omfattar området spesielt farlege anlegg?	X	
	b Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko for området?	X	
Brann-/ulykkesberedskap	a Har området utilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: <ul style="list-style-type: none"> <li>- til skole/barnehage?</li> <li>- til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?</li> </ul>	X	
	d Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a Er området påverka av magnetfelt frå høgspentlinjer?	X	
	b Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	X	
	c Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Sårbare objekt	a Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulykker for området: <ul style="list-style-type: none"> <li>-elektrisitet ?</li> <li>-teletenester?</li> <li>-vassforsyning?</li> <li>-renovasjon/spillvatn?</li> </ul>	X	
	b Er det vassforsyning/drikkevatn i området	X	
	c Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	d Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidligare bruk	a Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	X	
	c Industriverksem som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg verksemd	a Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 218 - 13 av sign: Alexander Z. Tarberg

1

---

**Fra:** Ragnvald Kvalsvik [mailto:[post@heroy.vasslag.no](mailto:post@heroy.vasslag.no)]

**Sendt:** 14. juni 2013 11:20

**Til:** postmottak

**Kopi:** Gjerdsbakk Per-Arne; [post@heroy.vasslag.no](mailto:post@heroy.vasslag.no)

**Emne:** Reguleringsplan planfri kryssing FV654 "Koppen"

Herøy Vasslag vil opplyse om at hovedleidning for vassforsyning kryssar vegsystemet i dette området.

Leidninga forsyner Røyra, Jensholmen og Nautøy.

Den er også reservevassforsyning begge vegar mellom Stemmedalen og Leinøy/Remøy.

Sjå den blå streken på vedlagt kart.



cid:image001.jpg@  
01CD029D.6F2662  
80

Vennleg helsing  
Herøy Vasslag SA  
**Ragnvald Kvalsvik**  
Dagleg leiar  
mob 468 61 558  
e-post: [post@heroy.vasslag.no](mailto:post@heroy.vasslag.no)  
tlf: 70 08 33 80  
vakt tlf: 911 83 388  
<http://www.heroyvasslag.no>

12





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	12.06.2013	38695/2013/REGULERINGSPLAN/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	02.07.2013

## **Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - planfri kryssing av FV 654 i Koppen - fråsegn ved varsel om oppstart**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til varsel om oppstart.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Trond Eilev Linge, arkeolog/rådgjevar, tlf. 71 25 88 40

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



(2)

(3)

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE  
RADMANNEN

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Følg nr 2013/554

Saksbehandlet

ART

- 3 JULI 2013

Før koden P

L12

Føl. koden S

4

Først

4

Regnr 2013/554

Behandlende eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2013/070300-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
02.07.2013

### Fv. 654 i Koppen i Herøy kommune - planfri kryssing - varsel om oppstart av planarbeid - Uttale

Viser til skriv frå Herøy kommune med varsel om oppstart av reguleringsarbeid for planfri kryssing av fylkesveg 654 på Koppen, udatert skriv registert motteke her 12.6.2013.

Statens vegvesen stiller seg positiv til varsle planarbeid. Vi føreset at reguleringsplanlegginga vert basert på gjeldande vognormalar med tilhøyrande rettleiarar og retningslinjer.

Utover dette har vi i denne omgang ikkje særlege innspel og merknader til varsle planarbeid. Nærare detaljer vert å kome attende til når framlegg til reguleringsplan ligg føre etter regelverket i plan- og bygningslova.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Ole Jan Tønnesen  
sekjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen  
Fylkesmannen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Tel: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



## Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Herøy kommune  
Utviklingsavdelingen  
Postboks 274

6099 FOSNEVÅG

Telefon: 70 08 64 70  
Adresse: 6080 Gurskøy  
E-post: [kontor@landbrukskontoret.no](mailto:kontor@landbrukskontoret.no)  
Hjemmeside: [www.landbrukskontoret.no](http://www.landbrukskontoret.no)

Dykkar ref:

Vår ref: AKL

Dato: 19.07.2012

### Reguleringsplan planfri kryssing FV654 "Koppen"

Ein liten del av arealet tilhøyrande gnr 21 bnr 52 har arealklasse "lettbruk dyrka mark", sjå vedlagde kart. Dyrka og dyrkbar jord har sterkt vern. Jordlova §9 forbyr å nytte slik jord til anna enn landbruksføremål. Omsyn til samfunnsinteresser kan likevel tale for omdisponering. Føremålet med planen vil ha slik interesse og det bør gjevast løyve til omdisponering.


Med helsing  
  
Anne Kathrine Løberg  
Landbruksjef

Vedlegg: Kart målestokk 1:1000 med markslag

4

# Landbrukseiendom 1515 - 21/54

Markslag (AR5) 13 klasser



0 10 20 30m

Målestokk 1:1000 ved A4 stående utskrift

skog+  
landskap



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, Innvalstelefon  
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato  
25.07.2013  
Dykkar dato  
12.06.2013

Vår ref.  
2013/3940/ASBU/421.4  
Dykkar ref.

Utv.

E

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE  
FYLKESMANNEN  
2013/554 | Saksbeh A2T  
26 JULI 2013  
Ark kode P | Dok nr 6  
Ark kode S |  
L12

## Herøy kommune. Detaljregulering - reguleringsplan planfri kryssing av Fv 654 i Koppen. Fråsegn til melding om oppstart.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande innspel til planarbeidet:

### Landbruk

Planområdet vil i liten grad kome i konflikt med landbruksinteressene i området, men vi vil likevel peike på at aust for reguleringsområdet ligg ein stor teig med dyrka mark, med innslag av dyrkbar mark. Det må takast omsyn til jordbruksarealet så langt det er mogleg i vidare arbeid.

### Samfunnstryggleik

Vi minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging.

Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i planar av denne storleiken. Sjekklista ligg under Fylkesmannen si heimeside på følgjande nettadresse: [www.fmmr.no/sjekkliste](http://www.fmmr.no/sjekkliste).

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)  
fung. samordnar

Astrid Buset  
overingeniør

**Fagsaksbehandlar**  
Landbruk: fylkesagronom Kristin Eide

### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

6

---

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 5. august 2013 13:01  
**Til:** Arkiv  
**Kopi:** Ole Magne Rotevatn  
**Emne:** FW: Reguleringsplan planfri kryssing FV 654 Koppen

Helsing

**HERØY KOMMUNE**

Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Camilla Storøy Hermansen  
**Sendt:** 5. august 2013 12:57  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Reguleringsplan planfri kryssing FV 654 Koppen

Uttale frå barnrepresentanten:

Barnrepresentanten ser svært positivt på at reguleringsarbeidet med planfri kryssing i Koppen vert sett i gong. Denne krysinga er svært uoversiktleg og farleg for både små og store. Med å få ei planfri kryssing her, samt på Frøystadtoppen, vert dette ein trygg skuleveg for mange born og unge.

Camilla Storøy Hermansen, barnrepresentant

## VEDLEGG C – REGULERINGSPLAN FOR PLANFRI KRYSSING AV FV654 (KOPPEN) I HERØY KOMMUNE

### BEHANDLING AV INNSPEL TIL PLANARBEIDET – VARSEL OM OPPSTART

<b>Avsendar og dato</b>	<b>Innspel</b>	<b>Vår vurdering</b>
1 Herøy Vasslag BA, 14.06.2013.	Vasslaget opplyser om at hovedleidning for vassforsyning kryssar vegsystemet i dette området. Denne leidninga forsyner Røyra, Jensholmen og Nautøya, og er reservevassforsyning begge vegar mellom Stemmedalen og Leinøy/Remøy. Leidninga er avmerka på kartutsnitt.	<i>Innspelet frå Herøy Vasslag BA vert teke til vitande. Den aktuelle leidninga vil kome i konflikt med planane for senking av gangvegen på nordsida av FV654. Ein føreset at leidninga blir omlagt gjennom prosjektering og bygging av gangvegen.</i>
2 Møre og Romsdal fylkeskommune (MRfylke), 02.07.2013.	Fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til varsel om oppstart.	<i>Innspelet frå MRfylke er teke til vitande.</i>
3 Statens Vegvesen Region Midt, 03.07.2013.	Statens vegvesen stiller seg positiv til varsla planarbeid. Vi føreset at reguleringsplanlegginga vert basert på gjeldande vegenormalar med tilhøyrande rettleiarar og retningslinjer. Utover dette har dei i denne omgang ikkje särlege innspel og vil kome attende til når framlegg til reguleringsplan ligg føre.	<i>Innspelet frå Statens Vegvesen Region Midt er teke til vitande.</i>
4 Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Påpeikar at ein liten del av arealet tilhøyrande gnr 21 bnr 52 har arealkasse «lettbukt dyrka mark», og er markert på vedlagt kartutsnitt. Landbrukskontoret påpeikar at dyrka og dyrkbar jord har sterkt vern. Jordlova § 9 forbyr å nytte slik jord til anna enn landbruksføremål. Omsyn til samfunnsinteressene kan likevel tale for omdisponering.	<i>Innspelet frå Landbrukskontoret er teke til vitande. Planforslaget er no redusert i omfang, til å berre gjelde det arealet som er vurdert som nadusynt for å nå målet med planarbeidet. Etter det ein kan sjå vil ikkje planforslaget vere i konflikt med landbruksinteressene i området.</i>

		Føremålet med planen vil ha slik interesse at det bør gjevast løyve til omdisponering.	
5	Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 26.07.2013.	<p>Planområdet vil i liten grad kome i konflikt med landbruksinteressene i området, men vi vil likevel peike på at aust for reguleringsområdet ligg ein stor teig med dyrka mark, med innslag av dyrkbar mark. Det må takast omsyn til jordbruksarealet så langt det er mogleg i vidare arbeid.</p> <p>Fylkesmannen minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i planar av denne storleiken. Sjekklista ligg under Fylkesmannen si heimeside</p>	<p><i>Innspelet frå Fylkesmannen er teke til vitande. Planforslaget er no redusert i omfang, til å berre gjelde det arealet som er vurdert som nadusynt for å nå målet med planarbeidet. Etter det ein kan sjå vil ikkje planforslaget vere i konflikt med landbruksinteressene i området.</i></p> <p><i>Det er utarbeidd sjekkliste for risiko og sårbarheit (ROS) etter mal frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.</i></p>
6	Barnerepresentanten, 05.08.2013.	Barnerepresentanten ser svært positivt på at reguleringsarbeidet med planfri kryssing i Koppen vert sett i gong. Denne kryssinga er svært uoversiktleg og farleg for både små og store. Med å få ei planfri kryssing her, samt på Frøystadttoppen, vert dette ein trygg skuleveg for mange born og unge.	<i>Innspelet frå barnerepresentanten er teke til vitande.</i>

Utviklingsavdelinga – AZT – September 2013.

## Referat frå informasjons- og medverknadsmøte om planarbeid for ny planfri kryssing i «Koppen» (Fylkesveg 654)

Dato: 19.09.2013

Deltakrar: Aleksander Zahl Tarberg (Planleggar)

Tid: 18 – 20.00

Ida Marie Herre (Ingeniør)

Stad: Herøy rådhus

Frammøte: 3 personar.

---

- Møte starta med at planleggar frå Herøy kommune orienterte om bakgrunnen for planarbeidet gjennom ein power point presentasjon. Her blei det orientert om korleis arbeidet er forankra i vettak og overordna planar, samt korleis planområdet er avgrensa og kva som er bakgrunnen for plangrensa.
- Det blei orientert om planprosessen vidare og kvifor ein ynskjer å halde eit ope møte med grunneigarane. Ein understreka at dette møtet blei sett på som eit viktig ledd i å sikre medverknad frå dei som blir råka og dei som evt blir framtidige brukarar av gangvegen.
- Det blei vist til foreløpig skisse som viser ei arealbruksløysing for «Koppen»
- Frå kommunen si side blei det orientert om korleis ein seg føre seg løysinga med undergangen, der blant anna eksisterande gangvegar blir seinka i terrenget, slik at ein undergang gradvis blir oppfatta som det mest naturlege måten å krysse vegen på i dette området. Det blei vidare framheva at ein ynskjer å kome i dialog med grunneigarane i området med tanke på erverv av areal til offentlege vegformål.
- Frå kommunen blei det understreka at for at tiltaket skal kunne bli vurdert av fylkeskommunen som aktuelt prioritert tiltak, så må det vere ordna med grunnerverv og godkjend reguleringsplan.
- Ein av dei frammøtte orienterte om at «gamlevegen» dvs tidlegare riksvegen gjennom koppen i dag blir brukt mykje av turgåarar, og kom med eit **innspel på at det bør vere ei kopling mellom gangvegen/undergangen og «gamlevegen»** for å fange opp straumen av turgåarar i området.
- Frå kommunen blei det understreka at dette er noko ein vil sjå nærmare på i det vidare planarbeidet. Ein takka for dette konstruktive innspelet frå grunneigar. Korleis innspelet er handsama vi gå fram av dei tilrådde plandokumenta.
- Ein anna grunneigar kom med innspel på at det går ei vassleidning gjennom dette området i dag. Kommunen svara med at ein allereie har fått innspel om dette frå Herøy Vasslag BA, men at ein er takksam for slike opplysningar. Evt flytting av den aktuelle vassleidninga i området må ein kome attende til ved evt prosjektering og utarbeiding av byggeplanar for tiltaket.
- Det kom innspel frå ein av grunneigarane at ein må **sikre forsvarleg evt høgdeskilnader på veg/gangveg**. Kommunen svara med at dette vil ein sjå nærmare på dette punktet i det vidare planarbeidet. Korleis innspelet er handsama vi gå fram av dei tilrådde plandokumenta.
- Ein av grunneigarane kom med innspel på at ein må sikre løysingar for handtering av overflatevatn i området. Det blei vist til oppsamlingspunkt for overflatevatn sør for den planlagde gangvegen på bnr 25. Det blei vist til at dette må haldast ope då det vert hevda at dette er hovudoppsamlingspunkt for overflatevatn i koppen. Ein må sikre at dette blir halde ope og at vatn blir leia gjennom vegen evt undergangen. Kommunen svare med at ein vil sjå nærmare på dette punktet i det vidare planarbeidet. Korleis innspelet er handsama vi gå fram av dei tilrådde plandokumenta.
- Grunneigarane vil ha tilsendt planen i papirformat ved høyring. Sidan det her er så få grunneigarar vil ein kunne sende desse dokumenta i papirformat.

Ref,

Aleksander Zahl Tarberg

20.09.2013



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2012/1453
		Arkiv:	L12

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
192/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### **REGULERINGSENDRING FOR GNR. 34, BNR. 22 M.FL (SJØSIDA EIGEDOM AS) SLUTTHANDSAMING**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Kommunestyret godkjennar i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, forslag til reguleringsendring for gnr. 34, bnr. 22 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner sist datert 22.5.2013.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering.

#### **Særutskrift:**

Kvalsvik Elektro AS,  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal,  
Møre og Romsdal fylkeskommune,  
Igesund Eigedom AS,

Igesundvegen 20,  
[postmottak@fmmr.no](mailto:postmottak@fmmr.no)  
[post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
postboks 88,

6090 Fosnavåg  
6099 Fosnavåg

**Vedlegg:**

1. Reguleringsplankart, sist datert 22.5.2013
2. Reguleringsføresegner, sist datert 22.5.2013.
3. Planomtale, sist datert 22.5.2013.
4. Uttale frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 19.7.2013.
5. Uttale frå Statens vegvesen, datert 9.9.2013.
6. Uttale frå barnerepresentanten, datert 10.9.2013.
7. Uttale frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 10.9.2013.
8. Merknad frå Igesund Eigedom AS, registrert 11.9.2013.
9. Uttale frå fylkeskommunen, datert 12.9.2013.

**Saksopplysningar:**

På vegne av tiltakshavar Kvalsvik Elektro AS, har konsulentfirmaet AG Plan og Arkitektur AS utarbeidd forslag til reguleringssendring for gnr. 34, bnr. 22 mfl.

Bakgrunnen for reguleringssendringa er at Sjøsida Eigedom AS ønskjer å byggje på to etasjer med leiligheter over noverande forretningsareal.

Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen 20.6.2012. AG Plan og Arkitektur AS sökte på vegne at tiltakshavar Sjøsida Eigedom AS, om oppstart av arbeid med reguleringssendring i september 2012. Formannskapet godkjende søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid i møte 2.10. 2012, F-sak 284/12. Planarbeidet vart kunngjort igangsett 16. oktober 2012. Innan fristen kom det inn 8 innspel /merknader til planforslaget.

Herøy formannskap gjekk i møte 2.7.2013, F-sak 121/13, inn for at reguleringssendring for gnr. 34, bnr. 22 mfl. skulle leggjast ut til offentleg ettersyn

Frist for å kome med innspel/merknad til reguleringsplanforslaget var sett til 13.9.2013. Innan fristen kom det inn 5 uttalar og 1 merknad.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, Statens vegvesen og fylkesmannen har ikkje merknader til reguleringsplanforslaget.

Barnerepresentanten gir uttrykk for at det er gjort eit godt arbeid, der ein har lagt til rette for ein møteplass med tilgang til sol og lett tilkomst for dei som skal bu der og med leikeareal for borna. Barnerepresentanten presiserer at det er viktig at arealet vert opparbeidd i ei tidleg fase av prosjektet.

Kommentar:

Teke til vitande.

Igesund Eigedom AS informerer innleiingsvis om at dei representerer 3 eigedomsselskap (Igesund Eigedom AS, Nordmar Eigedom AS og Igesund AS) som eig eigedommar på gnr. 34, bnr. 22, samt industriområdet der Sunnmørsfisk held til.

Vidare peikar Igesund Eigedom AS på at kommunen er kjent med at det vil bli ei utvikling av området vest for gnr. 34, bnr. 22, som inkluderer bustader, kontor og sentrumsfunksjonar. For at området skal knytast til Fosnavåg sentrum, må det setjast av areal til korridorar, der ein kan få fram køyreveg og gangveg. Igesund Eigedom AS meiner skisserte parkeringsløysingar, kan kome i konflikt med framtidige korridorar. Dei ber kommunen gjere ei vurdering av ovannemnde.

Igesund Egedom AS meiner det vil vere meir hensiktsmessig at tiltakshavar får ei parkeringsløysing på vestsida av gnr. 34, bnr. 22, når det etter kvart vert utfylt.

Kommentar:

Kommunen har god kjennskap til planane for vidare utvikling av området vest for gnr. 34, bnr. 22. Etter kommunen si vurdering er det naturleg at området vest for gnr. 34, bnr. 22, ikkje får veggtilkomst gjennom området som er omfatta av denne reguleringsendringa. Ei framtidig utbygging vest for 34/22 vil generere auka aktivitet, m.a. i form av auka trafikk både av køyrande og syklande/gåande. Kommunen meiner det vil vere uheldig å leie ev. framtidig trafikk til den nye «bydelen» gjennom området som no er under regulerung.

Fylkeskommunen (FK, 12.9.2013) gir innleiingsvis uttrykk for at dei meiner det er positivt å leggje til rette for etablering av fleire bustader i sentrum. Fylkeskommunen viser til kommunen sitt byutviklingsprosjekt, der Sjøsida Egedom AS vil vere ein sentral del. Fylkeskommunen rår til at grunneigar blir invitert inn i utviklingsprosjektet, og at ein avventar endeleg vedtak i saka.

Kommentar:

Formannskapet, har gjennom sitt vedtak om godkjenning av oppstart av reguleringsplanarbeid, gitt klare signal om at dei ønskjer auka aktivitet i denne delen av sentrum.

Eksisterande bygg på gnr. 34, bnr. 22 er seksjonert i 10 seksjonar. På delar av eigedommen er det i dag forretning-/kontorbygg med parkeringsareal i del av 2. etasje. I første etasje er det daglegvarebutikk, Vinmonopol, frisør og velveresenter.

Kommunen ser ikkje grunn til å avvente endeleg vedtak i saka, ettersom det her er snakk om å byggje på to etasjer med leiligheter over noverande forretningsareal. Etter kommunen si vurdering vil ikkje dette vere til hinder for seinare byutvikling i området.

### **Vurdering:**

#### Barn og unge

Utbygginga vil skje på allereie utbygd tomtegrunn. Tiltaket medfører ikkje negative konsekvensar for bruk av areal eller tilgang til areal som er viktige for barn og unge. Uteoppaldsareal kan ikkje løysast på grunn-nivå. Del av taket på 1. etasje er føresett nytt til felles leikeplass. Arealet vil ha tilgong frå heis og trapperom. Arealet vil også ha tilkomst via felles veg.

#### Samfunnstryggleik

Tiltaket medfører ikkje vesentlege konsekvensar for sikkerheit. Mogleg ulemper for parkering under cote 2.68 (framtidig havnivå) har vore vurdert. Konsulent har konkludert med at det vil vere i samfunnet si interesse å bruke seksjonar som ikkje har vesentlege tap ved skade til inngangsparti/lager/parkering. Konsulent legg også til grunn at eksisterande konstruksjon har bere-evne til å tolle nye etasjer si tyngde og dei bølgjekreftene som følgjer at 200-års bølgja. Dette vil bli nærmare utgreidd i samband med detaljprosjektering av byggeprosjektet.

#### Areal- og samfunnsutvikling

## Naturmangfald

Ein har vurdert planforslaget opp mot prinsippa i naturmangfaldlova og i høve til tilgjengeleg kunnskap i DN sin database. Så langt ein kan sjå, er ikkje planforslaget i konflikt med sårbare artar, naturtyper eller område med særskilt sårbare økosystem.

## Sentrumsutvikling

Fosnavåg er i stor utvikling og det er stor etterspørsel etter leiligheter i sentrum. Planforslaget legg til rette for auka utnytting ved at tomta vert utnytta i fleire etasjer. Skisseprosjektet som ligg ved planforslaget vil kunne tilføre sentrum 16 leiligheter. Om arealet vert nytt til dei andre regulerte bruksføremåla, vil parkeringsdekninga i prosjektet kunne gi rom for ca. 2650 m<sup>2</sup> forretning/kontor/tenesteareal.

Maks kotehøgde for bygg er i planforslaget sett til 15.20. Sett i høve til kringliggjande bygg vil denne høgda samsvare godt med bygga ikring. Tilgrensande bygg har høgder på 14 og 16.5 meter. I kvartalet Kjøpmannsgata, Rådhusgata, Holmefjordvegen og hamna varierer høgdene mellom 13.6, 14.5, 15.9, 16.5 og opptil 19.9 meter. Etter kommunen si vurdering vil maksimum kotehøgde på 15.20 meter ikkje bryte, men spele på lag med eksisterande bygg i sentrum.

Det er viktig at bygget får høg estetisk kvalitet. Etter rådmannen si vurdering er dette godt ivaretake gjennom reguleringsføresegnene til planen.

## **Konklusjon:**

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 forslag til reguleringsendring for Sjøsida Eigedom AS med tilhøyrande reguleringsførereegner, sist datert 22.5.2013.

Fosnavåg, 10.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

# TEIKNFORKLARING

PBL § 12-5 REGULERINGSFØREMÅL OG 11-8 OMSYNSSØNER

## 1 BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5 nr. 1)

FRITTIGJANDE SMÅHUSBUSETNAD

S SENTRUMSFØREMÅL

KA KOMMUNALTEKNIK ANLEGG, PUMPESTASJON

## 2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 nr. 2)

V KØREVEG

F FORTAU

ANNAN VEGGRUND - TEKNISK ANLEGG

KAI KAI

P PARKERINGSPLASS

PH PARKERINGSHUS

## 3 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL § 12-5 nr. 6)

HA HAMNEOMRÅDE SJØ

## 4 SIKRINGSSØNE

(PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

FRISIKT (H40)

### LINESYMBOL

Planen si grense

Føremålsgrense

Grense for sikringssone

Regulert senterlinje

Regulert parkeringsfelt

Regulert fotgjengarfelt

Frisiklinje

### PUNKTSYMBOL


Avkjørsel til P-hus (PH)

Tilkomst kai/bygning

Innkjøring P

Utkjøring P

HC-plass



GEODETISK DATUM	HØGDREFERERANSE	EKVIDISTANSE	KARTGRUNNLAG
EUREF89 UTM-sone 32	NN1954	1 m	Grunnkart Herøy kommune

REVISJONAR	DATO	SIGN
1. Revidert som følge av merknader frå kommunen	22.5.2013	KG

SAKSHANDSAMING:	DATO	DATO	SIGN
Planutval			
Off. eftersyn			
Kommunestyret, eigengodkjenning			



HERØY  
kommune

REGULERINGSENDRING (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR:  
SJØSIDA EIGEDOM I HERØY KOMMUNE

Forslagstillar: Sjøsida Eigedom AS

Tegn: K. Gjengedal  
Ktr.: KG  
Dato: 29.4.2013  
Målestokk: 1:1000 (A3)

Utarbeidd av:

AG Plan og Arkitektur AS

Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta  
Tlf 700 61 600, E-post: firma@agplan.no, www.agplan.no

Teikningsnummer: 2151-100  
Revisjon: 1.

## **REGULERINGSENDRING FOR SJØSIDA EIGEDOM**

Nasjonal arealplan-ID:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
1515201289	XXX	xx.xx.2013	Herøy kommunestyre

### **Områdeomtale/plangrense:**

I nord: Grensar til sjøareal

I sør: Grensar til eller går dels inn på gnr./bnr. 34/43, 34/171, 34/324 og vegane  
Rådhusgata og Tollåsbakken

I aust: Grensar til eller går dels inn på gnr./bnr. 34/494 og 34/517

I vest: Grensar til eller går dels inn på gnr./bnr. 34/22 og 34/170

### **§§ 1-3 GENERELT**

#### **§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnerne gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnerne) fastset.

#### **§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR**

Føresegnerne kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

#### **§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR**

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

#### **§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL**

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

##### Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Frittliggende småhusbusetnad
- Sentrumsføremål (S)
- Kommunalteknisk anlegg (KA)

##### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Fortau (F)
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Kai (KAI)
- Parkeringsplass (P)
- Parkeringshus (PH)

##### Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, nr. 6)

- Hamneområde i sjø (HA)

##### Sikringssone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

### **§ 5 - FELLESFØRESEGNER**

a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense/føremålslinje.

- b.** Innanfor byggeområde kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.
- c.** I samband med søknad om tiltak innan S-området skal det leggast ved situasjonsplan i målestikk M 1:200, 3D presentasjon med bilde frå viktige retningar i forhold til naboskap og sentrum. Om samla tiltak er føresett gjennomført i ulike byggjetrin, skal presentasjonen vise både planlagt og omsøkt tiltak.

## § 6 – AREALBRUK

I område merka «S» kan det byggjast sentrumsføremål med unnatak av hotell og bevertning slik:

- I 1. etasje kan det etablerast følgjande føremål: forretning, tenesteverksemd, bustadbebyggelse, kontor og parkering.
- I 2. og 3. etasje kan det også etablerast bustadføremål (leilegheiter) og nødvendig utomhus oppholdsareal, ev også parkeringsareal (tilkomst via PH og V3).
- I bygning kan vere El-trafo.

I område merka PH kan byggjast parkeringshus for dekning av parkeringsbehov gjeldande for område S. Parkering på "taket" til parkeringshuset inngår i dekning av parkering for andre tilgrensande bygg.

- b.** Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks BYA for dei enkelte delområda:

- S - område: maksimum 100 %
- KA - område: maksimum 100 %
- PH - område: maksimum 100 %

BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Berre parkering plassert innanfor S-området skal reknast med i grunnlaget for BYA. Parkeringsdekning utanfor området, td i området PH, skal ikkje reknast med. Byggjegrense følgjer føremålgrenser.

## § 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

### 1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemedding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Som hovudregel skal nyttast flatt tak.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal eller areal som hører til same eigarseksjon. Parkering kan dekkjast i nabobygg PH. Krav til tal biloppstillingsplassar følgjer av kommunen si "Vedtekter til plan- og bygningslova § 69 nr. 3 og 4. Gjeldande for denne reguleringsplanen er m.a. at:

- Bygningsdel med forretnings- og kontorfunksjonar på grunnplan (i 1. etg.) skal ha 40 oppstillingsplassar for privatbilar. Parkeringa dekkast på området P med minimum 38 P-plassar. Resterande plassar kan dekkast i parkeringshuset PH.
- bustadeining skal ha 1 bilplass pluss 0,5 bilplass til gjesteparkering. Overstig det samla bustadtalet 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 parkeringsplass frå og med 11. bueining.
- Forretnings- og kontorareal skal ha for 1 bilplass pr. 50 m<sup>2</sup> golvflate BRA.
- Lager skal ha 1 bilplass pr. 100 m<sup>2</sup> golvflate BRA

På situasjonsplan skal plassering av parkeringsdekning visast.

**2. Frittliggjande småhusbusetnad**

Gjeld del av gnr. 34 bnr. 43, ei eksisterande bustadtomt. Dette området er teke med i planen grunna naudsynt areal til frisiktsone til vegane V2/V3.

**3. Sentrumsføremål (S)**

- a. I område merka S skal bygningars ikkje ha større gesims-/mønehøgd enn kote 15,2 NGO. Heis- og ventilasjonssjakt kan avvike frå maks høgde.
- b. Inngang til 2. og 3. etg. i område S kan etablerast frå grunnplan seksjon 7c under kote 2,69 NGO. Golv skal søkjast lagt så høgt som uteareal tillet ut frå at krav til tilgjengeleg bueining vert tilfredstilt. Eksisterande trapperom skal oppretthaldast, ev tillagt heis. Tilkomst kan også etablerast frå takplanet til PH-området.
- c. Ved søknad om tiltak innanfor bustadføremålet skal det leggast fram dokumentasjon som viser radonmengda i området. Ev nødvendige kompenserande tiltak skal innarbeidast i byggverket, jf TEK10.
- d. Ved prosjektering av bygning skal støy og ev lukt frå drift på tilgrensande kai område utgreiast og takast omsyn til ved val bygningsmessige og tekniske konstruksjonar. Dette i forhold til bygningsdel sitt bruksføremål.

**4. Kommunalteknisk anlegg (KA)**

Gjeld eksisterande kloakkpumpestasjon på gnr. 34 bnr. 494.

**§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL**

- a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan.
- d. Innafor kvar eigedom må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- e. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg intil byggeområda.
- f. Terren, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over veginnået. Ved avkøyrslle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnehene vedkomande frisiktlijner.
- g. Som minste oppholdsareal ute (MUA) skal, innan areal for bustaddelen i sentrums-bebyggelse (S-området), opparbeidast/etablerast min. 20 m<sup>2</sup> areal eigna til leik for born. Utomhusareal/felles leikeplass/oppholdsareal skal etablerast på takterrasse med tilfredstillande støytihøve. Dette kan etablerast med tilfredstillande avskjerming. Som skjerm kan nyttast glasflate knytt saman med fasade. Som del av søknad om tiltak til bustadføremål skal fasade- og avskjermingstiltaka dokumenterast i h.h.t. til gjeldande krav vedkomande støy i TEK.

## **§ 9–SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)**

- a. Vegar og annan veggrunn:

I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

V1 er del av offentleg tilgrensande veg - Holmefjordvegen.

V2 er del av offentleg tilgrensande veg – Rådhusgata/Tollåsbakken.

V3 er privat/felles veg frå V2 til takflaten på PH. V3 er også tilkomstveg for tilgrensande bustadomter.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. § 35. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsvare med stadeigen vegetasjon. På annan vegrunn kan etablerast El-kiosk.

- b. Fortau (F):

Det er i planen vist fortausareal mellom parkeringsplass P og tilgrensande veg V1. Fortau er offentleg.

- c. Kai (KAI):

Gjeld privat kai-areal mellom tilgrensande sjøareal og S-området. Kai-området skal ha tilkomst over parkeringsarealet P.

- d. Parkeringsplass (P):

P er privat parkeringsplass (på grunnen) for S-området.

- e. Parkeringshus (PH):

PH er privat parkeringshus. Innomhus kan huset dekke parkeringsbehovet for utbygging på område S. 1. etasje har tilkomst på gateplan frå parkeringsplass P. Tilkomst er vist med avkøryselspil på plankartet. I parkeringshus kan etablerast parkering i 2 etasjar.

Tilkomst til slik parkering skal vere frå grunnplanet. På parkeringshuset kan sitt tak vere parkeringsplass og tilkomst til kringliggende bygningar. Tilkomst til parkeringsplass på taket er frå privat veg V3.

## **§ 7 – BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, nr. 6)**

Hamneområde i sjø (HA)

Område merka "HA" gjeld hamneområde i sjø. Hamneområdet i sjø skal haldast ope for fri ferdsel i hamna og i kringliggjande sjøområde, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avgrensingar som måtte gjelde for bruken. HA-området kan nyttast av tilgrensande kaiområde.

Alle tiltak innanfor området kan først skje etter løyve gitt etter "Lov om havner og farvann".

## **§ 10 – SIKRINGSZONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)**

Frisiksone (H140):

Frisiksone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisksone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

## **§ 11 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 26)**

- a. Nødvendig opphaldsareal ute, jf leikeareal til bustadbebyggelse, skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- b. Tiltakshavar skal utarbeide framlegg til skiltplan for avkøryselsreguleringa i reguleringsplanen i samband med søknad om tiltak vedkomande bygging av 2. og ev.

---

3. etg. Kommunen skal handsame skiltplanen samstundes med søknad om rammeløyve.

Herøy kommune, xx/xx/2013

---

ordførar

---

rådmann

Ørsta 22.5.2013


**Herøy kommune**

**Formannskapet**

**Rådhuset**

**6099 Fosnavåg**

## **Framlegg til reguleringsendring for Sjøsida Eigedom AS Herøy kommune**



**Planområde**

**AG Plan og Arkitektur AS**

Oppdraget sitt namn: Sjøsida Eigedom, reguleringsendring

Dokumentet sitt namn: Planomtale

Saksnr: 2151

Oppdragsgjever: Sjøsida Eigedom AS

Oppdragsgjever sin representant: Helge Kvalsvik

AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar: Kåre Gjengedal (sivilingeniør RIF/  
planleggar)

Medarbeidaran: Eldar Hansen (GIS-ingeniør)

Skisseprosjekt/arkitektur: Anne Kristin Apelseth (sivilarkitekt MNAL)

Medarbeidar: Tina Bjørneset (arkitekt MNAL)

1	22.5.2013			kg	kg	HK
	21.3.2013	29		kg	kg	Tiltakshavar HK
Revisjon nr.	Dato	Tall sider rapport (+ appendix)	Utarbeida	Kontrollert	Godkjent	

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

Oppdragsnr.	Dokumentnr	Filnavn
2151	1	P:prosjekt/2151_Regulering_Sjøsida_Eigedom/Prosjekt mappe/Plandata_Tekstdokument/Planomtale.doc

## Innhald

1.	Samandrag .....	5
2.	Nøkkelopplysningar.....	6
3.	Bakgrunn.....	7
3.1.	Grunnlag for planen.....	7
3.2.	Føremål med planen .....	7
3.3.	Tiltakshavar, konsulent .....	7
3.4.	Krav om konsekvensutgreiing.....	7
4.	Planprosessen .....	8
4.1.	Oppstartsmøte.....	8
4.2.	Forvarsling .....	8
4.3.	Møte med særskilde grupper .....	8
5.	Planstatus og rammer .....	9
5.1.	Overordna plan .....	9
5.2.	Gjeldande reguleringsplanar.....	9
5.3.	Temaplanar.....	10
5.4.	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar .....	10
6.	Skildring av planområdet .....	11
6.1.	Lokalisering.....	11
6.2.	Dagens arealbruk .....	12
6.3.	Eigedomsforhold.....	12
6.4.	Trafikkforhold.....	13
6.5.	Teknisk infrastruktur .....	13
6.6.	Støy.....	14
6.7.	Luftforureining .....	15
6.8.	Strandpromenade .....	15
7.	Skildring av planforslaget .....	15
7.1.	Planlagt arealbruk.....	15
7.2.	Reguleringsføremål .....	16
7.3.	Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar .....	17
7.4.	Tilknyting til infrastruktur.....	22
7.5.	Universell utforming.....	23
7.6.	Arkitektur/estetikk og 3D visualisering.....	23

7.7.	Sol-/skuggeanalyse .....	25
7.8.	Naturmangfaldlova .....	26
7.9.	Born og unge sine interesser .....	26
7.10.	Renovasjon .....	26
7.11.	ROS .....	26
7.12.	Krav om rekkefølgje .....	29
7.13.	Utbyggingsavtale .....	29
7.14.	Økonomiske konsekvensar for kommunen .....	29
7.15.	Føreseggnene .....	29
7.16.	Plankart (2151-100).....	29
8.	Verknadene av planen .....	30
8.1.	Natur og miljø .....	30
8.2.	Landskap, estetikk.....	30
8.3.	Sentrumsutvikling .....	31
8.4.	Born og unge .....	32
8.5.	Inngrep ved utbygging .....	32
8.6.	Samfunnstryggleik .....	32
9.	Innkomne innspel .....	33
9.1.	Merknader .....	33
10.	Avsluttande kommentar.....	34

### Vedlegg:

**Vedlegg A:**      A1: Vurdering av innspel/merknader  
                         A2: Innkomne skriv

**Vedlegg B:**      ROS-vurdering (Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga).  
                         Sjekkliste naturmangfold  
                         Sol-/skuggeanalyse  
                         Utskrifter støybereking

**Vedlegg C:**      Spørsmål om oppstart (18.9.2012)  
                         Vedtak og saksutgreiing i formannskapet, F-sak 92/12 (4.9.2012)  
                         Utsendte dokument i samband med forvarsling

**Vedlegg D:**      Dokument vedkomande seksjoneringa.

**Vedlegg E:**      Skisseprosjekt (arkitektur) for Sjøsida Eigedom AS

## 1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22 i Herøy kommune.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan i.h.t. PBL § 12-3.

Området er i tidlegare regulert og inngår i planen Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum (1515200104), godkjent 23.11.2001, med reguleringsendring for Sunnfisk Eigedom gnr. 34 bnr. 22» (1515200502), godkjent 1.9.2005.

Grunnen i området er primært i privat eige, men planområdet omfattar også tilgrensande offentleg areal, veg/parkering og sjøareal.

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

Det er utarbeidd eit skisseprosjekt for ny bygningsmasse for Sjøsida Eigedom AS.

Tiltakshavar er Sjøsida Eigedom AS.

Arbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS. Planarbeidet med Kåre Gjengedal (KG) som fagansvarleg. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i arbeidet. Skisseprosjektet (arkitektur) er utarbeidd av Anne Kristin Apelseth (AKA) som fagansvarleg. Tina Bjørneset har assistert AKA.

Føremål	Areal (daa)
<b>Bygningar og anlegg</b>	
Sentrumsføremål	2,4
Frittståande bustad (frisiktsone i avkøyslse)	(22 m <sup>2</sup> )
Kommunalteknisk anlegg	(13 m <sup>2</sup> )
<b>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	
Køyreveg	0,5
Fortau	0,2
Annan veggrunn – teknisk anlegg	0,2
Kai	1,2
Parkeringsplass	1,5
Parkeringshus	0,9
<b>Bruk og vern av sjø og vassdrag</b>	
Ferdsel	0,3
<b>Sum areal planframlegg</b>	<b>7,2</b>

## 2. Nøkkellopplysningar

Kommunedel:	Fosnavåg
Stad/adresse:	6090 Fosnavåg
Forslagstillar:	Sjøsida Eigedom AS
Forslagstillar sin representant:	Helge Kvalsvik
Eksisterande planstatus:	I gjeldande reguleringsplan: forretning/kontor (F/K1), bustad/forretning/kontor (B/F/K1), forretning/kontor 1. etg. samt bustad/uteområde/parkering 2 etg. (B/F/K2) og parkering
Planområdet sitt areal (daa):	7,2
Viktigaste fremma reguleringsformål:	Sentrumsføremål, vegar med tilhøyrande areal, parkeringshus, kai
Aktuelle problemstillingar:	Ny bygningsmasse, parkering, kai, ROS – havnivå/bølgjer
Kunngjering, dato (avis):	16.10.2012
Varslingsdato berørte partar (brev):	16.10.2012
Frist for innspel:	27.11.2012
Medverknad:	N
Krav om konsekvensutgreiing (j/n):	N

### 3. Bakgrunn

#### 3.1. Grunnlag for planen

Tiltakshavar ønskjer å bygge på fleire etasjar på eksisterande bygningsmasse på gnr. 34, bnr. 22. Dei to nye etasjane er primært tenkt nytta til leilegheiter/kontor, men andre funksjonar er aktuelle og reguleringsformålet vil difor vere «sentrumsfunksjonar» med unnatak av hotell/bevertning. Noverande arealbruk på grunnplanet, jf. gjeldande reguleringsplan områda F/K og B/F/K skal halde fram, dvs. bruksføremålet forretning/kontor.

Plan og føresegner er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin rettleiar “Forskrift og kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister”. Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2008.

#### 3.2. Føremål med planen

Målet med planarbeidet er hovudsakleg å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan i.h.t. PBL § 12-3.

Grunnen i området er primært i privat eige, men planområdet omfattar også tilgrensande offentleg areal: veg/parkering og sjøareal.

#### 3.3. Tiltakshavar, konsulent

Arbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS. Planarbeidet med Kåre Gjengedal (KG) som fagansvarleg. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i arbeidet. Skisseprosjektet (arkitektur) er utarbeidd av Anne Kristin Apelseth (AKA) som fagansvarleg. Tina Bjørneset har assistert AKA.

#### 3.4. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter ”Forskrift om konsekvensutgreiing ” etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

## 4. Planprosessen

### 4.1. Oppstartsmøte

Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen 20.6.2012 på Herøy rådhus, der saka vart presentert og skjema for oppstart gått gjennom. Ein av konklusjonane på møtet var at spørsmål om oppstart av planarbeidet skal leggjast fram for formannskapet.

AG Plan og Arkitektur AS sendte inn spørsmål om oppstart av reguleringsarbeid til Herøy formannskap i brev datert 18.9.2012. Formannskapet i Herøy handsama saka i møte 2.10.2012, sak 284/12, der det blei gjort følgjande vedtak:

*"Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 at det kan setjast i gong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan Sunnfisk Eigedom gnr. 34 bnr. 22 (1515200502) i Fosnavåg sentrum".*

Viser elles til vedlegg C.

### 4.2. Forvarsling

Det blei varsla oppstart av planarbeidet, ved annonse i avis Vestlandsnytt og skriv til berørte partar 16.10.2012, med frist for å kome med innspel sett til 27.11.2012. Det kom inn til saman 8 merknader/innspel, viser elles til kapittel 9 i planomtalen.


### 4.3. Møte med særskilde grupper

Vi har ikkje sett behov for eige møte med «særlege» grupper, som eldrerådet, kommunalt råd for funksjonshemma, ungdomsrådet, og barn og unge sin representant. Kommunen sa seg samde i denne vurderinga i oppstartsmøte. Det kom heller ikkje ønskje om dette i samband med forvarslingsperioden.

## 5. Planstatus og rammer

### 5.1. Overordna plan

Området er i kommunedelplanen for Bergsøy (arealdelen) avsett til industriområde og område med krav om reguleringsplan før utbygging.



Utsnitt frå kommunedelplanen for Bergsøy

### 5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet er tidlegare regulert og omfattar/grensar til følgjande planar, jf. bilet på neste side:


- Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum (1515200104), godkjent 23.11.2001
- Reguleringsendring for Sunnfisk Eigedom gnr. 34 bnr. 22» (1515200502), godkjent 1.9.2005

Planområdet er lagt ut til forretning/kontor (F/K1) og bustad/forretning/kontor (BFK1 og BFK2) og parkering.

Føresegne for gjeldande plan seier m.a. følgjande om byggehøgder:

- *Møne/gesims i B/F/K1 maks cote +11,1 meter. Møne/gesims for F/K1 maks cote +7,2 meter.*

Eksisterande terrenget (parkeringsareal og kai-område) rundt bygget varierer ein del. Vi har fått oppmålt nokre punkt på utomhusarealet, og høgda framfor inngangen til butikkane ligg på ca kote 2,6 - som då gjev ei netto byggjehøgd lik 8,4 meter for B/F/K området slik det er regulert no.



### 5.3. Temaplanar

Tettstadsanalysen. I denne vert det peika på "det urbane" sentrum, offentlege byrom og overordna grønstruktur. Sjøsida Eigedom AS ligg i eit område som er definert å vere del av det urbane sentrum. Eigedomen er ikkje del av byrom eller overordna grønstruktur. Vi vurderer ei betre utnytting av eigedomen til å vere i samsvar med god byutvikling og i samsvar med kommunen si målsetting om næringsmessig vekst og auka busetnad i sentrum.


### 5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Ingen kjende som har vesentleg verknad for planframleggget.

## 6. Skildring av planområdet

### 6.1. Lokalisering

Planområdet ligg i Herøy kommune, sentralt plassert i Fosnavåg sentrum. Det er kort veg til alle sentrumsfunksjonar.



Biletet over viser kjernen i Fosnavåg sentrum. Forretnings- og kontorbygg er vist med blå farge, medan bustadbygg er vist med brun farge.




Planområde m/ forvarsla plangrense, vist på ortofoto

## 6.2. Dagens arealbruk

På del av eigedomen gnr. 34 bnr. 22 er det i dag forretning-/kontorbygg med parkeringsareal i del av 2. etasje. I 1. etasje er det verksemder som Meny, Vinmonopolet, Trendy Frisør og Pernilles Clinique. Området rundt bygget består av veg- og parkeringsareal. Området har kai areal i nord, og grensar til sjøareal.

## 6.3. Eigedomsforhold

Sjøsida Eigedom AS er eigar av seksjonane 5, 7 og 7c. I tillegg har dei vegrett over seksjon 6b (parkeringsområdet mellom eksisterande bygg og kommunal veg). Sjå neste side for seksjonoversikt.



Seksjonsoversikt som tiltakshavar er eigar av.

#### 6.4. Trafikkforhold

Området ligg sentralt i Fosnavåg sentrum, og har tilkomst til fylkesveg 20 via dei kommunale vegane, Rådhusgata, Tollåsbakken, Edvin Jacobsen veg og Holmsildvegen. Det er opparbeid parkeringsplassar på gnr. 34 bnr. 22. Det er elles kort veg til offentlege parkeringsplassar i sentrum.

#### 6.5. Teknisk infrastruktur

Det vart klarlagt under oppstartsmøte at det ikkje er behov for ny teknisk infrastruktur som følgje av ønska utbygging. Tilknyting til offentleg veg blir som i dag.

## 6.6. Støy

### Vegtrafikkstøy:

Det ligg ikke føre trafikktal for Edvin Jacobsen veg, Rådhusgata eller andre gater i sentrum anna enn for fylkesvegane. Edvin Jacobsen veg er ei ytre omkjøring i sentrum. Det ligg ikke andre parkeringsplassar til denne gata enn parkeringa knytt til planområdet. Trafikken til/frå Fosnavåg har ÅDT 6250, medan trafikken på fv20 gjennom sentrum er ÅDT 1900. Trafikken til/frå Fosnavåg som "stansar" antar vi er retta mot parkeringsplassane og bebyggelsen elles. Trafikken til/forbi planområdet vil då bestå av "gjennomgangstrafikk" i Edvin Jacobsen veg og trafikk til/frå forretningane/verksemndene i planområdet.

Stipulerte trafikktal, vurdering av støymengd (ved bruk av NBSTOY, Nordisk berekningsmetode, Sintef sin datamodell):

- Gjennomgangstrafikk ca ÅDT 300. Trafikk særleg på dagtid.
- Til/frå trafikk til verksemndene/forretningane innan planområdet, jf noverande matvarebutikk, Vinmonopolet, frisør mv: trafikk rekna som at støymengda tilsvarer «til» trafikk i 40 km/t. ÅDT ca 750.

Sum ÅDT ca 1050, i prognoseåret ÅDT ca 1365 (dvs. +30 %). Simuleringsføresetnader: 5 % tungtrafikk (i all hovudsak varelevering), Høgd opp til golv balkong: 4,2 m, ballkongvegg/skerm: H=1,1 meter. Mottakshøgde 1,5 meter. Gjennomsnittleg avstand køyretøy – mottakar: 17 m. Hastigkeit køyretøy 40 km/t. Byveg.

Simulering av støymengd for opphold på balkong/terrasse 2. etg. mot gate er:

ÅDT	UTGANGSNIVÅ Lden	TOTALNIVÅ UTE den	TOTALNIVÅ UTE natt
1100	56,0	53,5	43,7
1300	56,8	54,3	44,4
1525	57,5	55,0	45,0
1700	57,9	55,4	45,5

Som simuleringa viser vil trafikk rekna som gjennomsnittleg døgntrafikk ÅDT måtte ligge over 1525 for å kome i konflikt med gul sone (55 dB). Sjølv med ÅDT lik 1700 vil overskridingen vere liten. Etter vår vurdering vil det vere rimeleg å tru at faktisk trafikkmengde ikkje overstig 1525 køyretøy som ÅDT om 10 år i dette området. Viser her til at det ikke er andre tilgjengelege byggeareal i område og at parkeringsarealet er avgrensa som brukt i dag. Trafikkveksten vert difor «normal» og då gjeld påslaget på 30 % som stipulert vekst gjeldande.

### Støy frå kai området:

I samband med vår utarbeidning av reguleringsplan for Fosnavåg hamn utarbeidde Multiconsult AS ein støyrappor der m.a. støy frå båtar var med. I Fosnavåg hamn er etablert verksemder som Fosnavåg Seafood og Fosnavåg Notbøteri. Trafikken til Sunnmørselfisk AS er mindre i form av båttrafikk, tal leveransar ved kai, landligge mv og kan ikkje direkte samanliknast med situasjonen i Fosnavåg hamn. Konklusjonen i berekninga for Fosnavåg hamn er:

*Det er ingen overskridelser av grenseverdi for støy fra industrivirksomhet i dag. Imidlertid fører båttrafikk inn og ut av vågen til overskridelser for noe eksisterende bebyggelse nær*

seilingsled. Eventuell ny bebyggelse i gul støysone må vurdere avbøtende tiltak. Dette kan innebære lokal støyskerm eller lydisolerende tiltak i fasader.

De ganger det ligger båt til kai over natten i fiskerihavnen, som har hjelpemotor i drift, er det overskridelse av grenseverdi for mange boliger rundt havnen. Det er vanskelig å utforme støyskermende tiltak for denne støykilden. Havneier bør vurdere å tilby landstrøm til fartøy som skal ligge over lengre tid da dette vil fjerne støyen helt. Det antas imidlertid at etablering av infrastruktur for landstrøm vil kreve til dels store investeringer.

Utrekninga viser at det normalt sett vil vere periodevis støy frå kai området som kan medføre at tiltak må gjerast med bygningskonstruksjon og ventilasjonsanlegg. Vi legg dette til grunn også for «Sjøsida».

## 6.7. Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for særskilt luftforureining. I kringliggende område er det fiskeriverksemdund som kjøper kvitfisk og produserer klippfisk. I tilknyting til lossing vil det vere «fiskelukt» frå kai området, men dette vil gjelde berre ein del av året – normalt perioden januar til påske. Vi legg til grunn at dersom fiskelukta vert oppfatta som «eit problem» vil ein i tilknyting til ventilasjonssystem legge inn reinsefilter.

## 6.8. Strandpromenade

I tilknyting til oppstartsmøte vart det drøfta om ”promenade” langs sjøen skulle inngå i planen. Det vert vist til prinsipp som m.a. er innarbeidd i planen for Fosnavåg hamn. Etablering av ein samanhengande promenade er sett på som eit sentralt element for å gje Fosnavåg ein ekstra kvalitet som kystby samt som nærområde til prosjektet. Etter vårt syn og slik vi forstår kommunen vil tilgjenge langs sjøen måtte drøftast i ein større samanheng enn innan det området denne planen omfattar. Tiltaka i framlegg til plan vil ikkje hindre framtidig strandpromenade.

# 7. Skildring av planforslaget

## 7.1. Planlagt arealbruk

Målet med planarbeidet er hovudsakleg å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 nr. 22. Siktemålet er å bygge to (2) etasjar med leilegheiter over noverande forretningsareal, men det kan vere aktuelt med andre føremål som kontor og tenesteyting. Marknadsutviklinga vil i noko grad styre val av bruksføremål. Arealbruken for noverande B/F/K-område og F/K-område er difor endra til arealbruken ”sentrumsføremål”. I område merka «S» fremtar vi i planframlegget at det kan det byggjast sentrumsføremål med unnatak av hotell og bevertning slik:

I 1. etasje kan det etablerast følgjande føremål: forretning, tenesteverksemdund, bustadbebyggelse, kontor og parkering.

I 2. og 3. etasje kan det også etablerast bustadføremål (leilegheiter) og nødvendig utomhus oppholdsareal, ev også parkeringsareal (tilkomst via PH og V3).

I tilknyting til handsaming av spørsmålet om oppstart av reguleringsarbeidet vurderte/konkluderte kommunen med m.a.:

*"Ein vurderer tiltak som bidreg til å auke folketalet i Fosnavåg sentrum som positivt. Sentrum treng tilførsel av ny bustadmasse/leiligheter og omsøkt plan kan medverke til å utvikle eit vidare sterkt kommunesenter og skape auka aktivitet. Fosnavåg er no i ei rivande utvikling gjennom realisering av hotell, konserthus, parkeringshus, leilighetsbygg samt mange andre spennande prosjekt".*

(F-sak 284/12).

Skisseprosjektet som følgjer planframlegget går ut på bygging av leilegheiter. I tillegg til fremja S område er teke med i planen «seksjon 5». Denne er føresett nyttå til parkeringshus (PH-område) for å dekke deler av parkeringsbehovet som utbygging innan S-området utløyser. Tilkomstvegen til "taket" på parkeringshuset er også med, veg V3. Sameleis er med kai området og noverande regulert parkeringsplass T2 – no regulert som P-areal.

## 7.2. Reguleringsføremål

Areala er delt i følgjande område:

Område	Storleik, daa	Arealbruk	Utnytting, BYA	Tal tomter, ev. kommentar
S	2,4	Sentrums-føremål	Maks BYA = 100 %	Skissert 16 nye leilegheiter i 2. og 3. etg.  Andre føremål kan vere aktuelle.
FS	22 m <sup>2</sup>	Frittliggende bustad		Inngår grunn frisiksone i avkøyrsle
KA	13 m <sup>2</sup>	Kommunal-teknisk anl.		Gjeld eks. pumpe-stasjon

Køyreveg	0,5	Gjeld V
Fortau	0,2	Gjeld F
Annan veggrunn - tekniske anlegg	0,2	
Kai	1,2	Gjeld KAI

Parkeringsplass	1,5	Gjeld P
Parkeringshus	0,9	Gjeld PH
Ferdsel (sjø)	0,3	Gjeld FE
Samla areal plan	7,2	

### 7.3. Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar

#### Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

##### Frittliggjande småhusbusetnad)

Det er i planen teke med del av ei eksisterande bustadtomt, gnr. 34 bnr. 43. Eit mindre areal ( $22 m^2$ ) grunna naudsynt frisiktsone i tilknyting til vegane V2/V3.

##### Sentrumsføremål (S)

###### Arealbruk:

Noverande arealbruk på grunnplanet, jf. gjeldande reguleringsplan områda F/K og B/F/K skal halde fram, er bruksføremålet forretning/kontor. Tiltakshavar ønsker å byggje på fleire etasjer på eksisterande bygningsmasse på gnr. 34, bnr. 22. Dei to nye etasjane skal primært romme leilegheiter. Tiltakshavar vil i midlertid ha mulighet til å vurdere forretning, tenesteverksemeld og kontor i tillegg. Bruksføremåla er avhengig av kva marknadsforhold som gjer seg gjeldande ved realisering. Til bustadføremålet høyrer parkering og utomhus oppholdsareal. Desse føremåla er også føresett å kunne vere på området. Parkering på grunnplanet «seksjon 7c» og ev på dekket til 2. etg. «seksjon 7» (på eksisterande tak overvande forretning) mot «seksjon 5» om arealet her ikkje treng nyttast til utomhus oppholdsareal for leik.

###### Utnytting, BYA:

Maksimum tillaten BYA er sett til 100 % for S-området. Dette samsvarer med utbygging som i dag med tillegg av ikkje utbygd område seksjon 7c. Byggegrense vert då formålsgrense.

I grunnlaget for utrekning av BYA skal krav til parkeringsdekning ikkje takast med. Berre det parkeringsarealet som faktisk vert nytta på området skal rekna inn i grunnlaget for BYA. Dette grunna område S si dekning av parkeringsbehov innvendig i parkeringsbygg PH.

###### Møne/gesimshøgde:

I S-området skal bygningar ha ei gesimshøgd som ikkje overstig kote 15,20 NGO. Grunngjevinga for dette er eksisterande golvhøgd på 1. etg. lik kote 2,63 m og skissert nødvendig høgde eksisterande 1 etg. og skissert 2. og 3. etg, sum lik 12,5 meter. Sum avrunda høgde til kote 15,20. Skisseprosjektet som følgjer saka har snitt som viser dette. Av snittet som viser etasjane ser ein og at høgda på golvet til 2. etg. samsvarer med høgda på taket til parkeringshuset (område PH - seksjon 5). Det er elles i


skisseprosjektet lagt vekt på at voluma i 3. etg. ikke skal vere gjennomgåande, men skape variasjon med private rom mellom bustadseksjonar (bygningsseksjonar). Dette vil redusere inntrykket av byggehøgda. Med bakgrunn i framtidig havnivå vil heissjakt bli nærmare vurdert ved prosjektering. Det kan vise seg nødvendig at diverse installasjoner må ligge på taket og vil då kunne gå over oppgitt maks høgde. Vi har difor i føresegnehene teke med at: *Heis- og ventilasjonssjakt kan avvike frå maks høgde.*

#### Takvinkel/takform

Ved val av takvinkel skal ein ta omsyn til kringliggjande bygningar. Sjøsida grensar til Sunnmørsfisk AS. Bruk av flatt tak samsvarer med hovudforma i dette området. Flatt tak er også nytta for å redusere mønehøgda i forhold til bygning i tre (3) etasjar. Kommunen har stor merksemd knytt til byggjehøgd og vi finn at flatt tak bør vere fastsett som hovudform i det området som «Sjøsida» omfattar. Vi finn det rett at arkitektoniske uttrykk frå vår tid vert nytta slik at det nye bygget framhevar vår tid sin bygeskikk og medverkar til vidare utvikling av sentrumsarkitekturen.

#### Utomhus\_oppholdsareal (Leikeplass)

Bustadfunksjonen krev areal for leik og opphold. Vi har i fleire prosjekt nytta takflater som utgangspunkt for etablering av slike, såleis også her. Arealet mellom Sunnmørsfisk, tak seksjon 5 og nyt bygg på seksjon 7 og 7c (farga grønt) viser tenkt område med plass til leikeareal. Arealet er ca 540 m<sup>2</sup>. Tilkomsten til området frå leilegheitene vil vere med heis eller trapperom frå 3. etg. Arealet er knytt til veg 3 utomhus. Universelle krav vert lagt til grunn i samsvar med TEK10 sine krav for bustadtype.



Som minste oppholdsareal ute (MUA) fastset føresegnehene at det skal etablerast min. 20 m<sup>2</sup> areal eigna til leik for born. Utomhusareal/felles leikeplass/oppholdsareal skal etablerast på takterrasse med tilfredstillande støytilhøve. Dette kan etablerast med tilfredstillande avskjerming mot støykilde. Som skjerm kan nyttast t.d. glasflate knytt saman med fasade. Som del av søknad om tiltak til bustadføremål skal fasade- og avskjermingstiltaka dokumenterast i h.h.t. til gjeldande krav vedkomande støy i TEK.

Skisseprosjektet viser 16 leilegheiter, dvs minstekravet til leikeareal MUA er 320 m<sup>2</sup>. I tillegg kjem terrasseareal knytt til dei enkelte leilegheitene. Det grønfarga arealet vil kunne ha andre fellesfunksjonar enn leik.

#### Kommunaltekniisk anlegg (KA)

Det er i planen teke med ein eksisterande kloakkpumpestasjon på gnr. 34 bnr. 494.

#### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2)

#### Vegar

Planframlegget inneholder ikke nye vegar. Eksisterende vegar er heilt eller delvis teke inn i planen. Den felles tilkomstvegen V3 har breidd 4 meter. Veg V1 er teken inn i planen i samsvar med eksisterende reguleringsplan. Krysset mellom veg V3 og Tollåsvegen er teikna inn i samsvar med gjeldande veggant (reguleringa er her «litt uklar» grunna analogt kart).

#### Tilkomst til dei ulike seksjonane:

Sunnmørsfisk AS som eig kaia og Sjøsida Eigedom AS (seksjonane 7 og 7c) har i følgje tiltakshavar vegrett over parkeringsarealet, seksjon 6, til offentleg veg. Det vert for seksjonane 7 og 7c lagt opp til inngang både frå kaia (grunnplanet), frå eksisterende trapperom og frå taket på seksjon 5. Det er i skisseprosjektet vist to (2) trapperom med heis, eksisterande trapperom vert tilført heis og nytt trapperom /heis i seksjon 7c.

#### Fortau (F)


Gjeld fortausareal som i gjeldande plan, mellom tilgrensande offentleg veg V1 og parkeringsplassen P.

#### Kai (KAI)

Gjeld privat kai for Sunnmørsfisk AS. Seksjon 7 c har tilkomst over kai-området.

#### Parkering (P)

P (på grunnen, eksisterande forretninger på grunnplan):



P er i gjeldande reguleringsplan offentleg. Denne er no endra til privat (jf seksjon 6b) og inngår som nødvendig dekning av parkeringsareal for forretningsverksemda til 1. etg. I gjeldande plan er det i føresagnene sett krav om 40 P-plassar for 1. etg. Oppdelinga i parkeringslommer er endra ved at P-plassane framfor vareleveringsport inne i hjørnet mot «Meny» er merka «varemottak/parkering». Dette arealet har såleis «fleirbruk», men må rekna å vere areal for varelevering som primærbruk. Parkeringsplassar her er difor ikkje rekna inn i som del av parkeringsdekninga for 1. etg. Plankartet viser 38 oppmerka P-plassar på grunnplanet utomhus. For å oppfylle tidlegare krav om 40 P-plassar til forretningane på grunnplanet, er det føresett at 2 parkeringsplassar kan dekkast på grunnplanet i parkeringshuset – PH. Slik parkering vil vere ei god løysing for tilsettparkering. På området er det elles vist 2 stk HC P-plassar i nærleiken til inngangane til eks forretningar.


Tidlegare parkering i området inntil seksjon 5 (PH-området) er elles teken vekk som følgje av krav frå kommunen.

Parkeringsplassen er føresett regulert ved å skilte inn- og utkøyring. Kommunen erfarer at det trafikale mønsteret krev slik regulerering og har sett krav om dette. Det er difor i føresegndene teke inn at innkøyring skal skje fra nord og utkøyring i avkøyrsla i sør.

### Parkeringshus (PH)

Eigar av seksjonane 7 og 7c har eigedomsrett til bruk av seksjon 5 innvendig. Taket er eigd av Sunnmørsfisk AS. Bruken av bygget er føresett til parkering, men boder kan også etablerast, jf behov som leilegheitene ev vil ha. Samla tal parkeringsplassar er rekna til 47 om noverande takhøgde vert delt med nytt dekke.

### Parkeringsdekning for seksjon 7 og 7c, brukt til leiligheter:



Arealet gjeld «ikkje» utbygd areal på grunnplanet og bygging i 2. og 3. etg over noverande forretningsbygg. Arealet er tenkt overbygd med leilegheiter. På grunnplan er tenkt at arealet kan nyttast til 2 HC-P-plassar, samt areal til inngang med trapperom og heis, avfallsbod og ev sportsboder. Det er ikke avklara no om arealet/del av arealet skal byggast inn med veggar eller framstå som «uteparkeringsplassar». Dette vil kome fram i søknad om tiltak.

Parkeringsdekninga skal elles løysast med parkering på grunnplanet i seksjon 5. Her er vist 24 P-plassar. Sum parkeringsplassar er då 26. 2 parkeringsplassar inngår i dekninga av parkering for forretningane i 1. etg., jf noverande utbygging.

Kommunen sitt krav til parkeringsplassar vil vere 23 for 16 leiligheter.

Parkeringsløsning ved utbygging til næringsføremål/sentrumsføremål anna enn leiligheter:*Parkering på grunnplan**Parkeringshus***Parkering på grunnplan:**

Same løysing som ved utbygging med leiligheter. Parkeringsa dekkast på grunnplan seksjon 7c og på grunnplan seksjon 5 (PH-området). Her er då plass til 24 P-plassar (+ 2 til forretning 1. etg.).

**Parkeringsløsning 2. etg:** I seksjon 5 (parkeringshus) er tenkt bygt dekke som deler noverande høgde i to. Plan 2 vil ha plass til 23 P-plassar. Taket på seksjon 7 er føresett nytt til parkering (i samsvar med gjeldende reguleringsplan). Skissa viser 6 parkeringsplassar. Det er avtale om tilkomst til område over veg V3.

Taket på PH-bygget hører til Sunnmørsfisk AS og dekkjer deler av deira parkeringsbehov.


Samla parkeringsdekning ved utbygging til næringsføremål/sentrumsføremål (eks leiligheter) er skissert til  $(2+22+23+6)=53$  P plassar. Dette dekkjer ei utbygging av  $2.650 \text{ m}^2$  bruksareal.

**Oppsummering parkering:**

	Grunnplan	P-hus (omr. PH)	Seksjonane 7 og 7c	Sum P-plassar
Forretningane 1. etg.	38	2		40
Leiligheter i 2. og 3. etg		22	2	24
Andre sentrumsføremål		22+23	6+2	53

## Varemottak, grunnplanet

Det er i dag etablert to varemottak i tilknyting til eksisterande forretningsbygg.



Dei etablerte varemottaka er teke omsyn til i den nye planen. Varemottaket i «kråa» vil kunne nyttast uavhengig av parkeringa elles. Varemottaket på enden av bygget vil måtte ta omsyn til dei andre bruksrettane som gjeld for tilstøytande eigedomar/seksjonar. Ved bruk av dette varemottaket vil lastebil/varebil stenge tilkomsten til kaia, til seksjon 7c og til ein del av parkeringsplassane langs sjøen på nordsida. Vi legg i midlertid til grunn at bruken vert tilpassa dei rettane som naboar/seksjonar har og at tilpassa bruk ikkje medfører konsekvensar som vil vere til hinder for vanleg tilkomst til kai-området. For drivarane av forretningane i 1. etg vil det og sjølv sagt vere i deira interesse at parkeringsplassane langs sjøen fungerer i hht føresetnadene.

## Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, nr.6)

### Hamneområde i sjø (HA)

Gjeld sjøområde inntil kai-området. Arealet skal haldast ope slik at kai-området fungerer.

### Sikringssone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

#### Frisikt (H140)

Frisiktssone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktssone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. Vist sone gjeld berre i avkjørsla mellom V3 og Tollåsvegen.

## **7.4. Tilknyting til infrastruktur**

Området ligg sentralt i sentrum og er knytt til fylkesveg nr. 20 via dei offentlege vegane Tollåsbakken, Edvin Jacobsen veg/Rådhusgata.

Eksisterande bygg er knytt til kommunalt system for vatn og avløp.



I planframlegget er vist eksisterande kloakkpumpestasjon. Det er i føresegnehene opna for at det innanfor byggjeområda og på anna trafikkareal (jf eks. trafo) kan setjast opp mindre nødvendige bygningar til El- og teleanlegg samt kommunaltekniske anlegg. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

### **7.5. Universell utforming**

Det vert vist til PBL §§ 1-1 og 29-3, jf. også TEK10. Ein føreset at PBL og TEK10 vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen. Så langt det passar bør vidare formings-/funksjonskrava i NS 111001-1,2:2009 (Universell utforming) nyttast. Tilgjenge til 2. og 3. etg er i skisseprosjektet vist med både med trapp og heis. Leikearealet som skal vere i tilknyting til leileighetene på taket til 1. etg kan såleis nåast med heis.

### **7.6. Arkitektur/estetikk og 3D visualisering**

Sjøsida Eigedom AS sin eigedom ligg sentralt både i høve sentrum og sjøen. Eit påbygg på eksisterande bygg vil verte eit «signalbygg» i området. Det er såleis viktig at ein utformar bygget med omhug. Etter vår og tiltakshavar si vurdering bør bygget få god arkitektonisk kvalitet. Det skal leggjast vekt på estetikk, materialbruk og utforming. Utforminga skal gi området eit løft og eit heilheitleg preg og dempe verknaden av bygget. Vår tid sin arkitektur bør kome fram og spele på lag med eksisterande busetnad. I skisseprosjektet er dette søkt løyst. Bygningen er gitt oppdelte volum i 3. etg. Dette samsvarer med den generelle oppdelinga som er på bygg i sentrum, men gjev også rom og luft mellom dei ulike leileighetskompleksa i bygget. Det samla uttrykket mot sentrum, og då særleg Vågspllassen, er bygningselement i variasjon. Etter vår vurdering er bygningen godt tilpassa kringliggende volum og landskapsrom.





AG Plan og Arkitektur AS

Noverande bygg/uttrykk




AG Plan og Arkitektur AS

Bygg som i skisseprosjekt, jf eige vedlegg E.  
Arkitekt: Anne Kristin Apelseth/Tina Bjørneset

## 7.7. Sol-/skuggeanalyse

Sol/skuggeanalysen er laga ved hjelp av ein 3D-modell der eksisterande bygg med ny bygningsmasse er lagt inn med høgder som i skisseprosjektet (maks gesims-/mønehøgde kote 15,15). Terrenghmodell er lagt inn basert på kartgrunnlag motteke frå kommunen, og det er teke stillbilde som viser ulike årstider og tidspunkt på døgnet. Analysen følgjer som vedlegg B til planframlegget.



*Sol-/skuggeanalyse: situasjon haustjamndøger (23.sept) kl. 15:00*

Sol/skuggeanalysen viser at bebyggelsen bak/sør om planlagt bygning på gnr. 37, bnr. 381, får skugge i mars og i september. Alle bygga i området gjev skugge til nabo i denne perioden. I juni vil bygget i sør/aust få skugge på kveld. I september er sola lav frå kl. 18 og storparten av sentrum vert liggande i skugge på gateplan.

### **7.8. Naturmangfaldlova**

Så langt vi kan sjå medfører ikkje planframlegget vesentlege konsekvensar i høve naturmangfaldslova då tiltaket gjeld bygging over eksisterande bygningsmasse. Tiltaket i seg sjølv påfører ikkje kringliggende naturområde forureining. Viser elles til sjekkliste for naturmangfald i vedlegg B.

### **7.9. Born og unge sine interesser**

Forholdet til barn og unge vurderer vi slik at tiltaket ikkje endrar noko på område brukt av born og unge i dag eller endrar/øydelegg tilgang til slike område.

### **7.10. Renovasjon**

Alle deler av bygningen vil bli utbygd med organisert ordning for renovasjon og tilpassa renovasjonsordninga i kommunen.

### **7.11. ROS**

#### Radon

Det er ikkje føreteke radonmåling i området, men det er teke inn bestemmingar i føresegnene som skal sikre at radonmåling skal skje før utbygging og at ev unormale forhold vert teke omsyn til ved bygging. Så langt vi kjenner til er ikkje Fosnavåg sentrum spesielt utsett for radongass. Vi legg til grunn at TEK10 sine krav vert innarbeidde i bygningskonstruksjon.

## Støy

Viser til kap.6.5. Vi viser til at S-området grensar til kai tilhøyrande fiskeriverksemda Sunnmørfsfisk AS. Kaia vert nytta til lossing, særleg i perioden januar til påske føregår det aktivitet. Fisken vert levert i kar og vert vinsja til kai. Transport til fabrikk med truck. Støyberekinga for «Fosnavåg hamn» viser at det i driftsperiode kan oppstå støy i storleik «gul sone». I planframlegget vert støyen frå kaiområdet ikkje «analysert» no, men det vert lagt til grunn at støy frå kaiområdet skal vurderast/bereknast av fagkyndig i tilknyting til prosjektering av bygning og at det i nødvendig grad vert teke omsyn til ev støyproblem i val av bygningskonstruksjon og plassering av ventilasjonsanlegget sitt inn/ut-system.

## Stormflo, framtidig havnivå

### Stormflo:



Metrologisk institutt har vurdert 200 års bølgjeforholda slik (E-post 1.3.2013):

*Dette er ikkje lett å svara på. Etter det eg forstår er det (planområdet) vendt delvis mot nordvest, og då er spørsmålet om det kjem havbølgjer inn der, eller om all energien blir stoppa av holmane mellom Remøya og Nerlandsøya. Eg trur det er mest sannsynleg, men det kan henda at litt slepp gjennom. Eg trur det er best å spørja lokalkjende folk om det. Viss det er berre lokalt generert sjø så vil neppe signifikant bølgjehøgd bli meir enn 1,5m. Men dersom havbølgjer kjem inn så kan det vera snakk om noko høgare bølgjer. 20 års bølgjeforholda er vurdert til signifikant bølgjehøgd 1,2 m.*

Vi har drøfta bølgjesituasjonen med kystverket og Sunnmørfsfisk AS som har verksemd med kai i planområdet. Konklusjonen både til kystverket og til Sunnmørfsfisk er at havbølgjer ikkje er noko problem. Sunnmørfsfisk seier at «nordvesten» medfører litt sjø, men at havbølgjer ikkje er eit problem. I forhold til bølgjer er då vår oppsummering at signifikant høgde 1,5 m kan leggast til grunn for 200 års bølgja. Meteorologisk inst har vidare vurdert 20 års bølgja til signifikant bølgjehøgde til 1,2 meter. Signifikant bølgjehøgde er definert som middelverdien av høgdene til den høgaste tredjedelen av bølgjene. Mest sannsynleg maksimal bølgjehøgde reknar vi med (som anbefalt i Norsk Standard 9415) er 1,9 gonger den signifikante bølgjehøgda. Det vil seie at dei høgaste enkeltbølgjene kan verte ca. 2,85 m for 1/200 og 2,3 m for 1/20.

Bølgjehøgda er avstanden mellom bølgje-topp og -botn. Ein må rekne med at bølgjetoppene går litt høgare opp enn det bølgjedalane går ned i høve til middelvasstanden. Om vi reknar med at forholdet er 60/40 får vi at bølgjetoppene går ca 1,7m opp og bølgjedalane ca 1,15 m ned i høve til sjønivået for 1/200. Tilsvarande vil 1/20 bølgja gå 1,36 m opp. Vi legg til grunn at verknadene av bølgjer vert teke omsyn til ved detaljprosjektering.

## Framtidig havnivå:

I ei teoretisk modellanalyse er det i rapporten HAVNIVÅSTIGNING – estimatorer av framtidig havstigning i norske kystkommunar gjort ei analyse med omsyn til klimatilpassing, havnivåstigning, landheving og tema rundt dette. Rapporten er utgitt av: Det nasjonale klimatilpasningssekretariatet ved Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, september 2009.

Estimata for Fosnavåg går fram av rapporten i tabell 1 side 27.

Tidsrom	Landheving (cm)	Beregnet havstigning (cm)	100-års stormflo Relativt NN1954 (cm)
År 2050 relativt år 2000	9	22 (14-36)	215 (207-229)
År 2100 relativt år 2000	18	72 (52-107)	269 (251-306)

Etter praksis som Fylkesmannen følgjer vert minimum kotehøgde på 2,69 m.o.h. som gjeldande klimatilpass høgde.

Faktisk situasjon eksisterande bygg:

«Meny»/seksjon 7c:

Eksisterande bygg golv i butikken «Meny» ligg på kote 2,63 (etter nivellering). Høgda på kaia og grunnplanet til areal 7c varierer. Midt på seksjon 7c (ute) er høgda målt til kote 2,29 medan kaia ligg på ca kote 2,10.

I skisseprosjektet er det lagt til grunn at seksjon 7c skal nyttast til parkering/garasjeanlegg med 3-4 parkeringsplassar. Her er også vist inngang, heis, trapperom og boder. Garasje/lager kjem inn under sikkerheitsklasse F1, dvs gjenntaksintervall 1/20, medan etablering av parkeringsplassar «på land» ikkje har spesielle krav til høgde. Ut frå måledata ligg sjøhøgda på ca kote 1,85 med gjenntaksintervall 1/20 i Fosnavåg (Ålesund 1,81). Uhell vil då skje ved samanfallande stormflo og bølgjer. Etter vår vurdering vil parkering/lager på grunnplanet til seksjon 7c kunne forsvarast ut frå krava etter klasse F1. Arealet kjem i same situasjon som parkeringa på Vågsplassen (ca kote 2) og ei rekke andre parkeringsplassar i sentrum.

I seksjon 7c skal også etablerast inngang med trapperom og heis. Desse må tilpassast kravet til tilgjengelegheit, noko som medfører avvik i forhold til framtidig havnivå kote 2,69. Sidan bygningen har eitt trapperom til (i eksisterande bygg – golvhøgde 2,63) og eigen tilkomst frå taket på seksjon 5 kote 7,95 (ca same høgd som skissert for 2. etg. seksjon 7, jf vedlegg F) reknar vi slikt avvik som forsvarleg.

### Seksjon 5:

Bygning er føresett nytta til parkering. Golvnivået ligg på ca kote 2,60 (som nivå utvendig). Inngangsport til bygning ligg i lè for sjøen og det vil vere sjønivået si høgde som avgjør om vatn trengjer inn i bygningen. Utgangspunktet vert då framtidig havnivå. Bygningen ligg i sikkerheitsklasse F1 med 1/20 gjenntaksintervall. Samanliknar vi denne høgda med stipulerte høgder for framtidig havnivå 100-års stormflo år 2050 relativt år 2000 (kote 2,15), så ligg golvet klart over denne grensa. Tilgjengeleg høgde i bygningen er ca 5 meter (underkant dragar). Vi legg til grunn at HC-parkeringsplassar vert lagt til rette i 1.

etg og at dekke for 2. etg. vert tilpassa på det aktuelle delarealet. Med dekke/dragar i tjukt 50 cm vil tilgjengeleg høgde for kvar av parkeringsdekka (utanom HC-parkeringa) vere 2,25 meter. Golvet på grunnplanet kan difor ikkje hevast nemnande.

Skadeomfangen ved 100-års stormflo år 20100 relativt år 2000 vil kunne avgrensast ved fjerning av bilar før uver/stormflo. Bruk av eksisterande bygning til parkeringsbygg og mindre lager (boder) i klasse F1 vil vere samfunsmessig tenleg, og - etter vår vurdering – forsvarleg. (Bygningen kan vanskeleg nyttast til andre økonomisk forsvarlege føremål slik den ligg inneklemt mellom terrenget og andre bygningar).

#### Andre forhold

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje andre forhold knytt til risiko eller sårbarhet som skulle tale i mot fremja arealbruk.

Vedlagt følgjer ei generell ROS-vurdering, jf. skjema B.

#### **7.12. Krav om rekkefølge**

I føresegnene er sett krav om nødvendig oppholdsareal ute, jf leikeareal til bustadbebyggelse, skal opparbeidast og ferdigstilla samstundes med bygningane/anlegget elles.

#### **7.13. Utbyggingsavtale**

Tiltaket medfører ikkje utbygging av tekniske anlegg. Etter kommunen si vurdering, jf oppstartsmøte, er det då ikkje behov for utbyggingsavtale.

#### **7.14. Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Det regulerte området er i hovudsak privat eigd. Dei einaste offentlege areaala som inngår i planområde er delar av tilgrensande offentleg veg. Det er ikkje føresett at kommunen skal endre på denne. Utbygging i samsvar med reguleringsplan vil krevje mindre omlegging av avkøyrslar, men dette vert sett på som eit ansvar for grunneigarane.

#### **7.15. Føresegnene**

Føresegnene gir utfyllande bestemmelsar for dei enkelte areaala sin bruk. Planframlegget bygger på gjeldande føresegner for område. Berre nødvendige bestemmingar knytt til nytt byggeareal og tilhøyrande funksjonar (her i også endring av etasjetal og gesims-/mønehøgd) er lagt til. Generelt sett gir føresegnene gode vilkår for utbygginga. Det er viktig at vår tid sin arkitektur vert lagt til grunn, jf. også estetikkrettleiaren som kommunen har vedteke.

#### **7.16. Plankart (2151-100)**

Planen er utarbeidd på bakgrunn av grunnkart levert av Herøy kommune.

Planen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin veiledar "Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister". Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2009.

Programvare brukt til framstilling av digitale data er AutoCAD MAP 3D 2013 saman med Novapoint 18.30 (basis, arealplan, veg utvida og virtual map) levert av Vianova Systems AS.

## 8. Verknadene av planen

### 8.1. Natur og miljø


Tiltaka som følger av planen grip ikkje inn i vesentlege forhold knytt til natur og miljø.  
Plansjekk av naturmangfold har ikkje avdekkja konfliktar.

### 8.2. Landskap, estetikk

Generelt i Fosnavåg sentrum er bygningane bygd i fleire etasjar og gjev på den måten



god arealutnytting. Siktemålet med utbygginga av sjøsida er også god arealutnytting. Sett i forhold til kringliggende bygg vil ei kotehøgde lik 15,15 (jf skisseprosjekt) meter samsvere godt med bygningsmassen rundt. Tilgrensande bygg har høgde 14 og 16,5 meter. I kvartalet Kjøpmannsgata, Rådhusgata, Holmefjordvegen og hamna varierer høgda mellom 13,6, 14,5, 15,9, 16,5 og opptil 19,9 meter. På skissa på neste side er mønehøgdene vist med like fargekodar.




Så langt vi kan sjå vil framlegg til byggjehøgde på Sjøsida opptil kote 15,20 (føresegne) ikkje bryte – men heller spele godt på lag med dei eksisterande bygningane. Arkitekturen speglar hovudelementa i tilgrensande bygning og vil vitalisere opplevelinga av det sjønære sentrum.

### 8.3. Sentrumsutvikling

Kommunen peikar på at Fosnavåg er i stor utvikling og at det er behov for leilegheiter i sentrum. Framlegg til plan legg til rette for slik utvikling ved å utnytte tomta i fleire etasjar enn som utbygd på området i dag. Oppdeling av eigedomen i seksjonar gjer at ulike utbyggjarar kan realisere prosjekt. Sjøsida Utvikling AS ønskjer å realisere bygging på seksjonane 7 og 7c samt bruke seksjon 5 til parkering. Samla gjev seksjonane ei god utnytting av sentrumsarealet. Etter skisseprosjektet tilfører prosjektet sentrum 16 leilegheiter. Om arealet vert nytta til dei andre regulerte bruksføremåla vil parkeringsdekninga i prosjektet gje rom for ca 2.650 m<sup>2</sup> forretning/kontor/tenesteareal.

## 8.4. Born og unge



Utbygginga skjer på allereie utbygd tomtegrunn. Tiltaket medfører ikkje konsekvensar for bruk av areal eller tilgangen til areal som er viktige for born, unge eller folk generelt. Ute oppholdsareal for born og unge kan ikkje løysast på grunnivå. Del av taket på 1. etg. er føresett nytt til felles leikeplass om 2. og 3. etg skal byggast ut med leilegheiter. Der er tilgang til arealet frå heis og trapperom. Arealet har også tilkomst frå felles veg V3. Arealet er på ca 540 m<sup>2</sup>.

*leikeareal*

## 8.5. Inngrep ved utbygging

Byggeprosjektet medfører ikkje inngrep utover dei visuelle i landskapsrommet. Tekniske anlegg som allereie er utbygd vil dekkje behova innan S-området og eksisterande vegar skal nyttast som tilkomst.

## 8.6. Samfunnstryggleik

Tiltaket i seg sjølv medfører ikkje vesentlege konsekvensar for sikkerheit. Vi har drøfta moglege ulemper for parkering under kote 2,68 (framtidig havnivå) og kome til at det vil vere i samfunnet si interesse å bruke seksjonane 5 til parkering/lager (boder) og 7c til inngangsområde/parkering/lager (boder). Slike anlegg er tiltak som ikkje har vesentlege tap ved skade, faresone F1 (gjenntaksintervall 1/20). Vi legg vidare til grunn at eksisterande konstruksjonar – som 2. og 3. etg skal bygge opp på har bæreevne til å tolle både dei nye bygga si tyngde og dei bølgjekreftene som følgjer av 200- års bølgja, signifikant bølgjehøgde 1,5 meter). Desse forholda må endeleg avklaraast under prosjektering av 2. og 3. etg.

## 9. Innkomne innspel

### 9.1. Merknader

Vi viser til vedlegg A for nærmare skildring av dei innkomne skriva i saka.

#### Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:

- Merksemd på parkeringsdekning og tilkomst til parkeringsareal
- Merksemd på varelevering
- Merksemd på utsikt
- Merksemd på born og unge sine oppvekstvilkår.

#### Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:

- Reguleringsplanen (og utbygginga) legg til grunn at parkeringskravet skal dekkast på område som hører til eigedomsseksjon som vert utbygd eller som utbyggar disponerer inntil byggeområdet.
- Varelevering må kvar enkelt eigar/drivar syte for skjer på ein god måte i høve dei rettar som er knytt til alle eigedomane i området.
- Tiltakshavar legg vekt på å ta omsyn til nabobygg. Vi finn likevel grunn til å ta fram at Fosnavåg er eit bymessig sentrum, utbygging må sjåast i slik samanheng.
- Ved utbygging til bustadføremål skal areal for leik og opphold leggast til rette på taket til 1. etg. Krav til ferdigstilling av leikearealet er sikra i føresegnene.


## 10. Avsluttande kommentar

Så langt vi kan sjå er planen til Sjøsida Eigedom AS å utvikle prosjekt som samsvarer med kommunen si målsetting for sentrumsutviklinga i Fosnavåg. Hovudtrekka i gjeldande regulering vert oppretthaldne med unnatak av tal etasjar/byggehøgde og endring av bruksføremålet til meir generelle sentrumsfunksjonar. Tidlegare bruksføremål går inn i nytt bruksføremål.

*Utsnitt av plankart, sjå neste side:*

  
Kåre Grøngedal  
Siv.ing./planleggjar

Fagansvarleg areal-, infrastruktur- og samferdselsanlegg



*Utsnitt av plankart, ikke i målestokk*

# AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjenvende arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

Ørsta 22.5.2013

## Vedlegg A1:

### **"REGULERINGSENDRING FOR SJØSIDA EIGEDOM, GNR. 34 BNR. 22 I HERØY KOMMUNE"**

#### **VURDERING AV MERKNADER VED FORVARSLING**

Planarbeidet vart forvarsla i hht plan- og bygningslova ved annonse i Vestlandsnytt 16.10.2012 samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde. Frist for merknad er sett til 27.11.2012.

**Følgjande merknader/innspel er komne inn som følgje av forvarslinga/annonseringa:**

- |  |                 |
|--|-----------------|
| 1) Noregs vassdrags- og energidirektorat | dat. 17.10.2012 |
| 2) Statens vegvesen                      | dat. 18.10.2012 |
| 3) Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum     | dat. 23.11.2012 |
| 4) Moen Eigedom AS                       | dat. 22.03.2013 |
| 5) Fjordvarme AS                         | dat. 26.11.2012 |
| 6) Fosnavåg Rederipark AS                | dat. 26.11.2012 |
| 7) Søre Sunnmøre Landbrukskontor         | dat. 27.11.2012 |
| 8) Fylkesmannen i Møre og Romsdal        | dat. 04.12.2012 |

#### **Utdrag frå og kommentar til dei enkelte merknadene/innspela:**

##### 1. Noregs vassdrags- og energidirektorat

###### **Utdrag:**

*NVE har ingen innspel til arbeidet med reguleringsendringar for Sjøsida eigedom.*

**Kommentar:** ingen

##### 2. Statens vegvesen

###### **Utdrag:**

*Statens vegvesen har ingen merknad til varsla planarbeid.*

**Kommentar:** ingen

##### 3. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

###### **Utdrag:**

*Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Sjøsida Eigedom i Herøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringsendringa. Museet har derfor ingen merknader til reguleringsendringa.*

**Kommentar:** ingen

##### 4. Moen Eigedom AS, eigar av hovudetg. Gnr. 34 bnr. 22

---

**AG Plan og Arkitektur AS**

**Webjørn Svendsen gate 12**

**6150 ØRSTA**

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

[www.agplan.no](http://www.agplan.no)

[firmapost@agplan.no](mailto:firmapost@agplan.no)

Sentral Godkjenning: 2002011841

Org.nr: 884 182 042 MVA

*Leietakerene til Moen Eiendom genererer rundt 1000 kunder hver dag og enda flere fredag og lørdag. Dette fører til sterkt press på trafikken i området og på parkeringsplassen mesteparten av dagen....*

*Meny har varemottak ved siden av "tenkt overbygd kaiel" og har en rampe som ikke kommer frem på tekningen Deres. Vi har mottak flere (fra 3-5) ganger om dagen fra kl 7-1430 og 3 leveringer på kveldstid rundt kl 19 i løpet av uka. Dette er "varerute" biler i størrelse. Vi har også utkjøring selv av varer, t.d proviant og catering levering. Vinmonopolet har varemottak 2 ganger i uka ved vår hovedinngang. Posten 2 ganger daglig.*

*På bakgrunn utviklingen av forretningene er det all grunn til å tro at omsetningen vil fortsette å øke og trafikkbelastningen rundt vår parkeringsplass også vil øke. Vi vil derfor med dette påpeke at vi har ingen parkeringsplass til overs på vårt område.*

*Synes også at vi som berørt part burde få tilsendt all dokumentasjon i brev, slik som ligger tilgjengelig på AG plan sine internetsider.*

#### **Kommentar:**

##### Varerampe – tilkomst kai-området

Vi er merksame på varerampen i enden (nord/austleg del) av eksisterande bygning. Kombinasjonen av varemottak og parkering på «kaiplanet» på dette området vil kunne føre til tidvise ulemper, særleg når vareruta står som skissert i vedlegget til merknaden og parkeringsplassane langs kai fronten er i bruk. Dei ulike seksjonane har vegrett over parkeringsplassen. Dette gjeld kai området og seksjon 7 og 7c. Bruken av varemottaka må såleis innrette seg etter allereie faktiske rettar og med nødvendige omsyn også for andre eigarar innan området. Så langt vi kan sjå vil ikkje dei to (2) tenkte parkeringsplassane til seksjon 7C på grunnplanet skape særlege vanskar for funksjonane i området.

##### Tal parkeringsplassar

Krav til parkeringsplassar går fram av gjeldande vedtekter og kommunen sine parkeringsvedtekter. Om verksemd treng meir plassar grunna utviklinga i kundegrunnlaget vert det ei sak for den enkelte eigar – i høve eigedomsrett på tilgjengeleg areal. I byggensak må tiltakshavar vise til parkeringsdekning i h.h.t. reguleringsplan og parkeringsvedtekt. I framlegg til plan har vi i planomtalen vist til korleis Sjøsida Eigedom AS føreset å løyse parkeringskravet for eigen del. I praksis vil samla utbygging, som eigedomsselskapet vil stå for, måtte avgrensast i forhold til tal tilrettelagde parkeringsplassar. Ulik arealbruk løyser ut ulikt behov for tal parkeringsplassar.

## 5. Fjordvarme AS

#### **Utdrag:**

*Det ligger godt til rette for at Sjøsida Eigedom kan nytte sjøen som energikilde til oppvarming og kjøling ved hjelp av varmepumper. For å være framtidsretta og ha en fleksibel løsning, bør det velges vannbasert oppvarming av bygningsmassen. I tillegg bør utbygging av infrastruktur for varme- og kjøling koordineres med annen utbygging av infrastruktur, gjerne også for andre deler av sentrum.*

*Vi har stor tro på at mye av bygningsmassen i Fosnavåg kan nytte seg av varme og kjøling frå sjøen og dermed få til en reduksjon av klimautslipp, i tråd med kommunen sin klimaplan og nasjonal målsetting om ei omlegging til fornybare energiformer.*

*Å etablere framtidsretta miljøvennleg energiforsyning krever vanligvis et godt samarbeid mellom kommune, offentlige og private utbyggere. Dette samarbeidet er viktig for å få til et større klimatiltak. Vi vil oppmøde om å sette fokus på dette og starte prosessen gjennom reguleringsarbeidet.*

#### **Kommentar:**

Vi kan ikkje sjå at det er tenleg gjennom reguleringsplan å pålegge Sjøsida Eigedom AS bruk av vassboren varme. Slik energiløysing vil kunne vurderast i tilknyting til byggensak. Sidan tomta ligg til sjø tilseier dette potensialet at tiltakshavar vil vurdere type energiforsyning som del av energikonseptet for bygningsmassen ved nybygg.

## 6. Fosnavåg Rederipark AS

### **Utdrag:**

*Disponering av areal i bygga synest noko generell. Vi skulle gjerne sett at den var betre spesifisert. For vår del er det eigentleg tilkomst og parkerings-situsjonen som bekymrer oss. Då vil bruk av areal i bygget verte avgjerande for kor mange personer/ biler som skal nyte i og omkring huset. I tillegg ser vi at mange "uvekomande" parkerer på taket vårt. Denne arealdelen av Fosnavåg sentrum har allereide i dag knapt med parkeringsplasser.*

*Vi ser at Reguleringsplanen tek inn deler av vår eiedom i reguleringsarealet. Det er vegen fra Tollåsbakken og opp på taket. Denne vegen, samt parkeringsplassen på toppen er vår eiedom, der dei andre selskapa i området har avtale med oss om bruken av denne. Sjøsida Egedom AS har avtale om tilkomst via 1 stk parkeringsplass til sin eiedom.*

*Vi ber om at våre eigarinteresser vert teke hensyn til og at vi får til det beste samarbeid i dette området. Når det gjeld front av bygget, d.v.s mot kaifronten, ber vi om at utbyggar tek mest mogeleg hensyn til sikta vår og bruker mest muleg glasvegger slik skissene viser.*

### **Kommentar:**

#### Reguleringsføremålet/disponering av bygget

Skisseprosjektet viser leilegheiter i 2. og 3. etg. Tiltakshavar ønsker i midlertid større fridom i bruk og føremålet sentrumsfunksjonar med unnatak av hotell/bevertning. Dette føremålet er meint å vere noko generelt då siktemålet er å kunne nyte bygningsmassen til typiske sentrumsfunksjonar som forretning, tenesteyting, bustadbebyggelse og kontor. Slik tiltakshavar ser det no vil leilegheiter vere mest aktuelt.

#### Parkeringssituasjonen

Planområdet vil kunne nyttast til dei ulike føremåla i varierande grad. Kravet til parkering er annleis for bustader og forretning/kontor. Parkeringsdekninga er tenkt slik:

	Grunnplan	P-hus (omr. PH)	Seksjonane 7 og 7c	Sum P-plassar
Forretningane 1. etg.	38	2		40
Leiligheter i 2. og 3. etg		22	2	24
Andre sentrumsføremål		22+23	6+2	53

Som det går framom er parkeringsdekninga løyst for forretningsdelen i 1. etg, for utbygging av leiligheter på seksjonane 7 og 7c og i alternativet med «næringsmessig utbygging» vil parkeringsarealet kunne dekke ei utbygging på ca 2.650 m<sup>2</sup>.

#### Tilkomst

Vi har sett det tenleg at tilkomsten til alle parkeringsarealet vert vist i planen. Vegen fra Tollåsbakken til taket er difor med. Seksjonane 7 og 7c må inngå nødvendig avtale om tilkomst via veg V3 før slik tilkomst kan realiserast.

#### Fasadar

Vi kan ikkje «garantere» at fasadane vert som vist i skisseprosjektet. Tiltakshavar vil legge vekt på at nødvendige omsyn skal takast til nabobygg.

## 7. Søre Sunnmøre Landbrukskontor

### **Utdrag:**

*Ut ifrå våre saksområde har vi ingen merknader til oppstart av reguleringsarbeidet.*

### **Kommentar:**

Ingen vesentlege.

## 8. Fylkesmannen i Møre og Romsdal

### **Utdrag:**

*Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova. Planen må sikre/dokumentere tilgang til gode og funksjonelle uterom som er*

eigna for leik og rekreasjon. Rettleiar T-1513 om barn og planlegging frå Miljøverndepartementet gir rammer for planarbeidet på dette området.

**Kommentar:**

I planframlegget er vist til ute rom for leik og rekreasjon. Det er sett krav om ute oppholdsareal lik 20 m<sup>2</sup> for kvar leilegheit. Slik plass er føresett å kunne etablerast på taket til 1. etg. Med heis i bygget vil arealet vere universelt tilgjengeleg.

**Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:**

- Merksemd på parkeringsdekning og tilkomst til parkeringsareal
- Merksemd på varelevering
- Merksemd på utsikt
- Merksemd på born og unge sine oppvekstvilkår.

**Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:**

- Reguleringsplanen (og utbygginga) legg til grunn at parkeringskravet skal dekkast på område som hører til egedomsseksjon som vert utbygd eller som utbygger disponerer inntil byggeområdet.
- Varelevering må kvar enkelt eigar/drivar syte for skjer på ein god måte i høve dei rettar som er knytt til alle egedomane i området.
- Tiltakshavar legg vekt på å ta omsyn til nabobygg. Vi finn likevel grunn til å ta fram at Fosnavåg er eit bymessig sentrum og at utbygging må sjåast i den samanheng.
- Ved utbygging til bustadføremål skal areal for leik og opphold leggast til rette på taket til 1. etg. Krav til ferdigstilling av leikearealet er sikra i føresegnene.

  
Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar RIF

**Namn på tiltak/plan:** Reguleringsendring for Sjøsida Eigedom


### Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

Emne	Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b Er det fare for flodbølgjer som følge av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c Er det fare for utglidning av området (ustabile grunnforhold)? <i>Ikkje som vi eller tiltakshavar kjenner til.</i> <i>2. og 3. etg skal byggast på eksisterande bygg. Vi legg til grunn at TEK sine krav til byggegrunn vert undersøkt/avklara ved prosjektering.</i>		
	d Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge moglege av klimaendringar?	X	
	e Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f Er området sårbart for ekstremvær/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging? <i>Eksisterande bygg har golvhøgd kote 2,63 medan framtidig havnivå er sett til kote 2,69. Havnivå/bølgjer er vurdert og det er lagt inn i føresegnehene at konstruksjon skal sjekkast i tilknyting til prosjektering av 2. og 3. etg.</i>		
	g Treng det takast særskilte omsyn til radon? <i>Det er teke inn bestemmingar om radon i føresegnehene.</i>		
	i Anna (spesifiser)?	X	
Omgivnad	a Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggende område?	X	
	d Anna (spesifiser)?	X	
Verksemderisiko	a Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder utgjere risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	X	
	c Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a Er området påverka av magnetfelt frå høgspentlinjer? <i>Trafo i 1. etg i bygning føreset vi er tilfredstillende skjerma.</i>	X	
	b Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	X	
	c Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a Er det mangelfull vassforsyning i området?	X	
	b Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?		X
	b Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringer etc.?	X	
	c Industriverksemder som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d Anna (spesifiser)?	X	


Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærlieken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 27/3 - 2013 av sign: Waifang

Emne/kommentar	Bilde
Naturgitte forhold	 Området grensar til sjø, og kan vere utsett for ekstremver/ havnivåstigning.  <i>Kommentar:</i> Vert å ta omsyn til i planarbeidet.
Området inngår i 100-metersbeltet.	  <i>Kommentar:</i> Reguleringsendringa gjeld del av eksisterande bygg.

**SJØSIDA EIGEDOM - SJEKKLISTE NATURMANGFALD**

Punkt	Moment	Vurdering/kommentar
1.	Kva økosystem, naturtypar og artar vert råka av planen?	Så langt vi kan sjå blir ikkje økosystem, naturtypar eller artar råka av planen, på annan måte enn at planområdet grensar til og omfattar eit mindre sjøareal.
2	Korleis er tilstanden for dei aktuelle økosistema, og utviklinga i tal lokalitetar av naturtypane og bestandane av artane på landsbasis og lokalt (på staden)?	Ingen særskilte registreringar i planområdet, jf. punkt under.
3.	Ligg det føre faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet?	Ingen treff i direktoratet for naturforvaltning sin naturbase. <a href="http://www.dirnat.no/kart/naturbase/">www.dirnat.no/kart/naturbase/</a>
4.	Ligg det føre erfaringsbasert kunnskap om det aktuelle planområdet, skal denne informasjonen nyttast.	Så langt vi kjenner til, nei.
5.	Vil planen påverke trua og nær trua artar og naturtypar på Norsk rødliste for artar 2010 / naturtypar 2011?	Nei. <i>Kjelde:</i> <a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a> <a href="http://www.dirnat.no">www.dirnat.no</a> - Naturbase
6.	Vil planen påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar?	Nei. <i>Kjelde:</i> <a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a> <a href="http://www.dirnat.no">www.dirnat.no</a> - Naturbase
7.	Vil planen påverke utvalde kulturlandskap?	Nei. <i>Kjelde:</i> <a href="http://www.dirnat.no">www.dirnat.no</a> - Naturbase
8.	Vil planen påverke miljøregistreringar i skog?	Nei. <i>Kjelde:</i> <a href="http://www.skogoglandskap.no">www.skogoglandskap.no</a>
9.	Vil planen påverke inngrepsfrie naturområde (INON)?	Nei. <i>Kjelde:</i> <a href="http://www.dirnat.no/inon">www.dirnat.no/inon</a>




## **SOL-/SKUGGEANALYSE MED PLANLAGT BUSETNAD SJØSIDA EIGEDOM, GNR. 34 BNR. 22**

18.3.2013

**AG Plan og Arkitektur AS**

Rådgjenvende arkitekt og ingeniør


•Arkitektbedriftene •Rådgivende Ingeniørers Forening



**GNR. 34 BNR. 22**  
**SOL-SKUGGEANALYSE**

**21.MARS 2013 – KL.09.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**21.MARS 2013 – KL.12.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**21.MARS 2013 – KL.15.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**21.MARS 2012 – KL.18.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**21.MARS 2012 – KL.21.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. JUNI 2012 – KL.09.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. JUNI 2013 – KL.12.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. JUNI 2013 – KL.15.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. JUNI 2013 – KL.18.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. JUNI 2013 – KL.21.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2013 – KL.09.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2013 – KL.12.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2013 – KL.15.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2013 – KL.18.00**





**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2013 – KL.21.00**



## 5.5. Teknisk infrastruktur

Det vart klarlagt under oppstartsmøte at det ikkje er behov for ny teknisk infrastruktur som følgje av ønska utbygging. Tilknyting til offentleg veg blir som i dag.

## 5.6. Støy

### Vegtrafikkstøy:

Det ligg ikkje føre trafikktal for Edvin Jacobsen veg, Rådhusgata eller andre gater i sentrum anna enn for fylkesvegane. Edvin Jacobsen veg er ei ytre omkjøring i sentrum. Det ligg ikkje andre parkeringsplassar til denne gata enn parkeringa knytt til planområdet. Trafikken til/frå Fosnavåg har ÅDT 6250, medan trafikken på fv20 gjennom sentrum er ÅDT 1900. Trafikken til/frå Fosnavåg som "stansar" antar vi er retta mot parkeringsplassane og bebyggelsen elles. Trafikken til/forbi planområdet vil då bestå av "gjennomgangtrafikk" i Edvin Jacobsen veg og trafikk til/frå forretningane/verksemndene i planområdet.

Stipulerte trafikktal, vurdering av støymengd (ved bruk av NBSTOY, Nordisk berekningsmetode, Sintef sin datamodell):

- Gjennomgangstrafikk ca ÅDT 300. Trafikk særleg på dagsid.
- Til/frå trafikk til verksemndene/forretningane innan planområdet, jf noverande matvarebutikk, Vinmonopolet, frisør mv: trafikk rekna som at støymengda tilsvarer «til» trafikk i 40 km/t. ÅDT ca 750.

Sum ÅDT ca 1050, i prognoseåret ÅDT ca 1365 (dvs. +30 %). Simuleringsføresetnader: 5 % tungtrafikk (i all hovudsak varelevering), Høgd opp til golv balkong: 4,2 m, ballkongvegg/skerm: H=1,1 meter. Mottakarhøgde 1,5 meter. Gjennomsnittleg avstand køyretøy – mottakar: 17 m. Hastigkeit køyretøy 40 km/t. Byveg.

Simulering av støymengd for opphold på balkong/terrasse 2. etg. mot gate er:

ÅDT	UTGANGSNIVÅ Lden	TOTALNIVÅ UTE den	TOTALNIVÅ UTE natt
1100	56,0	53,5	43,7
1300	56,8	54,3	44,4
1525	57,5	55,0	45,0
1700	57,9	55,4	45,5

Som simuleringa viser vil trafikk rekna som gjennomsnittleg døgntrafikk ÅDT måtte ligge over 1525 for å kome i konflikt med gul sone (55 dB). Sjølv med ÅDT lik 1700 vil overskridingen vere liten. Etter vår vurdering vil det vere rimeleg å tru at faktisk trafikkmengde ikkje overstig 1525 køyretøy som ÅDT om 10 år i dette området. Viser her til at det ikkje er andre tilgjengelege byggeareal i område og at parkeringsarealet er avgrensa som brukt i dag. Trafikkveksten vert difor «normal» og då gjeld påslaget på 30 % som stipulert vekst gjeldande.

### Støy frå kai området:

I samband med vår utarbeiding av reguleringsplan for Fosnavåg hamn utarbeidde Multiconsult AS ein støyrapport der m.a. støy frå båtar var med. I Fosnavåg hamn er etablert verksemder som Fosnavåg Seafood og Fosnavåg Notbøteri. Trafikken til Sunnmørsfisk AS er mindre i form av båtrafikk, tal leveransar ved kai, landligge mv og

# AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjenvende arkitekt og ingeniør • Arkitektbedriftene • Rådgivende Ingenørers Forening RIF

Ørsta 18.9.2012

**Herøy kommune  
Planutvalet  
Postboks 274**

**6099 Fosnavåg**

## **Spørsmål om oppstart - reguleringsendring for Sjøsida Eigedom, gnr. 34 bnr. 22 (RP 15) – i Herøy kommune, jf. PBL § 12-8**

I samsvar med § 12.8 i Plan- og bygningslova vert det med dette lagt fram for planutvalet i Herøy kommune spørsmål om oppstart av arbeid med reguleringsendring for Sjøsida Eigedom, gnr. 34, bnr. 22.

Arealet omfattar om lag 7,9 daa. Målet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22.

Tiltakshavar: Sjøsida Eigedom AS ved Helge Kvalsvik



Planområde

---

**AG Plan og Arkitektur AS**


Post- og besøksadresse:  
Webbjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

firmapost@agplan.no  
www.agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841  
Org.nr: 884 182 042 MVA

**ARKITEKTUR • AREALPLANLEGGING • VEGPLANLEGGING • VATN- OG AVLØPSANLEGG • ANDRE ANLEGG OG  
KONSTRUKSJONAR • PROSJEKTLEIING • BYGGJELEIING •**



Arealet omfattar om lag 7,9 daa. Vist plangrense omfattar deler av gnr. 34 bnr. 22, 43, 323, 324, 494, 517, mfl. Med i planarealet er eit mindre sjøareal i samsvar med ønskje frå kommunen, jf oppstartsmøte. Endleg plangrense kan bli noko justert som følgje av planprosessen og saka sin gong.

#### Oppstartsmøte med kommunen – innspel til planarbeidet:

Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen 20.6.2012 på Herøy rådhus, der saka vart presentert og skjema for oppstart gått gjennom, jf. vedlegg. Frå kommunen møtte Jarl Martin Møller og Hallvard Rusten. Frå AG Plan og Arkitektur AS møtte Anne Kristin Apelseth og Kåre Gjengedal. Frå tiltakshavar møtte Per Igesund og Helge Kvalsvik. Det følgjer både utfylt standardskjema (som kommunen nyttar ved oppstartsmøte) og eige supplerande referat frå møtet.


Kommunen godkjende avgrensinga av planområdet (som vist på grunnkartet ovanfor). Kommunen gav uttrykk for at dei er positive til ei reguleringsendring som legg til rette for fortetting i området. Kommunen kom elles med ein del konkrete innspel til planarbeidet – mellom anna at tenkt reguleringsløysing måtte tydeleggjera ved beskrivelse og teikningar som kunne omtale og illustrere tiltaket sitt omfang.

Ein av konklusjonane på møtet var at spørsmål om oppstart av planarbeidet skal leggjast fram for formannskapet. Vi ber difor med bakgrunn i dette brevet om slik handsaming.

Gjeldande reguleringsplan:

Området er i gjeldande reguleringsplan (reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, RP 15, reguleringsendring for Sunnfisk, godkjend i kommunestyret 1.9. 2005) lagt ut til forretning/kontor (F/K1) og bustad/forretning/kontor (BFK1-2) og parkering.

Føresegnerne for reguleringsplanen seier følgjande om byggehøgder: Møne/gesims i B/F/K1 maks cote +11,1 meter. Møne/gesims for F/K1 maks cote +7,2 meter. Eksisterende terrenget rundt bygget har i dag ca kote 2,10. Dette fører at område B/F/K1 kan byggast med netto bygningshøgd på ca 9 m. For området F/K1 vert tilsvarende bygningshøgd etter gjeldende plan 5,1 m.



*Utsnitt av gjeldande reguleringsplan for området (RP15) med reguleringsendring for Sunnfisk AS*

Planprogram, konsekvensutgreiing (KU):

Tiltaket er etter vår vurdering, og slik det var konkludert i oppstartsmøte, ikkje av ein slik karakter at det er naudsynt med planprogram eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2.


Tenkten arealbruk:

Noverande arealbruk på grunnplanet, jf reguleringsplanen områda F/K og B/F/K skal halde fram, dvs brugsføremålet forretning/kontor. Tiltakshavar ønskjer å bygge på fleire etasjar på eksisterande bygningsmasse på gnr. 34, bnr. 22. Dei to nye etasjane skal primært romme leilegheiter, men reguleringsformålet vil vere «sentrumsfunksjonar» med unnatak av hotell/bevertning.


I forhold til overvarende reguleringsplan vil bygningsmassen også omfatte «firkanten» mellom F/K1 og overvarende varemottak (nord-/vestsida av kaia). Her er kaiplanet tenkt nytta til m.a. parkering.

● Side 4 av 8

Bygningen sør om forretningsdelen, merka P på skisse nedom, vil bli nytta til parkering. Det vil bli vurdert om parkering skal leggast til rette for i 2 plan/etg.høgder inne i bygget.




Skisse 1. etg.



Skisse arealbruk 2. og 3 etg.

Tilkomst – vegtilknyting offentleg veg:

Tilknyting til offentlig veg (jf markering under) blir som vist i gjeldande reguleringsplan for området, dvs avkjøyrslene til Holmefjordvegen vert oppretthaldne. Vidare vil vegen fra Tollåsbakken og opp på taket til bygget tenkt nytta til parkering – vere med. Vegen er tilkomst for etablerte verksemder/bustader i dag – dette vil bli oppretthalde jf vegrettar. Samtidig vil «restarealet» over noverande forretningsbygg bli drøfta med bakgrunn i trøng om utomhus leikeareal og ev særskilde behov for parkering.



Parkeringsbehovet:

Parkeringsbehovet vil bli løyst innan planområdet. Vi viser her til gjeldande reguleringsplan og til tenkt bruk av bygningen i sør. Som del av reguleringsplanen vil parkeringsdekninga bli vist i hht parkeringsvedtekten. Så langt vi kan sjå no vil parkering kunne dekkast i tenkt «parkeringshus», på ny overbygd kaiel og på grunnplanet utomhus på eigedomen.

Promenade langs sjøen:

Promenade langs sjøen vil bli drøfta med kommunen under vefs i planarbeidet. Dette ut frå dei prinsippa som elles er lagt til grunn for slik promenade langs sentrum si kystlinje. Vi legg til grunn at vist parkeringsareal i gjeldande plan vert oppretthalde (jf parkering på «nytt kaidekke»). Langsgåande promenade må difor dels basere seg på å nyte sjøen/etablere flytebrygger. Ein viktig del av diskusjonen kring «promenaden» vert kaia sin funksjon, muligkeit for tilfot.

Uteoppholdsareal:

Både kommuneplanen og tekniske forskrifter (TEK) sine krav til oppholdsareal ute vil bli drøfta og avklara under planarbeidet. Det vert lagt til grunn at areal på tak kan nyttast til føremålet. Elles viser vi til at sentrumsbusetnad generelt sett vert noko avhengig av kringliggende grøntstruktur. Ei utfordring vil nok vere gangavstanden til større leikeplass, jf kommuneplanen sitt til maks gangavstand 250 meter. Vi viser til at bustadføremålet ligg inne i gjeldande reguleringsplan og vi legg til grunn at gangavstanden som faktisk vert frå planområdet til nærmaste større leikeplass, jf K-planen, er akseptabel ut frå sentrum sin funksjon.

Ny bygningsmasse:

Det vart under oppstartsmøtet lagt vesentleg vekt på at bygningsmassen må bli innlemma på ein god måte i forhold til eksisterande bygningar i sentrum. Med bakgrunn i dette har vi utarbeidd eit skisseprosjekt som har som siktet mål å vise storleiken på bygningsmassen og korleis bygningane er tenkt utforma. Skisseprosjektet er vist med teikningar og 3D-modell. Som modell er også vist bygningane i sentrum elles. Grunnlaget for 3D-konstruksjonen er kommunen sitt grunnkart.

Skisseprosjektet viser:

- Kartskisse
- Snitt
- 3D-illustrasjonar

I eige vedlegg er teikningar, 3D-modellane og sol-/skuggeanalyse vist.

*Ny bygningsmasse*



Skisseprosjektet, jf. teikningar:

1. etg.:

Skisseprosjektet viser at 1. etg./grunnplanet vert oppretthalde med funksjonane som i dag. Der vert gjort mindre endringar for å få plass til inngang/trapperom for 2. og 3. etg. I tillegg er et ønske om å bygge på hjørnet mot nord. 2. og 3. etg. er såleis skissert med tilkomst frå eksisterande trapperom (ved sidan av inngang til salslokale), samt tilkomst frå nytt trapperom i ny bygningsmasse på hjørnet mot nord

2. etg.:

Her er førebels vist 11 leilegheiter med tilhøyrande uteplass og felles tilkomstareal. Storleiken på leilegheitene varierer frå BRA 50 m<sup>2</sup> til 110 m<sup>2</sup> (inkl. boder). Uteplass kjem i tillegg, 20 – 40 m<sup>2</sup>. Fellesareal (trapp, gang, m.m.) kjem i tillegg.

3. etg.:

Det er førebels skissert 5 leilegheiter med tilhøyrande uteplass og felles tilkomstareal. Storleiken på leilegheitene varierer frå 110 m<sup>2</sup> til 190 m<sup>2</sup>. Fellesareal (trapp, gang, m.m.) kjem i tillegg.

Byggjehøgder, oppdeling i volum (viser m.a. til snitt som er lagt ved):

Eksisterande bygning/forretning har ei innvendig høgde på 4,25 m. Kvar av dei to (2) nye etasjane har ei innvendig høgde på ca. 2,6 m. Medrekna etasjeskiller og tak vert ny byggehøgd for den delen av bygningen som har to (2) etg. lik 8,8 m rekna frå ferdig innvendig golv 1. etg. Der bygningen har tre (3) etg vil høgda på huset tilsvarannde vere inntil 12,5 meter høgt. Terrenget rundt bygningen ligg på ca. kote 2,1. Dette medfører at 2. etg. vil ha ei kotehøgde på ca. 10,9 og 3. etg. ei kotehøgde på ca. 14,6. (Vi har ikkje eksakt innmåling av høgda på eksisterande golv).

Tredje (3.) etg. er delt inn i fleire volum. Dette for å opne landskapsrommet samt skape luft mellom dei enkelte husværa/leilegheitene. Løysinga vil bryte ned volumet og medverke til at inntrykket av den samla bygningskroppen vert langt mindre kompakt. Etter vår vurdering er dette ei god løysing. Vi viser til illustrasjonar.

Sol-skuggeforhold:

Vi har laga ei oversikt med utgangspunkt i normalt nytt dataar og klokkeslett. Viser til vedlegg. Skuggeeffekt på nabobygningar vil først «slå inn» på kveldstid med lav sol Så langt vi kan sjå vil ikke bygningen ha skuggeeffekt anna

Ny bygningsmasse:

Eksisterande bygning inneheld salslokale mm i 1. etasje, samt disponibelt areal i 2. etasje. I tillegg er det parkering som har tilkomst frå parkeringsplass/inngangssone. Areal for eksisterande 2. etasje er ein del mindre enn arealet i 1. etasje. Eksisterande bygningsmasse består av fleire ulike volum, og det er nytta ein kombinasjon av flatt tak og saltak.

Oppdragsgjevar ønskjer å bygge på eksisterande bygning, slik at bygningsmassen totalt har tre etasjer. Mot nord er det ønske om å føre opp volum i tre etasjer. Mot nabobygget på vestsida skal arealet framleis vere opent/ubebygd i 2. og 3. etasje. Vidare er det ønske om å fjerne eksisterande saltak, samt å "oppgradere" bygningsmassen.

Ny løysing viser no at 2. og 3. etasje er inntrekt i forhold til eksisterande bygningsmasse. Det er også arbeidd med volumoppbygginga av det nye for å skape "variasjon" i bygningsmassen – noko som også er med på å skape meir "private rom" for leilegheitene mm. I 3. etasje er bygningsmassen delt opp ytterlegare, noko som "tek ned" høgda på bygningsmassen og "gir luft" – dette gir også "siktlinjer" gjennom bygningsmassen. Ved å trekke inn ny bygningsmasse i forhold til eksisterande, legg ein også til rette for (romslege) private uteplassar.

● Side 7 av 8

2. og 3. etasje er no planlagd med tilkomst frå eksisterande trapperom mot parkeringsplass, samt frå nytt trapperom mot nord. Det er også tenkt installert heiser i trapperom. Leilegheiter mm er organisert slik at dei får tilkomst frå begge desse trapperomma, og trapperomma vert bundne saman av fellesareal. Uteplassar (felles) får tilkomst frå fellesareal. Slik det er skissert no er det terrasse i 2. etasje mot nabobygget på vestida, samt terrasse i 3. etasje mot nordaust (over varemottak).

Slik vi ser det vil det vere positivt med ei fortetting i sentrum - ei "forsterking av urbane trekk". Dette vil også vere ei vidareutvikling av eksisterande bygningsmasse. Eksisterande bygningsmasse i 1. etasje er forholdsvis "lukka". I samband med dei nye planane vil t.d. nye og oppgraderte inngangar på bakkenivå føre til betre kontakt mellom ute og inne, samt kunne fungere som ei "tydeleggjering" av bygningsmassen.

På forslaget som er vist er også "grøne vekstar"/"grønt" trukke inn i bebyggelsen – dette er nytta bevisst som element for å "dele opp"/"sonedele" bygningsmassen, jf. m.a. uteplassar.

Vi ønskjer å streke under at dette er førebels skisser. I samband med vidare detaljering av prosjektet vil det såleis bli endringar i forhold til det som er vist no. Også tal leilegheiter mm kan endre seg som følgje av det vidare arbeidet. Men, vedlagde illustrasjonar viser ideane og intensjonane som ligg til grunn.

Registreringar i tilgjengelege databaser gjeldande for planområdet:

Så langt vi kan sjå er der ikkje registreringar av viktige natur, miljø eller andre samfunnsmessige forhold. Som del av ROS-vurderinga vil vi ta omsyn til framtidig havnivå. Om området er utsett for havbølgjer vil vi også sjå på.

Eitt moment som vart peika på i oppstartsmøte er ev. støy frå omgjevnadene. Det er vanskeleg å stipulere trafikkstøy i sentrum. Så langt vi har kjennskap til har ikkje kommunen trafikktal for gatenettet i sentrum. Vurdering vil likevel bli gjort ei skjøns messig vurdering. Erfaringar tilseier at trafikken på dagtid er vesentleg større enn trafikken på kveld og natt.


Plantype - utforming:

Tiltakshavar legg til grunn å fremje plansaka som ein detaljplan etter PBL § 12-3.

Framdrift:

Tiltakshavar ønskjer å setje i verk planarbeidet snarast. Vi torer difor å be om snarleg tilbakemelding på førespurnaden.

For tiltakshavar

  
Kåre Gjengedal  
Siv.ing/planleggjar

Vedlegg:


- Kartskisse
- Snitt
- 3D illustrasjonar av bygg
- Sol-/skugge forhold

- Side 8 av 8

Uprenta vedlegg:

- Referat frå oppstartsmøte 26.4.2011, med vedlegg.

Kopi: Sjøsida Eigedom AS ved Helge Kvalsvik, Iggesundvegen 20, 6090 Fosnavåg



BIM modell ArchiCAD 15 NOR Filplassering: P:\2154 Sjøsida eigedom\teikningar\Nytt\2154-120917.pln

Teikn. Nr.	REV. NR:
------------	----------

Type teikning	SKISSEPROSJEKT
---------------	----------------

Index	Dato	Beskriving	sign.
-------	------	------------	-------

ARK : AG PLAN OG ARKITEKTUR AS


Webjørn Svendsengt. 12  
6150 Ørsta  
Tlf. 700 61600  
E-post: firmapost@agplan.no

Fase: SKISSEPROSJEKT

PROSJEKTNR.:	2154
AG PLAN OG ARKITEKTUR AS	

Tittel:	Godkjent
SJØSIDA EIGEDOM AS	Kontroll prosjekt.
SJØSIDA	Sign. Kontroll
6090 FOSNAVÅG	Filnamn 2154-120917.pln
17.09.12	Dato
1:200	Målestokk
Kontroll utførende	Sign. Kontroll
Prosjektnr. for	prosjekterande
TYPE TEIKNING:	/lev.
SKISSE SNITT A-A	

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering  
eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke



FØREBELS TEIKNING!

Vurdere i høve konstruksjon mm

Førebels høgder mm

Ca-plassering nye veggar/konstruksjonar mm er vist med mørk farge.



AG Plan og Arkitektur AS

Teikn. Nr.	REV. NR:		
Type teikning <b>SKISSEPROSJEKT</b>			
Index	Dato	Beskriving	sign.
<b>ARK : AG PLAN OG ARKITEKTUR AS</b>			
Webjørn Svendsengt. 12 6150 ørsta Tlf. 700 61600 E-post: firmapost@agplan.no			
<b>Fase: SKISSEPROSJEKT</b>		<b>PROSJEKTNR.: 2154</b>	
<b>AG PLAN OG ARKITEKTUR AS</b> <b>Tittel:</b> <b>SJØSIDA EIGEDOM AS</b> <b>SJØSIDA</b> 6090 FOSNAVÅG		Godkjent  Kontroll prosjekt. Sign.      Kontroll  Filnamn 2154-120917.pln  Dato 17.09.12  Målestokk  Kontroll utførende Sign.      Kontroll	
<b>Teikningsnummer:</b>		Prosjektnr. for prosjekterande /lev.	
<b>TYPE TEIKNING:</b> <b>ILLUSTRASJON FØR</b>			



AG Plan og Arkitektur AS

Teikn. Nr.	REV. NR:		
Type teikning <b>SKISSEPROSJEKT</b>			
Index	Dato	Beskriving	sign.
<b>ARK : AG PLAN OG ARKITEKTUR AS</b>			
Webjørn Svendsengt. 12 6150 ørsta Tlf. 700 61600 E-post: firma@agplan.no			
<b>Fase: SKISSEPROSJEKT</b>			
<b>AG PLAN OG ARKITEKTUR AS</b>		<b>PROSJEKTNR.: 2154</b>	
Tittel:  <b>SJØSIDA EIGEDOM AS SJØSIDA</b> 6090 FOSNAVÅG		Godkjent  Kontroll prosjekt. Sign.   Kontroll  Filnamn 2154-120917.pln  Dato 17.09.12  Målestokk  Kontroll utførende Sign.   Kontroll	
Teikningsnummer:  <b>TYPE TEIKNING: ILLUSTRASJON ETTER</b>		Prosjektnr. for prosje克terande /lev.	



## SOL-/SKUGGEANALYSE MED PLANLAGT BUSETNAD


**SJØSIDA EIGEDOM, GNR. 34 BNR. 22**

18.9.2012

**AG Plan og Arkitektur AS**

Rådgjenvende arkitekt og ingeniør


•Arkitektbedriftene •Rådgivende Ingenørers Foreining



**GNR. 34 BNR. 22**  
SOL-SKUGGEANALYSE

**21.MARS 2012 Ě KL.09.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**21.MARS 2012 Æ KL.12.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**21.MARS 2012 Æ KL.15.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**21.MARS 2012 Æ KL.18.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

21.MARS 2012 Æ KL.21.00






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. JUNI 2012 Æ KL.09.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. JUNI 2012 Æ KL.12.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. JUNI 2012 Æ KL.15.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. JUNI 2012 Æ KL.18.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. JUNI 2012 Æ KL.21.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2012 Æ KL.09.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2012 Æ KL.12.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2012 Æ KL.15.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2012 Æ KL.18.00**






**GNR. 34 BNR. 22**

SOL-SKUGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2012 Æ KL.21.00**





# HERØY KOMMUNE

## Utviklingsavdelinga

### SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2012/1453
		Arkiv:	L12

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
284/12	Formannskapet	02.10.2012

#### FØRESPURNAD OM OPPSTART AV REGULERINGSARBEID FOR SJØSIDA EIGEDOM GNR 34 BNR 22.

##### Tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-8 at det kan setjast igong planarbeid for reguleringssendring av reguleringsplan Sunnfisk eidegom gnr 34 bnr 22 (1515200502) i Fosnavåg sentrum.

##### **Møtebehandling:**

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

##### **Vedtak i Formannskapet - 02.10.2012**

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-8 at det kan setjast igong planarbeid for reguleringssendring av reguleringsplan Sunnfisk eidegom gnr 34 bnr 22 (1515200502) i Fosnavåg sentrum.

##### Særutskrift:

AG Plan og Arkitektur AS, Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta  
Sjøsida Eidegom AS v/Helge Kvalsvik, Igensundvegen 20 6090 Fosnavåg

##### **Vedlegg:**

Oppstartsmøte regulering datert 05.06.2012  
Referat frå førehandskonferanse datert 20.06.2012  
Spørsmål om oppstart frå konsulent datert 18.9.2012

### Saksopplysningar:

Tiltakshaver Sjøsida Eigedom har engasjert AG Plan og Arkitektur AS for å bistå dei i ei reguleringssendring av gnr 34 bnr 22 i Fosnavåg sentrum. Omsøkt område er regulert i dag gjennom reguleringsplan Sunnfisk eigedom gnr 34 bnr 22 (planid 1515200502).

Arealet omfattar om lag 7,9 daa. Målet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22.


Plangrense omfattar deler av gnr. 34 bnr. 22, 43, 323, 324, 494, 517, mfl. Med i planarealet er og eit mindre sjøareal. Endeleg plangrense kan bli noko justert som følgje av planprosessen og saka sin gong.

Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen 20.6.2012 på Herøy rådhus, der vart saka presentert og skjema for oppstart gått gjennom. Det vart utarbeidd eit referat frå møte, datert 21.06.2012.

### Gjeldande reguleringsplan:

Området er i gjeldande reguleringsplan (reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, RP 15, reguleringssendring for Sunnfisk, godkjend i kommunestyret 1.9. 2005) lagt ut til forretning/kontor (F/K1) og bustad/forretning/kontor (BFK1-2) og parkering.

Føresegne for gjeldande reguleringsplan seier følgjande om byggehøgder: Møne/gesims i B/F/K/1 maks cote +11,1 meter. Møne/gesims for F/K1 maks cote +7,2 meter. Eksisterande terreng rundt bygget har i dag ca kote 2,10. Dette medfører at område B/F/K1 kan byggast med netto bygningshøgd på ca 9 m. For område F/K1 vert tilsvarande bygningshøgd etter gjeldande plan 5,1 m.



Noverande arealbruk på grunnplanet, jf reguleringsplanen områda F/K og B/F/K skal halde fram, dvs bruksføremålet forretning/kontor. Tiltakshavar ønskjer å byggje på fleire etasjar på eksisterande bygningsmasse på gnr. 34, bnr. 22. Dei to nye

etasjane skal primært romme leilegheiter, men reguleringsformålet vil vere «sentrumsfunksjonar» med unnatak av hotell/bevertning.

I forhold til noverande reguleringsplan vil bygningsmassen også omfatte «firkanten» mellom F/K1 og noverande varemottak (nord/-vestsida av kaia). Her er kaiplanet tenkt nytt til m.a. parkering



Skisse 1 etasje.

Skisse 2 og 3 etasje.

#### Byggjehøgder:

Eksisterande bygning/forretning har ei innvendig høgde på 4,25 m. Kvar av dei to (2) nye etasjane har ei innvendig høgde på ca. 2,6 m. Medrekna etasjeskiller og tak vert ny byggehøgd for den delen av bygningen som har to (2) etg. lik 8,8 m rekna frå ferdig innvendig golv 1. etg. Der bygningen har tre (3) etg vil høgda på huset tilsvarande vere inntil 12,5 meter høgt. Terrenget rundt bygningen ligg på ca. kote 2,1. **Dette medfører at 2. etg. vil ha ei kotehøgde på ca. 10,9 og 3. etg. ei kotehøgde på ca. 14,6.** (Høgdeberegningane er utført av konsulent)

#### Vurdering og konklusjon:

Ein vurderer tiltak som bidreg til å auke folketalet i Fosnavåg sentrum som positivt. Sentrum treng tilførsel av ny bustadmasse/leiligheter og omsøkt plan kan medverke til å utvikle eit vidare sterkt kommunesenter og skape auka aktivitet. Fosnavåg er no i ei rivande utvikling gjennom realisering av hotell, konserthus, parkeringshus, leilighetsbygg samt mange andre spennande prosjekt.

Kommunen har gjennom oppstartsmøte signalisert at prosjektet må ta omsyn til ein framtidig promenade innanfor planområdet. Promenaden vil vere eit sentralt element i utviklinga av sentrum som vil gi Fosnavåg ein ekstra kvalitet som kystby samt nærområdet til prosjektet. Vidare har ein signalisert at på gatenivå skal det vere forretning og i 2 etasje kan ein tillate ulike kombinasjonar av formål. Ein har vidare lagt til grunn at tiltakshaver og konsulent har eit sterkt fokus på høgder og kvalitet av bygningsmassen og prøver å «dempe» høgdeverknadane av tiltaket gjennom god estetikk og arkitektur.



Skisse prosjekt frå konsulent (ikkje endeleg).

### *Planprogram og KU*

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at konsekvensanalyse og planprogram er nødvendig.

### *Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)*

Som del av planarbeidet, skal det utarbeidast ROS-analyse. Omsyn til m.a framtidig havnivå, havbølgjer og støy vil vere naturlege element å sjå nærmare på.

Ein viser vidare til vedlegg i saka for ytterligare dokumentasjon og presentasjon av prosjektet.

### **Konklusjon:**

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova §12-8 at det kan setjast igong planarbeid for reguleringssendring av reguleringsplan Sunnfisk eigedom gnr 34 bnr 22 (1515200502) i Fosnavåg sentrum.

Fosnavåg, 19.09.2012

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Utviklingsleiar

Saksbehandler : Jarl Martin Møller

# AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør • Arkitektbedriftene • Rådgivande ingeniørers foreining RIF

Ørsta 15.10.2012

Grunneigarar, off. mynde, organisasjonar

## Tiltak:

### **OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSARBEID**

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.6.2008) vert det med dette varsla oppstart av arbeid med

### **DETALJPLAN (REGULERINGSENDRING) FOR SJØSIDA EIGEDOM, GNR. 34 BNR. 22 MFL, I HERØY KOMMUNE**

Hovudføremålet med planarbeidet er primært å leggje til rette for etablering av fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22.



---

**AG Plan og Arkitektur AS**  
Webjørn Svendsen gate 12

**6150 ØRSTA**  
Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

[www.agplan.no](http://www.agplan.no)  
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841  
Org.nr: 884 182 042 MVA


- Side 2 av 6

## Tiltakshavar, vedtak om igangsetting av planarbeidet:

Tiltakshavar er Sjøsida Eigedom AS. Utførande konsulent er AG Plan og Arkitektur AS.

## **Planområde:**

Arealet omfattar om lag 7,9 daa. Vist plangrense omfattar deler av gnr. 34 bnr. 22, 43, 323, 324, 494, 517, mfl. Med i planarealet er eit mindre sjøareal i samsvar med ønskje frå kommunen




Planområde /plangrense: — — — —

## Gjeldande planar:

## Reguleringsplanar:

Området er i gjeldande reguleringsplan (reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, RP 15, reguleringssendring for Sunnfjord, godkjent i kommunestyret 1.9. 2005) lagt ut til forretning/kontor (F/K1) og bustad/forretning/kontor (BFK1-2) og parkering.



Utsnitt av gjeldende reguleringsplan for området (RP15) med reguleringsendring for Sunnfisk AS

#### Spørsmål om oppstart:

AG Plan og Arkitektur AS sendte inn spørsmål om oppstart av reguleringsarbeid til Herøy formannskap i brev datert 18.9.2012. Formannskapet i Herøy handsama saka i møte 2.10.2012, sak 284/12, der det ble gjort følgende vedtak:

*"Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 at det kan setjast igang planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan Sunnfisk Eigedom gnr. 34 bnr. 22 (1515200502) i Fosnavåg sentrum".*

#### Tenktenk arealbruk:

Noverande arealbruk på grunnplanet, jf. reguleringsplanen områda F/K og B/F/K skal halde fram, dvs. bruksføremålet forretning/kontor. Tiltakshavar ønskjer å byggje på flere etasjer på eksisterende bygningsmasse på gnr. 34, bnr. 22. Dei to nye etasjane er primært tenkt nytta til leilegheiter/kontor, men andre funksjoner aktuelle og reguleringsformålet vil vere «sentrumsfunksjonar» med unnatak av hotell/bevertring.

I forhold til overvarende reguleringsplan vil bygningsmassen også omfatte «firkanten» mellom F/K1 og overvarende varemottak (nord-/vestsida av kaia). Her er kaiplanet tenkt nytta til m.a. parkering.

Bygningen sør om forretningsdelen, merka P på skisse nedom, vil bli nytta til parkering. Det vil bli vurdert om parkering skal leggast til rette for i 2 plan/etg.høgder inne i bygget

#### Promenade langs sjøen:

Promenade langs sjøen vil bli drøfta med kommunen undervegs i planarbeidet. Dette ut frå dei prinsippa som elles er lagt til grunn for slik promenade langs sentrum si kystlinje. Vi legg til grunn at vist parkeringsareal i gjeldande plan vert oppretthalde (jf parkering på «nytt kaidekke»). Langsgåande promenade må difor dels basere seg på å nytte sjøen/etablere flytebrygger.

#### Reguleringsføremål:

Aktuelle reguleringsføremål er bustader med tilhøyrande anlegg (sentrumsføremål), samferdselsanlegg (veg med tilhøyrande areal, parkering), bruk og vern av sjø (promenade/kai) og ulike omsynssoner. Fleire føremål kan kome til undervegs i reguleringsprosessen.

#### Tilkomst:

Tilknyting til offentleg veg blir som vist i gjeldande reguleringsplan for området, dvs. avkøyrslene til Holmefjordvegen vert oppretthaldne. Vidare vil vegen frå Tollåsbakken og opp på taket til bygget tenkt nytt til parkering – vere med. Vegen er tilkomst for etablerte verksemder/bustader i dag – dette vil bli oppretthalde jf. vegrettar. Samtidig vil «restarealet» over noverande forretning bli drøfta med bakgrunn i trong om utomhus leikeareal og ev særskilde behov for parkering.

#### Parkering:

Parkeringsbehovet vil bli løyst innan planområdet. Vi viser her til gjeldande reguleringsplan og til tenkt bruk av bygningen i sør. Som del av reguleringsplanen vil parkeringsdekninga bli vist i hht parkeringsvedtekten. Så langt vi kan sjå no vil parkering kunne dekkast i tenkt «parkeringshus», på ny overbygd kaiel og på grunnplanet utomhus på eigedomen.

#### Planprosess, medverknad:

Opp mot kommunen:

Tiltakshavar vil under planarbeidet drøfte/avklare med kommunen ev. overordna forhold som vert berørt av utbygginga. Tiltakshavar vil halde møte med kommunen under planprosessen for å diskutere ev. merknader ved forvarslinga og hovudprinsippa ved reguleringa (med bakgrunn i skisser).

Opp mot særskilte grupper:

Vi ser ikkje behovet for eige møte med «særlege» grupper, som eldrerådet, kommunalt råd for funksjonshemma, ungdomsrådet, og barn og unge sin representant, utan at dette vert meldt inn no under forvarslinga.

#### Type reguleringsplan:

Reguleringsplanen vil bli fremja som ein detaljplan etter plan- og bygningslova § 12-3.

#### Konsekvensane av planen, ROS, jf Plan- og bygningslova §§ 4-1, 4-2 og 4-3:

Tiltaket er vurdert til å ikkje vere av eit slikt omfang og av slik karakter at det er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2.

Det vil bli utarbeidd ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som del av planarbeidet. Ut frå dei registreringane som ligg føre i tilgjengelege databaser kan vi førebels ikkje sjå potensiale for vesentlege konsekvensar i høve ROS.

- Side 5 av 6

**Innspel/merknader til varsel om oppstart:**

Innspel/merknader til planarbeidet skal vere skriftlege og sendast til:

**AG Plan og Arkitektur AS (helst på E-post):**

firmapost@agplan.no

**Frist: 27.11.2012**

eller

Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta

E-post og ev skriv skal vere merka: Reguleringsendring for Sjøsida Eigedom, Herøy kommune

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til:

Helge Kvalsik i Sjøsida Eigedom AS, tlf. 91 36 93 58, eller AG Plan og Arkitektur AS v/ Kåre Gjengedal.

**Vidare saksgong:**

Planforslaget

Siktemålet er å ferdigstille framlegg til plan i første kvartal 2013. Framlegg til plan vil då bli lagt fram for formannskapet i Herøy kommune med sikte på vedtak om offentleg ettersyn av planframlegget. Innspel/merknadar som er komne inn som følgje av denne oppstartsmeldinga/annonsen, vil bli gjort greie for. Planforslaget vert deretter lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Interesserte får då nyt høve til å kome med innspel/merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Vennleg helsing

Kåre Gjengedal  
Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar, RIF

Vedlegg:


- Annonse

Som uprenta vedlegg følgjer (sjå heimesidene til AG Plan og Arkitektur AS [www.agplan.no](http://www.agplan.no) og Herøy kommune [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)):

- Spørsmål om oppstart til kommunen, dat. 31.8.2012
- Vedtak og saksutgreiing i formannskapet, F-sak 92/12 (4.9.2012)

Kopi:

- Sjøsida Eigedom AS, v/ Helge Kvalsik, Igesundvegen 20, 6090 Fosnavåg



Lokalisering av planområdet

# AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør • Arkitektbedriftene • Rådgivande ingeniørers foreining RIF

Ørsta 15/10 2012

## Vestlandsnytt

Vi ber om at vedlagde annonse vert teken inn i avisa Dykker ein gong over 2 spalter TYSDAG 16.10.2012. Annonseteksta er teksta mellom dei stipla linene.

Annonsen skal trykkast i svart/kvitt inkl. kartutsnitt. **Kartutsnitt skal tilpassast ca 1 ½ spaltebreidde.**

## OPPSTART AV PLANARBEID


I samsvar med § 12-1, 12-8 og 12-14 i Plan- og bygningslova vert det med dette kunngjort at følgjande privat reguleringsarbeid vert sett i gong:

### **DETALJPLAN (PBL § 12-3), REGULERINGSENDRING FOR SJØSIDA EIGEDOM, HERØY KOMMUNE, VARSEL OM IGANGSETTING AV PRIVAT PLANARBEID, JF. PBL § 12-8**

Målet med reguleringsendringa er primært å leggje til rette for etablering av fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 nr. 22. Aktuelle bruksføremål er m.a. leileigheter, kontor og andre sentrumsfunksjonar. Elles vil promenaden langs sjøen bli vurdert i samråd med kommunen. Del av området er tidlegare regulert, jf. reguleringsplanen «Sunnfisk Eigedom».

Tilknyting til off. veg blir som i gjeldande reguleringsplan. Vidare vil vegen frå Tollåsbakken og opp på taket til bygget vere med.

Planområdet gjeld eigedomar vist på kartutsnittet nedanfor. Arealet omfattar om lag 7,9 daa.



Tiltaket er vurdert til å vere av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2.

**AG Plan og Arkitektur AS  
Webjørn Svendsen gate 12**

**6150 ØRSTA**

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

[www.agplan.no](http://www.agplan.no)  
[firmapost@agplan.no](mailto:firmapost@agplan.no)

Sentral Godkjenning: 2002011841  
Org.nr: 884 182 042 MVA

- Side 2 av 2

Tiltakshavar er Sjøsida Eigedom AS. Arbeidet vert utført av AG Plan og Arkitektur AS.

Grunneigarar, off. mynde og organisasjonar vert varsla i eige skriv. Varslingsdokumenta er tilgjengelege på nettsidene [www.agplan.no](http://www.agplan.no) og [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no).

Innspel til reguleringsarbeidet skal vere skriftlege og sendast til

## **AG Plan og Arkitektur AS**

Adresse: [firmapost@agplan.no](mailto:firmapost@agplan.no) eller Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA innan **27.11.2012**. E-post  
(ev skriv) skal vere merka: REGULERINGSENDRING FOR SJØSIDA EIGEDOM, HERØY KOMMUNE.

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA. Tlf 700 61 600

---

Vi minner om at annonsen skal trykkast i svart/kvitt, inkl. kartutsnitt. Der er òg viktig at teksta AG Plan og Arkitektur AS er uthøva med tjukk skrift, og brukar heile spaltebreidda.

Vedlagt følgjer også kartutsnittet i jpg format.

Vi ber til slutt om at faktura for annonsen vert sendt direkte til tiltakshavar:

**Sjøsida Eigedom AS**  
v/ Helge Kvalsvik  
Igesundvegen 20  
6090 Fosnavåg

Med vennleg helsing

Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar

# Rammeavtale

mellan

**Herøy Byggsenter Eigedom AS/ Herøy Byggsenter AS**

og

**Moen Eiendom AS**

## 1: EIGEDOMEN

**Gårdsnummer: Utskilt andel/ seksjon av 34**

**Bruksnummer: 22**

**Kommune Herøy**

**Postnummer/ sted: 6099 FOSNAVÅG**

Moen Eiendom AS kjøper ferskfiskseksjon i tidligere Sunnfisk Eiendom AS. Heile seksjonen er med i handelen unntatt fellesareal ved inngang. Dette området er på ca. 125m<sup>2</sup>.

“Innhuk nord vest” vert eigm av H.B.Eigedom AS, men Moen Eiendom AS gis rett til å nytta dette området til parkering, inntil H.B. Eigedom AS skal nytta det til andre formål. Dersom det då er ledige parkeringsplasser i “bunkersen”, som H.B.Eigedom eig, men ikkje nyttar, skal Moen Eiendom AS kunne nytte desse.

Parkeringsområde i “innhuk nord aust” ved framtidig varemottak, og langside mot Vågspllassen, unntatt ved hovedinngang, vert eigm og disponeres av Moen Eigedom AS.

H.B.Eigedom AS skal ha rett til å bygge over “innhuk nord aust” i etg. skille( høgd ca. 4,2m), dersom dei ynskjer det.

H.B.Eigedom AS fjerner beddet, opparbeider og asfaltrer, eventuell steinlegg parkeringpllassen mot Vågspllassen, derom det vert eit krav frå kommunen.

H.B.Eigedom AS koster bygging av kaidel på ca 20m mot Esso. Denne vert eigm av Moen Eiendom AS, men H.B.Eigedom AS skal ha bruksrett.

Moen Eiendom AS har òg same bruksrett som H.B.Eigedom AS til kai mot Esso.

Alt av retter og eigedomsgrenser vert i fylgje teikning over eigedomen, og dette skal fylgje avtala.

Dersom H.B.Eigedom AS skulle velgja å trekkja seg frå avtala med Sunnfisk Eigedom AS, skal Moen Eiendom AS gis muligkeit til å overta gjeldende avtale.

Del av Avtale med Moen  
Fjell Rederipark

## § 7 SÆRLIGE BESTEMMELSER

Det gjøres herved avtale om følgende forhold:

- a) Herøy Byggsenter Eigedom AS, monterer leca- vegg mellom resterende del av seksjon nr.5 (bunkersen) og utskilt del av seksjon 5, mot inngangsparti, som synt på planteikning.
- b) Herøy Byggsenter Eigedom AS, beholder retten til utbygging over den tidligare filehallen og over inngangsparti til Meny.
- c) Røropplegg for vann og avløp, som i dag er avslutta i butikken, skal kunne vidareførast gjennom hulldekke til framtidig 2. etg., når denne utbygginga kjem.
- d) Selger står fritt til å rive "Bunkersen", og bygga den opp att som parkeringhus i 2 etg., der tilkomsten til første plan kjem der det er saga hol, og tilkomst til andre plan ved oppkjørsel til kontorfløya. Ombygginga må nøye planlegges for gjennomføring på kortast mulig tid.
- e) Selger gis rett til ankomst til bunkersen ved hovedinngang til "Meny", slik det er tatt hull for. Selger gis og rett til tilkomst til 2. etg over "Meny" gjennom oppgang til høgre for butikkinngang.
- f) Heis og trapp fra parkeringshuset må kunne monteres ved noverande hovedinngang til kontorfløya.
- g) Kjøper tar over og står for alt ansvar og opparbeiding/ bygging av kai som var med i opprinnelig utbyggingsavtale.
- h) Kjøper vert gjort kjend med utbyggingsplanane til Herøy Byggsenter Eigedom AS.
- i) Selger flytter noverande vanninntak, og fjerner stålkonstruksjonen det er montert på. Vanntilførselen får hovedinntaket i "bunkersen".
- j) Kloakkledning fra kontorfløya vert montert inn til søyle.
- k) Moen Eiendom AS, skal ha tilgang til trappeoppgang til teknisk rom.
- l) Vegg mot "sluse", flyttes maksimalt for å gi størst mogeleg butikk.
- m) Av oppgjør i følge §2, kan kr 400.000,- tilbakehaldast til lokalet er ferdig "råbygg".
- n) Ved underskrift av denne avtalen, er kontraktsarbeidet vedr. utbygging mellom Herøy Byggsenter AS og Moen Eiendom AS sluttført og avslutta.

Sunnfisk Eiendom AS

Seksjonering

Målestokk 1:500 - Dato 3/6-05

1:500

Sporstøl Arkitekter AS

34/22

34/517

35/2

34/22

SEKSJON NR. 6 b  
UTEOMRÅDE  
Areal 1252 m<sup>2</sup>

34/521

34/494

34/49

323

34/171

324

34/323

34/170

325

34/43

34/148

326

34/750

34/46

34/453

327

34/530

34/46

34/531

328

34/529

34/476

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

34/476

34/473

34/473

329

Herøy kommune har svara Kystlaget i e-post av 13.11.2012. Basert på tidlegare praksis, kan ikkje Kystlaget pårekne at kommunen vil dekkje kostnadene ved utarbeiding av detaljreguleringsplan for museumsområdet.

Gerd Røren Leine, Johanne Røren og Olav Emdal, datert 10.11.2012

<sup>1</sup> Eigarane uttrykkjer inndeiligvis misnøye i høve til kommunen si skildring av bygninga på gnr. 33, bnr. 62. Dei ønskjer å få lagt fram dei andre alternativa som har vore vurderte med tilhøyrande grunngjeving. Grunneigarane informerer om at bygninga på gnr. 33, bnr. 62 ikkje er eit naust, men eit sjøhus med 2-roms leilighet og hybel, som det budde folk i fram til 1970. Leine, Røren og Emdal informerer vidare om at dei til no, gjennom eigeninnsats, har halde bygninga i hevd. Dei maktar ikkje å vedlikehalde bygget på same måte framover. Dei er avhengig av at sjøhuset gir dei den inntekt dei treng til drift og vedlikehald.

<sup>2</sup> Grunneigarane gir klart uttrykk for at dei meiner vern av området vil føre til stagnasjon og dei protesterer mot at arealet berre skal vere naustareal.

Eigarane meiner reguleringsplanforslaget tek frå dei ráderetten over eigedommen og reduserer verdien til eit minimum. Dei stiller spørsmål ved kven som skal bere kostnadene med å halde sjøhusa i stand. Dei stiller også spørsmål ved om Herøy kommune vil innløyse sjøhuset til takst, for å ta vare på det.

<sup>3</sup> Grunneigarane viser til skriv av 30. oktober 2005, der Herøy kommune vart gjort merksam på statusen som andre etasje alltid har hatt i sjøhuset. Dei viser også til skriv av 21. juni 2006, der heimelshavar til gnr. 33, bnr. 62, søkjer om å endre kommuneplanen sin arealdel frå naust/sjøbuer til rorbu-/bustadområde. Eigarane stiller spørsmål ved kvifor desse søknadene ikkje har fått noko svar.

<sup>4</sup> Grunneigarane viser til innspel i samband med oppstart av planarbeidet (datert 5.2.2012), der dei informerte om at det er tinglyst vegrett mellom partane for Goksøy sin eigedom, Frantsen sin eigedom og eigedommen deira. Leine, Røren og Emdal godtek ikkje vegløysinga som er vist i reguleringsplanforslaget.

#### Kommentar/vurdering:

<sup>1</sup> Det ligg to SEFRAK-registrerte bygningar på Notaneset (Benn-buda og Frimanns Lundbua). Området med sjøhusa på Notaneset er teke ut av planforslaget (unnateke rettsverknad). Dette er gjort i påvente av nærmere avklaring.

<sup>2</sup> I samband med oppstart av planarbeidet og undervegs i arbeidet med planen, har kommunen klart gitt utrykk for at ein ønskjer å ta vare på sjøhusa på Notaneset. Området vart med bakgrunn i dette lagt ut til naustområde med formål om å ta vare på bygningane. I samband med offentleg ettersyn, reiste Møre og Romsdal fylkeskommune, motsegn mot reguleringsplanforslaget. Kulturavdelinga krevde at alle nausta på Notaneset skal takast vare på. Dette for å ta vare på eit større heilskapleg miljø.

Kommunen har, etter dialog med kulturavdelinga, kome fram til at området på Notaneset vert teke ut av planen – unnateke rettsverknad.

<sup>3</sup> Brevet, datert 30.10.2005, som er signert av Olav Emdal, vart registrert på rådhuset 1.11.2005. I brevet informerte Emdal om at 2. etasje i sjøhuset vart nytta til bustad fram til 1970 og at bustaden innehold kjøkken, stove, to soverom og toalett. Emdal sökte konkret om bruksendring frå sjøhus til rorbu i brevet.

I følgje kommunen sitt arkiv, svara Herøy kommune på brevet frå Emdal 15.11.2005. Kommunen viste i brevet til kommuneplanen sin arealdel (frå 2004), der eigedommen er avsett til sjøhus/naust, som skal nyttast til fiskeriretta næringsverksemد. Kommunen peika også på at det var sett i gong arbeid med tettstadianalyse for Fosnavåg sentrum og at ein gjennom tettstadianlysen kan opne for endringar av kommuneplanen og utnytting av områder. Kommunen rådde tiltakshavar til å avvante søknad om bruksendring til prosessen med tettstadianlysen var utarbeidd og endelege konklusjonar fastsett.

Fellessekretariatet har gått grundig gjennom kommunen sitt arkiv. Ein kan ikkje sjå å ha motteke brevet med søknad om omregulering av gnr.33, bnr. 8, 14 og 62. Kommunen har såleis ikkje gjeve noko svar på brevet.

<sup>4</sup> I reguleringsplanforslaget er det lagt til rette for busstopp med fortau for påstigning på Notaneset. Siktemålet er tilrettelegging for lokalt bussrutenett og ev. turbussar i området (jf. område utlagt til museum). Busslomma er dimensjonert for buss. Busstoppet med inn- og utkøyring er plassert på gunstigaste punkt i forhold til vegen som fører til Vågsholmen, jf. vegen sitt lengdeprofil.

Frå busstoppet går det veg ned til sjøhusa (o\_V4). Med bakgrunn i ovannemnde, er løysinga som er vist i planforslaget ei hensiktsmessig løysing.

#### Fosnavåg Marina AS, datert 12.11.2012

Fosnavåg Marina AS informerer innleiingsvis om at dei har drive med lagring og service av fritids- og fiskebåtar i lokal til tidlegare Voldnes Skipsverft sidan 2009.

Fosnavåg Marina AS nyttar den tidlegare beddingen til skipsverftet til slipping av båtar. Selskapet leiger lokale av Sævik Invest AS. Fosnavåg Marina føreset at området NF3 vert regulert til slipp og serviceverksemd til fiske- og fritidsflåten, slik at dei for ettertida kan la tilbodet deira utvikle seg som ein naturleg del av Fosnavåg fiskerihamn si verksemd og servicetilbod.

#### Kommentar/vurdering:

Arealet ved tidlegare Voldnes Skipsverft er i reguleringsplanforslaget lagt ut til næringsformål, NF3. Innanfor området kan det etablerast industribygg. Aktiviteten innanfor området skal vere knytt til næringsretta fiskeriverksemd.

#### Bergens Sjøfartsmuseum, datert 15.11.2012

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Fosnavåg hamn som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har ingen merknader til reguleringa.

Bergens Sjøfartsmuseum minner om at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

#### Kommentar/vurdering:

Teke til vitande.

#### Ragnvald Vågsholm m.fl, datert 15.11.2012

Grunneigarane oppmodar om at det vert gjennomført ei synfaring på Notaneset i samband med offentleg ettersyn.

#### Kommentar/vurdering:

Kommunen sende svar til Ragnvald Vågsholm pr e-post 16.11.2012. Sitat frå eposten:  
*«Herøy kommune finn ikkje grunn til å gjennomføre synfaring før høyningsfristen er ute. Etter at fristen er gått ut, vil sakshandsamar gå gjennom alle innspel/merknader. Ein vil i samband med dette arbeidet vurdere om det er aktuelt med synfaringar innanfor planområdet».*

Kommunen har vurdert om det er behov for synfaring. Ein har konkludert med at det ikkje er trond for det, ettersom ein kjenner området godt.

#### Gudbjørg Nørvåg Dale (33/11) og Solveig Thonstad, datert 19.11.2012

<sup>1</sup> Nørvåg og Dale godtek ikkje at eigedommen deira i så stor grad vert omgjort til grøntområde og trafikkareal. Grunneigarane gir uttrykk for at dei forstår at det er behov for breiare køyreveg og gang- og sykkelveg i området. Samstundes synes eigarane at det er urimeleg at vegarealet frå Fosnavåg Notbøteri AS og utover mot Vågholmen skal verte ein god del breiare enn resten av vegen (frå Notbøteriet til Pit-krysset).

<sup>2</sup> Vidare godtek ikkje Dale og Thonstad at buss-snuplassen/rundkjøringa blir lagt på området ved Vågholmvegen. Grunneigarane meiner det øydelegg tomtearealet og verdien av det. Dale og Thonstad kjem med framlegg om at buss-snuplassen vert lagt

nord for Kystmuseet. Dersom ein i framtida tenkjer seg ordinær busstrafikk i området, må ein snuplass plasserast på Vågsholmen.

3 Dale og Thonstad syns det er ekstremt urettferdig at delar av eigedommen deira er lagt ut til friområde i reguleringsplanforslaget. Grunneigarane gir uttrykk for at dei har hatt mange henvendelsar frå personar som ønskjer å kjøpe den attraktive tomta, og at dei har vore avventande til å selje. Dale og Thonstad meiner at tomta ikkje er eigna til friområde/leikeplass. Gnr. 33, bnr. 11 krev at det i reguleringsplanen vert sett av areal til ei tomt, som er stor nok til ein einebustad.

Kommentar/vurdering:

<sup>1</sup> Frå Notbøteriet og til veg, o\_V3, er avsett vegareal breiare enn lenger inne i vågen. På denne strekninga er det lagt til rette for breiddeutviding og rekkverk. Breiddeutvidinga varierer, medan utvidinga for rekkverk i hovudsak er 1,0 meter. Det er nødvendig med rekkverk på strekninga på grunn av stor høgdeskilnad mellom veg og tilgrensande areal.

Det er også lagt til rette for rekkverk i fortau, o\_F1, frå gnr. 33, bnr. 21 mot Vågsholmen.

<sup>2</sup> For kommentar/vurdering knytt til flytting av busslomme, vert det vist til planprosess – alternativ lokalisering av busslomme innleiingsvis i saksframlegget.

<sup>3</sup> For kommentar/vurdering knytt til bustadtomt på Notaneset, vert det vist til planprosess – alternativ lokalisering av busslomme innleiingsvis i saksframlegget.

Kjell Runar Myklebust, datert 20.11.2012 (gnr.34, bnr. 186 og 439)

Myklebust meiner heile området som i reguleringsplanforslaget er lagt ut til park, bør regulerast til næring. Eventuelt må parkområdet begrensast til å gjelde berre for gnr. 34, bnr. 454.

Det vert vist til at Myklebust har oppført ei sjøbu på bnr. 186 og at han driv verksemd derifrå. Myklebust meiner planforslaget bandlegg området, noko som medfører at det ikkje kan nyttast til fiskebruk/maritime aktivitetar.

Myklebust informerer avslutningsvis om at han har opparbeidd parkeringsplass på bnr. 439. Dersom parkeringsplassen må fjernast, meiner Myklebust at kommunen må erstatte plassen, enten i form av eit erstatningsbeløp eller ved at det vert opparbeidd ny parkeringsplass for han på bnr. 186.

Kommentar/vurdering:

I gjeldande plan for området, reguleringsplan for Fosnavåg hamn/vestre del av hamneområdet (RP 43, planid 200602), er det lagt inn eit mindre parkområde på delar av bnr. 439 og 454. Dette vart gjort med bakgrunn i at ein ønskte å leggje til rette for oppholdssone/grøn korridor i området, med moglegheit for eit gangsamband mellom vegnivå og framtidig kainivå.

Kommunen vil vidareføre dette formålet i reguleringsplan for Fosnavåg hamn. Etter kommunen si vurdering kan Myklebust halde fram med sin aktivitet på bnr. 186.

Det er i planforslaget lagt til rette for fortau på baksida av naustet på bnr. 439. Grunneigar kan krevje areal innløyst innan 3 år etter godkjenning av planen, jf.

kapittel 15 i plan- og bygningslova.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 21.11.2012 og 30.11.2012

Fylkesmannen viser innleiingsvis til at retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442) er oppdatert og at reguleringsføresegnene (§ 14) må endrast slik at den er i samsvar med gjeldande retningslinje (T-1442/2012).

Fylkesmannen viser til NVE sine retningsliner for flaum- og skredfare i arealplanar og krev at det må gjerast ei nærmere vurdering av den reelle skredfaren i området.

Fylkesmannen slår fast at inntil den reelle skredfaren er avklart og området er dokumentert som tilstrekkeleg trygt for skred, har han **motsegn** mot reguleringsplanforslaget.

Herøy kommune oppmoda fylkesmannen om å trekke motsegna mot reguleringsplanen i e-post av 27.11.2012. Fylkesmannen trekte motsegna mot reguleringsplanforslaget 30.11.2012.

Fylkesmannen meiner kommunen må gjere ei ny vurdering av om det kan finnast areal eigna for nærlikeplass innanfor FS2. Dersom friområda på Notaneset skal fungere som områdene likeplass, må det stillast rekkjefølgjekrav til opparbeiding.

Kommentar/vurdering:

§ 14 i reguleringsføresegnene må endrast, slik at dei er i samsvar med gjeldande støyretningsretningslinje. Fylkesmannen trekte motsegna 30.11.2012, etter oppmoding frå kommunen.

Når det gjeld problemstillinga knytt til anna eigna areal til nærlikeplass, vert det vist til kommentar til brev frå fylkesmannen datert 29.5.2013 lenger framme i saksframleggget.

Konklusjon/endring av planforslaget:

§ 14 i reguleringsføresegnene må endrast, slik at dei er i samsvar med gjeldande støyretningsretningslinje.

Eiksund Eiendom AS, datert 21.11.2012

Eiksund Eiendom AS ønskjer at eigedommen deira vert lagt ut til bustad/forretningsføremål med lik utnyttingsgrad som for Mohammarbygget og det nye hotellet. Dei viser til tidlegare reguleringsplanarbeid i området. Eiksund Eiendom AS gir uttrykk for at dei har hatt dialog med fleire investorar med interesse for næring/kontorlokaler. Eigar meiner at ein ved full utnytting av tomta, vil kunne tilføre Fosnavåg hamn fiskeriretta næringsaktivitetar både i form av kai, kailokale og fleire etasjer med næring/kontor-lokale/bustader.

Kommentar/vurdering:

Gnr. 34, bnr. 454 er i planforslaget lagt ut til park (o\_park).

For nærmere kommentar/vurdering, vert til vist til kommentar til merknad frå Kjell Rune Myklebust ovanfor.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL), datert 22.11.2012.

SSL viser til innspelet deira i samband med varsel om oppstart av reguleringsplanarbeidet. I innspelet informerte landbruksjefen om at det er ein del sitkagran i lia bak eksisterande bebyggelse. Landbruksjefen ba om at det i planen vart lagt til rette for framtidig uttak av skog.

Kommentar/vurdering:

Innspelet frå landbrukskontoret vart vurdert og kommentert i samband med utarbeiding av reguleringsplanforslaget. I reguleringsplanforslaget er det vist avkjørsle for eventuell framtidig skogs bilveg. Vegen er teken med så langt at den fungerer som snuplass (o\_V2). Eventuell planlegging og bygging av skogs bilveg er omfatta av anna lovverk, og er difor ikkje teke med i reguleringsplanforslaget.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 22.11.2012 og 3.12.2012

Møre og Romsdal fylkeskommune ved kulturavdelinga, reiste motsegn mot Reguleringsplanforslaget i samband med offentleg ettersyn.

Kulturavdelinga krevde at dei to eldre sjøhusa innanfor N1, må markerast som bygg som skal takast vare på. Bevaringsområde H570-3 må utvidast til å omfatte heile N1 opp til sundet mot Urholmen.




Dei to ytste sjøhus på Notaneset



Dei to inste sjøhusa på Notaneset

Vidare krevde kulturavdelinga at alle dei eldre bygningane innanfor NF5 og NF 6, må markerast som bygg som skal takast vare på.



Eksisterande sjøhus innanfor NF5 og NF6

I reguleringsføresegne knytt til N1 og NF5 og NF6, må det gå klart fram at bygg som skal takast vare på, ikkje kan rivast og at nye bygg kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Eventuelle nybygg innanfor omsynssonene må tilpassast. Dette gjeld også for området avsett til institusjon – museum.

#### Kommentar/vurdering:

For kommentar/vurdering knytt til dei eldre sjøhusa på Notaneset, vert det vist til planprosess – omgjering av vern av bygningar på Notaneset innleiingsvis i saksframlegget.

#### NF5 og NF6

I gjeldande reguleringsplan (RP43. Fosnavåg hamn/vestre del av hamneområdet) er sjøhusa lagt ut til spesialområde – bevaringsverdig bygningsmiljø med fiskebruk/maritimt rette aktivitetar. I planframlegget som ligg føre, er området delt i to (NF5 og NF6) av ein gangveg, og lagt ut til næringsformål med omsynssone med særlige angitte omsyn – bevaring av kulturmiljø. Eksisterande naust inngår i planen. Bygningane skal takast vare på, så langt det let seg gjere. Kulturavdelinga krev at alle dei eldre bygningane innanfor NF5 og NF6, må markerast som bygg som skal takast vare på. Dei krev også at det må gjerast endringar/tilføyinger i føresegne.

#### Konklusjon/endring:

- Området med sjøhusa på Notaneset vert teke ut av planen (markert som kvitt område). Tilhøyrande føresegner vert også teke ut.
- Omriss for bygg som skal takast vare på, skal teiknast inn på sjøhusa innanfor NF5 og NF6. Det må også gjerast tilføyinger i reguleringsføresegne, som ivaretak sjøhusa.

#### Vestbas AS, registrert 22.11.2012

Vestbas AS informerer innleiingsvis om at dei eig Vestbasbuda på Notaneset (33/99) og er medeigar i Fosnavåg Notbøteri AS.

Vestbas AS uttrykkjer stor misnøye med at det i reguleringsplanforslaget er lagt inn klare avgrensingar i høve til framtidig bruk av eigedommen deira. Dei ønskjer å rive sjøbuda og setje opp ei ny og mindre og meir hensiktsmessig sjøbud, til lagring og vedlikehald av reiskapar. Dei ser føre seg eit bygg med ei viss høgde, som mogleggjer bruk av truck. Dei ønskjer å leggje til rette for hems med rom t.d. rederikontor.

Grunneigar meiner det vil vere svært uheldig om det ikkje vert gjeve løyve til å rive bygninga. Ei eventuell restaurering av sjøbuda, vil verte kostbart. Vestbas AS meiner ei restaurering vil gi ei lite tenleg sjøbud.

Eigar av gnr.33, bnr. 99 meiner det ikkje bør ligge båtar langs nausta ved innseglinga til Fosnavåg. Sundet er trøngt, noko som til tider fører til at båtar som ligg til kai ved innseglinga må flyttast når store frysebåtar skal laste på indre hamn. Vestbas AS meiner difor at innseglinga ikkje bør regulerast til fiskerihamn.

#### Kommentar/vurdering:

Når det gjeld sjøhuset på gnr. 33, bnr. 99, vert det vist til planprosess – omgjering av vern av bygningar på Notaneset innleiingsvis i saksframlegget.

Innseglinga til Fosnavåg hamn er i reguleringsplanforslaget lagt ut til formålet hamneområde i sjø (o\_HA). Hamneområdet skal haldast ope for fri ferdsel i hamna og i kringliggjande sjøområde. Alle tiltak innanfor området skal skje etter løyve frå Kystverket.

Sindre Thorseth, på vegne av Martin Feie, datert 22.11.2012

Thorseth meiner kommunen må bere kostnadene ved ei nærmere geologisk undersøking av området som i planforslaget er vist som omsynssone – ras- og skredfare. Han meiner det er urimeleg at kostnadene vert overleverte til grunneigarane innanfor området.

Kommentar/vurdering:

Det vert vist til kommentar/vurdering av merknad frå NVE ovanfor.

Goksør Eiendom AS, datert 22.11.2012

Goksør Eiendom AS meiner gnr.33, bnr. 8 bør få status som bustad/turistområde. Dei meiner at gnr.33, bnr.1, som dei har gjort kjøpsavtale med grunneigar om, også bør leggjast ut til bustad/turistområde. Denne eigedommen ser dei i samanheng med gnr.33, bnr.4, som dei står som eigar av. Goksør Eiendom AS er sterkt i mot reguleringsplanforslaget, der gnr. 33, bnr. 1, er lagt ut til friområde. Eigedomsselskapet støttar opp om reguleringsplanforslaget si tilrettelegging av småbåthamn.

Kommentar/vurdering:

Gnr. 33, bnr. 8, er i reguleringsplanforslaget lagt ut til næring/tenesteyting (N/T). Innanfor området er det lagt til rette for bygg for næring/tenesteyting, med tenesteyting i 1. etasje og næring i 2.etasje. Maksimum gesims- og mønehøgde er sett til 11 meter i høve til cote 0. Maksimum BYA er sett til 50%. Mot sjøen skal det byggiast mur/glidekant. Før utbygging innanfor området, skal det utarbeidast detaljreguleringsplan.

Gnr. 33, bnr. 8, har ei attraktiv beliggenhet og kommunen meiner med bakgrunn i dette at området bør leggjast ut til næring/tenesteyting.

Gnr. 33, bnr.1 og bnr. 4 (med eksisterande eldre bustadhus) er i reguleringsplanforslaget lagt ut til bustadområde – frittliggjande småhusbebyggelse. Når det gjeld kommentar/vurdering av gnr. 33, bnr.1 til friområde, vert det vist til kommentar/vurdering til merknad frå Dale og Thonstad ovanfor. På sørsida av FS3 er det lagt ut eit område på 1 daa til friområde o\_FRI2. Langs sjøen er det lagt ut areal til promenade. Sjøarealet i tilknyting til promenaden er lagt ut til småbåthamn. Kommunen ser det som viktig at det vert lagt til rette for friområde på Notaneset. Området vil kunne fungere som ei lite «grøn lunge», innanfor eit elles tett utnytta område. Området skal tene alle i nærmiljøet. Eigar kan krevje arealet innløyst, innan 3 år etter at reguleringsplanen er godkjend, jf. plan- og bygningslova.

Herøy Fiskarlag, datert 23.11.2012

Fiskarlaget gir uttrykk for at dei er tilfredse med at landområda er lagt ut til industriføremål i reguleringsplanforslaget. Fiskarlaget tykkjer det er viktig at det vert lagt til rette for allereie etablert og ev. framtidige etableringar i området. I den samanheng er Fiskarlaget skeptiske til vern av bygningsmiljø med fiskebruk/maritimt

retta aktivitet. Fiskarlaget meiner det er viktig å ta vare på gammal kystkultur, men at det ofte ikkje er i samsvar med moderne drift.

Kommentar/vurdering:

Ingen kommentar.

**Fosnavåg Notbøteri AS, datert 23.11.2012**

Fosnavåg Notbøteri AS informerer innleiingsvis om at dei er ei av to bedrifter som i dag har vesentleg anløp av større og mindre fiskefartøy og at det er avgjerande for deira verksemد at Fosnavåg hamn har status som fiskerihamn. Det er viktig at hamna vert utdjupa. Fosnavåg Notbøteri AS gir uttrykk for at dei meiner det er uheldig å leggje til rette for småbåthamn inne i hamna. Dei uttrykkjer vidare skepsis i høve til planforslaget når det gjeld vern av sjøhusbebyggelse.

Dei meiner ein må tillate renovering/fornying av bygningane, slik at eigedommane får ein viss bruksverdi.

Kommentar/vurdering:

Ingen kommentar.

**Kystverket, datert 28.2.2013**

Kystverket beklagar innleiingsvis at dei av kapasitetsmessige årsaker ikkje har hatt høve til å uttale seg tidlegare i saka. Merknaden frå Kystverket er omfattande (5 sider). Kystverket kjem med innspel til mindre endringar/justeringar knytt til reguleringsføresegnene.

Kommentar/vurdering:

Frist for å kome med merknad til reguleringsplanforslaget var sett til 23.11.2013.

Kystverket sin merknad er datert 28.2.2013, over 3 månader etter at fristen gjekk ut. Reguleringsplanforslaget vart handsama etter offentleg ettersyn i formannskapet 19.2.2013.

Kommunen stiller seg noko undrande til at Kystverket ikkje kom med innspel til planarbeidet ved oppstart av planarbeidet og at merknad til planforslaget vert utsendt 3 månader etter at fristen gjekk ut.

Etter kommunen si vurdering, er forslaga til mindre endringar/justeringar av reguleringsplanforslaget mindre vesentlege. Kommunen vel difor å halde fast på reguleringsplanforslaget som vart lagt fram for formannskapet 19.2.2013 (med unntak for området på Notaneset).

**Vurdering og konklusjon:**

Naturmangfaldlova §§ 8-12:

Etter naturmangfaldlova, § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde og vurdering av vektlegging skal gå fram av vedtaket.

Reguleringsplanforslaget er etter kommunen si vurdering ikkje i strid med naturmangfaldslova.

Barn og unge:

Målet med arbeidet har vore å utarbeide ein områdeplan for å avklare framtidig bruk av hamna, samt for å ivareta omsynet til at hamna også i framtida skal fungere og utvikle seg som fiskerihamn. Eksisterande bustader ligg relativt tett og det er lite rom for fortetting.

Ein har planarbeidet ikkje funne eigna lokalitet for opparbeiding av leikeområde i tilknyting til eksisterande bebyggelse. Det vert vist til at det er lagt til rette for to friområde på Notaneset, som kan nyttast til leik.

#### Trafikktryggleik:

Det er svært positivt at det vert lagt til rette for fortau langs vegen ut til Vågsholmen og at det er lagt til rette for snuplass for buss med buslomme og fortau for påstigning. Det gir ein vesentleg meir oversiktleg trafikksituasjon i området.

#### Miljø:

Kystverket har stilt krav om at det må ligge føre godkjend reguleringsplan, som grunnlag for utdjuping av Fosnavåg hamn. Det er gjort funn av forureina sjøgrunn i hamna. Det er potensiale for forureina grunn på land også. Ei utdjuping av hamna med tilhøyrande «opprydding» i forureina massar, vil på sikt gi store miljømessige gevinstar.

#### Konklusjon:

Områdereguleringsplan for Fosnavåg er ein stor plan som femner om ca. 213 daa. Bakgrunnen for planen er at Kystverket krev at det må ligge føre godkjent reguleringsplan før utdjuping av hamna. Føremålet med planen har vore å avklare framtidig bruk av hamna, samt å ivareta omsynet til at hamna også i framtida skal fungere og utvikle seg som fiskerihamn.

I samband med offentleg ettersyn, kom det inn ei rekke merknader til planforslaget. NVE og fylkesmannen reiste motsegn mot planforslaget, med bakgrunn i manglande skredfarevurdering. Motsegnene vart seinare trekte, etter oppmading med grunngjeving frå kommunen.

Møre og Romsdal fylkeskommune ved kulturavdelinga, reiste også motsegn mot reguleringsplanen, med bakgrunn i manglande vern av bygningar/bygningsmiljø. Kommunen har, etter dialog med kulturavdelinga konkludert med at ein tek området på Notaneset ut av områdereguleringsplanen (unnateke rettsverknad). Motsegnna frå kulturavdelinga er såleis også borte. Rådmannen rår til at området på Notaneset verte teke ut av reguleringsplanen.

Det kom også inn merknader frå private/grunneigarar innanfor området. Ein har gått grundig gjennom merknadene og kommentert/vurdert dei. I samband med vurdering av merknadene har ein hatt sterkt fokus på formålet med planarbeidet.


Rådmannen meiner planforslaget med endringar, som no ligg føre, legg til rett for ei framtidsretta løysing for Fosnavåg hamn, i henhold til føremålet med planarbeidet. Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner, i medhald av PBL § 12-12, forslag til områdeplan for Fosnavåg hamn med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist revidert 5.6.2013.

FOSNAVÅG, 06.06.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



# **REGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN**

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningstidspunkt:	Eigengodkjend av:
	XXX	xx.xx.2012	Herøy kommunestyre

## **§§ 1-3 GENERELT**

### **§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnehene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

### **§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR**

Føresegnehene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

### **§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR**

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

### **§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL**

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

#### Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader – frittliggjande småhus, FS
- Institusjon – museum, I
- Energianlegg – transformatorstasjon, E
- Andre kommunaltekniske anlegg – pumpestasjon, P
- Småbåtanlegg i sjø, SA
- Nærings, NF
- Nærings/tenesteyting, N/T
- Anna kombinert område, Kontor/Parkeringsplassar, K/P

#### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg, V
- Fortau, F
- Gangveg, G
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Hamn, H
- Kai, K
- Parkeringsplassar på grunnen, PP

#### Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

- Turveg, TV
- Friområde, FRI
- Park, P

#### Landbruks-, natur- og friluftsområde (PBL § 12-5, nr. 5)

- Friluftsføremål, F

#### Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, nr. 6)

- Ferdsel, FE

- Hamneområde i sjø, HA
- Småbåthamn, SH
- Friluftsområde i sjø, FO
- Anna kombinert område, Kai/Promenade, KPR

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

Støysone (PBL. § 11-8 a.2, jf. § 12-6)

- Gul sone i hht. T-1442 (H220)

Faresone (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

- Ras- og skredfare (H310)
- Flaumfare (H320)
- Høgspenningsanlegg (H370)

Infrastruktursone (PBL § 11-8 b, jf. § 12-6)

- Rekkjefølgjekrav infrastruktur (H430)

Sone med særlege omsyn (PBL § 11-8 c, jf. § 12-6)

- Bevaring av kulturmiljø (H570)

## **§ 5 - FELLESFØRESEGNER**

- a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene. BYA gjev tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.
- b. Alle inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terrenget og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.
- c. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

Alle uteareal til bruk for ålmenta (gater, fortau, gangvegar, parkar, torg mv) skal gjevast universell utforming så langt terrenget tillet det. Ved søknader om løyve til tiltak skal det dokumenterast (for alle relevante prosjekt) korleis universell utforming er planlagt ivaretake.

- d. Det skal liggje føre godkjent detaljreguleringsplan for følgjande område før det vert gitt løyve til gjennomføring av tiltak:

I – Institusjon, museum  
N/T – næring/tenesteyting  
NF1 til NF4- næringsformål

Detaljreguleringsplan skal fremjast som tillegg til områdereguleringsplan.

Detaljreguleringsplanen skal vise:

- Plassering av bebyggelse, herunder målsett ved inngangsparti.
- Bebyggelsen si høgde og ev. møneretning.
- Tilkomst til området og parkeringsløysing.

- e. Før det vert sett i verk tiltak som rører ved forureina botnsediment må tiltaksplan vere

godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

- f. Tiltakshavar pliktar å gi melding til Bergens Museum dersom det i samband med mudring eller utfylling i sjøområda vert påvist skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan komme i konflikt med tiltaket, må arbeid stoppast med det same. Arbeidet kan ikkje takast opp at før museet har granska og eventuelt frigjeve området.
- g. Nye bygg og tilbygg skal sikrast mot radon i henhold til gjeldande forskrift TEK, § 8, 33.
- h. Ved søknad om tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 skal det, for områda utan plankrav, gjerast greie for aktuelle forhold som viser at intensjonen bak reguleringsplanen blir oppfylt.

I tillegg til ovannemnde skal søknader innehalde følgjande dokumentasjon:

- Illustrasjonsplan
- Planteikningar
- Utomhusplan
- Perspektivteikningar
- 3D-illustrasjoner
- Landskapssnitt som viser høgder

- i. Ved søknad om tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 må det dokumenterast at det ligg føre ein godkjent VA-rammeplan for vassforsyning-/overvatn og spillvatn system, samt uttak for brannsløkking. VA-rammeplan skal godkjennast av kommunen i samband med byggjesøknad.
- j. Det er ikkje tillate å setje opp lys langs innseglingslinja til Fosnavåg hamn, som kan vere til hinder eller fare for ferdsla i sundet. Eksisterande navigasjonslys skal vere godt synlege.

Ved lyssetjing av areal ved og i tilknyting til hamna, skal det takast kontakt med Kystverket, for godkjenning.

## § 6 – AREALBRUK

- a. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
- b. Byggjehøgder  
Gesims- og mønehøgder vert målt ut frå gjennomsnittleg terrenget etter TEK § 3-8.

## § 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

### 1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemedding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvere med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast refleksjonerende materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrense er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på

tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal.

## **2. Bebyggelse:**

### **a. Frittliggjande småhus (FS1-FS3)**

I område merka "FS" skal bygningar ikkje ha større gesimshøgd enn 6,5 m og mønehøgd ikkje over 8,5 m. I område merka "FS" skal carportar/garasjar ikkje byggjast større enn 1.etasje. Storleik og utforming skal fastsetjast av kommunen. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m.

Maksimum tillaten BYA for FS-områda er fastsett til 30 %. I grunnlaget for utrekning av BYA skal parkeringsareal takast med. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr.3 og 4 i PBL.

### **b. Institusjon (I)**

I område merka «I» kan det etablerast kystmuseum. Eksisterande bygg (slipp) innanfor området er registrert i SEFRAK-registeret. Det er lagt inn omsynssone – bevaring av kulturmiljø- på sluppen.

Sluppen skal så langt det let seg gjere, takast vare på, som eit historieforteljande element. Det er ikkje tillate å byggje på sluppen. Ny «slipp» kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Ved eventuell oppføring av ny «slipp», skal eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil leggjast til grunn. Gesims- og mønehøgde skal då vere tilsvarende som på eksisterande bygg.

Det kan førast opp nye bygg innanfor området. Eventuelle nye bygg skal ikkje ha større gesimshøgd enn 11 meter og mønehøgd ikkje over 13 meter.

Maksimum tillaten BYA for I-området er fastsett til 50 %. Ferdig golv på eventuelle nye bygg skal ikkje plasserast lågare enn kote 2,7, jf. elles TEK10 § 7-2. I område der ein må tilpasse deg høgdenivået på eksisterande bygg, uteområde og infrastruktur, kan høgdenivået leggjast lågare etter ei konkret risiko- og sårbarheitsvurdering.

Konstruksjonar skal her førast opp i materiale som toler å bli utsett for framtidig havnivåstigning / stormflo. Kote 2,4 vert tilrådd som retningsgjevande høgde i slike tilhøve.

Før utbygging innanfor området, skal det utarbeidast detaljplan.

### **c. Energianlegg (E)**

Omfattar eksisterande transformatorkioskar innanfor planområdet (3 stk.). Transformatorkioskane skal ha fri tilkomst til veg.

### **d. Andre kommunaltekniske anlegg – pumpestasjon (P)**

I område merka «P» skal det etablerast pumpestasjon. For område P er formålsgrunne lik byggjegrønse. Området er offentleg.

### **e. Småbåtanlegg i sjø (SA1)**

I område SA1 er det lagt ut flytebryggjer. SA1 er i privat eige. Det må hentast inn løyve frå Kystverket og kommunen før flytekaier vert lagt ut.

#### **f. Næring (NF1-NF6)**

Område merka «NF1», skal nyttast til landbasert foredling/produksjon av fisk- og fiskeprodukt. Herunder inngår også fiskevegn, notbøteri, lager og fryseriverksemd med tilhøyrande kaier. Eksisterande bygg innanfor området inngår i reguleringsplanen. I område NF1 kan det tillatast bygg med gesims-/mønehøgd inntil 12 meter i høve til kote 0. Maksimum tillate bebygd areal for NF1 er sett til 50 %.

I område NF2 og NF3 kan det etablerast industribygg. Aktiviteten innanfor områda skal vere knytt til næringsretta fiskeriverksemd. I område NF2 og NF3 kan det tillatast bygg med gesims-/mønehøg inntil 15 meter i høve til kote 0. Maksimum tillaten BYA for NF2 og NF3 er fasett til 50 %.

Område NF4 kan nyttast til næringsretta fiskeriverksemd i form av produksjonsbedrifter til foredling/produksjon av fisk og fiskeprodukt. Herunder lager/fryseriverksemd med tilhøyrande anlegg og kaier. I område NF4 kan det tillatast bygg med gesims-/mønehøgd inntil 12 meter i høve til kote 0. Maksimum tillate bebygd areal for NF4 er sett til 70 % .

Område NF5 og NF6 er lagt ut til næringsformål, med omsynssone med særlige angitte omsyn – bevaring av kulturmiljø. Eksisterande naust inngår i planområdet. Bygningane skal takast vare på. Det kan oppførast nye bygg innanfor områda. Ved eventuell oppføring av nye naust, skal eksisterande arkitektonisk uttrykk/stil leggjast til grunn. Gesims- og mønehøgde skal då vere tilsvarande som på eksisterande bygg. Maksimum tillate bebygd areal for områda er sett til 40 %.

Innanfor NF1-NF6 skal ferdig golv på eventuelle nye bygg skal ikkje plasserast lågare enn kote 2,7. I område der ein må tilpasse deg høgdenivået på eksisterande bygg, uteområde og infrastruktur, kan høgdenivået leggjast lågare etter ei konkret risiko- og sårbarheitsvurdering.

Bygningar og konstruksjonar skal her førast opp i materiale som toler å bli utsett for framtidig havnivåstigning / stormflo. Kote 2,4 vert tilrådd som retningsgjevande høgde i slike tilhøve. Ved søknad og før løyve til tiltak kan gjevest, skal søknaden leggjast fram for kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune for uttale.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eigen grunn for område NF1-NF4. Det kan etablerast internvegsystem innanfor formåla. Ubebygde delar av område for næringsformål skal haldast ryddige og reine.

Før bygging innanfor områda NF1-NF4, skal det utarbeidast detaljplan.

#### **g. Næring/tenesteyting (N/T)**

I område N/T er det lagt til rette for bygg for næring/tenesteyting. Maksimum tillaten gesims-/mønehøgde er 11 meter i høve til cote 0. Maksimum tillate bebygd areal er sett til 50 %. Det kan etablerast tenesteyting i 1. etasje og næring i 2.etasje.

Ved val av takform skal bygningar førast opp med flatt tak. Det skal leggast vekt på å gje nye bygningar innanfor formålet eit moderne formspråk med god estetisk kvalitet. Det skal leggast vekt på tilplanting og opparbeiding av uteareal. Fyllingar og skjeringar skal behandlast og tilplantast med stadeigen vegetasjon. Det skal førast opp mur / glidekant mot området o\_FE2. Utforming og dimensjon for konstruksjonen skal avklarast med Kystverket og kommunen.

Prinsippa om universell utforming skal gjelde for uteareal, parkering og utforming av bygg.

Det skal vere ope for ålmenn ferdsel langs sjøen.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eigen grunn. Det kan etablerast internvegsystem innanfor formålet. Før bygging innanfor områda N/T, skal det utarbeidast detaljplan.

**h. Kontor/parkering (K/P)**

Eksisterande bygg med parkering i 1. etasje og kontor i 2.etasje, inngår i reguleringsplanen som kontor/parkering. Det er ikkje tillate å utvide kontor eller parkeringsdelen av bygget.

**§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL**

- a. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- b. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- c. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.
- d. Som minste oppholdsareal ute (MUA) skal det på privat bustadareal opparbeidast min. 20 m<sup>2</sup> areal eigna til leik pr. bueining. Areal mot veg skal vere inngjerda. Arealet skal gå fram av situasjonsplan.

**§ 9–SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)**

- a. Vegar, fortau og annan veggrunn

I trafikkområde kan det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, fortau, skjeringar og fyllingar (skråningar).

O\_V1, o\_V2, o\_V3, o\_V4 og o\_V5 er offentlege vinar.

Vegane er dimensjonert for 50 km/t (jf. siktkrav). I vegareal kan det også leggjast VA-leidningar, el-, fiber- og telekablar. I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. Kap 16.

F er offentlege fortau.

G er offentleg gangveg. Det skal utarbeidast situasjonsplan og vegprofilar i målestokk M:100. Plan for opparbeiding skal godkjennast av kommunen.

Rekkverk skal nyttast i samsvar med statens vegvesen si handbok 231 – Rekkverk.

- b. Hamn (på land), (H)

H er offentleg fiskerihamn. Innanfor området er kan det leggjast til rette for fiskeriretta og anna maritim retta verksemd. Maksimal tillaten gesims- og mønehøgd skal haldast innanfor ramma av plan- og bygningslova. Løyve til tiltak skal skje etter «Lov om havner og farvann» (Hamnelova). Det må innhentast løyve frå Kystverket før iverksetting av tiltak innanfor formålet.

Hamneområdet skal haldast fritt for utrangert utstyr, søppel og fiskeavfall.

Før eventuell utbygging innanfor området, skal det utarbeidast detaljplan.

c. Kai (KAI1-KAI2)

K1 er offentleg kai. Kaien skal ha ei breidde på minimum 5 meter for tilkomst for uthykkingskøyretøy. Det skal vere sikra tilkomst over bakanforliggjande hamneområde på land i samband med bruk/utnytting av fiskerikaiområdet.

K2 er offentleg kai. Det skal vere ope for ålmenn ferdsel innanfor området.

Det er tillate med avgrensa biltrafikk i tilknyting til småbåthamna. Det skal leggjast vekt på å gje området ei estetisk og funksjonell utforming. Prinsippa om universell utforming skal gjevast særskilt merksemd.

Det kan leggjast til rette for benkar og mindre innretningar knytt til kaien

Det skal utarbeidast situasjonsplan i målestokk 1:500. Situasjonsplanen skal vise materialval, stigningsforhold, møblering og belysning.

d. Parkeringsplassar (PP1-PP3)

Parkeringsplassar (PP1 og PP2) er offentlege parkeringsplassar. Parkeringsplassane skal vere tilgjengeleg for ålmenn bruk og besøkjande i området. Innanfor området skal det vere plassar tilpassa og tilrettelagt for funksjonshemma. Minimum 5 % av kvart parkeringsareal PP1 og PP2 skal tilretteleggast for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved utforming av parkeringsplassane skal det generelt sett leggjast vekt på prinsippa om universell utforming.

PP3 er privat parkering for pumpestasjon P.

e. Anna kombinert område – promenade, PR.

## § 10 – GRØNTSTRUKTUR (PBL. § 12-5, NR. 3)

a. Turveg, TV

T omfattar offentleg turveg (til Heid) med tilhøyrande korridor. Innanfor formålet kan det leggjast til rette for trapper/klopper og grusa sti, - i den grad det er mogleg, for å auke tilgjenge for flest mogeleg grupper.

b. Friområde, FRI1-FRI2

FRI-FRI2 er offentlege friområde. Det kan oppførast mindre installasjonar for leik og opphold. Kommunen krev at det skal utarbeidast situasjonsplan ved opparbeiding av områda. Det skal leggast vekt på universell utforming ved møblering og tiltak innanfor desse arealet.

c. Park

P er offentleg park – grøntområde for opphold. Her skal det leggjast til rette for opphaldssoner med enkel møblering i form av benkar, lys og andre mindre innretningar. Innanfor området vert det tillate med etablering av gangsamband/sti mot Gerhard Voldnes veg. Det skal leggjast vekt på universell utforming så langt det let seg gjere for møblering og opparbeiding av arealet.

## § 11 – LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (PBL. § 12-5, nr. 5)

Friluftsformål, F (land):

Innanfor områda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. I samråd med kommunen kan det

etablerast turstiar i området med maks breidde 1,5 meter, samt område for leik og fritidsaktivitetar.

## **§ 12 – BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL. § 12-5, nr. 6)**

Ferdsel (FE1-FE2)

Innanfor områda er det ikkje tillate med aktivitet som kan vere til hinder for området sin bruk som ferdselsområde. Alle tiltak innanfor området skal skje i samråd med Kystverket og lokalt hamnemynde.

Hamneområde i sjø (HA)

Område merka "HA" gjeld hamneområde i sjø. Hamneområdet i sjø skal haldast ope for fri ferdsel i hamna og ikringliggjande sjøområde, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avgrensingar som måtte gjelde for bruken.

Alle tiltak innanfor området skal skje etter løyve frå Kystverket. Det må søkjast om løyve etter hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova. Det må ligge føre løyve frå Kystverket for all utfylling i sjø.

Småbåthamn (SH)

Området merka «SH» gjeld småbåthamn. I området kan det etablerast privat småbåthamn med tilhøyrande funksjonar. Det skal utarbeidast situasjonsplan for hamna. Planen skal godkjennast av Kystverket og kommunen.

Friluftsområde i sjø (FO)

Innanfor området er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. Det kan tillatast utfylling i sjø, som følgje av nødvendig vegfylling med tilhøyrande sikring. Det er tillate med sjørealterte aktivitetar som bading, roing, segling/brettsegling, alminneleg ferdsel og fiske.

Anna kombinert område – kai/promenade (KPR)

Det skal leggjast vekt på å gje kai/promenade ei estetisk og funksjonell utforming. Prinsippa om universell utforming skal gjevast særskilt merksemd, slik at området kan nyttast av alle samfunnsgrupper.

Det skal utarbeidast situasjonsplan/utomhusplan for promenaden i målestokk 1:500. Situasjonsplanen skal vise materialval, stigningsforhold, møblering og belysning. Det vert stilt krav om perspektivteikningar, som viser utforming av kaifasade mot hamnebassenget. Plan for opparbeiding skal godkjennast av kommunen.

## **§ 13 – SIKRINGSZONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)**

Frisiksone (H140):

Frisiksone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisksone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. Det kan ikkje plantast vegetasjon som kan hindre sikta i friskszonene.

## **§ 14 – STØYSONE (PBL. § 11-8 a.2, jf. § 12-6)**

Støysone (H220):

Gul støysone samsvar med T-1442/2012:

Gul støysone for støy frå vegtrafikk og skip ved kai er vist som omsynssone, kode H220, på tilhøyrande temakart (V1).

Føresegne nedanfor gjeld all ny bebyggelse og ny- eller re etablering av industri innanfor planen:

1. Alle bygningar, anlegg og tiltak innanför planområdet, inklusive anleggsarbete, ska tillfredsstilla stöykrav i plan och bygningslaga och rötningslinjer för behandling av stöy i arealplanlegginga, T-1442/2012, samt teknisk forskrift TEK 10 / NS 8175 klass C (2008).
2. Lydnivå från tekniska installationer som tillhörer byggherre i planområdet ska för berörda bostäder också utanför planområdet tillfredsstilla kraven som gäller för stöy från tekniska installationer i NS 8175 tabell 6. Detta gäller också i bygge- och anleggsfasen.
3. För bygge- och anleggsfasen gäller följande gränser:

Grenseverdiar for gul sone, etter T-1442/2012:

GUL SONE			
Stöykilde	Utendørs støynivå	Utendørs støynivå, lørdagr og søndager/helligdager	Utendørs støynivå i nattpérioden kl. 23 – 07
Vei	$L_{den}$ 55 dB		$L_{AF}$ 70 dB
Øvrig industri	Uten impulslyd: $L_{den}$ 55 dB $L_{evening}$ 50 dB  Med impulslyd: $L_{den}$ 50 dB $L_{evening}$ 45 dB	Uten impulslyd: Lørdag: $L_{den}$ 50 dB Søndag: $L_{den}$ 45 dB  Med impulslyd: Lørdag: $L_{den}$ 45 dB Søndag: $L_{den}$ 40 dB	$L_{night}$ 45 dB  $L_{AFmax}$ 60 dB
Havner og terminaler	Uten impulslyd: $L_{den}$ 55 dB  Med impulslyd: $L_{den}$ 50 dB		$L_{night}$ 45 dB  $L_{AFmax}$ 60 dB

Stöygrensene utandørs for dag og kveld vert skjerpa når anleggsperioden si lengd overskrid 6 veker i hht. Tabell 6 i T-1442 (2012). Krav til innandørs lydnivå vert ikkje endra. Byggherren er ansvarleg for at dei enkelte entreprenørene følgjer opp krava. Generelt skal T-1442 (2012) leggast til grunn for alle bygge og anleggsarbeid.

## § 15 – FARESONE (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

Ras- og skredfare (H310):

Område omfatta av fare for skade ved skred er merka med omsynssone på plankartet, kode H310, på tilhøyrande temakart (V2). Innanför omsynssonen som i plankartet er vist som Faresone – Ras- og skredfare, ska det ikkje førast opp nye bygg utan at det er gjennomført ei nærmare vurdering av om arealet kan opnast for utbygging, basert på dokumentasjon frå person eller føretak med relevant geologisk kompetanse. I område som er regulert til utbygging, gjeld ikkje dokumentasjonskravet gitt at risikotilhøva er kartlagde som del av detaljregulerings-planprosessen.

#### **Flaumfare (H320):**

Område utsett for stormflo er merka med omsynssone på plankartet, kode H320, på tilhøyrande temakart (V3). Dette gjeld areal som ligg under kote 2,79. På temakartet er vist grense etter kote 3 NGO.

Ferdig golv på nye bygg skal ikkje plasserast lågare enn kote 2,7. I område der ein må tilpasse seg høgdenivået på eksisterande bygg, uteområde og infrastruktur, kan høgdenivået leggjast lågare etter ei konkret risiko- og sårbarhetsvurdering. Konstruksjonar må her førast opp i materiale som toler å bli utsett for framtidig havnivåstigning/stormflo. Kote 2,4 vert tilrådd som retningsgjevande høgde i slike tilfelle.

Naust og mindre bygningar kan også plasserast lågare etter ei konkret vurdering av potensialet for påkjenning frå hav/sjø, terrengtilhøva og bygde omgjevnader.

Ved oppføring av bygg og anlegg som ligg i fareområde for stormflo, skal naudsynte byggje- og anleggstekniske tiltak hindre vasskader på bygning og uteareal i hht. sikringskrav fastsett i TEK § 7-2 og § 7-3 leggjast til grunn.

#### **Høgspenningsanlegg – transformatorkiosk (H370)**

Med omsyn til eventuell stråling frå høgspent i transformatorkiosk, er det i planen vist omsynssone, med breidd 5,0 meter frå føremålsgrense.

Transformatorkioskane skal ha fri tilkomst til veg.

#### **§ 16 – INFRASTRUKTURSONE (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)**

Rekkjefølgjekrav infrastruktur (H430):

Omsynssone H430 er vist på plankartet i hht. § 19 a nedanfor.

#### **§ 17 – OMSYNSSONE (PBL. § 11-8 c, jf. § 12-6)**

Bevaring av kulturmiljø (H570)

H570\_1 – H570\_3 er regulert til område for bevaring av kulturmiljø.

#### **§ 18 – KRAV OM NÆRMARE UNDERSØKINGAR (PBL. § 12-7 nr. 12)**

- a. Før vidare utbygging innan områda FS1, FS2, I og NF1-NF6 skal det utførast nødvendige faglege feltundersøkingar som grunnlag for detaljering av tilstrekkelege sikringstiltak i hht. krava i TEK10, jf. § 7-4. Sikkerheit mot skred.
- b. Det skal gjennomførast radonmåling i området i samband med utarbeiding av detaljplanar.

#### **§ 19 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)**

- a. Det er forureina sjøbotn innanfor planområdet. Alle tiltak som omfattar bygge- og anleggsverksemrd innanfor forureina område, skal ha tillatelse frå forureiningsmynde (Fylkesmannen i Møre og Romsdal).
- b. Før det vert gjort tiltak i grunnen (på land) skal forureiningstilstanden avklarast.
- c. o\_PP2 og o\_V2 skal opparbeidast og ferdigstilla i samband med realisering av o\_V1 og o\_F1 og o\_F4.
- d. Før det kan gjevest løyve til tiltak etter PBL innanfor området I (museum), skal areal merka o\_V3, o\_F3 og «Busslomme» vere opparbeidd og ferdigstilt slik det er vist på plankartet.

- e. Før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor område N/T (nærings, tenesteyting) skal arealet merka o\_V4, o\_F2 og o\_PP1 vere opparbeidd og ferdigstilt slik det er vist på plankartet.
- f. Før det kan leggjast ut nye flytebrygger innanfor området SH (småbåthamn) skal arealet merka o\_PR1 (promenade) vere opparbeidd og ferdigstilt slik den er vist på plankartet.
- g. Ved vidare utbygging/fortetting innanfor FS-områda, som er omfatta av omsynssone knytt til støy, skal nødvendige skjermingstiltak gjennomførast for å sikre tilfredsstillande uteophphaldsareal. Minste uteophphaldsareal (MUA), med tilhøyrande skjermingstiltak skal vere ferdigstilt samtidig med bygning.

## **§ 20 – OMRÅDE UNNATEKE RETTSVERKNAD (PBL. § 11-16 og § 12-13)**

Området på Notaneset som ikkje er fargelagd er teke ut av planen og har ikkje rettsverknad. Kulturavdelinga har reist motsegn til området med bakgrunn i ønskje om vern. Motsegna vert å avklare på eit seinare tidspunkt.

### **VEDLEGG TIL FØRESEGNENE – JURIDISK BINDANDE:**

- V1. Temakart - Omsynssone H220: Støysoner
- V2. Temakart- Omsynssone H310: Ras- og skredfare
- V3. Temakart - Omsynssone H320: Flaumfare
- V4. Temakart - Omsynssone H430: Rekkjefølgjekrav infrastruktur
- V5. Temakart - Omsynssone H570\_1 – H570\_3: Bevaring av kulturmiljø

Herøy kommune, xx/xx/2012

---

ordførar

---

rådmann

---

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 29. juli 2013 07:59  
**Til:** Arkiv  
**Kopi:** Jarl Martin Møller  
**Emne:** FW: Klage på vedtak i Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn.

Helsing

**HERØY KOMMUNE**

Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

**Fra:** Ragnvald Vågsholm [mailto:ragnvald.vaagsholm@tussa.com]  
**Sendt:** 28. juli 2013 17:57  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Klage på vedtak i Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn.

Ragnvald L. Vågsholm  
Nørvågvegen 62  
6090 Fosnavåg  
Mobil tlf 90975067

Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Fosnavåg.

Fosnavåg, 28 juli 2013.

**KLAGE PÅ VEDTAK I OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN.**

Vil med dette klage på vedtaket om at området gnr.33 bnr 98 er lagt ut til friområde/grøntområde.

Denne eigedomen som eg eig, er naboeigedom til nr 33 bnr 97 der privathuset mitt står.

Eg har i heile planprosessen gjort krav på at gnr 33 bnr 98 skal brukast til boligområde.  
Det er god plass til eit hus med ein etasje i vestenden på tomta og med påbygg til to etasjer i austelege del av tomta.

Huset er tenkt plassert på kote 4 meter. Det gjer at det blir god plass nedanfor huset til friområde og til gangveg utover i Hornsetstranda.

Vil be om at representanter frå Utviklingsavdelinga kjem hit på synfaring og vurderer området i praksis.

Området ligg innanfor den nye bydelen i Fosnavåg, og det er mangel på bustadstomter her.  
Tomta på gnr 33 bnr 98 er ei unik sjøtomt som skal overtakast av yngste son Trym Vågsholm, som skal etablere seg her i Herøy.

Viser også til vedtaket på at nabo Gudbjørg Dale m/fl fekk godkjent ei bustadtomt på haugen på Notaneset og med fri-/grøntområde rundt.

Med helsing

Ragnvald L. Vågsholm.

**Gudbjørg Nørvåg Dale(eigar av 33/11)**  
**Nørvågvegen 52,**  
**6090 Fosnavåg.**

**Solveig Thonstad(eigar av 33/11)**  
**Søbstadvegen 27,**  
**7080 Heimdal.**

	HERØY KOMMUNE RÄDMANNEN
Reg nr.	2012/33
Saksbeh. 88	
22 AUG. 2013	
Ark kode P	612
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 101
Kassasjon	

Fosnavåg 22.august 2013.

## Anke på framlegg til reguleringsplan for Fosnavåg hamn.

Viser til vedlagt kartskisse.

Som eigarar av 33/11 kan vi ikkje godta den siste framlagde planen for utnytting av arealet slik kommunen ønskjer. Dette gjeld i særleg grad plasseringa av bustadområde.

Vi har også merknadar til grøntareal og trafikkområde.

Viser dessutan til tidlegare anke sendt 19.november 2012 .(Vedlegg)

**Tomteareal.** Vi har 3 barn som alle ønskjer nok areal til å sette seg opp bustadar på Notaneset. Område til to av dei er på plass mellom Nørvågvegen og Ragnvald Vågsholm sitt hus.

I anka sendt 19. november sette vi fram eit sterkt ønskje om å få nok areal på andre seda av Nørvågvegen (haugen) til å sikre bustadtomt til det siste av barna våre. Arealet var utlagt som grøntområde, noko vi heller ikkje heilt kunne forstå føremålet med. (Sjå vedlegg)

Etter handsaming i formannskap og kommunestyre, fekk vi vite munnleg at det i den nye planen var avsett nok areal til ei bustadtomt, slik vi hadde ønskt. Gleda var stor, men vi fekk nærmast hakeslepp då vi fekk sjå plankartet og såg kva område som var tildelt.

Vi tenkte då at enten er dette utslag av byråkratisk tverking eller så har ikkje sakshandsamar vore på synfaring i imrådet. Vi vel å tru at det er det siste. Vi har bedt om synfaring fleire gonger tidlegare. Då vil ein lett kunne sjå kva vi snakkar om.(Bilete)

«Der ingen kan tru  
at nokon vil bu»




**Bustadtomta vi har fått disponere ligg rett bak Kystlaget sin opptrekkshall utan utsikt til anna enn ein stor gul vegg og ein innkjørsel veg. Området ligg i ei svøkt, har lite sol og inga havutsikt. Med andre ord ligg tomta der ingen kan tru at nokon vil bu. (Bilete) Sjølv sagt må bustadtomta ligge på haugen, slik vi tidlegare har markert på kartskissa i den første anka vår. Alle som har sett foten sin på dette området forstår det.**

**Vi ønskjer framleis at tomtearealet vert plassert på haugen. (Vedlagt kart.) og at det heller vert grøntområde bak «slippen» Det er ei flytting det er snakk om og det vert etter dette like stort grøntareal.**

Då vil vi få den mest solrike tomta i Nørvågen, flott og lys og med fri utsikt mot Breisundet, Runde og Holmefjorden. Her kan ein sjå sola gå i hav sommarstida.

**Vi har hatt fleire førespurnadar om å få kjøpe tomt på «haugen». Men den fine utsiktstomta ønskjer vi til eitt av barna våre. (Bilde)**

**Tomta på haugen er ikkje så stor, difor ber vi om at utnyttingsgraden vert sett til maks 40 %. Det er tidlegare gitt løyve til det same på Vågsholmen i same bydel.**



Ei av dei beste utsiktstomtene på Notaneset.

**Trafikkområde/snuplass.** Vi skjønar godt at det i samband med utbygginga som er planlagt på Vågsholmen og Urholmen trengst betre vegar, men stiller oss svært undrande til behovet for ein buss-snuplass på Notaneset. Vi vil på det sterkeste hevde at han er unødvendig og feilplassert.

Skulle det ein gong i framtida verte oppsett rutebuss/bybuss til den nye bydelen, så må sjølv sagt snuplassen/endestasjonen vere på Vågsholmen. Ein har enno tid til å sette av eigna snuplassareal der.

Stor turisttrafikk til «Slippen» trur vi evt. ligg langt fram i tid. Skulle det likevel bli plassert ein snuplass på Notaneset, ber vi om at han vert trekt så langt mot vest som mogeleg.

**Grøntarealet.** Som nemnt vert ikkje grøntarealet noko mindre etter tomteflytting.

Fjøra mot Holmefjorden er eit flott område. Vi innser at fjøresona er eit godt og interessant rekreasjonsområde spesielt for krabbeleitande barn .

Ei utfylling her vil øydeleggje dette unike gruntvassområdet.

Dermed har vi bidratt med verdifullt areal som i stor grad vil auke kvaliteten på

grøntområdet.

**Vinn vinn eller tap for alle.** Ved å flytte tomta opp på «haugen slik vi ønskjer er det ein vinn vinn situasjon for oss og kommunen vil få like stort grøntareal.

Vi meiner at det vil vere redeleg alt no å seie frå at dersom vi føler at det ikkje vert vist snev av velvilje frå kommunalt hald, kan det heller ikkje forventast at vi viser godsida vår når det i framtida skal avsettast grunn til diverse føremål frå vår eigedom. Vi kan kome til å nytte oss av alle rettar til å anke og ein kan risikere langvarige ekspropriasjonssaker.

Vi ser gjerne at sakshandsamar set av tid til ei synfaring/ møte der vi kan få diskutere ting og der vi grundigare kan svare på evt. spørsmål i samband med dei framsette krava våre.

Gudbjørg kan møte på kort varsel.

Helsing

Solveig Thonstad

for Solveig T.



Vedlegg: Kartskisse. Tidlegare anke.

Gudbjørg Nørvåg Dale



Herøy Kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Utv.

HERØY KOMMUNE  
RÅDMANNEN

Reg.nr	2012/33	Saksbeh.	BSS
26 AUG. 2013			
Ark kode P			
Ark kode S	K12		
J.nr	Dok.nr 102		
Kassasjon			

24. august 2013

### Klage på reguleringsplanen for Fosnavåg hamn.

Ang gnr. 33 bnr.62.

Vi viser til tidlegare skriv i samband med denne saka.

Slik saka har utvikla seg, krev vi utløsing av sjøhus og omkringliggende areal nedanfor innteikna tilkomstveg.

Jmf. vedlagte takst tatt i samband med at vi hadde kjøpar av denne delen av eigedommen.  
Kjøparen trakk seg då han vart gjort kjend med fredingsplanane.

Med helsing  
Eigarane av gnr.33 bnr.62

Gerd Røren Leine  
Gerd Røren Leine

Olav Emdal  
Olav Emdal

Vedlegg:  
Takst frå Notar.

Ragnvald L Vågsholm

Nørvågvegen 63  
6090 FOSNAVÅG

Saksnr  
2012/33

Arkiv  
L12

Dykker ref

Avd /sakshandsamar  
UTV / BSS

Dato  
12.09.2013

### **GNR. 33, BNR. 97 OG 98. OPPSUMMERING ETTER MØTE**

Herøy kommune viser til møte på utviklingsleiar Jarl Martin Møller sitt kontor 3.9.2013. Bakgrunn for møtet var at kommunen har motteke klage på områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn.

Ragnvald Vågsholm informerte innleiingsvis om hans planar for gnr. 33, bnr. 98. Vågsholm ønskjer at det vert lagt til rette for framtidig oppføring av eit bustadbygg på gnr. 33, bnr. 97/98.

Berit Sandvik Skeide sa litt om bakgrunn for planarbeidet og litt om planprosessen som har vore gjennomført, frå oppstart av planarbeidet i slutten av november 2011 til godkjenning av planen juni 2013. Kommunen har hatt fokus på å tilfredsstille Kystverket sitt krav om at det må ligge føre godkjend reguleringsplan for Fosnavåg hamn, før ei eventuell utdjuping.

Basert på samtalar, diskusjon i møte og Vågsholm sine ynskjemål om å legge til rette for ein ny bustad til sonen sin på gnr. 33, bnr. 97,98 vil det vere naudsynt å foreta ei mindre justering av formålsgrensene mellom byggeområde og friområde innanfor reguleringsplanen. Ei auke i utnyttingsgrada må og vurderast i samband med ei ev. sak om justering av formålsgrenser.

Etter kommunen si vurdering kan ei mindre endring av formålsgrensene forsvarast dersom ikkje tiltaket til sidesett dei hovudformål som planen skal ivareta.

Med bakgrunn i ovannemnde, ber Herøy kommune grunneigar vurdere om det er grunnlag for å trekke klagen mot områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn.



Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar

Berit Sandvik Skeide  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.*

# Lisbeth Moltu Espeseth

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 24. september 2013 09:15  
**Til:** Arkiv  
**Kopi:** Jarl Martin Møller  
**Emne:** FW: Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn.

(E)

Helsing

HERØY KOMMUNE  
Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr	2012/33
Saksbehandlet	BSS
24 SEPT. 2013	
Ark kode P	L12
Ark kode S	
J.nr.	Dok.nr. 105
Kassasjon	

**Fra:** Ragnvald Vågsholm [mailto:[ragnvald.vaagsholm@tussa.com](mailto:ragnvald.vaagsholm@tussa.com)]  
**Sendt:** 23. september 2013 23:13  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn.

Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga. Fosnavåg, 23.09.2013.

Ref saksnr. 2012/33

Sak Gnr. 33 Bnr 97 og 98. TILBAKETREKKING AV KLAGE.

Viser til brev frå Herøy kommune/ Utviklingsavdelinga av 12.09.2013, med referat frå møtet eg hadde med avdelingsleiar Jarl Martin Møller  
og planleggar Berit Sandvik Skeide om saka.

Vil med dette stadfeste at eg, Ragnvald L. Vågsholm, utifrå dei vurderinger og konklusjoner som framgår av ovanfornemnde brev, trekkjer klagen på Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn.

Med helsing

Ragnvald L. Vågsholm.

*Utv.*

2. oktober 2013

Herøy Kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

		HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN
Reg.nr.	2012/33	Saksbeh. BSS
- 4 OKT. 2013		
Ark.kode P	L12	
Ark.kode S		
J.nr.	Dok.nr.	107
Kassasjon		


Angåande klage på Reguleringsplanen for Fosnavåg hamn.

Gnr. 33 bnr. 62 i Herøy trekkjer klaga som gjeld punktet om erstatning av sjøhuset «Klampenborg» med omkringliggende areal og som ligg nedanfor innteikna veg.

Denne delen er trekt ut av reguleringsplanen og vedkjem ikkje denne saka på det noverande tidspunkt.

Med helsing

*Olav Emdal*      *Gerd Røren Reine*  
Olav Emdal      Gerd Røren



# HERØY KOMMUNE

## Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2012/267
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
194/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### DETALJREGULERINGSPLAN FOR KVALSUND - SLUTTHANDSAMING

#### Tilråding:

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, forslag til detaljreguleringsplan for Kvalsund, sist revidert 16.9.2013 med tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 2.10.2013.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering.

#### Særutskrift:

Rambøll AS, Storgata 25, 6002 Ålesund  
Karstein Sund, 6098 Nerlandsøy  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postmottak@fmmr.no  
Møre og Romsdal fylkeskommune, post@mrfylke.no

#### Vedlegg, prenta:

1. Reguleringsplankart, sist revidert 16.9.2013
  2. Reguleringsføresegner, sist revidert 2.10.2013.
  3. Planskildring, sist revidert 2.10.2013.
- Merknader/uttalar – avgrensa høyring, oktober 2013.
4. Uttale frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 18.10.2013.
  5. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 23.10.2013.
  6. Brev til uttaleinstansane og grunneigarar, datert 3.10.2013. Avgrensa høyring.

- Merknader/uttalar – avgrensa høyring, januar/februar 2013.
7. Merknad frå Ingolf Kvalsund, datert 1.2.2013.
  8. Uttale frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 8.2.2013.
  9. Merknad frå Greta Sund og Ottar Vågsholm, datert 17.2.2013.
  10. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 21.2.2013.
  11. Uttale frå Kystverket, datert 13.5.2013.
  12. Brev til uttaleinstansane, datert 17.1.2013. Avgrensa høyring. Utviding av planområdet.
  13. E-post frå Herøy kommune til Rambøll AS, datert 2.5.2013.
- Oppsummering etter møte med fylkeskommunen 26.4.2013.

- Merknader/uttalar - offentleg ettersyn 19. juli – 31. august 2013.
14. Merknad frå Ingolf Kvalsund (IK), datert 6.8.12.
  15. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM), datert 30.8.12.
  16. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 7.9.12

#### **Vedlegg, prenta:**

1. Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL), datert 7.8.12.
2. Uttale frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 9.8.12.
3. Uttale frå Statens vegvesen (SV), datert 22.8.2013.

#### **Bakgrunn/oppsummering:**

- Oppstart planarbeid  
Rambøll AS varsla, på vegne av Karstein Sund, 30.5.2011, oppstart av privat detaljreguleringsplanarbeid for eit avgrensa område på Kvalsund.
- Offentleg ettersyn  
Formannskapet vedtok i møte 3.7.2012 at framlegg til detaljreguleringsplan for Kvalsund skulle leggjast ut til offentleg ettersyn. Planen låg ute til ettersyn i tidsrommet 19. juli – 31. august 2013. Innan fristen kom det inn 5 merknader/uttalar. FK reiste motsegn knytt til automatisk freda kulturminne, strandsonevern og manglande omtale av verknader av planen.
- Dialog/drøftingar mellom kommunen og konsulent/tiltakshavar vedrørande motsegnene frå FK (haust/vinter).
- Avgrensa høyring – utviding av planområdet (januar/februar 2013). Ingen vesentlege merknader/uttalar. FK held fast på tidlegare motsegner mot planforslaget.
- Dialog med FK vedrørande motsegner mot planen (vår/sommar).
- Avgrensa høyring – endringar/justeringar i høve til off. ettersyn.

Ingen vesentlege merknader/uttalar. Fylkeskommunen trekkjer tidlegare motsegner mot reguleringsplanforslaget.

**Saksopplysningar:**

Offentleg ettersyn, juli – august 2012

Formannskapet vedtok i møte 3.7.2012 (F-sak 232/12) at framlegg til detaljreguleringsplan for Kvalsund skulle leggjast ut til offentleg ettersyn.

Planframlegget med tilhøyrande dokument låg ute til offentleg ettersyn i tidsrommet 19. juli – 31. august 2012. Fylkeskommunen ba om forlenga uttalefrist.

Innan fristen kom det inn 4 uttalar frå offentlege instansar og 1 merknad frå private.

SSL og NVE har ikkje merknader til planframlegget.

Statens vegvesen (SV)

SV har ikkje vesentlege merknader til planforslaget.

Kommentar:

Ingen kommentar.

Fylkesmannen (FM)

FM rår til at føreseggnene gir tydelegare avgrensingar på storleik og utforming av nausta, så som grunnflate, loftsvolum og bruk av vindu. FM peikar særskilt på område N2, der det er kulturminneinteresser, som forsterkar behovet for klare føresegner, som skal liggje til grunn for kommunen si byggjesakshandsaming. FM minner om at dei i april sende ut utkast til råd om føresegner om naust i reguleringsplan. FM rår til at kommunen legg desse til grunn for føreseggnene i planen. FM viser til at faren for stormflo er kvittert ut med at innvendig golv i rorbuene vil bli liggjande over cote +2,6 moh og at dette bør takast inn i føreseggnene i planen. Tilsvarande også for nye naust.

Kommentar:

Det vert vist til den omfattande planprosessen skildra nedanfor og til fylkesmannen sitt brev (datert 18.10.13) i samband med avgrensa høyring hausten 2013. FM ikkje har merknader til planframlegget som no ligg føre.

Fylkeskommunen

FK har motsegn knytt til automatisk freda kulturminne, strandsonevern og manglande omtale av verknader av planen.

Kommentar:

Det vert vist til den omfattande planprosessen skildra nedanfor og til fylkeskommunen sitt brev (datert 23.10.2013) i samband med avgrensa høyring hausten 2013. Fylkeskommunen har trekt tidlegare reiste motsegner mot reguleringsplanforslaget. Sjå kommentar lenger nede i saksframlegget.

Ingolf Kvalsund (IK), (eigar gnr. 4, bnr. 228)

Kvalsund informerer om at delar av eigedommen hans, er lagt ut til parkering i forslag til reguleringsplan. Kvalsund ønskjer at heile 4/228 vert regulert til FT/N1 (fritids- og naustbebyggelse). Kvalsund informerer om at nothenget som var knytt til sjøhuset på nordsida er borte, og at det er lagt til rette for parkering for 4/228 på nordsida av sjøhuset.

Kommentar:

Merknaden er teke til følgje i planframlegget som no ligg føre.

Avgrensa høyring – utviding av planområdet, januar – februar 2013

I tidsrommet august 2012 – januar 2013 var det dialog mellom konsulent/tiltakshavar og fylkeskommunen, som reiste motsegn mot planforslaget i samband med offentlege ettersyn.

På gnr. 5, bnr. 65 (Oluf Teige sin eigedom, som ligg like nord for planområdet), vart det i 2011, gitt løyve til bygging av 7 naust. Fire av nausta vart oppført i 2012. I august 2012, søkte Oluf Teige (eigar av gnr. 5, bnr. 65, som ligg like nord for planområdet), om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel, med sikte på bruksendring til rorbu/fritidsbustad, samt oppføring av 3 rorbuer/fritidsbustader. Søknaden vart seinare avgrensa til å gjelde oppføring av 3 rorbuer/fritidsbustader. Området er allereie utfylt og planert. Dispensasjonssøknaden vart sendt på høyring til uttaleinstansane. I samband med høyringa, kom fylkeskommunen (FK) med negativ fråsegn til søknaden. FK viste i uttalen ma. til at omsøkte tiltak grensar til eit område som er under regulering. Fylkeskommunen meiner søkeren om dispensasjon må sjåast i samanheng med reguleringsplanarbeidet. Fylkeskommunen gav klart uttrykk for at dei vil klage på ev. positivt dispensasjonsvedtak.

Med bakgrunn i ovannemnde, tok kommunen kontakt med tiltakshavar Karstein Sund, og grunneigar av gnr. 5, bnr. 65, for å drøfte moglege løysingar.

Ein konkluderte med at ein utvidar reguleringsplanområdet til også å gjelde gnr. 5, bnr. 65.

Utvidinga av reguleringsplanområdet vart sendt på avgrensa høyring til aktuelle offentlege instansar og grunneigarar til uttale. Frist for å kome med uttale vart sett til 18.2.2013.

Ein fekk inn følgjande uttalar/merknader i samband med den avgrensa høyringa:

Ingolf Kvalsund, gir uttrykk for at tidlegare merknad til planarbeidet framleis står ved lag (brev datert 6.8.2012).

Kommentar:

Merknaden er teke til følgje i planframlegget som no ligg føre.

Greta Sund og Ottar Vågsholm, gir uttrykk for at det er ok å utvide planområdet. Dei kjem med konkrete innspel til plankartet, m.a. at rorbuene må flyttast meir mot nordaust, for å få plass til biloppstillingsplass. Vidare peikar dei på området som allereie er utfylt (frå hjørnet på kaia til hjørnet på buda), må takast med i reguleringsplanforslaget.

Kommentar:

Plankartet er endra jf. merknaden. Bua er i plankartet flytta til 4 m frå eigedomsgrensa.

Fylkesmannen (FM), meiner det bør stillast krav (jf. § 12-7 i pbl) om at fyllingar skal ha ei estetisk god utforming og avslutning mot sjøen. Gjennomføring bør sikrast ved

bruk av rekkjefølgjekrav. FM rår til at planområdet vert utvida ytterlegare nordover til også å omfatte fyllinga på gnr. 5, bnr. 14. FM meiner arealet bør regulerast som natur- og friluftsområde, med krav om revegeterering med stadeigen vegetasjon. FM minner om at det må gjennomførast ei ROS-analyse for det utvida planområdet.

Kommentar:

Det vert igjen vist til fylkesmannen sitt brev i samband med avgrensa høyring i haust, der FM gir klart uttrykk for at han ikkje har merknader til planframleggelsen slik det ligg føre. Det er i føresegnene lagt inn krav i høve til materialbruk i avslutning av kai mot sjø og fyllingskant. Plankonsulent og kommunen har drøfta utviding av planområdet, til også å gjelde fyllinga på gnr. 5, bnr. 14. Ein har konkludert med at ein ikkje finn det føremålstenleg med ytterlegare utvidingar. Det er gjennomført ROS-analyse for heile planområdet.

Fylkeskommunen (FK), har ikkje merknader til utviding av planområdet. FK gjer merksam på at tidlegare motsegner mot reguleringsplanen for Kvalsund og Kvalsund hamn, framleis står ved lag.

Kommentar:

Teke til vitande. Sjå elles kommentar lenger nede i saksframleggelsen.

Kystverket, har ikkje merknader til utviding av planområdet. Dei minner om at tiltak som kan vere av betydning for Kystverket, er søknadspliktig jf. Hamne- og farvasslova.

Kommentar:

Teke til vitande.

Dialog mellom konsulent (Rambøll AS), fylkeskommunen og kommunen

I tida frå februar til april, var det tett dialog mellom konsulent og fylkeskommunen. På grunn av ein noko fastlåst situasjon, tok kommunen initiativ til dialogmøte med fylkeskommunen. Det vart halde møte i Ålesund 26.4.2013. Ein gjekk i møtet gjennom dei mest vesentlege momenta i planen og det vart laga ei felles punktvis oppsummering frå møtet.

Med bakgrunn i møtet med fylkeskommunen, tok kommunen initiativ til eit møte med tiltakshavar Karstein Sund 30.4.2013. Sund kom med nokre konkrete innspel til planarbeidet.

Etter møtet med FK og tiltakshavar, konkluderte ein med at det må gjerast ein del endringar og tilføyinger på plankartet, i reguleringsføresegnsene og i planomtalen, før sluttføring. Herøy kommune sende e-post til konsulent (datert 2.5.2013), med oppsummering etter møte med FK og tiltakshavar.

Konsulent leverte inn endeleg forslag til endra plankart, føresegner og planomtale i slutten av september 2013, med tanke på avgrensa høyring.

Avgrensa høyring – etter endringar/justeringer, september – oktober 2013

Revidert plankart med tilhøyrande dokument vart sendt på avgrensa høyring til aktuelle instansar og grunneigarar 3.10.2013. Det vart gitt 14 dagars frist for å kome med merknad/uttale (18.10.2013). Fylkeskommunen ba om forlenga frist.

Ein fekk inn følgjande uttalar/merknader ved den avgrensa høyringa:

Fylkesmannen (FM), har ingen merknad til planforslaget.

Kommentar:

Ingen kommentar.

Fylkeskommunen (FK), konkluderer, etter ei heilskapleg vurdering med at dei kan trekke motsegnene deira til planframlegget. FK rår kommunen sterkt til å avvente avgjærder som gjeld strandsona, til dei er drøfta i ein heilskapleg samanheng i kommuneplanprosessen. Vidare rår FK til at planframlegget vert omarbeidd på ein del punkt. Dei legg særskilt vekt på å sikre offentleg tilkomst til sjøen langs heile planområdet, og ber kommunen legge strengare og meir eintydige føringar for bygningstypar og utforming i planområdet.

Kommentar:

Det har vore ført ein tett dialog mellom tiltakshavar og kulturavdelinga.

Byggjeområdet BK1 er trekt lenger vest og det er sett ei maksgrense på byggjehøgda, som ikkje reduserer utsynet mot sjøen i vesentleg grad. Det er også lagt inn omsynssone C med tilhøyrande føresegner ned til garasjeanlegget, som sikrar god merking under anleggsfasen og som hindrar inngrep i leikeplassen.

Dialogen har ført fram og motsegnar i høve til automatisk freda kulturminne er trekt.

Når det gjeld framtidig forvaltning og bruk av strandsona, har det vore vanskeleg å finne løysingar i planprosessen som partane kan sameinast om. Herøy kommunestyre vedtok i møte 24.10.2013, sak 133/2013, å leggje kommuneplanen sin arealdel ut til offentleg ettersyn. Politikarane i kommunen lytta til om plan- og dispensasjonssøknader skal leggjast på is i påvente av kommuneplanvedtak. Etter administrasjonen si vurdering har dette ikkje betydning for sluttføring av detaljreguleringsplan for Kvalsund.

FK meiner planen må omarbeidast på ein del punkt. Mellom anna meiner dei at ein gjennom planen må sikre offentleg tilkomst til sjøen langs heile planområdet. Kommunen stiller seg noko undrande til dette innspelet. I planforslaget som ligg føre er det sett av eit 5,2 daa stort areal (F2), som skal vere tilgjengeleg for ålmenta.



Det er i føresegogene stilt krav at området skal ha høg standard (i høve til avgrensing til sjø, terregnopparbeiding, installasjonar som benkar o. l. og beplantning). I tilknyting til friområdet er det lagt til rette for badeplass og opparbeiding av tursti

Det er også lagt til rette for parkeringsplassar i tilknyting til friområdet og badeplassen.

Etter kommunen si vurdering, vil området i framtida kunne sikre ålmenta vesentleg betre tilgang til sjøen og strandsona enn i dag.

FK ber kommunen legge strengare og meir eintydige føringar for bygningstypar og utforming i planområdet. Som nemnt ovanfor, har ein gjennom planprosessen prøvd å finne gode løysingar for framtidig arealbruk innanfor området. Etter ei grundig vurdering, har kommunen kome fram til at ein ønskjer å leggje til rette for den arealbruken som planforslaget viser.

**Vurdering:**

Rådmannen ser det som positivt at grunneigar vil gjere området på Kvalsund meir attraktivt for dei som bur i krinsen. Som nemnt ovanfor, har det vore utfordrande å sameine tiltakshavar sine ønskje for vidare utvikling av området på Kvalsund og fylkeskommunen sine krav i høve til å ta vare på automatisk freda kulturminne og forvaltning av areala i strandsona. Ein har gjennom planprosessen søkt etter å finne løysingar som kan ivareta dei ulike interessene i området utan å lukkast heilt. Fylkeskommunen har trekt tidlegare motsegner mot reguleringsplanforslaget. Etter ei grundig vurdering, har kommunen kome fram til at ein vil leggje til rette for den arealbruken som planforslaget no legg opp til.

**Barn og unge**

Det er i planforslaget lagt til rette for ein 0.9 daa stor leikeplass i tilknytning til BK1. Det er også lagt til rette for eit større friområde ved ny badeplass. Friområdet skal fungere som felles uteoppahaldsareal innanfor planområdet.

**Samfunnstryggleik**

Tiltaket medfører ikkje vesentlege konsekvensar for sikkerheit.

**Universell utforming**

Uteareal og vegar innanfor planområdet skal tilpassast universelle utformingskrav. Det ligg til rette for at leikeplassen og friområdet (F2) kan tilpassast universell utforming.

**Naturmangfald**

Ein har vurdert planforslaget opp mot prinsippa i naturmangfaldlova og i høve til tilgjengeleg kunnskap i DN sin database. Så langt ein kan sjå, er ikkje planforslaget i konflikt med sårbare artar, naturtyper eller område med særskilt sårbare økosystem.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 forslag til detaljreguleringsplan for Kvalsund, sist revidert 16.0.2013 med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 2.10.2013.

Fosnavåg, 6.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Utviklingsleiar

Sakshandsamar: BSS



## TEKINFORKLARING

### PLAN- OG BYGNINGSLLOVA (PBL) § 25 REGULERINGSFORMAL

#### BEBYGGELSE OG ANLEGG

(PBL § 12-5, led.1)

Bustad - Konsentrert

B/F

Bustad/Forretning

F/V/N

Fritids-/Naustbelygelse

Vann- og avløpsanlegg

Naust

N

Leikeplass

#### SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(PBL § 12-5, led.2)

Kørevøy

Fortau

Andre veggrunn - grønt areal

Parkeringsplassar

Samferdsel og tekn. infrastruktur

---

---

Regulert tomtegrense

Eigendomsgrense som skal opphevast

---

---

Bygggrense

---

---

Plantelegde bygg

---

Babygelses som inngår i planen

---

Regulert sentrallinje

---

Fritskjiline i veggryss

---

---

Avkjørsel

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

# FØRESEGNER

## REGULERINGSPLAN FOR KVALSUND, NERLANDSØY

Føresegner datert 16.04.2012, rev. C 02.10.2013  
Plankart, datert 16.09.2013

### §1 GENERELT

- 1.1 Desse føreseggnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føreseggnene.
- 1.2 Føreseggnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter.
- 1.3 Det regulerte området er på planen vist med plangrense. I medhald av plan- og bygningslova § 12-5 er området regulert til følgjande formål:

#### Byggeområde og anlegg formål (pbl §12-5, ledd 1.)

- Område for Bustad – Konsentrert (BK)
- Område for Bustad/Forretning (B/F)
- Område for Fritids-/Naustbygnad (FT/N)
- Område for Vatn og avløpsanlegg (VA)
- Naust (N)
- Leikeplass

#### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12-5, ledd 2.)

- Køyreveg
- Fortau
- Anna veggrunn - grøntareal
- Parkering (PP)
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (ST)

#### Grønnstruktur (pbl §12-5, ledd 3.)

- Naturområde (GN)
- Friområde (F)

#### Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl §12-5, ledd 6.)

- Småbåtanlegg (SA)
- Hamneområde i Sjø (HA)
- Småbåthamn (SH)
- Badeområde (BAD)
- Friluftsområde i sjø og vassdrag (FOS)

#### Omsynssoner (pbl §12-6.)

- Frisikt

- Bevaring av kulturmiljø (H570)
- Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)
- Bestemmelsesområde

## **§2 FELLES FØRESEGNER**

### **2.1.1 Byggjemelding/byggjesøknad**

Saman med byggjemelding/byggjesøknad skal det leverast plan for den ubygde delen av tomta (utomhusplan) i målestokk 1:200. Planen skal godkjennast av kommunen.

Planen skal vise:

- Plassering av bygning, møneretning, etasjetal, høgde og form
- Biloppstellingsplassar
- Avkøyrslse
- Utforming og bruk av ubebygd areal, plantar, grøntområde
- Møblering
- Belysning
- Høgder og fall på terreng og murar
- Anlegg som støttemurar og liknande
- Gangliner

Kommunen skal sjå til at nybygg har arkitektoniske kvalitetar som speglar si eiga tid. Bygg og uteområde skal opparbeidast med god estetisk standard. Utforminga skal vere avdempa i høve til fargebruk. Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste bygningselement eller taktekking som i material- og/eller fargebruk verkar dominerande (t.d. signalfargar) eller skjemmande for omgjevnaden.

#### **2.1 Byggjegrenser**

Byggjegrenser mot offentlege vegar er vist på plankartet. Der byggjegrenser ikkje er vist, gjeld reglane i veglova og i plan- og bygningslova §70 om avstand frå veg, annan bygning og eigedomsgrense.

#### **2.2 Utnyttingsgrad**

Utnyttingsgrada er ført på plankartet. Tillate tomteutnytting er oppgitt som utbygd areal i prosent av tomtearealet, BYA. Utbygd areal er definert i NS 3940. Maks BYA er påført byggjeområda på plankartet, der ikkje anna er fastsatt i føreseggnene.

#### **2.3 Gesimshøgder**

Gesimshøgde skal målast som definert i Teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Tillate gesimshøgder er oppgitt under dei enkelte byggjeområda i føreseggnene.

#### **2.4 Universell utforming**

Planlegging av bygg og uteområde skal ha grunnlag i prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle.

2.5 **Avfallshandtering**

Områda skal haldast ryddig. Bygningar skal ha eigne rom for oppbevaring av avfallscontainerar. Utelagring er ikkje tillate.

2.6 **Skjering og fylling**

Skjering og fylling frå vegane kan komme inn på andre regulerte formål.

2.7 **Reklametiltak**

Utforming og oppsetting av reklameskilt skal vere i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande kommunale vedtekter. Reklameskilt, transparentar, flaggstenger og andre reklameinnretningar må ikkje settast opp før løyve frå kommunen ligg føre.

2.8 **Unnatak**

Mindre vesentlege unnatak frå desse føresegnene kan, når særlege grunnar talar for det, tillatast av kommunen innanfor ramma av bygningslova og bygningsvedtekten i kommunen.

## **§3 BYGNADER OG ANLEGG Bustad – Konsentrert (BK)**

3.1 **Formål, utnytting og høgder**

Område merka **BK1** på plankartet er sett av til konsentrerte bustader.

Bygning kan førast opp med mønehøgd maks. 6,5 m.

Maks. mønehøgd skal ikkje vere over kote +10,3.

Takvinkel: tilnærma flatt tak.

For BK1 er BYA sett til 35%

3.2 **Utforming av bygningar og anlegg**

Plassering av hus på kartet er retningsgivande, og ved utbygging av tomtene må ein legge vekt på å finne ei så god løysing som mogleg i forhold til terrengforhold og utsikt for naboar og nærmiljø.

Bygnadane skal ha eit moderne formspråk og ein materialbruk etter si tid og framstår som bygg med høg arkitektonisk kvalitet.

Utbyggjar skal på eigen grunn legge til rette for 1,5 biloppstellingsplassar for kvar leilegheit. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet blir tatt i bruk.

## **§4 BYGNADER OG ANLEGG Bustad/Forretning (B/F)**

### **3.3 *Formål, utnytting og høgder***

Område merka **B/F** på plankartet er sett av til bustad-/forretningsverksemd.

Forretningsverksemd skal skje kun i 1. etasje.

Bygnader kan førast opp med gesimshøgde maks. 8 m og mønehøgd maks. 12 m.

For B/F er BYA sett til 70%

### **3.4 *Uforming av bygningar og anlegg***

Kommunen skal godkjenne plassering av nybygg.

Nye bygg på område B/F eller utbygging av eksisterande bygnadsmasse skal innpassast i ei heilheitleg løysing for området.

Bygnadmassen skal ha eit moderne formspråk og ein materialbruk etter si tid og framstå som bygg med høg arkitektonisk kvalitet.

Utbyggar skal på eigen grunn legge til rette for 1,5 biloppstellingsplassar for kvar leilegheit og min. 1 plass pr. 50 m<sup>2</sup> forretningsareal. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggearealet blir tatt i bruk.

## **§5 BYGNADER OG ANLEGG Fritids-/naustbygnad (FT/N)**

### **5.1 *Formål, utnytting og høgder***

Område merka **FT/N1 og FT/N2** på plankartet er sett av til fritids- og naustformål. Det kan etablerast rorbuer innanfor områda.

Bygnader skal vere maks 60 m<sup>2</sup>.

Bygnader kan førast opp med maks. 6,5 m mønehøgd. Alle rorbuer og naust skal oppførast med saltak.

Lavaste tillatte golvhøgde er kote +2,6 moh. Tillatt takvinkel skal vere mellom 27 - 45 grader.

Plassering av bygnader på plankartet er kun førande og ikkje juridisk bindande.

Maks. BYA for FT/N1 er 60%.

Maks. BYA for FT/N2 er 50%.

Område FT/N1 skal opparbeidast med tilkomst til småbåthamn SH.

Avgrensing av kai mot sjø skal vere utført i betong eller tre.

Avgrensing av fylling mot sjø skal vere i lødd stein.

#### 5.2 ***Utforming av bygning og anlegg***

Nybygg innanfor F/N1 skal i størst mogleg grad oppførast i likskap med stadlig sjøhusarkitektur og omkringliggende bygnadsmiljø. Bygnader kan innehalde støttefunksjonar til gjestebryggja som t.d. servicefunksjonar for tilreisande.

Bygnadane innanfor FT/N2 skal tilpassast mest mogleg omkringliggjande naust- og sjøhusbygnader i formspråk og materialbruk.

Fylling og avgrensing mot sjø skal vere utført i lødd naturstein og ha ei stetisk god utforming.

### **§6 BYGNADER OG ANLEGG Vatn og avløpsanlegg (VA)**

#### 6.1 ***Formål, utnytting og høgder***

Område merka **VA** på plankartet skal nyttast til kommunale funksjonar innan vatn og avløp

### **§7 BYGNADER OG ANLEGG Naust (N)**

#### 7.1 ***Formål, utnytting og høgder***

Område merka **N1** på plankartet er sett av til naust.

Maks BYA: 50%

Bygnader kan førast opp med mønehøgd maks. 6,5m  
Takvinkel skal vere mellom 25 - 45 grader.

Bygnader skal vere maks 60 m<sup>2</sup>.

Naust skal oppførast med innvendig golv over kote +2.6 moh.

Avgrensing mot sjø skal ligge slik det er i dag.

#### 7.2 ***Formål, utnytting og høgder (N2)***

Område merka **N2** på plankartet er sett av til naust.

Maks BYA: 50%

Nye bygnader kan førast opp med ei mønehøgd på maks. 6,5 m og med tilpassa høgder til nabobygg.

Nye naustskal vere maks 60 m<sup>2</sup>.

Takvinkel skal vere mellom 25 - 45 grader.

Grunnflata på eksisterande naust skal ikkje aukast med meir enn 5 m<sup>2</sup>. Loftsvolum i eksisterande naust skal vere uendra.

Nye vindauge i eksisterande naust skal oppførast i same stil som andre vindauge i naustet.

Nybygg skal oppførast med referansar til omkringliggende bygnadsmiljø. Ombygging av eksisterande bygnader skal vere i same formspråk, material- og fargeval som eksisterande bygg.

#### 6.2 ***Utforming av bygning og anlegg***

Nybygg innanfor N1 og N2 skal i størst mogleg grad oppførast i likskap med stadlig sjøhusarkitektur og omkringliggende bygnadsmiljø.

Bygnadane innanfor område N1 skal tilpassast mest mogleg omkringliggende naust- og sjøhusbygnader i formspråk og materialbruk.

Nybygg og ombygging innanfor område N2 skal oppførast i likskap med i stil med omkringliggende naust i formspråk, takvinkel, material- og fargeval.

Fylling og avgrensing mot sjø innanfor N1 skal vere utført i lødd naturstein og ha ei estetisk god utforming.

## **§8 BYGNADER OG ANLEGG Leikeplass (Leik)**

#### 8.1 ***Formål, utnytting og høgder (Leik)***

Område merka **Leik** er sett av til leikeplass for born.

Leikeplassen er felles for bustader innanfor område BK1

Området kan opparbeidast parkmessig med beplantning, murar, belysning, leikeapparat, benkar og liknande. Før opparbeiding skal det utarbeidast ein nærmare detaljert situasjonsplan, godkjend av kommunen. Tilkomsten til leikeplassane skal oppfylle krava til universell utforming. Leikeplassen skal vere ferdigstilt før innflytting av første bustad.

Det kan etablerast garasjer for BK1 under leikearealet. Disse skal innpassast i terrenget og tilordnast til terrenget. Området over garasjeanlegg/parkeringsplass skal opparbeidast som grønt leikeområde og sikrast for fall.

Området skal sikrast mot fylkesvegen med gjerde eller tilsvarende sikring.

Det er ikkje tillatt med inngrep innanfor område H570\_2. Del av leikeplass innanfor område H570\_2 kan opparbeidast med leikeapparat som ikkje krev inngrep i terrenget.

Før opparbeiding av garasjeanlegg skal arkeolog kontaktast for fastsetting av sone for inngrep.

## **§9 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR Køyreveg (Veg)**

### **9.1 o\_Veg 1**

Gjelder eksisterande offentleg veg. Skal utbedrast med regulert vegbredde på 4,5m inkl. skulder. Vegen skal ha asfaltert dekke.  
Gjerdeavstand 1,5m.  
Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

### **9.2 o\_Veg 2**

Skal byggast som offentleg veg med regulert vegbredde 4,5m inkl. skulder. Vegen skal ha asfaltert dekke.  
Gjerdeavstand 1,5m  
Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

### **9.3 o\_Veg 3**

Gjeld omlegging av eksisterande veg. Skal byggast som offentleg veg med regulert vegbredde 4,5m inkl. skulder. Vegen skal ha asfaltert dekke.  
Gjerdeavstand 1,5m  
Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

### **9.4 p\_Veg 1**

Gjeld eksisterande tilkomst. Skal utbyggast som privat felles veg for B/F, SA og FT/N1 (gnr/bnr 4/71, 4/228 og 4/269) med regulert vegbredde 4,5 m inkl. skulder. Vegen kan ha grusdekke.  
Gjerdeavstand 1,5m  
Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

### **9.5 p\_Veg 2**

Skal byggast som privat felles veg for F/N1 (gnr/bnr 5/65) med regulert vegbredde 4,0 m inkl. skulder. Vegen kan ha grusdekke.  
Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

## **§10 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR Fortau**

Arealer er avsett til vidareføring av fortau i tilstøytande reguleringsplan.  
Regulert bredde på fortau er 3m inkl. skulder.  
Gjerdeavstand 1,5m

## **§11 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR Annan veggrunn – grøntareal.**

Dette formålet omfattar areal som naturleg høyrer til vegane, som grøft, skjering, fylling. Slike areal skal opparbeidast og tilsåast i samband med tilgrensande trafikkareal.

I samband med utbygging av vegen skal tilstøytande areal som blir rørt, som eksisterande avkørsler, stellast til igjen og tilsåast.

## **§12 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

### **Parkering (P)**

#### **12.1 Generelt:**

Parkeringsplassar skal ha fast dekke og skal anleggast med ein hovudinndeling som gir rasjonell utnytting av plassen.

#### **12.2 PP1:** Skal vere offentleg og i tilknyting N2, F2 og badeplass

#### **12.3 PP2:** Skal vere privat og i tilknyting til B/F.

#### **12.4 PP3:** Skal vere privat og i tilknyting til FT/N1 og ST1, ST2, SH og SA.

#### **12.5 PP4:** Skal vere offentleg og i tilknyting til F2 og badeplass.

## **§13 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

### **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur ( ST)**

#### **13.1 ST1:**

Område merka **ST1** på plankartet er ny molo. Fylling og avgrensning mot sjø skal ha ei estetisk god utforming.

#### **13.2 ST2:**

Område merka **ST2** på plankartet er eksisterande molo. Fylling og avgrensning mot sjø skal ha ei estetisk god utforming.

## **§15 GRØNSTRUKTUR Naturområde (GN)**

Område merka **GN1 og GN2** på plankartet er sett av til naturområde.

Område skal bevarast som det ligg i dag. Det er ikkje tillatt med inngrep i områda.

## **§16 GRØNSTRUKTUR Friområde (F)**

Område merka **F** på plankartet er avsett til friområde.

Område **F1**: Området kan opparbeidast med beplantning og tilsåast. Det skal vere tilkomst over området til VA.

Område **F2**: Området kan opparbeidast med beplantning og tilsåast. Det kan opparbeidast enkle turstiar over området.

Fylling og avgrensing mot sjø skal vere utført i lødd naturstein og ha ei estetisk god utforming.

## **§17 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG Badeområde (BAD)**

### **17.1 *Formål***

Område merka med **BAD** på plankartet er sett av til badeområde i sjø.

### **17.2 *Utforming av bygning og anlegg***

Det er ikkje mogleg å etablere brygger eller fortøyingsplassar i dette området.

Badeområde skal haldast fritt for båttrafikk.

Sjøbotnen kan opparbeidast.

## **§18 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG Småbåtanlegg(SA)**

### **18.1 *Formål***

Område merka med **SA** på plankartet er sett av til småbåtanlegg med landfunksjonar for småbåthamn, samt moglekeit for sjøsetting /ilandtaking av båtar.

### **18.2 *Utforming av bygning og anlegg***

Det kan oppførast anlegg og konstruksjonar som naturleg hører til småbåthamna som båtopptrekk. Det kan førast opp naudsynt servicebygg for stelling av båtar.

Avgrensing mot sjø skal ha ei estetisk god utforming. Naturleg strandlinje skal oppretthaldast der det er mogleg.

## **§19 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG Hamneområde i sjø (HS)**

### **19.1 *Formål***

Område merka med **HS** på plankartet er sett av til motorisert båtferdsel.

### **19.2 *Utforming av bygning og anlegg***

Det tillatast ikkje lagt leidningar eller rør i området til hinder for oppankring eller bruk av anker. Andre tiltak som kan bli til hinder for sjøvertsferdsel skal ikkje tillatast.

Før tiltak i sjø kan settast i verk må det ligge føre løyve etter hamne- og farvannslova.

## **§20 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG Småbåthamn (SH)**

### **20.1 *Formål***

Område merka med **SH** på plankartet er sett av til småbåthamn/marina.

### **20.2 *Utforming av bygning og anlegg***

Det tillatast etablering av landfaste flytebrygger samt leggje ut mindre flytebryggjer og liknande som ein ser som naudsynt for å kunne utføre og tene det som naturleg hører med i drifta av ei småbåthamn.

Godkjenning av tiltak og anlegg i sjø må godkjennast av hamnemyndigheter.

## **§21 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG Friluftsområde i sjø og vassdrag (FOS)**

### **21.1 *Formål***

Område merka med **FOS** på plankartet er sett av til friluftsområde i sjø. Området skal haldast ope og tilgjengeleg for allmenn ferdsel.

### **21.2 *Utforming av bygning og anlegg***

Det tillatast ikkje å bruke området til fortøyingsplass for båtar med unnatak foran område N2. Andre tiltak som kan bli til hinder for sjøverts ferdsel skal ikkje tillatast.

Det tillatast ikkje å anlegge brygger.

Før tiltak i sjø kan settast i verk må det ligge føre løyve etter hamne- og farvannslova.

## **§24 OMSYNSSONER**

### **24.1 *Sikringssoner - Frisiktzone***

I område mellom frisiktline og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona. Søyler med ein diameter inntil 0,2 m kan plasserast i frisiktsona.

### **24.2 *Bandleggingssone - Bevaring av kulturmiljø (H570)***

Område merka **H570\_1** på plankartet gjeld eksisterande naustmiljø. Verneverdige bygningar skal haldast slik dei ligg i dag og i eit samla bygnadsmiljø.

Ev. ombygging av eksisterande bygnader skal vere i same formspråk,

material- og fargeval som eksisterande bygg.

Det er ikke tillate å gjøre inngrep i strandsona.

Område merka **H570\_2** gjeld nærområde til arkeologisk kulturminne.  
Det er ikke tillatt med inngrep i terrenget.

Unntak gjeld fastmontering av leikeapparat og mindre innretningar til bruk på leikeplassen.**riktig?**

Inngrep i samband med garasjeanlegget skal godt merkast i anleggsfasen. Merkinga skal skje i samarbeid med kulturminnemynde før arbeid iversettast og det skal ikke gjerast inngrep utover avtalt merking som kan skade kulturminnet.

#### 24.3 **Bandleggingssone - Bevaring av kulturmiljø (H730\_1)**

Område merka **H730\_1** på plankartet gjeld del av arkeologisk funnområde. Dette området skal ligge slik det ligg i dag. Det er ikke tillate å gjøre inngrep i området eller sette opp installasjonar av nokon art.

## §25 OMRÅDEBESTEMMELSER

#### 25.1 **Bestemmelsesområde – Klausulert område**

Område merka **#1** på plankartet gjeld klausulert område for fiskeri.  
Dette området skal nyttast til bruk som har samanheng med fiskeri.

## §26 REKKEFØLGJEKRAV

#### 26.1 **Infrastruktur:**

Det kan ikke gjevast bruksløyve for nye bustader i bustadområda før tilkomstvegane til dei enkelte eigedomane er opparbeida i samsvar med planane. Bustadbygginga kan likevel skje ved bruk av regulerte traséar med anleggsvestandard.

Tilkomstvegane skal byggast ut etter detaljplanar godkjend av kommunen.

Uteareal til bustader, inkludert biloppstillingsplassar, tilkomst, uteoppholdsareal og ev. støytiltak skal etablerast samtidig med oppføring av bustadane og skal vere fullført før det blir gitt bruksløyve.

Parkeringsplassar slik som krevd etter planen, skal være opparbeida før det tilhøyrande byggearealet blir tatt i bruk.

#### 26.2 **Utbyggingsrekkefølge:**

Områda som skal utbyggast skal prioriterast i følgjande rekjkjefølge:

Område BK1, område FT/N2, N1 og FT/N1.

**26.3 *Felles leikeplassar og friområde:***

Felles leikeplass skal vere ferdig opparbeida før det blir gitt bruksløyve til første bustad som leikeplassen er felles for.

Friområde F2 skal vere opparbeida før det blir gitt bruksløyve til område FT/N2.

**26.4 *Skulekapasitet:***

Før det blir gitt igangsettingsløyve for heile eller delar av dei viste bustadområda, skal verknad av det aktuelle prosjektet vurderast av ansvarleg skulemyndighet med omsyn til skulekapasiteten. Rådmannen kan vurdere om heile eller delar av prosjektet må utsettast i vente av nærmare gitte tiltak i skulesektoren. Endeleg vedtak fattast av formannskapet.

**26.5 *Trafikktryggingstiltak:***

Planlagde trafikktryggingstiltak, som skilting, humpar e.l. må vere gjennomført/på plass innan 1/3 av planområdet er ferdig utbygd.


\*\*\*

Oppdragsgivar  
**Karstein Sund**

**2013-10-02**

# **DETALJREGULERINGSPLAN KVALSUND, NERLANDSØY**

## **PLANSKILDING**



**Rev. C**

**RAMBOLL**

Oppdragsnr.: 6110452  
 Oppdragsnavn: Reguleringsplan Kvalsund  
 Dokument nr.: 1  
 Filnavn: Planskildring Kvalsund-revC-C

Revisjon	C			
Dato	2013.10.02			
Utarbeidet av	KTR/OFA/EKJ			
Kontrollert av	OFA/EKJ			
Godkjent av	OFA			
Beskrivelse	Planskildring			

### Revisjonsoversikt

Revisjon	Dato	Revisjonen gjelder
A	05.06.2012	Div. endringar etter administrativ gjennomgang
B	20.08.2013	Endringar etter offentleg høyring
C	02.10.2013	Endringar etter administrativ gjennomgang

Rambøll  
Storgata 25

NO-6002 ÅLESUND  
 T +47 70 13 66 00  
 F +47 70 13 66 01  
[www.ramboll.no](http://www.ramboll.no)



## INNHOLD

<b>1.</b>	<b>FORORD .....</b>	<b>4</b>
<b>2.</b>	<b>GRUNNLAG OG MÅLSETJING FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>5</b>
2.1	Bakgrunn .....	5
2.2	Målsetting .....	5
2.3	Lokalisering .....	6
2.4	Overordna planar .....	6
<b>3.</b>	<b>PLANOMRÅDET.....</b>	<b>8</b>
3.1	Lokalisering og avgrensing .....	8
3.1.1	Planområdet.....	8
3.1.2	Stadutvikling .....	10
3.1.3	Borns interesser.....	10
3.1.4	Universell utforming .....	10
3.1.5	Juridiske forhold .....	10
3.1.6	Miljøfaglige forhold .....	10
3.1.7	Eksisterande bebyggelse .....	11
3.1.8	Terrengforhold, vegetasjon og strandsone.....	12
3.1.9	Vegnett .....	13
3.1.10	Geologi og andre grunntilhøve .....	14
<b>4.</b>	<b>INNSPEL TIL OPPSTART AV PLANARBEIDET .....</b>	<b>14</b>
<b>5.</b>	<b>INNSPEL/MERKNADER ETTER OFFENTLEG HØYRING .....</b>	<b>16</b>
<b>6.</b>	<b>OMTALE AV PLANA - PLANFORSLAGET .....</b>	<b>19</b>
6.1	Oversikt over reguleringsformål .....	19
6.1.1	Utnyttingsgrad.....	20
6.2	Byggeområde .....	20
6.2.1	Strandsone .....	21
6.2.2	Konsentrert bustader.....	22
6.2.3	Bustad/Næring .....	23
6.2.4	Naust .....	23
6.2.5	Fritids-/naustbebyggelse .....	23
6.2.6	Friområde (F) .....	24
6.2.7	Leikeplass .....	24
6.2.8	Badeplass .....	24
6.2.9	Naturområde .....	25
6.2.10	Småbåthamn og molo.....	25
6.2.11	Småbåtanlegg .....	26
6.2.12	Vegareal .....	26
6.2.13	Parkering .....	26
6.2.14	Klausulert areal for fiskeriverksemd.....	27
6.3	Utbyggingsrekkefølge .....	27
<b>7.</b>	<b>VURDERING AV VERKNADER AV PLANFORSLAGET .....</b>	<b>28</b>
1.1	Oppsummering av dei viktigaste verknadane av planforslaget med tema etter vedlegg III i KU-forskrifta: .....	28
<b>8.</b>	<b>RISIKO- OG SÅRBARHEITSVURDERING .....</b>	<b>31</b>
8.1	Naturskade: .....	31
8.2	Forureining.....	31
8.3	Hendingar .....	31
8.4	Infrastruktur .....	31

## 1. FORORD

På oppdrag frå Karstein Sund har Rambøll Norge AS utarbeidd eit privat framlegg til reguleringsplan for eit område på Kvalsund i Herøy kommune. Oppdragsansvarleg i Rambøll Norge AS er sivilarkitekt Oddhild Fausa og oppdragsmedarbeidarar har vore vegingeniør Monica Buran, landskapsarkitekt Jan Ole Lein og GIS-Ing Kristian Trygstad samt arealplanlegger Linn Kristin Hassel. Kontaktperson i Herøy kommune har vore Hallvard Rusten og Berit Sandvik Skeide.



**Figur 1 Foto over området rundt Handelshuset på Kvalsund**

Reguleringsplanen blei lagt ut til offentleg høyring i perioden 19.07-31.08. 2012 og ei avgrensa høyring i samband med utviding av planen mot nord blei lagt ut i januar/februar 2013.

Etter innkomne merknader er det gjort nokre endringar av innhaldet i planmaterialet, i planomtale føresegner og i plankartet.

Planmaterialet er endra på følgjande punkt:

- Utviding mot nord med ny fylling på eigedom 5/65 der det er rorbuer under bygging.
- Endringar av formål og løysingar i område sør for det gamle naustområdet.
- Ny internveg til naust og friområde er flytta lenger mot sør.
- Badeplass er endra retning på.
- Fiskeplass/kai er tatt ut.
- Slipp innafor område N1 er tatt ut.
- Parkeringsplassar er endra plassering på etter innspel.
- Formål BF er redusert.
- Omsynssone C på Leikeplass er lagt inn.
- Tilkomst til område BK er flytta.
- Rekkefølgjeføresegner er lagt inn.

## 2. GRUNNLAG OG MÅLSETJING FOR PLANARBEIDET

### 2.1 Bakgrunn

På oppdrag frå Karstein Sund skal Rambøll Norge AS utarbeide ein detaljreguleringsplan for eit område på Kvalsund der målet med planarbeidet er å leggje til rette for ei heilskapleg utvikling av sentrumsområdet på Kvalsund med både bustad-, forretning-, oppholds-, bade- og naustformål. Det skal også leggast til betring av trafikkforholda generelt. Mellom anna skal veg frå nordre del av hamneområdet til Kvalsund Hamn regulerast igjennom området. I ei samla planlegging skal det leggast til rette for småbåthamn og naustutbygging innanfor området.



*Varsla planområde*

Området blei varsle med det eksisterande bustadområde innanfor planen. Dette blei tatt ut av planen i samråd med Herøy kommune.



*Revidert planområde*

### 2.2 Målsetting

Reguleringsplanen skal legge til rette for opparbeiding av eit offentleg fellesareal ved sjøen, utbygging av fleire naus og rorbuer og utbygging av eit konsentrert bustadprosjekt. I tillegg skal området rundt den eksisterande gamle dampskipskaia rustast opp for ny bruk. I samband med dette er ønskje om å bygge ein molo som vil verne det det gamle naustområdet

for sterk vind og sjø frå nord. Desse blei skada under Dagmar-stormen i 2012 og det er derfor viktig å få opparbeida moloen før ny vintersesong.

## 2.3 Lokalisering

Planområdet ligg på Kvalsund på Nerlandsøy i Herøy kommune. Det ligg nord for Kvalsund hamn og nord-austvendt langs strandsona.



Lokalisering av planområdet

## 2.4 Overordna planar

### Gjeldande arealplanar

I gjeldande kommuneplan er området sett av til bustadar, naust/sjøbod og hamneområde.




Utsnitt av kommuneplanens arealdel med markering av planområdet.


### Tilstøytande reguleringsplanar

Området som no skal regulerast har følgjande nærliggande reguleringsplanar:

- Reguleringsplan for Kvalsund/ Teige (RP52)
- Reguleringsplan for Kvalsund Hamn (under handsaming)



Gjeldande reguleringsplan for Kvalsund/Teige



Reguleringsplan for Kvalsund Hamn som er under handsaming

## Noverande arealbruk og utfordringar i planarbeidet

Området er i dag ikkje regulert. Området på den gamle dampskipaia er ikkje i bruk, og heller ikkje pr. d.d. det delvis utfylte området sør for naustområdet som treng ei tilpassing og avslutning mot sjøen.

Nærområdet til Handelshuset (nord for butikken) er i bruk til båt- og forretningsdrift. Både i samband med butikken og for naustdrift/sjarkar.

Det gamle naustmiljøet er godt ivaretatt og vil fortsatt ha drift som eit aktivt naustmiljø.

Med ønske om ein sentral badeplass med aktivitetsområde/park er det utfylte området sør for dei gamle nausta svært godt egna og som vil bli ein viktig felles møteplass for bygdefolket.

Utfordringane i planen blir å knytte saman dei eksisterande områda med dei nye utfyllingsområda både i fysiske løysingar for overgangar mellom dei forskjellelege områda langs sjølina og i bygnadsstruktur. I tillegg vil tilpassingane rundt dei konsentrerte bustadane, rorbuene og dei nye nausta bli utfordrande for å få til eit heilskapleg bygnadsmiljø.

## 3. PLANOMRÅDET

### 3.1 Lokalisering og avgrensing



Lokalisering av området på Nerlandsøy

#### 3.1.1 Planområdet

Planområdet er totalt omlag 44 dekar stort, og ligg på Kvalsund på Nerlandsøy. Området er tidlegare ikkje regulert.

Plangrensa går inntil eksisterande reguleringsplan for Kvalsund/Teige i vest, langs hamnemolo og bustadområde i sør og i eigedomsgrensene til gnr/bnr 5/16, 5/14 m. fl. i nord. Planområdet

omfattar dermed mellom anna eksisterande forretningsområde, eldre naust, kai, strandline, dyrka mark og vegareal.



Eldre naustområde som ligg sentralt innanfor planen med byggeområde for bustader i området bak.



Området sør for butikken

Området sør for butikken er i dag delvis opparbeida som eit oppholdsareal. Det er lagt omsyn i materialbruk og innbydande løysingar i sjøkanten mot aust som i dag er ein mindre oppholds plass/utkikksplass.



Butikkbygget mot sør



*Eksisterande naust langs den gamle kaia i nord*

Området rundt butikken er delvis opparbeida til parkeringsplass, køyreareal, varemottak og uteoppahldsareal. Køyrearealet fortsetter ut mot den gamle dampskipskaia der det er to eldre naust. Det eine er i bruk av sjark og det andre har det vært arbeid med restaurering/ombygging til fritidsbustad.

### **3.1.2 Stadutvikling**

Området er ein del av det som opplevast som Kvalsund sentrum, rundt butikken og hamnene. Det er ei ønska utvikling at sentrumsområdet utviklast og kan bidra til ei betre oppleveling av kjerneområdet for både besøkande og bufaste. Nærrområda har stor bustadutbygging og for bebuarane er det viktig å kunne samlast i felles uterom.

Ved å legge nye bygnadsvolum i eit samspel med eksisterande bygnader vil staden opplevast meir heilheitleg og samlande rundt felles opphaldsplassar for innbyggjarane og besøkande. Identiteten til staden vil styrkast og utviklinga som sentralt punkt på øya vil få eit løft.

### **3.1.3 Borns interesser**

Det er ikkje satt av leikeplassar for born i området i dag. Det er heller ikkje opparbeida fellesområder i nærmiljøet. Det er behov for opphaldsområder egna for leik i nærmiljøet. Det er derfor satt av ein større leikeplass vest for BK-området og eit større friareal rundt ny badeplass som skal fungere som eit felles uteoppahldsareal innanfor planen.

Ferdsel for born blir tryggare med vidareføring av fortau frå busstoppet vest for planområdet og eit stykke langs Veg 1.

### **3.1.4 Universell utforming**

Uteareal og veger innanfor planområdet skal tilpassast universelle utformingskrav. For areal satt av til leikeplass og til friområde F2 må tilkomst ha universell utforming som kan nyttast av alle.

### **3.1.5 Juridiske forhold**

Det stillast rekkjefolgjeføresegner for utbygginga. Det stillast og krav om opparbeiding av leikeplass før bruksløyve for bustader blir gitt.

Vidare stillast det krav om at skulekapasitet er ivaretatt.

### **3.1.6 Miljøfaglige forhold**

Forureining:

Det er ikkje kjent at det er luftforureining frå trafikk eller andre verksemder i planområdet. Større vegsystem og industriområder ligger i god avstand frå planområdet og luftforureining sjåast derfor ikkje som ei problemstilling.

I samband med gitte opplysningar ligg det ikkje forureina grunn innanfor planområdet. Vi kjenner ikkje til at det har vært deponert avfall eller miljøfarlege stoff før/under etablering av utfyllingane.

Sol- og skyggeforhold:

Området ligger austvendt. Fjellryggen mot vest kan mogleg i ei kort periode i vinterhalvåret gi noko mindre sol, men utover dette har området gode soltilhøve.

Biologisk mangfald:

Mesteparten av området er i dag opparbeidd. Ein mindre del av planområdet i randsona mot moloen har naturleg vegetasjon. Det er ikkje registrert funn av raudlists planter i eller i nærleiken av planområdet.

### 3.1.7 Eksisterande bebyggelse

Bebyggelse rundt og i planområdet er frå varierande tidsepokar med blanding av småbruk, eksisterande og nyare einebustader og ei nyare bustadblokk. Bygnadsstrukturen i området er hovudsakleg lineær struktur som følgjer terrengkotene.

Innanfor planområdet ligg ei samling av eldre naust. Desse er i god stand og vil fortsatt vere ein kvalitetsfaktor i miljøet. Det er svært langgrunt i sjøen framfor nausta.

Dette er i dag eit utsett område for hard sjø frå nordaust og det vil bli lagt vekt på å skape god skjerming for både småbåthamn og naustmiljø i planforslaget.



Eldre naustområde med opphavleg strandline



*Framfor naustområda ved fjøre sjø mot den gamle dampskipskaien.*



*Dagens grunne mot moloen ved Kvalsund Hamn som og viser del av utfyllinga.*

### **3.1.8 Terrengforhold, vegetasjon og strandsone**

#### Terrengforhold:

Planområdet ligg ut mot sjøen, vendt mot nordaust og inntil moloen til Kvalsund hamn. Sjølve planområdet har svak stigning frå dagens strandlinje til rundt kote 4 m.o.h. langs kommunevegen. Det er langgrunt utover i planområdet til ei grunne som er i dagen ved fjøre sjø og som vil inngå i det utfylte området. Området rundt denne vil vere fin som badeplass og fiskeplass og dette er tenkt integrert inn i løysingane.

#### Vegetasjon:

Det er lite vegetasjon innanfor planområdet. Eit opparbeida grøntområde sør for butikken er privat opparbeida med plen. Området vest for dei eldre nausta er i dag mark/plen og sør i planområdet er det eit mindre grøntområde rundt ein liten haug ved eksisterande pumpestasjon.

#### Strandsone:

Strandsona er i dag bearbeida og utfylt i mesteparten av det som ligg innanfor planområdet med unntak av området langs det eldre naustmiljøet.

Området sør for det gamle naustområdet er delvis utfylt i dag og treng derfor avklaring mot sjø. Tiltakshavar er interessert i ei felles god løysing for naust og friområde mellom molen og det eldre naustmiljøet saman med grunneigar av område inntil moloen.

Tidlegare utarbeidd skisse frå Kystverket har vært førande for avgrensing av utfyllingsområdet mot sjø i reguleringsplanen. Uttale frå Kystverket var i hovudsak positiv for utfylling.

I nord inntil den eksisterande kaia er det nyleg utfylt eit område til oppføring av rorbuer. I sør er det utfylt i eit område frå dei eldre nausta fram til moloen i Kvalsund hamn. Disse områda er fylt eit stykke ut i sjøen og treng ei avklaring. Mesteparten av strandlinja treng derfor ei betre løysing mot sjø; område i nord mot grense til naturleg strandlinje og område i sør til moloen i Kvalsund hamn og mot det gamle naustmiljøet.

Området sør for moloen i Kvalsund hamn er i ei sluttfase for detaljregulering. Dette området har liknande problemstilling med delvis naturleg/opphevlag strandlinje og delvis allereie utfylte områder.



*Ortofoto med planområdet markert*

### 3.1.9 Vegnett

Vegnettet i dag er asfalterte og grusa vegar innanfor planområdet.

Det er mest lokal trafikk innanfor området; besøkande til butikken, til bustadeigedomane og til naust og småbåtar. Det er ikkje behov for ei vesentlig forbetring av eksisterande vegnett. Det er

i tilstøytande reguleringsplan regulert ei flytting av fylkesvegen som er vidareført inn i reguleringsplanen. Fylkesvegen blir flytta litt lenger aust og veglinja retta opp. Det er også lagt inn ei forlenging av fortauet.

### **3.1.10 Geologi og andre grunntilhøve**

Grunntilhøva i planområdet er for det meste tjukk marin strandavsetning og noko bart fjell/stadvis tynt dekke. Det er bygd kai i plassstøpt betong og tre. Noko oppfylte områder med lausmasser sør for butikken, nord for dampskipsskaia og sør for naustområdet.

## **4. INNSPEL TIL OPPSTART AV PLANARBEIDET**

Planoppstart blei kunngjort i mai 2011. Det blei sendt brev til heimelshavarar og aktuelle høyringsinstansar. Etter varsel om oppstart har det kome inn uttale frå følgjande parter:

### **Fylkesmannen, brev datert 28.06.2011.**

Dei meiner at dei delane av strandsona som er lite påverka av fysiske inngrep bør bevarast som naturleg fjøre og at det ikkje bør opnast for støypling av støer og vorar. Nye naust bør ikkje vera større enn 35m<sup>2</sup>, og bør tilpassast eksisterande naust. Det må leggast vekt på å gjere strandsona tilgjengeleg for ålmenta.

Minner på at det må gjennomførast ei ROS analyse.

#### Vurdering:

Merknaden blir tatt til vitande. Naust er satt til maks. 60 m<sup>2</sup> av kommunen.

### **Møre og Romsdal fylkeskommune, brev datert 27.06.11**

Dei er ikkje kjende med automatisk freda kulturminne innanfor planområde, men påpeikar at det i nærlieken er gjort arkeologiske funn seinare åra. Ut frå dette er det naudsynt å gjennomføre synfaring i området for å avdekke behov for vidare utgreiingar.

Dei påpeikar at det i dag ligg 4 naust i planområdet som er registrert i SEFRAK-registeret. Heile naustumiljøet med bygningar og støer må innpassast i planforslaget, regulering med omsynssone bør vurderast.

Rår til at kommunens representant for barn og unge blir teke med på råd så tidleg som mogleg i planprosessen.

#### Vurdering:

Merknaden blir tatt til vitande.

Det er blitt gjennomført ei arkeologisk registrering i planområdet. Det er gjort positive funn nord i planområdet som er blir lagt ut til verneområde/omsynssone.

**Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, brev datert 22.06.11**

Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket, men planområdet ligg derimot i eit prioritert område for marinarkæologi og i følge eldre skriftlege kjelder har det vore ankringsplass i området. Potensialet for automatisk freda kulturminne på sjøbotnen vurderast derfor til å vere til stades.

Bergen Sjøfartsmuseum krev at det vert gjennomført undersøkingar om det kan vere skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne.

Vurdering:

Det blei utført marinarkæologiske undersøkingar i juli 2011. Det blei ikkje gjort funn av viktige kulturminne. Dei gjør merksam på at dersom ein under arbeid i sjøområda finn kulturminne må arbeidet straks stoppast til museet har undersøkt og ev. frigjeve.

**Statens Vegvesen, brev datert 28.06.11**

Dei påpeikar at vegtilkomst til planområde skal baserast på vegløysinga i tilstøytande reguleringsplan Kvalsund-Teige vedteken i 2008. Dei vil gjere merksam på at i Kvalsund-Teige planen er det gjennom reguleringsføresegna sagt at avkjørsel til eigedomane gnr/bnr 4/73 og 4/75 skal stengast, eigedomar som er innanfor det varsle planområdet.

Dei viser og til tidlegare uttale under varsling av detaljregulering for Kvalsund Hamn (brev til Rambøll av 14.12.10).

Vurdering:

Merknaden blir tatt til vitande og arbeidet med vegløysingar og avkjørsler vil tilpassast tilstøytande reguleringsplanar.

**NVE, brev datert 22.06.11**

Dei gjør oss merksam på at ei mindre elv, Teigelva, grensar opp til planområdet i sør. Plana bør utformast slik at elva får renne mest mogleg fritt og at det blir tatt omsyn til vegetasjonsbeltet i tilknyting til elva.

Vurdering:

Elva ligg no utanfor planområdet.

**Ottar Vågsholm/Gretha Sund, eigarar av gnr/bnr 4/269, tlf/epost av 07.08.11**

Dei gjør merksam på at dei har fått godkjend ombygging og bruksendring av sjøbu/naust til fritidshus på eigedom 4/269 og legg ved skriv frå fylket og kommunen.

Vurdering:

Det vil bli tatt omsyn til dette i planarbeidet.

## 5. INNSPEL/MERKNADER ETTER OFFENTLEG HØYRING

Reguleringsplanen blei lagt ut til offentleg høyring i perioden 19.07-31.08. 2012.  
For utviding av planområdet mot nord blei det utsendt ei avgrensa høyring frå Herøy kommune i desember 2012.

### **Innkomne merknader offentleg høyring:**

#### **1. Fylkesmannen:**

Tydelegare avgrensing av storleike og utforming av naust, spesielt for område N2, kotehøgder på naust inn i føreseggnene.

Vurdering: Det er lagt inn i føreseggnene maks storlek på nausta (60 m<sup>2</sup>). Naust innanfor område N2 kan ikkje utbyggast med meir enn 5m<sup>2</sup>. Det er i føresegner retningsliner for utforming av nye naust og for ev. ombygging/tilbygg av eksisterande naust innanfor område N2.

Lågaste tillate innvendige golvhøgde på naust og rorbuer er sett til min. kote + 2.6 moh i føreseggnene.

#### **2. Møre og Romsdal Fylkeskommune:**

##### **Kulturavdelinga:**

- Det må på plass ei omsynssone C rundt kulturminnet og ned til vestgrensa for inngrepet med garasjeanlegg. Krav i føreseggnene at inngrep i samband med garasjeanlegget er godt merka under anleggsfasen.
- Byggeområdet BK1 bør trekkast så langt øst som mogleg.
- Omsynssone rundt naustmiljøet skal være omsynssone C.
- Gjennomføring av den godkjende reguleringsplanen nord for steinalderbuplassen rører arealbruk som er godkjent gjennom den planen. Problemstilling blir heldt utanom Kvalsundplanen.

##### **Planfagleg merknad:**

- Dei meneiar at denne reguleringsplanen og reguleringsplanen for Kvalsund hamn skulle vært fremma som ein plan eller som ei områderegulering då dei meiner det er naturleg å vurdere konsekvensane på områda samla.
- Dei etterlyser ei grundigare drøfting av enkelte ting og viser til krava i pbl §4-2 (generelle utredningskrav), bl. a. forretningsområde større enn 3000m<sup>2</sup> utanfor sentrum.
- Dei etterlyser og skildring av verknader plana vil få. Her meiner dei at fylling i sjø, landskapsverknader, marknaden for båt- og naustplassar og fysisk utforming av nye bygnader er nokre av verknadane som må omtala nærmare. Avslutning mot sjø må illustrerast og maksimalt volum av bygnader bør synleggjerast.
- Dei ønskjer å samle tiltak i strandsona. Strandsona er under press og dei ber kommunen vere medviten utfordringane.
- Det er på fleire punkt ikkje samsvar mellom kart og føresegner og dei viser til et par døme.

Dei har derfor motsegn til automatisk freda kulturminne, strandsonevern og manglande omtale av verknader av plana.

##### **Vurdering:**

Det blei holdt eit møte mellom Herøy kommune og Møre og Romsdal Fylke 26.04.2013 der merknaden frå fylket blei gjennomgått. Der blei nytt planmateriale lagt fram.  
Motsegn i høve arkeologi og forretningsareal er etter framlagde endringar i

planmaterialet borte og det blei diskutert ei anna løysing av arealet for friområde/badestrond, N1 og FT/N2. Fylket meiner det må settast av meir areal til FT/N2, både framom og bak bygningane og for tilkomst med bil. Det må og vere plass til nødvendig vedlikehald og at det avgrensast med klar byggegrense.  
Naustområde N1 må få omsynssone for klausulert areal øyremerk for fiskarar (Kystverket må godkjenne).

- Kommunen har vurdert at planen ikkje skal slåast saman med reguleringsplanen for Kvalsund Hamn.
- Tilordning av garasjer under leikeplass må utførast etter avgrensing mot kulturminnet satt i samråd med kulturminnemynde. Dette er fastsatt i føreseggnene. Omsynssone merka H520\_2 sikrar området rundt kulturminnet mot inngrep og dette er lagt inn i føreseggnene i tillegg restriksjonar av oppsetting leikeapparat. Terrenget over parkeringsplassen blir det sett krav om skal bli tilordna som grønt leikeområde og sikrast.
- BK1 er trekt så langt aust som mogleg og lagt lågt i terrenget for å oppretthalde sikt frå kulturminnet mot sjøen. Det er kotesett krav til makshøgder i føreseggnene.
- Totalt formålsareal innlagd i planutkast ligg no under grensa i Rikspolitisk bestemmelse om kjøpesenter og regional delplan for senterstruktur ( $3000\text{ m}^2$ ).
- Del av N1 er lagt som bestemmelsesområde, der ein i føreseggnene øyremerkar det til fiskarar.
- Verknader av planen er lagt inn i planskildringa. Illustrasjon av avslutningar mot sjø er lagt inn i planskildringa.
- Strandsona er i dag under endring eller opparbeida frå tidlegare og det er lite naturleg strandsone igjen. Den einaste strekninga som ligg urøyrd (foran dei gamle nausta) vil bli liggande slik den ligg i dag (vernesone C).
- Kart og føresegner er blitt samordna.

### **3. NVE:**

Ingen merknader

### **4. Landbrukskontoret:**

Ingen merknader

### **5. Statens Vegvesen:**

Ingen merknader utover spørsmål om grunngjeving for uttak av bustadområde.

### **6. Ingolf Kvalsund:**

Ønskjer 4/228 til FT/N-formål og endring av P2.

#### Vurdering:

Plankart endra i tråd med ønskjer for egen eigedom. P-plasser er flytta.

### **Innkommne merknader for utviding mot nord:**

### **7. Fylkesmannen:**

Dei meiner det bør stillast krav etter § 12-7 nr. 1 i plan- og bygningslova om at fyllingar skal ha ei estetisk god utforming og avslutning mot sjøen.

Dei rår og til at planområdet vert utvida ytterlegare mot nord til å omfatte gnr 5 bnr 14 som bør regulerast som natur- og friluftsområde.

**Vurdering:**

Merknaden er følgd opp i føresegnehøye når det gjeld krav etter § 12-7 i plan- og bygningslova. Det er lagt inn i føresegnehøye krav i materialbruk i avslutning av kai mot sjø og fyllingskant mot sjø.

Når det gjeld utviding av planområdet er dette drøfta med kommunen som ikkje finn det føremålstenleg med dytterlegare utvidingar.

**8. Møre og Romsdal Fylkeskommune:**

Utviding av planområdet ser dei på som uproblematisk, men dei gjer merksam på at motsegnene til planen på Kvalsund og Kvalsund hamn framleis er gjeldande.

**Vurdering:**

Planen er omarbeidd i dialog med fylket og grunnlag for å oppretthalde motseigner er endra.

**9. Ingolf Kvalsund:**

Han held fast ved tidlegare innspel til planen.

**Vurdering:**

Plankart endra i tråd med ønskjer for egen eigedom. P-plasser er flytta.

**10. Gretha Sund/Ottar Vågsholm:**

Ønskjer at det vert tilrettelagt for flytting av bua lenger aust på eigedomen som vist på skisse lagt ved merknaden. Dei poengterer at dei har båtfesterett foran eigedomen. Dei meiner utfyllingslinja ikkje stemmer med reguleringskartet.

**Vurdering:**

Plankartet er endra etter innspel. Bua er i plankartet merka flytta til 4 m frå eigedomsgrensa.


## 6. OMTALE AV PLANA - PLANFORSLAGET

### 6.1 Oversikt over reguleringsformål

Planområdet har eit totalt areal på ca. 44 dekar. Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsformåla slik tabellen under viser.

Reguleringsformål	Plannemning	Areal, totalt
Bustadbebyggelse – Konsentrerte bustader	BK1	3,1 daa
Bustad / Forretning	B/F	2,4 daa
Naust	N1-N2	6,0 daa
Naust/Fritidsbygnad	FT/N1-FT/N2	6,9 daa
Friområde	F1-F2	6,0 daa
Leikeplass	Leik	0,9 daa
Vann- og avløpsanlegg	VA	0,02 daa
Parkeringsplassar	PP1-PP4	1,9 daa
Naturområde	GN1-2	1,2 daa
Småbåthamn	SH	2,6 daa
Småbåtanlegg landdel	SA	0,8 daa
Hamneområde i Sjø	HA	1,3 daa
Friluftsområde i Sjø og vassdrag	FOS	6,3 daa
Badeområde	BAD	1,9 daa
Samferdsel og tekn. infrastruktur (MOLO)	ST1-2	0,8 daa


I tillegg kjem areal til køyreveg, avkjørsler, fortau og sideareal, totalt ca 3,3 daa.



Planforslaget

### 6.1.1 Utnyttingsgrad

Maksimal utnyttingsgrad (BYA) for byggeområda vil seie kor stor prosent av kvar tomt som kan utbyggast. Maksimal utnyttingsgrad er påført plankartet for kvart byggeområde. Tomteutnyttinga vert utrekna etter Miljøverndepartementets *Rettleiar for utnytting T- 1459* (sjå illustrasjonar under). Tomteutnyttinga er vist med prosent bygd areal, BYA, og er vist på plankartet.



### 6.2 Byggeområde

Områda innanfor planområdet som er avsett til byggjeformål skal sikre moglegheiter for å utvikle eksisterande næringar og uteoppahaldsområder og legge til rette for ei heilskapleg utvikling mellom næring, fellesareal og naust. Området vil stå fram som eit attraktivt og sentralt bygnadsmiljø i denne den delen av Kvalsund som blir rekna for eit senterområde. Området har vært sentralt over lengre tid med butikk i nær avstand frå den gamle dampskipa, men opplever no eit større behov for møteplassar med ei pågåande aktiv bustadutbygging i nærmiljøet.

Det er i dag ein kolonialbutikk drevet av tiltakshavar innanfor formålet B/F. Totalt formålsareal innlagd i planutkast ligg under grensa i Rikspolitisk bestemmelse om kjøpesenter og regional delplan for senterstruktur ( $3000 m^2$ ). I merknad frå Fylket har dei motsegn mot utviding av forretningsområdet over denne grensa. Dette formålet er no redusert då det ikkje er planar om ytterlegere utviding av butikkarealet.

Det er eit ønske i planen å vidareutvikle sentrumsområdet til ein attraktiv heilheit med leilegheiter/bustader, handel og eit aktivt naustmiljø både for tilreisande båtgjestar og lokale brukarar av naustområde og badeplass.

I det reviderte planutkastet er formål B/F redusert til å gjelde dagens butikkbygg med ei mindre utviding av byggeareal mot sjøen tilpassa framtidige moglegheiter for bustadutvikling.

Det er planlagt ei samanhengande strandline frå moloen i sør til den naturlege strandlinia ved det gamle naustmiljøet. Avgrensinga mot sjø bør ha ei god opparbeiding i naturstein eller som tilsådd skråning.

### Naustområde


Nausta innanfor N1 er plassert i eit samspel med eksisterande naust mot sør og nord. Plasseringa på plankartet er ikkje juridisk bindande i planen, men førande for plassering i komande byggesaker. Nausta skal følgje føringar kommunen har for bygging av nye naust og det er i utbyggar si interesse at disse står i stil med andre/eldre naust i området. Naust/rorbuer vil bli bygd ut gruppe for gruppe og nausta vil ikkje delast opp med tomtegrenser mellom kvart naust. Område N2 vil ligge slik det ligg i dag. Om der skal førast opp nye bygningar eller tilbygg skal desse tilpassast nabobygg, både med takvinkel og mønehøgd.

### 6.2.1 Strandsone

Strandsona i og rundt planområdet er stort sett nytta til maritim verksemd i dag. Sør for planområdet ligg Kvalsund hamn med stor båtaktivitet og nord i planområdet ligg den gamle dampskipskaia med båtmiljø rundt.

Området med utvikling av naust nærmest moloen i Kvalsund hamn er sett i samanheng med den pågående planlegginga sør for moloen. Områda har same problemstilling med delvis naturleg/opphevleg strandlinje og delvis utfylte områder. Det valt å fylle ut inntil moloen på begge sider. Områda er svært grunne og ikkje egna til båttrafikk utan vesentleg mudring.

Problemstillinga er sett på heilheitleg både når det gjeld utforming av utfylling/sjølinje og samanhengen i framtidig bygnadsstruktur.




Skissa viser samanhengen med framtidig utvikling på sørsida av moloen i Kvalsund Hamn.

Strandlinja i det aktuelle området er allereie endra/utfylt i hele sørlige del av planen utanom området foran dei eldre nausta. Vi har i det endra plankartet samla disse areala ved sjøen til et felles friområde.

Friområdet og badeplass vil bli opparbeida av Nerlandsøy Grendalag som offentleg bade- og oppholdssted og er planlagt som offentleg oppholdsområde. Det er mangel på bade- og oppholdsareal med tilhøyrande parkeringsplasser nært sjø i bygda og det er derfor eit samla, sterkt ønske om at dette området får den bruken det er lagt opp til i planforslaget.

Snitt B-B i illustrasjon under viser opparbeiding av fyllingskant og voll mot sjø.




Forslag til opparbeiding avslutning mot sjø i områda F2 (m/voll), FT/2 og N1.


### 6.2.2 Konsentrert bustader

Innanfor området BK1 er det planlagt konsentrerte bustader/leilegheiter i to etasjar. Området vil ha køyre- og inngangssone mellom garasjeanlegg og bygningane som vist på plankartet.

Bygnadsplasseringa på plankartet er førande for ei seinare byggesak. Det har og vært dialog med arkeolog i fylket om siktforholda frå kulturminnefunnet vest for BK- området og til sjøen. Høgder på framtidig bygg er tilpassa desse forholda.



BK1, Leik og verneområde i forslaget



Terrengriss vest-aust gjennom GN/Leik/BK1 som viser tenkt plassering av bygg og siktlinjer til sjø.

Det vil bli opparbeida ein leikeplass i nordlege del av eigedomen som skal høyre til bustadane innafor BK-området. Etter funn av kulturminne i vestlege del har det vært kontakt med kulturavdelinga i fylket for løysingar i opparbeiding av denne. Leikeplassen fram til vestlege del av garasjeanlegget vil derfor inngå i omsynssone C fram til vestlege vegg i garasjeanlegget der det er gitt ein nærmere definisjon av tillate inngrep i føresegne. Arkeolog skal kontaktast i opparbeidinga av garasjeanlegget.



Skisse av løsning for leikeområde vest for BK-området med garasjer under terreng

#### 6.2.3 Bustad/Næring

Området er avsett til bustad/forretning, B/F på plankartet og gjeld eksisterende og ev. framtidig utbygging av bygnadsvoluma. Dagens forretning vil ha drift slik som den har i dag i 1. etasje. Framtidige moglegheiter for utbygging vil gjelde bustader.

#### 6.2.4 Naust

Området N1 i plankartet gjeld nytt naustområde. Området N2 gjeld dagens eldre naustmiljø som vil bli liggende slik det ligg i dag.

Plassering av naust i plankartet er førande for å få eit samla bygnadsmiljø med både det gamle naustmiljøet innanfor området N2 og det tilstøytande naustmiljøet i området sør for vegen til moloen innanfor reguleringsplanen for Kvalsund Hamn.

Nye naust skal ha maks 60 m<sup>2</sup>, maks høyde på 6,5 m og ikke målbart areal i 2. etasje.

Området for naust i kommuneplanen som er klausulert for fiskeri øyremerkast fiskarar.



Plassering av nye naust i planforslaget.


#### 6.2.5 Fritids-/naustbebyggelse

Området merka FT/N1 på plankartet er tenkt kombinert formål for naust og fritidsbustader/rorbuer. Eidegom 5/65 er med i ei utviding av planen mot nord etter offentleg

høyring. Dette er eit område som er delvis utbygd og som det er stilt krav til skal innpassast i reguleringsplanen.

Innanfor området ligg to eldre naust/sjøhus. Disse er tenkt å gå inn i ein samanheng med nye naust/rorbuer i eit heilheitleg sjøhusmiljø rundt småbåthamnanlegget og gjestehamna.





Bade- og parkområdet

#### 6.2.9 Naturområde


Områda merka GN1 og GN2 på plankartet er avsett til naturområde. GN1 gjeld området der det er gjort arkeologiske funn. Området må ligge urørd slik det ligg i dag.

Område GN2 gjeld sjøfronten mellom det gamle naustområdet og område B/F.


#### 6.2.10 Småbåthamn og molo

I dette området vil leggast til rette med flytebryggjer og bryggjer som er tilpassa småbåtar og større lystbåtar og gjestehamn for tilreisande.

Området må skjermast frå hard sjø frå nordaust. Den nye moloen (ST1) vil ha denne funksjonen. Moloen vil skjerme det gamle naustområdet som er hardt utsatt frå vind og sjø frå nordaust.



Typisk snitt av molo innanfor område ST.



Eit samla båtmiljø er planlagd rundt den gamle dampskipskaien.

#### **6.2.11 Småbåtanlegg**

Område SA gjeld landareal ved småbåthamna. Det kan tillagast båtopptrekk og andre funksjonar i samband med småbåthamna.

Område ST2 er eit allereie utfylt område/molo, mens ST1 er ny molo som skal skjerme småbåthamnområdet og det gamle naustmiljøet frå sterk vind/sjø frå nordaust.

#### **6.2.12 Vegareal**

Vegar innanfor området er stort sett dagens veglinjer som blir rusta opp.

O\_veg 1 er dagens veg langs sjøen frå moloen i Kvalsund hamn og den blir stort sett blir liggande slik den ligg i dag. Krysset mot tilstøytande reguleringsplanen blir tilpassa den nye vegføringa i denne. Regulert vegbredde er 4,5 m inkl. skulder og gjerdeavstand er 1,5 m.

O\_veg 2 er ny veg inn til naustområdet og til bade- og park området.

O\_veg 3 er eksisterande køyreareal inn mot dagens kai- og naustområde. Denne vegen blir og tilpassa nytt kryss til framtidig regulert fylkesveg.

P\_veg 1 er tilkomstveg til nedre del av B/F-området, PP3 og område SA.

P\_veg 2 er tilkomstveg til eigedom 5/65.

#### **6.2.13 Parkeringsplasser**

Parkeringsområde PP1 og PP4 gjeld parkeringsplassar for bade-/friområdet og det gamle naustområdet i planområdet, totalt 24 p-plassar.

Parkeringsplassar for rorbu og naust er satt av inne på formåla. Det er satt av 1,2 plass pr. rorbu og 1 plass pr. naust i tillegg til 4 gjesteplasser både for område FT/N2 og N1.



Skisse som viser fordeling av parkeringsplassar, grøntområder og uteområder innanfor område FT/N2, N1 og PP1.

For område FT/N1 er det satt av 1 p-plass pr. rorbu/naust. Eigedom 5/65 innanfor FT/N1 har p-plassar på eigen grunn.

Rundt butikken er dagens parkeringsareal satt av som område PP2.

Parkeringsplass PP3 nord i området gjeld for småbåthamna og fritids-/naustbygnadane innanfor FT/N1.

Elles er det parkering rundt butikkbygget som vil nyttast slik dei ligg i dag og skal gjelde for område B/F. For ei mogleg framtidig utviding av område B/F må det vurderast om det er behov for fleire parkeringsplassar. Desse kan ev. opparbeidast innanfor område B/F.

Parkeringsplassar innanfor BK1 er tenkt som garasjeanlegg under terreng v/leikeområdet og med gjesteplassar på terrenget som vist i planskissa.

#### 6.2.14 Klausulert areal for fiskeriverksemد

Delar av eigedom 4/190 er klausulert til fiskeriverksemđ i følgje opplysninga frø Kystverket. Området er planlagt utnytta til naust der fiskeriverksemđ har rett til å gå føre.



Kartutsnitt frø Kystverket

#### 6.3 Utbyggingsrekkefølge

Området vil utbyggast i etappar og det er lagt inn rekjkjefølgeføresegner for utbyggingsarbeidet.

Prioritert utbyggingsrekkefølge: Bustadområde BK1 vil bli først utbygd. Deretter vil område FT/N2, N1 og FT/N1 utbyggast. Område F2 må opparbeidast før det blir gitt bruksløyve til bygnader innanfor område FT/N2.

## 7. VURDERING AV VERKNADER AV PLANFORSLAGET

### 1.1 Oppsummering av dei viktigaste verknadane av planforslaget med tema etter vedlegg III i KU-forskrifta:

#### **Forureining**

Tekniske anlegg vil hovudsakleg gå i veger og tomtegrenser for å få optimale fall.

Under anleggsfasen vil det bli prioritert å redusere konsekvensane av evt. uhell og lekkasjar.

#### **Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar**

Vegane i planen er eksisterande vegar som blir utbedra utanom o\_veg 2 og p\_veg 2 som er nye vegar. Det er gode parkeringsmogleheter og tilkomst innanfor planområdet.

*Kollektivtilbod:* buss-stopp ligg i nærleiken av planområdet.

Energibehov – energiforbruk: Det må avklarast om det er nødvendig å utbetre eksisterande trafo i området. Energikrav i bustader vil planleggast etter gjeldande forskrifter.

#### **Kulturminner og kulturmiljø**

Det er under registreringarbeidet avdekt eit automatisk freda kulturminne innanfor planen. Området er sikra med bandleggingssone etter lov om kulturminne. I tillegg er dei eldre nausta samla i eit bevaringsverdig naustmiljø. Dette området er sikra med sone for særleg omsyn-bevaring av kulturmiljø.

Området i sjø er undersøkt for marine kulturminner utan at det blei gjort funn.

#### **Naturens mangfold**

Planen er ei vidareutvikling av bustad- og naustområder i området med fortetting av bygnadsmiljø og opparbeiding av felles uteareal. Det blir derfor ikkje inngrep i større naturområder. Planen legg opp til ei vidare utfylling i sjøarealet og utbygging av eit markområde (BK1/Leik). Det er vurdera at planen framleis tek vare på mangfaldet området byr på mtp. naturen.

#### **Landskap**

Karakteren i terrenget vil i hovudtrekk bli som i dag, men med ei mindre endring av strandlinekarakteren i samband med utfylling i sjø. Strandsona er i dag delvis bearbeida og utbygd frå tidlegare og det er lite naturleg strandsone igjen. Den einaste strekninga som ligg urøyrd (foran dei gamle nausta) vil bli liggende slik den ligg i dag (ernesone C).



Strandsona i 2012

Utfyllingane i planforslaget vil bli tilpassa dei tilgrensande strandområda for å oppnå ei heilheitleg oppleving av sjøfronten frå sjøen der naturleg og opparbeida sjøfront får eit godt samspel.

Utfylling i midtre område vil gå fram til eit skjær/grunne som vil bli ei naturleg avslutning av fyllinga.

Frå sjøen vil landskapskarakteren endrast til litt. Ferdig opparbeidd vil strandlinja opplevast frå sjøen som eit tydelegare, meir avklara avgrensing enn i dag. I dag er den delvis utfylt, uklar og treng ei tydeleggjering sett frå sjøsida.

Det blir lagt vekt på tilpassing av ny bustadblokk tilpassa i landskapet.

Garasjeanlegget/parkeringsplassane er tenkt lagt inn i terrenget med grøntareal og leikeareal over.

### **Sikring av jordressursar**

Det er eit mindre opparbeidd jordbruksareal vest i planområdet. Delar av dette inngår inn i verneområde for kulturminne og i tilgrensande plan.

### **Befolknings helse og helsas fordeling i befolkninga**

Det er ønskje om å opparbeide eit fellesareal og ein badeplass som skal gi eit betre rekreasjonstilbod til befolkninga på Kvalsund. Det er få skjerma badeplassar i området og lite egna oppholdsareal som sosiale møteplassar.

### **Tilgjenge til uteområde og gang- og sykkelvegnett**

Det er god tilgjenge til uteområde i planområdet. Det er lagt inn friområde i midtre del som skal lette tilgangen til sjø og badeplass.

Uteområde rundt bustadblokka blir planlagt med tanke på gode sol- og vindforhold og felles uteområde blir lagt mot sør og vest for gode soltilhøve.

Fortau er planlagt som ei vidareføring av fortau i tilstøytande plan fram til forbi avkjørsle til butikken der biltrafikken minkar.

### **Kriminalitetsforebyggning**

Avbøtande tiltak sjåast ikkje som nødvendig i dette sentrumsområdet. Området er lite som lokal treffstad.

### **Beredskap og ulykkerisiko**

ROS-vurderinga avdekker om planen vil føre til endringar av risiko for menneske eller omgivnader, og om disse endringane er akseptable eller ikkje.

Leikeplass er planlagt med tanke på å unngå konflikt med køyrety og ligg skjerma til mot sørvest på eit høgare areal for gode soltilhøve. Leikeareal mot framtidig flytting av fylkesveg må ev. skjermast med vegetasjon eller gjerde.

For å avdekke endringar av risiko er det brukt ei sjekkliste frå Fylkesmannen, sjå vedlegg.

Forhold som er aktuelle i dette området og for tiltaket er avmerkt i sjekklista.

Disse er handert vidare under.

### **Risiko ved havstigning**

Uteområde for opphold ligg med ei høgd frå havet på min kote +2,4. Vidare oppbygging av den gamle kaia må tilpassast dei eksisterande bygga rundt denne på ein god måte. Nye rorbuer får høgder på innvendig golv over kote +2,69. Molo får høgde på min kote +2,3.

**Born og unges oppvekstvilkår**

Det er tatt omsyn til tiltakets verknad som særskilt rører born og unge etter RPR for born og unges interesser. Dette gjelder ganglinjer, trafikksikkerheit, leikeareal og nærområde med tilkomst til friområde.

I plassering av oppholdsareal, gangveger og generell sikkerheit er det tatt omsyn til mogleg konflikt med køyretøy.

**Arkitektonisk og estetisk utforming**

Det er lagt vekt på så langt som mogleg å gi føringar for at området får eit stadstilpassa arkitektonisk uttrykk og ei god estetisk utforming.

Nausta vil få ei utforming etter dei kommunale retningslinjene og det blir felles utformingskrav med dei tilgrensande naustmiljøa i området.

Utforming av bustadblokka vil skje nærmare gjennom byggesaka.

## 8. RISIKO- OG SÅRBARHEITSVURDERING

### 8.1 Naturskade:

Flaum, ferskvatn og vassdrag: Overflatevatn blir ivaretatt og innarbeida i tiltaka innanfor planområdet. Flaum vert ikkje ein problemstilling i gjeldande planframlegg. Det er ingen kjende elver eller bekker som går gjennom planområdet.

Overfløyming sjø: bustader og rorbuene vert ikkje plassert slik at dei kjem i konflikt med overfløyming frå sjø og havnivåstigning. Området rundt den gamle kaia vil bli heva der det er mogleg til min. kote +2,4 for utearealet. Innvendig golv på rorbuen vil ligge på min. kote +2,69.

Det gamle naustområdet innanfor område N2 ligg nært sjøen og er ikkje tilpassa framtidig havnivåstigning,

Nedbør: Ok. Overflatevatn vil bli ført til rør og dreneringssystem.

Ras og skred: Ved synfaring på staden og kontakt på NGU.no så er ikkje området trua av skred.

Svikt i grunn: Ut i frå den kunnskap og informasjon som er skaffa, så ser ein ikkje at svikt i grunn vil verte eit problem. Området er stort sett mudra masser som har vore stabile i lang tid. Tilførte massar er overskotsmasse av stein og leire frå byggeområde i nærleiken.

### 8.2 Forureining

Drikkevatn, grunn og luft: Det vert lagt til rette med vatn og avlaup i området som tiltaka koplar seg på. Tiltaka innanfor planområdet vil ikkje tilføre området noko forureining utover det ein må rekna med for ei vidare utbygging. Forureining ved båtanlegg kan skje og må takast omsyn til under vidare planlegging.

Radon førekommstar: Det er ikkje registrert førekommstar radon hos kommune eller på NGU.no

### 8.3 Hendingar

Brann, eksplosjon, utslepp, farleg gods, utslepp olje, skipsulukker, flyulukker og trafikkulukker: Det kan bli transportert farleg gods på hovudvegen utanfor planområdet, men ikkje internt i planområdet. Veganlegget i planområdet vil verte rusta opp for å redusere fare for trafikkulukker.

### 8.4 Infrastruktur

Kaiar, veganlegg, bruer, tunnelar, telekommunikasjonar og kraftliner: Veg- og kaianlegga i planområdet vil verte rusta opp for å stette gjeldande krav og for å betre den trafikkale sikkerheita på land og i sjø. Det finns ingen kraftliner i område



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato  
18.10.2013  
Dykkar dato  
03.10.2013

Vår ref.  
2011/3904/ASBU/421.4  
Dykkar ref.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg



## Herøy kommune. Detaljregulering - reguleringsplan for Kvalsund. Fråsegn til avgrensa høyring.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Astrid Buset

**Kopi:**  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fra:** postmottak**Sendt:** 23. oktober 2013 13:47**Til:** Arkiv**Kopi:** Jarl Martin Møller; Berit Sandvik Skeide**Emne:** FW: Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan på Kvalsund, Nerlandsøy gbnr 4/71 m fl - fråsegn ved avgrensa høyring og avklaring av motsegn

Helsing

**HERØY KOMMUNE**

Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

	HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN		
Reg nr.	2012/267	Saksbeh.	BS5
23 OKT. 2013			
Ark.kode P	212		
Ark.kode S			
J.nr.	33		
Kassasjon			

**Fra:** Kristian Hole Fløtre [mailto:kristian.hole.flotre@mrfylke.no]**Sendt:** 23. oktober 2013 13:44**Til:** postmottak**Kopi:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Statens vegvesen Region Midt; Kystverkets hovedkontor**Emne:** Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan på Kvalsund, Nerlandsøy gbnr 4/71 m fl - fråsegn ved avgrensa høyring og avklaring av motsegn

Sjå vedlagde dokument.

Mvh

Kristian Fløtre

rådgiver, plan- og analyseavdelinga

Møre og Romsdal fylkeskommune

71 25 82 94



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/267	03.10.2013	59654/2013/REGULERINGSPLAN/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	23.10.2013

## **Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan på Kvalsund, Nerlandsøy gbnr 4/71 m fl - fråsegn ved avgrensa høyring og avklaring av motsegn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Planfagleg vurdering**

Planframlegget er revidert på ein del punkt, og avklara i forhold til dei formelle aspekta knytta til automatisk freda kulturminne. Likevel legg kommunen framleis opp til utbygging av strandsone utanfor det allereie skjerma (og eigna) området i Kvalsund hamn. Planarbeidet som var starta opp for sjølve Kvalsund hamn er likevel, etter det vi har fått kjennskap til, lagt på is i påvente av ei avklaring av framtidig løysing kring bruа. Det sentrale spørsmålet vert difor om utbygging av dette området bør aksepterast utan at det ligg føre ei heilskapleg plan som inkluderer hamneområdet.

Forvalting av strandsone er ei nasjonalt prioritert interesse og underlagt generelt byggeforbod. Det er, på svært strenge vilkår, likevel opna for unntak frå byggeforbodet. Herøy kommune har høg byggeaktivitet i strandsona, og er blant kommunane i fylket med flest nye bygg i strandsona frå 2007-2012. Svært mange av tiltaka har utspring i dispensasjonssøknader, og Herøy er også her blant kommunane i fylket med høgst tal. Statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvalting legg til grunn ei heilskapleg forvalting av den begrensa ressursen strandsona er. Dagens forvaltingspraksis i Herøy bygger ikkje på ei slik heilskapleg drøfting, og er på den måten i strid med retningslinjene. Dette har vi påpeikt i fleire enkeltsaker, og særskilt i dispensasjonssaker. Kommunen er no inne i ein kommuneplanprosess der desse drøftingane skal vere gjort.

Vi legg dette til grunn, og tilrår sterkt at plan- og dispensasjonssaker vert lagt på is i påvente av kommuneplanvedtaket, subsidiært inntil første gongs offentlege ettersyn er avslutta.

Sjølve plankartet legg opp til ei omfattande og sjønær privatisering av strandsone. Sjølv om strandsona i området per i dag berre er ei skrotfylling, vil planlagd opparbeiding av F2 kunne framstå som svært attraktiv for rekreasjon. Vi ser også at opparbeiding av området er kostbart, og at det vil vere fornuftig å tillate ei viss ut-

bygging av området. Slik plana no ligg føre, har ein imidlertid ikkje sikra nok sjønært areal til rekreasjon, eller fastsett akseptable rammer for utbygging.

F2 bør utvidast slik at det får ei viss minste breidd heilt fram til moloen.

Vi kan ikkje sjå det naturlige i bruken av klausulert område (#1) i føresegne til plana. Vi er heller ikkje sikre på om dette grepet har juridisk dekning i pbl. Heile N1 er tilsynelatande avsett til fiskerirelatert verksemd, og riktig arealføremål er då næring. Det vil vere ryddigare å knytte relevante føresegner direkte til dette arealføremålet, enn å legge på eit bestemmesesområde og symbol på plankartet. Framgangsmåten som er valt synest noko uryddig og gjer kartet unødvendig vanskeleg å lese. Dersom N1 i sin heilskap skal vere avsett til fiskerirelaterte føremål, bør ein også gjere ei vurdering av kor eigna området er til formålet, kontra å nytte areal innanfor den etablerte hamna. Ein må også gjere greie for omsynet bak arealføremål med tilhøyrande føresegner på ein slik måte at ein møter vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2, ved ein eventuell framtidig dispensasjonssøknad for anna bruk (naust/fritidsbustad). Området bør avsluttast lenger i frå sjøen, jf. merknad til F2.

FT/N2 bør reindyrkast som enten naust eller fritidsbustadområde. Området bør også avsluttast lenger i frå sjøen, jf. merknad til F2. Det bør gjerast greie for korleis området skal opparbeidast, slik at ein kan få eit heilskapleg preg på området. Det er til dømes ikkje særskilt attraktivt med ein stor asfalterrert plass i eit område som dette.

Området FT/N1 vil også i sin heilskap kunne privatiserast, og slik avskjere tilkomst til ST1. Vi legg til grunn at også dette området vil kunne få betydeleg verdi som del av det heilskaplege rekreasjonsområdet ein legg opp til, og at ein ikkje bør tillate fritidsbusetnad her. Vi vil også påpeike at det er gitt løyve, ved dispensasjon, for oppføring av eit tal naust i dette området, og at ein dermed allereie har lagt føringar for type bygg i området. Naust har ikkje den same privatiserande verknaden som fritidsbustader, og området kan kanskje dekke det kortsliktige behovet for private båtnaust i området (fram til plan for Kvalsund hamn ligg føre). Vi kan imidlertid ikkje sjå behovet for å plassere naust i sjølinja, dersom dei får flytebryggeanlegg rett framfor seg (slik kartet viser). Dersom båtar uansett må trekka på land eit anna stad, er bygget i praksis ein garasje og kan trekka lenger unna sjøen. Vi rår difor til at ein kun legg opp til ei naustrekke her, og ikkje to slik som planlagd.

Til ST1 er det knytta ei kvalitativ føresegn til utføring som bør konkretiserast for å kunne handterast i bygesak. Det vil vere naturleg å sette vilkår om lødd naturstein.

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi er nøgd med at planforslaget tek omsyn til våre innspel. Byggjeområdet BK1 er trekt lenger vest, med ei maksgrense på byggehøgda som ikkje reduserer utsynet mot sjøen i vesentleg grad. Det er også lagt inn ein omsynssone C (H570) ned til garasjeanlegget, med føresegner som sikrar god merking under anleggsfasen og hindrar inngrep i denne delen av leikeplassen. Vi vil difor trekke motsegn i høve til automatisk freda kulturminne.

### **Konklusjon**

Vi finn etter ei heilskapleg vurdering å kunne trekke våre motsegner til planframlegget, men rår sterkt til å avvente avgjerd til stransona er drøfta heilskapleg i kommuneplanprosessen. Vi rår også sterkt til at planframlegget vert omarbeidd på ein del punkt, sjå planfagleg merknad ovanfor. Vi legg særskilt vekt på å sikre offentleg tilkomst til sjøen langs heile planområdet, og ber kommunen legge strengare og meir eintydige føringar for bygningstypar og utforming i planområdet.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf 71 25 89 03.

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt  
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Grunneigarar jf. vedlagde adresseliste

Saksnr  
2012/267

Arkiv  
L12

Dykker ref

Avd /sakshandsamar  
UTV / BSS

Dato  
03.10.2013

## **REGULERINGSPLAN FOR KVALSUND. AVGRENSA HØYRING**

### **Bakgrunn**

#### Oppstart og offentleg ettersyn

Rambøll AS, varsla på vegne av Karstein Sund, 30.5.2011, oppstart av privat detaljreguleringsarbeid for eit område på Kvalsund.

Formannskapet vedtok i møte 3.7.2012 (F-sak 232/12) at framlegg til detaljreguleringsplan for Kvalsund skulle leggjast ut til offentleg ettersyn. Planframlegget med tilhøyrande dokument låg ute til offentleg ettersyn i tidsrommet 19. juli til 31. august 2012. Innan fristen kom det inn 5 uttalar fra offentlege instansar og 1 merknad frå private.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Statens vegvesen og Noregs Vassdrags- og energidirektorat hadde ikkje merknader til planforslaget.

Fylkesmannen (FM) kom med innspel knytt til storleik og utforming av naust. FM viste mellom anna til utkast til råd om føresegner om naust i reguleringsplan til kommunane. Vidare påpeika FM at grensa for stormflo bør takast inn i føresegnene.

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRF) reiste motsegn mot reguleringsplanforslaget. Motsegna var knytt til automatisk freda kulturminne, strandsonevern og manglande omtale av verknader av planen.

Ingolf Kvalsund (grunneigar innanfor planområdet, gnr. 4, bnr.228) kom med innspel knytt til eigedommen hans (ønskjer at heile 4/228 vert lagt ut til fritids- og naustbebyggelse).

#### Utviding av planområdet – avgrensa høyring

På gnr. 5, bnr. 65 på Kvalsund (like nord for planområdet til reguleringsplanen), vart det i 2011 gitt løyve til bygging av 7 naust (dispensasjonssak).



Fire av desse naust vart oppført i 2012. I august 2012, søkte Oluf Teige om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, med sikte på bruksendring for dei 4 eksisterande naust til rorbuer/fritidsbustader, samt oppføring av 3 nye rorbuer/fritidsbustader. Søknaden vart seinare avgrensa til å gjelde oppføring av 3 rorbuer/fritidsbustader. Grunneigar grunngav søknaden med at det på naboeigedomane vert planlagt fritidsbustader. Søknad med tilhøyrande dokument vart sendt til uttale i september 2012. I samband med høyringa, kom fylkeskommunen med negativ fråsegn til søknaden. Fylkeskommunen viser i uttalen m.a. til at omsøkte tiltak grensa til eit område som er under regulering. Fylkeskommunen meinet at søknaden om dispensasjon må sjåast i samanheng med reguleringsplanarbeidet for Kvalsund.

Med bakgrunn i ovannemnde, og etter drøftingar med eigar av gnr. 5, bnr. 65 og Karstein Sund, konkluderte ein med at ein utvidar reguleringsplanområdet for Kvalsund til også å gjelde gnr. 5, bnr. 65. Utvidinga av reguleringsplanområdet vart sendt ut på avgrensa høyring til aktuelle offentlege instansar og naboar i slutten av januar 2013. Frist for å kome med uttale var sett til 18. februar 2013.

Ingolf Kvalsund melde at han held fast på tidlegare innspel.

Greta Sund og Ottar Vågsholm kom med innspel knytt til eigedommen deira (gnr. 4, bnr. 269).

Fylkesmannen kom med merknad om at det bør stillast krav om at fyllingane skal ha ei estetisk god utforming og avslutning mot sjøen. FM rådde også til at planområdet vert utvida ytterlegare nordover til også å omfatte fylling på gnr. 5, bnr. 14.

Fylkeskommunen melder at utvidinga av planområdet i seg sjølv er uproblematisk. Fylkeskommunen presiserer at dei ikkje trekkjer tidlegare motsegn til reguleringsplanforslaget.

Herøy kommune var i møte med fylkeskommunen i slutten av april 2013, for å drøfte delar av merknaden frå fylkeskommunen. I etterkant av møtet har det blitt gjennomført ein del endringar /justeringar i planmaterialet.

Med bakgrunn i at det er gjennomført ein del endringar i planmaterialet etter at det låg ute til offentleg ettersyn, har ein kome fram til at det skal gjennomførast ei avgrensa høyring.

## Avgrensa høyring

Som uttaleinstans i plansaker, vert De med dette gjort kjent med at det vert gjennomført ei avgrensa høyring knytt til endringane i reguleringsplanforslaget som tidlegare låg ute til offentleg ettersyn. Vedlagt følgjer reguleringsplankart med tilhøyrande reguleringsføresegner og planskildring for detaljreguleringsplan for Kvalsund.

**Frist for å kome med uttale er sett til 18.10.2013.**

Ta gjerne kontakt med sakshandsamar om De har behov for ytterlegare informasjon. De kan også kontakte Oddhild Fausa hjå Rambøll AS.

Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar  
*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.*

Berit Sandvik Skeide  
Sakshandsamar

Vedlegg:

- Adresseliste
- Reguleringsplankart (sist revidert 16.9.2013) med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist revidert 2.10.2013.
- Planskildring, sist revidert 2.10.2013.

**Adresseliste:**

Ingolf Kvalsund, Røysa, 6098 Nerlandsøy

Oluf Jonny Teige, Teigevegen 47, 6098 Nerlandsøy

Greta Sund, Skranelia 4, 5252 Søreidgrend

Bjarne Kvalsund, 6098 Nerlandsøy

Isak Ragnar Kvalsund, 6098 Nerlandsøy

Nick Bjarte Kvalsund, Kvalsund, 6098 Nerlandsøy

Paul – Johan Kvalsund, Sjukeheimsvegen 5 A, 6092 Fosnavåg

Karstein Sund, 6098 Nerlandsøy

Herøy kommune,  
Utviklingsavdelinga,  
v/Berit Sandvik Skeide  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

cr

(T)

HERØY KOMMUNE RÄDMANNEN	
Reg.nr.	2012/267
Saksbeh.	B55
- 5 FEB. 2013	
Ark.kode P	L12
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 18
Kassasjon	

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR KVALSUND – UTVIDING AV PLANOMRÅDE – AVGRENSA HØYRING

Viser til brev 17.01.13, saksnr 2012/267 Arkiv L12, samt brev pr 06.08.2012 og  
samttale med Berit Sandvik Skeide 29.01.13.

Eg held fast på at det innspelet eg kom med 06.08.12, står ved lag.

Nerlandsøy, 01.02.2013

  
Ingolf Kvalsund




# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato  
08.02.2013  
Dykkar dato  
17.01.2013

Vår ref.  
2011/3904/ASBU/421.4  
Dykkar ref.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg



## Herøy kommune. Detaljregulering - reguleringsplan Kvalsund på Nerlandsøy. Fråsegn til avgrensa høyring - utvida planområde.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Natur- og miljøvern

Utvida planområde omfattar gnr5 bnr65, der det skal leggast til rette for bygging av rorbuer på allereie etablert fylling i sjø. Det bør stillast krav etter § 12-7 nr. 1 i plan- og bygningslova om at fyllingar skal ha ei estetisk god utforming og avslutning mot sjøen. Gjennomføring bør sikrast ved bruk av rekkjefølgjekrav etter § 12-7 nr. 10. I denne samanhengen vil vi rá til at planområdet vert utvida ytterlegare nordover til også å omfatte fylling på gnr5 bnr14. Dette arealet bør regulerast som natur- og friluftsområde med krav om revegetering med stadeigen vegetasjon.

### Samfunnstryggleik

Det må gjennomførast ein ROS-analyse for det utvida planområdet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Astrid Buset  
overingeniør

### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt  
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

---

**Fra:** postmottak

**Sendt:** 18. februar 2013 07:56

**Til:** Arkiv

**Kopi:** Berit Sandvik Skeide

**Emne:** FW: Detaljreguleringsplan for Kvalsund - utviding av planområde - avgrensa høyring

Helsing

**HERØY KOMMUNE**

Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** "Ottar Vågsholm" [mailto:[ovagshol@broadpark.no](mailto:ovagshol@broadpark.no)]

**Sendt:** 17. februar 2013 23:30

**Til:** postmottak

**Kopi:** Gretha

**Emne:** Detaljreguleringsplan for Kvalsund - utviding av planområde - avgrensa høyring

Sakshandsamar : Berit Sandvik Skeide

For oss er det iorden at Oluf Teige sin eigedom gnr. 5, bnr. 65. vert med i reguleringsplanen.

På kartet som fylgte dokumenta vi har fått tilsendt, har vi lagt til nokre opplysninger som vi meiner det må takast hensyn til i det vidare arbeidet med reguleringsplanen.

Mvh

Gretha Sund / Ottar Vågsholm


Vedlegg:

Kart som viser deler av reguleringsplanen, med fleire opplysninger.

Bude er tentret lengre  
nordaust, for å få biloppstilling  
mellan budene. (4/269 og 4/228)  
Rorbuer på kai må døpt  
flyttast lengre nordaust for å  
finne vennligst avstand

Eigedomen 4/269  
har ting lynt bestemt til  
punktet der kai starter

Området fra hjørnet på kai  
til hjørnet på bude, er fylt ut.





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/267	17.01.2013	10718/2013/REGULERINGSPLAN/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	21.02.2013

## **Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan på Kvalsund, Nerlandsøy gbnr 4/71 m fl - fråsegn ved utvida planområde**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Planfagleg vurdering**

Vi viser til kommunens høyring av utvida planområde, og ser at kommunen ikkje har teke tak i hovudmomentet i vår motsegn til både denne konkrete plana og plana for sjølve Kvalsund hamn, som også har vore til offentleg ettersyn. Utvidinga av planområdet som no er varsle er i seg sjølv upproblematiske, men gjev ikkje grunnlag for å trekke motsegnene i saka.

### **Konklusjon**

Varsla utviding av planområde har vi ikkje merknader til. Vi gjer merksam på at motsegnene til plan for kvalsund og Kvalsund hamn framleis er gjeldande.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen  
fylkesplansjef

Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



K Y S T V E R K E T  
MIDT-NORGE

6

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg nr.	2012/267
Saksbeh.	BSS
14 MAI 2013	
A	L12
Ark korr.: B	
J.nr.	Dok.nr. 25
Kassasj:	

Deres ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandler: Dato:  
2011/2269-7

Jan Roar Gidske 13.05.2013

**Uttalelse - detaljreguleringsplan for Kvalsund - utviding av planområde - avgrensa høring – Kvalsund - Herøy kommune – Møre og Romsdal fylke**

Vi viser til Deres brev av 17.01.2013 vedrørende ovennevnte utvidelse av planområde i Kvalsund. Utvidelsen omfatter gnr. 5, bnr. 65. og vil bli lagt ut til rorbuer/fritidsbolig samt nødvendig trafikkareal.

Kystverket beklager at vi, på grunn av stor saksmengde, ikke fikk gitt innspill innen fastsatte høringsfrist 15.02.2013.

Kystverket har ingen merknader til planarbeidet på nåværende tidspunkt, men ber om å bli holdt orientert i den videre planprosessen.

Vi minner for øvrig om at tiltak som kan være av betydning for Kystverkets anlegg er søknadspliktig, jf. havne og farvannsloven § 28, og krever således tillatelse fra Kystverket.

Med hilsen

Børre Tennfjord  
avdelingssjef

Jan Roar Gidske  
rådgiver


*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Midt-Norge - Plan- og kystforvaltningsavdelingen

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847  
Telefaks: +47 70 23 10 08  
Bankgiro: 7694 05 06766  
Internett: [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)  
Org.nr.: NO 970 237 372

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson



**HERØY KOMMUNE**

Utviklingsavdelinga

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POST «POSTSTED»

»

Saksnr  
2012/267

Arkiv  
L12

Dykkar ref  
«REF»

Avd /sakshandsamar  
UTV / BSS

Dato  
17.01.2013


## **DETALJREGULERINGSPLAN FOR KVALSUND - UTVIDING AV PLANOMRÅDE - AVGRENSA HØYRING**

**Detaljreguleringsplan for Kvalsund – utviding av planområde – avgrensa høyring**

### Bakgrunn

Konsulentfirmaet Rambøll Norge AS varsla på vegne av Karstein Sund, 30.5.2011, oppstart av privat detaljreguleringsarbeid for eit område på Kvalsund. Formannskapet vedtok i møte 3.7.2012 (F-sak 232/12) at framlegg til detaljreguleringsplan for Kvalsund skulle leggjast ut til offentleg ettersyn. Planframlegget med tilhøyrande dokument låg ute til offentleg ettersyn i tidsrommet 19. juli – 31. august 2012.





Forslag til detaljreguleringsplan for Kvalsund, som låg ute til offentleg ettersyn

Det kom inn fleire merknader til reguleringsplanen. Møre og Romsdal fylkeskommunen reiste motsegn mot reguleringsplanforslaget. Rambøll Norge AS er for tida i dialog med fylkeskommunen i høve til endringar som må gjerast for å tilfredsstille fylkeskommunen.

På gnr. 5, bnr. 65 på Kvalsund (like nord for planområdet til reguleringsplanen, sjå kart ovanfor), vart det i 2011 gitt løyve til bygging av 7 naust. Fire av desse nausta vart oppført i 2012.




Dei fire nausta som er oppført på gnr. 5, bnr. 65.

Oluf Teige søkte om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på bruksendring for dei 4 eksisterande nausta til rorbuer/fritidsbustader, samt oppføring av 3 nye rorbuer/fritidsbustader, i august 2012. Søknaden vart seinare avgrensa til å gjelde oppføring av 3 rorbuer/fritidsbustader. Området er ferdig utfylt og planert.

Grunneigar grunngav søknaden med at det på naboeigedomane vert planlagt fritidsbustader. Søknad med tilhøyrande dokument vart sendt til uttale i september 2012.

I samband med høyringa, kom Møre og Romsdal fylkeskommune med negativ fråsegn til søknaden. Fylkeskommunen viser i uttalen ma. til at omsøkte tiltak grensar til eit område som er under regulering. Fylkeskommunen meiner søknaden om dispensasjon må sjåast i samanheng med reguleringsplanarbeidet. Fylket informerer om at dei vil klage på eit ev. positivt dispensasjonsvedtak.



Kopi av situasjonskartet som låg ved søknad om dispensasjon

Med bakgrunn i ovannemnde, har kommunen drøfta med Oluf Teige (gnr. 5, bnr. 65) og Karstein Sund, moglege løysingar. Kommunen har konkludert med at ein utvidar reguleringsplanområdet til også å gjelde gnr. 5, bnr. 65. Gnr. 5, bnr. 65 vil bli lagt ut til rorbu/fritidsbustad, nødvendig trafikkareal (avkjørsle, parkering og tilkomstveg til området).

### Avgrensa høyring

Utvidinga av reguleringsplanområdet vert med dette sendt til aktuelle offentlege høyringsinstansar og til naboar til uttale.

Frist for å kome med uttale er sett til **18. februar 2013**.

Ta gjerne kontakt med sakshandsamar om De har behov for ytterlegare informasjon.

Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar

Berit Sandvik Skeide  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer*

Vedlegg:

- Kart som viser utviding av planområdet.

**Fra:** Berit Sandvik Skeide  
**Sendt:** 2. mai 2013 08:58  
**Til:** Oddhild Fausa (oddhild.fausa@ramboll.no)  
**Kopi:** Arkiv; Jarl Martin Møller  
**Emne:** Reguleringsplan for Kvalsund

## REGULERINGSPLAN FOR KVALSUND (saksnr. 2012/267)

Tilbakemelding etter møte med fylket 26.4.2013 og møte med tiltakshavar 30.4.2013.

Herøy kommune hadde møte med Møre og Romsdal fylkeskommune ved Kristian Hole Fløtre og Johny Loen 26.4. 2013. Frå Herøy kommune møtte Jarl Martin Møller og Berit Sandvik Skeide.

### Gjennomgang av moment i møtet:

- Arkeologi. Grunnlaget for tidlegare reiste motsegn i høve til arkeologi er borte. Planomtalen må skildre dette på ein god måte. Kulturavdelinga ved Trond Eilev Linge ønskjer at det vert gjort ei tilføyning til føresegnene. Det skal setjast opp anleggsgjerde i grensa for omsynssone C under arbeidet med garasjeanlegget. Ta kontakt med Trond for nærmere informasjon.
- Utviding av forretningsområdet (B/F). Grunnlaget for tidlegare reiste motsegn er borte, jf. endra plankart (januar 2013). Fylket krev at planomtalen omtalar dette på ein grundig måte.
- Utfylling i sjø. Som Rambøll AS tidlegare har skildra/informert om, har skissa frå Kystverket blitt lagt til grunn for utfyllingsområdet i sjø. Kommunen viste i møtet til at tiltakshavar Karstein Sund, har fått løyve til å fylle i sjøen med tanke på opparbeiding av fjøreområde. Store delar av området er delvis utfylt. Dette vart m.a. illustrert med bilet frå området.

Ok frå fylket.

- Fylkeskommunen ønskjer ei tydeleg drøfting/synleggjering i planomtalen knytt til bruken av strandsona. Sjå dei to planane på Kvalsund i samanheng (naust, fritidshus, småbåtplassar). Argument for valde løysingar.
- Fylkeskommunen gav klart uttrykk for at dei meiner planomtalen, føresegner og plankart er mangelfulle. Det vart vist til brev frå fylkeskommunen av 7.9.2013. Her må det gjerast ein del arbeid.
- Fylkeskommunen gav uttrykk for at dei skeptiske planforslaget med F3 og veg 2. Ein drøfta korleis ein ev. kan utforme dette området på ein betre måte. Prøv å få til ei løysing der F3 får tilkomst via ein grøn korridor. Då kan vegen til naustområdet og fritids-/naustområdet vere privat. I den samanheng må ein også sjå nærmere på tilkomsten til N1 og FT/N2 og utforminga av FT/N2. Løysinga som er vist i planforslaget er uheldig. Det må setjast av meir areal til FT/N2. Både framom og bak bygningane. Det må m.a. vere plass til nødvendig vedlikehald på eigen grunn. Det må også setjast av tilstrekkeleg areal i forkant av nausta (tilkomst med bil). FT/N2 må avgrensast med klar byggjegrense og utnyttingsgrad i høve til det. Sjå vedlagde skisse.
- Naustområde N1 (klausulert naustareal). Må leggjast på omsynssone med tilhøyrande føresegner, som seier noko om at arealet er forbeholdt fiskarar. Kystverket skal godkjenne.

Herøy kommune hadde møte med Karstein Sund 30.4.2013. Dette for å orientere han om møtet med fylket.

### Moment frå møtet med Karstein Sund:

- Karstein ønskjer å vende opninga til badeplassen meir frå sør aust. Dette med bakgrunn i framtredande vindretning sommarstid med finever (frå nord). Ei endring av badeområdet fører med seg endringar i FT/N2.
- Karstein Sund sa seg samd i kommunen sine vurderingar knytt til tilkomst til F3, veg 2 og parkeringsområdet PP1.
- Karstein Sund sa seg også samd i at det må setjast av meir areal til FT/N2 (jf. ovanfor). Karstein Sund gav uttrykk for at han tykkjer friområdet, F3, vert stort nok. Det skal driftast og vedlikehaldast.

### Konklusjon:

- Med bakgrunn i møtet med fylkeskommunen og i samråd med Karstein Sund, har ein kome fram til at det må gjerast ein del endringar og tilføyningar på plankartet, i reguleringsføresegnene og planomtalen før planen kan slutførast. Det vert vist til vedlagde skisse

Ta gjerne kontakt med sakshandsamar eller tiltakshavar om noko er uklart.

**SKISSE TIL UTNYTTING**



Helsing

**BERIT SANDVIK SKEIDE**

Planleggar

7008 1300/ 7008 1382

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

	HERØY KOMMUNE RÄDMANNEN
Reg nr.	Saksbeh. HR
2012/267	
- 7 AUG. 2012	
Ark kode P	
Ark.kode S	
J nr.	Dok nr. 10
Kassasjon	

Herøy kommune.  
Utviklingsavdelinga.  
Postboks 274,  
6099 Fosnavåg

#### F-SAK 232/12. DETALJREGULERINGSPLAN FOR KVALSUND.-

Godtek ikkje tilsendt forslag -DETALJREGULERINGSPLAN FOR KVALSUND.

Deler av min eiendom 4/228, er foreslått utlagt til formål parkering, noe som ikke vil bli godtatt.

Jeg vil ha hele 4/228 omgjort til FT/N1-formål.

P 2 må reduserast sånn at de 3 parkeringsplassene, som er foreslått på 4/228, blir omgjort til FT/N 1 formål, tilsvarende nabo området mot øst.

Notheng som var tilnytta sjøhuset på nordsida, er borte.  
Det er parkeringsplasser for hele 4/228 på nordsida av sjøhuset.

Nerlandsøy, 06.08.2012



Ingolf Kvalsund  
90877252



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

E

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Overingeniør Bjarne Otnes, 71258413

Vår dato  
30.08.2012  
Dykkar dato  
10.07.2012

Vår ref.  
2011/3904/JOEI/421.4  
Dykkar ref.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 <b>HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN</b>	
Reg nr.	Saksbeh.
2012/267	BSS
- 3 SEPT. 2012	
Ark kode P	d/R
Ark kode S	
J.nr.	Dok nr.
Kassasjon	

## **Herøy kommune. Reguleringsplan for Kvalsund. Fråsegn til offentleg ettersyn.**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Natur- og miljøverninteresser**

Fylkesmannen vil rá til at føresegnerne gir tydelegare avgrensingar på storleik og utforming av nausta. Vi vil spesielt peike på grunnflate, loftsvolum og bruk av vindauge. I område N2 gjer det seg gjeldande kulturminneinteresser som forsterkar behovet for tydelege føresegner som kan ligge til grunn for kommunen si byggeskahandsaming.

Fylkesmannen sendte i april 2012 utkast til råd om føresegner om naust i reguleringsplan til kommunane. Vi vil rá til at Herøy kommune legg desse til grunn for føresegnerne i planen.

### **Samfunnstryggleik**

I planomtalen er fare for stormflo kvittert ut med at innvendig golv i rorbuene vil bli liggande over kote +2,6 moh. Dette bør takast inn i føresegnerne i planen. Tilsvarande bør gjerast gjeldande for nye naust.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Bjarne Otnes  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikke signatur.*

### **Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen Region midt



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

E

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Overingeniør Bjarne Otnes, 71258413

Vår dato  
30.08.2012  
Dykkar dato  
10.07.2012

Vår ref.  
2011/3904/JOEI/421.4  
Dykkar ref.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 <b>HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN</b>	
Reg nr.	Saksbeh.
2012/267	BSS
- 3 SEPT. 2012	
Ark kode P	d/R
Ark kode S	
J.nr.	Dok nr.
Kassasjon	

## **Herøy kommune. Reguleringsplan for Kvalsund. Fråsegn til offentleg ettersyn.**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Natur- og miljøverninteresser**

Fylkesmannen vil rá til at føresegnerne gir tydelegare avgrensingar på storleik og utforming av nausta. Vi vil spesielt peike på grunnflate, loftsvolum og bruk av vindauge. I område N2 gjer det seg gjeldande kulturminneinteresser som forsterkar behovet for tydelege føresegner som kan ligge til grunn for kommunen si byggeskahandsaming.

Fylkesmannen sendte i april 2012 utkast til råd om føresegner om naust i reguleringsplan til kommunane. Vi vil rá til at Herøy kommune legg desse til grunn for føresegnerne i planen.

### **Samfunnstryggleik**

I planomtalen er fare for stormflo kvittert ut med at innvendig golv i rorbuene vil bli liggande over kote +2,6 moh. Dette bør takast inn i føresegnerne i planen. Tilsvarande bør gjerast gjeldande for nye naust.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Bjarne Otnes  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikke signatur.*

### **Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen Region midt



Assisterande rådmann

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/586
		Arkiv:	205

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
195/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### GRUNNAVTLAR NYTT BUSTADFELT MOLTUSTRANDA.

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret godkjenner grunnavtalar, jfr vedlegg, med fylgjande grunneigarar med sikte på nytt bustadfelt på Moltustranda
  - eigar av gnr. 60, bnr 35
  - eigar av gnr. 60, bnr. 54
  - eigar av gnr. 60, bnr. 74
  - eigar av gnr. 60, bnr 25 og 75
2. Kjøpesummen vert dekt over tomtefondet.

#### Særutskrift:

- Endre Moltu Grønnhaug
- Gunnar Moltumyr
- Ørjan Lillestøl
- Øyvind Moltumyr
- Assisterande rådmann
- Utviklingsavdelinga
- Egedomsavdelinga
- Økonomiavdelinga

**Vedlegg:**

- Avtale med eigar av gnr. 60, bnr 35
- Avtale med eigar av gnr. 60, bnr. 54
- Avtale med eigar av gnr. 60, bnr. 74
- Avtale med eigar av gnr. 60, bnr 25 og 75
- Kart som viser dei aktuelle areala

**Saksopplysningar:**

I F-sak 144/13 den 20.08.13 vart det gjort slikt vedtak:

*«1. Formannskapet ber administrasjonen om å arbeide vidare med områda markert som parsell 4,5 og 6 med sikte på etablering av nytt bustadfelt på Moltustranda.*

...

*3. Formannskapet ber om tilbakemelding på resultatet av forhandlingane innan 05.11.2013. »*

På grunnlag av dette oppdraget har det vore ført forhandlingar om grunnkjøp med eigarane av dei aktuelle parsellane. Utgangspunktet for forhandlingane har vore takst utført av Per Mulvik AS v/ Ottar M. Skare. Ein parsell vart taksert til 80 kr pr m<sup>2</sup>, dei andre parsellane til 70 kr pr m<sup>2</sup>. Kommunen sitt første tilbod var å innløyse dei aktuelle parsellane til takstverdi. Grunneigarane godtok ikkje dette tilboden.

Etter kontakt med partane, fekk grunneigarne eit nytt likt tilbod om kr 92 pr m<sup>2</sup> for parsellane. Grunneigarane har godteke dette tilbodenet, jfr vedlegg.

Det samla arealet som avtalane omfattar utgjer ca. 25.500 m<sup>2</sup>. Innløysingssummet er ca 2,4 mill. kr.

**Vurdering og konklusjon:**

Dei framforhandla avtalane medfører at kommunen tilbyr grunneigarane ein pris som ligg over takstverdien. Rådmannen har lagt til grunn at det er viktig å legge til rette for bustadbygging på Moltustranda. Etter ei samla vurdering vil eg rå til at avtalane vert godkjende.

Eg rår til at kjøpesummen vert dekt over tomtefondet.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Ingen konsekvens.

**Konsekvensar for beredskap:**

Ingen konsekvens.

**Konsekvensar for drift:**

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 17.10.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

**AVTALE**  
Om  
Grunnkjøp/innløysing av eideom  
mellom  
Herøy kommune (kjøpar)  
og eigar av gnr. 60, bnr. 35 (seljar)

1. Seljar sel og overdreg til kjøpar slikt areal som er avmerka på vedlagde kartutsnitt datert 23.09.2013. Nøyaktige grenser for arealet vert avtalt mellom kjøpar og seljar ved utstikking i marka.
2. Kjøpesummen skal vere kr 92 pr. m<sup>2</sup>.
3. Kjøpar kan ta arealet i bruk straks og det skal betalast 4 % rente frå grunnen vert teken i bruk til utbetaling skjer.
4. Kjøpar vert ved avtalen gjeven rett og plikt til å søkje avtaleareala frådelte og klargjorde for overskøyting. Kjøpar dekkjer alle kostnader i samband med eideomsoverføringa.
5. Kjøpesummen forfell til kontant oppgjer mot skøyte klar for heftefri tinglysing. Den eksakte kjøpesummen vil følgje av storleiken på det arealet som no skal delast frå og seljast.

Fosnavåg 1. oktober 2013

Eiere av gnr. 60, bnr. 35:



Endre Moltu Grønnhaug

Herøy kommune



Ann-Elisabeth Grønnhaug

	HERØY KOMMUNE
	RÄDMANNEN
Reg.nr.	Saksbeh.
2012/ 586	ØMK
- 3 OKT. 2013	
Ark.kode P	L12
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	9

Grunnkjøp Holtn

**AVTALE**  
Om  
Grunnkjøp/innløysing av eigedom  
mellan  
Herøy kommune (kjøpar)  
og eigar av gnr. 60, bnr. 54 (seljar)

1. Seljar sel og overdreg til kjøpar slikt areal som er avmerka på vedlagde kartutsnitt datert 23.09.2013. Nøyaktige grenser for arealet vert avtalt mellom kjøpar og seljar ved utstikking i marka.
2. Kjøpesummen skal vere kr 92 pr. m<sup>2</sup>.
3. Kjøpar kan ta arealet i bruk straks og det skal betalast 4 % rente frå grunnen vert teken i bruk til utbetaling skjer.
4. Kjøpar vert ved avtalen gjeven rett og plikt til å søkje avtaleareala frådelte og klargjorde for overskøyting. Kjøpar dekkjer alle kostnader i samband med eigedomsoverføringa.
5. Kjøpesummen forfell til kontant oppgjer mot skøyte klar for heftefri tinglysing. Den eksakte kjøpesummen vil følgje av storleiken på det arealet som no skal delast frå og seljast.

Fosnavåg .....2013

Herøy kommune

ORDFØRER

	HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN
Reg.nr. <u>2013/586</u>	Saksbeh. <u>QJK</u>
15 OKT. 2013	
Ark.kode P <u>205</u>	
Ark.kode S	
J nr.	Dok.nr. <u>7</u>
Kassasjon	

Eigar av gnr. 60, bnr. 54  
*Gunnar Moltemyr*

Gunnar Moltemyr

- AVTALE**  
Om  
Grunnkjøp/innløysing av eideom  
mellan  
Herøy kommune (kjøpar)  
og eigar av gnr. 60 , bnr. 74 (seljar)
1. Seljar sel og overdreg til kjøpar slikt areal som er avmerka på vedlagde kartutsnitt datert 23.09.2013. Nøyaktige grenser for arealet vert avtalt mellom kjøpar og seljar ved utstikking i marka.
  2. Kjøpesummen skal vere kr 92 pr. m<sup>2</sup>.
  3. Kjøpar kan ta arealet i bruk straks og det skal betalast 4 % rente frå grunnen vert teken i bruk til utbetaling skjer.
  4. Kjøpar vert ved avtalen gjeven rett og plikt til å søkje avtaleareala frådelte og klargjorde for overskøyting. Kjøpar dekkjer alle kostnader i samband med eideomsoverføringa.
  5. Kjøpesummen forfell til kontant oppgjer mot skøyte klar for heftefri tinglysing. Den eksakte kjøpesummen vil følgje av storleiken på det arealet som no skal delast frå og seljast.

Fosnavåg 14/10.....2013

Herøy kommune

Eigar av gnr. 60 bnr. 74

Kathrin Lillestøl  
Stan Lillestøl  
Dyam Lillestøl

ORDFØRER

HERØY KOMMUNE	RADMANNEN
Reg.nr. 2013/586	Sakstid 0JK
15 OKT. 2013	
Ark.kode P 205	
Ark.kode S	Dok.nr. 5
J nr.	
Kassasjon	

## AVTALE

Om  
Grunnkjøp/innløysing av eigedom  
mellan  
Herøy kommune (kjøpar)  
og eigar av bnr. 60, bnr. 25 og 75 (seljar)

1. Seljar sel og overdreg til kjøpar slikt areal som er avmerka på vedlagde kartutsnitt datert 23.09.2013. Nøyaktige grenser for arealet vert avtalt mellom kjøpar og seljar ved utstikking i marka.
2. Kjøpesummen skal vere kr 92 pr. m<sup>2</sup>.
3. Kjøpar kan ta arealet i bruk straks og det skal betalast 4 % rente frå grunnen vert teken i bruk til utbetaling skjer.
4. Kjøpar vert ved avtalen gjeven rett og plikt til å søkje avtaleareala frådelte og klargjorde for overskøyting. Kjøpar dekkjer alle kostnader i samband med eigedomsoverføringa.
5. Kjøpesummen forfell til kontant oppgjer mot skøyte klar for heftefri tinglysing. Den eksakte kjøpesummen vil følgje av storleiken på det arealet som no skal delast frå og seljast.

Fosnavåg .....2013

Herøy kommune

Ordføraren


HERØY KOMMUNE RÄDMANNEN	
Reg.nr.	2013/586
Saksbeh.	OK
15 OKT. 2013	
Ark kode P	205
Årkode S	
Jahr	Dok nr. 6
Kassasjon	

Eigar av gnr. 60, bnr. 25 og 75

Kari-Lise Driveklepp  
Kari Lise Driveklepp

Levald P. Moltumyr  
Levald P. Moltumyr

Øyvind Moltumyr  
Øyvind Moltumyr





Økonomiavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2012/1122
		Arkiv:	204

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
196/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### SØKNAD OM PANTEFRÅFALL. STIFTINGA KYRKJELYDSHUSE FOR LEIKANGER SOKN.

#### Tilråding frå rådmannen:

Pantefråfall vert innvilga som omsøkt.

#### Særutskrift:

- Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn v/ Jon Arne Sødskar, 6080 Gurskøy
- Økonomiavdelinga, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Vest kontrollutvalssekretariat

## **Vedlegg:**

- Brev fra Kyrkjelydshus for Leikanger sokn datert 13.05.2013
- Verdivurdering/takstar som gjeld tomt, 1. etasje og 2 etasje (separat)
- Budsjett (i ulike alternativ)
- Rekneskap og årsmelding for 2012

## **Saksopplysningar:**

I eit brev datert 13.05.2013 søker stiftinga «Kyrkjelydshus for Leikanger sokn» om at Herøy kommune kan vere villige til å slette sitt pant i eigedomen Gnr 76 Bnr 23 i samband med ei planlagd seksjonering av eigedomen (for den utseksjonerte delen).

I K-sak 112/2012 søkte styret om at det rente- og avdragsfrie lånet som hefta på eigedomen vart sletta, noko kommunestyret avviste.

## **Litt historikk**

Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn vart stifta i andre halvdel av 1990 talet og i 1998 overtok dei administrasjonslokala frå Sunnmøre Energi AS. Prisen var kr 1.300.000,- og Herøy kommune ytte eit rente- og avdragsfritt lån til stiftinga i samband med kjøpet. Som trygd for lånet vart det tinglyst ein pantobligasjon i eigedomen den 18.09.1998.

I 2003 tok stiftinga opp eit nytt lån. Denne gong i Opplysningsvesenets Fond. Lånesummen var kr 600.000,- og vart nytta til ei oppgradering av eigedomen. Det meste av dette vart nytta til møtefasilitetar i byggets første etasje. Herøy kommune veik prioritet for den nye pantobligasjonen til Opplysningsvesets fond og har no såleis 2. prioritets pant.

Byggets andre etasje har tidlegare blitt leigd ut til næringsføremål (kontor), men etter at leigetakar flytta ut har inntektene til Stiftinga blitt monaleg redusert. I det siste har delar av 2 etasje blitt leigd ut og gitt stiftinga litt inntekter. Dei siste 2 åra har samla leigeinntekter utgjort i overkant av kr 110.000,-.

## **Om seksjoneringa**

I 2012 søte stiftinga om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på å få omdisponert 2. etasje i bygget til bustadføremål.

Maritimt og teknisk utval handsama saka i møte 12.06.2012 og gjorde slikt vedtak:

«maritimt og teknisk utval vedtek at det vert gjeve dispensasjon får arealformålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100 metersbeltet i strandsona, jfr PBL §§19-2 og 1-8 med sikte på å omdisponere 2 etasje i eksisterande kyrkjelydshus på gnr 76 bnr 23 på Leikong frå kontor til bustadføremål».

Arealet i 2. etasje er på 293 bta (kvm). Marknadsverdien for byggets 2 etasje er sett til kr 825.000,- og anbefalt låneverdi er sett til kr 700.000,- iflg takst datert 17.01.2013.

Når det gjeld den gjenverande delen av eigedomen er marknadsverdien for 1. etasje sett til 1,3 mill kr etter ei verdivurdering utført i mai 2013.

I tillegg vurderer takstmannen at tomteverdien (1080 kvm) er på om lag 486.000,- ut frå ein kvadratmeterpris på kr 450,-. Dersom ein tek ei vidare utfylling i sjø vil tomteverdien auke lenger då det her er snakk om ytterlegare 1450 kvm.

## Vurderingar

Salssummen, som ein voner vil utgjere mellom kr 700.000,- og kr 850.000,-, ynskjer stiftinga å nytte til å innfri lånet i Opplysningsvesenets Fond (om lag kr 110.000,-), samt til betaling av 2 stk takstar på eigedomen (kr 24.000,-), til istandsetjing av deler av 1. etasje (det ein ikkje har sett i stand tidlegare), investering i varmepumpeteknologi og evt restsum som buffer på konto for kunne ta påkommende vedlikehald.

Det å ha eit rente- og avdragsfritt lån vil for mottakar vere eit gode, men for utlånar noko ein ikkje så lett blir kvitt.

I flg vedlagde takstar vil verdien av 1 etasje samt tomta/tomtene vere høgare enn det noverande rente- og avdragsfrie lånet i Herøy kommune. Skal Herøy kommune godkjenne evt pantefråfall frå utskild(e) parsellar har kommunen høve til å stille vilkår om nedbetaling av lånet. Her kan ein t.d. gi avdragsfreiheit i ytterlegare 5 år for deretter å krevje innbetaling av årlege avdrag på t.d. mellom kr 20.000,- og kr 40.000,-. Problemet er imidlertid at stiftinga ikkje har inntekter som gir rom for slike innbetalingar om ein ser på dei prognosane som ligg ved.

Konsekvensen ved ikkje å godkjenne pantefråfallet kan vere at stiftinga vert lagt ned og at kommunen såleis får eit nytt bygg å forhalde seg til.

### Konsekvensar for folkehelse:

Trivel i eit bygdelag vil alltid opplevast som helsebringande.

### Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvensar slik ein ser det på kort sikt.

### Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvensar for drifta

### Konsekvensar for økonomien

Ingen konsekvensar for økonomien

Fosnavåg, 31.05.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Geir Egil Olsen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Kyrkjelydshus for Leikanger sokn  
v/Jon Arne Rødskar  
6080 Gurskøy

13.05.13

Kyrkjelydshus for Leikanger sokn, til dagleg Leikanger Kyrkjelydshus, er eit hus som er eigd av ei stifting.

Huset, som er det tidlegare administrasjonsbygget til Sunnmøre Energi, ligg sentralt i Leikongbygda i gangavstand frå kyrkja. Nærheit til sjøen med ei mulig framtidig småbåthamn gjer slik vi ser det bygget endå meir attraktivt.

Huset har nye forsamlingslokale og møterom i første etasje. I tilknytning til møtesal er der eit godt utstyrt, moderne kjøken med kjølerom og alle fasilitetar.

Bygda har i kyrkjelydshuset fått eit flott lokale til både private selskap som konfirmasjonar, barnedåp, barneselskap og minnesamvær. Dessutan blir lokalet brukt til kristen verksemd som musikkafé, møte, kyrkjekaffi m.m.

Andre etasje har kontorinnreiing frå den tida Sunnmøre Energi åtte bygget.

Tankane for huset var i utgangspunktet at heile bygget kunne nyttast som kyrkjelydshus, men økonomien gjorde at det raskt blei klart at andre etasje måtte leigast ut for å skaffe inntekter.

Første åra var der bra utleige, men etter kvart blei det mindre.

Siste åra har Møre Bygg Service leidt om lag ein tredjedel av lokala oppe, men leigeavtalen er oppsagt av leigetakar frå april d.å.

Det har generelt gjennom dei åra kyrkjelydshuset har eksistert vore vanskeleg å få leigetakarar. At området er lite attraktivt i forhold til Ulsteinvik må vi berre erkjenne.

Konkurransen har ikkje blitt mindre siste året heller i og med at kommunen har kasta seg inn i marknaden med Fristadbygget.

Eit forslag om å selje ut andre høgda for utbygging til 3 eller 4 seniorbustader har vore arbeidd med dei siste tre åra. Vedtekten er endra og kommunen har gitt dispensasjon få arealplanen. Organiseringa er tenkt som eit sameige.

Då stiftinga overtok bygget frå Sunnmøre Energi gav Herøy kommune stiftinga eit rente og avdragsfritt pantelån på kr 1.300.000,-

Om det no blir eit sal av andre høgda vil det vere trong for at kommunen fråfell pantekravet på den delen av bygget. Som tala lenger nede i dokumentet viser er der ikkje rom for å gå inn på nokon slags form for tilbakebetaling av lånet.

Styret for stiftinga vil hevde at lokala i første etasje og anna tomtareal i stiftinga si eige har ein verdi som er høgare enn dei 1,3 million som pantelånet er på og vil fyljeleg vere sikkeheit god nok. Viser til verdivurdering frå takstmann og eigen vurdering av tomteverdi som dokumenterer dette. (Sjå vedlegg)

Då ideen om eit sal blei lansert blei det i stor grad fokusert på hindringane som måtte overvinna som å få godkjenning frå stiftelsestilsynet og få dispensasjon fra arealplanen. Å gå frå å betale renter og avdrag på eit lån på 190.000 til å få 700.000 på bok verka å løyse alle problem.

Ved lanseringa av ideen blei ikkje rekneskapstal og prognosar presentert. Dei rekneskapstal som styret har fått presentert i samband med årsrekneskap har heller ikkje gitt eit godt bilde av inntekts sida i og med at alle husleigeinntekter har blitt ført på ein konto.

Ved splitting av denne kontoen ser vi at situasjonen er meir alvorleg enn vi trudde.

Å beholde bygget utan leigeinntekter på kontor og utan å skjære til beinet på utgiftssida er utenkjeleg.

For å få balanse i rekneskapsprognosene ved bortfall av leiginntekt har vi lagt inn følgende, og dette er optimistiske tal:

1. Det må årleg arrangerast inntektsgivane arrangement som basar eller lignande. Inntekt 25.000. Det trengs då helst to arrangement.
2. Ei nedskriving av bygget i samband med sal reduserer avskrivningane frå årleg 37.000 til 25.000
3. Strauforbruk i andre etasje fell bort og forbruk i første etasje redusert ved hjelp av varmepumpe. Kr 40.000 redusert til kr 10.000
4. Rekneskapsføring blir teke av styremedlem eller helst på dugnad av annan rekneskapskunnig person. Besparelse kr 17.000
5. Reduksjon i forsikring kr 3.000,-
6. Store deler av salssummen blir ståande på konto og gir ei renteinntekt på 20.000
7. I denne prognosene er det lagt inn eit årleg vedlikehold på kr 12.000 noko som er under det halve av avskrivningane.
8. Vi ser for oss at leigetakstane må aukast, men har ikkje våga å budsjetttere med auka inntekt. Det faktum at ein enkelt leigetakar av møteroma stod for 15.100 av totalt 35.600 i 2012 viser at det er svært sårbart.

Ut frå det vi her har presentert vonar vi at Herøy Kommune ser at ei tilbakebetaling av lånet mykje sannsynleg vil bety kroken på døra for Leikanger Kyrkjelydshus.

#### 5 Vedlegg


1. Historiske rekneskapstal og prognosar for framtidige inntekter og utgifter.
2. Takst andre etasje frå Uno Lundberg.
3. Verdivurdering av første etasje frå Uno Lundberg.
4. Eigen verdivurdering av tomteareal.
5. E-post frå Uno Lundberg ang. verdivurdering av tomteareal.

For styret

Jon Arne Rødskar



## Verdivurdering, gjeld førsteetasjen



### Eiendomsinformasjon

**Adresse**

Leikong

**Matrikkel**

6080 GURSKØY

Gnr      Bnr      Snr      Fnr

76      23

**Kommune**

1515 HERØY (M.R.)

**Rapportdato**

10.05.2013

**Befaringsdato**

26.04.2013



Ønsker du å sjekke rapportens gyldighet?  
Skann QR-koden med din mobiltelefon, eller  
besøk <http://takstverifisering.nito.no>

**Rapportansvarlig**  
**Uno Lundberg AS**

Lundberg, Uno  
Kyrkjegata 13  
6100 VOLDA

Tlf.: 70077700



## Verdivurdering, gjeld førsteetasjen

### Næringsbygg, verdivurdering av førsteetasjen

Adresse Leikong, 6080 GURSKØY

Matrikkel 1515/76/23 Heimel: KYRKJELYDSHUS FOR LEIKANGER SOKN

Tilstades Jon Arne Rødkar

Synfaring 26.04.2013

Skildring Kyrkjelydshus / næringsbygg frå 1963 i to høgder. Verdivurderinga omfattar førsteetasjen av bygget. Mur / betongbygg med støypt etasjeskilje. Ringmur av betong, plater på mark med belegg. Plateveggar og brystpanel, strie, måling og tapet. Kassetthimilinga med skjult kanalføring for ventilasjon. Stenderverk, platerveggar, nokre prefabrikerte veggar i sanitærrom. Nytt kjøkken og kjølerom med våtromsplater på vegg. Opplyst nytt elektrisk anlegg. Påkosta vvs anlegg. Vassboren varme i golv.

#### Areal

1.etg 301m<sup>2</sup>BRA Gang, møterom, møtesal, sanitærrom, vaskerom, kjøkken, kjølerom, lager.

#### Tomt

Storlek 632m<sup>2</sup>

Skildring 76/23 har areal 1264,5m<sup>2</sup>, her er det medteke halve arealet. Tomta er dels asfaltert med etablerte parkeringsplassar, like ved fylkesvegen. Vatn frå privat vassverk og avløp til sjøførende leidning. Kommunale avgifter for slamtøming. Noko trafikkstøy. Fri og fin utsikt frå førsteetasjen utover fjorden.

### Marknadsverdi kr 1 300 000

Dette er ei verdivurdering og ikkje ein takst. Verdien er sett på grunnlag av synfaring og gjevne opplysinger. Atterhald om at opplysinger som ikkje er kjende kan virke inn på verdien av eigedomen. Heimel kontrollert. Grunnboksblad, kommunale opplysinger, likningsverdi eller opplysinger om eventuelle pålegg frå elverk er ikkje kontrollert.

### Underskrifter

Sted og dato  
Volda, 10.05.2013

Takstingeniør

*Uno Lundberg.*

Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn  
G. nr 76 B. nr 23  
G. nr 76 B. nr 73

### **Verdivurdering av tomteareal**

Vi har vurdert verdi på areal utanfor tomt taksert og verdivurdert av takstmann Uno Lundberg.

Tomteareal brukt i takst for 2. etasje og verdivurdering for 1. etasje er det gule området i både fig. 1 og fig.2


For å kunne gi eit heilheitleg inntrykk av verdiane i eigedomen har vi ved hjelp av summørskart beregna arealet på den utfyltte parkeringsplassen og på parsellen med Br. Nr 73

Det er foreteke ei beregning av det no nyttabare landareal vist i fig. 1

Her er arealet i størrelsesordenen  $1080 \text{ m}^2$

Dersom vi legg Uno Lundberg sine tal til grunn med kr 450,- pr kvadratmeter gir det ein verdi på kr 486.000,-

Fig 1




På fig. 2 har vi i tillegg til arealet i fig. 1 teke med arealet på fyllinga til parkeringsplassen og ei tenkt vidare utfylling av tilstøytande Br. Nr. 73

Dette arealet er på om lag  $1450\text{ m}^2$  noko som vil gi ein verdi på kr 652.500,-

Om der et rom for ei ytterlegare utfylling og dermed endå høgare verdi er ikkje vi dei rette til å vurdere

Fig 2



Ved eit mogleg sal av andre etasje er det , med ei samanslåing av begge bruka og ei ny frådeling, tenkt å holde dette området utanfor sameiget slik at stiftinga har full råderett over det.

For styret for stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn  
Jon Arne Rødskar – Leiar

*Jon Arne Rødskar*




**NITO Takst**  
- tryggere bolighandel

**Uno Lundberg AS**

RAPPORTANSVARLIG:

Uno Lundberg AS  
Uno Lundberg  
Kyrkjegata 13, 6100 VOLDA  
Tlf: 70077700  
E-post: uno@lundberg.no

**VERDI- OG LÅNETAKST  
NÆRINGSEIENDOM**



Adresse  
Matrikkelnr.  
Kommune  
Hjemmelshaver(e)  
Dato for befaring

Leikong, 6080 GURSKØY  
Gnr. 76 Bnr. 23  
HERØY  
KYRKJELYDSHUS FOR LEIKANGER SOKN  
20.12.2012

Markedsverdi:  
Anbefalt låneverdi:

kr 825 000  
kr 700 000



Ønsker du å sjekke rapportens gyldighet?  
Skann QR-koden med din mobiltelefon, eller  
besøk <http://takstverifisering.nito.no>



### Eiendomsbetegnelse, hjemmelshaver m.m.

Adresse Leikong	Gnr. 76	Bnr. 23	Snr.	Fnr.
Postnr. Poststed 6080 GURSKØY	Kommune HERØY		Område/bydel Leikong	
<b>Rekvirent</b>				
KYRKJELYDSHUS FOR LEIKANGER SOKN				
<b>Hjemmelshaver(e)</b> KYRKJELYDSHUS FOR LEIKANGER SOKN				
<b>Tilstede / opplysninger gitt av</b> Jon Arne Rødkar		<b>Besiktigelsesdato</b> 20.12.2012		
<b>Dokumenter fremlagt ved besiktelsen</b> Forsikringsinformasjon.				

### Sammendrag

Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn på Leikong i Herøy arbeider med å få skilje ut andre høgda i bygget sitt for salg, og interessert kjøpar vil bygge om til eldrebustader. Denne næringstaksten gjeld for andreetasjen.

Det er innvilga dispensasjon i MTK –sak 35 frå arealføremålet i kommuneplanen og eigar opplyser stiftelsestilsynet har godkjent vedtektsendringar som moglegger eit sal. Det er innvilga dispensasjon for bruksendring, men saka er ikkje handsama etter reglane i pbl § 20-1, og bruksendringa må også handsamast som ei bygesak.

### Premisser - Generelle opplysninger

Eigedomen er synfart utvendig og innvendig, og yttertekke på tak er synfart frå bakkenivå.

### Områdebeskrivelse - Beliggenhet - Miljø

Sentrum av Leikong, like ved Fylkesvegen. Fri og fin utsikt mot sjøsida.

### Reguleringsmessige forhold

Eigedomen ligg i område avsett til formål forretning / kontor i gjeldande kommuneplan. Det er innvilga dispensasjon i MTK –sak 35 frå arealføremålet i kommuneplanen frå kontor til bustadformål.

### Eiendommens tomt

Tomteareal (m <sup>2</sup> ) 1264,5	Type tomt <input type="radio"/> Festet <input checked="" type="radio"/> Eiet	Festetidens utløpsår	Årlig festeavgift
--	---	----------------------	-------------------

#### Kommentarer vedrørende festekontrakt

#### Tomtens beskaffenhet

Tomta dels asfaltert trafikkareal med etablerte parkeringsplassar. Like ved fylkesvegen. Vatn privat. Opplyst avløp til sjøførande leidning. Kommunale avgifter for slamtøming.



### Eiendommens bygninger

Type bygg A Næringsbygg	Byggår 1963	Rehab. - ombygd år
Likningstakst ---	Kjøpsår 1998	Kjøpesum / kostpris 1 300 000
Forsikringsselskap Møretrygd	Polisenummer 39361	Type forsikring Fullverdi

### Bygningsmessig beskrivelse; Bygg A - Næringsbygg

#### Beskrivelse

Dette gjeld andreetasjen:

Mur / betongbygg med støypt etasjeskilje. Isolerglas i trekarmar. Lettveggar med gips for oppdeling til cellekontor. Belegg på golv. Måla betong i himlingar. Mur bærevegg. Trepanel i del av gang i himling. Murt arkivrom. Standard vvs og elektrisk anlegg. Nyare ventilasjonsanlegg. Taktekke av skifer på svakt takfall.

### Generelle kommentarer

#### Bygningens standard pr. dato

○0	○1	○2	○3	○4	○5	○6	○7	○8
----	----	----	----	----	----	----	----	----

#### Vedlikehold, vedlikeholdskontrakter ol.

Normalt godt vedlikehald.

#### Eiendommens potensial

Tilkomst til 2.etg i dag via større inngangsparti/trappeløysing.

### Bygningenes arealdisponering

Arealene i denne rapporten måles etter gjeldene regler i NS 3940:2007

Avvik fra NS 3940:2007

#### Målverdighet

En del er målverdig først når den har gulv. Dog er trappeåpninger, heissjakter, vertikale sjakter og konstruksjoner måleverdig selv om de ikke har gulv. Større åpninger en disse regnes ikke med, men hvis trapp inngår i åpningen, regnes trappens horizontalprosjektjon med i arealene.

#### Bruksenhet

Bruttoareal av en bruksenhet begrenses av bruksenhetens omsluttende veggger. Der omsluttende veggger vender mot andre bruksenheter, eller mot fellesarealer, måles til midt i vegg. Der omsluttende veggger er en del av yttervegg, måles til ytterveggens utside. Bruksareal av en bruksenhet måles til innsiden av bruksenhetens omsluttende veggger.

Bygg	Et. plan	BTA (m <sup>2</sup> )	BRA (m <sup>2</sup> )	Planlösning (BTA = Bruttoareal, BRA = Bruksareal)
2.etasjen		293	0	Gang, kontor,lager,wc.
Delsum bygg 2.etasjen		293	0	
	SUM	293	0	

#### Kommentarer til planlösningen

2.etg er i dag nytta til kontorer for utleie.

### Areal og leier

Bygg	Et. plan	Utleid (m <sup>2</sup> )	Leieinntekt / år	Ledig (m <sup>2</sup> ) BTA	Eget bruk (m <sup>2</sup> ) BTA	BTA (m <sup>2</sup> )	Markedsleie kr/m <sup>2</sup>	Sum markedsleie
2. etasje	2.etg	0	0	0	0	293	350	102550
	<b>SUM</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>293</b>		<b>102550</b>

Andre leieinntekter 0

Andre leieinntekter 0

A Sum leieinntekter 0

B Sum normal markedsleie 102 550

### Kommentarer til leiekontrakt(er)

Berekna ledig på salstidspunktet.

### Kommentar til ledige utleiearealer

Lokale i 2.etg med cellekontor. Markedet for utleige er ikke det beste i området.

### Spesielle forhold

Konsesjonsplikt <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	Forkjøpsrett <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	Ledig (m <sup>2</sup> )
Evt. kommentarer		

### Kommentarer til Grunnboksbladet

Utskrift av grunnboka ligg ved. Tinglyste avtalar er bestilt men ikke mottatt.

### Teknisk verdiberegning; bygninger og tomt

Beregnehde byggekostnader, Hovedbygg A			3 955 500
- Verdireduksjon	- Hovedbygg A	30	1 186 650
Beregnehde byggekostnader etter fradrag			= 2 768 850
Samlet sum beregnede byggekostnader			= 2 768 850
+ Tomteverdi, justert for verdifaktor			+ 284 400
Sum beregnet teknisk verdi; bygninger og tomt			= 3 053 250

### Kommentar til teknisk verdiberegning

Samla tomteareal er 1264 m<sup>2</sup>.

I teknisk verdivurdering er det medteke halve tomtearealet ca 632 m<sup>2</sup>.



### Verdianalyse

Kostnader	A Faktisk leie	0	B Markedsleie	102 550
Offentlige avgifter	1 160		1 160	
Eiendomsskatt	0		0	
Forsikringer	14 026		14 026	
Vedlikehold / adm	5 000		5 000	
	0		0	
	0		0	
Inntektsfradrag		20 186		20 186
	Normal leieinntekt A	-20 186	Normal leieinntekt B	82 364
	-Tap ved ledighet	10 255	-Tap ved ledighet	10 255
	NETTO LEIE	-30 441	NETTO LEIE	72 109
<b>Begrunnelse for valg av kapitaliseringsrenten / netto avkastningskrav</b>				
Kapitalisert verdi	A ut fra 8.75 % avkastn.	-348 000	B ut fra 8.75 % avkastn.	824 000
<b>Kommentar angående inntekter, kostnader og ledighet</b>				

### Markedsanalyse - Kommentar til verdikonklusjon

Ledig på salstidspunktet.

### Verdikonklusjon

Oppdragsgiver må kontrollere dette dokument for eventuelle feil og mangler før det benyttes!  
Ut fra visuell befaring og innhente opplysninger settes:

**Markedsverdi: kr 825 000**

**Anbefalt låneverdi: kr 700 000**

### Underskrifter

Sted og dato

Takstingeniør

Volda 17.01.2013

Uno Lundberg.

### Dokumentkontroll

Kart fra Sunnmørskart, utskrift av grunnboka, tinglyste avtalar, informasjon frå kommunen.



Rekneskap snitt 2010 - 2012		Prognose 1		Prognose 2	
		2015		2015	
Leigeinntekt kontor	kr 78 480,00				
Leigeinntekt møtelokale	kr 34 846,67	Inntektsgivande arrangement	kr 25 000,00	Inntektsgivande arrangement	kr 15 000,00
Total leigeinntekt	kr 113 326,67	Leigeinntekt møtelokale	kr 33 500,00	Leigeinntekt møtelokale	kr 33 500,00
Andre inntekter	kr 16 252,33	Gåver / offer m.m.	kr 3 000,00	Gåver / offer m.m.	kr 3 000,00
	kr 129 579,00		kr 61 500,00		kr 51 500,00
<b>Utgifter</b>					
Lønskostnad	kr 3 216,67	<b>Utgifter</b>		<b>Utgifter</b>	
Avskrivning	kr 37 000,00	Lønskostnad	kr 10 000,00	Lønskostnad	kr 10 000,00
Straum	kr 41 288,33	Straum	kr 10 000,00	Straum	kr 20 000,00
Reinhold renovasjon	kr 4 789,33	Reinhold renovasjon	kr 3 500,00	Reinhold renovasjon	kr 3 500,00
Rekneskap og revisjon	kr 19 421,00	Rekneskap og revisjon	kr 3 000,00	Rekneskap og revisjon	kr 16 000,00
Vedlikehold	kr 21 940,00	Vedlikehold	kr 12 000,00	Vedlikehold	kr 12 000,00
Forsikring	kr 13 442,00	Forsikring	kr 10 000,00	Forsikring	kr 10 000,00
Sum spesifiserte	kr 100 880,67	Sum spesifiserte	kr 38 500,00	Sum spesifiserte	kr 61 500,00
Andre utgifter	kr 12 478,67	Andre utgifter	kr 8 000,00	Andre utgifter	kr 8 000,00
Sum annen driftskostnad	kr 113 359,33	Sum annen driftskostnad	kr 46 500,00	Sum annen driftskostnad	kr 69 500,00
Driftsresultat	-kr 16 683,67	Driftsresultat	-kr 20 000,00	Driftsresultat	-kr 53 000,00
Renteinntekt	kr 982,00	Renteinntekt	kr 20 000,00	Renteinntekt	kr 20 000,00
Renteutgift	kr 3 688,00	Renteutgift		Renteutgift	
Årsresultat	-kr 19 389,67	Årsresultat	kr 0,00	Årsresultat	-kr 33 000,00

13.05.2013

*Yon-Jane Reckbar*



**ÅRSOPPGJØRSRAPPORT**

Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn

2012

Årsmelding  
Revisjonsmelding

Resultatregnskap  
Balanse  
Noter

Styret for Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn har frå 10. mai 2012 vore samansett slik:

Leiar: Jon Arne Rødskar

Nestleiar: Unni Abrahamsen

Kasserer: Solveig Nordberg Båtsvik

Styremedlem og uteigekoordinator: Ingbjørn Husøy

Soknerådet sin representant er May Flisen Dimmen


1. varamedlem: Elin Torvholm


2. varamedlem: Elisabeth Tandberg


3. varamedlem: Ingrid Måloy


Takk til alle som støttar Kyrkjelydshuset i bøn og med gaver til huset.

For Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn:

  
Jon Arne Rødskar

  
Unni Abrahamsen  
Unni Abrahamsen

  
Solveig Nordberg Båtsvik  
Solveig Nordberg Båtsvik

  
May Flisen Dimmen  
May Flisen Dimmen

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

## Uttalelser om andre forhold


Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av legatet sine rekneskapsopplysningars i samsvar med lov og god rekneskapskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

## Konklusjon

Etter vår mening er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til stiftinga kyrkjelydshus for Leikanger sokn pr 31. desember 2012, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapskikk.

Larsnes 24/2-2013

  
Halldis Moltu

Reg. revisor

## Balanse

	Note	2012	2011
<b>Eiendeler</b>			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Kyrkjelydshus	2	1 410 400	1 447 400
Sum varige driftsmidler		1 410 400	1 447 400
Sum anleggsmidler		1 410 400	1 447 400
Omlopmidler			
Kundefordringer		4 300	10 500
Andre fordringer		14 627	0
Sum fordringer		18 927	10 500
Bankinnskudd,kontanter o.l.		62 133	85 008
Sum omlopmidler		81 060	95 508
Sum eiendeler		1 491 460	1 542 908

# Noter til årsregnskapet 2012

Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn

## NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapskikk for små foretak. Omlopmidler er verdsatt til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi, tilsvarende vurderingsprinsipp er benyttet for kortsiktig gjeld. Anleggsmidler er verdsatt til historisk kost, med nedskrivning til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbiligende. For avskrivbare eiendeler reduseres kostpris med plannmessige avskrivninger.

## NOTE 2 DRIFTSMIDLER

	Kyrkjelydshus	Spelemidlar	Inventar	Sum
Anskaffelseskost 1.1	2 852 161	-1 000 000	20 043	1 872 204
Tilgang i året	0	0		0
Avgang til anskaffelseskost				0
Samlede avskrivninger pr. 31.12	-593 761	152 000	-20 043	-461 804
Samlede nedskrivningen pr. 31.12				0
<b>Bokfort verdi pr. 31.12.</b>	<b>2 258 400</b>	<b>-848 000</b>	<b>0</b>	<b>1 410 400</b>
Årets avskrivninger	57 000	-20 000	0	37 000
Økonomisk levetid	50 år	50 år	10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Selskapet mottok i 2001 investeringstilskudd på kr. 161.335,- i forbindelse med oppføring av bygg. Tilskuddet er fort etter netto anskaffelseskost, slik at selskapet bare har aktivert det som overstiger tilskuddet. Spelemidler mottatt fra og med 2004 er avskrevet etter samme lineære avskrivningsplan som kyrkjelydshuset.

## NOTE 3 LONNSKOSTNADER, ANTALL ANSATTE, GODTGJORELSE, LÅN TIL ANSATTE M.M.

Selskapet har ingen ansatte og det er ikke utbetalet godtgjørelse til styret eller andre ledende personer.

### Revisor

Revisjonshonorar er kostnadsfritt med kr. 1 813.



Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	EKRU	Arkivsaknr:	2013/1315
		Arkiv:	044

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
197/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### ENDRA DELEGASJONSFULLMAKT FRÅ KOMMUNESTYRET TIL RÅDMANN

#### Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret endrar delegasjonsfullmakta til rådmannen til også å inkludere fylgjande moment:

Rådmannen kan fremje påtale etter straffelova § 79, 5. ledd.

Særutskrift:  
Rådmannens leiargruppe  
Fellessekretariatet  
Hovudverneombod

## **Vedlegg:**

Revidert delegasjonsfullmakt frå kommunestyre til rådmann, jfr. punkt 9.3 Generell mynde, siste avsnitt.

## **Saksopplysningar:**

Forslag til endring av delegasjonsfullmakt frå kommunestyret til rådmann var eit initiativ frå formannskapet i møte tysdag 5. november 2013.

Delegasjonen gjeld i situasjonar der Herøy kommune er fornerma part. Den aktuelle lovtekst er sitert i si heilheit under:

### **Straffelovens § 79.**

«*Er fornærmede et selskap, et samvirkeforetak, en forening eller en stiftelse, kan offentlig påtale begjæres av styret. Styret kan gi et styremedlem, den daglige leder eller den som er meddelt prokura, fullmakt til å begjære offentlig påtale av straffbare handlinger som er begått, eller av framtidige straffbare handlinger av nærmere angitt slag.*

*Er fornærmede en enkeltperson som driver ervervsvirksomhet, kan den daglige leder eller den som er meddelt prokura, gis fullmakt som nevnt i første ledd for så vidt gjelder straffbare handlinger som har tilknytning til virksomheten.*

*Driver fornærmede som nevnt i første eller annet ledd virksomhet utenfor hovedsetet, kan fullmakt for så vidt gjelder denne del av virksomheten, gis også til den stedlige leder for vedkommende avdeling eller del av virksomheten eller til medlem av avdelingsstyret.*

*Retten til å begjære påtale på statens vegne utøves av departementet, som kan gi fullmakt til annet offentlig organ eller tjenestemann for så vidt gjelder verdier eller interesser som vedkommende forvalter eller fører tilsyn med. Rammes verdier som varetas av en statlig forretningsdrivende enhet eller offentlig innretning, gjelder første og tredje ledd tilsvarende. Departementet kan gi bestemmelser om delegasjonsadgangen og om utøving av rett til å begjære påtale etter dette ledd og kan i tvilstilfelle avgjøre hvem som har slik rett.*

*Er en fylkeskommune, en kommune eller en samkommune fornærmet, kan offentlig påtale begjæres av henholdsvis fylkesting, kommunestyre eller samkommunestyre. Fylkestinget kan gi fullmakt til fylkesutvalget, fylkesordføreren, fylkesrådet, faste utvalg og administrasjonssjefen. Kommunestyret kan gi fullmakt til formannskapet, ordføreren, kommunerådet, faste utvalg, kommunedelsutvalg og administrasjonssjefen.*

*Samkommunestyret kan gi fullmakt til samkommunestyrets leder, faste utvalg og administrativ leder. Fullmakt kan bare gis for så vidt gjelder verdier eller interesser som vedkommende organ eller person forvalter eller fører tilsyn med. Fjerde ledets annet punktum gjelder tilsvarende. Tredje ledd gjelder tilsvarende i tilfelle en kommune utøver virksomhet utenfor kommunen, en fylkeskommune utøver virksomhet utenfor fylkeskommunen eller en samkommune utøver virksomhet utenfor samkommunen.*

*Fins det i de tilfelle som er nevnt i § 78 første, annet og tredje ledd ingen som er berettiget til å begjære offentlig påtale, eller er den straffbare handling forøvd av noen som etter de nevnte bestemmelser ville ha vært berettiget til å begjære offentlig påtale, kan slik begjæring framsettes av fylkesmannen.»*

*0 Endret ved lover 14 apr 1972 nr. 15, 13 juni 1975 nr. 43, 26 feb 1988 nr. 7, 16 apr 1999 nr. 18 (ikr. 1 juli 1999 iflg. res. 16 apr 1999 nr. 388), 29 juni 2007 nr. 81 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 23 nov 2007 nr. 1287), 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).*

Grunnlaget for forslaget om at rådmann bør ha lik delegasjon som ordføraren på fremje påtale etter straffelova § 79, 5. ledd, er omsynet til dei tilsette i Herøy kommune. Det kan vere situasjonar der tid spelar ei vesentleg rolle overfor Politiet, og då er det viktig at anmeldelsar blir effektuert raskt.

Ut frå eit meir førebyggande perspektiv er det viktig at saker der enten rådmann eller ordførar kan kome i habilitetskonflikt, kan ansvar fordelast på ein ryddig måte.

**Vurdering og konklusjon:**

Formannskapet foreslår overfor kommunestyret at rådmannen får utvida delegasjon til å fremje påtale etter straffelova § 79, 5. ledd.

Konsekvensar for folkehelse:

Omsynet til dei tilsette sin rettstryggleig blir styrka.

Konsekvensar for beredskap:

Ulempe med forseinkingar overfor Politi blir redusert.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 06.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

# **Delegasjon frå kommunestyret til råmannen**

## **9.1 Føremål**

Dette reglementet skal bidra til:

- Ei føremålstenleg og effektiv arbeidsdeling mellom politiske organ og administrasjonen
- Fjerne saker frå dei politiske vedtaksorgana som mest er av formell eller gjennomførande karakter til fordel for saker som vidareutviklar kommunen som organisasjon og som samfunn.
- Gje administrasjonen nødvendig handlefridom til å utvikle ein effektiv organisasjon med vekt på å dekkje innbyggjarane sine behov innanfor dei politisk opprette rammene.
- Sikre innbyggjarane ein rask og effektiv service og sakshandsaming.

## **9.2 Råmannen sitt arbeids- og ansvarsområde**

Råmannen er øvste leiaren for den kommunale administrasjonen. Han/hennar rettar og plikter går m.a. fram av kommunelova § 23.

Råmannen skal ha eit særleg ansvar for:

- Leie administrasjonen sitt arbeid med å førebu saker for dei folkevalde organa og sjå til at desse er forsvarleg utgreidde m.a. med omsyn til heilskapsperspektiv og konsekvensar for økonomi, personell og publikum sine krav til tenester.
- Gjennomfører dei politiske vedtaka.
- Syte for god forvaltning og effektiv bruk av kommunen sine økonomiske ressursar, under dette etablere rutiner for intern kontroll.
- Vidareutvikle, kvalitetssikre og tilpasse kommunale tenester til dei behov innbyggjarane har.
- Leie det strategiske plan- og utviklingsarbeidet i kommunen.
- Motivere og utvikle kommunen sine tilsette innanfor ein fleksibel og effektiv organisasjon.
- Kommunen sitt overordna ansvar for arbeidet med helse, miljø og tryggleik.
- Oppfølging av dei andre kommunale leiarane.
- Delta i kommunen sitt interkommunale samarbeid og ekstern profilering.

## **9.3 Generelt mynde**

Råmannen har delegert mynde til å avgjere alle saker som ikkje har prinsipiell karakter – eller som er kurante. Kva som er av prinsipiell karakter, må takast stilling til ikkje berre ut frå karakteren og konsekvensane av vedtaket, men også ut frå ei vurdering av i kva grad dei viktigaste skjønnsmessige sidene av den aktuelle avgjerda er klarlagde gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlegare praksis.

Dersom det er tvil om saka er av prinsipiell karakter, skal råmannen ta opp med ordføraren om saka leggjast fram for overordna politisk organ til avgjerd.

Råmannen kan vidaredelegere mynde dersom kommunestyret ikkje har bestemt noko anna.

Rådmannen skal til vanleg utgreie saker som skal handsamast i formannskap og utval (første folkevalde organ som handsamar ei sak). Nærare retningsliner for form og innhald i saksutgreiingane vert fastlagde av kommunestyret.

Rådmannen er tilsetjingsmynde for alle stillingar der slikt mynde ikkje er lagt til andre ved lov eller reglement.

Rådmannen gjer vedtak i alle personalsaker innanfor dei retningsliner som administrasjonsutvalet eller kommunestyret vedtek.

Rådmannen kan fremje påtale etter straffelova § 79, 5. ledd.

#### **9.4 Mynde i økonomiske saker**

Rådmannen har ansvar for og mynde til å nytte av heile kommunen sitt budsjett innanfor kommunestyret sitt vedtekne budsjett, mål og retningsliner.

Rådmannen har fullmakt til å overføre driftsmidlar mellom kommunen sine felles stabs- og støtteeininger når dette ikkje er i strid med budsjettføresetnadene eller fører til vesentlege endringar i budsjettet.

Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre dei låneopptaka som kommunestyret har vedteke og fylkesmannen har godkjent etter kommunelova § 50. Fullmakta gjeld også refinansiering av eldre gjeld for å redusere kommunen sine finansieringskostnader.

Innanfor same eining (rammeområde) kan rådmannen omdisponere mellom alle driftspostane og eventuelt styrke driftspostar ved bruk av meirinntekter i samsvar med reglane i økonomireglementet.

Rådmannen kan auke ein driftspost ved å ta i bruk tidlegare overførde løyvingar til vedkomande føremål.

Rådmannen kan fråfalle communal pant eller fråfalle/vike prioriteten når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.

**Rådmannen har mynde til å godkjenne avdragsutsetting med inntil eitt år for lån der kommunen har gitt communal garanti.**

#### **9.5 Mynde til å treffen vedtak etter særlover**

Rådmannen får delegert mynde til å gjere vedtak i følgjande saker etter særlov når sakene er av ikkje prinsipiell karakter **og** myndet er lagt til anna organ anten med heimel i lov eller i delegasjonsreglement:

##### **9.5.1 Plan og bygningslova (27.06.2008 nr 71)**

I samsvar med delegasjonsreglementet er ikke prinsipielle avgjelder delegert til rådmannen. Dette inneber at ikke prinsipielle saker i medhald av plan- og bygningslova kan handsamast administrativt.

#### **9.5.2 Lov om egedomsregistrering (matrikkellova) (LOV-2005-06-17-101)**

- Møte på vegne av kommunen ved kart- og delingsforretningar.
- Overlate til andre å utføre kart- og delingsforretninga.
- Adresseforvaltning (§ 21).

#### **9.5.3 Nabolova (16.06.61 nr. 15).**

- Opptre på vegne av kommunen i naboforhold.

#### **9.5.4 Veglova (21.06.63 nr. 23).**

- Kommunen sitt mynde etter veglova.

#### **9.5.5 Vegtrafikklova (18.06.65 nr. 4).**

- Kommunen si mynde etter vegtrafikklova med tilhøyrande forskrifter.
- Skiltforskriftene av 10.10.80 nr. 1, pkt. 30 (Jf. Delegasjon frå vegsjefen av 02.01.98).

#### **9.5.6 Lov om samferdsel (04.06.76 nr. 63).**

- Gi uttale på vegne av kommunen i alle løyvesaker (unntatt saker vedk. kollektivtransport).

#### **9.5.7 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (10.06.77 nr. 82).**

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova.

#### **9.5.8 Eigarseksjonslova (23.05.97 nr. 37).**

- Kommunen sitt mynde etter eigarseksjonslova.

#### **9.5.9 Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg (16.03.2012 nr. 12).**

- Mynde etter forskrift om kommunale vatn- og avløpsgebyr av 10.01.95.

#### **9.5.10 Forureiningslova (13.03.81 nr. 6).**

- Kommunen sitt mynde etter forureiningslova med tilhøyrande forskrifter (§ 83).
- Mynde etter vedtekter for renovasjon vedk. kloakkslam og hushaldningsavfall.

#### **9.5.11 Konsesjonslova (Lov 2003-11-28-98)**

Mynde til å gjere vedtak/uttale seg på vegne av kommunen på følgjande punkt:

- Konsesjon for bustadtomt eller tomt til fritidsbustad som det ikkje er bygd på dersom tomta er under 2 daa (§ 4, 1. ledd ).
- Konsesjon på areal som er ein del av byggeområde som nemnt i plan- og bygningslova §§ 20-4, 1. ledd nr. 1 og 25, 1. ledd nr. 1.
- Konsesjon på eigedom der konsesjonsfridom er sett ut av kraft med heimel i Konsesjonslova § 5.
- Fritak frå bu- og driveplikt etter Odelslova § 28 og Konsesjonslova § 5, 2. ledd.

#### **9.5.12 Handelslova (06.06.80 nr. 21) og forskrift om handel utanom fast utsalsstad datert 15.05.91.**

- Avgjere søknad om oppsökjande handelsverksemd utanom fast utsalsstad.

#### **9.5.13 Lov om trussamfunn (13.06.69 nr. 25).**

- Fordele støtte til trussamfunn, jf. §§ 19, 19a.

#### **9.5.14 Lov om gjeldsordning (17.07.93 nr. 99).**

- Godta eller forkaste forslag til gjeldsordningar innanfor ei ramme på kr. 200.000,-.
- Gjere avskriving av tap på etableringslån, med dekning av kommunen sin innskotskonto for etableringslån i bank som vert nytta ved forvaltning av etableringslån. Innbetalingar på etableringslån i høve til oppretta gjeldsordningar godskrivast innskotskontoen.

#### **9.5.15 Alkohollova (06.06.89 nr. 27).**

- Godkjenne ny styrar og stedfortredar ved skifte i løyveperioden (§ 1-7c).
- Godkjenne utviding av skjenkelokale for ei enkelt tilstelling (§ 4-2).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve til slutta lag (§ 4-5).
- Fastsettjing av avgifter etter § 7-1 i alkohollova og §§ 11-1, 11-2 og 11-3 i forskriftene.
- Alminneleg løyve til enkeltarrangement (§17)

#### **9.5.16 Serveringslova (13.06.97 nr. 55).**

- Godkjenne ny styrar ved skifte (§ 4).
- Serveringsløyve

#### **9.5.17 Lov om helse og omsorgstjenester (Lov 2011-06-24-30)**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

#### **9.5.18 Lov om kommunale helse- og omsorgstenester av 24.06.2011 nr 30.**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.19 Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) av 24.06.2011 nr 29.**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.20 Lov om barneverntjenester (barnevernloven) av 17.07.1992.**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.21 Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 24.05.1999 nr. 55.**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.22 Lov om helsepersonell m.v av 02.07.1999 nr. 64.**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.23 Lov om pasientrettigheter av 02.07.1999 nr. 63.**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.24 Lov om helsemessig beredskap av 17.01.1986 nr. 3047.**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.25 Lov om vern mot tobakkskader av 15.12.1995 nr. 99**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.26 Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern 02.07.1999 nr. 62.**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.27 Lov om samordnet næringsmiddeltilsyn av 17.03.1978 nr. 6**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.28 Lov om sosiale tenester i NAV (Lov 2009-12-18-131).**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

**9.5.29 Lov om tilsyn med næringsmiddel (19.05.33 nr. 3).**

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som fylgjer av lova..

**9.5.30 Lov om barn og foreldre (08.04.81 nr. 7).**

- Gi uttale på vegne av kommunen (§41).

**9.5.31 Lov om folketrygd (17.06.66 nr. 12).**

- Gi uttale på vegne av kommunen (§ 18-3).

**9.5.32 Lov om vaksenopplæring (28.05.76).**

- Avgjere søknad om kommunalt tilskot til vaksenopplæring etter reglar vedteke av kommunen.

**9.5.33 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) (17.07.98)**

- Kommunen si oppgåve og mynde etter lova med følgjande unntak:  
Saker om skulekrinsar, skulekringsgrenser, namn på skular, målform i grunnskulen og fastsette forskrifter etter lov om opplæring og saker som kommunestyret sjølv skal handsame etter lova

**9.5.34 Barnehagelova (05.05.95 nr. 19).**

- Kommunen si oppgåve og mynde etter lova med dei unntak som fylgjer av lova.

**9.5.35 Lov om film og videogram (15.05.87 nr. 21).**

- Avgjere søknad om løyve til omsetting av videogram i næring, og framvising av film i næring (§2).

**9.5.36 Jordlova (12.05.95 nr. 23).**

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova.

**9.5.37 Skogbrukslova (LOV 2005-05-27-31)**

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova.

**9.5.38 Odelslova (28.06.74 nr. 58).**

- Fritak frå bu- og driveplikta etter § 28, jf. Konsesjonslova § 5, 2. ledd.

**9.5.39 Lov om regulering av ervervsmessig husdyrhald (13.06.75 nr. 46) med forskrifter.**

- Kommunen si oppgåver og mynde etter lova.

**9.5.40 Lov om vassdrag (15.03.40 nr. 3).**

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova knytt til landbrukssektoren.

#### **9.5.41 Lov om friluftslivet (28.06.57 nr. 16).**

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova knytt til landbrukssektoren.

#### **9.5.42 Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og ekspljosjonsvernloven). LOV-2002-06-14-20**

- Kommunen sitt mynde etter lov om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farlege stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter vert delegert til administrasjonssjefen (rådmannen) for vidare delegering til brannsjefen.



Barnehageavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LKS	Arkivsaknr:	2013/101
		Arkiv:	223

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
23/13	Komite for oppvekst	14.11.2013
198/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### REVISJON AV RETNINGSLINER FOR UTMÅLING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR

#### Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre vedtek framlegg til revisjon av "Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar f.o.m 2014" som dei legg føre.

Tillegget Herøy kommunestyre vedtok i 2011, står framleis ved lag.

**Vedlegg:**

1. Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til ikke-kommunale barnehagar f.o.m 2011
2. Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til ikke-kommunale barnehagar f.o.m 2014

Uprenta saksvedlegg: *Rundskriv Udir-6-2013-forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager*

**Samandrag av saka:**

Stortinget vedtok 16. juni 2009 endringar i barnehagelova §§8 og 14 med sikte på å legge statstilskotet til barnehagane inn i rammetilskotet til kommunane.

29.10.10 fastsette Regjeringa i statsråd ny forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot til ikke-kommunale barnehagar. Herøy kommune er med i barnehagenettverket Sjustjerna. Nettverket kjøper tenester med Telemarksforskning for å sikre kvaliteten i utforming av lokale retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til ikke-kommunale barnehagar. Lokale retningsliner vart vedtekne av kommunestyret i Herøy i K-sak 32/11.

Det har kome endringar i forskrifta og kommunane har gjort seg erfaringar som gjer til at det er trong for revisjon av dei lokale retningslinene frå 01.01.2014.

**Saksopplysningar:****§ 14. Barnehagelova §§8 og 14****§ 8. Kommunens ansvar**

Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.

Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jf. § 12a. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov.

Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene legges til rette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur.

Hver kommune skal opprette og føre register til bruk for Arbeids- og velferdsetaten i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteloven. Registeret kan samkjøres mot Arbeids- og velferdsetatens register over mottakere av kontantstøtte. Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om føringen av registeret, hvilke opplysninger registeret skal inneholde og behandlingen av disse opplysningsene.

Kommunen har rett til innsyn i dokumenter og adgang til barnehagelokaler i den utstrekning dette anses nødvendig for å ivareta kommunens oppgaver.

Kommunen forvalter de statlige øremerkede tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.

**§ 14. Kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager**

Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle godkjente, ikke-kommunale barnehager i kommunen, forutsatt at barnehagen har søkt om godkjenning før barnehagesektoren er blitt rammefinansiert.

Kommunen kan yte tilskudd til barnehager som søker om godkjenning etter at barnehagesektoren er rammefinansiert.

Godkjente ikke-kommunale barnehager, jf. første og andre ledd, skal behandles likeverdig med kommunale barnehager i forhold til offentlig tilskudd. Kongen kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om hva som menes med likeverdig behandling.

*Kommunen skal utbetale tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager som skal motta tilskudd etter første eller annet ledd forskuddsvis hvert kvartal inntil kommunen fatter endelig vedtak om tilskudd.*

*Kommunens vedtak etter annet ledd kan påklages til fylkesmannen.*

Kommunen skal syte for likeverdig behandling av alle barnehagar i kommunen. Det kommunale tilskotet skal dekke kostnad til ordinær drift i dei private barnehagane (ikkje-kommunale) som ikkje vert dekka av andre offentlege tilskot og foreldrebetinging.  
I 2011 dekte kommunen minimum 88% av det tilsvarande kommunale barnehagar mottok pr. heiltidslass. Frå 1.1.2013 har dette auka til 92%. I det reviderte statsbudsjettet for 2013 vart det vedteke at frå 1.8.2013 skulle minimumstilskotet til ikkje-kommunale barnehagar auke til 96%.

I samsvar med endringar i forskrift om likeverdig behandling og kommunane i Sjustjerna sine erfaringar i dei 2-3 åra vi har tilmålt tilskot etter denne modellen, vert det no lagt fram ei sak om revisjon av dei gjeldande retningslinene (vedlegg 1)

Endringane i retningslinene er desse:

- Retningslinene er oppdaterte i samsvar med endringar i forskrifa §§3, 4 og 6.
- Retningslinene §2: det vert endring frå tre teljetidspunkt pr. år til eitt teljetidspunkt per år. Tilskotsutmålingane vert først justert når rekneskapen er godkjent og/eller ved vesentlege aktivitetsendringar i barnehagane (endring av barnetal/ budsjettregulering i dei kommunale barnehagane).
- Born som fyller tre år i tilskotsåret, reknast som over tre år frå oppstart av barnehageåret (dvs per 1. august i tilskotsåret).
- Retningslinene §3, tredje ledd: «Ved den endelege avrekninga, nemnd i avsnittet over, skal det leggjast til grunn eit vege gjennomsnitt av talet på born i kommunale barnehagar og ikkje-kommunale barnehagar per 15.12. i høvesvis året før tilskotsåret og i tilskotsåret.» Som note: Vekt 7/12 for born per 15.12. året før tilskotsåret og vekt 5/12 for born per 15.12. i tilskotsåret. Aldersinndeling ifylge årsmelding skal nyttast, slik at born under tre år er 0-2 år medan born over tre år er 3-6 år.

Det vert vist til vedlegg 2.

### **Vurdering og konklusjon:**

Endringane som blir lagt fram for politisk behandling har som mål å kvalitetssikre sakshandsaming og utmåling av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar.

Med endring frå tre til eitt teljetidspunkt for barn i dei ikkje-kommunale barnehagane blir det mindre administrativt arbeid.

Desse endringane er innafor lovkravet til Lov om barnehagar og *Rundskriv Udir-6-2013-forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikkje-kommunale barnehager*.

Rådmannen gjer merksam på at tillegget til retningslinene som vart vedtatt av kommunestyret i 2011 må vidareførast.

Tillegget har slik ordlyd:

1. Etter opptak i samsvar med barnehagen sine vedtekter skal barnehagen – i samarbeid med kommunen – tilstrebe at barn med rett til plass i barnehage etter barnehagelova §12 får plass.
2. Ikke kommunale barnehagar skal ha minst tilsvarande arealutnytting som kommunen sine barnehagar.

Når det gjeld løns- og arbeidsforhold så kan ein i høve til likeverdsprinsippet tenkje at det er viktig at personalet i kommunale og ikkje kommunale barnehagar har tilnærma like løns- og arbeidstilhøve. Særleg når det gjeld pensjonskostnader har dette vore drøfta. Spørsmålet blir om ein skal krevje dette eller ikkje. Rådmannen vil på noverande tidspunkt ikkje gå inn for dette som eit vilkår. Ein vil likevel peike på at intensjonen med likeverdig behandling er at også personalet i ikkje-kommunale barnehagar skal ha gode pensjonsvilkår.

**Konsekvensar for folkehelse:** Å ha retningslinjer som kvalitetsikrar likeverdig behandling er positivt for folkehelsa til alle partar.

**Konsekvensar for beredskap:** Likeverdig behandling i samsvar med lovverket gir barnehagane mulegheit til god beredskap.

**Konsekvensar for drift:** Retningslinene bidreg til kvalitetsikring av tilmåling av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar

Fosnavåg, 08.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Laila Kvalsund Solhaug  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug



## RETNINGSLINER FOR UTMÅLING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR F.O.M. 2012

Vedteke i \_\_\_\_\_ kommunestyre \_\_\_\_/\_\_\_\_-2011/12.

Kommunane på Søre Sunnmøre i samarbeid fastsett med dette felles, lokale retningsliner for tilskotsutmåling til ikke-kommunale barnehagar. Den formelle referansa er sist oppdaterte ”Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager”, fastsett ved kongeleg resolusjon 31. oktober 2011.

-----

### § 1 Utbetaling, kunngjering og dokumentasjon

Utbetaling av tilskot skal skje fire gonger i året; i byrjinga av januar, april, juli og oktober. Formannskapet si innstilling til årsbudsjett som vert lagt ut til alminneleg ettersyn, skal innehalde forslag til tilskotsatsar – både for tilskot til drift (inkl. påslaget for administrasjon) og tilskotet til kapital. Før 1. februar i budsjettåret skal kommunen orientere dei ikke-kommunale barnehagane om fastsette tilskotsatsar, og leggje ved dokumentasjon på korleis satsane og tilskotet både til drift og kapital er rekna ut.

I utrekninga av tilskotet til drift kan kommunen halde utanfor i utrekningsgrunnlaget eventuelle kommunale barnehagar der budsjetterte driftskostnader er minimum 25 % høgre enn gjennomsnittlege budsjetterte driftskostnader i tilsvarende kommunale barnehagar. Kommunen kan gje ekstra tilskot til kapital til ikke-kommunale barnehagar med særskilt høge kapitalkostnader.

### § 2 Rapportering som grunnlag for utmåling

Eigar av ikkje-kommunal barnehage skal 15. desember kvart år rapportere om talet på barn, alder på barna og opphaldstid i barnehagen på skjema fastsett av departementet. Desse opplysningane dannar grunnlaget for utmålinga av det kommunale tilskotet året etter. Eigar av ikkje-kommunal barnehage skal òg rapportere oppdaterte opplysningar om talet på barn, alder på barna og opphaldstid i barnehagen per 15. mars og 15. september i budsjettåret.<sup>1</sup> Tilskotsutmålinga med verknad frå 2. og 4. kvartal vert justert etter innrapporteringane ved teljedatoane.

*Mindre aktivitetsendringar gjennom året skal fangast opp ved dei ordinære rapporteringstidspunkta 15.12, 15.3 og 15.9. Eventuelle aktivitetsendringar i tidsrommet 16.12 året før til 14.3 i budsjettåret vil ligge inne i den ordinære rapporteringa per 15.3, og bli justert for i utmålinga av tilskotet f.o.m. 2. kvartal. Eventuelle aktivitetsendringar i tidsrommet 16.3 til 14.9 vil ligge inne i den ordinære rapporteringa per 15.9, og bli justert for i utmålinga av tilskotet f.o.m. 4. kvartal. Eventuelle aktivitetsendringar i tidsrommet 16.9 til 14.12 vil ligge inne i rapporteringa per 15.12, og få effekt i utmålinga av tilskotet for det komande budsjettåret.*

Alle ikkje-kommunale barnehagar skal melde frå om *store* aktivitetsendringar gjennom året. Slike endringar gjeld t.d. ved opprettning eller nedlegging av ein avdeling eller ei gruppe. Nytt tilskot vert rekna frå den datoén aktivitetsendringa har skjedd.

### **§ 3 Endringar i utrekningsgrunnlaget for dei kommunale tilskotsatsane**

I tråd med § 8 i sentral forskrift skal kommunen ein gong i året etterjustere tilskotet til ikkje-kommunale barnehagar dersom budsjettrammene for eigen barnehagedrift<sup>2</sup> er endra gjennom året. Etterjusteringa vert rekna ut på slutten av året, på eit tidspunkt kommunen får tatt høgde for alle endringar i budsjettrammene for eiga kommunal barnehagedrift som eventuelt har blitt fatta vedtak om gjennom året. Etterjusteringa skal ha effekt for heile året.

---

<sup>1</sup> Barn vert rekna som under 3 år til og med det kalenderåret dei fyller 3 år. T.d. vil eit barn som fyller 3 år i januar, utløye tilskot som barn under 3 år for heile kalenderåret.

<sup>2</sup> Utanom endringar i budsjettrammene for eigne barnehagar som eventuelt er haldne utanom i utrekningsgrunnlaget for tilskot til drift.

Kommunen skal elles etterjustere tilskotet for sist tilbakelagte år<sup>3</sup> ved å måle forbruk/rekneskap for eiga barnehagedrift ifylgje endeleg driftsrekneskap for kommunen opp mot budsjettet det aktuelle året. Det skal etterjusterast for eventuelle avvik mellom rekneskap og budsjett i den kommunale barnehagedrifta. Ved kommunen si handsaming og fastsetting av årsrekneskapen skal det fattast vedtak om slik etterjustering av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar.

#### *§ 4 Refusjon av kostnader for barn i barnehagar busett i annan kommune*

Kommunar som har ikkje-kommunale barnehagar med barn som bur i ein annan kommune, har rett til refusjon frå bustadkommunen for kostnader til ordinær drift som ikkje vert dekka av foreldrebetaling og andre offentlege tilskot.

Avrekning mellom kommunar for utanbygds barn i kommunale barnehagar, vert regulert av avtale mellom aktuelle kommunar.

---

<sup>3</sup> Fyrste gong for 2011 ved handsaming av årsrekneskapen før 1. juli 2012. Også her skal haldast utanom rekneskap og budsjett for eigne kommunale barnehagar som eventuelt ikkje har vore med i utrekningsgrunnlaget.



## RETNINGSLINER FOR UTMÅLING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR F.O.M. 2014

Vedteke i \_\_\_\_\_ kommunestyre \_\_\_\_/\_\_\_\_-2013

Kommunane på Søre Sunnmøre i samarbeid fastsett med dette felles, lokale retningsliner for tilskotsutmåling til ikkje-kommunale barnehagar. Den formelle referansa er sist oppdaterte "Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager", fastsett ved kongeleg resolusjon 31. oktober 2011. Etter at forskriftena fyrste gong fekk effekt frå 1. januar 2011, er det vedteke endringar i §§ 3, 4 og 6. Kommunestyret skal vedta oppdaterte retningsliner med bakgrunn i endringar i gjeldande, sentralt lov-/forskriftsverk.

### § 1 Utbetaling, kunngjering og dokumentasjon

Utbetaling av tilskot skal skje fire gonger i året; i byrjinga av januar, april, juli og oktober. Formannskapet si innstilling til årsbudsjett som vert lagt ut til alminneleg ettersyn, skal innehalde forslag til tilskotsatsar – både for tilskot til drift (inkl. påslaget for administrasjon) og tilskotet til kapital. Før 1. februar i budsjettåret skal kommunen orientere dei ikkje-kommunale barnehagane om fastsette tilskotsatsar, og leggje ved dokumentasjon på korleis satsane og tilskotet både til drift og kapital er rekna ut.<sup>1</sup>

I utrekninga av tilskotet til drift kan kommunen halde utanfor i utrekningsgrunnlaget eventuelle kommunale barnehagar der budsjetterte driftskostnader er minimum 25 % høgre enn gjennomsnittlege budsjetterte driftskostnader i tilsvarende kommunale barnehagar. Kommunen kan gje ekstra tilskot til kapital til ikkje-kommunale barnehagar med særskilt høge kapitalkostnader.

### § 2 Rapportering som grunnlag for utmåling

Eigar av ikkje-kommunal barnehage skal 15. desember kvart år rapportere om talet på barn, alder på barna og oppholdstid i barnehagen på skjema fastsett av departementet. Desse opplysningane dannar grunnlaget for utmålinga av det kommunale tilskotet året etter.

<sup>1</sup> Kommunen vel sjølv om den vil gi tilskot ut i frå gjennomsnittlege kapitalkostnadar per heiltidsplass i eigne tilsvarende kommunale barnehagar, eller om den vil nytte nasjonale gjennomsnittssatsar for kapitalkostnadar fastsatt av departementet. Kommunen står fritt til å vurdere dette frå år til år, men skal før 1.februar i budsjettåret informere dei ikkje-kommunale barnehagane om fastsatte tilskotssatsar for kapitalkostnadar.

Alle ikkje-kommunale barnehagar skal melde frå om *store* aktivitetsendringar gjennom året. Slike endringar gjeld t.d. ved opprettning eller nedlegging av ein avdeling eller ei gruppe.<sup>2</sup> Nytt tilskot vert rekna frå den datoén aktivitetsendringa har skjedd.

Born som fyller tre år i tilskotsåret reknast som over tre år frå oppstart av barnehageåret (dvs. per 1. august i tilskotsåret).

### **§ 3 Endringar i utrekningsgrunnlaget for dei kommunale tilskotsatsane**

I tråd med § 8 i sentral forskrift skal kommunen ein gong i året etterjustere tilskotet til ikkje-kommunale barnehagar dersom budsjetttrammene for eigen barnehagedrift<sup>3</sup> er endra gjennom året. Etterjusteringa vert rekna ut på slutten av året, på eit tidspunkt kommunen får tatt høgde for alle endringar i budsjetttrammene for eiga kommunal barnehagedrift som eventuelt har blitt fatta vedtak om gjennom året. Etterjusteringa skal ha effekt for heile året.

Kommunen skal elles etterjustere tilskotet for sist tilbakelagte år<sup>4</sup> ved å måle forbruk/rekneskap for eiga barnehagedrift ifylge endeleg driftsrekneskap for kommunen opp mot budsjettet det aktuelle året. Det skal etterjusterast for eventuelle avvik mellom rekneskap og budsjett i den kommunale barnehagedrifta. Ved kommunen si handsaming og fastsetting av årsrekneskapen skal det fattast vedtak om slik etterjustering av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar.

Ved den endelige avrekninga, nemnd i avsnittet over, skal leggjast til grunn eit vegd gjennomsnitt av talet på born i kommunale barnehagar og ikkje-kommunale barnehagar per 15.12. i høvesvis året før tilskotsåret og i tilskotsåret.<sup>5</sup>

### **§ 4 Refusjon av kostnader for barn i barnehagar busett i annan kommune**

Kommunar som har ikkje-kommunale barnehagar med barn som bur i ein annan kommune, har rett til refusjon frå bustadkommunen for kostnader til ordinær drift som ikkje vert dekka av foreldrebetaling og andre offentlege tilskot.

Avrekning mellom kommunar for utanbygds barn i kommunale barnehagar, vert regulert av avtale mellom aktuelle kommunar.

---

<sup>2</sup> I ei konkret vurdering av om endringa er stor nok, må det takast høgde for storleiken til barnehagen (dvs. samla tal på born både før og etter aktivitetsendringa).

<sup>3</sup> Utanom endringar i budsjetttrammene for eigne barnehagar som eventuelt er haldne utanom i utrekningsgrunnlaget for tilskot til drift.

<sup>4</sup> Også her skal haldast utanom rekneskap og budsjett for eigne kommunale barnehagar som eventuelt ikkje har vore med i utrekningsgrunnlaget.

<sup>5</sup> Vekt 7/12 for born per 15.12. året før tilskotsåret og vekt 5/12 for born per 15.12. i tilskotsåret. Aldersinndeling ifylgje årsmelding skal nyttast, slik at born under tre år er 0-2 år, medan born over tre år er 3-6 år.



Barnehageavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LKS	Arkivsaknr:	2013/657
		Arkiv:	233

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
24/13	Komite for oppvekst	14.11.2013
199/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### STRATEGI FOR Å REKRUTTERE PEDAGOGISKE LEIARAR MED GODKJENT UTDANNING I KOMMUNALE OG PRIVATE BARNEHAGAR I HERØY

#### Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommune gir eit stipend i samsvar med vilkåra i saksutgreiinga for inntil to fast tilsette pr år i kommunal eller privat barnehage som har søkt og kome inn på arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning.  
Ordnings vil gjelde frå hausten 2014.

Rådmannen får i oppdrag å utarbeide retningsliner og rutiner for gjennomføring av tiltaket.

**Særutskrift:** Kommunale og private barnehagar

## **Saksopplysningar:**

### **Lovkrav:**

Barnehagelova § 18 seier: Pedagogisk leiar må ha utdanning som førskulelærar. Likeverdig med førskulelærarutdanning er annan treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk.» Forskrift om pedagogisk bemanning § 1 seier: Det skal vere minimum ein pedagogisk leiar per 14-18 barn når barna er over 3 år og ein pedagogisk leiar per 7-9 barn når barna er under 3 år.

Det ligg eit stort ansvar på barnehagane for å oppfylle samfunnsmandatet dei har for å gje barn omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (§1 i barnehagelova).

Barnehagen skal kunne kartlegge barns utvikling og ha kunnskap til å avdekke manglar som krev særlige hjelpetiltak for å unngå skeivutvikling. Det vert arbeidd tverrfagleg i kommunen for at barn skal få hjelp tidlegast muleg. Personar med godkjent barnehagelærarutdanning er den beste kvalitetsgarantien i høve eit barnehagetilbod i samsvar med barnehagelova.

### **Forventa statlege krav til framtidig drift:**

Målet for statlege føringar er å auke pedagogettleiken i høve dagens lovkrav. Stortingsmelding 2013 om «Fremtidens barnehage» peikar på at det innan 2020 skal bemanninga i barnehage vere 50% pedagogar og 50% fagarbeidrar/assistentar/anna utdanning. Dette tyder at behovet for pedagogiske leiarar vil auke om denne føringa blir gjennomført.

### **Nosituasjon i Herøy:**

Kommunen har dei siste åra fått mange søknader om dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogiske leiarar både i kommunale og private barnehagar (siste år over 20 søknader). Mange av desse søknadane gjeld vikariat pga permisionar, men også faste stillingar der det kjem søkerar utan kvalifisert utdanning.

Rådmannen ser med bekymring på alle søknadane om dispensasjon frå utdanningskravet, og ei arbeidsgruppe har drøfta kva tiltak kommunen kan gjere for å stimulere til at fleire søker barnehagelærarutdanning.

### **Forslag til tiltak for å stimulere tilsette i kommunale og private barnehagar til å søkje barnehagelærarutdanning:**

For å stimulere tilsette i kommunal eller privat barnehage til å søkje arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning som går over 4 år, foreslår rådmannen å tilby eit stipend på kr. 100 000,- for heile studieløpet (kr. 25.000 pr. år).

Det er viktig å tenke at dette tilbodet skal vere for tilsette i både kommunale og private barnehagar, då kommunen har tilsynsansvar for alle barnehagane (at dei driv i samsvar med gjeldande lovverk) og har eit overordna ansvar for at barn i kommunen med rett til barnehageplass får det.

Dette forslaget er drøfta i barnehageleiar sitt styrarkollegie. Dei meiner at eit slikt tilbod vil kunne stimulere tilsette til å søkje utdanning.

Vel ein å satse på arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning som krev fast tilsetjing i ein barnehage, er sansynlegheita kanskje større for at studenten held fram med å bu og arbeide i Herøy etter endt utdanning.

Føresetnaden for å motta eit slikt stipend, er at ein fullfører studiet og godtek ei bindingstid på 2 år (jmf § 5.5 i HK sitt permisjonsreglement) i kommunal eller privat barnehage i Herøy. Blir dette brote, blir det forholdsvis krevd tilbakebetaling av stipend (eks. om ein sluttar etter eit år bindingstid; då vert halvparten av stipendet krevd tilbakebetalt).

### **Aktuell studieordning ved høgskulen i Volda:**

Høgskulen i Volda har starta ei barnehagelærarutdanning for dei som allereie arbeider i barnehage.

Høgskulen krev at personar som skal starte på denne utdanninga minimum må ha ei fast 40% stilling i barnehage. Studentar kan ha høgare fast stilling, men høgskulen tilrår at studentane ikkje har meir enn 50% stilling. Dette fordi studiet er like krevjande som eit ordinært studieløp. Det er stipulert til 75% av eit årsverk, og går over 4 år. (eit vanleg fulltidsstudie går over 3 år) Opptakskravet er generell studiekompetanse i tillegg til minimum 40% fast stilling i barnehage.

Herøy kommune vil arbeide for å gjere avtale med høgskulen om praksisperioder i eigen kommune. Ein tenker seg at studentane bytter barnehage i praksisperiodene sidan høgskulen legg opp til at praksis ikkje skal vere i eigen barnehage. I allefall må det vere muleg å gjere dette ein av praksisperiodene. Rådmannen meiner det vil vere utviklende for barnehagane i Herøy. Høgskulen har signalisert at dette kan la seg realisere.

### **Arbeidsgjevarinvolvering:**

Arbeidsgjevar til aktuell student må skrive kontrakt med høgskulen der ein bind seg til å gi rettleiing og psyko-sosial støtte til studenten samt gir rom for faglege diskusjonar som bidreg til utvikling både for studenten og andre tilsette. Privat barnehageeigar må skrive kontrakt med kommunen om oppfølging i samsvar med intensjonane for ordninga.

Arbeidsgjevar må sjå korleis ein kan løyse avvikling av praksisperiodene og ta stilling til fri med eller utan løn/eller om det er muleg å ta igjen arbeidsdagane. Mest sansynleg vil studentane måtte avvikle praksisperiodene utan løn.

Studentane kan søkje om lån og stipend på vanleg måte.

Etter fullført utdanning og bestått eksamen, vil studenten få tilbod om fast stilling som pedagog i kommunal eller privat barnehage (alt etter kvar studenten er tilsett).

Kommunen kan søkje Fylket om rekrutteringsmidlar. Ein kan då få inntil kr. 8000,- per student, men dette er usikkert.

### **Vurdering og konklusjon**

Lukkast Herøy kommune med ein slik strategi å stimulere til at tilsette i kommunale og private barnehagar søker barnehagelærarutdanning, vil det langt på veg gjere barnehagane i Herøy ei båtlengd føre.

Blir effekten med denne stipendordninga at ein på sikt får nok pedagogar i barnehagane slik at m.a. tidleg intervension blir eit varemerke for barnehagane i Herøy, vil det kunne føre til betre mestring for fleire barn. Det vil bidra til å kunne minske økonomiske og menneskelege kostnader seinare i livet for desse barna og

sikre god pedagogisk kvalitet i samsvar med lovverket for alle barnehagebarn i Herøy.

Ein reknar med at denne stipendordninga vil gjelde for neste opptak (hausten 2014) ved høgskulen i Volda.

Rådmannen meiner det er best at denne ordninga er forankra i personalavdelinga og at kostnaden vert teken med i personalavdelinga sin budsjett- og økonomiplan.

Dersom kommunen får søknader frå aktuelle kandidatar vil ordninga gi slike kostnader:

Fyrste året: kr. 50.000,-

Andre året: kr. 100.000,-

Tredje året: kr. 150.000,-

Fjerde året: kr. 200.000,-

Femte året: kr. 200.000,- osb.

Rådmannen rår til at kommunestyret gjer vedtak om ei slik ordning som skissert i saka, i håp om at det vil bidra til at søknader om dispensasjon frå utdanningskravet på sikt vil gå ned.

Rådmannen får i oppdrag å utarbeide retningsliner og rutiner for gjennomføring av tiltaket.

#### **Konsekvensar for folkehelse:**

Fleire pedagogar i barnehagane vil bidra til at alle barn får eit kvaliativt godt barnehagetilbod og at barn som treng ekstra hjelp vil kunne få raskare hjelp og slik bidra til betre folkehelse.

#### **Konsekvensar for beredskap:**

Vil kunne auke beredskapen for tidleg intervasjon.

#### **Konsekvensar for drift:**

Tiltaket vil første året gi ein kostnad på kr. 50.000,-.

Dette vil auke med kr. 50.000 kvart år til kostnaden blir kr. 200.000,-. Etter 4 år, vil kostnaden ikkje auke.

For å ha budsjettmessig dekning, må ein legge denne kostnaden inn i budsjett for 2014 (ligg ikkje i tala no) og i økonomiplanen for åra som kjem.

Fosnavåg, 29.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Laila Kvalsund Solhaug  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug





Barnehageavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LKS	Arkivsaknr:	2013/57
		Arkiv:	A10

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
25/13	Komite for oppvekst	14.11.2013
200/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### **MELLOMBELS AUKE AV TAL BARNEHAGEPLASSAR I MYRSNIPA BARNEHAGE**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Kommunestyret er positiv til at det vert gjort tiltak i samsvar med saksutgreiinga for å kunne auke tal barnehageplassar ved Myrsnipa barnehage. Tiltaket er mellombels og gjeld i tidsrommet januar - juli 2014.

Auka kostnader må leggast inn som ei føring i budsjett 2014, og endeleg vedtak vert gjort i budsjettetthandsaminga 12. desember 2013.

Tiltaket vil våren 2014 utgjere slik kostnad:

1. Ca. kr 270.000 i auka lønskostnader
  2. kr.20.000 til ekstra utstyr og materiell
  3. Meirinntekt foreldrebetaling ca. kr. 42.000,-
- Netto kostnad blir: kr. Kr. 248 000,-

### **Saksopplysningar:**

Innbyggjarane har i samsvar med Lov om barnehagar rett til barnehageplass, d.v.s at barn som fyller 1 år innan 31. august som det vert søkt plass for innan fristen for hovudopptaket, har rett til plass. Kommunen har då plikt til å gi dei med rett til plass ein barnehageplass innanfor kommunegrensa.

Herøy kommune har siste åra hatt full barnehagedekning.

I Herøy er det 5 private og 4 kommunale barnehagar, og desse gir til saman ca. 500 barn barnehageplass.

Samordna barnehageopptak for 2013 vart gjennomført 8. mars 2013.

Det var etter barnehageopptaket 2013 gjort vedtak om auke av kapasiteten ved Myrsnipa og Leikanger barnehage på tilsaman 6 småbarnsplassar. På denne måten greidde ein gje plass til alle som hadde rett til plass og kommunen hadde ved dette tiltaket full barnehagedekning.

Myrsnipa barnehage søker no om å få gje plass til ytterlegare tre barn under 3 år.

Dette er barn som har søkt etter søknadsfristen 1. mars eller bur i anna kommune. Det barnet som bur i anna kommune, er barnet til ein tilsett ved Myrsnipa barnehage. Den tilsette er ein dyktig medarbeidar som skal tilbake i jobb etter endt fødselspermisjon, men har ikkje fått barnehageplass i heimkommunen. Om ho får barnehageplass ved dette tiltaket i Myrsnipa, vil barnehagen få tilbake sin dyktige medarbeidar. Dersom ho ikkje får barnehageplass, må ho søkje vidare permisjon.

Småbarnsavdelinga har no 12 barn, men personalet er innstilt på å organisere barnehagedagen slik at avdelinga kan greie gi tilbod til 15 barn. Føresetnaden for å greie det er at ein kan tilsette ein ekstra assistent frå januar til juli 2014.

Barnehagen har nok areal og pedagogettleik til å kunne gjennomføre tiltaket.

Tiltaket vil gje ein netto kostnad på ca. kr. 248 000,- (lønsutgifter, materiellutgifter, minus brukarbetaling)

Ved barnehageopptaket 2014, med tildeling av plass frå august 2014, reknar ein med å kunne gå ned igjen til 12 barn på småbarnsavdelinga.

### **Vurdering og konklusjon:**

Herøy kommune bryt ikkje lova ved å ikkje imøtekome søknaden om ei mellombels auke av barnehagekapasiteten ved Myrsnipa barnehage.

Kommunen har ikkje plikt til å gi barnehageplass til barn som har søkt etter søknadsfristen eller til barn busett i anna kommune.

Kommunen ynskjer likevel med sin barnehagepolitikk til å gi barnehageplass til alle som ynskjer og treng det, og ein ynskjer legge til rette for at arbeidstakarane i kommunen skal kunne jobbe og bidra til verdiskaping ved å tilby eit godt barnehagertilbod.

Rådmannen vil difor rá til at søknaden blir imøtekommen.

Auka kostnader må leggast inn som nytt tiltak i budsjett 2014, og endeleg vedtak vert gjort i budsjettetthandsaminga 12. desember 2013

**Konsekvensar for folkehelse:**

Det er positivt for folkehelsa at søkerar til barnehageplass får plass i barnehage og føresette får mulegheit til å delta i arbeidslivet.

**Konsekvensar for beredskap:**

Ingen, dersom ein får på plass skissert behov for bemanning.

**Konsekvensar for drift:**

Kostnader til bemanningsauke og utstyr som skissert i saksutgreiinga

Fosnavåg, 07.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Laila Kvalsund Solhaug  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug



Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2013/1312
		Arkiv:	231

Utvaksnsnr	Utvål	Møtedato
201/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### GEBYRREGULATIV 2014 - AVLAUPSGEBYR.

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommunestyre vedtek nytt gebyrregulativ for avlaupsgebyr for Herøy kommune med verknad frå 01.01.2014.jfr. vedlagt forslag datert den 08.11.2013.
2. Dette vedtaket er gjort med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974.

Særutskrift:  
Økonomiavdelinga, her

**VEDLEGG:**

1. Gebyrregulativ 2014 - Avlaupsgebyr
2. Gebyrregulativ 2013 - Avlaupsgebyr

**BAKGRUNN FOR SAKA:**

Saka gjeld årleg fastsettjing av tilknytings- og årsgebyr for avlaup etter forskrift vedteke i kommunestyret 27.10.2005 saksnr: 088/05.

**SAKSOPPLYSNINGAR:**

Gjeldande prisjustering vart vedteken med verknad frå 01.01.13. Ein har for 2014 lagt til grunn ei auke i årsgebyret for avlaupstenester på 5%. Ein har i inneverande år brukt om lag 10 mill. kroner av eit totalbudsjett på 15 mill. kroner avsett til utbygging etter Kloakkrammeplanen i 2013. Storparten av forbruket i 2013 har gått til utbygging av nytt silanlegg i Grønhaugen

Avskriving og renteutgiftene på låna har auka den seinare tida grunna auka låneopptak til finansiering av avlaupsprosjekt. Låna til leidningsanlegg vert avskrivne over 40 år, medan tekniske anlegg som pumpestasjonar og silanlegg vert avskrivne over 20 år. Pr. 31.12.2012 stod det 44.317,- kroner på bunde driftsfond Kloakk. Totalt aktivert i balansen vedkomande avlaupsanlegg er i dag om lag 82 mill. kroner. Avskrivingar og renter vert berekna av denne summen og er i budsjettet for 2014 berekna til om lag 6,0 mill. kroner samla. Dei største utbyggingane av hovudavlaupsnettet som står igjen i dag er Moltu 1 og 2, silanlegg Grønhaug og austre del av Fosnavåg dvs. frå Nørvåg til Vågsholmen. Kostnaden med desse anlegga vil anslagsvis vere 25-30 mill. kroner. Dette vil medføre at rente- og avdragskostnadene vil auke monaleg, noko som vil medføre at avlaupsgebyra må aukast i åra som kjem.

Etter gjeldande sentrale lover og forskrifter vedkommande vass- og kloakkgebyr er det lagt opp til at meir av det samla gebyret skal leggjast på årsgebyret medan tilknytingsgebyret bør reduserast. I gebyrforskrifta for Herøy kommune som vart gjort gjeldande frå og med 01.01.2006 er det lagt opp til dette. For 2014 vert det i forslaget til gebyrregulativ lagt opp til at tilknytingsgebyret vert halde på same nivå som i 2013, medan årsgebyret vert føreslått auka med 5%. Forslag til nytt gebyrregulativ for avlaup for 2014 følgjer saka som vedlegg.

Ved den årlege rekneskapsavslutninga vert alle funksjonane som ligg under ansvar 5131 Avlaup sett under eitt.

**VURDERING OG KONKLUSJON:****Konsekvensar for folkehelsa:**

Etablering av gode avlaupsanlegg fremmar god folkehelse.

**Konsekvensar for drifta:**

Alle utgifter i tilknyting til avlaupsanlegg for kloakk vert kosta av abonnentane og belastar såleis ikkje den kommunale drifta elles.

## **Konsekvensar for beredskap:**

Gode avlaupsanlegg og god drift / driftsovervaking gir god beredskap i forhold til uønska forureining.

Avlaupsgebyra i Herøy kommunen er noko høge i forhold til nabokommunane. Dette kjem m.a. av topografien og busetnaden i kommunen med mange bygdelag der det må byggast ut kommunalt avlaupsnett. Fleire stadar vert det p.g.a dette lang transport av avlaupsvatn ved hjelp av ein rekke pumpestasjonar som både er dyre å bygge og som gir auka driftsutgifter.

Utbyggingstakta og kostnadane med utbyggingane av avlaupsanlegg i kommunen har dei seinare åra vore større enn ein greier å dekke opp i form av auka inntekter frå nye abonnentar. Forslaget frå administrasjonen går på å auke årsgebyret med 5% som er den % satsen ein må ha for å kunne dekke opp m.a. auka avskrivings- og renteutgifter. Rådmannen vurderer det såleis slik at sjølv om ein ikkje aukar tilknytingsgebyret, men aukar årsgebyret med 5%, vil ein ha ei dekningsgrad på 100%. D.v.s. at ordninga er sjølvfinansierande, og ikkje belastar den kommunale drifta elles.

Fosnavåg, 08.11.2013

Erlend Krumsvik

Jon Rune Våge

Fred Arnesen  
Sakshandsamar

# **Gebyrregulativ for avlaup**

Vedteke i Herøy kommunestyre .....2013 med verknad frå 01.01.2014

## **Rammer for gebyrberegning**

- Gebyrene skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan avregnes over ein 4 års periode.
- Gebyrberegning baseres på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 samt nasjonale og kommunale forskrifter om vann- og avlaupsgebyrer.
- Alle priser skal tillegges 25 % mva.

## **1. Eingongsgebyr for tilknyting**

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknyting til offentleg avlaupssystem.

## **2. Årsgeyr**

### **2.1 Abonnementsgebyr**

Abonnementsgebyret skal differensierast etter brukarkategori:

Abonnementsgebyr for næring skal betalast av næringseigedomar, offentlege verksemder og burettslag.

Abonnementsgebyr for bustad skal betalast av andre abonnentar.

Alle abonnentar i ein brukarkategori betalar likt abonnementsgebyr.

Abonnementsgebyr:	Avlaup
• Næring	2496 kr/abonnent
• Bustad	2496 kr/abonnent

## **2.2 Forbruksgebyr**

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av **stipulert eller målt forbruk**, begge basert på einingspris for avlaup.

### **Enhetspris**

#### **Målt forbruk**

Enhetspris for avlaup :
Kr 12,70 pr/ m <sup>3</sup>

Forbruksgebyret baseres på faktisk forbruk (vannmåler) og pris pr. m<sup>3</sup>. Avlaupsmengde regnes lik vannmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vannmåler:	
• Avlaup	: Enhetspris [kr/m <sup>3</sup> ] x Målt forbruk [m <sup>3</sup> ]

#### **Stipulert forbruk**

Forbruksgebyret skal baserast på stipulert forbruk og pris pr. m<sup>3</sup>.

Stipulert forbruk [m<sup>3</sup>] vert utrekna slik:

Bruksareal BRA [m<sup>2</sup>] x spesifikt forbruk [m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>]

der:

- Arealet utreknast som bruksareal BRA [m<sup>2</sup>] etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 0,90 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>

Forbruksgebyr; bustader:	
• Avlaup	: Enhetspris [kr/m <sup>3</sup> ] x Stipulert forbruk [m <sup>3</sup> ]

Bustadsabonnentane vert plassert i gruppe 1, 2 eller 3 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2 og 3 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 114 m<sup>2</sup>, 212m<sup>2</sup> og 360m<sup>2</sup>.

Næringsabonnentane som ikkje har installert vassmålar vert plassert i gruppe 1, 2,3,4 eller 5 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2,3 og 4 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 314 m<sup>2</sup>, 892m<sup>2</sup>, 2260m<sup>2</sup> og 4561m<sup>2</sup>

**AVLAUPSGEBYR** (Alle prisar er eks. mva)

<b>Tilknytingsgebyr</b>	
Eingongsgebyr for tilknyting	<b>KR 15.000,- for tilknyting av bustadar.</b>
Eingongsgebyr for tilknyting	<b>KR 15.000,- for tilknyting av næringseigedomar.</b>

Årsgebyr = ABONNEMENTSGEBYR + FORBRUKSGEBYR

<b>Abonnementsgebyr</b>	Pr. abonnent
Næring	<b>Kr 2496,-</b>
Bustad	<b>Kr 2496,-</b>

**Forbruksgebyr – Stipulert forbruk etter BRA eller vassmålar.**

Einingspris for avlaup	<b>12,70 kr/m<sup>3</sup></b>
------------------------	-------------------------------

Ved bruk av vassmålar: Einingspris \* forbruk

Ved stipulert forbruk: Gjennomsnittleg bruksareal(BRA) for gruppe x spesifikt forbruk x einingspris. Abonnentane vert plassert i aktuelle grupper etter bruksareal der følgjande forbruksgebyr er utrekna.

**Bustadar:**

Gruppe 1	150 m <sup>2</sup>	<b>Kr 1.297,-</b>
Gruppe 2	151 – 299 m <sup>2</sup>	<b>Kr 2.410,-</b>
Gruppe 3	Over 300 m <sup>2</sup>	<b>Kr 4.095,-</b>

GAB registrerte fritidseigedommar: 0.5 \* stipulert forbruksgebyr

**Næringsbygg:**

Gruppe 1	500 m <sup>2</sup>	<b>Kr 3.969,-</b>
Gruppe 2	501 – 2000 m <sup>2</sup>	<b>Kr 11.274,-</b>
Gruppe 3	2001 – 4000 m <sup>2</sup>	<b>Kr 28.566,-</b>
Gruppe 4	4001 – 5500 m <sup>2</sup>	<b>Kr 57.650,-</b>
Gruppe 5	Over 5501 m <sup>2</sup>	<b>Kr 12,70 pr m<sup>2</sup></b>

Alt bruksareal i bustadar (BRA) skal medrekna i gebyrgrunnlaget, for næringsbygg skal alle bygg på eigedomen medrekna i gebyrgrunnlaget.



# **Gebyrregulativ for avlaup**

Vedteke i Herøy kommunestyre .....2012 med verknad frå 01.01.2013

## **Rammer for gebyrberegning**

- Gebyrene skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan avregnes over ein 4 års periode.
- Gebyrberegning baseres på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 samt nasjonale og kommunale forskrifter om vann- og avlaupsgebyrer.
- Alle priser skal tillegges 25 % mva.

## **1. Eingongsgebyr for tilknyting**

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknyting til offentleg avlaupssystem.

## **2. Årsgebyr**

### **2.1 Abonnementsgebyr**

Abonnementsgebyret skal differensierast etter brukarkategori:

Abonnementsgebyr for næring skal betalast av næringseigedomar, offentlege verksemder og burettslag.

Abonnementsgebyr for bustad skal betalast av andre abonnentar.

Alle abonnentar i ein brukarkategori betalar likt abonnementsgebyr.

Abonnementsgebyr:	Avlaup
• Næring	2377 kr/abonnent
• Bustad	2377 kr/abonnent

## 2.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av **stipulert eller målt forbruk**, begge basert på einingspris for avlaup.

### Enhetspris

#### Målt forbruk

Enhetspris for avlaup :
Kr 12,10 pr/ m <sup>3</sup>

Forbruksgebyret baseres på faktisk forbruk (vannmåler) og pris pr. m<sup>3</sup>. Avlaupsmengde regnes lik vannmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vannmåler:	
• Avlaup	: Enhetspris [kr/m <sup>3</sup> ] x Målt forbruk [m <sup>3</sup> ]

#### Stipulert forbruk

Forbruksgebyret skal baserast på stipulert forbruk og pris pr. m<sup>3</sup>.

- Stipulert forbruk [m<sup>3</sup>] vert utrekna slik:  
Bruksareal BRA [m<sup>2</sup>] x spesifikt forbruk [m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>]  
der:  
• Arealet utreknast som bruksareal BRA [m<sup>2</sup>] etter NS 3940  
• Spesifikt forbruk er fastsett til 0,90 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>

Forbruksgebyr; bustader:	
• Avlaup	: Enhetspris [kr/m <sup>3</sup> ] x Stipulert forbruk [m <sup>3</sup> ]

Bustadsabonnentane vert plassert i gruppe 1, 2 eller 3 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2 og 3 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 114 m<sup>2</sup>, 212m<sup>2</sup> og 360m<sup>2</sup>.

Næringsabonnentane som ikkje har installert vassmålar vert plassert i gruppe 1, 2,3,4 eller 5 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2,3 og 4 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 314 m<sup>2</sup>, 892m<sup>2</sup>, 2260m<sup>2</sup> og 4561m<sup>2</sup>

**AVLAUPSGEBYR (Alle prisar er eks. mva)**

<b>Tilknytingsgebyr</b>	
Eingongsgebyr for tilknyting	<b>KR 15.000,- for tilknyting av bustadar.</b>
Eingongsgebyr for tilknyting	<b>KR 15.000,- for tilknyting av næringseigedomar.</b>

Årsgebyr = ABONNEMENTSGEBYR + FORBRUKSGEBYR

<b>Abonnementsgebyr</b>	Pr. abonnent
Næring	<b>Kr 2377,-</b>
Bustad	<b>Kr 2377,-</b>

**Forbruksgebyr – Stipulert forbruk etter BRA eller vassmålar.**

Einingspris for avlaup	<b>12,10 kr/m<sup>3</sup></b>
------------------------	-------------------------------

Ved bruk av vassmålar: Einingspris \* forbruk

Ved stipulert forbruk: Gjennomsnittleg bruksareal(BRA) for gruppe x spesifikt forbruk x einingspris. Abonnentane vert plassert i aktuelle grupper etter bruksareal der følgjande forbruksgebyr er utrekna.

**Bustadar:**

Gruppe 1	150 m <sup>2</sup>	<b>Kr 1.235,-</b>
Gruppe 2	151 – 299 m <sup>2</sup>	<b>Kr 2.295,-</b>
Gruppe 3	Over 300 m <sup>2</sup>	<b>Kr 3.900,-</b>

GAB registrerte fritidseigedommar: 0.5 \* stipulert forbruksgebyr

**Næringsbygg:**

Gruppe 1	500 m <sup>2</sup>	<b>Kr 3.780,-</b>
Gruppe 2	501 – 2000 m <sup>2</sup>	<b>Kr 10.737,-</b>
Gruppe 3	2001 – 4000 m <sup>2</sup>	<b>Kr 27.206,-</b>
Gruppe 4	4001 – 5500 m <sup>2</sup>	<b>Kr 54.905,-</b>
Gruppe 5	Over 5501 m <sup>2</sup>	<b>Kr 12,10 pr m<sup>2</sup></b>

Alt bruksareal i bustadar (BRA) skal medrekna i gebyrgrunnlaget, for næringsbygg skal alle bygg på eigedomen medrekna i gebyrgrunnlaget.





Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMH	Arkivsaknr:	2013/1319
		Arkiv:	231

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
202/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### AVFALLSGEBYR 2014

#### Tilråding frå rådmannen:

1. I medhald av forureiningslova § 34 fastsett Herøy kommunestyre følgjande gebyr for standardabonnement for renovasjon gjeldande for 2014:

Abonnementstype	Gebyr pr. abonnent	Merknad
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå. Henting annakvar veke.	Kr 3.141,60	+ mva.
Standardabonnement, sekk Sekkeløsing – 27 sekkar Henting annakvar veke	Kr 3.141,60	+ mva.
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Henting kvar fjerde veke	Kr 2.731,20	+ mva.
Pris pr. sekk	Kr 52,-	+ mva.

2. Kommunestyret vedtek i tillegg Gebyrregulativ 2014, med unntak for slamtømingsgebyret som vert vedteke i eiga sak.

Særutskrift:

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisevadet 20, 6065 Ulsteinvik

**Vedlegg:**

1. SSR sak R19/13 Budsjett og gebyrregulativ 2014

**Bakgrunn**

Saka gjeld fastsetting av avfallsgebyr for 2014.

**Saksopplysningars:**

SSR har overteke alle oppgåver/ansvar knytt til avfallsordninga for hushaldninga. Også i høve greinplassane rundt om i kommunane. Styret og representantskapen i SSR er såleis tillagt det samla ansvaret for avfallsordninga på vegne av Herøy kommune.

Representantskapet til SSR har med bakgrunn i årsbudsjettet for 2014 i sak R19/13 av 07.11.13 vedteke styret sitt framlegg til gebyrregulativ. Dette regulativet skal kommunane handsame og godkjenne. Ordninga skal vere sjølvfinansierande og gebyr er heimla i forureiningslova §34.

Satsane for 2014 er auka ca. 2 % frå 2013. Satsane har vore uendra i pris i tre år (2011-2013).

Satsane på standardabonnement for 2014 er såleis:

Abonnementstype	Gebry pr. abonnent	Merknad
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annakvar veke	Kr 3.141,60	+ mva. Opp ca. 2 % frå 2013.
Standardabonnement, sekk Sekkeløsing – 27 sekkar Henting annakvar veke	Kr 3.141,60	+ mva. Opp ca. 2 % frå 2013.
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Henting kvar fjerde veke	Kr 2.731,20	+ mva. Opp ca. 2 % frå 2013.
Pris pr. sekk	Kr 52,-	+ mva. Opp ca. 4 % frå 2013.

Det blir uendra hentefrekvens frå 2013 til 2014.

**Vurdering og konklusjon:**

Konsekvensar for folkehelse: Positivt for folkehelsa med systematisk innhenting av avfall.

Konsekvensar for beredskap: Ingen konsekvensar.

Konsekvensar for drift: Ingen konsekvensar for kommunal drift, da tenester vert administrert og utført av SSR etter sjølvkostprinsippet.

SSR har lagt opp til å auke gebyra frå 2013 til 2014 med 2 %. Hentefrekvensen frå 2013 til 2014 er uendra.

Rådmannen vil tilrå at gebyra for standardabonnement og gebyrregulativ 2014 vert vedteke.

Fosnavåg, 06.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ida Marie Herre

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

**MØTEBOK**

**SAK NR R19/13**

Møtedato: 07.11.2013

Sakshandsamar: Einar Heimdal

**BUDSJETT 2014, INKL. GEBYRREGULATIV**

Vedlagt finn de følgande:

- Budsjett 2014 (totalt, hushaldning, næring, slamtøming)
- Gebyrregulativ 2014

Budsjett og gebyrregulativ 2014, viktige element:

- 2 % gebyrauke + naturlege avrundingar
- 5 % reduksjon på slamprisen på ordinære tankar
- 2 nye stillinger er lagt inn i budsjettet
- Reduksjon i budsjettet på innleid transport og innleidde konsulenttimer
- Fordelingsnøklar etter siste oppdatering i august 2013

I budsjettet er det lagt opp til følgande overskot i 2014:

- Totalt kr 2.811.000
- Hushaldning kr 1.126.000
- Næring kr 1.028.000
- Slamtøming kr 657.000

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtar budsjettet og gebyrregulativet for 2014 og sender gebyrregulativet over til kommunestyra for endelig godkjenning der.

Vedtak, samr.:

**Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS**

**Budsjett totalt pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)**

Tal i hele tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	35 778	34 544	1 234	3,6 %	35 077	34 152
Andre driftsinntekter	8 992	5 680	3 312	58,3 %	9 237	4 949
<b>Sum inntekter</b>	<b>44 770</b>	<b>40 224</b>	<b>4 546</b>	<b>11,3 %</b>	<b>44 314</b>	<b>39 101</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-12 482	-9 700	-2 782	28,7 %	-12 119	-8 299
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-12 482</b>	<b>-9 700</b>	<b>-2 782</b>	<b>28,7 %</b>	<b>-12 119</b>	<b>-8 299</b>
Lønn/personalkost.	-16 968	-15 329	-1 639	10,7 %	-14 609	-15 730
Avskrivning	-2 396	-2 195	-201	9,2 %	-2 108	-2 080
Andre driftskostnader	-9 283	-10 531	1 249	-11,9 %	-9 932	-10 451
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-28 647</b>	<b>-28 055</b>	<b>-592</b>	<b>2,1 %</b>	<b>-26 649</b>	<b>-28 261</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-41 129</b>	<b>-37 755</b>	<b>-3 374</b>	<b>8,9 %</b>	<b>-38 768</b>	<b>-36 560</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>3 641</b>	<b>2 469</b>	<b>1 172</b>	<b>47,5 %</b>	<b>5 546</b>	<b>2 541</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	168	193	-25	-13,0 %	165	194
Aksjeutbytte	23	0	23		22	45
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>191</b>	<b>193</b>	<b>-2</b>	<b>-1,0 %</b>	<b>187</b>	<b>240</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-1 021	-993	-28	2,8 %	-748	-746
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-1 021</b>	<b>-993</b>	<b>-28</b>	<b>2,8 %</b>	<b>-748</b>	<b>-746</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-830</b>	<b>-800</b>	<b>-30</b>	<b>3,8 %</b>	<b>-561</b>	<b>-506</b>
<b>Resultat</b>	<b>2 811</b>	<b>1 669</b>	<b>1 142</b>	<b>68,4 %</b>	<b>4 985</b>	<b>2 035</b>

## Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

### Hushaldning budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	30 701	29 750	951	3,2 %	30 099	29 503
Andre driftsinntekter	2 400	2 080	320	15,4 %	2 353	2 747
<b>Sum inntekter</b>	<b>33 101</b>	<b>31 830</b>	<b>1 271</b>	<b>4,0 %</b>	<b>32 453</b>	<b>32 250</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-7 307	-6 559	-748	11,4 %	-7 095	-6 817
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-7 307</b>	<b>-6 559</b>	<b>-748</b>	<b>11,4 %</b>	<b>-7 095</b>	<b>-6 817</b>
Lønn/personalkost.	-14 362	-12 992	-1 370	10,5 %	-12 373	-13 460
Avskrivning	-1 983	-1 822	-161	8,8 %	-1 739	-1 744
Andre driftskostnader	-7 607	-8 767	1 160	-13,2 %	-8 361	-8 708
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-23 952</b>	<b>-23 581</b>	<b>-371</b>	<b>1,6 %</b>	<b>-22 473</b>	<b>-23 911</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-31 259</b>	<b>-30 140</b>	<b>-1 119</b>	<b>3,7 %</b>	<b>-29 568</b>	<b>-30 729</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 841</b>	<b>1 690</b>	<b>151</b>	<b>9,0 %</b>	<b>2 885</b>	<b>1 521</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	152	174	-22	-12,4 %	150	177
Aksjeutbytte	19	0	19		18	38
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>171</b>	<b>174</b>	<b>-3</b>	<b>-1,6 %</b>	<b>168</b>	<b>215</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-887	-824	-63	7,6 %	-619	-625
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-887</b>	<b>-824</b>	<b>-63</b>	<b>7,6 %</b>	<b>-619</b>	<b>-625</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-716</b>	<b>-650</b>	<b>-66</b>	<b>10,1 %</b>	<b>-451</b>	<b>-410</b>
<b>Resultat</b>	<b>1 126</b>	<b>1 040</b>	<b>86</b>	<b>8,3 %</b>	<b>2 434</b>	<b>1 111</b>

## Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

### Næring budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	5 077	4 794	283	5,9 %	4 978	4 649
Andre driftsinntekter	758	700	58	8,3 %	743	790
<b>Sum inntekter</b>	<b>5 835</b>	<b>5 494</b>	<b>341</b>	<b>6,2 %</b>	<b>5 721</b>	<b>5 439</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-697	-741	44	-5,9 %	-677	-744
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-697</b>	<b>-741</b>	<b>44</b>	<b>-5,9 %</b>	<b>-677</b>	<b>-744</b>
Lønn/personalkost.	-2 131	-2 097	-34	1,6 %	-1 995	-2 066
Avskrivning	-406	-371	-35	9,4 %	-360	-335
Andre driftskostnader	-1 460	-1 572	112	-7,1 %	-1 395	-1 275
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-3 997</b>	<b>-4 040</b>	<b>43</b>	<b>-1,1 %</b>	<b>-3 751</b>	<b>-3 676</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-4 694</b>	<b>-4 781</b>	<b>87</b>	<b>-1,8 %</b>	<b>-4 428</b>	<b>-4 420</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 141</b>	<b>713</b>	<b>428</b>	<b>60,0 %</b>	<b>1 293</b>	<b>1 019</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	15	19	-4	-18,9 %	15	17
Aksjeutbytte	4	0	4		4	7
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>19</b>	<b>19</b>	<b>0</b>	<b>2,1 %</b>	<b>19</b>	<b>25</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-132	-168	36	-21,5 %	-127	-120
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-132</b>	<b>-168</b>	<b>36</b>	<b>-21,5 %</b>	<b>-127</b>	<b>-120</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-113</b>	<b>-149</b>	<b>37</b>	<b>-24,5 %</b>	<b>-108</b>	<b>-95</b>
<b>Resultat</b>	<b>1 028</b>	<b>564</b>	<b>464</b>	<b>82,3 %</b>	<b>1 184</b>	<b>924</b>

**Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS**

**Slamtøming budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)**

Tal i heile tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	0	0	0		0	0
Andre driftsinntekter	5 834	2 900	2 934	101,2 %	6 141	1 413
<b>Sum inntekter</b>	<b>5 834</b>	<b>2 900</b>	<b>2 934</b>	<b>101,2 %</b>	<b>6 141</b>	<b>1 413</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-4 478	-2 400	-2 078	86,6 %	-4 348	-738
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-4 478</b>	<b>-2 400</b>	<b>-2 078</b>	<b>86,6 %</b>	<b>-4 348</b>	<b>-738</b>
Lønn/personalkost.	-475	-240	-235	98,1 %	-241	-204
Avskriving	-7	-2	-5	250,0 %	-8	-2
Andre driftskostnader	-215	-192	-23	11,8 %	-176	-469
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-697</b>	<b>-434</b>	<b>-263</b>	<b>60,6 %</b>	<b>-425</b>	<b>-675</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-5 175</b>	<b>-2 834</b>	<b>-2 341</b>	<b>82,6 %</b>	<b>-4 773</b>	<b>-1 412</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>659</b>	<b>66</b>	<b>593</b>	<b>898,5 %</b>	<b>1 368</b>	<b>1</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	0	0	0		0	0
Aksjeutbytte	0	0	0		0	0
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-2	-1	-1	120,0 %	-2	-1
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>	<b>-1</b>	<b>120,0 %</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>	<b>-1</b>	<b>90,0 %</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>
<b>Resultat</b>	<b>657</b>	<b>65</b>	<b>592</b>	<b>911,0 %</b>	<b>1 367</b>	<b>-0</b>

## **SSR 2014 –**

### **Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:**

(Alle priser er ekskl. mva., men i prislista som skal endeleg presenterast for abonnentane vil også prisen inkl. mva. kome med. Prisen er inkl. hageavfallsgebyret som er i eit par kommunar.)

#### **STANDARDABONNEMENT:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annankvar veke	kr 3.141,60	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Standardabonnement, sekk Sekkeløysing – 30 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.141,60	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 18 sekkar Henting kvar fjerde veke	kr 2.731,20	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

#### **STORHUSHALD:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013(samanlikning):
Storhushald 240 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 36 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.453,60	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

#### **HEIMEKOMPOSTERING:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Heimekompostering	kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyr uavhengig av type abonnement. (Max to husstandar per kompostbinge)	Omtrent uendra (kun ei ørejustering) frå 2013 (då det var ei ny ordning).

#### **SLAMTØMING:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Tøming vanleg tank hushaldning	kr 760,- pr. år	Ned 5 % frå 2013.

Forts.

**ABONNEMENTSDELING:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l grøn – 240 l blå 2 husstandar, pris pr. husstand 3 husstandar, pris pr. husstand 4 husstandar, pris pr. husstand Henting annankvar veke	kr 2.731,20 kr 2.731,20 kr 2.731,20	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Abonnementsdeling 660 l grøn – 660 l blå 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand Henting annankvar veke	kr 2.731,20	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
(Tillegg for større dunk 240 l)	(kr 312,- pr. år pr. dunk - sjå storhushald )	(Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013)).
Tillegg for større dunk 370 l	kr 513,60 pr. år pr. dunk	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Tillegg for større dunk 660 l	kr 844,80 pr. år pr. dunk	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

**FRITIDSABONNEMENT:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Fritidsabonnement, dunk (ca ¼ av standardprisen)	kr 780,-	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Fritidsabonnement, sekk (12 sekkar)	kr 780,-	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

**Forts.**

**TILLEGGSTENESTER:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpende abonnement	kr 204,- pr. gong når SSR skiftar ut dunken hos abonnenten – gratis ved å levele/hente sjølv hos SSR (husk å avtale dette på førehand)	Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Gebyr for ekstrahenting	kr 204,- pr. gong	Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Avstandsgebyr *	Blir fastsett seinare.	--

\* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køreruter – gjeld avstand frå køyreveg.

**TILLEGG:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Pris pr. sekk	kr 52,-	Opp 4 % frå 2013, då det var 30 % reduksjon i forhold til 2012. (Inkl. mva. = 65,-)
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 816,- pr. gong	Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

**ANDRE SATSAR:**

Levering til lokalmottak:	kr 2.032,- pr. tonn	Opp ca. 2 % frå 2013.
Minstesum ved levering til lokalmottak:	kr 52,-	Uendra frå 2013. (Inkl. mva. = 65,-)
Volumgebyr over 0,2 m <sup>3</sup> :	kr 428,- pr m <sup>3</sup>	Opp knapt 1 % frå 2013.
Dekk på felg:	kr 116,-	Opp ca. 1 % frå 2013.
Dekk utan felg:	Gratis innlevering på miljø-stasjonen i Saunesmarka	



Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRG	Arkivsaknr:	2012/824
		Arkiv:	Q03

Utvaksnsnr	Utvål	Møtedato
203/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### FASTSETTIG AV AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR FOR 2014.

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Brøyteabonnentar skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på Kr 260,-
2. For vegar med lengde 25 – 100 m skal det betalast kr 120,- pr. gong.  
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 72,-  
Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Særutskrift: Anleggs- og driftsavdelinga  
Økonomi



**Vedlegg:** Kopi av kostnadsindeks for drift og vedlikehald av vegar frå SSB  
(Statistisk sentralbyrå)

**Bakgrunn for saka:**

Saka gjeld fastsetting av avgiftsgebyr for brøyting av private vegar i regi av kommunen for 2014.

**Saksopplysningar/ vurdering:**

Dagens regelverk for brøyting av private vegar i regi av kommunen vart vedteke i K-sak 137/10 og gjort gjeldande frå årsskiftet 2010/2011.

Ordninga er meint å vere sjølvfinansierande og skulle i.h.h.t. K-sak 137/10 evaluerast etter 2 år. Ein vurderer at ordninga så langt har vore sjølvfinansierande slik intensjonen var.

Prisen på tenesta er 2-delt og for 2013 var prissatsane slik:

1. Fast årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle for alle abonnentar: kr 250,-
2. For vegar med lengde 25 – 100 m: kr 115,- pr gong  
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 68,-  
Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Statistisk sentralbyrå (SSB) sin indeks for vinterdrift av vegar viser ein kostnadsauke frå 3.kvartal 2012 – 3.kvartal 2013 på 3,1%.

Godtgjersla til kommunen sine brøytekontraktørar er regulert etter SSB sin indeks. Ein rår derfor til at avgiftssatsen for brøyting av private vegar i regi av kommunen inkl. den faste delen, vert auka med 3%.

Nye satsar gjeldande for 2014 vert då slik:

1. Fast årleg avgift. kr 260,-
2. Brøyting av vegar 25 – 100 m: kr 120,- pr. gong  
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 72,-  
Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2014.

Fosnavåg, 07.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde





[Gå til statistikkens arkiv](#)

# Byggekostnadsindeks for veganlegg, 3. kvartal 2013

Publisert: 18. oktober 2013 - Neste publisering: 24. januar 2014

## Økte kostnader for veganlegg

Byggekostnadene for veganlegg gikk opp 1,2 prosent fra 2. til 3. kvartal i år.

Arbeidskraftkostnadene økte med 2,6 prosent, mens material- og maskinkostnadene steg henholdsvis 0,4 og 0,3 prosent.

	3. kvartal 2013	Endring i prosent	
		2. kvartal 2013 - 3. kvartal 2013	3. kvartal 2012 - 3. kvartal 2013
Veganlegg, i alt	150,8	1,2	3,9
Veg i dagen	151,7	1,5	4,0
Betongbru	153,8	0,7	2,8
Fjelltunnel	144,7	1,0	4,9
Drift og vedlikehold av veger, i alt	152,1	2,1	3,8
Asfaltering av veger	171,4	3,3	3,2
Vinterdrift av veger	143,2	1,5	3,1



Brannvernet

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TL	Arkivsaknr:	2012/2269
		Arkiv:	231

Utvaksnsnr	Utvål	Møtedato
204/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### FEIE OG TILSYNSGEBYR 2014

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiling og tilsyn med fyringsanlegg i 2014 vert sett til kr 242 + mva pr. abonnent.
2. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn av 26.juni 2002.
3. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

#### Særutskrift:

- Sevicetorget, her
- Økonomiavdelinga, her
- Brannsjef, her

**Bakgrunn:**

Saka gjeld fastsetjing av feie- og tilsynsgebyr for 2014.

**Saksopplysningar/vurderingar:**

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert utført i samsvar med samarbeidsavtale med Ulstein kommune om feie- og tilsynstenester av 6.2.2006. Avtalen går ut på at Herøy kommune leiger feie- og tilsynstenester frå Ulstein kommune på timebasis.

**Status:**

I samsvar med samarbeidsavtalen med Ulstein kommune om feie- og tilsynstenester har det i 2013 vorte gjennomført feiing på Remøy, Runde, Nerlandsøy og Bergsøya. Dvs. feiesone 1 som omfattar om lag  $\frac{1}{2}$ -parten av abonnentane. Tilsyn er utført i om lag  $\frac{1}{4}$  av kommunen dvs. tilsynssone 1 som omfattar Indre Herøy.

Av 2820 abonnentar manglar pr. i dag vel 780 abonnentar framleis tilkomst slik at feiing kan utførast. Talet på abonnentar utan godkjent tilkomst har siste året (2013) gått ned med om lag 50. Sjølv om dette er ein gledeleg nedgang er det enno langt opp og fram før alle abonnentar har godkjent tilkomst for feiing. Ein vil såleis måtte køyre ein ny runde med purring til dei som ikkje har tilkomstane i orden og følgje opp med fyringsforbod til dei som ikkje får retta på forholda. Trass i at mange ikkje har fått feiing på fleire år har det ikkje vorte registrert noko særleg auke i talet på pipebrannar. Det er berre dei som har lagt forholda til rette som får tilbod om feiing. Det er no svært liten misnøye med ordninga og feiar har gitt tilbakemelding om at abonnentane tek i mot han på ein svært god måte. Dette vil ein tilskrive både den generelle forståinga for viktigheita av feiing og tilsyn, godt utført arbeid av noverande feiar samt at ein har prioritert større eigne ressursar for å gjere tenestene betre.

Feiing skal etter vedteken ordning gjennomførast kvart 2. år, medan tilsyn skal gjennomførast kvart 4. år. Pr. i dag er ein ajour med feie og tilsynstenesta. I 2014 skal feiing gjennomførast i indre Herøy samt tilsyn hos  $\frac{1}{4}$  av abonnentane i sone 2 dvs. Leinøy, Remøy og Runde.

Det er etter dei rutinane ein arbeider etter i dag lagt til rette for at nye eigedomar som vert tilrettelagde for feiing får tilbod om feiing når dei melder frå, uavhengig av om dei inngår i dei årlege og planlagde rundane. Utover dette er det lagt til rette for ei teneste som er tilgjengeleg gjennom heile året i samband med generell rettleiing vedkomande piper og eldstadar samt bistand i samband med pipebrannar m.m.

**Avgiftssystemet/økonomi:**

Med utgangspunkt i vedtak i K-sak 126/06 vil det vere naturleg og sjå avgiftssystemet over ei 4 års periode der ein ved ovanståande tenesteintervall vil få utført 1 tilsyn og 2 feiingar. Kostnadane for desse tenestene inkl. løns- og prisstigning vert då å fordele på 4 år.

Pr. 01.01.2013 stod det 258.826 kroner i bunde driftsfond feiing. Kostnadene med feiing og tilsyn med fyringsanlegg vil i 2013 anslagsvis koste om lag 600.000 kroner. Innkravde feie- og tilsynsgebyr i 2013 er vel 690.000 kroner. Ein reknar såleis med at om lag 90.000 kroner kan setjast på fond slik at det pr. 01.01.2014 er om lag 350.000 kroner i bunde fond.

Gebyret vert også kravd inn frå dei som ikkje har tilrettelagt for feiing og dermed heller ikkje får tilbod om feiing. Tilsyn vert imidlertid gjennomført hos alle. Overskotet som har vore på tenesta skuldast i stor grad at det ikkje vert gjennomført feiing hos

abonnentar som ikkje har tilrettelagt tilkomst for feiar. Kommunen må ha ein buffer på tenesta i og med at fleire og fleire abonnentar får tilrettelagt for feiing.

I 2014 vil Herøy kommune få utgifter på oppgradering til ny versjon av kommunens feie og tilsynsprogram og til innkjøp av datautstyr til bruk i felt. I og med at kommunen har pengar i fond treng ein ikkje sette opp feie og tilsynsgebyret for 2014, men behalde noverande avgift.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Manglande feiing kan medføre fare for brann. Ein har til no køyrt ei rimeleg mjuk linje med omsyn til fyringsforbod for dei som ikkje har tilrettelagt tilkomst for feiing. Ein kan ikkje i lengda godta at vel 1/4 av abonnentane ikkje har oppfylt kravet om tilkomst for feiing då dette inneber stor risiko for tap av menneskeliv. Ein ser såleis føre seg at det vert gjennomført ein siste runde der aktuelle abonnentar vert varsla om at det vil bli nedlagt fyringsforbod dersom tilkomst ikkje vert ordna innan ein nærrare fastsett frist.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Brann i bustad får store konsekvensar for folkehelsa til dei som er råka i bustadbrann og deira nærmaste. Feiing og tilsyn med piper, eldstadar og slokkemiddel er godt førebyggjande arbeid for å unngå brannar.

#### Konsekvensar for beredskap:

Gjennomføring av feiing og tilsyn med eldstadar er eit viktig beredskapsmessig brannførebyggande tiltak.

#### Konsekvensar for drift:

At om lag 780 abonnentar manglar tilkomst til pipa og dermed ikkje får feiing gjer at kommunen ikkje får yte denne lovpålagde tenesta til alle abonnentar. Alle abonnentar får tilsyn med piper, eldstadar og slokke utstyr.

For at ein skal vere sikker på å ha nok midlar til gjennomføring av feiing og tilsyn med eldstadar i 2014 vil rådmannen tilrå at det vert kravd inn gebyr på same nivå som i 2013 dvs. kr. 242,- pr. abonnent + mva.

Fosnavåg, 11.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Brannsjef

Sakshandsamar: Tore Langvatn



Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2013/1313
		Arkiv:	231

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
205/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### GEBYRREGULATIV FOR SLAMTØMING 2014.

#### Tilråding frå rådmannen:

Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2013 til 2014. Dvs. at gebyret i 2014 vert sett til kr. 925.- + mva. for tankvolum inntil 6 m<sup>3</sup>. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tanklar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 10%. Eventuelt overskot vert å plassere på sjølvkostfond for slamtøming av private slamavskiljarar.

#### Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisevaldet 20, 6065 Ulsteinvik
- Økonomiavdelinga, her

**Vedlegg:**

- SSR sak R19/13 Budsjett og gebyrregulativ 2014

**Bakgrunn for saka:**

Saka gjeld fastsetjing av årsgebyr for slamtøming av private slamavskiljarar for 2014.

Årsgebyret for slamtøming er foreslått med bakgrunn i budsjettprisane som SSR legg opp til å krevje inn frå kommunen i 2014.

Slik rådmannen ser det bør kommunen av budsjettmessige/budsjettekniske årsaker vedta nye satsar for slamtøming av private slamavskiljarar i budsjettet for 2014 slik som dei ligg føre. M.a. er det krav om at tilråding til vedtak om egedomsavgifter skal leggast ut til offentleg ettersyn før dei vert vedtekne. Skal ein få vedteke satsar frå og med 01.01.2014 må ein såleis gjere det i samband med budsjetthandsaminga for 2014.

**Saksopplysningar:**

Etter forureiningslova §26 har kommunen plikt til å syte for tøming av private slamavskiljarar. Det er krav om full kostnadsdekning for ordninga med slamtøming jfr. forureiningslova §34. For berekning av gebyr gjeld difor sjølvkostprinsippet, d.v.s. at kommunen ikkje kan subsidiere ordninga med slamtøming, og kan heller ikkje tene på ordninga.

Det er Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) om har kontrakt med slamentreprenør og administrerer ordninga for m.a. Herøy kommune. SSR gjekk i slutten av 2012 inn kontrakt med Miljøservice AS som slamentreprenør for perioden frå og med utgangen av 2012 og fram til 31.12.2014 (2 år) med opsjon på 1 år + 1 år.

Ved handsaminga av budsjett 2014, inkl. gebyrregulativ, har Representantskapen i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk i sak R 19/13 den 07.11.2013 vedteke at gebyret for slamtøming skal vere kr. 760,- pr. tank pr. år for tankar inntil 6m3. Dette er ein nedgang på 5% frå 2013.

Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i Herøy kommune vart i 2013 sett til kr 925,- + mva. for tankvolum inntil 6m3.

Gebyra for denne tenesta har sidan den vart innført i 1999 vore haldne på eit så lavt nivå at det ikkje har vorte opparbeidd nemnande bunde driftsfond som ein har kunna nyttja til å utjamne evt. overforbruk frå det eine året til det andre. Fleire år i denne perioden har ein hatt overforbruk slik at ein har vore nøydd å subsidiere tenesta. Pr. 31.12.2012 stod om lag 1.070.284 kroner på bunde driftsfond (sjølvkostfond).

Siste tømerunde vart gjennomført ved at om lag 300 tankar vart tømde i andre halvår 2012 og dei resterande om lag 1200 tankane vart tømde i 2013. Normal tømefrekvens er 2. kvart år på bustadar og 4. kvart år på fritidsbustadar hytter. Resterande fondsmidlar vil pr. 31.12.2013 vere om lag 200.000 kroner. I tillegg framgår det av SSR sin prognose for slamrekneskapen at selskapet vil ha eit «overskot» på anslagsvis 1.367.000 kroner ved årsslutt 2013. Slamtømingsordninga skal vere eit nullspel for SSR så evt. «overskot» er kommunane sine midlar. Det framgår ikkje kor stor del av «overskotet» som er Herøy kommune sin andel.

Neste tømerunde i Herøy kommune skal gjennomførast i 2014/2015. Med bakgrunn i ovanståande vil ein for å vere trygg på å ha nok midlar til å betale denne tømerunden tilrå at slamtømingsgebyret i Herøy kommune vert halde uendra frå 2013 til 2014.

**Konsekvensar for folkehelsa:**

Etablering av gode tømerutinar fremmar god folkehelse.

**Konsekvensar for beredskap:**

Kort utrykkingstid for slamentreprenøren gir god beredskap i forhold til uønska forureining.

**Konsekvensar for drifta:**

Alle utgifter i tilknyting til slamtøming skal kostast av abonnentane og belastar soleis ikkje den kommunale drifta elles.

**Vurdering og konklusjon:**

Tømerunda som vart utført i 2012 og 2013 vart oppfinansiert ved å bruke bunde fond (1.070.284) samt bruk av årleg gebyr slamtøming for 2013. Neste tømerunde skal utførast i 2014/2015 og dermed gjennomførast/betalast over budsjettåra 2014 og 2015. Utifrå dagens prisnivå, så vil ein ikkje greie å legge seg opp meir fond, men ha nok til å betale for tømerunda og dermed vil ein ha ei dekningsgrad som gjer at ordninga er sjølvfinansierande, og ikkje belastar drifta elles.

Rådmannen vil med bakgrunn i ovanståande og etter ei samla vurdering tilrå at gebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i 2014 vert det same som i 2013. Dvs. at årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i 2014 vert sett til kr. 925,- + mva for tankvolum inntil 6 m<sup>3</sup>. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 10%. Eventuelt overskot vert å plassere på sjølvkostfond for slamtøming av private slamavskiljarar.

Fosnavåg, 12.11.2013

Erlend Krumsvik

Jon Rune Våge

Fred Arnesen  
Sakshandsamar

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

**MØTEBOK**

**SAK NR R19/13**

Møtedato: 07.11.2013

Sakshandsamar: Einar Heimdal

**BUDSJETT 2014, INKL. GEBYRREGULATIV**

Vedlagt finn de følgande:

- Budsjett 2014 (totalt, hushaldning, næring, slamtøming)
- Gebyrregulativ 2014

Budsjett og gebyrregulativ 2014, viktige element:

- 2 % gebyrauke + naturlege avrundingar
- 5 % reduksjon på slamprisen på ordinære tankar
- 2 nye stillinger er lagt inn i budsjettet
- Reduksjon i budsjettet på innleid transport og innleidde konsulenttimer
- Fordelingsnøklar etter siste oppdatering i august 2013

I budsjettet er det lagt opp til følgande overskot i 2014:

- Totalt kr 2.811.000
- Hushaldning kr 1.126.000
- Næring kr 1.028.000
- Slamtøming kr 657.000

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtar budsjettet og gebyrregulativet for 2014 og sender gebyrregulativet over til kommunestyra for endelig godkjenning der.

Vedtak, samr.:

**Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS**

**Budsjett totalt pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)**

Tal i hele tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	35 778	34 544	1 234	3,6 %	35 077	34 152
Andre driftsinntekter	8 992	5 680	3 312	58,3 %	9 237	4 949
<b>Sum inntekter</b>	<b>44 770</b>	<b>40 224</b>	<b>4 546</b>	<b>11,3 %</b>	<b>44 314</b>	<b>39 101</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-12 482	-9 700	-2 782	28,7 %	-12 119	-8 299
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-12 482</b>	<b>-9 700</b>	<b>-2 782</b>	<b>28,7 %</b>	<b>-12 119</b>	<b>-8 299</b>
Lønn/personalkost.	-16 968	-15 329	-1 639	10,7 %	-14 609	-15 730
Avskrivning	-2 396	-2 195	-201	9,2 %	-2 108	-2 080
Andre driftskostnader	-9 283	-10 531	1 249	-11,9 %	-9 932	-10 451
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-28 647</b>	<b>-28 055</b>	<b>-592</b>	<b>2,1 %</b>	<b>-26 649</b>	<b>-28 261</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-41 129</b>	<b>-37 755</b>	<b>-3 374</b>	<b>8,9 %</b>	<b>-38 768</b>	<b>-36 560</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>3 641</b>	<b>2 469</b>	<b>1 172</b>	<b>47,5 %</b>	<b>5 546</b>	<b>2 541</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	168	193	-25	-13,0 %	165	194
Aksjeutbytte	23	0	23		22	45
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>191</b>	<b>193</b>	<b>-2</b>	<b>-1,0 %</b>	<b>187</b>	<b>240</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-1 021	-993	-28	2,8 %	-748	-746
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-1 021</b>	<b>-993</b>	<b>-28</b>	<b>2,8 %</b>	<b>-748</b>	<b>-746</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-830</b>	<b>-800</b>	<b>-30</b>	<b>3,8 %</b>	<b>-561</b>	<b>-506</b>
<b>Resultat</b>	<b>2 811</b>	<b>1 669</b>	<b>1 142</b>	<b>68,4 %</b>	<b>4 985</b>	<b>2 035</b>

## Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

### Hushaldning budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	30 701	29 750	951	3,2 %	30 099	29 503
Andre driftsinntekter	2 400	2 080	320	15,4 %	2 353	2 747
<b>Sum inntekter</b>	<b>33 101</b>	<b>31 830</b>	<b>1 271</b>	<b>4,0 %</b>	<b>32 453</b>	<b>32 250</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-7 307	-6 559	-748	11,4 %	-7 095	-6 817
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-7 307</b>	<b>-6 559</b>	<b>-748</b>	<b>11,4 %</b>	<b>-7 095</b>	<b>-6 817</b>
Lønn/personalkost.	-14 362	-12 992	-1 370	10,5 %	-12 373	-13 460
Avskrivning	-1 983	-1 822	-161	8,8 %	-1 739	-1 744
Andre driftskostnader	-7 607	-8 767	1 160	-13,2 %	-8 361	-8 708
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-23 952</b>	<b>-23 581</b>	<b>-371</b>	<b>1,6 %</b>	<b>-22 473</b>	<b>-23 911</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-31 259</b>	<b>-30 140</b>	<b>-1 119</b>	<b>3,7 %</b>	<b>-29 568</b>	<b>-30 729</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 841</b>	<b>1 690</b>	<b>151</b>	<b>9,0 %</b>	<b>2 885</b>	<b>1 521</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	152	174	-22	-12,4 %	150	177
Aksjeutbytte	19	0	19		18	38
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>171</b>	<b>174</b>	<b>-3</b>	<b>-1,6 %</b>	<b>168</b>	<b>215</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-887	-824	-63	7,6 %	-619	-625
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-887</b>	<b>-824</b>	<b>-63</b>	<b>7,6 %</b>	<b>-619</b>	<b>-625</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-716</b>	<b>-650</b>	<b>-66</b>	<b>10,1 %</b>	<b>-451</b>	<b>-410</b>
<b>Resultat</b>	<b>1 126</b>	<b>1 040</b>	<b>86</b>	<b>8,3 %</b>	<b>2 434</b>	<b>1 111</b>

## Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

### Næring budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	5 077	4 794	283	5,9 %	4 978	4 649
Andre driftsinntekter	758	700	58	8,3 %	743	790
<b>Sum inntekter</b>	<b>5 835</b>	<b>5 494</b>	<b>341</b>	<b>6,2 %</b>	<b>5 721</b>	<b>5 439</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-697	-741	44	-5,9 %	-677	-744
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-697</b>	<b>-741</b>	<b>44</b>	<b>-5,9 %</b>	<b>-677</b>	<b>-744</b>
Lønn/personalkost.	-2 131	-2 097	-34	1,6 %	-1 995	-2 066
Avskrivning	-406	-371	-35	9,4 %	-360	-335
Andre driftskostnader	-1 460	-1 572	112	-7,1 %	-1 395	-1 275
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-3 997</b>	<b>-4 040</b>	<b>43</b>	<b>-1,1 %</b>	<b>-3 751</b>	<b>-3 676</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-4 694</b>	<b>-4 781</b>	<b>87</b>	<b>-1,8 %</b>	<b>-4 428</b>	<b>-4 420</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 141</b>	<b>713</b>	<b>428</b>	<b>60,0 %</b>	<b>1 293</b>	<b>1 019</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	15	19	-4	-18,9 %	15	17
Aksjeutbytte	4	0	4		4	7
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>19</b>	<b>19</b>	<b>0</b>	<b>2,1 %</b>	<b>19</b>	<b>25</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-132	-168	36	-21,5 %	-127	-120
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-132</b>	<b>-168</b>	<b>36</b>	<b>-21,5 %</b>	<b>-127</b>	<b>-120</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-113</b>	<b>-149</b>	<b>37</b>	<b>-24,5 %</b>	<b>-108</b>	<b>-95</b>
<b>Resultat</b>	<b>1 028</b>	<b>564</b>	<b>464</b>	<b>82,3 %</b>	<b>1 184</b>	<b>924</b>

**Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS**

**Slamtøming budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)**

Tal i heile tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	0	0	0		0	0
Andre driftsinntekter	5 834	2 900	2 934	101,2 %	6 141	1 413
<b>Sum inntekter</b>	<b>5 834</b>	<b>2 900</b>	<b>2 934</b>	<b>101,2 %</b>	<b>6 141</b>	<b>1 413</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-4 478	-2 400	-2 078	86,6 %	-4 348	-738
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-4 478</b>	<b>-2 400</b>	<b>-2 078</b>	<b>86,6 %</b>	<b>-4 348</b>	<b>-738</b>
Lønn/personalkost.	-475	-240	-235	98,1 %	-241	-204
Avskriving	-7	-2	-5	250,0 %	-8	-2
Andre driftskostnader	-215	-192	-23	11,8 %	-176	-469
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-697</b>	<b>-434</b>	<b>-263</b>	<b>60,6 %</b>	<b>-425</b>	<b>-675</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-5 175</b>	<b>-2 834</b>	<b>-2 341</b>	<b>82,6 %</b>	<b>-4 773</b>	<b>-1 412</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>659</b>	<b>66</b>	<b>593</b>	<b>898,5 %</b>	<b>1 368</b>	<b>1</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	0	0	0		0	0
Aksjeutbytte	0	0	0		0	0
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-2	-1	-1	120,0 %	-2	-1
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>	<b>-1</b>	<b>120,0 %</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>	<b>-1</b>	<b>90,0 %</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>
<b>Resultat</b>	<b>657</b>	<b>65</b>	<b>592</b>	<b>911,0 %</b>	<b>1 367</b>	<b>-0</b>

## **SSR 2014 –**

### **Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:**

(Alle priser er ekskl. mva., men i prislista som skal endeleg presenterast for abonnentane vil også prisen inkl. mva. kome med. Prisen er inkl. hageavfallsgebyret som er i eit par kommunar.)

#### **STANDARDABONNEMENT:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annankvar veke	kr 3.141,60	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Standardabonnement, sekk Sekkeløysing – 30 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.141,60	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 18 sekkar Henting kvar fjerde veke	kr 2.731,20	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

#### **STORHUSHALD:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013(samanlikning):
Storhushald 240 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 36 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.453,60	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

#### **HEIMEKOMPOSTERING:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Heimekompostering	kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyr uavhengig av type abonnement. (Max to husstandar per kompostbinge)	Omtrent uendra (kun ei ørejustering) frå 2013 (då det var ei ny ordning).

#### **SLAMTØMING:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Tøming vanleg tank hushaldning	kr 760,- pr. år	Ned 5 % frå 2013.

Forts.

**ABONNEMENTSDELING:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l grøn – 240 l blå 2 husstandar, pris pr. husstand 3 husstandar, pris pr. husstand 4 husstandar, pris pr. husstand Henting annankvar veke	kr 2.731,20 kr 2.731,20 kr 2.731,20	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Abonnementsdeling 660 l grøn – 660 l blå 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand Henting annankvar veke	kr 2.731,20	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
(Tillegg for større dunk 240 l)	(kr 312,- pr. år pr. dunk - sjå storhushald )	(Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013)).
Tillegg for større dunk 370 l	kr 513,60 pr. år pr. dunk	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Tillegg for større dunk 660 l	kr 844,80 pr. år pr. dunk	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

**FRITIDSABONNEMENT:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Fritidsabonnement, dunk (ca ¼ av standardprisen)	kr 780,-	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Fritidsabonnement, sekk (12 sekkar)	kr 780,-	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

**Forts.**

**TILLEGGSTENESTER:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpende abonnement	kr 204,- pr. gong når SSR skiftar ut dunken hos abonnenten – gratis ved å levele/hente sjølv hos SSR (husk å avtale dette på førehand)	Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Gebyr for ekstrahenting	kr 204,- pr. gong	Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Avstandsgebyr *	Blir fastsett seinare.	--

\* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køreruter – gjeld avstand frå køyreveg.

**TILLEGG:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Pris pr. sekk	kr 52,-	Opp 4 % frå 2013, då det var 30 % reduksjon i forhold til 2012. (Inkl. mva. = 65,-)
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 816,- pr. gong	Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

**ANDRE SATSAR:**

Levering til lokalmottak:	kr 2.032,- pr. tonn	Opp ca. 2 % frå 2013.
Minstesum ved levering til lokalmottak:	kr 52,-	Uendra frå 2013. (Inkl. mva. = 65,-)
Volumgebyr over 0,2 m <sup>3</sup> :	kr 428,- pr m <sup>3</sup>	Opp knapt 1 % frå 2013.
Dekk på felg:	kr 116,-	Opp ca. 1 % frå 2013.
Dekk utan felg:	Gratis innlevering på miljø-stasjonen i Saunesmarka	



Skuleavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELO	Arkivsaknr:	2013/1215
		Arkiv:	231

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
206/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### HERØY KULTURSKULE, SATSAR FOR ELEVBETALING FRÅ 01.08.2014

#### Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtek slike satsar for elevbetaling og kjøp av tenester for Herøy kulturskule, gjeldande frå 1. august 2014:  
1 elevplass (100%) Kr 2800,- per skuleår  
2 elevplassar (175%) Kr 4900,- per skuleår  
3 elevplassar og fleire (200%) Kr 5600,- per skuleår  
Materialavg teikning/ form/ farge Kr 400,- per skuleår  
Instrumentleige Kr 400,- per skuleår  
Sal av timar til kor og korps Kr 200,- per time  
Kostymeavgift - dans Kr 200,- per skuleår

Særutskrift:  
Herøy kulturskule v/ rektor  
Økonomiavdelinga

### **Saksopplysningar:**

Kommunestyret vedtok i 2012 slike satsar for elevbetaling og kjøp av tenester for Herøy kulturskule, gjeldande frå 1. august 2013:

1 elevplass (100%) Kr 2500,- per skuleår

2 elevplassar (175%) Kr 4375,- per skuleår

3 elevplassar og fleire (200%) Kr 5000,- per skuleår

Materialavg teikning/ form/ farge Kr 400,- per skuleår

Instrumentleige Kr 400,- per skuleår

Sal av timer til kor og korps Kr 190,- per time

Kostymeavgift - dans Kr 200,- per skuleår

Nabokommunane våre har inneverande skuleår følgjande satsar per elevplass per år:

Sande 2690,-

Volda 3200,-

Ørsta 3990,-

Ulstein 2640,-

Vanylven 2600,-

Hareid 2820,-

Samanlikna med nabokommunane ligg Herøy lågt i høve til elevbetaling.

Moderasjonsordninga i Herøy har ein klar sosial profil, og er spesielt god for familiarar som har fleire elevplassar.

Kulturskulen har slik utvikling:

År Netto rekneskap

2010 3.455.000

2011 3.399.000

2012 3.571.000

### **Vurdering og konklusjon:**

Dans og musikk utgjer ein stor del av aktiviteten i Herøy kulturskule. I musikkdelen underviser ein individuelt eller i små grupper, medan danseundervisninga har større grupper. Undervisningskostnaden til musikk vert følgjeleg høgare enn i dans.

Til større del musikk kulturskulane har, til dyrare vert dei å drifta. Det er derfor naturleg at Herøy kulturskule har ein noko lågare sats enn dei vi samanliknar oss med, sidan ein så stor del av undervisninga er dans. Vi kan likevel forsvara ein auke i satsane, til kr 2800,- per elevplass per år.

Sal av timer til kor og korps har eit lavt økonomisk dekningsbidrag, og vi vil foreslå ein auke til kr 200,- per time frå 1. august 2014.

Ein ser ikkje grunn til å auke kostymeavgifta på kr 200,- som vart innført 1. august 2012.

### **Konsekvensar for folkehelse:**

Forholdsvis lav avgift og sosial profil på søskenmoderasjon, tilseier at fleire kan delta. Kulturskulen fremjar trivsel, integrering og positiv aktivitet. Viktige faktorar for folkehelsa.

### **Konsekvensar for beredskap:**

Konsekvensar for drift: Ei auke i elevsatsane til kr 2800,- + ei auke på kr 10,- i sal av timar vil gje ei årleg inntektsauke på om lag kr 185 000,-. For 2014 vil eit slikt påslag utgjere om lag kr 92 500,-.

Fosnavåg, 16.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Skuleleiar

Sakshandsamar: Eivind Longva



Skuleavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	PAS	Arkivsaknr:	2013/1210
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
207/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

## SAKSFRAMLEGG SFO-SATSAR

### Tilråding frå rådmannen:

Vanlege satsar	Satsar foreldrebetaling SFO	Sats med 25 % søskenmoderasjon (avrunda)
Oppholdstid pr veke	Framlegg for 2014/15	Framlegg for 2014/15
Gruppe 1 (inntil 10 v/t)	Kr. 1300	Kr. 980
Gruppe 2 (inntil 14 t/v)	Kr. 1770	Kr. 1330
Gruppe 3 (full plass)	Kr. 2235	Kr. 1680

Satsar for ferieopning		Sats med 25 % søskenmoderasjon) (avrunda)
	Framlegg for 2014/15	Framlegg for 2014/15
Sats pr veke	Kr. 1070	Kr. 800
Sats pr. dag	Kr. 250	Kr. 190
Sats pr time	Kr. 57	Kr. 45

Særutskrift:

Bergsøy skule  
Einedalen skule  
Nerlandsøy skule  
Stokksund skule  
Moltu skule  
Leikanger skule

Økonomiavdelinga

**Saksopplysningar:**

Kostnaden med SFO er for mange ei familieøkonomisk belastning. Siste året har vi sett ei auke i fråfall av elevar gjennom skuleåret, og at fleire går i redusert tid.

Herøy sine prisar ligg no anten jamnt med, eller litt lågare enn, enkelte nabokommunar. Herøy ligg likevel høgare enn landsgjennomsnittet som for full plass er kr. 1930. Det synest som om Herøy kommune har mindre kommunale tilskot til sine SFO-ordningar enn fleire av våre nabo-kommunar. Dette kjem mykje av ulike måtar å organisere på, ulik styring og ulike betalingsordningar.

**Vurdering og konklusjon:**

Etter vedtektsendringa i K-sak 120/13 trur vi at vi vil få god kontroll med bemanning, i høve til påmelde elevar.

Dei store svingingane i elevtalet gjennom skuleåret, har ofte ført til vel høg bemanning siste del av skuleåret, utan at det har vore mogeleg å redusere drifta. Korleis dette vil slå ut no, står att å erfare.

Store hopp i kommunale satsar er lite ønskjelege, så vi tilrår at prisane vert auka med 4 %, avrunda til nærmeste 5-krone.

At vi følgjer skuleåret på slike avgifter, gjer at vi ikkje får full utteljing i nærmaste budsjettåret, men dette jamnar seg ut sidan det er likt kvart år.

**Tilråding til vedtak**

	Sats foreldrebetaling SFO		Sats med 25 % søskenmoderasjon (avrunda)	
Opphaldstid pr veke	2013/14	Framlegg for 2014/15	2013/14	Framlegg for 2014/15
Gruppe 1 (inntil 10 v/t)	Kr 1250	Kr.1300	Kr 940	Kr. 980
Gruppe 2 (inntil 14 t/v)	Kr 1700	Kr.1770	Kr 1275	Kr. 1330
Gruppe 3 (full plass)	Kr 2150	Kr.2235	Kr 1610	Kr. 1680

<b>Ferieopphold</b>			<b>Sats med 25 % søskenmoderasjon)</b>	
<b>Opphaldstid</b>	<b>2013/14</b>	<b>Framlegg for 2014/15</b>	<b>2013/14</b>	<b>Framlegg for 2014/15</b>
Sats pr veke	Kr. 1030	Kr. 1070	Kr. 770	Kr.800
Sats pr. dag	Kr. 240	Kr.250	Kr. 180	Kr.190
Sats pr time	Kr. 55	Kr.57	Kr. 40	Kr.45

Konsekvensar for folkehelse:

**Små eller ingen**

Konsekvensar for beredskap:

**Ingen**

Konsekvensar for drift:

**Ei mindre auke i inntekta**

Fosnavåg, 17.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Paul Sundnes



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2013/1161
		Arkiv:	C60

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
84/13	Komite for næring, kultur og idrett	18.11.2013
208/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### FRAMTIDIG LOKALISERING AV HERØY FOLKEBIBLIOTEK

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret ber Rådmannen utarbeide funksjons- og arealanalyse til nytt Herøy folkebibliotek med plassering på Kulturhusområdet.
2. Funksjons- og arealanalyse skal leggjast fram for Kommunestyret til endeleg behandling.

Særutskrift:  
Egedomsavdelinga

**Vedlegg:**

- 1 Herøy folkebibliotek - ein levande og framtidsretta arena
- 2 Utviklingsplan Herøy Kultur- & Fritidspark (utdrag)
- 3 Kart over Kulturhusområdet med fritidsbadet og nytt veinett.

**Saksopplysningar:****1. Innleiing**

Årsaka til at det føreligg ei sak for framtidig lokalisering av Herøy Folkebibliotek er ei erkjenning av at noverande plassering ikkje fyller krava for å stimulere til bruk av Herøy Folkebibliotek sine tenester, samt behov for utviding av arealet til Kulturskulen.

**Grunnlagsdokument:**

- [\*Endringslov til folkebibliotekloven\*](#) (*Vedteke og trer i kraft 1.1.14*)
- [\*Fylkesplan 2013-2016\*](#)
- [\*Planstrategi\*](#)
- [\*Samfunnssdel med handlingsplan\*](#)
- [\*Arealdel\*](#)
- [\*Vedlikehalds- og utviklingsplan for 2013, plan for vidare bruk av Herøy kulturhus\*](#)

Komiteen for Næring, Kultur og Idrett har i løpet av hausten 2013 vore på synfaring i folkebiblioteket sine noverande lokalar, samt fått førelagt notatet «HERØY FOLKEBIBLIOTEK – EIN LEVANDE OG FRAMTIDSRETTA ARENA» som beskriv status, og potensiale knytt til drift og utvikling av biblioteket. *Vedlegg 1*.

I tillegg baserer saka seg på rapporten «Utviklingsplan for Herøy Kultur- og Fritidspark» som blei framlagt i 2009. Utdrag av denne rapporten som omhandlar biblioteket ligg vedlagt. *Vedlegg 2*.

**Medverknad i arbeidet**

- Kulturleiar Eileen Gjerde
  - Bibliotekleiar Kristin F. Husøy
  - Eigedomsleiar Robert Myklebust
- I tillegg har Utviklingsavdelinga bidrege til saka.

Herøy vidaregåande skule (HVS) ved Rektor Gullik Kjellstadli er kontakta, og evt innspel til arbeidet frå HVS vil takast med i møtet når saka blir presentert for komiteen.

## **2. Kort historikk**

Herøy Folkebibliotek flytta inn i noverande lokalar i 1980. Før den tid hadde biblioteket tilhald i Sparebanken Møre sine lokalar i sentrum, og før det igjen i gamle Myklebust skule.

Sidan innflytting i noverande lokalar er det gjort lite vedlikehald, med unntak av maling av veger og legging av nytt golv hausten 2013.

## **3. Framtidas bibliotek i Herøy**

Ein har sett på ulike kriteria som bør leggjast til grunn for vurdering av lokalisering i eit framtidig bibliotek i Herøy kommune. Vedlagt fylgjer ei vurdering av kva ein vurderer som dei viktigaste momenta:

### **3.1 Målgrupper**

Viktige målgrupper for framtidig lokalisering:

- Lokalbefolkning
- Skuleelevar og studentar
- Besøkande

Dette inneber heile befolkninga i Herøy, samt også dei som ikkje bur her fast og/eller besøker Herøy som turistar. Det visast til § 1 i Lov om folkebibliotek:

### *§ 1. Målsetting*

*Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.*

*Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtal og debatt.*

*Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.*

*Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.*

*Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt bibliotekssystem.*

### **3.2 Lokalisering av biblioteket som møteplass**

Biblioteket skal vere ein møteplass for heile lokalbefolkninga, det vil seie frå barn, ungdom til vaksne og eldre, og slik at desse kan møtast på tvers av generasjonar. Folkebiblioteket ynskjer også å vidareutvikle seg til å bli ein endå viktigare arena for skuleelevar og studentar, samt for besøkande.

Biblioteket er primært besøkt av dei som har bestemt seg for å låne på biblioteket, og det må vere eit mål å auke besøkstala betrakteleg.

Erfaring både frå Herøy og andre stader viser at «drop-in» effekten er viktig. Kvar biblioteket er plassert, tilgjengeleghet og opningstider er sentralt for kva slags

besøkstal ein kan oppnå. At biblioteket har si plassering nær ulike fritidsaktivitetar for både barn og vaksne, gjer at vi i Herøy har ein viss drop-in effekt allereie. Dette kan vere born som ventar på at sin aktivitet skal starte, eller foreldre/føresette som ventar på borna eller på eigen aktivitet.

Herøy si befolkning er ikkje kjend for å ha sterke lesevanar. Kanskje er noko av årsaka til dette at ein har hatt eit begrensa behov for å lese for å kunne utøve dei primærnæringane lokalsamfunnet vårt er bygd på. I dagens kunnskapssamfunn er dette vesentleg annleis, og biblioteket har ei særskilt viktig oppgåve i å auke kunnskapen til den enkelte gjennom lesing og lytting.

Kommunen har mange innvandrarar blant lokalbefolkninga, og det er viktig at også dei skal ha eit godt tilbod. Vidare er nærliken til Rådhusets turistinformasjon og den forventa auken i besøkande til kommunen når det nye hotellet er ferdig viktig å ta med i det totale bildet.

Med utgangspunkt i ovannemnte argument om at biblioteket skal vere ein møteplass for alle innbyggjarar og besøkande i kommunen, samt kunnskapen om at besøkstala er sterkt knytte til plassering av biblioteket, er vår vurdering at biblioteket bør plasserast i den mest sentrale delen av kommunen.

## **4. Kriteriar for vurdering av plassering**

### **4.1 Funksjon**

Folkebiblioteket har i dag eit areal på 410 m<sup>2</sup>. Fylkesbiblioteket si anbefaling for eit framtidig folkebibliotek er 780 m<sup>2</sup>. I tillegg bør lokala vere slik at ein tek høgde for fleksibilitet med tanke på innhald, då biblioteket sin aktivitet er dynamisk og i kontinuerlig endring. Universell utforming er eit krav då lokala og tilbodet skal vere tilgjengeleg for alle, uavhengig av funksjonsevne.

### **4.2 Plassering**

Som nemnt under pkt. 3, er vår vurdering av plassering at ein må leggje til rette for biblioteket som møteplass og mogelegheit for drop-in besøk. Det bør vere eit mål å auke besøkstala betrakteleg, og ulike vurderingar peiker nesten eintydig på at ei sentral plassering er nødvendig for å oppnå dette. For å nå flest mogeleg bør derfor biblioteket liggje i den mest sentrale delen av kommunen.

### **4.3 Synergiar**

Å ha mogelege synergiar i siktet når ein vel framtidig plassering av biblioteket er viktig. På den måten kan ein oppnå samdriftsfordelar både for personressursar og driftsressursar elles. Dette kan for eksempel vere ekstra publikumsservice sidan ein vil finne fleire funksjonar under same tak, som eit samlingspunkt for huset i seg sjølv og som bindepunkt mot badelandet og andre aktørar i området.

Folkebiblioteket er også kontakta av Herøy Gard med spørsmål om ein kan tenkje seg å overta heile/delar av samlinga til Bjarne Rabben. Dette kunne vere med å synleggjere Rabben sitt viktige lokalhistoriske arbeid endå betre.

## **5 Alternative plasseringar**

Ulike alternativ har vore nemnt i debatten om nytt folkebibliotek, og desse er:

### **5.1 Bergsøy**

Bergsøy er området med flest beboarar i Herøy. Området består av menneske i alle aldra, området vil få eit enda betre vegnett når ny innfartsveg er klar, og vurderast som eit svært attraktivt område for plassering av eit framtidig folkebibliotek.

#### **5.1.1 Samlokalisering med Kulturhuset**

Plassering av eit framtidig folkebibliotek på Kulturhuset er også drøfta i rapporten; «Utviklingsplan for Herøy Kultur og Fritidspark». Sjå vedlegg 2. Kulturhuset og nærområdet består i dag av Herøyhallen, festsaalen, vrimlearealer, folkebiblioteket, kulturskulen og aktivitetsparken, samt stadionanlegga, Herøy vidaregåande skule og Sunnmørsbadet. Kommunen eig tomta som Kulturhuset ligg på.

#### **5.1.2 Samlokalisering med ny barneskule**

Ny barneskule på Bergsøya er planlagt bygd ved sidan av Blåhaugen skule og Ytre Herøy ungdomsskule, og her kan ein legge til rette for at også folkebiblioteket får plass. I området ligg også Bergslia byggfelt, og ein mindre veg knyt saman Berge og Skaret. Kommunen vil eige tomta der ny skule skal byggjast.

### **5.2 Sentrum**

Med unntak av Rådhuset, eig ikkje Herøy kommune aktuelle lokalar/tomter i sentrum pr i dag. Kommunen ynskjer å utvide sentrumsbebyggelsen i retning Igesund, og dette området vil kunne vere aktuelt for ei framtidig lokalisering av nytt folkebibliotek.

### **5.3 Myrvåg**

Kommunen eig disponibelt areal i Myrvåg og desse kunne vore benytta til lokalisering av eit bibliotek. Området blir omtalt som ein satellitt til Fosnavåg/Eggesbønes-området med omsyn til vidare utvikling av næring og handelsområder i kommunen.

## **Vurdering og konklusjon:**

### **6 Vurdering av dei ulike plasseringane**

#### **6.1.1 Samlokalisering med Kulturhuset**

Ei fortsatt samlokalisering med Kulturhuset vil bety at folkebiblioteket kan utvikle seg vidare på ein arena som allereie er godt kjend.

Biblioteket vil vere sentralt plassert i den mest folkerike delen av kommunen, og bli endå meir synleg når ny innfartsveg kjem. Ny hovudveg vil i tillegg bidra til at eldre og andre som nyttar buss, lett kan ta seg til biblioteket.

Svært mange born, unge og skuleelevar, samt ein del vaksne nyttar området gjennom heile veka, og plasseringa vil kunne gi stor drop-in effekt.

Mange i den vaksne målgruppa ferdast ikkje der, men dei fleste av desse har bil og vil kunne ta seg til biblioteket uavhengig av plassering.

Kulturhusområdet er kanskje den einskildplassen i kommunen der flest potensielle besøkjande til biblioteket er innom i løpet av veka.

Området har nærliek til aktivitetsparken, stadion og attraktive friområder for alle aldersgrupper, og dersom byggetrinn 3 av Heid-løypa blir realisert slik ynskja, vil denne kunne bidra til at endå fleire vil passere Kulturhusområdet. Det same vil ein evt. framtidig gangtunnell til/frå sentrum gjere.

#### **6.1.2 Samlokalisering med ny barneskule**

Ei samlokalisering med ny barneskule vil innebere at biblioteket må gjere kjent ei ny plassering for sine besøkjande.

Biblioteket vil vere sentralt plassert i den mest folkerike delen av kommunen, men med dagens vegn synes ikkje dette å vere eit godt alternativ, då auka trafikk frå hovudvegen til dei mindre vegane i området vil bety dårligare trafikksikkerheit for dei som bur og ferdast der.

Ei begrensa mengde born og unge nyttar området, og ein forventar begrensa drop-in effekt.

Få vaksne ferdast der, men dei fleste av desse har bil og vil kunne ta seg til biblioteket uavhengig av slik plassering.

kan bidra til at fleire born og unge nyttar tilbodet og får ei oppleving av biblioteket som ein livslang «fylgesven». Ein vil også kunne oppnå samdriftsfordelar.

Skuleområdet har ei nær fast gruppe besøkjande i løpet av veka.

Området ligg nært aktivitetsparken, stadion og attraktive friområder for alle aldersgrupper, og dersom byggetrinn 3 av Heid-løypa blir realisert slik ynskja, vil denne kunne bidra til at endå fleire vil passere området. Det vil ein evt. framtidig gangtunnell til/frå sentrum også gjere.

#### **6.2 Sentrum**

Ei lokalisering i sentrum vil innebere at biblioteket må gjere kjent ei ny plassering for sine besøkjande.

Biblioteket vil vere sentralt plassert, og ny innfartsveg vil bidra til betre tilkomst både for personbilar og større kjøretøy. Parkeringshøva i sentrum kan vere begrensa dersom samtidige arrangement andre stadar.

Sentrum er ein stad der flest vaksne, og når det nye hotellet kjem også ein del turistar, oppheld seg. Eit sentrumsbibliotek vil kunne bidra til auka stimulans for desse målgruppene og gi stor drop-in effekt. For born og unge synes ikkje dette å vere eit godt alternativ, då deira aktivitet og fritidstilbod i liten grad skjer i sentrum. Ein evt. framtidig gangtunnell til/frå sentrum vil forvente å bidra til at fleire bevegar seg i sentrumsområda i framtida, det same gjeld ynskja utbygginga i retning Igesund og evt komande passasjertransport med båt.

### **6.3 Myrvåg**

Ei lokalisering i Myrvåg vil innebere at biblioteket må gjere kjent ein heilt ny plassering for sine besøkjande.

Biblioteket vil ikkje bli sentralt plassert ift dei mest folkerike områda i kommunen, men tilkomsten og parkeringsmogelegitetene vil venteleg vere bra.

Myrvåg er ein stad der flest vaksne beveger seg, og eit bibliotek vil nå svært få born og unge. Ei slik plassering vil gi liten til moderat drop-in effekt.

«Bibliotekutredninga 2014», som kom ut i 2008, peikar i retning av at folkebiblioteka i distrikta bør gå saman om å etablere eit sterkare samarbeid og vurdere større einingar. Myrvåg er det geografiske midtpunktet i vår nærmeste region, og kunne i lys av ei slik tenking vere ei aktuell plassering for eit framtidig bibliotek. Vår vurdering er imidlertid at biblioteket bør ligge der flest folk ferdast, og at eit samarbeid i regionen heller bør innebere felles bokkatalog og samarbeid om ulike arrangement.

## **7 Anbefaling**

Vår vurdering er at berre eitt av alternativa har dei kvalitetane ein ynskjer for eit nytt folkebibliotek. Anbefalinga er difor at folkebiblioteket blir plassert i nye, synlege og tilpassa lokalar på Kulturhuset, og at noverande lokalar blir frigitt til anna aktivitet. I forbindelse med planlegginga av Sunnmørsbadet vart det også utarbeidd skisse som blant anna viser forslag til nytt folkebibliotek. Denne, samt ei revidert funksjons- og arealanalyse vil leggast til grunn for planlegging av nytt biblioteket.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Biblioteket kan gi auka kunnskap om folkehelse, som igjen kan bidra til betre folkehelse. Plassering av biblioteket sentralt i eit området for stor mengde fysisk aktivitet, vil venteleg motivere til auka bevegelse blant brukarar på biblioteket.

#### Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket har ingen større konsekvensar for beredskapen.

#### Konsekvensar for drift:

Kostnad for utarbeiding av funksjons- og arealanalyse inngår som del av Rådmannens vedlikehalds- og utviklingsplan for vidare bruk av Herøy kulturhus.

Fosnavåg 08.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Kulturleiar

## Vedlegg 1: Herøy folkebibliotek – ein levande og framtidsretta arena

---



### NOTAT

Til: Komite for næring, kultur og idrett  
Fra: Kulturavdelinga

Saksnr  
2013/1161

Arkivkode  
C60

Dato  
02.10.2013

### HERØY FOLKEBIBLIOTEK – EIN LEVANDE OG FRAMTIDSRETTA ARENA.

Biblioteket hadde rundt 80-90 besøkande i gjennomsnitt kvar dag 6 dagar i veka i 2012. Mange låner bøker og film, men aktiviteten består også av PC-bruk, avis-/tidsskriftlesing, lekselesing, ulike typar gruppearbeid, høgtlesing og samtalar. Utanom opningstid har vi 3-4 arrangement pr. semester.

Dette er biblioteket si realisering av det den *nye* biblioteklova har teke inn i ein *utvida formålsparagraf*.

#### FORANKRING

Den nye lova om folkebibliotek (vedteken juni 2013) legg vekt på «aktiv formidling» og at folkebiblioteka «skal vere en uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt». Det blir altså slått fast at biblioteket er noko meir enn ein utlånsstasjon og eit trivselstiltak – nemleg ein samfunnsaktør i demokratiet si teneste. Viser elles til NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014, [pkt 12.17 Folkebibliotek](#) for ei kortfatta utdjuping av den politisk forankra bibliotekideen.

Leseferdigheiter, tileigning av kunnskap og tilgang til kulturopplevingar er viktig for eit godtfungerande samfunn. Biblioteket som møteplass og formidlingsstad krev eigna lokale – og eigna lokalisering. Siktemålet må vere: eit synleg bibliotek der folk ferdast.

#### STATUS HERØY

Herøy treng ei slik fysisk synleggjering av biblioteket sitt. Det er ikkje nok med jungeltelegraf og eit og anna oppslag i avisa for at innbyggjarane nyttar tilbodet. Vi skal *stimulere* til bruk av tenestene, men mykje av marknadsføringa ligg i å sjå biblioteket. Biblioteket treng også ei meir universell utforming som den offentlege tenesta ho er.

Vi skal vere eit bibliotek for *heile* kommunen. Besøks- og utlånstal er ikkje tilfredsstillande. Statistikken viser at vi ligg godt under gjennomsnittet på utlån og besøk i M&R og i landet. Vi har grunn til å tru at lokaliseringa til kjellaretasjen på kulturhuset er ein del av grunnen. Det utlånet og dei besøka vi har, kjem i stor grad av samlokaliseringa med idrettsanlegg og kulturskule, samt eit godt samarbeid med grunnskulen. Barn, unge og foreldre som nyttar desse tilboda, når vi tak i, men eldre

utan skyss og vaksne utan andre ærend her, «gløymer» at vi er til. Statistikktala for 2012 viser trass dette ein oppgang på både utlån og besøk. Det er grunn til å tro at dette har ein viss samanheng med den auka personalressursen vi fekk i 2011. Den auka både slagkrafta og kompetansen vår. Bruk av Facebook, litt fleire arrangement, forbetra logistikk, samt nye aktivitetar gir utslag.

Potensialet for å nå ut til nye/større brukargrupper er stort!

Herøy folkebibliotek fungerte lenge som ei erstatning for manglande skulebibliotek i kommunen. Grunnskulen i Herøy har no større fokus på verdien av eigne skulebibliotek i det pedagogiske arbeidet. Det frigjer krefter på biblioteket til å satse på folkebiblioteket som ein *fritidsarena* for barn/unge, samt eit godt bibliotek for den vaksne delen av befolkninga

Dei vaksne lånargruppene er dominert av kvinner. Det er ei utfordring å gjere biblioteket attraktivt også for menn. Men vi når ut til stadig fleire studentar (i alle aldrar) gjennom fjernlånstilbodet og tilbodet om studie-/leseplass på biblioteket. Mange eldre lir under manglande tilgjengelegheit grunna lang avstand til kollektivtransporten. Vi trur at tilflyttarar av ulike kategoriar treng tenestene våre, men vi kan absolutt nå ut til fleire av dei. Mange nasjonar er t.d. representert på arbeidsplassane i kommunen. Dei kan trenge litteratur på eige språk, tilgang til PCar og scanne/kopieringsmulegheiter.

Det er naturleg å vidareutvikle biblioteket som ein mangfaldig møteplass for heile generasjonsspekteret, og som ein familiearena.

#### LOKALISERING og mulege SAMARBEIDSPARTNARAR

Vi har ein kommune med fleire bygdelag og sentra. Det er naturleg at biblioteket er sentral plassert i høve til kommunenesenteret Fosnavåg. I ein rimeleg radius finn vi Eggesbønes med helse- og legesenter og matbutikkar, kulturhusområdet med diverse skular i tillegg til kulturskulen, idrettsarenaen og Sunnmørskoysbadet , utanom sjølve sentrum.

Biblioteket er allereie ein del av den flotte fritidsarenaen som er etablert og under vidareutvikling på kulturhusområdet. For grupper utan bil, er det mindre tilgjengeleg, men det vil endre seg med ny innfartsveg. Den vil ha ein avstikkar innom området med tilhøyrande kollektivtransport. Nærleiken til skular gjer at born/unge samlast på kulturhuset/biblioteket mens dei ventar på treningsøkter, kulturskuletimar og badeland. Foreldre hentar og bringer i same ærend. For barnehagane er det lett å nytte seg av bibliotektilbodet, då det er rimeleg trafikksikkert og nært dei andre aktivitetane på området. Likeins for skulebesøk.

#### SAMARBEIDSPARTNARAR

*Herøy vidaregåande skule* har ikkje eige skulebibliotek, men elevane skal iflg opplæringslova ha tilgang til bibliotek. Dei har tidlegare nytta folkebiblioteket sine samlingar og si rettleiing ved oppgåveskriving. Det er mindre etterspurnad no utan at vi veit grunnen til det. Ein ny kontakt med skulen kan avklare om dei ser eit potensiale i samarbeid om nytt bibliotek. Det kan ha litt å seie for storleiken på biblioteket.

*Frivilligsentralen* har ein del aktivitet som det kan vere naturleg å samarbeide om, t.d datakurs for seniorer, ulike samkomrar for innflyttarar, integreringsaktiviteter.

*Grunnskulen* har vi eit godt samarbeid med. Det statlege presset på grunnskulen om å ha eigne skulebibliotek har auka siste åra. Skuleavdelinga har eit auka fokus på dette i Herøy, men ansvaret er lagt til den enkelte rektor. Satsinga er ikkje stor, så dei kviler framleis ein del på folkebiblioteket sine ressursar. Det vi må ha lokalitetar for, er klassebesøk som ligg i læreplanen, samt plass til ei boksamling som kan supplere skulebiblioteka.

SFO kan nytte biblioteket som ein del av tilbodet sitt, men lokalet er ikkje dimensjonert for det.

*Lokale lag og organisasjoner* som Sogelaget, Senioruniversitetet, Rotary , kunstlaget t.d. er det naturleg å samarbeide med om arrangement. Det kan gjelde temakveldar e.l. som kan vere stimulerande for engasjementet. Dei treng av og til også ei stad å halde til med sporadisk gruppeaktivitet.

Vi ser for oss Herøy folkebibliotek som ein eit hjarte i kulturhusområdet og ein god møtestad som kan stimulere til eigenutvikling og samfunnsengasjement!

Med helsing

Eileen Gjerde  
Leiar for kulturavdelinga

Kristin F. Husøy  
Biblioteksleiar

Adr: Pb, 274 6099 FOSNAVAG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840  
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

## **Vedlegg 2: Utviklingsplan Herøy Kultur- & Fritidspark**

---

*Til orientering:*

*Dette er ei utdrag av utviklingsplanen med dei momenta som gjeld biblioteket mest.*

### **1. Bakgrunn og mandat**

Mange av dei sentrale kommunale kulturtildoda er lokalisert i Herøy kulturhus/Herøyhallen som blei bygd i 1980/1979. Ein kan nemne biblioteket (...). Dei siste åra har det kome fleire initiativ om behov for vidare utbygging av anlegga: (...)

2. Kulturavdelinga: Nytt moderne bibliotek som «hjartet» i ein betre møteplass på Kulturhuset. Då kan dagens biblioteklokale gi betre plass for utvikling av kulturskulen. (...)

#### **1.2 Mål og mandat**

Kommunestyret vedtok 05.02.2008 mål og mandat for arbeidet:

Mål

(...)

3. Kulturorganisasjonen skal vere godt samordna. Tenestene skal tilpassast tilgjengelege ressursar og opplevast som gode.

Mandat

(...)

4. kartlegge bibliotekverksemda m.o.t. ressursar, tenestetilbod og lokalitetar. Vurdere ambisjonsnivå/mål for bibliotekverksemda og kome med framlegg til tiltak både m.o.t. lokalitetar, ressursar og tenestetilbod. Potensiale for samarbeid med andre bør vurderast.

(...)

#### **2. Innhold**

(...)

#### **3. Samandrag, konklusjonar og tilråding**

(...)

##### **3.1. Fritidsbad og utvida kultur- og idrettstilbod for ein meir attraktiv Herøy kommune**

Ein møteplass for utvikling av menneske og samfunn

Visjonen i arbeidet med planlegging av HKFP (Herøy Kultur og Fritidspark) har vore å skape ein samlande arena for kultur, idrett og fritid. Følgjande verdiar skal leggjast til grunn:

###### **Identitet og samhald**

- HKFP må spegla dei positive elementa i Herøy si historie. Sjølv om framtida stiller krav til nytenking, er det viktig å byggja på dei stadbundne kvalitetane våre – og ta vare på dei mange kreftene i lokalsamfunnet.

###### **Framtid og livskraft**

- HKFP må utviklast med syn for komande generasjonar. Sjølv om det er vanskeleg å sjå føre seg korleis samfunnet vil fungera om 20-30 år, må me våga å tru på tiltak som skaper engasjerte og aktive innbyggjarar.

## Kunnskap og næring

- HKFP må utformast med sikte på å handtera dei utfordringane Herøy kommune og næringslivet vil møta når det gjeld å sikra tilgongen på kvalifisert arbeidskraft og skapa ny aktivitet i Herøy.

## Andre viktige moment som utgreiinga peikar på er:

- Eit attraktivt kommunesenter er viktig for etablering/tilbakeflytting for ungdom med røter frå distriktet som elles hadde busett seg i større byar.
- Den gode tettstaden vil bli svært attraktiv framover fordi ein kan kombinere korte avstandar mellom bustad, arbeid, skular og fritidstilbod med at ein unngår mange av storbyen sine ulemper.
- Gode møteplassar og fritidstilbod blir ekstra viktige med auka tilflytting, arbeids- og fritidspendling i regionen, fleire einslege og nye innvandrarar.
- Fritt skuleval har auka konkurransen om elevane mellom dei vidaregåande skulane. HKFP vil vere eit viktig tiltak for å sikre rekruttering til og arbeidsplassar og utvikling av den vidaregåande skulen i Herøy.
- Eit moderne og attraktivt bibliotek med moderne medietilbod i tillegg til bøker, er viktig som mangfaldig og open møteplass for alle grupper.
- Eiksundsambandet har gitt nye mogelegheiter, men også auka konkurransen mellom tettstadane når det gjeld handel, kultur- og fritidstilbod.

### 3.2. Dei viktigaste hovudfunksjonane

Herøyhuset må samstundes med tilbygg for Fritidsbadet m.m. få ein ny fasade, slik at heile anlegget framstår som moderne og attraktivt.

Elles bør målet vere ulike tiltak attraktive løysingar for:

(...)

### 3. Nytt moderne bibliotek, møteplass, frivilligsentral og felles hovudinngang

(...)

	Seksjon/brukar	Areal i dag	Meldt behov	Rehab. og ombygging	Nyareal
1.	(...)				
2.	Bibliotek og informasjon	410m <sup>2</sup>	780m <sup>2</sup>		780m <sup>2</sup>

NB! Alle dei oppgitte tala i tabellen er ca.-tal.

(...)

### 3.3 Grovt kostnadsoverslag og mål for finansiering gjennom samarbeid og mobilisering

(...)

### 3.5 Nytt samla eigarskap

(...)

### 3.6 Organisering og driftskonsekvensar for kultursektoren

**Det nye biblioteket, nesten utan bøker?**

Eit moderne bibliotek i hjartet av ein Herøy kultur og fritidspark vil vere eit heilt anna bibliotekkonsept enn dagens. Biblioteka er under rask endring som følgje av nye media, ny teknologi og samfunnsutviklinga elles.

(Bilde)

Felles for nye bibliotek i Noreg og Danmark dei siste åra er:

- Besøket og oppholdstid for dei som kjem aukar kraftig både i huset og i «det virтуelle» nettbiblioteket som er «ope» 24 timer i døgnet.
- Større del av bøkene i «ope magasin» for å gje meir plass til opphold, studie/leseplassar, møteplassar m.m.
- Meir vekt på aktivitetar, arrangement, eksperimentarium for born og IT-tilbod.
- Større vekt på film, musikk og spel
- Utlånsautomatar og større grad av sjølvbetjening og bestilling over internett.
- Læringssenter/studieplassar for elvear i vg. skule, fjernstudentar.

Mange brukar uttrykket «den tredje staden» om det nye biblioteket. Heim og skule/arbeid er dei to første. Den tredje er viktig som ein stad å treffast, prte, drive med ting saman med andre .. og det utan å måtte kjøpe noko. Det seier seg sjølv at plasseringa midt i «huset» er ideell for eit moderne bibliotek etter denne modellen. Vi har ikkje hatt høve til å gå djupt inn i konseptet for nytt bibliotek no, men dette må det arbeidast med i den vidare planlegginga av bibliotek. Herøy bør ikkje bygge hus for ei boksamling, men eit moderne bok og mediatek for vår tid. Det vil også vere eit konsept som gjer samarbeid enno meir interessant for fylkeskommunen og Herøy vidaregåande skule.

(...)

### **3.7. Tilråding til kommunestyret frå komiteen**

(...)

4. Parallelt med utbygginga av fritidsbadet som blir planlagt i regi av HVVB AS, må nødvendig rehabilitering av Kulturhuset etter 30 års drift, prioriterast. Deretter må nytt bibliotek med felles inngangsparti for heile anlegget og ombygging for kulturskulen, ha prioritet.

(...)

7. Drift/forvaltning i kultursektoren bør samordnast/samlast betre enn i dag.

Komiteen foreslår følgjande:

(...)

- Kulturavdeling med kulturkontoret, biblioteket, ungdomsarbeidet, frivilligsentralen og kulturskulen leiger rom i anlegget.

(...)


8. Komiteen peikar på problema med lav bemanning i biblioteket og vanskar med å oppretthalde dagens nivå på teneste, men ser at dette ikkje kan vurderast før det er klart kva praktisk og funksjonell løysing m.m. som vert valt.

Komiteen sin målsetjing/sitt ynskje for bibliotektenesta, er at herøy folkebibliotek skal framstå som ein moderne og framtidsretta samfunnsinstitusjon og vere kommunen sin fremste møtestad på tvers av alder, kjønn og sosial tilhøyring med eit brent spekter av tenester. Samarbeidet med skulen må formaliserast.

Komiteen ønskjer primært at nye og meir framtidsretta lokale skal kome i tilknytning til hovudinngangen og på gateplan der fleire funksjonar også kan samlast. Dette kan samtidig lyse ein stor del av kulturskulen sitt behov. Viser til behovskartlegginga og romprogrammet/funksjonsanalysa.

**Vedlegg 3: Kart over Kulturhusområdet med fritidsbadet og nytt veinett.**

---



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AK	Arkivsaknr:	2012/62
		Arkiv:	C20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
85/13	Komite for næring, kultur og idrett	18.11.2013
209/13	Formannskapet	19.11.2013
	Kommunestyret	28.11.2013

### VEDK. BYGGING AV 3. BYGGESTEG AV HEID TURLØYPE

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune tek på seg å vere byggherre for utbygging av Heid Turløype 3. byggesteg i samarbeid med Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa etter same mal som tidlegare byggesteg og skissert i saksutgreiinga.
2. Kommunestyret godkjenner vederlagsfri framleige til kommunen av leigeavtalar for 3. byggesteg som Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa har gjort med grunneigarane for 35 år frå 01.01.2014 til 31.12.2046 vedk. Heid Turløype.
3. Kommunal eigenfinansiering i 3. byggesteg er avgrensa til momskompensasjon i prosjektet i tillegg til kr 100 000 foreslått i økonomiplanen.
4. Kommunestyret gjev ordføraren fullmakt til å godkjenne naudsynte avtalar mellom Herøy kommune og Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa når alle formalitetar er avklara.
5. Anleggsprosjektet, 3. byggesteg, kan ikkje starte opp før all finansiering er på plass og nødvendige dispensasjonar og godkjenningar er gjort i høve kommuneplan, jordlov og plan- og bygningslova.

Særutskrift:  
Kulturleiaren  
Arbeidsgruppa for Heid Turløyper

## **Vedlegg:**

- 1 Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av Heid Turløype 3. byggesteg.
- 2 Leigeavtale.Bygging av 3. byggesteg av Heid Turløype

## **Saksopplysningar.**

I K-sak 28/10 og K-sak 11/12 vart det gjort vedtak om kommunal deltaking i bygginga av Heid Turløyper, høvesvis 1. og 2. byggesteg.

Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa er i utgangspunktet søkjer i eit samarbeid med kommunen og ei arbeidsgruppe om å få bygt turløypene i Heidområdet.

Etter behandling i kommunen, og inngåing av avtalar med grunneigarane, vart det søkt om spelemidlar innan 15. januar 2010 og 15. januar 2012. Det er gitt tilskot frå spelemidlane til dei 2 byggestega på høvesvis kr. 450.000 og kr. 420.000.

Næringsforum, næringslivet og Gjensidigstiftelsen har også støtta prosjektet mykje.

1. og 2. byggesteg er no på det nærmeste ferdig bygt. Lysa på turløypa er planlagt å kome på plass med det første.

Arbeidsgruppa har starta planlegginga av 3. byggesteg og allereie gjort avtalar med grunneigarane for 3. byggesteg, og søker no om idrettsfunksjonell godkjenning og deltaking frå kommunen si side. Sjå vedlegg.

Det er planlagt å søkje om tilskot frå spelemidlane innan 15. januar. Det skal vidare søkjast om dispensasjon frå kommuneplanen, og om alt går etter planen, kan det verte byggestart på 3. byggesteg til sommaren 2014. Prosjektet vert etter planen lagt ut på Doffin med det første.

Heid Turløype er eit svært positivt prosjekt for alle som bur på Bergsøy, den mest befolka øya i Herøy kommune med sine ca 5000 innbyggjarar i tillegg av kommunen og regionen forøvrig.

Området der løypa er planlagt, er eit svært mykje nytta turområde med ca 15-20.000 turgårar pr. år som besøker toppen, Hornseten, som ligg ovanfor den planlagde turløypa. Dette talet forventar ein nok vil stige når ein ser den store «folkevandringa» i området etter at Turløypa har vorte ein realitet.

Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa, arbeidsgruppa, entreprenør og kommunen i tillegg av støtte frå næringslivet og grunneigarar, har gjort eit godt samarbeid for å få dette flotte prosjektet på plass. Og prosjektet har vorte svært godt motteke ute mellom barn, unge og eldre.

3. byggesteg av prosjektet er plassert i handlingsplanen for ordinæranlegg og er det einaste friluftsanlegget i kommunen sin handlingsplan. Fylket har vedtak om at friluftsanlegg skal prioriterast først i høve til tildeling av spelemidlar.

3. byggesteg er tenkt bygt frå Tverrfjellet der 2. byggesteg sluttar og ned til kommunevegen ovanfor kulturhuset. Vidare kan ein nytte gåvegen inn til Bergsøy skule og kople seg inn att på allereie bygt turløype ovanfor skulen. Ein får slik ei

rundløype på ca 2,5 km. Alternativt å gå inn om Bergslia eller Berge før ein knyter seg til Turløypa.

Det er planlagt ei forbetring av sti-tilhøve ovanfor skuleplassen til Bergsøy skule. Dette skal gjere det lettare å kome seg opp på turløypa frå skuleplassen til Bergsøy skule.

Arbeidsgruppa ser føre seg slik finansiering av 3. byggesteg:

	<b>Sum eks.ma</b>	<b>Dugnad</b>	<b>M.a</b>	<b>Sum ink.Ma</b>
Innhenta kostnadsbereking grunnarbeid / løypa	748.000		187.000	935.000
Dugnad grunnarbeid		20.000		20.000
Lys komplett m/ 3m stolpar(8stk) og 6m stolpar(10 stk), trekkerør,kabel,stolpefeste	228.580		57.145	285.725
Dugnad trekkerør, feste		30.000		30.000
Uforutsatt	16.000		4.000	20.000
<b>SUM</b>	<b>992.580</b>	<b>50.000</b>	<b>248.145</b>	<b>1.290.725</b>

Ein ser føre seg slik finansiering av 3. byggesteg:

Spelemidlar		645.000
Tilskot frå Næringsforum		220.000
Tilskot frå kommunen		100.000
Tilskot frå Næringslivet, ulike bedrifter, andre		30.000
Dugnad		50.000
Mva ført attende i prosjektet		248.000
<b>SUM</b>		<b>1.293.000</b>

Ein ser føre seg slik årleg driftskostnad for 3. byggesteg:

Straumutgifter	5.000
Vedlikehald av turløypa – grus / pukk, etc. 3. byggesteg	10.000
<b>SUM</b>	<b>15.000</b>

Prosjektet vil be kommunen om naudsynte tilskot til grus for event. naudsynt vedlikehald. Arbeidet skal gjerast delvis på dugnad der Trim-gruppa i BIL skal vere med å koordinere arbeidet i samråd med kommunen.

Prosjektet vil søkje kommunen om dekning av straumutgifter for lys.

Heile løypa er 2500 m. 3. byggesteg ca 700m.

I høve 3. byggesteg søker ein om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning med situasjonsplan, oversiktskart, behovsoppgåve, foreløpig kostnadsoverslag i tillegg av forslag finansiering og drift, dokumentasjon av tilpassinga av anlegget til vegar, bygningar og landskap, lysbereking og snittprofil av turveg.

## **Vurdering og konklusjon:**

Etter bygginga av 1. og 2. byggesteg av Heid Turløyper, ser ein at anlegget vil verte eit svært viktig friluftsanlegg som både innbyggjarane, skulane og barnehagane i området kan bruke. I folkehelsesamanheng er det svært viktig å leggje tilrette for fysisk aktivitet, både for unge og eldre.

Fosnavåg som by har også behov for alternative tilbod til oppleving som reiselivsdestinasjon. Hornseten og Tverrfjellet gjev panoramautsikt over Fosnavåg med Rundefjellet i bakrunnen. Det er også under arbeid ei tilrettelegging for tursti fra Nørvågen og opp til Heid Turløype i skaret.

Rådmannen ser prosjektet som svært viktig i folkehelsesamanheng. 1. og 2. byggesteg har gått greitt og har vorte nærmast ein suksess. Dersom kommunen stiller som vilkår at naudsynte tilskot skal vere på plass før oppstartig i marka, så er ikkje risikoen med prosjektet så stor. Modellen går ut på at kommunen tek på seg å stå som utbygger av prosjektet etter same mal som i foregåande byggesteg og i høve til Gurskøy IL og turløypa på Leikongeidet, med m.a. deltaking i prosjektgruppe, utlysing av anbod, søknad om spelemidlar og serving av fakturaer og rekneskap.

Med bakgrunn i vilkår om at finansieringa kjem på plass og at dette er eit viktig nærmiljøanlegg / friluftsanlegg / folkehelseanlegg, ikkje minst for barnehagane og skulane i området, finn rådmannen å tilrå at kommunen står som utbyggjar også for 3. byggesteg. Den kommunale eigenandelen på kr. 100.000 foreslår rådmannen vert finansiert over økonomiplanen / investeringsbudsjettet.

Rådmannen foreslår også at kompensasjonen for meirverdiavgifta i prosjektet vert ført attende til prosjektet.

Driftsutgiftene for 3. byggesteg er som nemnt kalkulert til ca kr 15 000 pr. år. Ein arbeider med å finne praktiske løysingar i samarbeid med anlegg og driftsavd. slik at drifta vert rimelegast mogleg. Elles vert drifta å innarbeide i kommunen sitt budsjett over vedlikehaldsmidlar til denne type anlegg.

Før utbygging vert sett i gong må alle forhold vere avklart; som t.d. naudsynte tilskot, tilskot frå speleidlane, alle avtalar godkjent, prosjektet utlyst etter kommunen sine retningslinjer og byggemelding vere godkjent.

Før event. byggearbeid vert sett i gong, må alle formalitetar vere på plass samt søknad/godkjenning av dispensasjon frå kommuneplanen og jordlova §12, og godkjenning av tiltak etter Plan- og bygningslova mv.

Konsekvensar for folkehelse: Prosjektet er svært positivt for folkehelsa

Konsekvensar for beredskap: Prosjektet har ingen større konsekvensar for bederskapen

Konsekvensar for drift: Driftsmidlar nemnt i saksutgreiinga vert å innarbeide i det kommunale budsjett

Fosnavåg, 08.11.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Kvalsund

 <b>HERØY KOMMUNE</b> <b>RÅDMANNEN</b>	
Reg.nr.	Saksbeh.
2012/62	AK
- 8 NOV. 2013	
Ark.kode P	C20
Ark.kode S	
J.nr.	Dok nr. 30
Kassasjon	

Herøy kommune,  
6099 Fosnavåg

Fosnavåg, 06.11.13.

## **Søknad om Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av Heid Turløype 3. byggesteg.**

Arbeidet med Heid Turløype starta opp på ettersommaren 2009 etter ein førespurnad frå Bergsøy IL, Trimgruppa til Herøy kommune i høve hjelp til søknad om spelemidlar, kart, grunneigaroversikt m. m.

Etter kvart vart ei arbeidsgruppe etablert med medlemar frå Bergsøy IL, trimgruppa, kommunen og interesserte.

Seint hausten 2009 fekk ein avklaring og leigeavtalar med grunneigarane som var tilknytt 1. byggesteg, og ein kunne starte planlegging av turløypa, kostnadsberekingar og finansiering, og søknad om spelemidlar vart sendt innan fristen 15. januar 2010 med avtale om ettersending av dokumentasjon. Sjå vedlagde kart.

Det vart gjort avtale med fylket om å kunne dele prosjektet i 3 delar då ein ikkje hadde avtale på plass med alle grunneigarane i den event. vidare utbygginga.

### **1. byggesteg.**

Bergsøy Idrettslag søkte 11.01.10 i eit samarbeid med kommunen om å få førehandsgodkjent søknaden om spelemidlar til bygging av Heid Turløype 1. byggesteg.

I K-sak 28/10 den 28.02.10 vart det gjort vedtak om deltaking frå kommunen si side. Innan fristen 1. mars var 1. byggesteg av stien finansiert med midlar frå Næringsforum, dei 3 bankane i kommunen, dugnad og kommunen.

I juni 2010 låg det føre svar frå fylket om innvilga tilskot på kr. 200.000 og ein kunne starte arbeidet med vidare planlegging, og etter kvart arbeid i marka.

Det vart sendt brev til Tussa etter eit møte med dei, der dei signaliserte å ville vurdere å vere med etter same mål som Leikong Tur- og Lysløype. Hausten 2010 signaliserte Tussa i brev at dei ville vere med på samhandlingsprosjektet som omsøkt.

Det er gjort vedtak om dispensasjon frå kommuneplanen for 1. og 2. byggesteg.

I høve til 1. byggesteg vart det utarbeida ei kostnadsramme på kr. 816.000 som vart fullfinansiert. Fylket gav tilskot frå spelemidlane på kr. 200.000 og Næringsforum, dei 3 bankane i kommunen, kommunen og dugnad finansierte resten. Søknaden og kostnadsramma er seinare justert opp pga auka kostnader, og fylket har auka tilskotet til 450.000.

Det er gjort avtale med Aurvoll og Furesund vedk. 1. og 2. byggesteg, og arbeidet i marka med 1. byggesteg vart starta opp i sept. 2011 etter ein del dugnadsarbeid med felling av tre. Arbeidet med bygging / grunnarbeidet av 1. byggesteg pågjekk til snøen kom i november 2011.

## **2. byggesteg.**

Hausten 2011 vart det inngått avtalar med grunneigarane om bygging av 2. byggesteg av turløypa og i K-sak vart det gjort vedtak om deltaking frå kommunen si side. Sjå vedlagde kart.

Det vart utarbeida eit kostnadsoverslag og forslag til finansiering, og søknad vart sendt til fylket vedk. spelemidlar i jan. 2012. Kostnadsramma vart på kr. 850.000.

Pga korte fristar fekk ein ikkje alle tilskot på plass og ein fekk ikkje søknaden godkjent. Ny søknad vart sendt i 2013, og med auka tilskot frå fylket, tilskot frå Næringsforum, Gjensidigestiftelsen, ei rekke bedrifter, rederi, kommune og dugnad, vart søknaden godkjent og arbeidet i marka kunne halde fram.

Arbeidet i marka har no med nokre avbrudd halde fram sidan i sommar og er på det nærmaste ferdig. Berre lys manglar på dei 2 byggestega som no er bygt. Dette skal i høve avtale kome på plass innan nyttår. Vi har fått ei fantastisk turløype som barnehagar, skular og mykje folk som går tur i marka set stor pris på. Berre lovord å høyre.

## **3. byggesteg**

Som det framgår på kartet er det skissert eit 3. byggesteg frå Tverrfjellet og attende til området ovanfor Bergsøy skule. Arbeidsgruppa har arbeidt med fleire ulike alternativ med ynskje om ei rundløype, og det ser no ut til at alternativet med turløype ned att frå Tverrfjellet mot kulturhusområdet skal verte ein realitet. Dette passar også fint inn i høve til tankane om gåtunnel frå sentrum av Fosnavåg til kulturhusområdet. Turløypa vert samanknytt med løypa ovanfor Bergsøy skule langs gåvegen på Lisjebø. Sjå kart.

Alle grunneigarar har skrive under på leigeavtalen og arbeidet med vidare planlegging, kostnadsbereking, finansiering m.m. kan halde fram med ynskje om å få klar søknad om spelemidlar innan fristen 15. januar. Om alt går etter planen kan 3. byggesteg starte arbeidet i marka sommaren 2014.

### **Stor interesse for folkehelseløyper.**

Det er stor interesse for å få til folkehelsetiltak som m.a. turstiar. Nørvågen Vel og Fosnavågaren har engasjert seg for ein sidedel av Heid Turløype opp frå Nørvågen. I fleire bygdelag er det tankar for turløyper og merking av eksisterande stiar. Fleire forslag til turstiar er foreslårte i høve rulleringa av kommuneplanen. Møre og Romsdal Fylke har sett av ekstra midlar til denne type tiltak, og fleire store nasjonale næringsbedrifter har signalisert satsing på denne type tiltak.

Berge, Bergslia og Flusund Grendelag har engasjert seg for bygging av gapahukar i tilknyting til Turløypa på Heid, samt benkar og anna trivselstiltak langs stien.

Arbeidsgruppa håper at Herøy kommune vil fylge opp med godkjenning av planane og tilskot også til det 3. byggesteget og nyttar høvet til å takke for godt samarbeid og viktige bidrag i høve dei 2 første byggestega. I tillegg håper arbeidsgruppa at fleire bedrifter og rederi i Herøy ser behovet for tilrettelegging av ulike folkehelsetiltak for sine tilsette, og ser det som ein viktig del for å få folk med naudsynt kompetanse til å flytte til kommunen, og vel å støtte opp om vidare utbygging av Heid Turløype med eit tilskot, slik at arbeidet kan halde fram.

Heid Turløyper er eit svært positivt prosjekt for alle som bur på Bergsøy, den mest befolkta øya i Herøy kommune med sine ca 5000 innbyggjarar, og kommunen og regionen forøvrig.

Området der løypa er planlagt, er eit svært mykje nytta turområde med ca 15-20.000 pr. år som besøker toppen, Hornseten, som ligg ovanfor den planlagde turløypa. På grunn av mykje trakk i området på våte dagar over lengre periodar, så såg området før løypearbeidet starta, meir ut som ein gjørmesti. Dette vart verre og verre år for år, og noko måtte gjerast. No har dette vorte flotte turstiar som er på veg til å verte fullført.

Bergsøy Idrettslag, kommunen og næringslivet har gripe tak i dette og gått inn i eit samarbeid for å bøte på dette, og prosjektet har vorte svært godt motteke.

Fylgjande vedlegg er klargjort til førehandsgodkjenninga:

Vedlegg 1:

Heid Turløype byggesteg 1, 2 og 3. byggesteg er plassert i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet under ordinæranlegg og ligg der som einaste friluftsanlegget.

Vedlegg 2:

Situasjonsplan i målestokk 1:1000. Legg ved også oversiktsskart i 1:5000. Kartfilene frå utviklingsavdelinga i kommunen skal kunne sendast digitalt direkte dersom det er behov for det. Pga stort område er filene i denne målestokken store og tunge.

Vedlegg 3:

Behovsoppgåve for dimensjonering.

Vedlegg 4:

Foreløpig kostnadsoverslag i tillegg av finansiering og drift.

Vedlegg 5:

Dokumentasjon av tilpassinga av anlegget til bygningar og landskap. Legg også ved plankart så ein ser forslaga til vegar og utbyggingar i området.

Vedlegg 6:

Kommentar vedk. lysbereking

Vedlegg 7:

Snittprofil for Heid Turløype.

Helsing



Gunnar Sævik – leiar Trim-gruppa Bergsøy IL



Frank Steinsvik  
Frank Steinsvik leiar Bergsøy IL

# 1 Prioritert handlingsprogram 2011 – 2014 Justert febr. 2013

## 1.1 Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2011 – 2014


K.sak 182/10 den 16.12.2010

P	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak <b>ORDINÆRE ANLEGG/ REHABILITERING</b>	Ansvarleg	Invest. Kostnad i 1000	Driftsutg ift pr. år				ANLEGGSSSTART			
					Finansiering - Totalt			2011	2012	2013	2014
					KMi	SpMi	PR				
1	Kunsgras Tjørvåg m/lysanlegg	Kommunen/ Tjørvåg IL	4.000	75	800	1500	1.650	X			
2	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Kommunen/ Fritidsbadet	*160.000			13.000		X			
3	Bowlinghall knytt til Fritidsbadet	Kommunen / Fritidsbadet	*18.000			2.500		X			
4	Rehab grasbane på Bergsøy stadion	Kommunen/ BIL	*10.900	50	2.200	2.500	6.300	X			
5	Kunstgras Gurskøy IL	Kommunen/ GIL	*3.200	35	650	950	1.900		X		
6	Klubblokale/ garderober/ tribune v/kunstgrasbana	Kommunen/ BIL Fotball	*13.000		2.500	1.600	9.900		X		
7	Klubbhus/ reiskapshus Tjørvåg IL	Tjørvåg IL/ Kommunen	*4.000			700				X	
8	Idrettshall nye Leinøy skule / Einedalen skule	Kommunen	*20.000			7.000				X	
9	Rehabilitering grusbane/ løpebane	Moldtustr IL/ Kommunen									X
	Heid Turløype 1. byggesteg	BIL/Kommunen	903		220	450	370			X	
	Heid Turløype 2. byggesteg	BIL/ Kommunen	850		220	420	370			X	
	Heid Turløype 3. byggesteg	BIL/ Kommunen	*900		220	450	270				X

X = oppstartår /byggstart

\* Kostnadsberekingane er estimerte

## Heid Turløype 3. byggesteg




HERØY KOMMUNE

24.10.2013 1:1700

Det kan forekomme feil i kartet

0 20 40 60 m



N  
Heid Turløyper  
31.10.2013  
Målestokk 1:5000  
Herøy kommune

## **Behovsvurdering Heid Turløype**

Heid Turløype er planlagt i eit turområde ovanfor Fosnavåg på vestsida og Bergslia byggefelt m.m. på austsida. Utgangspunktet for løypa er den gamle Heid-bana som ligg rett bak Bergslia byggefelt. Også Tussa sin nettstasjon er eit greitt utgangspunkt. Her er det etablert fleire parkeringsplassar og fleire er planlagt i høve vegutbygging i området ovanfor eksisterande bebyggelse.

Dette er også det mest brukte utgangspunktet for fjellturar til Hornseten og Tverrfjellet som årleg vert besøkt av ca 15.000 – 20.000 turgårarar, viser teljing på toppen.

Vi har dei seinare åra sett at turstiane i området har vorte djupare og djupare, og i våte periodar liknar dei meir elvar og gjørmeigrøfter. Å gjere noko med dette har vore hovudynskjet for arbeidsgruppa for Heid Turløype, i tillegg av at ein ser eit stort folkehelsepotensial for alle aldersgrupper, barnehage og skule med tilrettelegging av gode turløyper, og at området er svært populært for turgåing. Ei turløype vil også opne mulegheita for meir skigåing i området.

Ein ser føre seg å gjere utbygginga i 3 etappar over 3 -4 år. No er ein ferdig med 2 etappar og ynskjer å ta fatt på den 3. etappen i komande år.

Planen er å bygge ein trase som skal vere tilkomeleg for alle gåande, med lite stigningar og bratte utforskråningar. Løypa vil få ei bredde på ca 1,5 m til 2 m, men i høve bygginga må ein i delar av traseen bygge ei bredde på ca 2 til 2,5 m for at ein skal kome til med lette gravemaskiner og tilhengar for frakting av ny masse, utan å gjere for mykje skade i terrenget.

For at løypa skal kunne brukast heile året, er det lagt opp til i heile traseen. ?

Turområdet ovanfor Heid ligg om lag midt på Bergsøya, den mest befolka øya i Herøy kommune, der også senteret i kommunen, Fosnavåg, ligg. Øya har ca 5000 innbyggjarar.

Turløypa vil også verte knytt til skuleområdet der følgjande "institusjonar" held til: , Sirlaugen Barnehage, Bergslia Barnehage, Blåhaugen skule, Bergsøy skule, Ytre Herøy ungdomsskule, Herøy vidaregåande skule og Bergsøy stadion med løpebaner, gras og kunstgrasbane i tillegg av Idrettshall, Kulturhus, Fritidsbad og planlagt Treningssenter, og badeland. Dagleg oppheld det seg ca 1400 barn, unge og vaksne i dette området i tillegg av busette, og som kan verte potensielle brukarar av løypa når den vert ferdig utbygt.

Turløypa vil m.a. gå langs kanten av Tverrfjellet der ein vil ha panoramautsikt ned på Fosnavåg sentrum og ut over mot fuglefjellet ved Runde. På sikt tenkjer ein seg å plassere nokre benkar og bord på såkalla utkiksplatå i dette området . Også ein eller fleire Gapahukar er tenkt plassert i den vestre delen slik at ein i dårleg ver kan søke ly, sjå på utsikta og nyte nistepakken. Vi vil tru at dette området vil verte svært attraktivt for besökande frå m.a. Nyehotellet og båtgjestar i hamna.

For å lette tilkomsten for turgårarar frå Fosnavåg sentrum, har Nørvågarn og Fosnavågaren Vel søkt samarbeid med næringslivet m.fl. for å få bygt ein sti m/ delvis trapper opp frå Nørvågen samanknytt med Heid Turløype.

## **Heid Turløype. 3. byggesteg.**

### **Forslag til kostnadsberekning og drift:**

Ein ser føre seg slikt kostnadsoverslag for 3. byggesteg:

	<b>Sum eks.ma</b>	<b>Dugnad</b>	<b>M.a</b>	<b>Sum ink.Ma</b>
Tilbod gr.arb	748.000		187.000	935.000
Dugnad grunnarbeid		20.000		20.000
Lys komplett m/ 3(8stk)+6 m(10stk) stolpar, trekkerør,kabel,bakkefeste	228.580		57.145	285.725
Dugnad tildekning, sluttarbeid		30.000		30.000
Uforutsatt	16.000		4.000	20.000
<b>SUM</b>	<b>992.580</b>	<b>50.000</b>	<b>248.145</b>	<b>1.290.725</b>

Ein ser føre seg slik årleg driftskostnad:

Straumutgifter	5.000
Vedlikehald av turløypa – grus / pukk	10.000
<b>SUM</b>	<b>15.000</b>

Prosjektet vil be kommunen om eit årleg tilskot til grus. Arbeidet skal gjerast på dugnad der Trim-gruppa i BIL skal koordinere arbeidet i samråd med kommunen. Ein vil søkje kommunen om dekning av straumutgifter for lys.

Heile rundløypa er ca 2500 m inkl. gåveg Lisjebø. 3. byggesteg ca 635m.

## **Heid Turløype. 3. byggesteg.**

### **Finansiering og drift:**

Ein ser føre seg slik finansiering av 3. byggesteg:


Spelemidlar		645.000
Tilskot frå Herøy Næringsforum		220.000
Tilskot frå kommunen		100.000
Tilskot frå Næringslivet; ulike bedrifter, andre.		30.000
Dugnad		50.000
Mva ført attende i prosjektet – tilskot kommunen		248.000
<b>SUM</b>		<b>1.293.000</b>

Ein ser føre seg slik årleg driftskostnad:

Straumutgifter 3. byggesteg	5.000
Vedlikehald av turløypa – grus / pukk 3. byggesteg	10.000
<b>SUM 3. byggesteg</b>	<b>15.000</b>

Prosjektet vil be kommunen om eit årleg tilskot til grus. Arbeidet skal gjerast på dugnad der Trim-gruppa i BIL skal koordinere arbeidet i samråd med kommunen. Ein vil søkje kommunen om dekning av straumutgifter for lys.

3. byggesteg ca 635m. Heile løypa er ca 2500 m inkl. gåveg Lisjebø.



### **Lysberekning Heid Turløype 3. byggesteg.**


Heid Turløyper er planlagt med lys til liks med 1. og 2. byggesteg. Det er berekna 6 m lysmast pr. kvar 40 m i nedre del av byggesteget og 3 m lysmaster med ledlys på kvar 20 m i den delen av løypa som ligg oppe på Tverrfjellet. Dvs totalt 10 + 8 lysmaster henholdsvis 6 m og 3 m høgde.

Tussa har gitt oss finansieringstal og forslag til utstyr ut frå erfaring med liknande løyper, m.a. Eidet Turløype ovanfor Ulsteinvik og Leikongsætra Tur- og lysløype.

Tussa har sendt oss ei lysbereking nytta i høve liknande anlegg. Sjå vedlegg.

# ATLA

Konkurransedyktig utendørsarmatur med fokus på høy ytelse. ATLA er universell både når det gjelder lystekniske egenskaper og montering.



ATLA er en robust og energieffektiv armatur som er velegnet både til nye anlegg og som erstating for eldre og mindre effektive gatearmaturer. ATLA oppfyller EuP-direktivet. Armaturen har enkelt vedlikehold, kapslingsklasse IP65 og er elektrisk dobbeltisolert, klasse II. Med ATLA er det enkelt å erstatte 80W HME med 35W HIE-CE eller 125W HME med 50W HST/HIE-CE. Dermed oppnås lavere energiforbruk og et mer moderne belysningsanlegg med bedre og mer behagelig lys.

ATLA har et vendbart mastefeste for montering på utliggerarm eller rett mast. For begge monteringsmuligheter vendes kun mastefestet og låses med 2 settskruer.

Montering og vedlikehold utføres uten behov for ekstra verktøy. Skjermen festes til mastefestet med hjelp av to kraftige sikkerhetslåser i stål. Den raske og enkle monteringen er meget tidsbesparende, hvilket

gjør ATLA til en lønnsom investering også i nye anlegg.

ATLA har en moderne gatelysoptikk for HST/HIE-CE-lyskilder som gir fleksibilitet i valg av lyskilde tilpasset hvert enkelt formål. Lyskilden er justerbar i 4 posisjoner for ulike veibredder. Produktprogrammet inneholder varianter med power reduction og elektronisk forkobling og muliggjør ytterligere energieffektivisering og dermed en enda større gevinst for miljøet.

#### Lyskilder

- 35W HIE-CE (ME)  
Keramisk metallhalogen, sokkel E27, tennspenning < 2,5 kV
- 50W HST (ST)  
Høyttrykk natrium, sokkel E27
- 70W HSE  
Høyttrykk natrium, sokkel E27, t<sup>o</sup> 70W HIT
- 70W HIT  
Keramisk metallhalogen, sokkel G12

#### ● 50W HIE-CE (CE)

Keramisk metallhalogen, sokkel E27, tennspenning < 2,5 kV

#### ● 70W HST

Høyttrykk natrium, sokkel E27

#### ● 70W HSE

Høyttrykk natrium, sokkel E27,

#### ● 70W HIT

Keramisk metallhalogen, sokkel G12

#### Materiale/Finish

Armatur og mastefeste: støpt aluminium, ulakkert (NS4263/EN AB44300). Armaturen kan lakkeres på forespørsel.

Skjerm: herdet planglass eller svakt buet polykarbonatskjerm.  
Fås i varianter med forhåndsmontert 5 m kabel.

#### Installasjon/Montering

Med hjulp av det vendbare mastefestet monteres armaturhuset på Ø42-60 mm mastetopp eller på arm. Skjermen festes til mastefestet med hjelp av to kraftige sikkerhetslåser i stål og låses med 2 settskruer.

#### Anbefalt monteringshøyde 4 - 7 m.

Alle komponenter er montert på forkoblingsplaten som raskt kan løsnes ved hjelp av to skruer og skiftes etter behov.

Tilkobling til 2x2,5 mm<sup>2</sup> hurtig-koblingsplint. Ønsket effekt 50W eller 70W velges ved installasjon. Tilpasset for HID-lyskilder (både HIT-CE og HST).

Skjerm/planglass og pakning kan skiftes ved å løsne 4 skruer. Varianter med 5 m forhåndsmontert kabel fås som standard for enkel og rask montering. Lyskilde bestilles separat.

ATLA er en energi- og miljøvennlig armatur og er velegnet for renoveringsprosjekter hvor gamle armaturer med kvikksølv (HME) skal erstattes med ny belysning. Energibesparelsen ved en utskifting er beregnet nedenfor.

**Eksempel 1:** 100 stk 125W HME skiftes ut med 100 stk ATLA 50W HIT-CE


Lyskilde	Eksisterende anlegg med kvikksølv	Nytt anlegg med ATLA 50W HIT-CE	Besparing
	125W HME	50W HIT-CE	
Total systemeffekt (W)	137W	63W	
Brennetid/år	4.000 timer	4.000 timer	
Årlig energiforbruk	54.800 kWh	25.200 kWh	<b>29.600 kWh</b>
CO <sub>2</sub> utslipp/år*	23.02 tCO <sub>2</sub>	10.58 tCO <sub>2</sub>	<b>12.44 tCO<sub>2</sub></b>

\*) Det gjennomsnittlige Europeiske CO<sub>2</sub>-utslipp ved produksjon av 1kWh er 0,42 kg. Dette kan variere fra land til land og er avhengig av hvert enkelt lands energimiks.

**Eksempel 2:** 100 stk 80W HME skiftes ut med 100 stk ATLA 35W HIE-CE

Lyskilde	Eksisterende anlegg med kvikksølv	Nytt anlegg med ATLA 35W HIE-CE	Besparing
	80W HME	35W HIE-CE	
Total systemeffekt (W)	92W	45W	
Brennetid/år	4.000 timer	4.000 timer	
Årlig energiforbruk	36.800 kWh	18.000 kWh	<b>18.800 kWh</b>
CO <sub>2</sub> utslipp/år*	15.46 tCO <sub>2</sub>	7.56 tCO <sub>2</sub>	<b>7.90 tCO<sub>2</sub></b>



**Beregningseksempel ved nytt anlegg:**  
Armatur: ATLA 70W HST ESH V2 L4  
Monteringshøyde: 7 meter  
Veidekke: C2W4  
Belysningsklasse: MEW5  
Vedlikeholds faktor: 0,8




**Bestillingsveiledning** Lyskilder bestilles separat

Beskrivelse	Icos kode	Sokkel	Vekt kg	Elnr
<b>ATLA m/planglass</b>				
ATLA 50/70W HID EFL	HST/HIT-CE	E27	5,3	35 021 50
ATLA 50/70W HID EFL W 50M	HST/HIT-CE	E27	5,3	35 021 51
ATLA 70W/BP HST EFL	HST	E27	5,4	35 021 52
ATLA 70W HIT EFL	HIT-CE	G12	5,2	35 021 53
ATLA 70W/BP LSC EFL	HST	E27	5,4	35 021 54
ATLA 70W HID DGE EFL	HST/HIT-CE	E27	5,1	35 021 55
<b>ATLA m/buet polykarbonatskjerm</b>				
ATLA 35W HIT-CE-ESH	HIE-CE	E27	5,1	35 021 63
ATLA 35W HIT-CE ESH 5M	HIE-CE	E27	5,3	35 021 64
ATLA 50/70W HID ESH	HST/HIT-CE	E27	5,3	35 021 56
ATLA 50/70W HID ESH W 5M	HST/HIT-CE	E27	5,3	35 021 57
ATLA 50/70W HSE/HIE ESH	SE/ME	E27	5,3	35 021 58
ATLA 70W/BP HST ESH	HST	E27	5,4	35 021 59
ATLA 70W HIT ESH	HST/HIE	EG12	5,2	35 021 60
ATLA 70W/BP LSC ESH	HST	E27	5,4	35 021 61
ATLA 70W HID DGE ESH	HST/HIT-CE	E27	5,1	35 021 62


EFL - Planglass, ESH - Buet polykarbonatskjerm, 5M - Forklædsmontert 5 m kabel, BP - Power Reduction, LSC - Telea SwitchDim styring, DGE - Elektronisk forkobling



ATLA 70W HST ESH V2 L3  
Lyskilde: 1xNAV-T 70




ATLA 70W HST EFL V2 L3  
Lyskilde: 1xNAV-T 70



THORN

## SNITTPROFIL FOR HEID TURLØYPE



Målestokk 1:50

# Original 3. byggesteg

Side 1 av 3

## LEIGEAVTALE TURLØYPE HEID-OMRÅDET.

Det er inngått slik **avtale om leige av grunn til Turløype i Heid-området mellom fylgjande grunneigarar**

### 1. byggesteg:

Sjå eiga liste.....	gnr.	bnr.	i Herøy kommune
.....	gnr.	bnr.	i Herøy kommune

### 2. byggesteg:

Sjå eiga liste.....	gnr.	bnr.	i Herøy kommune
.....	gnr.	bnr.	i Herøy kommune

### 3. byggesteg

For Paul Berge	Jakob Berge	gnr. 29	bnr. 8	i Herøy kommune
For Ingrid J. Berge	Jam Berge	gnr. 29	bnr. 1	i Herøy kommune
	Søgnebjørg Berge	gnr. 29	bnr. 9	i Herøy kommune
	Kjartan Berge	gnr. 29	bnr. 4	i Herøy kommune
	Paul Berge	gnr. 29	bnr. 88	i Herøy kommune
	Gulhaug Bjellstadli	gnr. 29	bnr. 74	i Herøy kommune
	Teige Berge	gnr. 29	bnr. 86	i Herøy kommune
	Oleig Berge	gnr. 29	bnr. 6	i Herøy kommune
	Hedde Hjellebusthaugen	gnr. 29	bnr. 10	i Herøy kommune
	Podd Kasten Berge	gnr. 29	bnr. 87	i Herøy kommune
	Nils Jacob Ekeløf	gnr. 30	bnr. 9	i Herøy kommune
	.....	gnr.	bnr.	i Herøy kommune
	.....	gnr.	bnr.	i Herøy kommune
	.....	gnr.	bnr.	i Herøy kommune
	.....	gnr.	bnr.	i Herøy kommune
	.....	gnr.	bnr.	i Herøy kommune

og leigar Bergsøy Idrettslag ved leiar. Leigeavtalen kan framleigast vidare til Herøy kommune som då vil få ansvar for utbygging og drift av turløypa.

**1. Avtalen omfattar arealet slik det går fram av kartet.**

Det ligg ved kart i målestav 1: 5000 som syner grensene for arealet som er med i avtalen.

Kartet er dagsett 24/102013, og er utarbeidd av Utviklingsavdelinga

**2. Avtalen gjeld i 35 år, frå og med 01/01 2014 til og med 31/12 2049.**

Partane kan forhandle om forlenging av avtalen seinast eitt år før utløp.

Dersom eitt bruk skiftar eigar går den nye eigaren inn i avtalen med same rettar og plikter.

**3. Løypetrasèen**

Det kan planerast og drenerast i ei breidde på inntil 2,5 m eksklusiv grøfting, og i ei lengde på inntil ca 2700 m. Løypetrasèen kan ha lyspunkt for kvar 40. m i snitt. Det står leagetakar fritt til å velgje toppdekke på traséen, men det skal vere typé grus. Løypetraséen skal følge oppmerka trasé, med mindre avvik / endringar der det er hensiktsmessig i høve til grunnforhold. Eventuelle utvidingar eller endringar i forhold til godkjende planar skal godkjennast av den berørte grunneigar.

**4. Driftsansvar**

Leagetakar skal drive anlegget på ein forsvarleg måte, og ha tilsyn med at det ikkje vert misbrukt.

**5. Avslutning av leigeforholdet**

Vesentlege brot på avtalen, gjev eigar rett til å krevja avtalen for ugyldig.

Dersom uteigar gjer krav på det, pliktar leagetakar å rydde det leigde arealet for tekniske installasjonar når leigetida er ute. Dersom det vert vedteke utbyggingar i området som krev turløypa flytta eller fjerna, skal dette gjerast vederlagsfritt av kommunen for grunneigar.

Løypetrasèen kan ikkje krevjast tilbakeført til opprinnelig stand.

Leagetakar står som eigar av tekniske anlegg.

**6. Husdyrgjerde**

Leagetakar skal ha ansvaret for event. husdyrgjerde som kjem i direkte berøring med lysløypa eller tilkomsten til denne.

**7. Usemje**

Dersom det skulle oppstå usemje mellom eigar og leigar over denne avtalen, vert spørsmålet avgjort av ein skilsdomsrett på 3 medlemmar.

Denne avgjerdha har bindande verknad for begge partar.

## 8. Tinglysing

Avtalen kan tinglysast, men det er ikkje krav i forhold til spelemedlar. Tinglysingkostnadane event. skal betalast av leigetakar.

## Leigeavtale Turløype Heid-området

### Underskrive av


G.nr./B.nr	Namn	Fødselsnr	Postnr.	Dato	Signatur
29/8	Jakob Berge	05.09.33	6091	11.10.13	J. Berge
29/8	Tom Berge	29.03.34	6091	11.10.13	T. Berge
23/10 - 13	Kjartan Berge	23.10.55	6099	23/10-13	K. Berge
— " —	Før Paul Berge Kjartan Berge	17.05.27	6091	— " —	K. Berge
29/74-025	Gulluk Kyllonen	21.11.62	6150	25/10-13	G. Kyllonen
29/86	Inger-Anne Berge	28.02.70	6091	25/10-13	Inger-Anne Berge
29/9	Ingebjørg Berge	14.09.25 44667	6092	28.10.13	Ingebjørg Berge
29/6	Oleif B. Djernes	02.06.40 33885	6091	28/10-13	Oleif B. Djernes
29/10	Færde, Rykkedebusethag	17.08.57	6091	3/10-13	F. D.
01/11	Odd Uter Berge	24.03.63	6091	01/11-13	Odd Uter Berge
30/91	Nils Jacob Elset	05.07.54	6091	03/11-13	N. Elset


og leiar i Bergsøy Idrettslag: Frank Steinsvik

Stad Fosnavåg Dato 8/11 2013.

Dokumentet er utarbeidd i samarbeid med Søre Sunnmøre landbrukskontor.

Når dokumentet er ferdig underskrive, vert kopi av dokumentet utsendt til alle.





Matrikkelnr	Navn	Adresse	Poststed
1515-30/2	EELSEBØ OLAV	ØSTLIVEIEN 42 B	1415 OPPEGÅRD
1515-30/9	EELSEBØ NILS-JACOB		6091 FOSNAVÅG
1515-34/1	ANDREASSEN LEIFMAR ANDREA	VÄGGATA 55	6090 FOSNAVÅG
1515-34/1	LØVOLL TORIL	HUVIKVEIEN 34	3222 SANDEFJORD
1515-34/1	MOSER MAY BRITT	VÆRERTRØA 169	7054 RANHEIM
1515-34/1	PEDERSEN AUD	HENNABAKKEN 1	6090 FOSNAVÅG
1515-34/1	SANDØY GERT HILDUR	ORESTTIEN 3	1387 ASKER
1515-29/4	BERGE KJARTAN BJØRN	POSTBOKS 233	951. 87. 750 / 70 896 28.
1515-29/86	BERGE OLAV (Død)	V/INGRID JOHANNE T BERGE, SJUKEHEIMSVEGEN 5 A	6092 FOSNAVÅG
1515-29/87	BERGE ODD MORTEN		6091 FOSNAVÅG
1515-29/88	BERGE PAUL K	BERGSVEGEN 1	6091 FOSNAVÅG
1515-29/89	BERGE STÅLE <i>Jean Berg</i>	BERGSNESET 1	6091 FOSNAVÅG
1515-29/10	BERGE INGEBJØRG <i>Nicol B</i>	473 . 80 . 104	6091 FOSNAVÅG
1515-29/10	BERGE HERBORG	<i>Frode Myklebrohaug-Talysen</i>	6091 FOSNAVÅG
1515-29/10	BRUDEVOLL BODIL HENNY	GISKEGATA 45 A	6005 ÅLESUND
1515-29/10	BRUDEVOLL GJERTRUD KARIN	BREMSNES	6530 AVERØY
1515-29/10	BRUDEVOLL LIV INGRID	V/INGUNN MARIE MYKLEBUST, BASTIAN WIDTHS GATE 13	6415 MOLDE
1515-29/10	BRUDEVOLL MYRTEL IREN	STEINVÅGVEGEN 19 A	6005 ÅLESUND
1515-29/10	BRUDEVOLL ROAR HARALD *	HALSVIKEVEGEN 126	5960 DALSØYA
1515-29/10	FLUSUND FRITJOF	POSTBOKS 61	6099 FOSNAVÅG
1515-29/10	FLUSUND KÅRE ELIAS		6094 LEINØY
1515-29/10	FLUSUND PEDER	SJUKEHEIMSVEGEN 11	6092 FOSNAVÅG
1515-29/10	FLUSUND TRYGVE	HARRY FETTS VEI 5 B	0667 OSLO
1515-29/10	SVENNING MARTHA PETRINE	INGEMANN TORPS VEI 15 B	7040 TRONDHEIM
1515-29/10	TEIGE ANNE-LISE	TEIGEVEGEN 60	6098 NERLANDSØY
1515-29/8	BERGE JAKOB ARNE		6091 FOSNAVÅG
1515-29/6	DIGERNES OLEIF BERGE		6091 FOSNAVÅG
1515-29/74	KIELLSTADLI GUUNNAR ASTOR		6091 FOSNAVÅG
1515-37/14	OKSAVIK ELFRID PETRA R	TOFTESTØVEGEN 35	6092 FOSNAVÅG
1515-37/14	OKSAVIK KARSTEN	TOFTESTØVEGEN 35	6092 FOSNAVÅG
1515-37/14	AARVIK TERUE	ILSIEBØVEGEN 3 D	6091 FOSNAVÅG

v

v

## Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 46/13 Kjøp av gnr. 80/30 av Tømrer Prosjekt AS 31.10.2013 00:00:00 Tømrer Prosjekt AS

DS 47/13 Sal av tomt 56/108 - Trolldalen 29.10.2013 00:00:00 Tømrar  
Prosjekt

DS 48/13 Melding om ny stedfortredar - Fosnavåg brygge 06.11.2013

00:00:00 Restaurant Fosnavåg Brygge

DS 49/13 Søknad om skifte av skjenkestyrar og stedfortredar - Hotel Neptun  
06.11.2013 00:00:00 Hotel Neptun

## Referatsaker

## Referatsaker



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Gunvor Fossholt Ytterstad, 71 25 81 23

Vår dato  
30.10.2013  
Dykkar dato

Vår ref.  
2013/3975/GUFY/520  
Dykkar ref.

Søre Sunnmøre landbrukskontor  
Dragsund  
6080 GURSKØY

HERØY KOMMUNE RÄDMANNEN		LANDBRUKSKONTORET		
Reg.nr. 2013/34	Saksbeh. HS	J.nr. 588/43	Mottatt 04/11-13	Arkiv
- 8 NOV. 2013				
Ark.kode P 033	Dok.nr. 46			
Ark.kode S				
J.nr.				
Kassasjon				

## Kontrollrapport 2013 - Kontroll av tilskotsforvaltninga på landbruksområdet - Søre Sunnmøre landbrukskontor (Herøy, Ulstein og Hareid)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte 16. oktober 2013 forvaltningskontroll for Søre Sunnmøre landbrukskontor. Ordningane som blei kontrollert var produksjonstilskot, Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal (RMP) og avløsing ved sjukdom m.m.

Føremålet med kontrollen var å sjå til at landbruksforvaltninga i kommunen utfører sine oppgåver på ein forsvarleg måte, og i tråd med krav gitt i forvaltningslova, med hovudfokus på reglane om habilitet og saksbehandling, jf. forvaltningsloven Kap. II og III.

Reglementet for økonomistyring i staten § 15 gir heimelsgrunnlag for at overordna verksemder kan ivareta kontroll med underliggende verksemder, og einingar utanom statsforvaltninga som utøvar forvaltningsmynde. Desse skal utføre sine oppgåver på forsvarleg måte og i samsvar med reglementet for økonomistyring § 14.

Ved kontroll i kommunen har vi i tillegg sett til at reglane i følgjande forskrifter har vorte fulgt:

- Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket
- Forskrift om tilskot gjennom Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal
- Forskrift om avløsing av sjukdom

Søre Sunnmøre landbrukskontor var representert ved jordbruksjef Anne-Kathrine Løberg, Marianne Nerland, Kristin Myrene, Oddvar Gjerde og rådmann Erlend Krumsvik. Frå fylkesmannen møtte kontolleiar Gunvor Ytterstad, Åslaug Røberg og Arnold Hoddevik.

### Oppsummering av funn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har inntrykk av at kontoret har kompetente og engasjerte medarbeidarar med stor lokalkunnskap og godt forhold til næringsutøvarane. Vi får inntrykk av at bøndene får god hjelp frå kontoret.

Søknader blir datostempla ved mottak og arkivert i perm. Det blir ikkje ført postjournal for søknadene. Også elektroniske søknader blir oppbevart i perm, og ny kopi blir lagt inn etter endringar. Det blir gjort notatar på søknadene for å dokumentere.

Når det gjeld kontroll av søkerane er det ikkje gjort nokon systematisk risikovurdering. Kontoret prøver å kontrollere alle søkerar over tid. Det skal mykje til før ein kontrollert søker blir kontrollert på nytt to år på rad. Det er ingen konkrete mistankar om driftsfellesskap.

Dersom gjødselplan er utdatert kan miljøplan likevel bli godkjent. Kontoret opplyser om at ny gjødselplan må skaffast. Det er mange små bruk, ofte med svak gjødsling.

Ved behandling av feillister går kontoret inn å finn koder og leitar og rettar det som skal rettast. Dersom det er endringar, til dømes at arealet ikkje stemmer med gardskartet, blir det gjort vedtak om manuell utbetaling.

#### *Avløysing ved sjukdom*

Vedlagt dokumentasjon til kontrollerte søknader gjaldt for eit anna år enn tidsrommet for søknadene.

Funn under kontrollen er gradert som merknad eller avvik. Nemninga «merknad» er eit forbettingspunkt for kommunen. Nemninga «avvik» vert brukt ved regelverksbort, og må ofta følgjast opp i etterkant av kontrollen.

#### **Merknad 1**

Ved kontroll bør det i tillegg til lokalkunnskap gjerast ei risikovurdering av regelverk og meir bruk av objektive kriteria ved utplukk av kontrollobjekt.

#### **Merknad 2**

Kontoret kunne hatt færre manuelle utbetalinger dersom alle feil i feillistene hadde blitt fulgt opp med retting i søknader og kontrollkjelder.

#### **Avvik 1**

Miljøplan skal til ei kvar tid vere oppdatert. Mangelfull eller manglande miljøplan skal ikkje godkjennast.

#### **Avvik 2**

Kontrollerte saker ved ordninga Avløysing ved sjukdom m.m. mangla dokumentasjon for utrekning av sjukepengar, uføretrygd og lønnsutbetalinger for omsøkt periode.

Det ser ikkje ut til å vere samsvar mellom brukta dokumentasjon og utrekna trekkbeløp på skjemaet.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)  
Fylkesjordsjef

Gunvor Fossholt Ytterstad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ass. fylkesmann Rigmor Brøste, tlf 926 59401

Vår dato

31.10.2013

Dykkar dato

Vår ref.

2013/5211/RIBR/330

Dykkar ref.

Kommunene i Møre og Romsdal

Att: Ordførere og rådmenn

RÅDMANN  
FORMANNSKAPET 19/11-13

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg.nr.	2013/34
Saksbeh. BRB	
- 6 NOV. 2013	
Ark kode P	033
Ark.kode S	
J nr.	Dok nr. 45
Kassasjon	

## Fylkesmannens kommunebesøk 2013-2015

Fylkesmannen har en målsetting om å besøke alle 36 kommunene i Møre og Romsdal i løpet av en 3 års periode. (Innen neste kommunevalg).

Vedlagt følger en tidsplan fordelt på kommuner og aktuell måned. Vi håper at kommunene vil finne dette interessant, og vi ber derfor om en snarlig tilbakemelding på hvilken dato som passer for din kommune. Vi regner med at den politiske møteplana for 2014 er i ferd med å bli laget, og sender derfor ut denne henvendelsen allerede nå slik at vi kan få reservert aktuelle datoer. Frist for tilbakemelding på dato: 1. desember 2013!

For hver enkelt kommune utarbeides det et eget kommunebilde som viser hvordan kommunen utfører sine tjenester og styrer sin økonomi, sett fra Fylkesmannens ståsted. Fylkesmannen og hans direktører ønsker å møte formannskapet, samt øverste administrative ledelse. Besøket tar ca 4-5 timer, og det legges opp til dialog med formannskapet under hele møtet. Kommunebildet sendes ut ca 10 dager i forkant av møtet, slik at politisk og administrativ ledelse kan velge ut hva dere ønsker å sette på dagsorden i møtet.

Vi ønsker også å møte en eller flere representanter fra Ungdomsrådet i kommunen. Vi vil gjerne høre hvilke saker de er opptatt av. Fint om hver enkelt kommune kan følge opp dette med å si noe om hvordan dere jobber for å sikre barn og unges interesser i ulike planer og prosesser.

Fylkesmannen har til nå i 2013 besøkt Molde, Ålesund, Kristiansund, Surnadal og Rindal. Den 19.11 skal vi på besøk til Sunndal kommune.

Et program for møtet kan for eksempel se slik ut:

1. Innlegg ved ordfører (ca Maks 30 min)
2. Innlegg ved representant fra Ungdomsrådet (Maks 20 min)
3. Fylkesmannen Lodve Solholm innleder (10 min), og deretter direktørerne ut fra aktuelle tema. Det settes av tid til dialog og diskusjon med formannskapet for hvert tema.

Pauser etter behov, og innlagt bespisning ca 30 min.

Vi har også opprettet en egen fane for kommunebesøk på vår hjemmeside; [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no), hvor vi legger ut kommunebilder og presentasjoner fra kommunene etter hvert som besøkene avvikles.

Vi ber om ei tilbakemelding på aktuell dato for din kommunen med utgangspunkt i vedlagte oversikt. Opplysninger kan sendes til [rigmor.broste@fylkesmannen.no](mailto:rigmor.broste@fylkesmannen.no) eller ta kontakt på telefon 926 59401.

Vi ser fram til å besøke din kommune.

Med vennlig hilsen

Lodve Solholm (e.f.)  
Fylkesmann

Rigmor Brøste

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

### Kommunebesøk i perioden 2013 – 2015

Fylkesmannen ønsker sammen med sine direktører å besøke alle kommunene i Møre og Romsdal før neste kommunevalg. For hver enkelt kommune utarbeides det et eget kommunebilde som viser hvordan kommunen utfører sine tjenester og styrer sin økonomi, sett fra Fylkesmannens ståsted.

Fylkesmannen og hans direktører ønsker å møte formannskapet, samt øverste administrative ledelse. Besøkte tar ca 3-4 timer, og det legges opp til dialog med formannskapet under hele møtet.

Kommunebildet sendes ut i forkant av møtet.

Nr	Kommune	År	Dato	Kommentar
1	Molde	2013	05.03	Utført!
2	Ålesund	2013	13.05	Utført!
3	Kristiansund	2013	27.05	Utført!
4	Rindal	2013	28.10	Utført!
5	Surnadal	2013	28.10	Utført!
6	Sunndal	2013	19.11	
7	Aure	2014	Januar	
8	Halsa	2014	Januar	
9	Smøla	2014	Januar	
10	Averøy	2014	Febr	
11	Tingvoll	2014	Febr	
12	Gjemnes	2014	Mars	
13	Eide	2014	Mars	
14	Fræna	2014	April	
15	Nesset	2014	April	
16	Vestnes	2014	Mai	
17	Rauma	2014	Mai	
18	Midsund	2014	Juni	
19	Aukra	2014	Juni	
20	Nordal	2014	Aug	
21	Stordal	2014	Aug	
22	Ørskog	2014	Sept	
23	Skodje	2014	Sept	
24	Haram	2014	Sept	
25	Sandøy	2014	Okt	
26	Sula	2014	Okt	
27	Giske	2015	Jan	
28	Vanylven	2015	Febr	
29	Sande	2015	Febr	
30	Herøy	2015	Mars	
31	Stranda	2015	Mars	
32	Sykylven	2015	April	
33	Ulstein	2015	Mai	
34	Hareid	2015	Mai	
35	Volda	2015	Juni	
36	Ørsta	2015	Juni	

**2013:** De 3 byene + 3 kommuner på indre Nordmøre, til sammen 6 kommuner

**2014:** Resten av Nordmøre + Romsdal og nordre deler av Sunnmøre, til sammen 20 kommuner

**2015:** Resten av kommunene på Sunnmøre, til sammen 10 kommuner. (Mål: Ferdig før valget)

**Innkalling**

**REPRESENTANTSKAPSMØTE  
Søre Sunnmøre Reinhaldsverk**

---

**torsdag**

**7. november 2013**

**Kl. 11.30**

**Saunesmarka**

**Innkalling til representantskapsmøte i  
Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS**  
**torsdag 07.11.2013 kl. 11.30 i Saunesmarka NB! Merk tida!**

**Innkalling til:**

- Arnulf Goksøy, Herøy
- Camilla Storøy Hermansen, Herøy
- Silje Oksholen Gjelseth, Herøy
- Karly Ingunn Teige, Herøy
- Magne Gurskevik, Ulstein
- Eli Skaatun, Ulstein
- Knut Erik Engh, Ulstein
- Anders Riise, Hareid
- Annika Brandal, Hareid
- Dag Vaagen, Sande
- Annbjørg R. Frågodo, Sande

Desse sakene er førebudde for handsaming:

**Vedtakssaker:**

**Sak R11/13 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Sak R12/13 Valg av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar)**

**Orienteringssaker:**

**Sak R13/13 Økonomisk resultat andre tertial og estimat / prognose for 2013**

**Sak R14/13 Orientering om drifta i SSR v/styreleiar og dagleg leiar**

**Sak R15/13 Miljøstasjonar i Sande og Herøy, statusrapport**

**Orienteringssaker, forts.:**

**Sak R16/13 Innkjøp og valg av komprimatorbilar i framtida**

**Sak R17/13 Servicegebyr**

**Vedtakssaker, forts.:**

**Sak R18/13 Valg til styret**

**Sak R19/13 Budsjett 2014 (inkl. gebyrregulativ 2014)**

**Sak R20/13 Økonomiplan 2014 – 2017**

**Sak R21/13 Revisjon av selskapsavtala**

**Sak R22/13 Utbyggingar Hareid og Ulstein**

**Sak R23/13 Nedgravde løysingar**

Ulsteinvik, 14.10.2013

Knut Erik Engh  
leiar

George Fulford  
styreleiar

**Innkallinga/saklista vert også sendt til varamedlemene. Desse får særskild  
melding dersom dei skal møte. I tillegg vert den sendt til revisor, Jostein  
Støylen/VKUS, styret og eigarkommunane.**

# MØTEBOK

## SAKENE NR R11/13 OG R12/13

Møtedato: 07.11.2013

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### **Sak R11/13 – GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE:**

Det vanlege vedtaket brukar å vere: «Innkallinga og saklista vart godkjend.»

#### **Vedtak, samr.:**

### **Sak R12/13 –**

### **VALG AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER**

### **MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR):**

To representantar skal skrive under møteprotokollen saman med leiар (og dagleg leiар). Sist skreiv Dag Vaagen og Karly Ingunn Teige under protokollen.

#### **Vedtak, samr.:**

## MØTEBOK

### SAKENE NR R13/13, R14/18, R15/13, R16/13 OG R17/13

Møtedato: 07.11.2013

Sakshandsamar: Einar Heimdal

## ORIENTERINGSSAKER

### **Sak R13/13 – Økonomisk resultat andre tertial og estimat / prognose for 2013:**

Blir lagt fram på møtet.

### **Sak R14/13 – Orientering om drifta i SSR v/styreleiar og dagleg leiar:**

Blir lagt fram på møtet.

### **Sak R15/13 – Miljøstasjonar i Sande og Herøy – statusrapport:**

Blir lagt fram på møtet.

### **Sak R16/13 – Innkjøp og valg av komprimatorbilar i framtida:**

Utdrag frå styrevedtak S53/13: «Styret går for innkjøp av einmannsbilar (sidelastarar) når dette er praktisk muleg sommaren 2015. Innkjøpet av ny bil blir tilsvarande utsett.....».

Styret si prioritering er m.a.o. å kjøpe inn einmannsbilar.

### **Sak R17/13 – Servicegebyr:**

Styret har i styresak S54/13 vedtatt følgjande prinsipp om tilleggstenesten henting utanfor ordinære køreruter:

- Kørerutene blir endra til å gjelde gode vegar og ikkje kva som er private eller offentlege vegar. Gode vegar blir definert med utgangspunkt i retningslinjene i gjeldande forskrift (§ 6).
- Risikovegar blir ikkje lenger inkludert i ordinære køreruter, og dette blir vurdert ut i frå risikofaktorar knytta til materiell, helse og personskadar.
- Ved spesielle behov tilbyr selskapet hentetenester mot eit lite gebyr.

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

# MØTEBOK

## SAK NR R18/13

Møtedato: 07.11.2013

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### VALG TIL STYRET

Saka handlar om valg av styremedlem etter Gry Cecilie Sydhagen.

Valgkomitéen legg fram saka for representantskapet.

Vedtak, samr.:

# Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

## MØTEBOK

### SAK NR R19/13

Møtedato: 07.11.2013

Sakshandsamar: Einar Heimdal

## BUDSJETT 2014, INKL. GEBYRREGULATIV

### Vedlagt finn de følgande:

- Budsjett 2014 (totalt, hushaldning, næring, slamtøming)
- Gebyrregulativ 2014

### Budsjett og gebyrregulativ 2014, viktige element:

- 2 % gebyrauke + naturlege avrundingar
- 5 % reduksjon på slamprisen på ordinære tankar
- 2 nye stillinger er lagt inn i budsjettet
- Reduksjon i budsjettet på innleid transport og innleidde konsulenttimer
- Fordelingsnøklar etter siste oppdatering i august 2013

### I budsjettet er det lagt opp til følgande overskot i 2014:

- Totalt kr 2.811.000
- Hushaldning kr 1.126.000
- Næring kr 1.028.000
- Slamtøming kr 657.000

### Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtar budsjettet og gebyrregulativet for 2014 og sender gebyrregulativet over til kommunestyra for endelig godkjenning der.

### Vedtak, samr.:

# Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

## Budsjett totalt pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	35 778	34 544	1 234	3,6 %	35 077	34 152
Andre driftsinntekter	8 992	5 680	3 312	58,3 %	9 237	4 949
<b>Sum inntekter</b>	<b>44 770</b>	<b>40 224</b>	<b>4 546</b>	<b>11,3 %</b>	<b>44 314</b>	<b>39 101</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-12 482	-9 700	-2 782	28,7 %	-12 119	-8 299
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-12 482</b>	<b>-9 700</b>	<b>-2 782</b>	<b>28,7 %</b>	<b>-12 119</b>	<b>-8 299</b>
Lønn/personalkost.	-16 968	-15 329	-1 639	10,7 %	-14 609	-15 730
Avskriving	-2 396	-2 195	-201	9,2 %	-2 108	-2 080
Andre driftskostnader	-9 283	-10 531	1 249	-11,9 %	-9 932	-10 451
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-28 647</b>	<b>-28 055</b>	<b>-592</b>	<b>2,1 %</b>	<b>-26 649</b>	<b>-28 261</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-41 129</b>	<b>-37 755</b>	<b>-3 374</b>	<b>8,9 %</b>	<b>-38 768</b>	<b>-36 560</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>3 641</b>	<b>2 469</b>	<b>1 172</b>	<b>47,5 %</b>	<b>5 546</b>	<b>2 541</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	168	193	-25	-13,0 %	165	194
Aksjeutbytte	23	0	23		22	45
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>191</b>	<b>193</b>	<b>-2</b>	<b>-1,0 %</b>	<b>187</b>	<b>240</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-1 021	-993	-28	2,8 %	-748	-746
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-1 021</b>	<b>-993</b>	<b>-28</b>	<b>2,8 %</b>	<b>-748</b>	<b>-746</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-830</b>	<b>-800</b>	<b>-30</b>	<b>3,8 %</b>	<b>-561</b>	<b>-506</b>
<b>Resultat</b>	<b>2 811</b>	<b>1 669</b>	<b>1 142</b>	<b>68,4 %</b>	<b>4 985</b>	<b>2 035</b>

# Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

## Hushaldning budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	30 701	29 750	951	3,2 %	30 099	29 503
Andre driftsinntekter	2 400	2 080	320	15,4 %	2 353	2 747
<b>Sum inntekter</b>	<b>33 101</b>	<b>31 830</b>	<b>1 271</b>	<b>4,0 %</b>	<b>32 453</b>	<b>32 250</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-7 307	-6 559	-748	11,4 %	-7 095	-6 817
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-7 307</b>	<b>-6 559</b>	<b>-748</b>	<b>11,4 %</b>	<b>-7 095</b>	<b>-6 817</b>
Lønn/personalkost.	-14 362	-12 992	-1 370	10,5 %	-12 373	-13 460
Avskriving	-1 983	-1 822	-161	8,8 %	-1 739	-1 744
Andre driftskostnader	-7 607	-8 767	1 160	-13,2 %	-8 361	-8 708
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-23 952</b>	<b>-23 581</b>	<b>-371</b>	<b>1,6 %</b>	<b>-22 473</b>	<b>-23 911</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-31 259</b>	<b>-30 140</b>	<b>-1 119</b>	<b>3,7 %</b>	<b>-29 568</b>	<b>-30 729</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 841</b>	<b>1 690</b>	<b>151</b>	<b>9,0 %</b>	<b>2 885</b>	<b>1 521</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	152	174	-22	-12,4 %	150	177
Aksjeutbytte	19	0	19		18	38
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>171</b>	<b>174</b>	<b>-3</b>	<b>-1,6 %</b>	<b>168</b>	<b>215</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-887	-824	-63	7,6 %	-619	-625
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-887</b>	<b>-824</b>	<b>-63</b>	<b>7,6 %</b>	<b>-619</b>	<b>-625</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-716</b>	<b>-650</b>	<b>-66</b>	<b>10,1 %</b>	<b>-451</b>	<b>-410</b>
<b>Resultat</b>	<b>1 126</b>	<b>1 040</b>	<b>86</b>	<b>8,3 %</b>	<b>2 434</b>	<b>1 111</b>

# Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

## Næring budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	5 077	4 794	283	5,9 %	4 978	4 649
Andre driftsinntekter	758	700	58	8,3 %	743	790
<b>Sum inntekter</b>	<b>5 835</b>	<b>5 494</b>	<b>341</b>	<b>6,2 %</b>	<b>5 721</b>	<b>5 439</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-697	-741	44	-5,9 %	-677	-744
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-697</b>	<b>-741</b>	<b>44</b>	<b>-5,9 %</b>	<b>-677</b>	<b>-744</b>
Lønn/personalkost.	-2 131	-2 097	-34	1,6 %	-1 995	-2 066
Avskriving	-406	-371	-35	9,4 %	-360	-335
Andre driftskostnader	-1 460	-1 572	112	-7,1 %	-1 395	-1 275
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-3 997</b>	<b>-4 040</b>	<b>43</b>	<b>-1,1 %</b>	<b>-3 751</b>	<b>-3 676</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-4 694</b>	<b>-4 781</b>	<b>87</b>	<b>-1,8 %</b>	<b>-4 428</b>	<b>-4 420</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 141</b>	<b>713</b>	<b>428</b>	<b>60,0 %</b>	<b>1 293</b>	<b>1 019</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	15	19	-4	-18,9 %	15	17
Aksjeutbytte	4	0	4		4	7
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>19</b>	<b>19</b>	<b>0</b>	<b>2,1 %</b>	<b>19</b>	<b>25</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-132	-168	36	-21,5 %	-127	-120
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-132</b>	<b>-168</b>	<b>36</b>	<b>-21,5 %</b>	<b>-127</b>	<b>-120</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-113</b>	<b>-149</b>	<b>37</b>	<b>-24,5 %</b>	<b>-108</b>	<b>-95</b>
<b>Resultat</b>	<b>1 028</b>	<b>564</b>	<b>464</b>	<b>82,3 %</b>	<b>1 184</b>	<b>924</b>

# Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

## Slamtøming budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

	2014 Budsjett	2013 Budsjett	Avvik kr	Avvik %	2013 Prognose	2012 Regnskap
<b>Driftsinntekter:</b>						
Renovasjonsgebyr	0	0	0		0	0
Andre driftsinntekter	5 834	2 900	2 934	101,2 %	6 141	1 413
<b>Sum inntekter</b>	<b>5 834</b>	<b>2 900</b>	<b>2 934</b>	<b>101,2 %</b>	<b>6 141</b>	<b>1 413</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Varekostnad	-4 478	-2 400	-2 078	86,6 %	-4 348	-738
<b>Sum varekostnad</b>	<b>-4 478</b>	<b>-2 400</b>	<b>-2 078</b>	<b>86,6 %</b>	<b>-4 348</b>	<b>-738</b>
Lønn/personalkost.	-475	-240	-235	98,1 %	-241	-204
Avskrivning	-7	-2	-5	250,0 %	-8	-2
Andre driftskostnader	-215	-192	-23	11,8 %	-176	-469
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>-697</b>	<b>-434</b>	<b>-263</b>	<b>60,6 %</b>	<b>-425</b>	<b>-675</b>
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>-5 175</b>	<b>-2 834</b>	<b>-2 341</b>	<b>82,6 %</b>	<b>-4 773</b>	<b>-1 412</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>659</b>	<b>66</b>	<b>593</b>	<b>898,5 %</b>	<b>1 368</b>	<b>1</b>
<b>Finansposter:</b>						
Renteinntekter	0	0	0		0	0
Aksjeutbytte	0	0	0		0	0
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
Renteutg. og andre finansutgifter	-2	-1	-1	120,0 %	-2	-1
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>	<b>-1</b>	<b>120,0 %</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>
<b>RESULTAT FINANS</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>	<b>-1</b>	<b>90,0 %</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>
<b>Resultat</b>	<b>657</b>	<b>65</b>	<b>592</b>	<b>911,0 %</b>	<b>1 367</b>	<b>-0</b>

## **SSR 2014 –**

### **Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:**

(Alle prisar er ekskl. mva., men i prislista som skal endeleg presenterast for abonnentane vil også prisen inkl. mva. kome med. Prisen er inkl. hageavfallsgebyret som er i eit par kommunar.)

#### **STANDARDABONNEMENT:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annankvar veke	kr 3.141,60	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Standardabonnement, sekk Sekkeløysing – 30 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.141,60	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 18 sekkar Henting kvar fjerde veke	kr 2.731,20	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

#### **STORHUSHALD:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013(samanlikning):
Storhushald 240 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 36 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.453,60	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

#### **HEIMEKOMPOSTERING:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Heimekompostering	kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyr uavhengig av type abonnement. (Max to husstandar per kompostbinge)	Omtrent uendra (kun ei ørejustering) frå 2013 (då det var ei ny ordning).

#### **SLAMTØMING:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Tøming vanleg tank hushaldning	kr 760,- pr. år	Ned 5 % frå 2013.

Forts.

### **ABONNEMENTSDELING:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l grøn – 240 l blå 2 husstandar, pris pr. husstand 3 husstandar, pris pr. husstand 4 husstandar, pris pr. husstand Henting annankvar veke	kr 2.731,20 kr 2.731,20 kr 2.731,20	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Abonnementsdeling 660 l grøn – 660 l blå 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand Henting annankvar veke	kr 2.731,20	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
(Tillegg for større dunk 240 l)	(kr 312,- pr. år pr. dunk - sjå storhushald )	(Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013)).
Tillegg for større dunk 370 l	kr 513,60 pr. år pr. dunk	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Tillegg for større dunk 660 l	kr 844,80 pr. år pr. dunk	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

### **FRITIDSABONNEMENT:**

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Fritidsabonnement, dunk (ca ¼ av standardprisen)	kr 780,-	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Fritidsabonnement, sekk (12 sekkar)	kr 780,-	Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

Forts.

### TILLEGGSTENESTER:

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpende abonnement	kr 204,- pr. gong når SSR skiftar ut dunken hos abonnenten – gratis ved å levere/hente sjølv hos SSR (husk å avtale dette på førehand)	Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Gebyr for ekstrahenting	kr 204,- pr. gong	Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).
Avstandsgebyr *	Blir fastsett seinare.	--

\* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køyreruter – gjeld avstand frå køyreveg.

### TILLEGG:

Type abonnement:	Gebyr 2014:	Gebyr 2013 (samanlikning):
Pris pr. sekk	kr 52,-	Opp 4 % frå 2013, då det var 30 % reduksjon i forhold til 2012. (Inkl. mva. = 65,-)
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 816,- pr. gong	Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013).

### ANDRE SATSAR:

Levering til lokalmottak:	kr 2.032,- pr. tonn	Opp ca. 2 % frå 2013.
Minstesum ved levering til lokalmottak:	kr 52,-	Uendra frå 2013. (Inkl. mva. = 65,-)
Volumgebyr over 0,2 m <sup>3</sup> :	kr 428,- pr m <sup>3</sup>	Opp knapt 1 % frå 2013.
Dekk på felg:	kr 116,-	Opp ca. 1 % frå 2013.
Dekk utan felg:	Gratis innlevering på miljøstasjonen i Saunesmarka	

# MØTEBOK

## SAK NR R20/13

Møtedato: 07.11.2013

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### ØKONOMIPLAN 2014 – 2017

Vedlagt finn de økonomiplan for 2014 – 2017.

#### Økonomiplanen for 2014 – 2017, viktige element:

- Det er lagt opp til 3 % årleg gebyrauke og 1 % auke i folketallet f.o.m. 2015
- Alle vedtatte og framtidige miljøstasjonar er lagt inn i økonomiplanen
- Renter og avskrivingar er berekna ut i frå sannsynlege investeringstidspunkt
- Større eventuelle investeringar i 2016 og 2017 er ikke lagt inn

#### Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2014 – 2017.

#### Vedtak, samr.:

# SSR - Økonomiplan 2014 - 2017

I følge § 20 i IKS-lova skal ein økonomiplan i eit IKS omfatte dei fire neste budsjettåra og "gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver, herunder investeringsplaner, og finansieringen av disse i perioden. I økonomiplanen skal det inngå en oversikt over selskapets samlede gjeldsbyrde og garantiansvar, og over utgifter til renter og avdrag i planperioden".

	Prognose 2013	Budsjett 2014	Øk.plan 2015	Øk.plan 2016	Øk.plan 2017
<b>Driftsinntekter</b>					
Renovasjonsgebyr hushaldning	30 099	30 701	31 622	32 571	33 548
Renovasjonsgebyr næring	4 978	5 077	5 229	5 386	5 548
Andre driftsinntekter	9 237	8 992	9 262	9 540	9 826
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>44 314</b>	<b>44 770</b>	<b>46 113</b>	<b>47 496</b>	<b>48 921</b>
<b>Driftskostnader</b>					
Varekostnader	12 119	12 482	13 106	13 761	14 449
<b>Sum varekostnader</b>	<b>12 119</b>	<b>12 482</b>	<b>13 106</b>	<b>13 761</b>	<b>14 449</b>
Lønn-/personalkostnader	14 609	16 968	17 647	18 353	19 087
Avskrivning	2 108	2 396	3 796	3 796	3 796
Andre driftskostnader	9 932	9 283	9 654	10 040	10 442
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>26 649</b>	<b>28 647</b>	<b>31 097</b>	<b>32 189</b>	<b>33 325</b>
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>38 768</b>	<b>41 129</b>	<b>44 203</b>	<b>45 950</b>	<b>47 774</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>5 546</b>	<b>3 641</b>	<b>1 910</b>	<b>1 546</b>	<b>1 147</b>
<b>Finansposter</b>					
Renteinntekter	165	168	170	171	173
Aksjeutbytte	22	23	25	25	25
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>187</b>	<b>191</b>	<b>195</b>	<b>196</b>	<b>198</b>
Renteutgifter og andre finansutgifter	748	1 021	1 174	1 950	1 869
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>748</b>	<b>1 021</b>	<b>1 174</b>	<b>1 950</b>	<b>1 869</b>
<b>Sum finansposter</b>	<b>-561</b>	<b>-830</b>	<b>-979</b>	<b>-1 754</b>	<b>-1 671</b>
<b>Resultat av årets drift</b>	<b>4 985</b>	<b>2 811</b>	<b>931</b>	<b>-208</b>	<b>-524</b>
<b>Sjølvkostfond per 31.12</b>	<b>2 520 000</b>	<b>3 646 000</b>	<b>4 102 065</b>	<b>4 000 385</b>	<b>3 743 778</b>

<b>Investeringsbehov</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Herøy miljøstasjon (Mjølstadneset)	8 900 000			
Sande miljøstasjon (Gursken)	6 125 000			
Eidet miljøstasjon (deponi/greinplass)	3 400 000			
Hareidlandet miljøstasjon		50 000 000		
Renovasjonsbil	2 300 000			
Ny hjullaster	1 700 000			
Diverse mindre investeringar	400 000	300 000	200 000	200 000
<b>Sum investeringar *</b>	<b>22 825 000</b>	<b>50 300 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>

\* Gjennom å vedta investeringsbudsjettet har ein også samstundes vedteke låneopptak for investeringane i 2014. Avskrivningane på investeringane i 2014 er lagt inn i 2014-budsjettet.

<b>Forutsetningar</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
%-vis mengdeauke avfall	0 %	2 %	2 %	2 %
%-vis befolkningssauke	0 %	1 %	1 %	1 %
%-vis gebyrauke per år	2 %	3 %	3 %	3 %
%-vis kostnadsauke faste kostnader *)	2 %	3 %	2 %	2 %
%-vis lønnsauke	4 %	4 %	4 %	4 %
Rentesats innskotsrente (renteinntekter bank)	0,5 %	1 %	1 %	1 %
Rentesats utlånsrente (rentekostnader bank)	2,5 %	2,5 %	2,5 %	2,5 %
Auke antal årsverk	2 stillinger	0 %	0 %	0 %

\*) Selskapet jobbar med effektiviseringstiltak som vil kunne gi seg utslag i reduserte kostnader i 2016 og 2017.

#### **Selskapet si samla gjeldsbyrde er på følgande:**

	<b>31.12.2013</b>	<b>31.12.2014</b>	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2016</b>	<b>31.12.2017</b>
Langsiktig gjeld til kreditinstitusjonar	17 621 000	30 916 000	79 651 000	76 386 000	73 122 000

I tillegg kjem driftskreditt.

Garantiansvaret på langсiktig gjeld er fordelt på kommunane med slik forplikting i prosent:

Hareid kommune	20,71
Herøy kommune	36,16
Sande kommune	10,72
Ulstein kommune	32,41

# MØTEBOK

## SAK NR R21/13

Møtedato: 07.11.2013

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### REVISJON AV SELSKAPSAVTALA

Det er to forhold som gjer at det kan vere nødvendig med ei justering av eksisterande selskapsavtale:

- 1) Investeringsnivået framover gjer det nødvendig å justere rammene for låneopptak
  - 2) Samansetting av styret
- 

#### 1. Selskapsavtala § 12 - Rammene for låneopptak:

Ut i frå investeringsnivået som det ligg an til framover, og for å sikre solid likviditet, bør låneramma aukast til kr 80.000.000, eksl. kassakredittramma. I dag er låneramma kr 40.000.000. I tillegg bør styret sin limit aukast til kr 10.000.000. Dette hovudsakleg for å kunne regulere kassakredittramma utan å måtte gå via representantskapet kvar gong denne skal vedtakast. Bankane brukar å godkjenne kassakredittramma for 1 – 1 ½ år av gongen, og då seier det seg sjølv at det blir mange vedtakssaker å ta opp i representantskapet.

Utviding av låneramma er tilpassa styret si vurdering av kapitalbehov for dei investeringane som skal gjennomførast. Jfr. også selskapet sin økonomiplan og spesifikke saker om investeringar.

Forts.

Forts.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor blir det føreslått å endre § 12 - investeringar

frå å lyde:

«Selskapet sine investeringar skal finansierast med lån, tilskot og mogleg eigenkapital. Selskapet sitt styre kan ta opp lån på inntil 6 millionar kroner utan særskild godkjenning frå eigarkommunane under føresetnad av at dette er innarbeidd i årsbudsjettet. Høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak er 40 millionar kroner. Selskapet sine eideomar kan pantsetjast etter vedtak i representantskapet, jfr. lov om interkommunale selskap § 25. Dei samarbeidande kommunane eig selskapet sine anlegg og er høvesvis ansvarlege for gjeld, underskot, garantiar for lån og kontanttilskot etter prosentsatsar basert på folketalet.

Selskapet sitt vedtak om å ta opp lån må godkjennast av departementet, jfr. lov om interkommunale selskap § 22, 4. ledd, jfr. forskrift av 17. desember 1999 nr. 6.»

til å lyde:

«Selskapet sine investeringar skal finansierast med lån, tilskot og mogleg eigenkapital. Selskapet sitt styre kan ta opp lån på inntil 10 millionar kroner utan særskild godkjenning frå eigarkommunane under føresetnad av at dette er innarbeidd i årsbudsjettet. Høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak er 80 millionar kroner. Selskapet sine eideomar kan pantsetjast etter vedtak i representantskapet, jfr. lov om interkommunale selskap § 25. Dei samarbeidande kommunane eig selskapet sine anlegg og er høvesvis ansvarlege for gjeld, underskot, garantiar for lån og kontanttilskot etter prosentsatsar basert på folketalet.

Selskapet sitt vedtak om å ta opp lån må godkjennast av departementet, jfr. lov om interkommunale selskap § 22, 4. ledd, jfr. forskrift av 17. desember 1999 nr. 6.»

---

**2. Styre og styresamansetting:**

Ut i frå erfaringar har ein sett at det er vanskeleg å samle heile styret kvar gong ein skal ha eit styremøte. I tillegg ser ein at det ofte er vanskeleg å få varamedlemmer til å stille på kort varsel når det kjem forfall frå faste medlemmer. Det kan også vere vanskeleg for varamedlemmer å sette seg inn i relativt tunge saker – som ofte krev både forkunnskap og tid til å sette seg grundig inn i sakene. Det blir difor føreslått å utvide styret til 7 medlemmer inkl. 1 frå dei tilsette, og fjerne kravet om varamedlemmer.

Forts.

Forts.

I tillegg kan det vere utfordrande å finne styremedlemmer frå alle kommunene og samstundes oppretthalde kjønnsbalansen. I eit styre med 6 eller 7 medlemmer må begge kjønn vere representert med minst 3 stk., og då kan det lett bli slik at ein t.d. leitar etter ei kvinne frå Hareid for å oppfylle krava – sjølv om desse t.d. kunne vore oppfylte gjennom ein glimrande kandidat frå Sande. For ordens skuld er det viktig å nemne at kommunenamna brukte i eksempelet er akkurat det – eksempel.

Ordlyden om antal styremedlemmer blir ikkje føreslått endra (kun kvar dei skal kome frå). Det er ikkje noko lovkrav om at styret i interkommunale selskap skal ha varamedlemmer.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor vil styret føreslå at § 9 i selskapsavtala – Styret – blir endra

frå lyde:

"Selskapet skal ha eit styre på minst 3 medlemer som skal velgast av representantskapet, men slik at styret i selskapet skal minst ha ein medlem frå kvar medlemskommune og ein medlem frå dei tilsette. Styremedlemmene blir valgt for 2 år av gongen, der halvparten av styret er på valg kvart år. Ordinært, årleg valg skjer i representantskapsmøtet som behandlar årsrekneskapet. Styret si myndigkeit følgjer av § 13 i lov om interkommunale selskap og denne selskapsavtala.

Styret legg fram forslag til selskapsstrategi for representantskapet minst ein gong kvar valgperiode. Dette skal gjerast i starten av kvar valgperiode.

Styret legg fram forslag til økonomiplan og budsjett for neste år for representantskapet seinast 15. november kvart år.

Dagleg leiar skal delta i styremøta med tale- og innstillingsrett.»

til å lyde:

«Selskapet skal ha eit styre på frå 3 til 7 medlemer som skal velgast av representantskapet. Minst ein medlem skal kome frå dei tilsette. Styremedlemmene blir valgt for 2 år av gongen, der halvparten av styret er på valg kvart år. Ordinært, årleg valg skjer i representantskapsmøtet som behandlar årsrekneskapet. Styret si myndigkeit følgjer av § 13 i lov om interkommunale selskap og denne selskapsavtala.

Styret legg fram forslag til selskapsstrategi for representantskapet minst ein gong kvar valgperiode. Dette skal gjerast i starten av kvar valgperiode.

Forts.

Forts.

Styret legg fram forslag til økonomiplan og budsjett for neste år for representantskapet seinast 15. november kvart år.

Dagleg leiar skal delta i styremøta med tale- og innstillingsrett.»

---

### **3. Behandling i representantskapet:**

I følge lov om interkommunale selskap er ikkje dei to endringane i selskapsavtala innanfor dei krava som blir stilt til at dei skal godkjennast i kommunestyra. I følge nemnde lov kan representantskapet gjere vedtaket sjølv. Men det er sjølv sagt naturleg at endringane blir sent til eigarkommunene til orientering.

I lov om interkommunale selskap § 4, andre ledd står det følgande:

«Endringer i selskapsavtalen som gjelder forhold som omtalt i tredje ledd, skal skje på samme måte. Andre endringer vedtas av representantskapet med tilslutning fra minst to tredeler av de avgitte stemmer med mindre det er avtalt at også slike endringer skal vedtas i samsvar med regelen i første punktum.»

I § 4, tredje ledd, er følgande eventuelle endringspunkt nemnde som avhengige av kommunestyrevedtak i eigarkommunane:

- Namn på selskapet
- Namn på deltagarar og kven (les: eigarar)
- Selskapet sitt føremål
- I kva kommune selskapet sitt hovudkontor skal ligge
- Antal styremedlemmer
- Eigarane si innskotsplikt og andre pliktige ytelsar overfor selskapet
- Kvar eigar sin eigarandel og ansvarsandel (som vanlegvis er like)
- Antal medlemmer i representantskapet og kor mange frå kvar eigar
- Anna som etter lov skal fastsettast i selskapsavtala

Dette betyr at dei nemnde endringane kan vedtakast i representantskapet og sendast til kommunestyra som orientering. Vedtak i representantskapet om endring av selskapsavtala må ha 2/3 fleirtal for å vere gyldig (jfr. § 4, andre ledd).

Forts.

Forts.

Dermed blir styret sitt råd følgande:

- 1) Rammene for låneopptak blir endra.
- 2) Setninga om at kvar kommune skal ha ein representant i styret blir endra.
- 3) Utanom selskapsavtala blir det rådd til at ein aukar antal styremedlemmer frå 6 til 7 og fjerner varamedlemmer.

**Styret si tilråding til vedtak:**

Styret anbefaler representantskapet å gjere følgande vedtak:

- 1) I paragraf 12 i selskapsavtala blir rammene for låneopptak endra ut i frå saksframlegget. Det vil seie at styret får ei ramme på inntil 10 millionar kroner og at ramma for høgaste mulege samla lånepotak blir endra til 80 millionar kroner.
- 2) Representantskapet vedtar at den delen av setninga i § 9 i selskapsavtala som omhandlar at kvar kommune skal ha ein plass i styret, blir fjerna.
- 3) Representantskapet vedtar å velge 7 faste styremedlemmer (6 stk. + representant frå dei tilsette) til neste valg og at det ikkje blir valgt varamedlemmer til styret.

**Vedtak, samr.:**

# Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

## MØTEBOK

### SAK NR R22/13

Møtedato: 07.11.2013

Sakshandsamar: Einar Heimdal

## UTBYGGINGAR HAREID OG ULSTEIN

Det er relativt klart at ein står føre to eller tre alternativ for utbygging av ein framtidssretta miljøstasjon for Ulstein og Hareid. I begge dei to første alternativa skal ein tenke ei fellesløysing for begge kommunene, og begge skal framstå som framtidssretta – med effektivitet, kundetilfredsheit, miljøomsyn og estetikk som hovudfokus. I tillegg må ein sjølvsagt ta økonomiske omsyn i den vidare planlegginga. Det tredje alternativet er litt forskjellig frå dei to første alternativa, sidan det då er snakk om eit større anlegg felles for alle kommunene.

Kort sagt er alternativa desse:

- 1) Kjøpe greinplassområdet og bygge ut der + oppgradere resten av anlegget.
- 2) Selge området i Saunesmarka og bygge eit heilt nytt anlegg på Eidet eller der omkring.
- 3) Kjøpe eit område i Dragsund eller der omkring og bygge eit nytt fellesanlegg / miljøstasjon samla for alle kommunene. Kort sagt vil dette alternativet også bety at ein ikkje bygger ut i Hareid/Ulstein, i Gursken og på Mjølstadneset.

#### Alternativ 1:

Dette alternativet inneber at ein kjøper greinplassområdet og bygg ut der med ny miljøstasjon og service-/administrasjonsbygg. Noverande administrasjonsbygg og området rundt blir solgt eller utleigd og resten av området blir ombygd og oppgradert.

Stikkordsmessig blir dette:

- Noverande administrasjonsbygg og parkeringsplass blir solgt eller utleigd.
- Nytt service- og administrasjonsbygg på overvarende greinplass.
- Ny miljøstasjon blir bygd på overvarende greinplass (m.a.o. eit heilt nytt publikumsområde). Alle kundar og private skal inn på dette området.

- Resten av området blir ombygd og definert som eit industriområde.

Det som er tenkt utbygd på industriområdet er følgande:

- Ny omlastestasjon i noverande miljøstasjon (storhallen, del aust)
- Ny vaskehall og nye garasjer
- Ombygging av noverande garasjeområde / omlastestasjon

Ei utfordring med denne ombygginga er at det ikkje er sikkert at naboane vil vere spesielt begeistra for nye bygg på området og ein viss fare for litt luktauke med ny omlastestasjon. Ei anna utfordring er at det ikkje blir plass til nye fraksjonar når ein blir pålagde å ta hand om desse. I tillegg kan ein stille spørsmål om estetikk og kostnadseffektiv drift.

Elles er det viktig å nemne at utbygginga på greinplassen må vere ferdig før ein startar ombygginga med ny omlastesatsjon og den delen der noverande omlastestasjon er. Det er viktig å unngå driftsstopp.

Total pris for utbygging og ombygging på greinplassen og noverande område er i ei tidleg fase anslått til å ligge på nærmere 30 millionar kroner.

### **Alternativ 2:**

Dette alternativet inneber at selskapet sel heile området i Saunesmarka og bygg nytt på Eidet eller der omkring – anten i Hareid eller i Ulstein kommune. Ei lita ekstrautfordring her er at dei aktuelle Hafasttraséane (3 stk.) skjer gjennom Eidet og det endelige trasévalget er ikkje tatt / vedtatt. Men dette får ein kome tilbake til seinare. Det går sikkert an å finne ei løysing på akkurat den utfordringa.

I grove trekk treng ein då følgande:

- 15 - 20 mål opparbeidd og innegjerda tomt med mulegheiter til å ekspandere
- Ei god ordning med vegtilførsel til området (les: oppgradering veg)
- Vatn, kloakk, straum og fiber må inn til området
- Nytt service- og administrasjonsbygg (Publikumsområde)
- Ny og overbygd miljøstasjon (Publikumsområde)
- Bygg til papir, papp og plast
- Bygg til omlasting restavfall
- Lite bygg, plasthall til farleg avfall / spesialavfall
- Uteplass til containerar, etc.
- Vaskehall
- Garasjer, verkstad, lagerplass
- Ledig plass til snølager utan avrenning til miljøet

Dette er sjølv sagt det beste valget av dei to første alternativa, men prisen er truleg den doble i forhold til alternativ 1 – m.a.o. anslagsvis nærmere 60 millionar kroner (minus salg / utleige av noverande eigedom).

### **Alternativ 3:**

Det siste alternativet er å tenke meir strategisk i forhold til gebyrutvikling. Det er sjølv sagt driftsmessig mykje billegare å drive eit større anlegg enn eitt stort og to mindre anlegg (miljøstasjonar). Dragsund eller der omkring er omtrent midt i SSR-regionen og vil i så fall vere eit nærliggande valg.

Ein kan i så fall tenke seg ei utbygging og eit kostnadsoverslag omtrent som alternativ 2, men ein vil i tillegg spare rundt 15.000.000 på å ikkje bygge ut miljøstasjonar i Gursken og på Mjølstadneset. I tillegg er infrastrukturen i Dragsund betre utbygd enn t.d. på grensa mellom Hareid og Ulstein.

Den største utfordringa med dette er at ein del abonnentar får lengre veg til nærmeste miljøstasjon og det er ikkje alltid like populært. Men det er kanskje meir populært at det vil gjere positive utslag på gebyrnivået. Som kjent er det nær samanheng mellom servicenivå og prisnivå.

### **Vurdering:**

Å bygge nytt er fagleg sett alltid det beste alternativet. Økonomisk er ombygging teoretisk sett billegast. Ei lita økonomisk vurdering:

Tema:	Alternativ 1:	Alternativ 2:	Alternativ 3:
Total byggekostnad	30.000.000	60.000.000	60.000.000
Minus evnt. salg		20.000.000 *	20.000.000 *
Minus utbygging i Herøy og Sande			15.000.000
Reell kostnad	30.000.000	40.000.000	25.000.000

\* Salgsprisen er ein omtrenteleg verdi av området inkl. tomt og bygningar.

\* I balansen står tomtene oppført med rundt 3 millionar kroner og bygga med rundt 12 millionar kroner – tilsaman omtrent 15 millionar kroner.

\* Eit alternativ til salg er sjølvsagt å leige ut området og kan på lengre sikt sjølvsagt gi omtrent dei same inntektene.

Prisforskjellane er dermed klare og det er vel dette diskusjonen vil dreie seg om. I tillegg er det sjølvsagt usikkert om ein kan oppnå 20 millionar kroner ved å selge noverande område eller leige det ut på ei eller fleire lange leigekontrakter.

Skattemessige konsekvensar ved kjøp / salg er ikkje vurdert.

Ut i frå berekninga som vart gjorde ved utbygging av miljøstasjonar i Herøy og Sande, der gebyrauknen tilsvarer omtrent 180 kroner (og 15 millionar kroner i investering), vil t.d. ei investering på 30 millionar kroner (alternativ 1) bli rundt 360 kroner ekstra på gebyret – men meir effektiv drift ved utbygging kan redusere gebyrpåverknaden ein del.

Fagleg sett er alternativ 2 eller 3 best, men på kort sikt og reint økonomisk sett er truleg alternativ 1 best. Utfordringa ved å velge alternativ 1 er at ein er låste for "all framtid" m.t.p. nye fraksjonar og anna som måtte dukke opp, og ein kan risikere protestar som kan avgrense hushaldningsaktivitetane våre (som vil auke). Denne utfordringa kan ein sleppe ved å velge alternativ 2 eller 3.

#### Viktige argument for å velge alternativ 2 eller 3:

- Det er ikkje plass til nye fraksjonar dersom alternativ 1 blir valgt. Eksempel på dette kan vere matavfall (som ein – gjennom Noreg si nære tilknytning til EU – kan bli pålagde å samle inn som eigen fraksjon), nye plastfraksjonar og innsamling av kle (hente- eller bringeordning) er nemnt i den nye nasjonale avfallsstrategien.
- I den nemnde avfallsstrategien kjem det også fram at Miljøverndepartementet vurderer ei lovendring som legaliserer gebyrfinansiert opprydding av forsøpling på land og sjø (t.d. strandrydding). Betingelsen for at dette kan takast over gebyret er at forsøplinga liknar på hushaldningsavfall. Blir dette innført vil selskapet trenge endå meir plass (m.a. til sortering av slikt avfall).
- Elles kjem både biobrenselanlegg og bigassanlegg inn for fullt og det er sjølvsagt logistikkmessig idéelt å ha slike anlegg nær store miljøanlegg.
- Logistikkmessig (og dermed effektivitetsmessig) er det klart best å samle så mange aktivitetar som muleg på ein plass i staden for å spre desse utover.

Eit anna viktig moment er at selskapet driv med overskot og dermed kan gebyrpåverknaden bli mindre enn det tidlegare berekningar syner. Men uansett må selskapet ha plass til å ta seg av både dagens og framtidas oppgåver innanfor miljøområdet. Dersom SSR ikkje kan ta på seg desse, vil truleg eigarkommunane sjølve måtte ta ansvaret og det er det lite truleg at dei ønskjer.

Viktige moment som bør telle med i vurderingane i denne saka:

- Beliggenheit (lokalisering)
- Lukt og nære naboar
- Nye fraksjonar som kjem
- Kostnadseffektiv drift og servicenivå
- Kundetilfredsheit
- Estetisk pent
- Miljø
- Populært mellom dei tilsette med nytt anlegg

Sjå elles vedlagde skisser for alternativa 1 og 2.

**Styret si tilråding til vedtak:**

Styret vil føreslå at det blir fatta eit prinsippvedtak i h.t. alternativ 2 – ny miljøstasjon på Eidet eller der omkring. Dette alternativet framstår som det beste og er i samsvar med selskapet sin strategiske plan.

**Styret føreslår følgande vedtak:**

Representantskapet vedtar prinsippet for vegen vidare med utbygging av miljøstasjonar ut i frå dei tre alternativa i prioritert rekkefølge:


1. Ny miljøstasjon for Hareid og Ulstein på Eidet eller der omkring.
2. Ny miljøstasjon og nytt hovudanlegg for alle kommunene i Dragsund eller der omkring.
3. Ny miljøstasjon for Hareid og Ulstein på eksisterande område med tillegg av utbygging på noverande greinplass.


Representantskapet ber styret legge fram endelege planar, inklusiv finansieringsløysing, til neste ordinære møte i representantskapet.

**Vedtak, samr.:**


Alt. 1

alt. 1





ALT. 2.



ALT. 2

## Alt 2.



# MØTEBOK

## SAK NR R23/13

Møtedato: 07.11.2013

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### NEDGRAVDE LØYSINGAR

Nedgravde løysingar handlar om estetikk, å spare plass, effektivitet og ikkje minst at ein kan unngå vandalisme, rot og brannfarlege situasjonar.

Med dette temaet, som med så mange andre, handlar det sjølvsagt også om økonomi.

#### Følgjande element er viktig:

- Økonomi, og då først og fremst investeringar i gravearbeid og anlegg (ute hos kundane). Å etablere eit slik anlegg vil koste rundt 100.000 kroner for eitt anlegg isolert sett (m.a.o. for ein fraksjon) – og truleg litt billegare pr. fraksjon dersom det er fleire fraksjonar ved sidan av kvarandre. Eit eksempel på sistnemnde kan vere at ein har tre fraksjonar attmed kvarandre; restavfall, papir og glas- og metallemballasje. Større utbyggjarar kan spare ein del gjennom å sleppe å bygge avfallsrom, lett tilkomst til dette avfallsrommet + brannsikring, rydding etter rot, etc. Reint estetisk vil også nedgravde løysingar vere eit pluss for alle byggeprosjekt.
- Pålegg om å delta i slike ordningar bør inn i lokale byggeforskrifter

For hushaldningar er saka relativt enkel: Vanleg eller redusert abonnementspris for alle som er tilknytt systemet. Kvar abonnent får eit kort for å opne luka / lukene.

For burettslag, sameige, etc. må ein i tillegg inngå ei avtale over minst 8 år for å innføre dette. Alle dunkar blir då tatt inn att av selskapet.

For næringskundar bør minste avtaletid vere 6 år. SSR vil då eige anlegget og investeringa vil vere finansiert og avskrive over 6 år.

Forts.

Forts.


Det har kome fram eit politisk ønske om å kunne få inn tvungen tilknyting til slike anlegg i definerte tettbodde og byliknade strok. Dette må i så fall inn i lokale byggeforskrifter, og dette må då truleg bli i kommuneplanane sin arealdel. Denne skal rullerast kvart fjerde år og vedtakast i kommunestyra.

Sjå elles vedlagde eksempel på korleis slike løysingar kan sjå ut.

**Styret si tilråding til vedtak:**

- Innføring av nedgravde løysingar blir innført der det er hensiktsmessig.
- For hushaldningar blir dette finansiert på vanleg måte gjennom gebyret.
- For næring blir prisen sett til kostpris + eit påslag.
- Kommunene fattar vedtak som pålegg innbyggjarar og næringslivet å knytte seg til ordningar med nedgravde løysingar – der innføring av dette er hensiktsmessig. Dette blir anbefalt gjort gjennom å få det med i kommuneplanane sin arealdel ved neste rulling og deretter vedtatt i kommunestyra.

**Vedtak, samr.:**



**Model GTU**

- concrete basin, cast in one piece, water-tight
- galvanized collecting container
- basin-like trap doors
- self acting safety platform with automatic locking system, load capacity minimum 150 kg
- individual columns with invisible or visible pick-ups
- throw-ins can easily be reached by the handicapped in wheelchairs and by children
- less frequent emptying due to high volume (up to 5 m<sup>3</sup>) below ground
- no nasty smells or problems with vermin
- clean streets i.e. neat appearance



---

**Fra:** Erlend Krumsvik  
**Sendt:** 1. november 2013 09:43  
**Til:** Arkiv  
**Emne:** VS: SSR - Sakspapir til møte i representantskapet 7. november 2013 kl. 11.30

Helsing

**ERLEND KRUMSVIK**

Rådmann

7008 1356/ 4104 0838

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

**Fra:** Einar Heimdal [mailto:[einar@reinhaldeverket.no](mailto:einar@reinhaldeverket.no)]  
**Sendt:** 31. oktober 2013 14:29  
**Til:** Arnulf Goksøyr; camillash@tussa.com; smgjelseth@hotmail.com; kingteig@online.no; magne.gurskevik@klevenmaritime.no; elskatu@online.no; eli.skaatun@helse-mr.no; Knut Erik Engh (knutengh@hotmail.com); Knut Erik Engh (kee@marinteknikk.no); anders.riise@hareid.kommune.no; annika.brandal@hareid.kommune.no; annika.brandal@ulstein.kommune.no; annika.brandal@gmail.com; dag.vaagen@sande-mr.kommune.no; anjan@tussa.com  
**Kopi:** Tor Sindre Steinsvik; godimmen@tussa.com; per.kristian.furo@rolls-royce.com; solveig.baatsvik@gmail.com; Renathe Rossi-Kaldhol; perly.pedersen@tussa.com; heidi.strand@tussa.com; heidi.strand@ulstein.kommune.no; dag-audun.ellassen@husqvarnagroup.com; siv.kaldhol@hareid.kommune.no; hs@brimer.no; lisold@online.no; jostein@vkus.no; Einar G. Løkken (einar.lokken@bdo.no) ; George Fulford; Einar Warholm (einar.warholm@dimo.no); Gro Anita Engh (gro\_anita.engh@rolls-royce.com); Edel K. Goksøyr (edelkg@hotmail.com); Helga L. Dyrhol (hld@breibandtilalle.no); lidvin.sundgot@mimer.no; Vetk2; wenchejohanne@hotmail.com; Oddvar Gjerde; oddvargjerde@tussa.com; jon@garen.no; Helene Jessen; Laila Fure; Rune Tarberg; Jan Ove Hoddevik; Vekt1; Ole Andreas Sæther (ole.andreas@gmail.com); ordforar@ulstein.kommune.no; Erlend Krumsvik; einar.arsen@ulstein.kommune.no; 'Bent Arild Grytten'; asmo@sande-mr.kommune.no; Jon Rune Våge; arne.runar.vik@ulstein.kommune.no; Nils Yngve Nupen; oi@sande-mr.kommune.no; kmv@sande-mr.kommune.no  
**Emne:** SSR - Sakspapir til møte i representantskapet 7. november 2013 kl. 11.30

Hei !

Vedlagt finn de sakspapira til møtet i representantskapet neste veke (torsdag 7. november 2013 kl. 11.30).

Som tidlegare bestemt, blir dette kun sendt ut elektronisk (på e-post).

Dersom de lurer på noko rundt sakene eller noko anna, må de gjerne ta kontakt med underteikna.

Ha ei flott veke vidare og ei god helg!

Med helsing  
Einar Heimdal  
SSR